HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 14.06.2016
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 08.06.16

Arnulf Goksøyr
ordførar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 114/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 115/16	Protokoll frå førre møte
PS 116/16	Referatsaker
PS 117/16	Budsjettrundskriv. Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.
PS 118/16	Finansrapport per 30.04.2016
PS 119/16	Vidareføring av redusert opningstid rådhuset.
PS 120/16	Søknad om serverings- og skjenkeløyve- Skotholmen
PS 121/16	Alkoholpolitisk plan 2016-2020
PS 122/16	Kommunereform 2016 - endeleg vedtak
PS 123/16	Prosjekt 61504 - Herøy ressurssenter - byggeprogram
PS 124/16	Standard for bruk av skjønn i vederlagsutrekning for langtidsopphald i sjukeheim
PS 125/16	Prosjekt 61603 - Ny barneskule på Bergsøy - byggeprogram
PS 126/16	Planbehov i Herøy kommune 2016-2020
PS 127/16	Budsjettkontroll per 30.04.2016
PS 128/16	Godkjenning av kommunerekneskapen for 2015
PS 129/16	Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2015
PS 130/16	Tertialrapport drift per 01.05.2016.
PS 131/16	Tertialrapport plan og prosjekt per 01.05.2016
PS 132/16	Årsrapport 2015.
PS 133/16	Justering av eigardel - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

PS 134/16	Omlegging og reparasjon av Myrabekken - Avlastingskanal mot Storeelva, reparasjon Myrabekken og tiltak i Storeelva - Vedtak auka distriktsdel til NVE
PS 135/16	Ladestasjonar for elbil - behov for ekstra løyving
PS 136/16	Vike/Toftedal - behov for ekstra løyving
PS 137/16	Økonomisk avslutning av prosjekt 51600 - Rassikring i Huldalen
PS 138/16	Økonomsik avslutning av prosjekt 51304 - kai ved Strandteigen
PS 139/16	Økonomisk avslutning av prosjektnr 51361 - Avlaupsanlegg Almenningen
PS 140/16	Økonomisk avslutning av prosjekt 51155 Leidningsanlegg Eggesbønes.
PS 141/16	Prosjekt 61604 - Ny hovudbrannstasjon og driftsbase - byggeprogram
PS 142/16	Prosjekt 61508 - Herøy kulturhus og idrettshall - byggeprogram
PS 143/16	Einedalen skule - Byggeprogram for idrettshall, fleirbrukshall
PS 144/16	Intensjonsavtale for etablering av jektenaust med formidlingsbygg for sunnmørsjekta "Anna Olava"
PS 145/16	Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 - Slutthandsaming
PS 146/16	Gnr 38 Bnr 1 - Grunnerverv av industriområde
PS 147/16	U.off. §13 Søknad om startlån til refinansiering

	Referatsaker
RS 38/16	Status TV-aksjonen i Herøy
RS 39/16	Protokoll frå kontrollutvalsmøte 30.05.2016
RS 40/16	Protokoll årsmøte 2015 Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
RS 41/16	Høyringssvar - Tine Meieriet Ørsta
RS 42/16	Søknad om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred - Coop Marked Moltu
RS 43/16	Sunnmøre regionråd IKS - Årsmelding og rekneskap for 2015 samt strategi for perioden 2016-2019
RS 44/16	Årsmelding og rekneskap 2015 samt protokoll frå styremøte i SSL

PS 114/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 115/16 Protokoll frå førre møte

PS 116/16 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/831
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
117/16	Formannskapet	14.06.2016

BUDSJETTRUNDSKRIV. BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020.

Tilråding:

Formannskapet sluttar seg til opplegget i budsjettrundskrivet slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kyrkjeverja

Saksopplysningar:

1. INNLEIING

Dei budsjettansvarlege i avdelingane skal på bakgrunn av vedteken drift og budsjettrundskrivet lage forslag til avdelingsbudsjett for sitt ansvarsområde.

Denne budsjettprosessen vidareførar ein klar ambisjon å kome inn i eit økonomisk handlingsrom der ein unngår unødig press på større budsjettkorrigeringar i driftsåret.

Dersom ein legg til grunn skatt og statleg ramme for dei siste driftsåra, så kjem det fram ei erkjenning om bemanningssituasjonen i Herøy kommune. Vi er underbemanna etter den etterspørsel og krav som blir stilt, og vi er overbemanna etter det finansieringsgrunnlag vi skal styre etter.

Målet over tid er å kunne legge fram eit driftsbudsjett til Herøy kommunestyre med **3% netto driftsresultat** (ekskl. RDA-midlar), og at drifta vår er realistisk justert i høve dette. Dette for å skape rom for framtidige finanskostnader knytt til investeringar i realverdiar, og vurdert ut frå ei erkjenning av at eit budsjett ikkje klarer å fange opp alle hendingar som skjer i løpet av eit driftsår.

Det er starta opp ein prosess med effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak. Med effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak meiner ein at ein må sjå kritisk på strukturen av drifta, og om ein kan gjere arbeidsoppgåvene på andre måtar og meir kostnadsoptimalt.

1.1 Ekstraordinær drift

Tiltak som er midlertidige i 2016, skal ikkje automatisk førast vidare i 2017, men vere kommentert under **«nye» tiltak** i budsjett/økonomiplankommentarane.

Ein skal operere med lønn knytt til oppretta stillingsheimlar. Det vil seie at ein ikkje budsjetterer med vikarlønn og heller ikkje med sjukelønsrefusjonar.

Drift utover det som er finansiert som løpande drift, skal spesifiserast i kommentarane. Dette er drift knytt til mellombelse stillingar og auka aktivitet knytt til ekstraordinære situasjonar. Auka kostnadar i samband med dette skal visast ved å opprette eit nytt tiltak i Arena der kostnadane vert spesifiserte og kommenterte. Ein skal altså ikkje auke kostnadane i konsekvensjustert budsjett.

Dette gjeld t.d. auka aktivitet for ressurskrevjande brukarar, overbelegg på sjukeheimane, ressursar til barnevern utover det ein har hatt som normalsituasjon finansiert i dagens driftsramme, tilpassa opplæring i grunnskulen osb.

2. FORSLAG TIL STATSBUDSJETT

Forslaget til statsbudsjett for år 2017 vert lagt fram i oktober 2016. Innhaldet i statsbudsjettet får konsekvensar for kommunen sitt budsjett.

3. KONSEKVENSAR AV ØKONOMIPLANEN

Økonomiplanen for perioden 2016 - 2019 vart handsama samstundes med at budsjettet for 2016 vart vedteke.

Ein ber om at alle vedtak som er gjort, og som vil få verknad for budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020, vert kartlagt og teke med i framlegga frå resultatavdelingane – *ved å opprette dei som nye tiltak i Arena.*

Når dei økonomiske føresetnadane er endra, må investeringstiltaka i økonomiplanperioden vurderast nærare i budsjett-/økonomiplanhandsaminga.

3.1 Rammer - Bruttobudsjettering

Driftsnivået må reduserast ein god del i 2017 og i resten av økonomiplanperioden då det er sannsynleg at kommunane sine oppgåver vil auke i omfang, medan dei økonomiske ressursane vil bli redusert.

Ein legg opp til at avdelingane budsjetterer etter dagens driftsnivå når det gjeld løn i faste stillingar (lønsheimlane) og at dette inneheld dei føringane ein har lagt med omsyn til innhaldet og føresetnadane i dette rundskrivet. Avdelingane må kritisk gå gjennom alle driftsutgifter og driftsinntekter med sikte på innsparingar og meirinntekter. Rekneskapen for 2015 og budsjettkontrollane hittil i 2016 kan vere til hjelp for denne gjennomgangen. Avdelingane får difor ikkje tildelt noka ramme i denne omgang, men endeleg ramme vil verte fastsett basert på ein kritisk gjennomgang av driftsutgifter og driftsinntekter i den enkelte avdelinga.

I K-sak 59/08 vart det vedteke at budsjettet frå og med 2009 skal vere på bruttonivå. Det vil seie at både utgifts- og inntektsramma vert fastsett og vedteke i kommunestyret. Det er difor viktig at ein budsjetterer desse rettast mogeleg (t.d. lik momskompensasjon både på utgifts- og inntektssida).

3.2 Nærare om budsjettføresetnadane

Mange av budsjettføresetnadene for 2017 er førebels usikre og eit skikkeleg anslag på nivået får ein først ved framlegginga av statsbudsjettet for 2017. Dette gjeld også pensjonstrekket til KLP og SPK.

3.3 Planlegging av nye tiltak

Nye tiltak som ein ynskjer å ha med i budsjett 2017 og/eller økonomiplanen for 2017 - 2020 skal planleggjast i god tid, slik at dei er fullstendig utgreidde til handsaminga av årsbudsjett/økonomiplan. Dei skal framstillast slik at samla økonomiske konsekvensar av tiltaket går klårt fram. Det er særs viktig å få fram økonomiske konsekvensane ved alt som vert sett i gang i tida som kjem. Forslag som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, vert ikkje rekna som prioritert.

Den økonomiske situasjonen for kommunen gjer at svært få tiltak, som ikkje er sjølvfinansierande, kan bli realisert. Ein ber difor om realisme kring dette. Det vert forventa at avdelingane utviser kreativitet og prøver å finne rom for nødvendige tiltak innanfor eiga ramme eller i samarbeid med andre. Det er no nødvendig å gjere omprioriteringar av andre driftsendringar for å balansere dagens drift før ein kan tenkje på nye tiltak.

4. SALDERINGSPROSESSEN

Skatt, rammetilskott og finans har tradisjonelt blitt budsjettert særs offensivt dei siste åra, noko som også viser seg å vere gjeldande for inneverande år.

Tiltak for å redusere netto ramme skal grupperast etter følgjande prinsipp:

1. Planlegge for bemanningsreduksjon ved naturleg avgang/avslutting av arbeidsforhold
2. Kritisk vurdering av tenestenivået i forhold til kva som er forsvarlege tenester.
3. Analysere inntektspotensialet, inklusive gebyr, brukarbetaling og eigedomsskatt.
4. Sal av bygg/eigedomar som vil gi reduserte finans- og driftsutgifter.

Vert det stort gap i balansesituasjonen, må ein vere budd på at vi må redusere rammene til enkeltavdelingar mykje for å oppretthalde primærtenestene til kommunen.

Den er særskilt punkt 1 som utfordrar organisasjonen. Planlagt nedbemanning over tid krev gode handlingsreglar for prioriteringar av korleis vakanse skal handterast. Det er viktig å leggje til rette for prosess og involvering, og få fram ei oversikt over forventa naturleg avgang for 2017 og prioriteringar knytt til dette.

Avdelingane må i budsjettarbeidet gjere spesielt greie for inntektssida. Herøy kommune har ved fleire høve hatt ein forsiktig prisvekst på sine tenester.

Leiarane for stab/støttefunksjonane skal utarbeide tilsvarande forslag for sine område. Budsjett skal utarbeidast på same mal, og innehalde talbudsjett og kommentardel.

5. BUDSJETTPROSESSEN

5.1 Budsjetteringsprogram

Økonomiavdelinga vil i bruke ARENA budsjettprogramvare. Det vil bli gitt nødvendig opplæring i dette.

5.2 Årsbudsjettet er ein fullstendig arbeidsplan for året.

Budsjettet skal vere ein fullstendig arbeidsplan for året. Her skal den daglege drifta takast med. Like eins skal ein her gjere greie for evt. avviklingar av eksisterande verksemder/tiltak og planlegging av nye verksemder/tiltak.

5.3 Tiltak

Framstilling av råbudsjettet, og framskriving av pris- og lønveksten skjer sentralt på bakgrunn av opprinneleg budsjett 2016. Avdelingsleiarane syter for ajourføring av endringar i 2017 budsjettet (basert på t.d. nye politiske vedtak) samt kommentardelen.

Budsjettet vil verte drøfta i leiargruppa og formannskapet undervegs.

Politisk drøfting/samling

- råbudsjettet
- rammer i statsbudsjettet
- utfordringar og saldering/prioritering

Parallelt med budsjettarbeidet skal avdelingsleiarane førebu enkeltsaker om endringar i avgifter og betalingssatsar for politisk handsaming. Dersom det vert foreslått endringar i føresegner må det takast omsyn til dette i førebuinga (jmf. forvaltningslova).

6. FRAMSTILLINGSMÅTE - DOKUMENTASJON

Budsjettdokumentet vert utforma med etatane sine utdjupa kommentarar og grunngjevingar i eit eige vedleggshefte.

<u>Avdelingane skal bl.a. skissere:</u>

- vedleggshefte med avdelingsforslag
- lovendringar, oppgåveendringar og endringar i målgruppene
- utfordringar og overordna vurderingar
- konsekvenser av vidareføring av verksemda
- konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester
- forslag til endringar og nye tiltak
- kommentarar til drift og investering

Dei budsjettansvarlege skal i sine budsjettforslag vise **nye heimlar** som vert foreslått oppretta. Det er ikkje likevel ikkje rom for "nye stillingsheimlar" i budsjett 2017. Dette er ei kontinuerlig utfordring.

Avdelingane skal utarbeide eit organisasjonskart som viser korleis eige ansvarsområde er organisering og ansvar fordelt. Organisasjonskartet skal vise kven som har personalmynde, og kor mange heimlar i prosent/antal tilsette som ligg til kvart einskild ansvarsområde.

Budsjettering av løn (fast, variabel og alle tillegg) skal nøye kvalitetssikrast av avdelinga og personalavdelinga (opp i mot det framskrivne budsjettet).

7. ØKONOMIPLANEN 2017-2020

Økonomiplanen for perioden 2017 - 2020 skal også handsamast i desember 2016.

Nye tiltak på drifts- og investeringssida skal vere utgreidde. Det er ikkje er rom for nye tiltak utan at det vert gjort driftsomleggingar, omprioriteringar og eller kutt i tenester.

8. ARBEIDSPLAN

Budsjettet for år 2017 og økonomiplanen for 2017-2020 må utformast og presenterast etter slik framdriftsplan:

TID/FRIST	OPPGÅVE	ANSVAR
Aug./Sept.	Drøftingar i leiargruppa	Rådmann
September	Informasjon til /drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane	Rådmann
22.09.2014	Avdelingane utarbeider sine budsjett i Arena Økonomiavdelinga syter for kopiering av budsjett 2016 til budsjett 2017 med pris og lønsvekst som skissert i statsbudsjettet for 2016.	
14.10.2016	Utforming av heilskapeleg budsjettframleg og framlegg til økonomiplan 2017 - 2020 - fullstendige budsjettkommentarar vert utforma - vedleggsheftet (budsjettkommentarane) vert utforma - rapportar og detaljbudsjett vert utarbeida (same prosedyre vert gjort for økonomiplanen)	øk.leiar/rådm.
Okt/nov	Formannskapet handsamar budsjett og økonomiplan og kjem med tilråding til kommunestyret.	formannskapet
29.11.2016	Formannskapet kjem med si tilråding til kommunestyret	
01.12.2016	Budsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn (annonse i Vestlandsnytt)	økonomileiar
15.12.2016	Kommunestyret handsamar budsjett og økonomiplan.	kommunestyret

(Formannskapet har høve til handsaming i fleire møte fram til innstillingsmøtet)

Ein tek atterhald om at statsbudsjettet for år 2017 kan medføre endringar i rammer og opplegg for det vidare arbeidet. Alle må prøve å sette seg inn i det materialet kommunen får tilsendt i samband med budsjettarbeidet (t.d. "Grønt hefte") når det måtte ligge føre.

Dette rundskrivet vert også sendt til Kyrkja som føringar for deira ramme frå kommunen for perioden 2017 - 2020. Når det gjeld prosessane omkring budsjett- og økonomiplanarbeidet, vert det synt til arbeidsplanen. Spørsmål kan rettast til økonomileiar og/eller rådmannen.

Fosnavåg, 07.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/657
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
118/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

FINANSRAPPORT PER 30.04.2016

Tilråding:

Saka vert teken til vitande.

Særutskrift:
- Bergen Capital Management
- Vest Kontroll IKS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

Vedlegg:

- Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler per 30.04.2016
- Langsiktige finansielle aktiva per 30.04.2016
- Oversikt over aksjar og obligasjonar per 30.04.2016

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 9. juni 2009 ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning. I denne forskrifta vert det slått fast at administrasjonen skal legge fram rapportar for politisk handsaming 30.04. og 31.08 kvart år. I tillegg ei "årsmelding" per 31.12.

Kommunen sitt noverande Finansforvaltningsreglement vart handsama i kommunestyret i K-sak 128/13 den 24.10.2013.

I dette reglementet kan ein plassere inntil 30% av likviditeten i aksjemarknaden og inntil 100% i rentemarknaden.

Vi vel å rapportere den finansielle risikoen etter same mal som tidlegare. Det vil seie:

På plasseringssida:
Aksjar:

- Kva skje dersom den norske aksjemarknaden vert endra med +/- 30%?
- Kva skjer dersom den utanlandske aksjemarknaden vert endra med +/- 20%
- Eksponering i derivat

Renter:

- Kva kredittrisiko har kommunen tatt, dvs andel stat, kommune, bank, industri osb ?
- Renterisiko: Kva skjer dersom renta vert endra med +/- 1,0% ?
- Eksponering i derivat

På lånesida:

- Renterisiko: Kva skjer dersom renta vert endra med +/- 1,0%
- Refinansieringsrisiko: Kor stor del av låneporteføljen må refinansierast i år ?
- Eksponering i derivat

Alle tal vert presentert på einskildområder og samla.

Portefølje per 30.04.2016 som er under Aktiv Forvaltning:

• Bankinnskot	Kr 2.368.900,- (4%)	kr 2.837.000,-	per 31.08.2015
• Sertifikat/obligasjonar	Kr 45.985.000,- (69%)	kr 45.577.200,-	per 31.08.2015
• Aksjar	Kr 18.032.200,- (27%)	kr 17.677.600,-	per 31.08.2015
Totalt	Kr 66.386.100,- (100%)	kr 65.871.800,-	per 31.08.2015

Porteføljen sin verdi har auka med om lag kr 514.000,- sidan 31.08.2015. Grunnen til dette er avkastning på obligasjonsporteføljen.

Herøy kommune sin aksjeportefølje.
Herøy kommune har per 30.04.2016 investert i 32 ulike selskap på Oslo Børs (35 selskap per 31.08.2015). Opprinneleg har investeringane i dei ulike selskapa variert mellom kr 74.400,- (Akastor ASA) og kr 1.470.400,- (Sparebanken Vest Eigenkapitalbevis). Totalt har Herøy kommune investert om lag 21,5 mill i einskildaksjar (20,8 mill kr per 31.08.2015). Marknadsverdien per 30.04.2016 er på omlag 18,03 mill kr (om lag 17,68 mill kr pr 31.08.2015). Den tidsvekta avkastninga i perioden 01.01.2016 – 30.04.2016 er negativ med omlag 0,8 %. Dette er om lag 0,4 % lavare enn benchmark (samanlikningsindeksen).

Avkastninga på aksjesida har vore negativ med om lag 0,15 mill kr. Budsjetterte inntekter (netto) knytt til verdiauke og utbytte på denne aksjeporteføljen er på om lag 0,775 mill kr per 30.04..2016.

Det vil seie at ein har eit negativt avvik mellom budsjetterte og reelle inntekter på om lag 0,929 mill kr per 30.04.2016.

Finansiell risiko Norske aksjar
Alle kommunen sine aksjar er i selskap notert på Oslo Børs. Dersom ein skulle få eit nytt kursfall i den norske marknaden på t.d. 30% i perioden 01.05.2016 - 31.12.2016 vil det representere ein verdireduksjon på i overkant av 5,4 mill kr. Dersom verdiauken i same tidsrom vert på 30% vil det utgjere ein vinst på 5,4 mill kr. Erfaringar frå hausten 2008 (og også hausten 2011 og 2015) har synt oss at det er fullt mogeleg å få ein finansiell risiko som overstig 30%.

Herøy kommune sin obligasjonsportefølje
Herøy kommune har per 31.08.2015 i alt 7 ulike einskildobligasjonar/sertifikat. Pålydande verdi varierer frå 3,0 mill kr til 16,0 mill kr og er pålydande totalt 46,0 mill kr. Investert sum er på nær 46,1 mill kr. Tidsvekta avkastninga i perioden 01.01.16 – 30.04.2016 er om lag 1,65. Dette er om lag 1,25% betre enn benchmark (samanlikningsindeksen – Statsobligasjonsindeksen 3 år).

Totalt budsjetterte netto renteinntekter på obligasjonssida per 30.04.2016 er 0,57 mill kr. Rekneskapsmessig har vi i denne perioden hatt ei total avkastning på om lag 0,75 mill kr slik at differanse mellom budsjettert og reell avkastning per 30.04. er positiv med om lag 0,18 mill kr.

Finansiell risiko
Dersom ein får eit renteskift på + 2% vil det representere ei meir- eller ei mindreinntekt på i overkant av 0,09 mill kr for 2016.

Bankinnskot aktiv forvaltning
Herøy kommune sine bankinnskot i Sparebanken Vest (Dette gjeld det som ligg under aktiv forvaltning gjennom Bergen Capital Management AS).

Herøy kommune hadde per 31.08.2015 innestående nær 2,37 mill kr. Midlane vert forrenta med 1,0% for innskott inntil NOK 5,0 og 1,45% for innskott over 5,0 mill kr. Berekna bankrenter per 30.04.16 er om lag kr 17.200,-.

Finansiell risiko
Med dagens rentenivå og utsiktene framover er det ikkje nokon renterisiko knytt til bankinnskott per dato.

Det er ingen avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet. Det potensielle tapet på finansporteføljen vert per dato vurdert som middels sett i høve til kommunens risikoberande evne.

Andre Bankinnskott
Etter ein anbodskonkurranse valde Herøy kommune ny hovudbank for 3+1 år. Danske Bank ASA vart vald ut i frå kriteria i anbodsdokumentet og avtalen gjeld frå 28. mars 2012. Det gjer at dei fleste kontiane per 30.04.2015 er i Danske Bank ASA, men vi har framleis dei gamle driftskontiane i Nordea og Sparebanken Møre operative.

I Sparebanken Møre har vi per 30.04.2016 samla bankinnskot på om lag kr 0,92 mill kr,-. Rentesatsen er 0,34% og opptente renter så langt i 2016 er på om lag kr 1.200,-.

I Danske Bank ASA hadde vi per 30.04.2016 inneståandepå om lag nær 176,2 mill kr. Om lag 138,8 mill av dette var frie midlar. Dei resterande om lag 37,4 mill kr er bundne midlar (RDA og Skattetrekk). For førstnemnde (RDA midlane) skal renteinntektene godskrivaste dei respektive konti. Dei kjem såleis ikkje drifta av Herøy kommune til gode. Oppsparte renter 1 tertial utgjorde om lag kr 556.000,- og rentesaten var 1,52%.

I Nordea AS har kommunen innskott på om lag 7,1 mill kr per 30.04.16. Rentesatsen er på omlag 0,3% og opptente renteinntekter er om lag kr 7.000,-.

Netto opparbeidde renteinntekter per 30.04.201 er nær 0,57 mill kr. Vi har budsjettert med renteinntekter på totalt 0,52 mill kr for 1 tertial 2016 og vi har per 30.04. fått godskrive om lag same summen. Sjølv om rentenivået på innkotskapitalen er på veg nedover voner vi å samsvar mellom budsjetterte og reelle renteinntekter i 2016.

Kontoane og innskota nemnt ovanfor er kommunen sin driftskapital. Storleiken på innskota vil variere ein god del frå månad til månad, Per 30.04.2016 hadde vi driftskapital på nær 147,0 mill kr. Mykje av dette er nok unytta lånemidlar. Ved årsskiftet var desse positive med om lag 79,0 mill kr. I januar tok vi opp budsjettert låneopptak med NOK 70,0 mill kr. Litt av dette er nok utbetalt til prosjekt som var i gong 1 tertial.

Finansiell risiko

Med dagens rentenivå og renteutsiktene framover er det snakk om ein minimal finansiell risiko for kommunen sine bankinnskot. Om ein i snitt har innestående 60,0 mill kr og får endra rentesatsen med +/- 0,25% vil det utgjere ein vinst/eit tap på om lag kr 100.000,- for dei siste 8 mnd i 2016.

Herøy kommune sin låneportefølje (iflg oversikt Bergen Capital Management)

Per 30.04.2016 hadde Herøy kommune i alt 28 lån. I Husbanken (17 lån – ca 69,1 mill kr – ca 65,0 mill av dette er startlån/vidareutlån), Kommunalbanken (6 lån – ca 371,3 mill kr), DNB ASA (1 lån ca 65,0 mill kr), Swedbank (2 lån – 155,0 mill kr) og KLP/Kommunekreditt (2 lån ca 180,0 mill kr). Total gjeld per 30.04.2016 var om lag 840,3 mill kr eller om lag kr 94.100,- per innbyggar (kr 86.870,- per innbyggar eks vidareutlån). I desse tala ligg alt av lån kommunen har per dato – også vidareutlån gjennom husbanken, lån til VAR området og lån som staten betaler rentekompensasjon for.

Rentevilkåra varierer. Lån med fast rente varierer frå 1,17% til 3,33%. Lån med flytande rente ligg på om lag 1,65%. Vekta gjennomsnittsrente per 30.04.2016 er oå om lag 1,708%. Ved årsskiftet var den på om lag 1,80%. Trass i ein forholdsvis stor vekst i lånegjed har ikkje rentekostnadane auka vesentleg. Det skuldast sjølvsagt at rentenivået er redusert og at ein del fastrentelån med høg rente no er avslutta og refinansieringane har gitt ei mykje lavare rente.

Av Herøy kommune sine lån er 8,70% av porteføljen lån med flytande rente (p.t. rente), 18,71 % av porteføljen har rentebinding som går ut innan 1 år og 72,59% av låneporteføljen har fast rente ut over 1 år. Balansen mellom det å ligge kort og dra nytte av lave marknadsrenter samstundes som ein har valgt å sikre noko på lengre sikt når nivåa har vore attraktive vert reflektert i forfallsstrukturen. Vi har refinansiert 2 lån i første tertial 2016. Det eine med fast rente i 3 år (1,53%) og det andre eit sertifikatlån med fast rente i 6 mnd (1,166%).

Finansiell risiko

Den finansielle risikoen kan henførast til refinansieringsrisiko (lån med fast rente der fastrenteperioda er ute) og renterisiko. Renterisikoen er moderat framover og i dei 2 siste tertiala i 2016 er berre eit stort lån som skal refinansierast (140,0 mill kr). Renta på dette lånet er lav (1,166%) og ei refinansiering kan sjølvsagt resultere i ei høgare rente enn den vi har i dag. Vi har utført dei budsjetterte låneopptaka for 2016.

Samandrag/Stresstest

Ved å sette opp slik tabell kan ein sjå slik finansiell risiko for 2015:

Aktiva-/passivaklasse	Marknadsverdi i kr	Endringsparameter	Resultat i kr
Bank/likviditet	60.000.000	0,25%	-100.000
Obligasjonar **)	45.360.000	-2% renteskift	- 90.000
Aksjar og grunnfond	17.680.000	-30% verdiendring	- 5.410.000
Lån *)	-840.400.000	0,25%	- 1.400.000
Samla	-678.260.000		- 7.000.000

*) Her tek vi ein snittauke på 0,25% for heile låneporteføljen – både den som har fast rente og den som har p.t rente.

**) Mykje av obligasjonsporteføljen ligg med fast rente – difor blir utslaget i kr lite.

Vurdering og konklusjon:

Per 30.04.2016 var Herøy kommune sin investeringsportefølje allokert med 4% i bank, 69% i obligasjoner og 27,0 prosent i aksjar og eigenkapitalbevis.

Kommunen si gjeldsbyrde er høg. Investeringsbehovet er framleis høgt, men i gjeldande økonomiplan for 2017-2019 er det planlagt låneopptak på ytterlegare 58,7 mill kr (i tillgg kjem vidareutlån samt evt einskildsaker). Føreset ein betalte avdrag på om lag 22,5 mill kr per år vil restgjelda ved utgangen av økonomiplanperioden minke til om lag 831,6 mill kr. (i tillegg til dette kjem lån til vidareutlån gjort i perioden 2017-2019).

Den økonomiske situasjonen globalt syner framleis ein moderat vekst og usikkerheita om utviklinga framover er stor – særleg gjeld dette i euroområdet og i Kina. Det rår usikkerheit kring oljepris, utviklinga i Kina og renteauker i USA. Oslo Børs har opplevd eit fall på 1% i 1 tertial.

I porteføljen som vår forvaltar har hand om er det ikkje funne avvik frå Herøy kommune sitt Finansreglement vedteke i Herøy kommunestyre 24. oktober 2013.

Kommunestyret bør vurdere om kommunen framleis skal satse på aksjemarknaden eller ikkje. Over år har desse investeringane gitt ei lita meiravkastning, men kommunen har ikkje økonomi til å bere store tap her framover.

Konsekvensar for folkehelse:

Liten

Konsekvensar for beredskap:

Liten

Konsekvensar for økonomi:

Rådmannen er uroa over situasjonen, spesielt når det gjeld kommunen si aksjeportefølje og utviklinga i denne. Verdireduksjonen vi har vore vitne til dei siste par åra har gjort at åre driftsresultat har blitt dårlegare enn dei elles ville ha blitt.

Ut frå at kommunen ikkje lenger har særleg med fondsmidlar er plasseringane i aksje- og obligasjonsmarknaden for tida finansiert av unytta låneopptak. Det kan i sin tur føre til at vi må selje aksjane og obligasjonane på kort varsel. Er ein uheldige med tidspunktet kan ein då måtte ta eit tap.

Vurderinga framover går på om ein skal vere eksponert i aksjemarknaden og om ja – kven skal forvalte dette.

Fosnavåg, 02.06.2016.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Finansrapport Herøy kommune

Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

Rapport 2016 1 januar til 30 april

(Rapportdato 30. april, utskrevet 4. mai 2016)

Innholdsfortegnelse

Side 3: Oppsummering og nøkkeltall – del I
Side 4: Oppsummering og nøkkeltall – del II
Side 5: Fordeling rentebinding
Side 6: Finansreglementets krav og strategi
Side 7: Porteføljens rentebindingstid og renterisiko
Side 8: Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko
Side 9: Utvikling i rentebindingstid
Side 10: Utvikling i gjennomsnittsrente
Side 11: Utvikling i lånegjeld
Side 12: Opptak av nye lån og refinansieringer i perioden
Side 13: Forfall og rentereguleringer i perioden
Side 14: Motpartsoversikt lån
Side 15: Motpartsoversikt rentebytteavtaler
Side 16: Markedskommentar
Side 17: Ordliste, forklaringer og beregninger
Appendiks I: Oversikt rentebetingelser og rentekostnader
Appendiks II: Stamdataoversikt

Forbehold

Denne rapporten er utarbeidet av Bergen Capital Management AS (heretter BCM) i samsvar med forskrift om finansforvaltning og Kundens reglement for finansforvaltning. Rapporten baserer seg på kilder som vurderes som pålitelige, men BCM garanterer ikke at informasjonen i rapporten er presis eller fullstendig.

Uttalelsene i rapporten reflekterer oppfatninger på det tidspunkt rapporten ble utarbeidet, og BCM forbeholder seg retten til å endre oppfatninger uten varsel.

Denne rapporten skal ikke forstås som et tilbud eller anbefaling om kjøp eller salg av finansielle instrumenter. BCM påtar seg intet ansvar for verken direkte eller indirekte tap eller utgifter som skyldes forståelsen av og/eller bruken av denne rapporten.

Denne rapporten er kun ment å være til bruk for våre klienter, ikke for offentlig publikasjon eller distribusjon, men BCM tar dog ingen forbehold om klienters eventuelle offentliggjøring. Ansatte i BCM kan eie verdipapirer i selskaper som er omtalt i rapporten, og kan kjøpe eller selge slike verdipapirer.

Rapporten er utarbeidet på et gitt tidspunkt, verdiendringene kan være store i låne- og verdipapirmarkedet slik at endelig resultat vil kunne avvike, det er brukt beste anslag på gitte tidspunkt som markedspriser i rapporten.

Historisk resultat i porteføljer forvaltet av BCM er ingen garanti for fremtidig resultat. Fremtidig resultat vil blant annet avhenge av markedsutviklingen, forvalters dyktighet, porteføljens risiko, samt kostnader ved forvaltning.

Rapporten inneholder kun gjeld som er forvaltet av BCM. Rapporten er utarbeidet på basis av opplysninger fra långivere og Kunde, BCM kan ikke ta ansvar for riktigheten av denne informasjonen oppgitt fra tredjeparter. Ved reproduksjon eller annen bruk av rapporten bør rapporten i sin helhet vedlegges. Rapporten gir et øyeblikksbilde på rapporteringstidspunkt, slik at porteføljens sammensetning og risiko p.t. kan være høyere eller lavere.

BCM vil sjekke av status mot Kundens finansreglement ved rapportering. Men BCM oppfordrer Kunden til å foreta nødvendige kontroller, da det er Kunden selv de facto som er ansvarlig for at gjeldsporteføljen er i henhold til vedtatt reglement. Dersom BCM ikke mottar innvendinger mot rapporten innen 10 virkedager etter utsendt rapport anses rapporten som korrekt og akseptert av Kunden.

Oppsummering og nøkkeltall – del I

Nøkkeltall	30.04.2016	01.01.2016	Forklaring	Kommentar
Total lånegjeld	**Kr. 840 338 913**	Kr. 776 686 508	Viser samlet lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er gjengitt i stamdataoversikten.	
Rentebindingstid (inkl. rentebytteavtaler med fremtidig oppstart dersom det finnes slike i porteføljen).	**1,83 ÅR**	1,58 ÅR	Måltallet angir porteføljens vektede gjennomsnittlige rentebindingstid. Tallet viser hvor lenge renten på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast, hensyntatt alle kontantstrømmer (rentebetalinger, avdrag og hovedstol). Dersom en låneportefølje uten avdrag og årlige rentebetalinger har rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har en rentebinding på 12 måneder. Rentebindingstid er et kontantstrøm basert nøkkeltall og benyttes fremfor durasjon som er basert på markedsverdier.	
Vektet gjennomsnittsrente	**1,71 %**	1,80 %	Måltallet angir porteføljens vektede gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noe. Ved sammenligning mot referanserente må det tas hensyn til durasjon og rentesikringsstrategi.	
Kapitalbinding	**3,20 ÅR**	3,09 ÅR	Måltallet angir porteføljens vektede gjennomsnittlige kredittbinding. Tallet viser hvor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovedstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Desto høyere tall, desto mindre refinansieringrisiko har porteføljen alt annet like.	


Oppsummering og nøkkeltall - del II

Nøkkeltall	30.04.2016	01.01.2016	Forklaring	Kommentar
Derivat volum (i % av gjeld)	**0,00 %**	0,00 %	Andel derivater (rentebytteavtaler, FRA, etc.) i (%) forhold til lånevolum.	
Rentebinding under 1 år	**27,41 %**	42,06 %	Andel forfall av rentebinding kommende år, dette nøkkeltallet viser hvor stor andel av porteføljen som har renteregulering innenfor det nærmeste året.	
Kapitalbinding under 1 år	**16,71 %**	30,30 %	Andel forfall kommende år, dette nøkkeltallet viser hvor stor andel av porteføljen som kommer til forfall innenfor det nærmeste året.	
Rentesensitivitet (1 %-poeng økning)	**Kr. 2 303 389**	Kr. 3 266 865	Estimat på økt rentekostnad ved 1 % - poeng økning I det generelle rentenivået (total gjeld x Rentebinding under 1 år x 1 %).Viser hvor mye porteføljens rentekostnad kommer til å øke med p. a. 1 år frem i tid ved 1%- poeng økning i det generelle rentenivået. Måltallet er lineært.	


Fordeling rentebinding

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	610 000 000	72,59 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	157 200 000	18,71 %
Sum rentebinding	**767 200 000**	**91,30 %**
Flytende rente (p.t. vilkår)	73 138 913	8,70 %
SUM	**840 338 913**	**100,00 %**

Fordeling



Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	610 000 000	72,59 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	230 338 913	27,41 %
SUM	**840 338 913**	**100,00 %**



Forklaring til tabeller og grafer

Tabellene over viser fordelingen for gjeldsporteføljen angitt ved bruk av enkel rentebinding. Lån med rentebinding over 1 år er fastrentelån eller obligasjonslån med gjenværende rentebinding over 1 år på rapporteringsdato. Lån med flytende rente er sertifikat, obligasjoner og gjeldsbrevlån med gjenværende rentebinding under 1 år. Dersom porteføljen inneholder lån med p.t. vilkår har de 14 dagers rentevarsel og oppsigelsestid og en rentebinding på 14 / 365 = 0,04. Dersom porteføljen inneholder lån med Nibortilknytning (3 eller 6 MND) er de sortert som lån med rentebinding under 1 år. Det er til enhver tid gjenværende rentebinding som er utgangspunkt for beregning av om fastrentene er under eller over 1 år. Figurene viser grafisk fordeling av gjeldsporteføljen målt ved bruk av enkel rentebinding. Alle lån som er medtatt I beregningen er gjengitt I "stamdataoversikten" som er vedlagt denne rapporten.

Finansreglementets krav og strategi


Krav i gjeldende reglement	Status	Kommentar
Innhente minst 2 konkurrerende tilbud ved refinansieringer og låneopptak	OK	
Refinansieringsrisiko skal reduseres ved å spre forfall/renteregulering	OK	
Størrelse på enkeltlån, ikke vesentlig andel av totalporteføljen (maks 25 %)	OK	
Rapportering i henhold til gjeldende reglement og forskrift	OK	
Fordeling av låneopptak på flere långivere	OK	
Nye låneopptak tatt opp i tråd med reglene i Kommuneloven § 50	OK	
Lån med fastrente kan ligge mellom 0 – 75% av den rentebærende porteføljen	OK	

Krav til forvaltning av gjeldsporteføljen i henhold til gjeldende finansreglement. Kommentar kun dersom det er avvik fra finansreglement.


Porteføljens rentebindingstid og renterisiko

Intervall	Pålydende i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel	Økning i rentekostnad ved 1% renteøkning
Under 1 år	230 338 913	0,31	27,41%	27,41%	kr 2 303 389
1 til 2 år	235 000 000	1,41	27,96%	55,38%	kr 4 653 389
2 til 3 år	310 000 000	2,61	36,89%	92,27%	kr 7 753 389
3 til 5 år	65 000 000	4,98	7,73%	100,00%	kr 8 403 389
> 5 år	0	0,00	0,00%	100,00%	kr 8 403 389
SUM	**840 338 913**	**1,83**	**100,00%**		

Rentebindingsintervall i % av porteføljen



Rentebindingsintervall i NOK



Kommentar

Rentebindingstid brukes ofte for å måle renterisiko. Det gir et uttrykk for hvor følsom kontantstrømmene til lånene er for en endring i markedsrentene. Man kan se på rentebindingstid som vektet gjennomsnittlig rentebinding for et lån eller en plassering. Porteføljens rentebindingstid er i tabellen målt ved slutten av rapporteringsperioden. Rentebindingen er i tråd med finansreglement og rentesikringsstrategi, hvor forutsigbarhet i rentekostnadene er et viktig element. Porteføljer med rentebindingstid under 1 år vil være svært sensitive for bevegelser i markedsrentene. Porteføljer med rentebindingstid over 5 år vil ha svært forutsigbare rentekostnader i de kommende årene. Alt annet like vil en slik forutsigbarhet ha en pris / «forsikringspremie», som må vurderes opp mot reduserte rentekostnader. Kolonnen økning i rentekostnad ved 1 %- poeng renteøkning viser økt årlig rentekostnad om 1 år, om 2 til 3 år, om 3 til 5 år og om 5 år dersom renten stiger med 1%-poeng. Dvs. når alle bindingene i porteføljen er løpt ut vil økt rentekostnad være 1 % x total gjeld.

Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko

Forfallsintervall	Pålydende i NOK	Kapitalbinding	Prosentvis andel av porteføljen
Under 1 år	140 428 847	0,45	16,71%
1 til 2 år	235 555 321	1,41	28,03%
2 til 3 år	310 708 300	2,61	36,97%
3 til 5 år	67 003 980	4,95	7,97%
>5 år	86 642 465	13,27	10,31%
SUM	**840 338 913**	**3,20**	**100,00%**

Kommentar

Tabellen viser gjenværende tid frem til forfallstidspunkt for lånene i porteføljen. Det er tatt hensyn til kapitalbevegelser som f.eks. avdrag i beregningene.

Desto høyere tall desto lavere refinansieringrisiko. Et 3MND sertifikat vil ved inngåelse ha 0,25 i kapitalbinding.

Figurene viser en grafisk fremstilling av refinansieringsrisikoen i porteføljen.


Porteføljer med kapitalbinding under 1 år har et stort kapitalbehov det kommende året.

Porteføljer med kapitalbinding over 5 år antas å ha en «normal» forfallsstruktur.


Porteføljens kapitalbinding må vurderes ut fra et kostnads , – rente og porteføljeperspektiv. Korte lån er normalt sett vesentlig billigere enn lengre lån.

Beregninger av nøkkeltall er gjort ved bruk av lånets nedbetalingsprofil, långiver har ofte en mulighet til å kreve førtidig innfrielse slik at juridisk løpetid kan avvike.

Forfallsintervall i % av porteføljen




Forfallsintervall i NOK



Utvikling i rentebindingstid

Utvikling i rentebindingstid



Kommentar


Rentebindingstid er målt ved utløpet av hver måned i rapporteringsperioden.

Den venstre aksen angir rentebindingstid i antall år.

Utvikling i rentebinding er beregnet eksklusiv rentebytteavtaler med fremtidig oppstart. Se side 3 for beregninger inklusiv fremtidige rentebytteavtaler.

Utvikling gjennomsnittsrente

Utvikling i gjennomsnittsrente



Kommentar

Vektet gjennomsnittsrente er målt ved utløpet av hver måned i rapporteringsperioden.

Den venstre aksen angir gjennomsnittsrente i %.

Porteføljen og markedsrenter


(Rentene er justert for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)

Vektet gjennomsnittsrente	P.T.KBN	Norges Bank (foliorenten/styringsrenten)	3 MND	6 MND	12 MND	3 År	5 År
1,71 %	1,65 %	0,50 %	1,09 %	1,22 %	1,28 %	1,63 %	2,08 %

Markedsrenter og porteføljens betingelser Ved utløpet av rapporteringsperioden

Utvikling i lånegjeld

Utvikling lånegjeld



Kommentar

Lånegjeld er målt ved utgangen av hver måned i rapporteringsperioden.

Den venstre aksen angir lånegjeld i kroner.


Opptak av nye lån og refinansieringer i perioden


Ny långiver	Dato	Beløp	Rente	Forfall/renteregulering	Nytt lånenummer	Kommentar
KBN	24.02.2016	160 000 000	1,530	25.02.2019	20160101	
KBN	11.04.2016	140 000 000	1,166	11.10.2016	20160182	

Forfall og rentereguleringer i perioden

Ny långiver	Dato	Beløp	Rente	Forfall/renteregulering	Nytt lånenummer	Kommentar
KBN	24.02.2015	95 220 000	1,310	24.02.2016	20150099	
KBN	09.10.2015	140 000 000	1,632	11.04.2016	20150479	

Motpartsoversikt lån






Motpartsoversikt rentebytteavtaler

Motpartsoversikt i prosent

Motpartsoversikt i NOK



Dersom siden er tom, betyr det er kommunen ikke har aktive renteswapper.

Markedskommentar


Veksten i verdensøkonomien er fortsatt moderat og usikkerheten om utviklingen fremover er stor, særlig i euroområdet og Kina. Usikkerhet rundt oljepris, utvikling i Kina og rentehevninger i USA er mye større enn tidligere. Globalt har vi hatt tilnærmet uendrede børser i 2016, men utviklingen har vært svært volatil. Her hjemme har Oslo Børs ved utgangen av april 2016 falt 1 %. Markedsaktørene ser en fare for dyp krise, og fokuserer blant annet på oppbremsing av økonomiene i fremvoksende markeder, frykt i det europeiske banksystemet, økte kredittmarginer i obligasjonsmarkedet og fall i råvarepriser. Det ventede omslaget for global økonomi har uteblitt, og nedsideutsiktene er dystrere og langt mer sannsynlige enn før. De viktigste nedsidefarene i årene som kommer er kapitalflukt fra fremvoksende økonomier, omstilling i Kina, oljeeksportører i krise, markedsvolatilitet, resesjon i BRICS landene, geopolitisk uro og usikkerhet rundt Storbritannias deltagelse i EU. Finansmarkedsuroen som preget starten av året har likevel avtatt noe ved utløpet av april. Det er god vekst i innenlandsk etterspørsel i industrialiserte land, men svakere utvikling i fremvoksende økonomier tynger eksportsektoren i mange industriland. Den pågående overgangen til en mer konsumdrevet vekst i Kina bidrar til lavere etterspørsel etter råvarer. Styringsrentene er nær null i mange land, og markedsaktørenes forventninger til styringsrentene fremover er lave. I USA ble renten hevet i desember 2015, men samlet sett for Norges handelspartnere har forventede styringsrenter falt. Her hjemme går vi en usikker tid i møte blant annet på grunn av den seneste tids kraftige fall i olje- og råvareprisene, kombinert med økt frykt for en ytterligere svekkelse av den økonomiske veksten i Kina og andre fremvoksende økonomier. Virkningene på norsk økonomi av fallet i oljeprisen og nedgangen i oljeinvesteringene kommer gradvis sterkere til syne, og vil påvirke og legge forutsetninger for norsk økonomi i tiden som kommer.

Hovedstyret i Norges Bank vedtok på sitt møte 16. mars å redusere styringsrenten med 0,25 %-enheter til 0,50 %. Slik hovedstyret nå vurderer utsiktene, kan styringsrenten bli satt ytterligere ned i løpet året. Isolert sett er det mye som taler for videre rentekutt, men usikkerheten rundt virkningene av pengepolitikken, boligpriser og gjeldsutvikling taler for å gå varsomt frem i rentesettingen. Anslagene i den siste rapporten fra Norges Bank tilsier en styringsrente som avtar til om lag ¼ prosent ved utgangen av 2016. Mot slutten av prognoseperioden i 2019 anslås styringsrenten å øke til nær ¾ prosent. Ny informasjon om aktiviteten i norsk økonomi indikerer at veksten har vært litt svakere enn ventet og at utsiktene fremover er noe svekket. Dette veier opp for at det lave rentenivået bidrar til å holde boligpriser og gjeldsvekst oppe. Hovedstyret i Norges Bank har som utgangspunkt for sin vurdering av pengepolitikken at renten settes med sikte på at inflasjonen skal være nær 2,50 prosent. Underliggende inflasjon har den siste tiden vært på nivåer nært og over målet slik at det er en viss risiko for at renteøkningene kan komme raskere enn det som markedet og Norges Bank legger til grunn. De korte pengemarkedsrenten har falt videre og nærmer seg 1 prosent, som gir en flytende kortsiktig lånerente for norske kommuner på mellom 1,20 – 1,30 prosent etter kredittpåslag. Kredittpåslaget for norske kommuner på lengre lån har økt kraftig siste halvår, og det er foreløpig ingenting som tilsier at denne utviklingen skal reverseres. Lave styringsrenter og markedsrenter ute taler likevel for at kommunen kan låne til flytende renter under 2,50 prosent i hele den kommende fire års perioden. Det er et viktig poeng at de lave rentene egentlig bare avspeiler lave vekstmuligheter og lav forventet inflasjon i årene som kommer. Med andre ord indikerer de lave rentene at vi både nasjonalt og globalt har en utfordrende økonomisk periode i vente. For Norge sin del kan svekket vekst og aktivitet føre til lavere lønnsvekst, lavere oljeinvesteringer, økt arbeidsledighet, med påfølgende fall i boligpriser dersom nedturen vedvarer. Momenter som vil gi utfordringer for kommuneøkonomien i tiden som kommer. Den største risikofaktoren for norsk økonomi er at også privatkonsumet svikter.

Veksten i norsk økonomi har avtatt markert de siste tre årene, og har vært lavere enn den anslåtte potensielle veksten. Svekkede vekstutsikter, økt arbeidsledighet, økende offentlig lånebehov, utgang i Nibormargin, utgang i kredittspreader og ulike finansielle reguleringer og krav vil gjøre at de nominelle lånerentene for norske kommuner ikke nødvendigvis vil følge markedsrentene videre ned. De siste årenes utvikling i lånemarkedet for kommuner gir grunn til å indikere at anslagsvis 1,5 prosent kan være en «bunn» for nominelle lånerenter. Virkningen av pengepolitikken er også spesielt usikker når styringsrenten nærmer seg en nedre grense. Det kan derfor ikke utelukkes at selv om det i dag ser ut som kommunen kan låne til flytende renter under 2,50 prosent frem til 2020, at det vil kunne komme en grad av normalisering i lånerentene. Vedvarende sterk økning i kredittmarginer eller begrensninger rundt kort innlåning for kommuner kan gi en slik effekt.


Kilde: Bergen Capital Management AS / Norges Bank / Bloomberg, 30. April 2016

Figur 2.4a Anslag på styringsrenten i referansebanen med sannsynlighetsfordeling.[1] Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2019[2]



1) Usikkerhetsviftene er basert på historiske erfaringer og stokastiske simuleringer fra vår makroøkonomiske hovedmodell, NEMO. Usikkerhetsviften for styringsrenten tar ikke hensyn til at det eksisterer en nedre grense for renten
2) Anslag for 1. kv. 2016 – 4. kv. 2019 (stiplet)
Kilde: Norges Bank

Figur 2.21 Styringsrenten i referansebanen.[1]
Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2019



1) Anslag for 1. kv. 2016 – 4. kv. 2019
Kilde: Norges Bank

Ordliste, forklaringer og beregninger

Deflasjon er reduksjon i det generelle prisnivået på varer og tjenester. Det motsatte av deflasjon er inflasjon.

Derivatvolum er en betegnelse på beholdning av derivat i % av samlet gjeld. Et derivat er et verdipapir der verdi avhenger av et underliggende aktivum på et fremtidig tidspunkt. F.eks. rentebytteavtale eller FRA.

Durasjon er den vektede gjennomsnittstiden til renteregulering på et lån beregnet ut fra nåverdien på fremtidige kontantstrømmer. Durasjon måler prissensitivitet til et lån med hensyn til endringer i renten. Durasjonen til en fastrenteobligasjon er den tid det i gjennomsnitt tar før kontantstrømmene (renter og hovedstol) forfaller til betaling. Durasjonen (egentlig modifisert durasjon) gir i tillegg uttrykk for hvor følsom verdien av obligasjonen er for endringer i rentenivået, og forteller hvor mange prosent verdien av obligasjonen vil gå ned med dersom markedsrentene stiger med ett prosentpoeng. Lang durasjon betyr at obligasjonsverdien er følsom for renteendringer. Durasjon baseres på beregning av markedsverdi, rentebinding er mer kontantstrømbasert og antas å være mer egnet som risikomål i offentlig sektor.

Fastrente er definert som gjeldsbrevlån eller obligasjoner som har gjenværende rentebinding på over ett år.

Finansreglement gir en samlet oversikt over fullmakter, rammer og retningslinjer for finansforvaltningen. Det fastsetter rammene for en forsvarlig og hensiktsmessig finansiell risikoprofil.

Flytende rente er definert som gjeldsbrevlån, sertifikat og obligasjoner som har gjenværende rentebinding under ett år.

Forfallsdato er den spesifikke dagen en inn- eller utbetaling skal skje på (betalingsfrist).

Gjeldsbrevlån er den mest benyttede låneformen i bankene. Lån blir knyttet til et gjeldsbrev. Det er et dokument hvor låntaker erklærer å skylde penger. I gjeldsbrevet står det bestemmelser som regulerer forholdet mellom låntaker og långiver. Kommunalbanken og KLP Kommunekreditt utsteder gjeldsbrevlån med flytende – og fastrente samt gjeldsbrevlån med sertifikat og obligasjonsvilkår.

Inflasjon er vedvarende vekst i det generelle prisnivået. Inflasjon måles vanligvis ved veksten i konsumprisene. Norges Banks operative gjennomføring av pengepolitikken rettes inn mot lav og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken er en årsvekst i konsumprisene som over tid er nær 2,5 prosent.

Kapitalbinding er volumveid gjennomsnitt av gjenværende tid frem til forfallstidspunktet for et gjeldsbrevlån, sertifikat eller obligasjon. F.eks. vil et 3 måneders sertifikat ha 0,25 i kapitalbinding på oppstartstidspunktet.

Konsumprisindeksen (KPI) er et mål for prisnivået til konsumprodukter og viser prisutviklingen på varer og tjenester som private husholdninger etterspør. Den prosentvise endringen i KPI brukes ofte som et generelt mål for inflasjon i en økonomi.

Kredittmargin (spread) er rentedifferansen mellom kredittobligasjonen og swaprente med samme løpetid. I det norske markedet benyttes swaprenten som målestokk, mens man i Euromarkedet noen ganger benytter statsrenten.

Kredittrisiko er risiko for at motpart ikke oppfyller sine forpliktelser. I et låneforhold består kredittrisikoen i at låntager ikke oppfyller låneavtalen.

Kupongrente er den faste renten på obligasjoner ved utstedelsestidspunktet. Når det generelle rentenivået synker vil en gitt kupongrente bli mer attraktiv og kursen på obligasjonen vil stige. Når det generelle rentenivået stiger blir effekten motsatt.

ISIN (lånenummer) er et nummer som brukes for å identifisere ulike verdipapirer, inkludert gjeldspapir, aksjer, opsjoner, derivater og rentederivater.

Markedskommentar er beskrivelse av dagens økonomiske situasjon og den fremtidige situasjonen basert på tolkninger av tilgjengelig informasjon. Uttalelsene reflekterer oppfatninger på det tidspunktet de ble laget, og BCM forbeholder seg retten til å endre oppfatninger uten forvarsel.

Markedsrisiko er risiko for potensielt tap i form av redusert markedsverdi som følge av prisfluktuasjoner i finansielle markeder.

En sentralbanks kjøp av en valuta for å øke prisen/kursen på valutaen (se intervensjoner).

Swap
Avtale mellom to parter om å bytte fremtidige kontantstrømmer. For eksempel kan den ene parten betale den andre flytende rente, mens den selv mottar fast rente.

Taktisk aktivaallokering
Å velge andre aktiva- eller markedssammensetninger enn i referanseporteføljen med sikte på å oppnå høyere avkastning.

Terminkontrakter
Kontrakter om kjøp eller salg av aktiva på et fremtidig tidspunkt og til en bestemt pris. Petroleumsfondet kjøper og selger valuta på termin, for å unngå valutakursrisiko i forhold til referanseporteføljens valutasammensetning.

Terminrenter
Terminrenter er renter som løper mellom to fremtidige tidspunkter. Terminrentene kan under visse forutsetninger gi uttrykk for markedets forventninger om fremtidig rentenivå.

Valutakurs
Prisen på et lands valuta målt mot andre lands valuta, for eksempel norske kroner per euro.

Valutaopsjoner
En rett, men ikke plikt, til å kjøpe eller selge et bestemt beløp valuta til en på forhånd avtalt valutakurs.

Valutareserver
Norges Banks beholdninger av finansielle aktiva i utenlandsk valuta som skal kunne benyttes i gjennomføringen av pengepolitikken. Norges Bank forvalter i tillegg Statens Petroleumsfond på vegne av Finansdepartementet.

Valutarisiko
Risiko for potensielt tap i form av redusert markedsverdi som følge av fluktuasjoner i valutakursen.

Valutaswapmarkedet
Et marked der to aktører i dag foretar et bytte mellom to valutaer med avtale om å reversere byttehandelen på et fremtidig tidspunkt til et bestemt kursforhold mellom de to valutaer (valutabytteavtale).

Verdipapirfond
Et fond som eies av en ubestemt krets av personer og hvor midlene i det vesentlige er investert i verdipapirer.

Verdipapirforetak
Foretak som yter investeringstjenester.

Volatilitet
Et statistisk mål for svingningene i en tidsserie.

VPS
Verdipapirsentralen (VPS) er en privat, selveiende institusjon, opprettet ved lov om verdipapirsentral, som driver et elektronisk rettighetsregister for aksjer, obligasjoner og andre finansielle instrumenter med i hovedsak norske utsteder.

BERGEN CAPITAL MANAGEMENT

Herøy kommune / aksjer
Postboks E
6099 Fosnavåg

Økonomisjef Geir Egil Olsen

Fremstilt: 10.05.2016
Start: 07.06.1999

Portefølje pr. 30.04.2016

Kategori / Verdipapir	Forfall	Kupong	Yield	Sens.	Dur.	Val.	Beholdning	Snitt kurs	Investert beløp	Markeds kurs dd	Påløpte renter	Markeds verdi dd	Vekt %	Urealisert gevinst/tap	Realisert i år	Mottatt avkastning	Total avkastning
HOVEDLISTEN OBX																	
Aker Solutions Ny ASA						NOK	2 406	80,40	193 438	30,90		74 345	0,37	119 093-			
Bw Lpg Limited						NOK	5 993	77,14	462 280	48,40		290 061	1,44	172 219-			
Dnb Asa						NOK	8 468	110,72	937 548	103,10		873 051	4,35	64 498-		38 106	38 106
Fred Olsen Energy Asa						NOK	2 151	267,99	576 442	34,90		75 070	0,37	501 372-			
Frontline Ltd						NOK	9 784	103,14	1 009 122	66,95		655 039	3,26	354 083-		18 093	18 093
Gjensidige Forsikring Asa						NOK	8 250	70,49	581 523	137,90		1 137 675	5,66	556 152		69 300	69 300
Marine Harvest Asa						NOK	7 897	97,67	771 280	125,30		989 494	4,93	218 214	150 043	11 056	161 098
Nordic Semiconductor Asa						NOK	23 878	43,45	1 037 546	46,85		1 118 684	5,57	81 138	69 526		69 526
Norsk Hydro Asa						NOK	45 580	28,46	1 297 086	35,03		1 596 667	7,95	299 581			
Norwegian Air Shuttle Asa						NOK	3 248	299,94	974 214	371,00		1 205 008	6,00	230 794			
Opera Software Asa						NOK									114 277-		114 277-
Orkla Asa A-aksjer						NOK	9 989	47,01	469 604	70,30		702 227	3,50	232 622		24 973	24 973
Renewable Energy Corporation Asa						NOK	90 339	2,71	244 383	1,77		159 900	0,80	84 483-			
Schibsted Asa B						NOK	949	159,47	151 340	228,90		217 226	1,08	65 886			
Schibsted Asa						NOK	949	159,47	151 340	234,90		222 920	1,11	71 580			
Seadrill Limited						NOK									64 822-		64 822-
Statoil Asa						NOK									86 319	13 252	99 571
Storebrand Asa Ordinære						NOK	10 004	29,33	293 440	34,09		341 036	1,70	47 597			
Subsea 7 S.a.						NOK									364 628-		364 628-
Telenor Asa						NOK	11 390	122,45	1 394 756	138,60		1 578 654	7,86	183 898			
Yara International Asa						NOK	3 241	360,43	1 168 161	322,40		1 044 898	5,20	123 263-			
Sum *									11 713 506			12 281 957	61,15	568 451	237 839-	174 780	63 059-
HOVEDLISTEN OSEBX																	
Bionor Pharma Asa						NOK	55 543	2,50	138 978	0,79		43 879	0,22	95 099-			
Golden Ocean Group Limited						NOK	33 559	26,84	900 594	7,15		239 947	1,19	660 647-			
Kongsberg Automotive Holding Asa						NOK	88 632	6,60	584 742	6,51		576 994	2,87	7 748-	2 027-		2 027-
Polarcus						NOK	8 829	45,00	397 286	1,10		9 712	0,05	387 574-			
Wilh. Wilhelmsen Asa						NOK									74 628		74 628
Sum *									2 021 600			870 532	4,33	1 151 068-	72 601		72 601
HOVEDLISTEN OSEAX																	
Akastor ASA						NOK	2 406	30,92	74 399	11,20		26 947	0,13	47 452-			
Deep Sea Supply Plc						NOK	70 000	10,15	710 467	1,04		72 800	0,36	637 667-			
Electromagnetic Geoservices Asa						NOK	50 994	13,90	708 825	0,23		11 729	0,06	697 096-			
Odfjell Drilling Ltd						NOK	7 773	41,50	322 568	5,42		42 130	0,21	280 439-			
Sevan Drilling Asa						NOK	350 000	1,21	423 518	0,05		17 500	0,09	406 018-			
Seven Drilling Limited						NOK	17 500	24,20	423 518	2,75		48 125	0,24	375 393-			
Sparebank 1 Sr-bank Asa						NOK	13 297	47,23	628 067	39,30		522 572	2,60	105 495-		19 946	19 946
Vardia Insurance Group ASA						NOK	460 396	2,87	1 320 932	0,77		354 505	1,77	966 427-			
Sum *									4 612 295			1 096 308	5,46	3 515 987-		19 946	19 946
EGENKAPITALBEVIS																	
Sparebank 1 Smn Egenkapitalbevis						NOK	24 496	41,65	1 020 204	49,50		1 212 552	6,04	192 348		55 116	55 116
Sparebanken Nord-norge Egenkapitalb						NOK	31 867	20,91	666 491	37,70		1 201 386	5,98	534 895		63 734	63 734
Sparebanken Vest Egenkapitalbevis						NOK	41 625	35,33	1 470 428	32,90		1 369 463	6,82	100 965-		45 788	45 788

Portefølje pr. 30.04.2016

Herøy kommune / aksjer

Fremstilt 10.05.2016

Kategori Verdipapir	Forfall	Kupong	Yield	Sens.	Dur.	Val.	Beholdning	Snitt kurs	Investert beløp	Markeds kurs dd	Påløpte renter	Markeds verdi dd	Vekt %	Urealisert gevinst/tap	Realisert i år	Mottatt avkastning	Total avkastning
Sum *									3 157 123			3 783 400	18,84	626 277		164 638	164 638
Sum **									21 504 524			18 032 197	89,78	3 472 327-	165 238-	359 363	194 124

Markedsverdi pr. 30.04.2016	**18 032 197**	
Ikke godskrevet bank	**58 052**	
Banksaldo 31.03.2016	**1 905 944**	
Bevegelser	**139 489**	
Banksaldo 30.04.2016 ifølge våre oppgaver	**1 987 382**	10,18
Beregnede bankrenter	**6 277**	0,03
Kapital pr. 30.04.2016	**20 083 907**	
Avkastning i 2016	**154 034-**	
Realisert i 2016	**165 238-**	
Mottatt utbytte/renter i 2016	**359 363**	

Tidsvektet avkastning	**Siste måned**	**3,30**
	I år	**0,76-**

Handlet		Oppgjør	Verdipapir	Ant./Pål.	Kurs	Val.	Val.kurs	Omkostn.	Renter	Oppgjør	Sl.s.nr.	Bilag	Megler
April 2016													
04.04.2016	Kjøp	06.04.2016	Statoil Asa	7 000	124,00	NOK	100,00	1736,00	0,00	869 736,00-	2060048202	152016	DNB Markets
13.04.2016	Salg	15.04.2016	Statoil Asa	7 000-	131,35	NOK	100,00	1838,96	0,00	917 639,04	2065722102	162016	DNB Markets
21.04.2016	Kjøp	25.04.2016	Kongsberg Automotive Holding Asa	44 316	6,47	NOK	100,00	573,32	0,00	287 231,37-	2072727002	172016	DNB Markets
21.04.2016	Kjøp	25.04.2016	Nordic Semiconductor Asa	11 939	42,76	NOK	100,00	1021,13	0,00	511 585,30-	2072808502	172016	DNB Markets
22.04.2016	Salg	26.04.2016	Subsea 7 S.a.	9 567-	71,53	NOK	100,00	1368,66	0,00	682 962,68	96634001	182016	Norne Securities

Bank 01.04.2016-30.04.2016

Bilagsdato	Valutadato	Beløp val.	Val.	Val.kurs	Beløp n.kr.	Tekst		Verdipapir	Betegnelse	Antall	Kurs	Sls.nr.	Bilag
April 2016													
01.04.2016	08.04.2016	55 116,00	NOK	100,0000	55 116,00	Aksjeutbyt	Sparebank 1 Smn Egenkapit	NO0006390301	Sparebank 1 Smn Egenkapitalbevis	24 496	2,25		1516
08.04.2016	19.04.2016	69 300,00	NOK	100,0000	69 300,00	Aksjeutbyt	Gjensidige Forsikring Asa	NO0010582521	Gjensidige Forsikring Asa	8 250	8,40		1616
15.04.2016	26.04.2016	24 972,50	NOK	100,0000	24 972,50	Aksjeutbyt	Orkla Asa A-aksjer	NO0003733800	Orkla Asa A-aksjer	9 989	2,50		1716
27.04.2016	04.05.2016	38 106,00	NOK	100,0000	38 106,00	Aksjeutbyt	Dnb Asa	NO0010031479	Dnb Asa	8 468	4,50		1916
28.04.2016	06.05.2016	19 945,50	NOK	100,0000	19 945,50	Aksjeutbyt	Sparebank 1 Sr-bank Asa	NO0010631567	Sparebank 1 Sr-bank Asa	13 297	1,50		

BERGEN CAPITAL MANAGEMENT

Herøy kommune / obligasjoner
Postboks E
6099 Fosnavåg

Øk.sjef Geir Egil Olsen

Fremstilt: 10.05.2016
Start: 22.01.1999

Portefølje pr. 30.04.2016

Kategori Verdipapir	Forfall	Kupong	Yield	Sens.	Dur.	Val.	Beholdning	Snitt kurs	Investert beløp	Markeds kurs dd	Påløpte renter	Markeds verdi dd	Vekt %	Urealisert gevinst/tap	Realisert i år	Mottatt avkastning	Total avkastning
OBLIGASJONER FLYT RENTE																	
1066546 FRN Sandnes Sp	19.10.16					NOK									27 200	66 828	94 028
1068545 FRN Trøgstad Sparebank	01.08.17	2,18	1,72	0,01	0,01	NOK	4 000 000	100,00	4 000 000	100,32	21 558	4 034 358	8,71	12 800		21 233	21 233
1069292 FRN Sandnes Sparebank	06.11.18	2,03	1,85	0,02	0,02	NOK	16 000 000	100,21	16 033 120	100,07	73 982	16 085 182	34,74	21 920-		82 720	82 720
1069760 FRN Sparebank 1 B V	03.12.18	1,89	1,86	0,09	0,09	NOK	3 000 000	99,86	2 995 800	100,10	9 135	3 012 135	6,51	7 200		15 167	15 167
1069914 FRN Bud, Fræna, Hustad Sp.	12.12.18	2,12	2,13	0,12	0,12	NOK	5 000 000	101,16	5 058 250	100,01	13 839	5 014 339	10,83	57 750-		27 553	27 553
1072144 FRN Tinn Sparebank	08.10.19	1,76	2,26	0,19	0,19	NOK	10 000 000	100,00	10 000 000	98,41	10 756	9 851 756	21,28	159 000-		95 564	95 564
1072789 FRN Grong Sparebank	18.12.17	1,61	1,86	0,14	0,14	NOK	5 000 000	99,90	4 995 000	99,59	9 615	4 989 115	10,78	15 500-		20 981	20 981
1076350 FRN Askim	25.10.18	1,85	1,90	0,23	0,24	NOK	3 000 000	100,00	3 000 000	99,91	771	2 998 071	6,48	2 700-			
Sum *			1,96	0,10	0,10				46 082 170		139 656	45 984 956	99,31	236 870-	27 200	330 045	357 245

Markedsverdi pr. 30.04.2016	**45 984 956**	
Banksaldo 31.03.2016	**3 251 061**	
Bevegelser	**2 952 225-**	
Banksaldo 30.04.2016 ifølge våre oppgaver	**298 836**	0,65
Beregnede bankrenter	**18 345**	0,04
Kapital pr. 30.04.2016	**46 302 137**	
Avkastning i 2016	**750 438**	
Realisert i 2016	**27 200**	
Mottatt utbytte/renter i 2016	**330 045**	
Kjøpte renter i 2016	**39 160-**	

Tidsvektet avkastning	**Siste måned**	**0,56**
	I år	**1,65**

Herøy kommune / obligasjoner

Handlet		Oppgjør	Verdipapir	Ant./Pål.	Kurs	Val.	Val.kurs	Omkostn.	Renter	Oppgjør	Sl.s.nr.	Bilag	Megler
April 2016													
20.04.2016	Kjøp	25.04.2016	1076350 FRN Askim	3 000 000	100,00	NOK	100,00	0,00	0,00	3 000 000,00-	160420049474	172016	Danske Bank Markets

Bank 01.04.2016-30.04.2016

Bilagsdato	Valutadato	Beløp val.	Val.	Val.kurs	Beløp n.kr.	Tekst		Verdipapir	Betegnelse	Antall	Kurs	Sls.nr.	Bilag
April 2016													
08.04.2016	08.04.2016	47 775,00	NOK	100,0000	47 775,00	Obl.renter	Terminrenter	NO0010721442	1072144 FRN Tinn Sparebank		0,00		1416

BERGEN CAPITAL MANAGEMENT

Herøy kommune samlerapport

Sammenslått

Fremstilt: 10.05.2016
Start: 01.12.2011

Portefølje pr. 30.04.2016

Kategori Verdipapir	Forfall	Kupong	Yield	Sens.	Dur.	Val.	Beholdning	Snitt kurs	Investert beløp	Markeds kurs dd	Påløpte renter	Markeds verdi dd	Vekt %	Urealisert gevinst/tap	Realisert i år	Mottatt avkastning	Total avkastning
OBLIGASJONER FLYT RENTE																	
1066546 FRN Sandnes Sp	19.10.16					NOK									27 200	66 828	94 028
1068545 FRN Trøgstad Sparebank	01.08.17	2,18	1,72	0,01	0,01	NOK	4 000 000	100,00	4 000 000	100,32	21 558	4 034 358	6,08	12 800		21 233	21 233
1069292 FRN Sandnes Sparebank	06.11.18	2,03	1,85	0,02	0,02	NOK	16 000 000	100,21	16 033 120	100,07	73 982	16 085 182	24,23	21 920-		82 720	82 720
1069760 FRN Sparebank 1 B V	03.12.18	1,89	1,86	0,09	0,09	NOK	3 000 000	99,86	2 995 800	100,10	9 135	3 012 135	4,54	7 200		15 167	15 167
1069914 FRN Bud, Fræna, Hustad Sp.	12.12.18	2,12	2,13	0,12	0,12	NOK	5 000 000	101,16	5 058 250	100,01	13 839	5 014 339	7,55	57 750-		27 553	27 553
1072144 FRN Tinn Sparebank	08.10.19	1,76	2,26	0,19	0,19	NOK	10 000 000	100,00	10 000 000	98,41	10 756	9 851 756	14,84	159 000-		95 564	95 564
1072789 FRN Grong Sparebank	18.12.17	1,61	1,86	0,14	0,14	NOK	5 000 000	99,90	4 995 000	99,59	9 615	4 989 115	7,52	15 500-		20 981	20 981
1076350 FRN Askim	25.10.18	1,85	1,90	0,23	0,24	NOK	3 000 000	100,00	3 000 000	99,91	771	2 998 071	4,52	2 700-			
Sum *			1,96	0,10	0,10				46 082 170		139 656	45 984 956	69,27	236 870-	27 200	330 045	357 245
HOVEDLISTEN OBX																	
Aker Solutions Ny ASA						NOK	2 406	80,40	193 438	30,90		74 345	0,11	119 093-			
Bw Lpg Limited						NOK	5 993	77,14	462 280	48,40		290 061	0,44	172 219-			
Dnb Asa						NOK	8 468	110,72	937 548	103,10		873 051	1,32	64 498-		38 106	38 106
Fred Olsen Energy Asa						NOK	2 151	267,99	576 442	34,90		75 070	0,11	501 372-			
Frontline Ltd						NOK	9 784	103,14	1 009 122	66,95		655 039	0,99	354 083-		18 093	18 093
Gjensidige Forsikring Asa						NOK	8 250	70,49	581 523	137,90		1 137 675	1,71	556 152		69 300	69 300
Marine Harvest Asa						NOK	7 897	97,67	771 280	125,30		989 494	1,49	218 214	150 043	11 056	161 098
Nordic Semiconductor Asa						NOK	23 878	43,45	1 037 546	46,85		1 118 684	1,69	81 138	69 526		69 526
Norsk Hydro Asa						NOK	45 580	28,46	1 297 086	35,03		1 596 667	2,41	299 581			
Norwegian Air Shuttle Asa						NOK	3 248	299,94	974 214	371,00		1 205 008	1,82	230 794			
Opera Software Asa						NOK									114 277-		114 277-
Orkla Asa A-aksjer						NOK	9 989	47,01	469 604	70,30		702 227	1,06	232 622		24 973	24 973
Renewable Energy Corporation Asa						NOK	90 339	2,71	244 383	1,77		159 900	0,24	84 483-			
Schibsted Asa B						NOK	949	159,47	151 340	228,90		217 226	0,33	65 886			
Schibsted Asa						NOK	949	159,47	151 340	234,90		222 920	0,34	71 580			
Seadrill Limited						NOK									64 822-		64 822-
Statoil Asa						NOK									86 319	13 252	99 571
Storebrand Asa Ordinære						NOK	10 004	29,33	293 440	34,09		341 036	0,51	47 597			
Subsea 7 S.a.						NOK									364 628-		364 628-
Telenor Asa						NOK	11 390	122,45	1 394 756	138,60		1 578 654	2,38	183 898			
Yara International Asa						NOK	3 241	360,43	1 168 161	322,40		1 044 898	1,57	123 263-			
Sum *									11 713 506			12 281 957	18,50	568 451	237 839-	174 780	63 059-
HOVEDLISTEN OSEBX																	
Bionor Pharma Asa						NOK	55 543	2,50	138 978	0,79		43 879	0,07	95 099-			
Golden Ocean Group Limited						NOK	33 559	26,84	900 594	7,15		239 947	0,36	660 647-			
Kongsberg Automotive Holding Asa						NOK	88 632	6,60	584 742	6,51		576 994	0,87	7 748-	2 027-		2 027-
Polarcus						NOK	8 829	45,00	397 286	1,10		9 712	0,01	387 574-			
Wilh. Wilhelmsen Asa						NOK									74 628		74 628
Sum *									2 021 600			870 532	1,31	1 151 068-	72 601		72 601
HOVEDLISTEN OSEAX																	
Akastor ASA						NOK	2 406	30,92	74 399	11,20		26 947	0,04	47 452-			
Deep Sea Supply Plc						NOK	70 000	10,15	710 467	1,04		72 800	0,11	637 667-			
Electromagnetic Geoservices Asa						NOK	50 994	13,90	708 825	0,23		11 729	0,02	697 096-			
Odfjell Drilling Ltd						NOK	7 773	41,50	322 568	5,42		42 130	0,06	280 439-			

Portefølje pr. 30.04.2016

Herøy kommune samlerapport

Fremstilt 10.05.2016

Kategori Verdipapir	Forfall	Kupong	Yield	Sens.	Dur.	Val.	Beholdning	Snitt kurs	Investert beløp	Markeds kurs dd	Påløpte renter	Markeds verdi dd	Vekt %	Urealisert gevinst/tap	Realisert i år	Mottatt avkastning	Total avkastning
HOVEDLISTEN OSEAX																	
Sevan Drilling Asa						NOK	350 000	1,21	423 518	0,05		17 500	0,03	406 018-			
Seven Drilling Limited						NOK	17 500	24,20	423 518	2,75		48 125	0,07	375 393-			
Sparebank 1 Sr-bank Asa						NOK	13 297	47,23	628 067	39,30		522 572	0,79	105 495-		19 946	19 946
Vardia Insurance Group ASA						NOK	460 396	2,87	1 320 932	0,77		354 505	0,53	966 427-			
Sum *									4 612 295			1 096 308	1,65	3 515 987-		19 946	19 946
EGENKAPITALBEVIS																	
Sparebank 1 Smn Egenkapitalbevis						NOK	24 496	41,65	1 020 204	49,50		1 212 552	1,83	192 348		55 116	55 116
Sparebanken Nord-norge Egenkapitalb						NOK	31 867	20,91	666 491	37,70		1 201 386	1,81	534 895		63 734	63 734
Sparebanken Vest Egenkapitalbevis						NOK	41 625	35,33	1 470 428	32,90		1 369 463	2,06	100 965-		45 788	45 788
Sum *									3 157 123			3 783 400	5,70	626 277		164 638	164 638
Sum **			1,96	0,10	0,10				67 586 694		139 656	64 017 152	96,43	3 709 197-	138 038-	689 408	551 369

Markedsverdi pr. 30.04.2016	**64 017 152**	
Ikke godskrevet bank	**58 052**	
Banksaldo 31.03.2016	**5 157 005**	
Bevegelser	**2 812 736-**	
Banksaldo 30.04.2016 ifølge våre oppgaver	**2 286 218**	3,53
Beregnede bankrenter	**24 622**	0,04
Kapital pr. 30.04.2016	**66 386 043**	
Avkastning i 2016	**596 404**	
Realisert i 2016	**138 038-**	
Mottatt utbytte/renter i 2016	**689 408**	
Kjøpte renter i 2016	**39 160-**	

Tidsvektet avkastning	**Siste måned**	**1,37**
	I år	**0,91**

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/43 053

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
119/16	Formannskapet	14.06.2016

VIDAREFØRING AV REDUSERT OPNINGSTID RÅDHUSET.

Tilråding:

Formannskapet vedtek å vidareføre den reduserte opningstida til 01.01.2017.

Særutskrift: Alle avdelingane

Saksopplysningar:

Formannskapet gjorde 19.01.2016 slikt vedtak:
«Formannskapet ser at den reduserte bemanning er ei utfordring for drifta i Servicetorget. Opningstida for rådhuset, vert som ei prøveordning, i tida 09.00-14.00.
Dette for at Servicetorget skal kunne utføre dei arbeidsoppgåvene som er tildelt avdelinga og ha nødvendige møter i arbeidstida.»

Den reduserte opningstida har vore positiv for servicetorget.
Servicetorget har nytta tida til:

- Møter (personalmøter, møter med andre avdelingar, eksterne møter)
- Oppdateringar
- Saksbehandling
- Oppfølging av saker ein ikkje har greidd å løyst i opningstida

Det har vore lite tilbakemeldingar på den reduserte opningstida frå publikum. Her har ein vore fleksibel og gjort avtaler der personar ikkje kunne møte innanfor opningstida.
Andre på rådhuset som har avtalar ordnar med å låse inn og ut personar dei har møte med.

Ein har sendt e-post til dei ulike avdelingane for å finne ut om redusert opningstid hadde konsekvensar. Tilbakemeldingane gikk i hovudsak på at dei med arbeidsstad utanfor rådhuset burde få nøkkel.

Frå 1. juli er ein person som er ute i permisjon tilbake. Ein starter då med ferieavvikling.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for drift: Betre oppfølging av saker og ro til sakshandsaming.

Sidan det ikkje har vore negative tilbakemeldingar frå publikum finn ein det fornuftig å vidareføre ordninga i heile 2016.

Fosnavåg, 03.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Wenche Moltu
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Wenche Moltu

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/518 U63

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
120/16	Formannskapet	14.06.2016

SØKNAD OM SERVERINGS- OG SKJENKELØYVE- SKOTHOLMEN

Tilråding:
Formannskapet vedtek at Kami Skotholmen AS med org.nr. 916909233 får:

1. Serveringsløyve for restaurant ved Skotholmen. Arealet gjeld heile holmen. Ole Johnny Hjelmeseth vert godkjent som styrar for serveringsløyvet.

2. Skjenkeløyve slik:

   • Varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag - torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.
   • Varegruppe 3 : kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.
   • Skjenketida vert sett til kl 02.30 i romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
   • Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida er slutt.
   • Skjenketid for uteareal gjeld gruppe 1, 2 og 3 (starttid 13.00) i tida fram til kl 01.00 alle dagar.

3. Ole Johnny Hjelmseth vert godkjent som styrar for skjenkeløyvet med Magnus Bergseth som stedfortredar.

4. Serverings- og skjenkearealet gjeld heile Skotholmen ved normal restaurantdrift. Ved større arrangement er serverings- og skjenkeareal avgrensa til å gjelde området som er avmerka i kart i søknaden og skildra som område med betong.

5. Løyvet gjeld frå 16. juni til og med 30.06.2016.

Vedtaket er gjort med heimel i serveringslova § 3 og alkohollova §§ 1-7 og 4.

Særutskrift: Søkjar
Securitas
Sunnmøre politikammer
Mattilsynet søre sunnmøre

Vedlegg
1 Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad
2 702428_ODXNBY_Vedlegg til leieavtale 160502 -Utleigeareal til Skotholmen Adventure

Saksopplysningar:
Kami Skotholmen AS, org.nr. 916909233, søkjer om servering- og salsløyve for Skotholmen.

I søknaden, vedlegg 1, skriv søkjar at det er lagt opp til å halde ope 6 veker om midt på sommaren (01.07.-15.08). I denne tida vert det både lunsj og middagsservering. Målgruppa er alle som ønskjer å ta turen ut til holmen, mellom anna lokalbefolkninga og turistar.
Resten av året er det lagt opp til å opne ved planlagde arrangement som kurs/konferansar, bryllaup, selskap, firmaturar m.m.

Serveringsløyve:
Det er lagt opp til restaurantdrift der maten som skal serverast er lokal. Det vil vere fokus på gode, kortreiste råvarer med høg kvalitet.

Styrar for løyvet er: Ole Johnny Hjelmeseth

Styrar har etablerarprøva. (Jfr. Serveringslova § 5).

Skjenkeløyve:
Det vert søkt om skjenkeløyve for gruppe,1,2 og 3 Søknaden gjeld innanfor kommunen sine maksimaltider for skjenking.

Det vert opplyst at arealet har plass til 120 gjester inne og 500 gjester ute. I søknaden vert det sagt at øya er avgrensa med sjø som vil vere ei naturleg avgrensing av arealet. I vedlegg til søknaden ligg det føre kart som viser at deler av øya skal nyttast (Jfr. Vedlegg 2).

Servicetorget har vore på synfaring på øya, både med tanke på søknaden som ligg føre og med tanke på å ha kjennskap til dei tilbod som finnast i kommunen. Under denne synfaringa kom det fram at det er ønskje om løyve for heile øya. Søkjer meiner at dette er ei naturleg avgrensing og at andre ikkje vil kunne ta seg inn på øya utan at det vert oppdaga av dei som jobbar der.
I samtale med søkjar v/Bergseth har ein orientert søkjar om at ein vil legge saka fram for formannskapet. Administrasjonen meiner at det er ei prinsipiell sak om løyvet skal gjelde for heile øya.
Under synfaringa vart det sagt at det kunne vere aktuelt med større konsertar på øya.

Styrar for skjenkeløyvet er Ole Johnny Hjelmeseth med Magnus Bergseth som stedfortredar. Begge har kunnskapsprøva om alkohollova og tilfredsstiller alder- og vandelskrava sett i alkohollova (alkohollova § 1-7 c).

Søknaden er sendt NAV og politiet for uttale. Det er ingen merknader til søknaden.

Herøy kommune har ikkje tak på skjenkeløyve og alkoholpolitisk handlingsplan 2012-2016 seier dette om skjenkeløyve:
Skjenketidene vert for planperioden:

- *Varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag - torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast, etter søknad.*
- *Varegruppe 3 : kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast, etter søknad.*
- *Driftskonsept hotell kan for varegruppe 1 og 2 ha starttid frå kl. 09.00*
- *Skjenketida vert sett til kl 02.30 i romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).*
- *Skjenketid for uteareal gjeld gruppe 1, 2 og 3 (starttid 13.00) i tida fram til kl 1.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.*
- *For skjenkeareal som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.*
- *Hotell kan få løyve til minibar på roma.*
- *Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut*.

Vurdering og konklusjon:
Dette er eit nytt tilbod i kommunen som er noko annleis enn det ein elles har i kommunen. Med tanke på både serverings- og skjenkeløyve fyller søkjar krava knytt til vandel og naudsynt kompetanse.

Det er her snakk om eit ønskje om å ha serverings- og skjenkeløyve for heile øya noko administrasjonen tilrår noko under tvil ved normal restaurantdrift. Dette vil ein derfor formannskapet skal ta stilling til.
Når det gjeld større arrangement som konsertar og liknande finn ein det naturleg at skjenkearealet vert innskrenka til å gjelde det området som er skissert i kart og som er betongbelagt pr. d.d. Bakgrunnen for dette er at det ved større arrangement kan samlast ein del folk og med eit mindre avgrensa området er det lettare å ha kontroll og ivareta sikkerheita for dei som deltek.

Fosnavåg, 02.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Wenche Moltu
Rådmann	Avd.leiar

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/381 U60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
121/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

ALKOHOLPOLITISK PLAN 2016-2020 OG DELEGASJON KNYTT TIL SAKER ETTER ALKOHOLLOVA.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek:

1. Alkoholpolitisk plan for 2016-2020. Planen vert gjeldande frå 01.10.2016.
2. Alkoholpolitisk plan for 2012 – til 2016 vert vidareført fram til 01.10.2016
3. Gjeldande salsløyver, for dei som har søkt om forlenging, vert vidareført fram til 01.10.2016
4. Gjeldande salsløyver, for dei som har søkt om forlenging, vert vidareført fram til 01.10.2016
5. Inndraging av skjenkeløyve skal handsamast i formannskapet.

Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova §§ 1-7 c, kapittel 3 og 4

Særutskrift:
Servicetorget for vidare ekspedering til:

- Alle skjenkestadane
- Alle salstadane
- Securitas
- Politiet

Vedlegg: 1. Alkoholpolitisk plan 2016-2020 – ny plan
2. Alkoholpolitisk plan 2012-2016
3. Vedtak gjort i utvala

Uprenta vedlegg:

Alkohollova
Alkoholforskrifta

Saksopplysningar:

Planen

Alkohollova § 1-7 d seier at kommunen skal ha ein alkoholpolitisk plan. Planen bør innehalde dei alkoholpolitiske måla og delmåla kommunen legg til grunn for alkoholpolitikken, samt verkemidla som skal nyttast for å nå måla. Eksempel på dette er å vurdere tak på sal- og skjenkestadar, opning- og skjenktider, konsept, m.m Planen skal saman med lovverket danne grunnlag for vidareføring eventuelt handsaming av nye løyve.

Formål med alkohollova er (alkohollova § 1-1): «*Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»*

I utarbeiding av planen har ein prøvd å ta omsyn til både næringsinteresser og sosial- og helsepolitiske omsyn.

Arbeidet med planen har skjedd i samarbeid med nabokommunane med mål om å utarbeide ein mest mogleg lik alkoholpolitikk.

Felles plan er ein fordel med tanke på:

- Like sal- og skjenketider for alle kommunane og dermed like vilkår for næringa.
- Trafikktryggande tiltak.
- Like vilkår ved tildeling av løyve.
- Samarbeid om opplæring av dei som har løyve.
- Like reaksjonar på brot.

Forslag til ny plan er lik på områda som gjeld gebyr, sal- og skjenketid og vilkår for dei ulike løyvetypane. Planen er også nesten heilt like på konsept og kva løyve som her kan verte gitt. Dei andre kommunane sine planer finn ein på dei ulike heimesidene.

Det har skjedd nokre endringar i alkohollova og alkoholforskrifta. Dei viktigaste er:

- Salstider, kap. 3 alkohollova (lov med sal av alkohol på valdagar)
- Løyveperioden, §1-6 alkohollova (kan bestemme at perioden ikkje skal opphøyre men gjelde vidare for ei ny periode på ***inntil*** 4 år med opphør seinast ***30. september***)
- Alkoholreklameforbodet, kap. 14 forskrifta
- Nytt prikktildelingssystem, kap. 10 forskrifta
- Nye krav til kontrollørar og kontroll av skjenkestad, kap. 5 og 9 forskrifta
- Auka gebyr for sals- og skjenking, kap. 6 forskrifta

Planen ein har i dag gjeld fram til 01.07.2016
Den nye planen skal gjelde komande løyveperiode. Løyveperioden er for 4 år og skal seinast opphøyre 30. september etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette betyr at ny plan kan gjelde frå 01.10.2016- 01.10.2020. Ved å ha plan som samsvarer med alkohollova og forskriftene vedkomande tid, vil ein ha ei periode frå 01.07.2016-01.10.2016 der ein ikkje har gjeldande planverk eller gjeldande vedtak for sal- og skjenkestadane.

Dette kan ordnast slik:

- Det vert gjort vedtak om at gjeldande plan skal gjelde for perioden 01.07.2016-30.09.2016
- Det vert gjort eit generelt vedtak om forlenging av gjeldande salsløyve for dei som har søkt om fornying
- Det vert gjort eit generelt vedtak om forlenging av gjeldande skjenkeløyve for dei som har søkt om fornying
- Nye søknader som kjem inn før 30.09.2016 vert handsama etter gamal plan med varighet til 01.10.2016 .

For skjenkestadane vil det vere gunstig å sleppe endringar i løyvet midt på sommaren som gjerne er sesong.

Det ein bør merke seg i den nye planen :

- Det er gjort endringar under konsept. Her er dette utvida i forhold til tidlegare med hudpleiesalongar/butikkar og liknande, undervisningsbygg, mosjonsarenaer, kulturbygg, bensinstasjonar og kioskar.
- Skjenketida er kortare enn for inneverande periode – lik dei andre kommunane i distriktet:
    - 30 min. kortare for varegruppe 1 og 2 inne (ny tid kl. 02.00)
    - 1 time kortare for varegruppe 3 inne (ny tid kl. 24.00)
    - 1 time kortare for uteservering (ny tid kl. 24.00)

- Det er opna for skjenking av alkohol i varegruppe 3 for løyve ved einskildhøve der arrangementet er retta imot matservering.
- Løyve ved einskildhøve er sett til maksimalt 5 dagar.
- Det er sett vilkår om at sal- og skjenkestadane skal vere med på kurs ansvarleg sal/ansvarleg vertskap når kommunen tilbyr dette.
- Ved brot på alkohollova er det nytt prikkbelastningssystem som er som fastsett i lovverket

Den nye planen slik den ligg føre er sendt ut på høyring til politi, NAV, ulike avdelingar i kommunen, ungdomsrådet og alle sal- og skjenkestadane. Høyringsfrist var sett til 01.05.2016.

Planen har også vore handsama i eldrerådet (planen vart teken til vidande og eldrerådet meiner det er ein god plan), komite for helse og omsorg (ingen merknad til planen og den vart teken til vitande) og komite for næring, kultur og idrett (. Planen vart teken til vidande).

Forslag til ny plan har i tillegg vore tilgjengeleg på nett og gjort kjent i lokalavisa og i sosiale media.

Det har ikkje kome merknader til planen.

Vinmonopolet har løve i kommunen, men er ikkje nemnd særskild i planen. Lovverket setter klare rammer for opningstider og kommunen har ikkje rolle i forhold til kontroll eller omsetting/skjenkeavgift. Kommunen skal gjere vedtak om talet på slike utsalstadar i kommunen. Dette vart gjort då Vinmonopolet vart etablert i kommunen og det har ikkje vore retta spørsmål om etablering av fleire utsalsstadar. Opningstidene til Vinmonopolet er lovfesta i alkohollova § 3-4 så lenge desse ikkje går utover fastsett salstider i kommunen.

Salsløyve har vore uendra dei siste åra og det er 9 butikkar med salsløyve i kommunen. Omsettinga ved butikkane har vore stabilt med litt auke frå 2011 og utover. Sist auke var på 1,82 %, det lågaste i perioden. Ved kontrollar har det vore lite avvik å melde til kommunen.

Talet på skjenkestadar har også vore stabilt. Den siste etableringa var Thon hotel for over 1 år sidan. Det er stor auke i omsetting ved skjenkestadane. Årsaka til dette ligg i heilårsdrift for hotellet i 2015. Auken var totalt på 44,75 %.
Ved kontrollar har det også på det jamne gjennom året vore lite merknader for skjenkestadane. Det har vore ei sak om inndraging fremja der hendingane er knytt til festival og ikkje normal drift.

Det ligg føre ein ny søknad om skjenkeløyve for nyetablering av restaurant.

Delegasjon:

Dette er delegert frå kommunestyret til rådmannen:

9.5.15 Alkohollova (06.06.89 nr. 27).

- *Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).*
- *Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).*
- *Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).*
- *Fastsetjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.*
- *Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)*
- *Saker etter alkohollova, som ligg innanfor rammer sett i alkoholpolitisk plan, vert delegert til rådmannen. Saker som fell utanfor planverket, prinsipielle saker, klagesaker og saker som etter alkohollova ikkje kan delegerast skal handsamast i kommunestyret* ***(K-sak 176/12).***

Formannskapet hadde eit ønskje om å vurdere delegasjon i denne type saker i samband med handsaming av alkoholpolitisk plan.

Slik det har vore sidan 2012 har alt unnateke ei sak om inndraging vore handsama administrativt. Årsaka til at den vart lagt fram politisk var at administrasjonen ønskte dette. Prikktildelingsystemet er heimla i lovverket der er det også sett kor lang ei inndragingsperioden skal vere etter gitte prikkar. Jfr. forskrift § 10-2

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:
Løyvepolitikken vil heilt klart ha innverknad på folkehelsa og har innverknad på barn og unge sine oppvekstvilkår. Det er derfor viktig at ein har eit bevisst forhold til dei val ein gjer for løyvepolitikken.

Sidan det ikkje har kome merknader til planen vert det innstilt på at planen vert vedteken som den ligg føre med verknadsdato frå 01.10.2016.


Sjølv om prikktildelingssystemet og inndragingsperioden er heimla i lov finn ein det rimeleg at administrasjonen sine vurdering av tildeling av prikkar vert handsama politisk. Ein legg derfor fram forslag om endring av delegasjonsreglementet på dette punktet. For å ha kortast mogleg sakshandsamingstid foreslår ein at det vert formannskapet som tek stilling til inndraging av løyve.

Fosnavåg, 31.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Wenche Moltu
Rådmann	Avd.leiar

ALKOHOLPOLITISK PLAN

2012-2016



HERØY KOMMUNE

1. Mål

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol slik at ein i størst mogleg grad begrenser samfunnsmessige og individuelle skader alkoholbruk kan medføre, deriblant begrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet (Målformulering i alkohollova).

Dette skal kommunen gjere ved å ha:
- felles sal- og skjenketider i regionen for å ha like vilkår i bransjen
- Vedtak i samsvar med lovverk og gjeldande plan i planperioden
- Jamlege kontrollar av løyva
- Prikkbelastning for brot på alkohollova og alkoholpolitisk handlingsplan.
- Lik praksis for reaksjonar ved brot i regionen.
- Opplæring til løyvehavar
- Felles løyvepolitikk for kommunane på søre sunnmøre
- Legge til rett for rusfrie samlingsplassar

2 . Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk.

Alkoholfri drikk; Inneheld under 0,7%
Alkoholsvak drikk; mellom 0,7 og 2,5%
Gruppe 1: Over 2,5 og høgast 4,7%
Gruppe 2: Over 4,7 og mindre enn 22%
Gruppe 3: Mellom 22 og 60%

Salsløyve gjeld berre gruppe 1. Skjenkeløyve gjeld gruppe 1,2 og 3.

3. Alminneleg skjenkeløyve

Det vert ikkje sett tak på talet på skjenkeløyve i kommunen. Tildeling av løyve skal skje med bakgrunn i konsept.

Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:
- Frisørsalongar
- Ungdomsdiskotek
- Idrettsarenaer
- Kafear/konditori
- Galleri og utstillingar
- Kultur og grendehus
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie

Mangelfull dokumentert søknad vert ikkje handsama.

3.1. Skjenketider

Skjenketidene vert for planperioden:

- Varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag - torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast, etter søknad.
- Varegruppe 3 : kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast, etter søknad.
- Driftskonsept hotell kan for varegruppe 1 og 2 ha starttid frå kl. 09.00
- Skjenketida vert sett til kl 02.30 i romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketid for uteareal gjeld gruppe 1, 2 og 3 (starttid 13.00) i tida fram til kl 1.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.
- For skjenkeareal som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Hotell kan få løyve til minibar på roma.
- Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut.

3.2 Vilkår

Ved tildeling av løyve skal det vurderast å sette vilkår for løyvet.

Skjenkestaden skal ha internkontrollrutinar, desse skal ligge ved søknad om løyve. For nye skjenkestader er det krav til at rutinene vert levert kommunen innan 1 mnd. etter at løyve er gitt.

I den grad kommunen tilbyr kurs i ansvarleg vertskap, vert det stilt krav om at den ansvarlege deltek i opplæringa.

Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet. Ordensvaktene skal vere godkjende.

4. Skjenkeløyve for enkelt anledning

Det kan gjevast alminneleg løyve for eit einskildhøve. Einskildhøve er opne arrangement knytt til eitt bestemt arrangement som er klart avgrensa i tid, og som ikkje varer lenger enn frå 1-6 dagar. Eksempel på arrangement er festivalar, konsertar og messer.

Det er eit krav at:
• Arrangementet må vere klart avgrensa
• Det vert ikkje gitt løyve til alkohol i gruppe 3
• Til løyve skal det vere ein styrar og ein stedfortredar
• kan verte gitt ved kultur og grendehus, elles gjeld unntaka som i pnkt 3.1
• Skjenketider er som for alminneleg løyve (Jfr. pnkt. 3.1)

5. Ambulerande skjenkeløyve.

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i slutta lag. Med slutta lag meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan

omfatte øl, vin og brennevin.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, Jfr. pnkt 3.1

6. Salsløyve

Det vert ikkje sett tak på salsløyve i kommunen. Løyve kan verte gitt til daglegvare-butikkar og gjeld varegruppe 1.

Mangelfull dokumentert søknad vert ikkje handsama.

Det vert ikkje gitt salsløyve til:
• kioskar
• bensinstasjonar

Alkoholhaldige varer skal vere betalte i salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa og fysisk tildekking utanom salstidene.

6.1. Salstider

Kvardagar: kl 09.00 og kl 20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar: kl 09.00 og kl 18.00.

6.2 Vilkår

Til salsløyvet kan det settast vilkår. Salsstaden skal levere ha internkontrollrutinar. Det er eit krav til at desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar vert det sett som vilkår at desse vert levert innan 1 mnd. etter oppstart.

I den grad kommunen tilbyr kurset ansvarleg sal, vert det stilt krav til at ansvarleg for salsstaden deltek i løpet av det fyrste driftsåret.

7. Kontroll med sal- og skjenkestader

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyva.
Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontroll ved skjenkestadane:
• 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stengetid. Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stengetid.
• Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.
Kontroll ved salsstadane:
• Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
• Maks kontroll er 3 butikkar pr. kontrolldag.

Kontrollane må vere organisert slik at det er ulike kontrollørar gjennom avtaleperioden.

Skjenkekontroll skal lysast ut på anbod kvart 4. år.

Det er ønskjeleg at politiet, kvelds- og nattpatruljar i helgane, utøvar stikkontrollar på dei ulike skjenkestadane som samlar mykje folk. Ved uro er det viktig at politiet nyttar sitt mynde til å gripe inn mot ulovleg tilhøve, eller at desse vert rapportert til kommunen.

7.1 Reaksjonar på brot på alkohollova

Tildeling av løyve er ei tillitserklæring og det vert forventa at løyvehavar held seg til gitt løyve og gjeldande lover og reglar.

Kommunen skal føre kontroll med utøving av løyvet. Kontroll er eit verkemiddel for å motverke uheldige utslag av alkoholbruk og uheldig forvalting av sal- og skjenkeløyva.

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og føresigbart reaksjonssystem i dei tilfelle alkohollova ikkje vert overhalde. Prikkbelastningssystemet dannar grunnlag for dette (Jfr. Vedlegg) og vil ved grovt brot eller fleire brot vil føre til inndraging av løyvet.

8. Sal og skjenkegebyr

Sal og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Løyvehavar betalar inn forskot sal- og skjenkeavgift til kommunen, minsteavgifta, i januar. Innbetalt forskot vert trekt ifrå ved endeleg oppgjer.
Sal og skjenkestadane sender inn årsoppgåve for omsetting så snart dette er klart etter nytt år og seinast 1. mars.

Minsteavgift pr. 01.01.2012:
- salsløyve kr. 1350,-
- minsteavgift skjenkeløyve kr. 4000,-

Ambulerande løyve har eit gebyr på kr. 280,- pr løyve.

I samband med løyve til einskildarrangement vert gebyrsatsen kr. 4000,- pr kalenderår for søkjar (minimumsbeløp for skjenkeløyve). I samband med arrangement der hovudsiktemålet ikkje er å tene pengar på sal av alkohol kan gebyret setjast til 500,- pr. gong.

Reaksjonar på brot på alkohollova og vilkår for løyve.

Interkommunale retningsliner for reaksjonar i høve brot på alkohollova for løyvehav-+|+arar:

1. Brot på alkohollova eller forskrift vert delt inn i 3 grupper:

1.1. Mindre alvorlege brot, 1 prikk
- Manglar alkoholfrie alternativ
- Manglar ved skjenkekart
- Brot på reglane om reklameforbod
- Brot på dei generelle reglane om opplæring av tilsette, der det er sett som vilkår for løyve.
- Manglande internkontroll og oppfølging av denne.

1.2. Alvorlege brot, 3prikkar
- Alkohol vert teke med utanfor godkjent skjenkeareal, eller det vert nytt medbrakt
- Det vert nytt alkohol i utsalslokale.
- Det vert gjeve alkoholservering ved bord der det oppheld seg openbart rusa person.
- Manglande innmelding frå løyvehavar om endringar med omsyn til ansvarlege for løyvet eller skifte av eigarskap.
- Skjenking/sal utover tillaten skjenketid / utsalstid
- Openbart rusa vert gjeve tilgang til skjenkestaden / vert ikkje vist ut før kontrolløren gjer merksam på tilhøvet.

1.3. Grove brot, 8 prikkar
- Det vert skjenkt /selt til openbart rusa person
- Det vert skjenkt /selt til eller av personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense
- Dersom det vert påvist gjenteken bruk og omsetnad av narkotika på skjenke- eller utsalsstaden.

1.5. Reaksjon
- 5 prikkar fører til inndraging av løyvet i 1 veke
- 8 prikkar fører til inndraging av løyve i 2 veker
- 10 prikkar fører til inndraging av løyve i 4 veker.
- 12 eller fleir prikkar fører til inndraging av løyve i 8 veker

2. Vesentlege brot på skatte- avgifts- og rekneskapslovgivinga fører til inndraging av løyve i ei periode på minimum 3 månadar allereie ved fyrste gongs brot.

3. Manglande innsending av revisorstadfesta omsetningsoppgåve og manglande betaling av løyvegebyr fører til at kommunestyret eller den kommunestyret delegerer til, kan inndra løye inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt.
   Omsettingsoppgåve skal vere levert til kommunen innan 01.03. kvart år.

4. Ved oppsummering av prikkbelastningar, er det summen av prikkar/brot i den einskilde rapport som vert lagt til grunn. Etter ei inndragingsperiode startar løyvehavar på nytt, utan prikkbelastning.

5. Rådmannen har fullmakt til å tildele prikkar etter gjeldande regelverk.

6. Iverksetjing av inndraging skal skje utan ugrunna opphald, etter at løyvehavar har fått høve til å uttale seg og saka er ferdig handsama.

7. Kommunen praktiserer ikkje oppsetjande verknad ved klage på vedtak.

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Servicetorget

Frå: Servicetorget

Saksnr	Arkivkode	Dato
2016/381	U60	16.03.2016

UTKAST TIL ALKOHOLPOLITISK PLAN

Planen vart lagt ut til offentleg ettersyn 15.03.2016 med høyringsfrist 01.05.2016.

Planen vert utsendt til

Med helsing

Wenche Moltu

ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

2016 – 2020

Høyringsfrist : 01.05.2016

1 Formål løyvepolitikk

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Det er særleg tenleg med:

- Felles retningsliner for sals - og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider og tilgjenge til alkohol. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

2. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er inntil 4 år og skal kan vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:

1. Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016
2. Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020

Vedtak vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova og delegasjonsreglementet i kommunen.

Sakshandsamarane i samarbeidskommunane skal ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte/samordne ulike problemstillingar i høve dette.

3. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	0,7%- 2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 % - høgast 4,7%
Gruppe 2	Over 4,7 % - høgast 22 %
Gruppe 3	Over 22 % - høgast 60 %

4. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Kommunen ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve. Kommunen tildeler løyve etter lov- og planverk.

4.1 Konsept

Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg
- Mosjon- og Idrettsarenaer
- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Kulturbygg- og grendehus
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Kioskar
- Arenaer som elles vert rekna som rusfrie

Det skal førast ein restrektiv line til nye konsept.

4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

Normal skjenketid:

- **varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- **varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er generell utvid**a** skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut, dette gjeld ikkje uteareal der alkohol må takast med inn i skjenkelokalet

4.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve.

Desse er:

- Skjenkestaden skal delta på første mulige kurs, ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.

- Internkontrollrutiner skal innleverast til kommunen seinast 1 mnd etter vedtak er gjort
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.

5. Alminneleg løyve ved einskildhøve.

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dg.

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar i samband med idrettsarrangement
- Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknade konsept

5.1 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve (jf 4.2), men løyve for varegruppe 3 vert kun gitt til arrangement retta imot matservering.

5.2 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår ved arrangement og normalt vil dette vere knytt til vakthald under arrangement,løyve til bruk av bygg/areal og tryggleik.

6. Ambulerande skjenkeløyve

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i slutta lag. Med slutta
lag meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, Jfr. pnkt 4.2

7. Tildeling av salsløyve

Det vert ikkje sett tak på salsløyve i kommunen. Løyve kan verte gitt til daglegvare-butikkar og gjeld varegruppe 1.

7.1. Salstider

Kvardagar	kl 09.00 og kl 20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar	kl 09.00 og kl 18.00

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa.

7.2 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve.

Desse er:

- Salstadane skal delta på første mulige kurs, ansvarleg sal, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.
- Internkontrollrutiner skal innleverast til kommunen seinast 1 mnd etter vedtak er gjort

8. Kontroll med sals- og skjenkestader

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyva.
Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifta, § 9.7.

Kontrollplan skjenkestadane:

- 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stengetid.
- Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stengetid.
- Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

Kontrollplan salsstadane:

- Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
- Maks kontroll er 3 butikkar pr. kontrolldag.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

8.2 Reaksjonar på brot på alkohollova

Det er kome nasjonale retningsliner for brot på alkohollova som vert nytta ved brot. Jf vedlegg.

9.Sals- og skjenkegebyr

Sal og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskildarrangement vert sett til kr. 1000,-.

Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Prikkar	Regelbrot
8	Sal og skjenking til mindreårige
	Brot på bistandsplikta
	Brot på kravet om forsvarleg drift
	Hindring av kontroll
4	Sal og skjenking til openbart påvirka person
	Brot på på reglane om sals- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til person mellom 18 og 20 år
	Brot på alderskrav for den som sel eller skjenkar alkoholhaldig drikk
2	Openbart påvirka person i lokalet
	Manglar ved internkontrollsystemet
	Konsum av medbrakt alkohol
	Gjestar tek med alkohol ut av skjenkearealet
	Manglende levering av omsetningsoppgåve og betaling av gebyr
	Brot på reglar om styrar og stadfortredar
	Brot på reklameforbodet
1	Diverse mindre brudd som:
	Brot på reglane om alkoholfrie alternativ
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
	Brot på reglane om skjenkemengd for brennevin
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m.

Dersom løyvehavar vert tildelt til saman 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal løyvet inndragast i 1 veke. Dersom det i løpet av toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande.

Tidspunktet for første regelbrotet skal leggast til grunn for utrekning av toårsperioden.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging av verksemd startar ny periode på overdragingstidspunktet.

Likearta brot avdekt ved same kontroll skal vurderast som eitt einskilt brot

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Servicetorget

Frå: Servicetorget

Saksnr	Arkivkode	Dato
2016/381	U60	01.06.2016

SØKNADAR OM NYTE SAL- OG SKJENKELØYVE

I samband med fornying av skjenkeløyve har desse søkt:

- Madelynn
- Thon hotel
- Fosnavåg brygge
- Neptun
- Young Hong

To løyvehavarar har ikkje søkt vidareføring. Det er ein ny skjenkestad under etablering som har søkt om nytt løyve.

Når det gjeld butikkane så har alle søkt om vidare salsløyve. Dette er:

- Handelshuset Nerlandsøy
- Coppbutikkane på Leikong, Moltu, Eggesbønes og i Tjørvåg
- Kiwi Eggesbønes og Kiwi Myrvåg
- Meny Fosnavåg
- Spar Fosnavåg

I tillegg har Vinmonopolet inne søknad.

Med helsing

Wenche
Moltu

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
122/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

KOMMUNEREFORM 2016 - ENDELEG VEDTAK

Tilråding:
Kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune	postboks 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	postboks 2520	6404 MOLDE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060 HAREID
Ulstein kommune	Postboks 143	6067 ULSTEINVIK
Sande kommune		6084 LARSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143 FISKÅ

Saksopplysningar:
Det vert vist til tidlegare kommunestyresaker om kommunereforma

- Kommunestyremøte 19.6.2014, K-sak 80/14
- Kommunestyremøte 17.12.2014, K-sak 170/14
- Kommunestyremøte 28.5.2015, K-sak 68/15
- Kommunestyremøte 25.6.2015, K-sak 84/15
- Kommunestyremøte 28.1.2016, K-sak 7/16
- Kommunestyremøte 28.1.2016, K-sak 8/16
- Kommunestyremøte 17.3.2016, K-sak 48/16
- Kommunestyremøte 28.4.2016, K-sak 55/16

Kommunefakta og prosess i kommunereforma


Grunndata

Herøy kommune ligg ytst ved ved kysten i den sørvestlege delen av Sunnmøre. Kommunen har eit samla areal på 120 km². Naturen og landskapet er variert og mangfaldig, prega av kystområde med øyar, holmar, fjordar og sund, men også med innslag av skog, myr og fjellområde. Kommunen omfattar fleire bebudde øyar som alle er knytt saman med brusamband. Fosnavåg er kommunesenter. I tillegg omfattar kommunen fleire bygder/mindre tettstader. Kommunen grensar i nordaust mot Ulstein og i sør mot Sande og Vanylven

Busettingsmønster i Herøy kommune er spredtbygd, men konsentrasjonen av innbyggjarar er i aksen mellom Frøystad til Kvalsund inkl. Leine. Her bur om lag 5.200 innbyggjarar. På Bergsøya aleine bur det 3.500 innbyggjarar.

Herøy har i dei seinare åra hatt relativt stabil eller svak vekst i folketalet. Frå 1986 var det registrert 8.069 innbyggjarar og per 1.1.2016 var folketalet på 8.972. Dei fleste innbyggjarane bur i eller rundt kommunesenteret Fosnavåg. Tal frå 2013 viser at 71,4 prosent av befolkninga i kommunen er busette i tettbygde område (mot 69,2 prosent for fylket samla). Kommunen har den siste 10-årsperioden (2006 - 2016) samla sett hatt vekst i folketalet på +7,0 prosent. Fødselsoverskotet i same periode er på +172 og nettoinnflytting er på +428. Innvandrarbefolkninga i prosent av det samla folketalet i kommunen utgjer om lag 11,8%.


Folketalsutviklinga 1986 - 2016 har vore slik grafen under viser.



Kommunen har veg- og ferjesamband nordover via Ulstein og Hareid – og austover mot Ørsta og Volda. Frå Hareid er det ferjesamband vidare til Sula og Ålesund - og hurtigbåtsamband til Giske til Ålesund Lufthavn Vigra. Mot aust gjennom den undersjøiske Eiksundtunnelen ligg Ørsta-Volda Lufthamn Hovden. Mot sør har kommunen vegsamband via Sande og Vanylven til Måløy og Nordfjordeid. Kommunen har daglege anløp av hurtigruta i Torvik.

Kommunen har ei samla arbeidsplassdekning på 91 prosent. Dette plasserer kommunen litt under gjennomsnittet for kommunane elles i fylket; jf. fylkesgjennomsnittet på 96 prosent. I 2014 hadde Herøy størst inn- og utpendling med Ulstein der 522 pendlar frå Herøy og 251 til Herøy. Sande og Hareid har til saman 193 personar som pendlar til Herøy og Herøy har 231 som pendlar frå kommunen til Sande og Hareid.

I følgje SSB sine statistikkar for Herøy i 2013 hadde kommunen ei utpendling på 1238 personar og ei innpendling på 831 personar. Det er i 2013 registrert 4475 sysselsett personar i Herøy kommune og det vil seie at utpendlinga frå kommunen utgjer om lag 27% av den totale arbeidsstokken busett i kommunen.



Hovudstraumar, inn- og utpendling (statistikk frå www.mrfylke.no)

Næringslivet i Herøy er rekna som «et sterkt, solid og internasjonalt orientert næringsliv, med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljøer knyttet til fiskeriene, offshorevirksomheten, den maritime industrien og shipping».

Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (science, technology, engineering and mathematics) og innanfor administrasjon og leiing.

Herøy kommune er saman med elleve andre kommunar på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla Maritimt Møre. Kommunane som er ein del av Maritimt Møre er Vestnes, Haram, Sula, Giske, Ålesund, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven og det er her den

maritime klynga har sitt tyngdepunkt. Den maritime klynga på Sunnmøre har eit breitt samansett næringsliv med ulike typar kundar og næringsorientering som nyt godt av samspeleffektar, utnytting av stordriftsfordelar, ein god ressursbase i ein godt utvikla arbeidsmarknad. Dette er med å gjere den maritime klynga til ei sterk og robust klynge med gunstige kommunikasjonar og evne til å rekruttere kompetent arbeidskraft

Prosess
Herøy kommune vedtok 19.6.2014 å delta i lokale og regionale prosessar i samband med kommunereforma. Kommunen skulle ha samtalar og sonderingar med dei andre kommunane på søre Sunnmøre om kommunestruktur. Dette har blitt følgt opp og kommunen har delteke både i lokale og regionale fora der kommunereforma har vore tema. Herøy kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og oppnemnde 17.12.2014 styringsgruppe og prosjektgruppe, seinare også eiga arbeidsgruppe med brei deltaking.

Kommunestyret gjorde formelt retningsval 28.januar 2016, og gav forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram to intensjonsavtalar; med Sande og mellom kommunane på ytre søre Sunnmøre, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Det vart aldri framforhandla intensjonsavtale med Sande aleine.

Administrativt har rådmannen si leiargruppe og hovudtillitsvalde vore involverte tidleg gjennom ei SWOT-analyse. Resultatet av denne vart lagt fram for Formannskap og Kommunestyre. Rådmann og økonomileiar saman med deltakarar frå det politiske nivået gjennomførte eit SWOT-analyse saman med dei fire andre kommunane på Sæbø 3.12 og 4.12.2015(sjå møteoversikt under for Runde kommune).

Det har vore gjennomført eigne nabopratar med Sande, Ulstein og Hareid.

<u>Prosess med intensjonsavtale for Runde kommune:</u>
- SWOT-analyse (formannskap, kommuneleiing): 3-4.12.15, Sæbø
- Sonderingsmøter: 15/12, 6/1
- Styringsgruppa: Møter 6/1, 25/1, 1/2, 8/2, 12/2, 22/2, 29/2.
- Forhandlingsmøter: 27/1, 4/3, 7/3, 11/3, 30/3. Signert avtale 30. mars 2016.

Arbeidet har vore gjennomført i stor grad av administrativ leiing og kontaktperson for fylkesmannen. Rådmann og kontaktperson har innhenta kunnskap og førebudd saker for politisk handsaming. Resultatet av folkerøystinga samsvarar i stor grad med det som har vore ytra frå politisk side i kommunen. Ein kan såleis påstå at den politiske leiinga er godt samstemt med innbyggjarane sine meiningar.

Resultat av prosess
<u>Innbyggarundersøking 2014</u>

Sentio gjennomførte på vegne av Sunnmøre regionråd ei innbyggjarundersøking i kommunane på Sunnmøre i september 2014, der det m.a. vart spurt om innbyggarane si haldning til kommunesamanslåing og preferansar med omsyn til kven ein ev. vil slå seg saman med. Undersøkinga viste følgjande resultat: (svar i prosent av dei spurde):

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos. til samansl. m/ Herøy	Pos. til samansl. m/ Sande	Pos. til samansl. m/ Vanylven	Pos. til samansl. m/ Ulstein	Pos. til samansl. m/ Hareid	Pos. til samansl. m/ Volda	Pos. til samansl. m/ Ørsta
Herøy	**63**	**-**	**73**	**10**	**65**	**42**	**9**	**10**

Sande	75	68	-	24	46	44	14	13
Vanylven	90	48	53	-	50	32	32	24
Ulstein	69	48	33	10	-	92	12	14
Hareid	78	20	19	4	91	-	11	11
Volda	68	12	8	12	13	11	-	86
Ørsta	78	10	9	9	19	17	94	-

Som statistikken frå spørjeundersøkinga viser er det Sande og Ulstein som peikar seg ut av respondentane som aktuelle kommunar å slå seg saman med over 50%. Det vart også svart frå respondentane at 33% ville halde på dagens organisering.

Innbyggarundersøking 2015

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos. til samansl. m/ Herøy	Pos. til samansl. m/ Sande	Pos. til samansl. m/ Vanylven	Pos. til samansl. m/ Ulstein	Pos. til samansl. m/ Hareid	Pos. til samansl. m/ Volda	Pos. til samansl. m/ Ørsta
Herøy	**47**	**-**	**69**	**19**	**46**	**28**	**16**	**17**
Sande	64	72	-	21	42	40	9	11
Vanylven	62	32	50	-	42	24	25	19
Ulstein	70	47	33	16	-	91	20	19
Hareid	68	30	28	8	78	-	9	9
Volda	69	10	7	10	10	9	-	86
Ørsta	46	5	4	4	7	6	93	-

I undersøkinga vart det stil spørsmål om kommunen bør slåast saman med en eller fleire av nabokommunane, slå saman heile Sunnmøre eller vere organisert som i dag.

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Samanslåing med ein eller fleire nabokommunar:	59%	38%	49%
Vere organisert som i dag	33%	50%	40%

Dersom kommunesamanslåing, vil den nye kommunen vil løyse fylgjande oppgåver betre eller dårlegare samanlikna med kommunen i dag:
0 = mykje dårlegare og 100 = mykje betre

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Politisk styring:	55	46	52
Innbyggarmedverknad:	52	46	46
Helsetenester:	59	56	56
Eldreomsorg:	55	49	52
Barnehagetilbod:	58	52	54
Skule og SFO:	56	54	53
Byggesakshandsaming:	51	48	52

Dersom samanslåing, kor viktig meinar du plassering av rådhuset i ei ny kommune er – kor viktig for deg vil namn på den nye kommunen vere?
0 = ikkje viktig og 100 = svært viktig

	2014	2015	Sunnmøre totalt
Plassering av rådhus i ny kommune:	61	70	55
Namn på den nye kommunen:	51	55	44

Innbyggarundersøkinga frå 2015 viser mellom anna desse signala:

- For Søre Sunnmøre er det blitt meir skepsis til kommunesamanslåing i dei aller fleste kommunane, jf. tabellen over. Herøy har gått tilbake frå 63% til 47%.

- Deltakarane i undersøkinga trur det vil vere om lag lik kvalitet på samtlege tenester med ny kommuneorganisering samanlikna med dagens organisering.
- Det viser seg langt viktigare å behalde rådhus og kommunenamn for innbyggarane i Herøy enn i nabokommunane.
- Det er om lag gjensidig interesse mellom innbyggarane i Sande og Herøy for å gå saman i ei ny kommune med henholdsvis 72% og 69% som er for samanslåing. For Ulstein og Herøy er det også gjensidig interesse for å gå saman i ei ny kommune, men klart færre med henholdsvis 47% og 46%.

Resultat frå ungdomsundersøking desember 2015

Det vart i desember 2015 gjennomført spørjeundersøking blant ungdomskuleelevane i Herøy kommune om kommunereforma. Dei fekk på førehand kjennskap til signala frå nasjonalt og regionalt hald og bakgrunnen for samanslåinga. Kommunen fekk svar frå 180 elevar fordelt på 8., 9. og 10.klasse.

- Resultat frå spørjeundersøkinga viser at dei aller fleste meinar Herøy bør vere organisert som i dag 74%.
- Sande vert sett som næraste alternativ dersom Herøy vart tvinga til å slå seg saman med nokon (52%). Sekundært ser dei til Ulstein som alternativ med 32%.
- Ungdomen meinar det vil vere viktig kvar rådhuset ligg (66%) og kva kommunen skal heite (82%).

Resultat frå folkerøystinga

Det vart gjennomført folkerøysting 19.5.2016 der det låg føre fire alternativ:

Alternativ	Førehands-røysting	Møre barne og ungdomskule	Stokksund skule	Einedalen skule	Herøy kulturhus	Framande Røyster	Samla for alle krinsar
Herøy som no	409	87	123	327	658	94	**1698**
Runde kommune	91	122	77	43	103	17	**453**
Herøy og Sande	102	53	62	97	166	26	**506**
Blank	5	6	5	7	17	0	**40**

Valdeltakinga var på 39%.

- Herøy som eigen kommune: 63,0 %
- Herøy slår seg saman med Sande: 18,9 %*
- Runde kommune: 16,8 %
- Blanke røyster: 1,5 %

Det vart gjennomført folkemøte 19.4. og 21.4.2016 som førebuing til valet.

Vurdering av kommunen

Herøy kommune gjennomførte saman med dei fire andre kommunane SWOT-analyse på Sæbø 3.12. – 4.12.2015 der kommunen skulle vurdere seg sjølv som «tenesteutøvar», «tenesteprodusent og utøving av mynde», «demokrati og styringsform» og «økonomi». Svara frå Herøy som vart gjeve då er i stor grad lagt til grunn i den fylgjande oppsummeringa.

Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar
Herøy leverer gode tenester til brukarane i kommunen med dyktige og pliktoppfyllande tilsette. Kommunen leverer generelt god sakshandsaming og har få pålegg/avvik og tilsyn frå regionale og statlege kontrollorgan.

Kommunen har stor plankapasitet med stor juridisk kompetanse på fleire avdelingar i organisasjonen.

Kommunen nyt også godt av eit godt leiarteam og har ei god leiaropplæring.

I forhold til legerekruttering har Herøy utfordringar med å tilsette legar i alle stillingane. Kommunen opplever også utfordringar innan IKT og eigedomsforvaltning. Nokre fagområde kan såleis seinast å vere små og sårbare.

Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggarane
Dette punktet vert sett i samanheng med «kommunen si rolle som tenesteutøvar». Oppsummert har kommunen har stor juridisk kompetanse i kommunen og sakshandsamarane har tilstrekkeleg distanse til innbyggarane slik at alle innbyggarar skal få lik behandling i kommunen.

Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar
Rolla som samfunnsutviklar er utfordrande, men kommunen har høg kompetanse og kapasitet innan dei aktuelle fagområda for å vere trygg på rolla som samfunnsutviklar. Kommunen har eit godt samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar som bidreg i fellesskap til utvikling av lokalsamfunnet. Det er også sterk politisk deltaking i utviklingsprosjekt. Byutviklingsprosjektet i Fosnavåg kan nemnast som det ferskaste eksempelet på felles planlegging med sterk politisk deltaking.

Sjølv om kommunen har rolle som samfunnsutviklar i alle delar av kommune der ein kan vise til utvikling og tilrettelegging har ein utfordringar knytt til sentrum – periferiproblematikk og felles indentitetskjensle.

Vurdering av kommunen som demokratisk arena
Kommunen som demokratisk arena må seiast å vere god. Kommunestyret har god representasjon frå heile kommunen med god kjønnsfordeling, alderssamansetting og engasjerte politikarar. Det er også lett for publikum å ta kontakt med politikarane i saker som engasjerer. Det er mange folkevalde involverte i avgjersler som vert tekne. Med ei mellomstorkommune med rundt 9.000 innbyggarar føler også politikarane at dei har ei god oversikt over kommunen.

Likevel har den politiske nivået utfordringar knytt til heilskapstenking då det fort kan verte detaljfokus i enkeltsaker. Mange politikarar har også særinteresser som dei er engasjert i, men som kanskje ikkje er like interessert i heile det politiske feltet. Spørsmål knytt til habilitet kan også vere ei utfordring i enkeltsaker.

Som for mange andre kommunar er også valdeltakinga på veg ned og det er uklart om dette skuldast manglande engasjement frå innbyggarane eller andre faktorar.

Vurdering av økonomisk status og utvikling
Vurder eigen kommune si økonomiske status og utvikling i lys av framtida sine utfordringar?

Herøy kommune er prisgitt dei inntektsrammene som regjeringa/stortinget set. Dersom dei økonomiske overføringane vert redusert må kommunen ty til eigedomsskatt skal ein halde fram med det tenestetilbodet kommunen har i dag. Skatteinntektene i Herøy kommune er også vanskeleg å forutsjå då det kan vere store svingingar i det private næringslivet der store aktørar innan offshore og fiskeri har hatt og har ei utfordrande periode.

Er kommunen din bærekraftig og økonomisk robust ?
Herøy sin økonomi er berekraftig. Ein har klart seg godt med avgrensa ressursar i fleire år, men storleiken på kommunen sine fond gjer at ein ikkje kan takle økonomisk dårlegare vilkår i meir enn eit år eller to. Herøy kommune har effektiv drift og einingane er flinke til å halde tildelte rammer.

Vurdere eigen kommune sin handlefridom – framtidig investeringsbehov, ROBEK osv…
Handlefridomen til kommunen er avgrensa. Mykje av dette skuldast manglande langsiktig tenking frå høgare hald. I tillegg vert dei økonomiske rammene stadig redusert enten gjennom mindre statlege overføringar og/eller trekk av skjønsmidlar utført av fylkesmannen. Statlege pålegg gjer at investeringsbehovet framleis er stort, men om ein har økonomi til å gjennomføre dei står att å sjå. Valet kan bli enten å bygge eller å betale ulike dagbøter gitt av statlege kontrollstyresmakter (arbeidstilsynet etc). Det er ikkje noko som taler for eit snarleg medlemsskap i ROBEK – og Herøy kommune er no ei av få kommunane som enno ikkje har tatt i bruk eigedomsskatt som mogeleg inntektskjelde.

Kommunen har også RDA-ordninga som er med å gir moglegheiter for samfunnsutvikling som kjem innbyggarane til gode. Ordninga varer førebels fram til 2019.

Vurdering og konklusjon:
Med bakgrunn i folkerøystinga 19.5.2016 og to innbyggjarundersøkingar hhv. 2014 og 2015 og ei ungdomsundersøking rår rådmannen til at kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune.

Fosnavåg, 06.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/202 614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/16	Komite for Helse og omsorg	19.05.2016
11/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
123/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016
25/16	Komite for Helse og omsorg	02.06.2016

PROSJEKT 61504 - HERØY RESSURSSENTER - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.06.2016

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy ressurssenter, utbyggingsalternativ 1.

2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte forutsatt naudsynt finansiering.

Tilråding:

4. **Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy ressurssenter, utbyggingsalternativ 1.**

5. **Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.**

6. **Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte forutsatt naudsynt finansiering.**

Særutskrift:
Eigedomsavdelinga
Bu- og habiliteringsavdelinga
Barn, familie og helseavdelinga
Pleie- og omsorgsavdelinga
Økonomiavdelinga
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Hovudverneombodet
Herøy vidaregåande skule, Lisjebøvegen 4, 6091 Fosnavåg
Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 61504 – Herøy ressurssenter – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 61504 – Herøy ressurssenter.

Bakgrunn
Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

> *Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:*
>
> - *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
> - *Herøy ressurssenter*
> - *Nedre Dragsund 2*
> - *Bergsøy skule*
> - *Fosnavåg driftsbase*
> - *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for Herøy ressurssenter fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram
Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 61504 - Herøy ressurssenter
Herøy ressurssenter er som prosjekt også kjent som «Samlokalisering av dagtilbod».

Dagtilboda for menneske med nedsett funksjonsevne er i dag delt mellom aktivitetstilboda ved Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa. Aktivitetstilbodet er geografisk fragmentert og dekker berre deler av det reelle aktivitetsbehov i kommunen. Dei bygningsmessige fasilitetane er også svært mangelfulle, både funksjonelt og byggteknisk. Prosjektet har difor vore etterlengta i mange år.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med bu- og habiliteringsavdelinga, herunder dei tilsette og verneombodet for Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa. Herøy vidaregåande skule har også uttalt seg til programmet som ein viktig samarbeidspartnar for ulike brukargrupper i overgangen mellom utdanning og vaksenlivet.

Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ:

Utbyggingsalternativ 1
Utbyggingsalternativ 1 omhandler utbygging av Herøy ressurssenter, ei samlokalisering av det som i dag er eit fragmentert dagtilbod i eitt nytt og utvida aktivitetstilbod.

Begrepet ressurssenter er valgt for å definerer grunntanken bak prosjektet: at aktivitetstilbodet skal stimulere den einskilde brukar til å leite fram sin ressurs og nytte denne for å løyse arbeidsoppgåver som allereie finnes, anten i kommunal tenesteproduksjon eller i samarbeid med private.

Utbyggingsalternativ 1 har eit arealmessig større omfang enn utbyggingsalternativ 2 då ein ynskjer å legge til rette for nye funksjonar som kan bidra til ovannemnde målsetting. Det er såleis lagt inn fleire funksjonar i Ressurssenteret som kommunen pr i dag ikkje tilbyr. Dette omfattar særleg:

- Verkstadlokalitetar
- Treningskjøkken / arbeidskjøkken / kantine
- Vaskeri
- Gartnertenester
- Sansefunksjonar

Ovannemnde funksjonar er meint å bidra til at ressurssenteret mellom anna skal kunne tilby tenester til kommunale einingar og private verksemder, eksempelvis:

- Vaskeritenester
- Gartnertenester
- Andre mindre vedlikehaldsoppgåver

Ved utarbeidinga av byggeprogrammet har eigedomsavdelinga lagt vekt på at prosjektet må løyse dei byggtekniske utfordringar brukarane opplever i dag. I tillegg til generelle bygningsmessige feil og manglar omfattar dette særleg utbetring av:

- Personalfunksjonar
- Andre funksjonar knytt til drift, atkomst og logistikk

Herøy ressurssenter er såleis noko meir enn samlokalisering av dagtilbod. Det inneber at Herøy kommune løyser kjente utfordringar på ein ny måte. Dei bygningsmessige tiltaka er viktige nok, men prosjektet føreset også at Herøy kommune som organisasjon samarbeidar på ein ny måte for å realisere prosjektets ide.

Dei generelle arealkrava inneber at noverande lokalitetar stettar dei behov eit ressurssenter utløyser. Men ressurssenteret som ide krev også at prosjektet vert etablert på alternativ lokasjon. Utbyggingsalternativ 1 inneber såleis at prosjektet vert etablert på kommunal eigedom ved Herøy helsesenter. Tomta er ubebygd og regulert til offentleg føremål og vurderast difor som byggeklar.

Ei etablering av eit ressurssenter ved Herøy helsesenter inneber at Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa vert avvikla. Dette inneber at eksisterande lokalitetar kan frigjevast til andre føremål. Eigedomsavdelinga peikar i den samaneheng særleg på fylgjande:

- Herøy produksjon- tomta kan anten nyttast til andre kommunale føremål eller selgast til private aktørar. Ein eventuell salsgevinsten kan bidra til finansieringa av ressurssenteret.

- Aktivietssenteret og Vaksenopplæringa held til i Sjukeheimsvegen 10. Frigjeving av desse lokala inneber at prosjekt 61604 – Ny hovudbrannstasjon og driftsbase – kan ta desse areala og grunneigedomen til vurdering.

<u>Utbyggingsalternativ 2</u>

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar primært ei samlokalisering av eksisterande dagtilbod i eitt nytt og samla aktivitetstilbod.

Samlokalisering av dagtilbod inneber at gjeldande aktivitetstilbod består utan at brukargrupper som i dag fell utanfor får stetta sitt behov. Byggeprogrammet inneber fyrst og fremst at byggtekniske utfordringar vert løyst gjennom eit nybygg på tomta for Herøy produksjon.

Administrasjonen føreset at Herøy produksjon som verksemd består i byggefasen. Sett i samanheng med arealkrava for eit samla aktivitetstilbod og den tekniske tilstanden for eksisterande bygningsmasse, inneber alternativ 2 at eksisterande lokale må rivast og at verksemda må etablerast i mellombelse lokale i byggetida. Administrasjonen har ikkje lukkast med å finne alternative lokale og vurderer det heller ikkje som eit tilrådeleg alternativ verken for brukarane eller i ei kost/nyttevurdering. Byggetomta må også omregulerast før utbygging.

Samla sett inneber utbyggingsalternativ 2 eit dårlegare tilbod til brukarane i tillegg til at framdrifta vert styrt av framdrifta for ei omregulering av utbyggingstomta samt etableringa av mellombels aktivitetstilbod for brukarane.

Vidare prosess
Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for dei ulike utbyggingsalternativ i byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Herøy ressurssenter, utbyggingsalternativ 1.

Samlokalisering av dagtilboda har vore eit etterlengta prosjekt i mange år. Når prosjektet eventuelt skal realiserast, meiner difor rådmannen det er viktig å legge til rette for eit prosjekt som er både framtidsretta og nytenkande. Ei realisering av ressurssenteret som ide kan såleis innebere at kjente arbeidsoppgåver løysast av unytta personressursar og såleis tene både den einskilde si utvikling og samfunnets behov.

Konsekvensar for folkehelse:
Folkehelsa er avhengig av den einskilde sitt menneskeverd. Den einskilde sitt menneskeverd er avhengig av tilrettelegging og stimulering.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:
Ingen særskilt konsekvens.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Robert Myklebust Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

HERØY KOMMUNE

HERØY RESSURSSENTER

BYGGEPROGRAM

Godkjent av Kommunestyret i K-sak xx/16

1 INNLEIING

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

2 PROSJEKTFORMÅL


Herøy kommune sitt dagtilbod til personar med nedsett funksjonsevne er delt mellom Herøy produksjon, Aktivitetssenteret og Vaksenopplæringa som tre geografisk spreidde einingar.

Utbyggingsalternativ 1
Prosjektet omhandler utbygging av Herøy ressurssenter, ei samlokalisering av det som i dag er eit fragmentert dagtilbod i eitt nytt og utvida aktivitetstilbod.

Utbyggingsalternativ 2
Prosjektet omhandler samlokalisering av det som pr i dag er eit fragmentert dagtilbod i eit nytt og samla aktivitetstilbod.

3 ORGANISERING

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:




INFORMASJONSFLYT
All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande og kommunen vedrørande prosjektet skal gå via prosjektleiar som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, tenesteytande avdeling, brukargrupper og andre interessegrupper.

4 ALTERNATIV 1: GRUNNEIGEDOM

Byggeprosjektet skal byggast ut på kommunens eigedom gnr. 38 bnr. 230 mm:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomen er ubebygd.

NABOLAG


Utbyggingseigedomen ligg sentralt på Eggesbønes på Bergsøy, i eit etablert nærings- og buområde med kort avstand til daglegvarebutikkar, anna handelstilbod , private og kommunale bueiningar samt Herøy helse- og omsorgssenter.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

4 ALTERNATIV 2: GRUNNEIGEDOM

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på kommunens eigedom gnr. 37 bnr. 325 mm:



REGULERINGSPLAN
Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK
Utbyggingseigedomen er delvis bebygd og i dag nytta som lokale for Herøy produksjon.

NABOLAG
Utbyggingseigedomen ligg sentralt på Eggesbønes på Bergsøy, i eit etablert nærings- og buområde med kort avstand til daglegvarebutikkar, anna handelstilbod og private og kommunale bueiningar.

GRUNNFORHOLD
Grunnforhold er ikkje vurdert.

5 OVERORDNA FØRINGAR

ATKOMST

Tomtealternativ 1
Hovudadkomst til prosjektet etablerast via kommuneveg Eggesbøvegen.

Atkomst for gåande etablerast via eksisterande gangvegnett og med eventuell kryssing av Eggesbøvegen til parkeringsplass ved Herøy helsesenter.

Tomtealternativ 2
Hovudadkomst til prosjektet etablerast via kommuneveg Kvithaugsmyra.

Atkomst for gåande etablerast via eksisterande gangvegforbindelse mellom Kvithaugsmyra og Toftestøvegen.

PARKERING

Tomtealternativ 1
Parkering etablerast gjennom utviding av eksisterande parkeringsplass for Herøy helsesenter ved Eggesbøvegen.

Tomtealternativ 2
Det skal etablerast felles parkering for prosjektet og eksisterande kommunale utleigebustadar i Kvithaugsmyra 4.

BEBYGGELSE

Tomtealternativ 1
Prosjektet skal byggast som eit sjølvstendig bygg.

Tomtealternativ 2
Prosjektet skal byggast som eit sjølvstendig bygg.

Eksisterande bebyggelse på utbyggingstomta skal rivast. Som del av prosjektet skal det difor etablerast mellombels aktivitetstilbod for Herøy produksjon på alternativ lokasjon inntil prosjektet er overlevert til ordinær drift.

Som del av prosjektet skal også gangforbindelsen mellom prosjektet og kommunens utleigebustadar Kvithaugsmyra 4, Toftestøvegen 11 og Øvre Myklebust 1 utbetrast for å betre tilkomst for rullestolbrukarar til prosjektet.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Tomtealternativ 1
Nybygget skal harmonere arkitektonisk med Herøy helsesenter, byggetrinn 2.

Tomtealternativ 2
Nybygget skal harmonere arkitektonisk med kommunens utleigebustad Toftestøvegen 11.

GRENSESNITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Ingen særskilte merknader.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Prosjektet skal generelt tilstrebe arealeffektivitet, sambruk og fleksibilitet og i størst mogleg grad unngå døareal i form av korridorar, trapper mm.

6 FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

6.2 ALTERNATIV 1: HERØY RESSURSSENTER

Herøy ressurssenter utløyser slike funksjons- og arealkrav:

AKTIVITETSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Produksjonshall	01	300	300	Soneinndeling: Maskineringsareal, monteringsareal, materiallager.
Verkstad	01	70	70	Hageutstyr, grasklipper, måkeutstyr. Krav til utvendig direkte atkomst.
Digitaliseringsrom	01	40	40	For digitalisering av bilder, film o.l
Aktivitetsrom gruppe	01	50	50	For malegrupper, handverksaktivitetar, teater mm. Krav til separat luftavtrekk.
Aktivitetsrom person	03	20	60	For individuell oppfølging.
Undervisningsrom	01	70	70	For 30 personar. Må kunne delast i 2 like delar.
Treningskjøkken	01	25	25	Fullverdig kjøkken med alle fasilitetar.
Arbeidskjøkken / kantinekjøkken	01	60	60	Må gi rom for å arbeide i fleire soner av kjøkkenet avhengig av brukargruppa. Driftskjøkken til produksjon for sal. Sambruk mellom opplæring etter opplæringslova og kjøkken i form av aktivitet etter helse og omsorgstenestelova. (Frå skule til jobb.)
Kjølerom	01	04	04	Del av kjøkken
Fryserom	01	04	04	Del av kjøkken
Grovvaskeri	01	30	30	Vaskeri for grove tekstiler (matter, tepper o.l). Krav til god lydisolering.
Finvaskeri	01	30	30	Vaskeritjenester for fine tekstiler (dukar, kle o.l)

SUM NTA	**-**	**-**	**743**	**-**

SANSEFUNKSJONAR

Sanseavdelinga skal kunne nyttast også av andre brukarar enn primærbrukarane av ressurssenteret og skal nyttast i terapeutisk øyemed. Må ha eigen inngang.

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Sanserom - grønt	01	50	50	Krav til takheis (travers). For fysisk trening, ballbasseng osv.
Sanserom - gult	01	25	25	Krav til takheis (travers). Plass til hjelpemiddel ift. musikkaktivitetar/opplæring individuelt og i mindre grupper.
Sanserom - kvitt	01	40	40	Krav til takheis (travers). Plass til vannseng, gynge, vibrostol osv. Krav til lydisolering. Ikkje krav til dagslys.
Sanserom - blått	01	30	30	Krav til takheis (travers). Krav til lydisolering. Ikkje krav til dagslys.
SUM NTA	**-**	-	**145**	**-**

GARDEROBEFUNKSJONAR FOR BRUKARANE

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Stellerom HC	2	15	30	Krav til dusj
SUM NTA			**30**	

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kafèrom / pauserom	1	70	70	For brukarar og tilsette med plass til sofaer og stolar/bord i tilknytning til kjøkkenet. Må kunne fungere som kafè, lunsjrom for brukarane,sofagruppe, sosiale tilstelninger på dag og ettermiddagstid. Må kunne delast i 2 like delar.

Grovgarderobe	1	20	20	For 20 personar. For urein ytterbekledning.
Fingarderobe	1	20	20	For 20 personar.
Toalett HC	2	06	12	
SUM NTA	-	-	**122**	

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kontor	05	10	50	Produksjonsleiar, avdelingsleiar, lærar
Fleirbrukskontor	01	20	20	Fire arbeidsstasjonar for miljøarbeidarar
Kopirom	01	10	10	For kopimaskin, makuleringsmaskin mm.
Personaltoalett	02	02	04	
SUM NTA	-	-	**84**	

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	30	30	VVS, el-, tele- og automatosjon,. IKT
Tavlerom	01	01	01	
Reinhaldssentral	01	15	15	Kvadratisk utforming. Vogner, koster/skaft, moppemaskin inkl. lokasse, kjøleskap, benk, vask, blandebatteri hurtigkopling, avlaupsbrønn i golv. Dør slår ut. Låsbart skap. Laddestasjon for reinhaldsmaskiner.
Bøttekott	01	02	02	Dør må slå ut. Utslagsvask. Hyller/reol på vegg. Sluk på gulv.
Lager -	01	10	10	Lager for toalettpapir, tørkepapir mm. 2 m. breidde. Det kan vere mulig å lagre andre rekvisittar her også. Dør må slå ut.
Lager - hjelpemiddel	01	30	30	For elektriske hjelpemiddel. Krav til ladefunksjon. Dør må slå ut.
Avfallsrom	01	10	10	Kjøling. Sluk i golv. Tilkomst frå utvendig port

				1500 mm.
SUM NTA	**-**		**98**	**-**

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	1	-	-	Det må vere ein tydeleg inngang til sanserom.
Personalinngang	1	-	-	
Trapp / trapperom	1	-	-	
Heis / heisrom	1	-	-	
Varelevering	1	-	-	
SUM NTA	**-**	**-**	**-**	**-**

UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalparkering	20	20	400	
Gjesteparkering	8	20	160	
Materiallager	1	-	-	For material og ferdige produkt i direkte tilknytning til produksjonshall.
Aktivitetsareal	1	-	-	For utandørs aktivitetar (grilling, sommarfest).
SUM	**-**	**-**	**560**	**-**

6.2	ALTERNATIV 2: SAMLOKALISERING AV DAGTILBOD

Samlokalisering av dagfunksjonar utløyser slike funksjons- og arealkrav:

AKTIVITETSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Produksjonshall	01	300	300	Soneinndeling: Maskineringsareal, monteringsareal, materiallager.
Verkstad	01	70	70	Hageutstyr, grasklipper, måkeutstyr. Krav til utvendig direkte atkomst.
Digitaliseringsrom	01	40	40	For digitalisering av bilder, film o.l
Aktivitetsrom gruppe	01	50	50	For malegrupper, handverksaktivitetar, teater mm. Krav til separat luftavtrekk.
Aktivitetsrom person	03	20	60	For individuelle aktivitetar.
Undervisningsrom	01	70	70	For 30 personar. Må kunne delast i 2 like delar.
Treningskjøkken	1	25	25	Fullverdig kjøkken med alle fasilitetar.
SUM NTA	-	-	**615**	-

GARDEROBEFUNKSJONAR FOR BRUKARANE

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Stellerom HC	02	15	30	Krav til dusj
SUM NTA	-	-	**30**	

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Pauserom	01	30	30	For 15 personar. Brukarar og tilsette. Tekjøkken.
Grovgarderobe	01	20	20	For 20 brukarar. Urein ytterbekledning.
Fingarderobe	1	20	20	For 20 brukarar.
Toalett HC	02	06	12	
SUM NTA	-		**30**	-

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kontor	05	10	50	Produksjonsleiar, avdelingsleiarar, andre
Fleirbrukskontor	01	20	20	Fire arbeidsstasjonar for miljøarbeidarar
Kopirom	01	12	12	For kopimaskin, makuleringsmaskin mm.
Personaltoalett	02	02	04	
SUM NTA	-		**84**	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	30	30	VVS, El, tele- og automasjon og IKT.
Tavlerom	01	01	01	
Reinhaldssentral	01	15	15	Kvadratisk utforming. Vogner, koster/skaft, moppemaskin inkl. lokasse, kjøleskap, benk, vask, blandebatteri hurtigkopling, avlaupsbrønn i golv. Dør slår ut. Låsbart skap. Laddestasjon for reinhaldsmaskiner.
Lager	01	10	10	Lager for toalettpapir, tørkepapir mm. 2 m. breidde. Det kan vere mulig å lagre andre rekvisittar her også. Dør må slå ut.
Bøttekott	01	02	02	Dør må slå ut. Utslagsvask. Hyller/reol på vegg. Sluk på gulv.
Avfallsrom	01	10	10	Kjøling. Sluk i golv. Tilkomst frå utvendig port 1500 mm.
Lager - hjelpemiddel	01	30	30	For elektriske hjelpemiddel. Krav til ladefunksjon. Dør må slå ut.
SUM NTA	-	-	**98**	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	
Personalinngang	01	-	-	
Trapp / trapperom	01	-	-	
Heis / heisrom	01	-	-	
Varelevering	01	-	-	Ved verkstad og produksjonshall
SUM NTA	**-**	**-**	**-**	**-**


UTANDØRS


Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalparkering	15	20	300	
Gjesteparkering	08	20	160	
Materiallager	01	-	-	For material og ferdige produkt i direkte tilknytning til produksjonshall.
SUM	**-**		**460**	

7 ESTIMERT AREALBEHOV

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):





UTBYGGINGSALTERNATIV	NTA	BTA
Utbyggingsalternativ 1 - Herøy ressurssenter	1222	1589
Utbyggingsalternativ 2 - Samlokalisering av dagtilbod	911	1184

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

HERØY KOMMUNE

Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/513 231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/16	Eldrerådet	13.06.2016
	Komite for Helse og omsorg	15.06.2016
124/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

STANDARD FOR BRUK AV SKJØNN I VEDERLAGSUTREKNING FOR LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Eldrerådet - 13.06.2016

Herøy kommune legg § 3 i «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» til grunn i behandling av saker om vederlagsutrekning for langtidsopphald i sjukeheim, og vil ikkje bruke utvida skjønn i saker der det er snakk om redusert vederlag på store inntekter.

Tilråding:

Herøy kommune legg § 3 i «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» til grunn i behandling av saker om vederlagsutrekning for langtidsopphald i sjukeheim, og vil ikkje bruke utvida skjønn i saker der det er snakk om redusert vederlag på store inntekter.

Særutskrift:
Pleie- og omsorgsavdelinga
Økonomiavdelinga

Vedlegg:

1. **Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester**
2. **Rundskriv I-47/98 om vederlag for opphold i institusjon**

Saksopplysningar:

Rådmannen vil be om retningsliner for bruk av skjønn når det gjeld berekningsgrunnlaget for eigenbetaling for opphald i institusjon. Spørsmålet er om kommunen skal ta inn utbytte som ein del av grunnlaget for utrekning av vederlaget, noko som vil få store utslag for eigenbetalinga. Ein skil mellom gevinst og utbytte. Gevinst skal ikkje takast med, medan utbytte kan takast med i vederlagfastsettinga.

Sitat frå relevante deler i § 3 av «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester, sist endra i FOR-2015-12-1730 frå 1.01.2016»

> *§ 3.Egenandelens størrelse ved langtidsopphold*
> *Egenandelen må ikke overstige de reelle oppholdsutgifter. Kapitalutgiftene skal ikke tas med i beregningen av oppholdsutgiftene. Kommunen fastsetter oppholdsutgiftene ved den enkelte institusjon.*
>
> *Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrukket et fribeløp på kroner 7 800 pr. år, kan det kreves betalt 75 prosent årlig. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85 prosent. Betalingen skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25 prosent av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelen av fribeløpet. Beboer som, uten selv å ønske det, legges på dobbeltrom skal ved beregningen tilstås et fribeløp på kroner 37 250 pr. år.*
>
> ***Som inntekt regnes årets inntekter på grunnlag av pensjon, andre løpende trygdeytelser, arbeidsinntekt, næringsinntekt, leieinntekt, renter og annen avkastning av formue, etter fradrag av skatt og gjeldsrenter.*** *Avkastning av erstatning for fremtidige utgifter regnes ikke som inntekt.*
>
> *Kommunen kan kreve opplysninger om inntektsforhold som er nødvendig for å kunne fastsette egenandelen.*

Dersom beboerens økonomiske situasjon endrer seg vesentlig, eller tidligere vedtak viser seg å bygge på uriktige opplysninger, skal saken tas opp til ny vurdering. Viser skatteoppgjøret for foregående år at det ikke er beregnet riktig egenandel, skal det skje et etteroppgjør.

Fastsetting av vederlag krev spesialkompetanse på området, og regelverket opnar for bruk av skjønn sidan ordet «kan» går mykje igjen. I dei fleste tilfelle er det enkelt, men der det er snakk om ulike ekstrainntekter vil det fort verte komplisert. Herøy kommune har difor hatt ein praksis med å forhalde seg til siste tilgjengelege likning og ta det som regelverket opnar for at ein kan.

Åsmund Edvardsen og Leif Kåre Helland si bok om «Betaling for beboere i insititusjon» er brukt som lærebok innan fagfeltet, og vi tek i dette avsnittet med eit utdrag frå denne: (ikkje direkte sitat): Eit viktig prinsipp i vederlagsforskrifta er at det vert krevd vederlag på grunnlag av den løpande inntekta og ikkje av formuen. Ved realisering av fast eigedom til kontante pengar, grunnkjøpsobligasjonar eller liknande får ein kun endring i formuen, og ein eventuell gevinst ved eit slikt sal skal normalt ikkje reknast som inntekt i vederlagsberekninga. Der sal av eigedom må sjåast som ein del av vedkomande si næringsinntekt, kan kommunen ta inntekta med i berekningsgrunnlaget. Det er imidlertid verdt å merke seg at eventuell avkastning (renter og liknande) av gevinstar (formuen) kan sjåast som inntekt og kan dermed takast med ved inntektsfastsetjinga. Gevinst ved sal av aksjar, som ved realisering av fast eigedom, er kun endring av formuen, og skal difor ikkje reknast som inntekt. Utbetaling av utbytte for aksjar som bebuaren eig kan takast med i vederlagsbrekninga.

Eit case kan illustrere problemstillinga: Pasient NN ynskjer å føre aksjar og eigeforhold over på sine barn. I denne prosessen er det gunstig for vedkomande å ta ut eit utbytte på x antal million kroner for å kunne nyttiggjere seg av eit framførbart underskot som vil gi vedkomande ein økonomisk gevinst. Dersom NN tek utbytte får NN dette som ei inntekt, som kommunen har rett til å ta 85 % av. NN kan skattemessig bruke det fremførbare underskotet til å "nulle" ut denne inntekta. Om kommunen tek 85 % av inntekta vurderer familien det som ikkje aktuelt å ta utbytte, men vil berre overføre aksjene til barna. NN ynskjer å ta ut utbytte, elles vil det framførbare underskotet ikkje kunne nyttast, og vedkomande taper ei vesentleg inntekt.

Åsmund Edvardsen er ein mykje nytta kurshaldar innan temaet. Han seier at dette er ei krevjande problemstilling som ein må ta stilling til, som ein ikkje finn direkte svar på verken i læreboka eller frå kursa. Det er opp til kommunen om ein vil forplikte seg til ikkje å ta med aksjeutbytte i vederlagsfastsetjinga. Kommunen har rett til å ta det med, men det er opp til kommunen sitt skjønn å velje ikkje bruke denne retten. Det er her rådmannen ynskjer politiske føringar på korleis kommunen skal behandle problemstillinga.

I forskrift om vederlag for opphald i institusjon sin § 3, 1.ledd pålegg kommunen å fastsette ein kurdøgnpris som maksimal sats for vederlag. Dette vert gjort i det årlege budsjettvedtaket. Døgnprisen skal vere rekna etter institusjonen sitt samla driftsbudsjett delt på antal senger/plassar. Kapitalutgifter skal ikkje takast med i grunnlaget. Inntekter i form av eigenbetaling skal ikkje takast med. Kommunen kan sjå institusjonane under eitt, noko Herøy kommune har gjort. Ein mistepensjonist betaler mellom 10-13 000 kroner, avhengig av andre inntekter og utlikna skatt. For Herøy kommune gir kurdøgnprisen eit tak på 57 600 kroner pr. månad i 2016. Det vil seie at ingen skal betale meir enn dette, uansett inntekt.

Vurdering og konklusjon:
Åsmund Edvardsen peiker på at det er "tilfeldig fordel" om kommunen kan ta 85% av utbytte, og at ein er i sin fulle rett å gjere det. På den andre sida vil kommunen antakelig ikkje få høve til å bruke denne retten, då bebuar gjerne ikkje vil ta ut dette utbyttet om ikkje kommunen lover å ikkje ta det med i berekninga. Han seier det er vanskelig å gi råd, og at kommunen sjølv må velje kva ein vil gjere.

Det er mange som har diverse firma eller aksjar, og ynskje som dette vil kome i ulik form. Ingen er heilt like og det vil vere vanskelig for kommunen å vurdere kva som eit rimeleg skjønn. Det er viktig at ein utøver lik praksis på alle saker. For å få ei korrekt avgjerd må ein ha spesiell kompetanse på eit område der ein ikkje har dette i dag. For å unngå fare for ulik behandling og innføre ein praksis som vil krevje langt meir tid til administrativ sakshandsaming, bør ein ikkje legge seg på ein praksis der ein opnar for bruk av skjønn i saker der det er snakk om redusert vederlag på store inntekter.

<u>Konsekvensar</u>
Dette kan få økonomiske konsekvensar for den enkelte berørte, men ein kan gjere val for å unngå at kommunen får del i auka inntekter. For dei fleste vil dette vere ordna ut i før ein får langtidsopphald i sjukeheim

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Meir tid til sakshandsaming og behov for utvida kompetanse på område som kommunen ikkje arbeider med i dag. Sakshandsamingskapasiteten er marginal med dagens drift.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at ein ny skule bør plasserast slik at trafikkavvikling i hovudsak kan leggast til sørsida av dagens skulebygg, mot Myklebustvatnet. Dette vil i stor grad kunne løyse dei trafikale utfordringane som brukarane av Sirlihaugen barnehage, Bergslia barnehage, Bergsøy skule Blåhaugen, Ytre Herøy ungdomsskule og Bergsøy skule Borga opplever i dag.

Særskilt om Bergsøy skule Blåhaugen

Bergsøy skule Blåhaugen har funksjonelle manglar som heilt eller delvis kan løysast gjennom byggeprosjektet:

Arbeidsrom
Dagens arbeidsrom stettar ikkje dei krava som ein ser kjem i form av meir bunden arbeidstid på skulen. Då skal der også vere samtalerom og telefonrom i tilknyting til arbeidsromma.

Grupperom
Skulen har stor mangel på grupperom og møte-/samtalerom.

SFO-areal
Dagens SFO-areal med aktivitetsareal, spiseareal og garderobe er for lite, jf. kutt i areal då skulen vart bygd. Med ein auke i elevtalet, jf. prognosene for den nye skulen, vil arealet for SFO verte for lite.

Personalgarderobe
Reinhaldspersonalet har ikkje tilgang til personalgarderobane i dagens bygg.

Reinhaldssentral
Reinhaldssentralen vert nytta av anna personell enn reinhaldspersonellet. Sentralen står difor tilgjengeleg for alle, noko som er uheldig med tanke på sikker lagring av reinhaldsmateriell. Reinhaldspersonalet har heller ikkje plass til alt sitt utstyr i sentralen, slik den er i dag. Sentralen er også plassert inn til arbeidsrom/kontorsone, noko som er uheldig med tanke på støy.

Dersom arbeidsrom, personalrom og administrasjon vert felles på nybygget kan tilsvarande areal på Blåhaugen byggast om til meir grupperom, SFO-areal og lager. Møterom for vaksne kan vere felles i det nye bygget medan grupperom for mindre elevgrupper samt samtalerom for tilsett/elev må ligge i nærleiken av undervisningsarealet ved Blåhaugen.

Ein må også vurdere kvar skulen sitt bibliotek skal vere. Truleg vil det vere mest framtidsretta å nytte dagens bibliotek ved Blåhaugen til arbeidsrom, SFO-areal og grupperom på Blåhaugen og så bygge nytt felles skulebibliotek på det nye bygget.

Særleg om Internasjonal skule

Internasjonal skule held i dag til ved Bergsøy skule Borga, men har sjølv meldt at dei ikkje ynskjer sambruk av areal ved den nye skulen. Analysen føreset såleis at lokale for Internasjonal skule vert handtert som eige prosjekt og at dei fortsett bruken av Bergsøy skule Borga så lenge det er praktisk mogleg.

Særleg om Ytre Herøy ungdomsskule

Byggging av ny barneskule på Bergsøy inneber at Bergsøy skule Borga i etterkant kan nyttast som mellombelse undervisningslokale for Ytre Herøy ungdomsskule. Bygging av ny barneskule er såleis ein viktig premiss for rehabiliteringa av ungdomsskulen i tillegg til at den nye barneskulen tidvis kan avhjelpe dei funksjonelle manglar som ungdomsskulen lir under. Ungdomsskulen kan såleis tenkast å bruke allrom/gymsal til sine samlingar av skulen.

Vidare prosess
Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for ny barneskule på Bergsøy.

Den nye barneskulen vil lyfte skuletilbodet på Bergsøy eit vesentleg hakk opp, isolert sett som ny barneskule, men også i samspel med dagens Bergsøy skule Blåhaugen. Sambruk av funksjonar og areal kan løyse mange av dei funksjonelle manglane desse bygga lir under i dag.

Bygging av ny barneskule inneber alternativ bruk av dagens Bergsøy skule Borga. Rådmannen vil fremme sak om alternativ bruk av dette, men ikkje før ny barneskule er utbygd. Bygging av ny skule legg også grunnlaget for etterfylgjande rehabilitering av Ytre Herøy ungdomsskule då Bergsøy skule Borga kan fungere som mellombelse undervisningslokale for i byggefasen.

Konsekvensar for folkehelse:
Bygging av ny barneskule vil betre inneklimaet og andre arbeidsmiljøfaktorar for både tilsette og elevar. Prosjektet legg også til rette for ei vesentleg tryggare trafikkavvikling i området, til glede for både born, foreldre, tilsette og andre brukarar av bygningane.

Konsekvensar for beredskap:
Ikkje vurdert.

Konsekvensar for drift:
Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

HERØY KOMMUNE

NY BARNESKULE PÅ BERGSØY

BYGGEPROGRAM

Godkjent av Kommunestyret i K-sak xx/16

1 INNLEIING

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

2 PROSJEKTFORMÅL


Bergsøy skule består i dag av to avdelingar: Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen. Skulane har kvar sin administrasjon, rektor inkludert.

Prosjektet omhandlar bygging av ny barneskule på Bergsøy. Skulen skal erstatte dagens Bergsøy skule Borga.

Som del av prosjektet skal Bergsøy skule Blåhaugen byggast om for samanslåing med ny Bergsøy skule til ei organisatorisk eining.

3 ORGANISERING

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørande prosjektet skal gå via prosjektleiar som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

4 GRUNNEIGEDOM

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 29 bnr. 39 mm.:



REGULERINGSPLAN
Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK
Utbyggingseigedomen er ubebygd og vert delvis nytta som uteområde for Bergsøy skule Blåhaugen.

NABOLAG
Eigedomen ligg innanfor eit større område beståande av kommunale barnehagar, skulebygg, kulturhus, idrettspark og privat bustadbebyggelse.

GRUNNFORHOLD
Grunnforhold er ikkje vurdert.

5 OVERORDNA FØRINGAR

ATKOMST

Atkomst til prosjektet etablerast via kommuneveg Lisjebøvegen over eksisterande parkeringsplass og hovudatkomst for Bergøsy skule Blåhaugen.

PARKERING

Parkering etablerast gjennom utviding av eksisterande parkeringsplass ved Bergsøy skule Blåhaugen.

Som del av prosjektet skal det også etablerast “Kiss and goodbye”-funksjon for elevar og føresette i krysset Lisjebøvegen / Borgarhaugvegen.

BEBYGGELSE

Den nye skulen skal etablerast som ny skule for 4. til 7. trinn med organisatorisk samanslåing av Bergsøy skule avd. Blåhaugen og Bergsøy skule Borga til ny Bergsøy skule for 1. til 7. trinn.

Elevfunksjonar

Skulen skal byggast som ein fleksibel skule med 3 parallellklasser à 30 elevar. Med 4 årstrinn utgjer det omlag 360 elevar.

Kvart årstrinn skal ha sin eigen byggseksjon med inngang/garderobe, toalett, klasserom og grupperom av ulik storleik. I tillegg skal det vere eit areal for formidling til heile trinnet samla.

Klasseroma skal i størst mogleg grad være tilrettelagt for undervisning for alle. Dette inneber fleksible løysingar for opning/lukking inn mot tilgrensande klasserom, nærleik til grupperom og høve til skjerming av elevar der dette trengst.

Digitale læremiddel

Skulen skal tilretteleggast for bruk av digitale læremiddel /utvikling av digitale ferdigheiter i tråd med krava i Kunnskapsløftet. Det skal difor vere plass til elektroniske tavler og whiteboard i klasseroma.

Praktisk-estetiske fag

I tillegg til undervisningsareal for kvart årstrinn, skal der vere eit felles undervisningsareal for praktisk-estetiske fag som musikk, kunst og handverk, mat og helse, naturfag, bibliotek og gymnastikksal/allrom.

Personalfunksjonar

Ein ynskjer å samle personalet i eitt felles arbeidsrom då dette styrker samarbeidet

på tvers av trinna. Arbeidsrommet må vere sentralt plassert i bygget for å vere nær elevane og slik at ein lett kan orientere seg frå hovudinngang.

Arealet for arbeidsrom må også innehalde samtalerom og telefonrom der lærarar kan ha skjerma samtalar med elevar, føresette og eksterne samarbeidspartnarar.

Der må vere gode støtteareal for lagring av materiell og utstyr, samt for administrasjon, personalrom og møterom.

Spesialutstyrte areal

Spesialutstyrte areal omfattar areal som krev ekstra installasjonar knytta til støy, støv, gift eller fare. Dette gjeld særleg areal til naturfag, kunst og handverk, mat og helse, musikk og kroppsøving. Utforminga av den einskilde funksjon skal styrke eigenarta til faget.

Dei spesialutstyrte areala er felles for allle undervisningstrinn men bør leggast lett tilgjengeleg for dei alderstrinna som nytter funksjonane mest. Det må også sikrast enkel varelevering til dei funksjonar der dette krevst.

Base for elevar med behov for stell og pleie

Kommunestyret har gjort vedtak om felles base for barnetrinnet ved Einedalen skule og for ungdomstrinnet på Ytre Herøy ungdomsskule. Base er i den samanheng definert som areal for elevar med behov for stell og pleie.

På nye Bergsøy skule vil det det likevel vere behov for kvilerom, treningsrom etc. for elevar med særskilde behov. I tillegg må eit eige rom for spesialundervisning vurderast saman med eit rom med meir læremiddel og utstyr enn det som vert plassert ute i grupperomma.

Uteområde

Uteområdet omfattar både parkeringsareal og uteareal for elevar og tilsette. Effektiv og sikker trafikkavvikling er viktig og må sjåast i samanheng med trafikk til og frå andre barnehagar og skular i området.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Den nye skulen skal ha ei moderne formspråk og utnytte fordelane ved direkte og indirekte dagslys.

GRENSESNITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Bygget bør tilpassast eksisterande nivåforskjellar i terrenget og sikre god flyt i

samanbygginga med Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule. Leikeareal bør utnytte terrenget og høgder i bygget, t.d. til buldring.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Prosjektet skal generelt tilstrebe arealeffektivitet, sambruk og fleksibilitet og i størst mogleg grad unngå døareal i form av korridorar, trapper mm.

Trapper og korridorar bør også kunne nyttast til gruppesamlingar av ulik storleik.

6 FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

6.2 NY BARNESKULE

Bygging av ny barneskule på Bergsøy utløyser slike funksjons- og arealkrav:

FUNKSJONAR FOR DET ENKELTE KLASSETRINN

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Garderobe	01	100	100	Garderobe for 90 elevar (30x3) med ei grovsone og ei finsone. Bør delast inn (visuelt eller fysisk) for kvar klasse.
Toalett	05	02	10	
Toalett HC	01	06	06	
Utandørs toalett	01	02	02	Sluk i gulv.
Klasserom	03	90	270	30 elevar pr. klasserom. Viktig å unngå dagslys ift. whiteboard og elektronisk tavle. Difor krav til berre ein vindusvegg pr. klasserom. Skjerming mot innsyn frå fellesareal av omsyn til elevane si arbeidsro. Kvadratisk utforming vurdert som meir hensiktsmessig enn rektangulær. Klasseromma atskilt med foldevegg på del av vegg. Krav til lydtett skille. 3 handvaskar pr. klasserom
Lite grupperom	01	15	15	For 5 elevar. Skjerming mot innsyn og utsyn er viktig for elevens læringssituasjon.
Stort grupperom	02	45	90	For 15 elevar. Skjerming mot innsyn og utsyn er viktig for elevens læringssituasjon.
Auditorium	01	72	72	For 90 elevar. Areal for formidling for heile trinnet samla. 2årstrinn bør kunne dele eitt auditorium.

Nærlager	01	08	08	Lager for bøker, papir og utstyr i det daglege. Rektangulær form med dør i kortende. Dør slår ut.
SUM NTA	-	-	**574**	
SUM 4 SEKSJONAR	-	-	**2150**	**Merknad**: Areal for auditorium x 2, ikkje x 4

SPESIALUTSTYRTE AREAL

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kunst og handverk	1	65	65	Verkstad for tre & metallarbeid Arbeidsplass for 20 elevar. Plass til skap for oppbevaring av verktøy.
	1	12	12	Maskinrom Bandsag, sirkelsag, høvle/dreiebenk. Skap til verktøy/utstyr. Nødvendig avtrekk.
	1	12	12	Materiallager Enkel tilgang for materialleveranse. Felles varelevering også til skulen ellers. Bør difor ligge på grunnplan med Bergsøy skule Blåhaugen.
	1	65	65	Verkstad leire/maling/teikning,tekonologi, design: Arbeidsplass for 20 elevar. Nødvendig avtrekk. Keramikkovn må vurderast.
	1	65	65	Tekstil Arbeidsplass for 20 elevar.
	2	8	16	Elevarbeidslager Rektanguler form. Dør på kortvegg. Dår slår ut.
Naturfag	1	90	90	For 30 elevar. Naturfagsfunksjonen bør plasserast mot yttervegg, konf. muligheit for undervisning ute og dyrking av vekster. Oversiktlegheit, demonstrasjonar og elevaktivitet. Felles arbeidsbord/demonstrasjonsbord.
Musikk / allrom / bibliotek	1	200	200	Nær mat og helse. God golvplass ift. dans og rørsle. Rom for å låse inn piano.
	3	15	45	Grupperom/øvingsrom For 3 elevar. Lydtett celle. Undervisning individuelt og i gruppe.

	1	15	15	Lager Lager med plass til instrument og rekvisita. Dør slår ut.
	1	40	40	Stollager Dimensjonert for 200 stoler. Dør slår ut.
	1	12	12	Lager for eksterne Dør slår ut.
Mat og helse	1	70	70	For 20 elevar. Bør ligge i nærleiken til allrommet. Generelt bør mat/helse takle omstilling til matservering i undervisningstida. 5 kjøkkenstasjonar. Ein stasjon tilrettelagt for rullestolbrukar. Tilrettelagt for teoriundervisning / elektronisk tavle.
	1	5	5	Tørrvarelager og anna utstyr
	1	3	3	Kjøl/frys
	1	4	4	Vask/stryk
Kroppsøving	1	250	250	Gymsal Kombinasjon gymsal / samlingsrom for alle elevar på skulen. Scene bør inn som del av gymsal.
	2	50	100	Elevgarderobe
	2	12	24	Elevgarderobe HC
	2	12	24	Personalgarderobe skal også fungere for personalet generelt, ikkje berre ved bruk av gymsal.
	1	20	20	Utstyrslager Dør slår ut.
SUM NTA	**-**		**1137**	**-**

SPESIALPEDAGOGISKE FUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD

Spesialpedagogiske rom	1	15	15	God hylleplass til læremiddel og utstyr, arbeidsstasjonar for 2 elevar
Treningsrom	1	20	20	Rom med ribbevegg og plass til ball/matte, der m.a. fysio kan trene med elevar
Kvilerom	1	12	12	I tilknyting til spes.ped.rom, plass til kvilebenk
Kjøkken	1	-	-	Tekjøkken/kjøkkenkrok
Toalett HC	1	6	6	
SUM NTA	**-**		**53**	**-**

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Resepsjon m/tillegg	1	10	10	Sentralt plassert, “hjerte i bygget”. Bør vere tilrettelagt for datamaskin for tilsette mm. (reinhaldarar).
Lager/arkiv/kopi	1	6	6	I tilknyting til resepsjon, må kunne låsast. Kopiering/maskiner plassert skjerma av omsyn til støy, støv og luft.
Kontor rektor	1	18	18	Plass til møtebord for 4 personar
Kontor ass. rektor	1	12	12	
Ekstra kontor	1	12	12	Skjerma arbeidsstasjon for helsesøster, IKT mm.
Møterom - lite	1	16	16	Plass til 8 personar, skjerma mot innsyn..
Møterom - stort	1	50	50	Plass til 20 personar, høve til å opne mot pauserom skjerma mot innsyn.
Pauserom / personalrom	1	75	75	For 50 tilsette, assistentar og reinhaldarar inkludert. Arealutnytting som opnar for kontakt og samhald, dvs. ikkje langt og smalt. Kjøkkenkrok med oppvaskmaskin, kjøleskap, kaffimaskin og naudsynt skapplass. Mikrobølgeomn, platetopp.
Toalett	3	2	6	
Toalett HC	1	6	6	
Garderobe	1	20	20	For 50 tilsette, assistentar og reinhaldarar inkludert. Skal ligge i tilknytning til arbeidsrom.

				Dusj i tilknyting til personalgarderobe ved gymsal.
Arbeidsrom	7	49	343	7 arbeidsrom (1 pr. trinn) med 7 arbeidsstasjonar fpr. rom. Ein arbeidsstasjon pr. rom dedikert til assistent, med tilgang til data.
Møteplass	1	18	18	Ein møteplass for 8 personar i tilknyting til arbeidsromma. Lokalisert i nærleiken av kontora, men likevel slik at ein kan kome til kontor utan å gå gjennom arbeidsromarealet.
Kopirom	1	4	4	Plass til kopimaskin i tilknyting til arbeidsromma, avskjerma mtp. lyd mm..
SUM NTA	**-**		**596**	**-**

STØTTEFUNKSJONAR

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Lager - IKT	1	10	10	Skulens behov avgjer lagerbehovet her. Dør slår ut.
Lager - naturfag	1	10	10	I tilknyting til spesialrom. Enkel tilgang for varelevering. Må kunne låsast. Dør slår ut.
Lager - K & H	1	10	10	Plass til ulike typer material. Enkel vareleveranse og plassering. Dør slår ut.
SUM NTA	**-**		**56**	**-**

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	1	70	70	Teknisk for nybygget åleine. VVS, el-, tele- og automatsjon, straummålar. IKT
Tavlerom	1	1	1	
Reinhaldssentral	1	30	30	Kvadratisk utforming. Vogner, koster/skaft, moppemaskin, kjøleskap, benk, vask, blandebatteri hurtigkopling, sluk i golv. Dør slår ut.

Bøttekott	4	4	16	Utslagsvask. Sluk i gulv. Hyller og ladepunkt for reinhaldsmaskin. Dør må slå ut i gang. Det må vere bøttekott i kvar etasje og eventuelt i ulike soner/fløyer på etasja.
Lager	1	10	10	Lager for toalettpapir, tørkepapir mm. 2 m. breidde. Det kan vere mulig å lagre andre rekvisittar her også. Dør må slå ut.
Avfallsrom	1	20	20	Felles for ny skule og dagens Blåhaugen. Kjøling. Sluk i golv. Tilkomst frå utvendig port 1200 mm.
SUM NTA	**-**		**120**	**-**

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	1	-	-	
Personalinngang	1	-	-	Personalinngang i nærleiken av arbeidsromma til lærarane.
Elevinngang	4	-	-	Separat inngangsparti til kvart klassetrinn.
Trapp / trapperom	1			Trapp bør også kunne nyttast til større gruppesamlingar (amfi).
Heis / heisrom	1			Sentralt i bygget, lett tilgjengeleg når ein kjem inn hovudinngang.
Varelevering	1			
SUM NTA	**-**			**-**

UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalparkering	01	-	-	Plass til min. 50 bilar. Skjerma frå elevarealet.


Giss and goodbye	01	-	-	"Kiss and goodbye"-sone i krysset Lisjebøvegen / Borgarhaugvegen.
Grøntareal	01	-	-	Amfi med flaggstong. Elles minst mogleg plen/busker av omsyn til etterfylgjande drift.
Leikeareal	01	-	-	Soner med alderstilpassa aktivitetar/apparat. Ballbinge for dei eldste elevane.
SUM	**-**	**-**		**-**


BERGSØY SKULE BLÅHAUGEN

Organisatorisk samanslåing av Bergsøy skule Borga og Bergsøy skule Blåhaugen frigjev areal ved Blåhaugen skule som skal byggast om til areal for både SFO, grupperom, møterom og lager. Tiltenkt areal for ombygging er markert i vedlagte kartskisse.

7 ESTIMERT AREALBEHOV

Etimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):





UTBYGGINGSALTERNATIV	NTA	BTA
Ny barneskule	4112	5346

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/673
		Arkiv:	130

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/16	Komite for næring, kultur og idrett	13.06.2016
21/16	Eldrerådet	13.06.2016
7/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
126/16	Formannskapet	14.06.2016
	Komite for Helse og omsorg	15.06.2016
	Maritim og teknisk komite	20.06.2016
	Komite for oppvekst	22.06.2016

PLANBEHOV I HERØY KOMMUNE 2016-2020

Møtebehandling:

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.06.2016

Møtebehandling:

Tilråding i Eldrerådet - 13.06.2016

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 13.06.2016

Tilråding:

…

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg
1 Oversikt over godkjende reguleringsplanar per mai 2016
2 Oversikt over godkjende samfunnsplanar per mai 2016

Saksopplysningar:
Plan- og bygningslova § 10-1 seier at kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Denne skal omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som omfattar langsiktig arealbruk, utfordringar innan miljø og sektoren si verksemd, saman med ei vurdering av kommunens planbehov i gjeldande valperiode.

Innan utgangen av oktober 2016 skal kommunestyret ha godkjent den kommunale planstrategien for perioden 2016 – 2020. Planstrategien skal mellom anna gi ei oversikt over kva kommunale planar som finst, om eksisterande og godkjente planar skal vidareførast eller opphevast og kva planar som bør utarbeidast i planperioden (som er lik kommunestyreperioden). I handsaminga skal kommunestyret også ta stilling til om kommuneplanen eller delar av denne skal reviderast eller om planen skal vidareførast utan endringar. Gjennom planstrategien legg kommunestyret grunnlaget for prioritering av administrative ressursar knytt til planarbeid.

Forslag til milepålsplan for arbeid med kommunal planstrategi:

Mai	Vedtak i formannskapet om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi 31.5.16
Juni	Sak til formannskap, komitear og råd for innspel til arbeidet i veke 24 og 25.
September	Vedtak i formannskap om offentleggjering og godkjenning av kommunal planstrategi 6.9.16
	Offentleggjering av kommunal planstrategi og høyringsperiode 16.9.16 – 14.10.16
Oktober	Innstillingsvedtak om godkjenning i formannskapet 18.10.16
	Eigengodkjenning av kommunal planstrategi i kommunestyret 27.10.16

Som oppfølging av vedtaket i formannskapet 31.5.2016 får no lokale komitear, råd og andre høyringspartar tilsendt brev med informasjon om arbeid med Kommunal planstrategi 2016 – 2020 med oppmoding om å kome med innspel til planbehov i planperioden.

Vedlagt ligg oversikt over dagens planar i kommunen. Utviklingsavdelinga ber om at det vert særleg sett på planar som gjeld dykkar ansvarsområde, men de står fritt til å kommentere alle delar av gjeldande planstrategi.

Gjeldande *Planstrategi for 2012-2016* finn de på Herøy kommune sine heimesider på lenka under eller ved å nytte søkjeordert *lokale planar* i søkjefeltet.
http://www.heroy.kommune.no/nyhende/lokale-planar-for-heroy-kommune.15286.aspx

Vurdering og konklusjon:
Utviklingsavdelinga ber om særleg tilbakemelding på fylgjande problemstillingar:

- Skal Herøy kommune revidere *Kommuneplanen* med sikte på å samordne *Økonomiplanen* og *Samfunnsdelen sin handlingsdel*?

- Skal Herøy kommune vurdere å oppheve eldre godkjende reguleringsplanar der utbygging ikkje er starta opp? Evt. kva planar bør opphevast?

- Skal Herøy kommune delta i interkommunale planarbeid? Evt. kva planar bør Herøy kommune spele inn som aktuelle som interkommunale prosjekt?

Fosnavåg, 02.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Godkjende reguleringsplanar per mai 2016

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
196801	Nykreim	Eldre reguleringsplan	07.02.1968
196901	Kvalsund Nerlandsøy	Eldre reguleringsplan	06.03.1969
197301	Bergsøy/Bendal	Eldre reguleringsplan	19.10.1973
197601	Trolldalen/Storeneset	Eldre reguleringsplan	24.08.1976
197602	Frøystad	Eldre reguleringsplan	30.09.1976
197701	Kvalsvikeidet	Eldre reguleringsplan	09.06.1977
197801	Dragsund	Eldre reguleringsplan	07.02.1978

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
197901	Feirelia	Eldre reguleringsplan	17.12.1979
198101	Fosnavåg/Kleiva	Eldre reguleringsplan	06.07.1981
198201	Bø/Arhaug	Eldre reguleringsplan	10.04.1981
198202	Remøy	Eldre reguleringsplan	22.12.1982
198601	Eggesbønes/Grønhaugen	Eldre reguleringsplan	21.03.1986
198602	Eggesbønes/ alder og Sjukeheimsområde	Eldre reguleringsplan	21.11.1986
198701	Fosnavåg sentrum	Eldre reguleringsplan	27.03.1987
198702	Røyra	Eldre reguleringsplan	22.05.1987
198902	Fiskerihamn Leinevika	Eldre reguleringsplan	14.12.1989
198903	Jensholmen	Eldre reguleringsplan	02.05.2016
199101	Buholmlina	Eldre reguleringsplan	13.09.1991
199102	Veg Tarberg-Moltumyr	Eldre reguleringsplan	29.11.1991
199202	Langeneset Gnr. 9 Bnr. 85	Eldre reguleringsplan	18.12.1992

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
199301	Leine 1	Eldre reguleringsplan	29.01.1993
199302	Gang-sykkelveg Tuftene - Tjørvåg	Eldre reguleringsplan	26.11.1993
199303	Lisjebøvegen	Eldre reguleringsplan	26.11.1993
199304	Fylkesveg 10 Moltu	Kommunedelplan	17.12.1993
199401	Vike/Toftedal	Eldre reguleringsplan	27.05.1994
199701	Veg Sande grense - Tarberg	Eldre reguleringsplan	10.04.1997
199702	Myrvåg Sjukeheim	Eldre reguleringsplan	06.05.1997
199703	Grisholmen	Eldre reguleringsplan	06.06.1997
199704	Runde Bustadfelt	Eldre reguleringsplan	21.11.1997
199901	Hjelmeseth	Eldre reguleringsplan	03.09.1999
199902	Mjølstadneset	Eldre reguleringsplan	12.02.1999
200002	Kvithaugsmyra	Eldre reguleringsplan	25.04.2000

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
200003	Fosnavåg sentrum - Holmsildkvartalet, Trebrygge 15m	Bebyggelsesplan ihht.Reguleringsplan	05.12.2000
200101	Veg Mjølstadneset	Eldre reguleringsplan	09.03.2001
200102	Myklebuståsen	Eldre reguleringsplan	28.05.2001
200103	Bergshaugen	Eldre reguleringsplan	12.10.2001
200104	Fosnavåg sentrum tomt F9	Eldre reguleringsplan	23.11.2001
200201	Herøy Kyrkje	Eldre reguleringsplan	07.03.2002
200202	Eggesbønes aust, industriområde	Eldre reguleringsplan	03.07.2002
200203	Skuleområdet på Remøy	Eldre reguleringsplan	19.12.2002
200204	Fosnavåg sentrum, Feie/Hansen-kvartalet	Eldre reguleringsplan	24.10.2002
200401	Idrettsområdet Bergsøy	Eldre reguleringsplan	16.09.2004
200501	Parkeringsplass ved Herøy kulturhus	Eldre reguleringsplan	10.02.2005
200601	Remøy gravplass	Eldre reguleringsplan	24.05.2006
200602	Fosnavåg Sentrum/Vestre del av hamneområde	Eldre reguleringsplan	02.11.2006

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
200603	Runde Miljøsenter	Eldre reguleringsplan	14.12.2006
200604	Røyra 2	Eldre reguleringsplan	14.12.2006
200701	Myklebustvatnet Vest	Eldre reguleringsplan	25.01.2007
200702	Vålneset Hyttefelt	Eldre reguleringsplan	28.06.2007
200703	Småbåthamn på gnr. 31 bnr. 1 mfl	Eldre reguleringsplan	22.11.2007
200801	Kvalsund Teige	Detaljregulering	11.12.2008
200802	Reguleringsendring Leinøy skule	Detaljregulering	27.03.2008
200901	Skotholmen	Eldre reguleringsplan	05.03.2009
200902	Torvik Resort	Detaljregulering	11.06.2009
200903	Huldal	Detaljregulering	11.06.2009
200904	Fosnavåg sentrum - aust	Detaljregulering	22.10.2009
200905	Joakim-Marka	Detaljregulering	10.12.2009
200906	Leine 1 Skuletomt	Detaljregulering	10.12.2009

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201001	Hestholmen hyttegrend	Eldre reguleringsplan	28.01.2010

201002	Vågsholmen	Detaljregulering	25.02.2010
201003	FV18-parsell Lene - Remøyholm	Detaljregulering	25.02.2010
201101	Sentrumsteigen gnr. 34 bnr. 99 og 374 mfl.	Detaljregulering	25.08.2011
201102	Gang og sykkelveg Torsethøgda - Kalveneset	Detaljregulering	15.12.2011
201103	Budaneset	Detaljregulering	19.05.2011
201201	Hotell og konsertsal i Fosnavåg sentrum	Detaljregulering	26.01.2012
201202	Aspevika hytteområde	Detaljregulering	26.01.2012
201203	Rådhuskvartalet	Detaljregulering	22.06.2011
201204	Bustadfelt på gnr. 37 bnr. 12 og 17 mfl.	Detaljregulering	22.03.2012
201205	Espeset gnr. 22 bnr. 2	Detaljregulering	23.02.2012
201206	Gang og sykkelveg Hjelmeseth	Detaljregulering	26.04.2012
201207	Gnr. 45 bnr. 9 i Dragsund	Detaljregulering	31.05.2012

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201208	Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 mfl.	Detaljregulering	26.04.2012
201209	Myklebust vest	Detaljregulering	23.02.2012
201210	Campus Fosnavåg gnr. 29 og 37	Detaljregulering	26.04.2012
201246	Ny innfartsveg til Fosnavåg	Områderegulering	25.04.2013
201247	Indre Bergsøy	Områderegulering	27.11.2014
201250	Kommuneplan for Herøy - arealdel	Kommuneplanens arealdel	30.10.2014
201251	Hjelmeset 2	Detaljregulering	13.12.2012
201253	Feriesenter Røyra	Detaljregulering	25.10.2012
201255	Tovågen Bustadfelt	Detaljregulering	27.09.2012
201256	Hjelmeseth 4	Detaljregulering	23.02.2012
201257	Planfri kryssing Frøystadskaret	Detaljregulering	22.11.2012
201258	Indre Leine Bustadfelt	Detaljregulering	25.04.2013
201262	Reguleringsendring Vågsholmen	Detaljregulering	29.08.2013

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201263	Fosnavåg Hamn	Områderegulering	26.03.2015
201266	Nærøykrysset	Detaljregulering	25.04.2013

201268	Gang og sykkelveg Sandvika-Stokksundkrysset	Detaljregulering	27.08.2015
201275	Detaljreguleringsplan - bustadområde på Nerøy	Detaljregulering	27.11.2014
201277	Myklebuståsen 2	Detaljregulering	23.02.2012
201279	Gnr. 37 bnr. 384 mfl.- Herøysenteret	Detaljregulering	25.10.2012
201280	Koparstad gnr. 3 bnr. 4 og 11 mfl.	Detaljregulering	30.08.2012
201283	Frøystad Bustadfelt 2	Detaljregulering	26.04.2012
201284	Huldal aust	Detaljregulering	26.03.2015
201286	FV654 Indre Herøy-Stoksund	Detaljregulering	28.05.2015
201289	Reguleringsendring for Sjøsida Eigedom	Detaljregulering	28.11.2013
201301	Detaljreguleringsplan for gnr. 42, bnr.1 (Lanternen marina)	Detaljregulering	27.08.2015
201304	Detaljregulering Eggesbøjorda, F/K/O	Detaljregulering	26.03.2015
201308	Detaljreguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda	Detaljregulering	30.04.2015

Planid	Plannavn	Plantype	Ikraft.
201309	Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika -	Detaljregulering	27.08.2015
201311	Reguleringsendring Tovågen bustadfelt	Detaljregulering	11.02.2014
201312	Myrabakken bustadfelt	Detaljregulering	26.03.2015
201401	Trolldalen gnr. 55 bnr. 19 mfl.	Detaljregulering	28.05.2015
201405	Hjelmeseth 3	Detaljregulering	30.10.2014
201409	Reguleringsendring Myklebust vest 2	Detaljregulering	28.05.2015
201503	Detaljregulering for deler av sjukeheimsområdet på Eggesbønes	Detaljregulering	25.06.2015

Planar i Herøy kommune mai 2016

Overordna planar for Herøy:	**Vedtak**
Planstrategi for Herøy kommune 2012-2016	K-sak 201/12, 13.12.2012
Kommuneplan for Herøy, samfunnsdel	K-sak 132/13, 24.10.2013
Kommuneplan for Herøy, handlingsprogram	K-sak 132/13, 24.10.2013
Kommuneplan for Herøy, arealdel	K-sak 137/14, 30.10.2014

Kommunedelplanar for Herøy:	**Vedtak**
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014	K-sak 182/10, 16.12.2010
Kommunedelplan for Herøy – Avlaupsplan 2016-2022	*Under revidering*
Kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018	K-sak 169/14, 17.12.2014
Klimaplan for Herøy 2009-2013	K-sak 4/10, 28.1.2010
Kommunedelplan for fiskerihamner	
Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015-2019	K-sak 44/16, 17.3.2016
Kommunedelplan for Moltu fv.10 (arealplan)	K-sak 144/93, 17.12.1993
Kommunedelplan for helse og omsorg 2013-2020	K-sak 21/14, 27.2.2014
Hovudplan vassforsyning 1991	Ukjent
Kommunedelplan for Herøy – Strategisk næringsplan 2016 - 2020	*Under revidering*

Tema/ sektorplanar for Herøy:	**Vedtak**
Frivilligplan for Herøy 2012-2015.	K-sak 65/12, 26.4.2012
Alkoholpolitisk plan 2016-2020.	*Under revidering*
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008-2012.	K-sak 65/08, 29.5.2008
Pandemiplan med delplanar for: - Helse - Pleie- og omsorg - Bu- og habilitering	Sist rev, 04.08.2009
Plan for førebyggande tiltak for barn og unge 2009-2012.	K-sak 57/09, 14.5.2009
Plan for kriseleiing Beredskapsplan for Herøy kommune	K-sak 63/98, Ajourført mars 09, Ber-sak 3/99
Forvaltningsplan for seks statlege/ kommunale friluftsområde i Herøy kommune 2009.	Ukjent
Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg	K-sak 162/12, 27.9.2012

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/593 210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
127/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2016

Tilråding:

Kommunestyret viser til sitt vedtak i K-sak 174/14 og ber om at avdelingane framleis skal vere forsiktige med vikarbruken framover og at ein minimerer andre utgifter der det er mogeleg.

Særutskrift:
- Vest kontroll, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Avdelingane, her

Vedlegg:

- Budsjettkontroll per 30.04.2016 - Avdelingane sine kommentarar

Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde ei god drift i 2015 og fekk eit mindreforbruk som ein har tilrådd vert brukt til avsetjing til disposisjonsfondet.

Budsjettsituasjonen dei siste åra har vore stram og fokuset har vore kostnadskontroll. For 2016 ser vi at vi at spesielt nokre inntektspostar er sett høgt, og også i 2016 vil vi møte ein del utfordringar på utgiftssida.

I økonomireglementet og i budsjettvedtaket står det at budsjettkontrollane per 30.04 og 31.08 skal handsamast av kommunestyret.

Tilbakemeldingar frå avdelingane

Avdelingane melder framleis om stramme budsjett. Dei fleste områda (avdelingane) melder om at dei vil gå i balanse i 2016. Innanfor politisk leiing er det meldt om eit meirforbruk på mellom kr 100.000,- og kr 200.000,- knytt til abonnement, annonser og lisensar. Sosialhjelpsbudsjettet har vore uendra dei siste åra trass i at forbruket her har vore langt høgare enn budsjettet. Ein kan her risikere å få kostnadar på mellom 1,5 og 2,5 mill kr meir enn budsjettert. I tillegg har Eigedomsavdelinga store utgifter knytt til Løpande Drift der ein hittil har brukt om lag kr 560.000,- av dei avsette kr 1.000.000,-. På plussida er det vakanse i stillinga som assisterande rådmann noko som vil medføre at vi får dekt inn noko av innsparingskravet ein har budsjettert med under område 90.

Den største usikkerheita er som vanleg knytt til området som Skatt, ramme, finans med meir. Skatteinntektene er ikkje så høge som vi har budsjettert med, vi har ei bankavtale som gjekk ut i mars og det er meir enn tvilsomt om vi får like gode vilkår i den nye avtala som skal gjelde frå 1. september. Det gjer nok at renteinntektene frå ordinære bankinnskot vil bli monaleg redusert.

Pensjonskostnadane i 2015 vart lavare enn budsjettert bl.a. pga av at reglane for avsetjing til uførepensjon delvis vart overført til folketrygda. Det blir difor spennande å sjå korleis dette blir for 2016. Ein har fått opplyst at premieavviket vil bli stort dette året og amortiseringskostnadane aukar også ein del på grunn av ei kortare nedbetalingstid.

Arbeidsløysa i området stig og det kan på kort sikte føre til ein auke i kostnadane til sosialhjelp. På litt sikt vil dette også kunne gje utslag på reduserte skatteinntekter.

Når det gjeld skatt, ramme, finans etc vil mindreinntektene frå skatt/ramme sannsynlegvis utgjere inntil 3,0 mill kr i 2016.

Ein ser ikkje vekk frå at kommunen sine renteinntekter vil svikte med opp mot 1,0 mill kr pga at vi per dato ikkje har bankavtale (frå medio mars til 1. september) og at den nye bankavtala nok ikkje vil gje oss dei same rentemarginane som tidlegare. Avdragskostnadane i budsjettet for 2016 ser ut til å halde pga endra prinsipp når det gjeld berekning av minsteavdrag, men dette vil på sikt endre seg når ny kommunelov vert vedteken.

Vi slit også med avkastninga på aksjeinvesteringane våre (aktiv forvaltning). Per 30.04.2016 hadde vi ei negativ avkastning på desse midlane på 0,76% medan

obligasjonsporteføljen har hatt ei avkastning på 1,65% (totalt ei avkastning på 0,91%). Vi har budsjettert med ei avkastning i 2016 på totalt 5,9%.

Alle tal i 1.000 kr	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik
Lønn inkl sos. Utgifter	142 280	146 025	-3 745	139 233	139 951	-718
Kjøp av varer og tenester	24 703	26 001	-1 298	28 998	25 259	3 739
Kjøp av varer og ten. som ersttar komm eigprod	33 172	33 424	-252	30 559	25 204	5 355
Overføringar til andre	10 771	9 330	1 441	40 480	18 896	21 584
Finansieringsutgifter	7 175	19 442	-12 267	7 704	20 477	-12 773
Sum utgifter	**218 101**	**234 222**	**-16 121**	**246 974**	**229 787**	**17 187**
Salsinntekter	-26 403	-29 180	2 777	-26 373	-25 738	-635
Refusjonar	-11 135	-10 610	-525	-10 599	-16 484	5 885
Overføringar frå andre	-197 502	-176 902	-20 600	-204 121	-170 597	-33 524
Finansieringsinntekter	-1 322	-10 960	9 638	-2 664	-12 288	9 624
Sum inntekter	**-236 362**	**-227 652**	**-8 710**	**-243 757**	**-225 107**	**-18 650**
Mindreforbruk(-) / Meirforbruk (+)	**-18 261**	**6 570**	**-24 831**	**3 217**	**4 680**	**-1 463**

Både inntekter og utgifter har ein tendens til å bli utgiftsført på ulike tidspunkt frå eit år til eit anna. Dei 2 faktorane som oftast er i ubalanse er bruk av RDA midlar og finansinntektene og finansutgiftene (avdraga).

Av tabellen over ser eit at lønskostnadane har auka med 2,18% (nær 3,1 mill kr) sett i høve til 30.04.2015. Det er ein større vekst enn lønsauken og mest sannsynleg skuldast denne auken større bruk av vikarar (og der i gjennom auka sjukepengerefusjonar).

Alle til i 1.000 kr	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik	Endring 2016-2015	Brukt i % av Tot budsj 2016
Politisk leiing	1 069	1 053	16	1 175	1 343	-168	-106	27,8
Adm. Leiing	913	1 253	-340	1 904	1 438	466	-991	37,6
Servicetorget	732	1 257	-525	1 088	1 156	-68	-356	21,4
Fellessekretariatet	916	756	160	978	757	221	-62	43,4
Økonomiavdelinga	2 086	2 025	61	2 002	1 954	48	84	37,5
Personal- og org. avd	3 550	2 677	873	4 779	2 755	2 024	-1 229	47,6
IKT avdelinga	1 739	2 109	-370	1 631	1 761	-130	108	28,8
Overføringar	-28873	4 073	-32 946	-3 711	3 074	-6 785	-25 162	
Barnehageavdeliga	27 647	30421	-2 774	27 117	21 638	5 479	530	41,8
Skuleavdelinga	36 489	39 424	-2 935	39 367	37 723	1 644	-2 878	33,1
Avd Barn, Familie og Helse	13 442	14 015	-573	12 667	13 029	-362	775	33,9
Pleie- og omsorgsavd	37 788	38 311	-523	37 117	36 496	621	671	35,1
Bu- og habiliteringsavd	13 706	14 022	-316	12 858	13 122	-264	848	35,1
Solsial og Flyktning (NAV)	3 726	3 272	454	3 607	3 269	338	119	40,4
Kulturavdelinga	2 763	3 260	-497	2 795	2 934	-139	-32	31,1
Utviklingsavdelinga	2 095	2 150	-55	2 585	2 019	566	-490	36,2
Anleggs- og driftsavd.	2 752	2 274	478	5 071	5 536	-465	-2 319	16,8
Eigedomsavdelinga	6 673	7 186	-513	7 348	5 825	1 523	-675	34,7
Samhandlingsreforma	73	6	67	-975	2	-977	1 048	

Skatt, ramme, finans etc	-147 546	-162 973	15 427	-156 188	-151 152	-5 036	8 642	31,5
SUM	**-18 260**	**6 571**	**-24 831**	**3 215**	**4 679**	**-1 464**		

Overføringsansvaret har i oversikta over ei netto inntekt på nær 28,9 mill kr. Ein har då ikkje teke omsyn til eit statstilskott på 32,6 mill kr som skulle vere avsett til bundne driftsfond. Tek ein omsyn til dette er netto kostnadane på dette ansvarsområdet på 3,7 mill kr noko so er om lag som budsjettert.

Også når det gjeld avdragskostnadar er vi på etterskot med betalinga av desse sett i høve til budsjettet. Her skulle utgiftene reelt sett vore mellom 6,0 og 7,0 mill kr høgare enn det ein har rekneskapsført så langt i året. Det skuldast at vi har mange avdragsfrie lån, der budsjetterte avdrag vert betalt inn ein gong per år.

Vurdering og konklusjon:

Det negative med rapporten er at

- utgiftene til sosialhjelp også i 2016 ser ut til å bli mykje høgare enn budsjettert
- skatteinntektene vert mest sannsynleg lavare enn budsjettet men at ein del av dette vert kompensert med høgare rammetilskott
- Renteinntektene vert lavare enn budsjettert
- Avkastninga på midlane vi har til aktiv forvaltning kan bli lavare enn budsjettert, men det er lenge igjen av året og på dette området kjem endringane raskt.

Det positive er at avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2016 slik tilfellet var i 2014 og 2015. Likevel tyder tilbakemeldingane på at områda/avdelingane samla sett får eit mindreforbruk også i 2016 trass i at dei er pålagt eit innsparingskrav.

Basert på tilbakemeldingane er situasjonen slik:

Politisk leiing, meirforbruk på om lag	kr	150.000,-
NAV, sosial og flyktning, meirforbruk på om lag	kr	1.500.000,-
Økonomiavdelinga og Servicetorget, mindreforbruk	kr	250.000,-
Administrativ leiing, mindreforbruk på om lag	kr	1.100.000,-
Sum, meirforbruk på omlag	**kr**	**300.000,-**

Basert på tilbakemeldingar frå områda/avdelingane er den beste kvalifiserte prognosa eit meirforbruk på om lag 0,3 mill kr.

Det som ødelegg prognosa ovanfor er skatt/ramme, lavare avkastning på kapitalen enn budsjettert og at ein framleis har 2,1 mill kr i innsparingskrav på vakante stillingar. Postane ovanfor kan fort utgjere mellom 2,0 og 5,0 mill kr.

<u>Konsekvensar for drift:</u>

- Stramme driftsrammer gjer at belastninga på dei tilsette aukar. På sikt kan det resultere i meir sjukmeldingar og etter ei stund lavare kvalitet på tenestene.

<u>Konsekvensar for økonomi:</u>

- Økonomien er stram, men avdelingane klarer å halde rammene sine. Dei statlege overføringane minkar ved bl.a. at staten/fylkesmannen trappar ned tilskotet vi fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift (10 mill kr over 5 år).

Reduksjonen frå 2015 til 2016 er på om lag 2,0 mill kr. Dette «kuttet» gjer at Herøy kommune har lavare vekst i frie inntekter enn dei fleste andre av kommunane i Møre og Romsdal.

Fosnavåg, 30.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

	Rapporteringstre		Enhetsleder vurdering avvik (kr)	Avvik hiå (kr)	Årsbusjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10	Folkevalde	Akseptabelt	0	-15	3 846	0,00		Godkjent
12	Administrativ leiing	Akseptabelt	0	340	3 431	0,00		Godkjent
13	Servicetorget	Akseptabelt	0	534	3 448	0,00		Godkjent
14	Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-159	2 110	0,00		Godkjent
15	Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	-61	5 567	0,00		Godkjent
16	Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-871	7 460	0,00		Godkjent
17	Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	370	6 039	0,00		Godkjent
18	Overføringar	Akseptabelt	0	32 947	12 189	0,00		Godkjent
21	Barnehagar	Akseptabelt	0	2 802	66 102	0,00		Godkjent
22	Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	3 092	110 112	0,00		Godkjent
31	Barn, familie og helse	Akseptabelt	0	669	39 594	0,00		Godkjent
32	Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	644	107 507	0,00		Godkjent
33	Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	0	323	39 057	0,00		Godkjent
34	Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00		Ikke rapportert
38	Sosial og flyktning	Akseptabelt	0	-423	9 230	0,00		Godkjent
40	Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	525	8 894	0,00		Godkjent
50	Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0	58	5 790	0,00		Godkjent
51	Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	-420	11 382	0,00		Godkjent
60	Eigedomsavdelinga	Akseptabelt	0	522	19 234	0,00		Godkjent
70	Samhandlingsreforma	Akseptabelt	0	-65	0	0,00		Godkjent
90	Skatt, ramme, finans, tilskot	Akseptabelt	0	-15 426	-468 513	0,00		Godkjent
	Sum		**0**	**25 385**	**-7 523**	**0,00**		

	Beskrivelse	Rekneskap i fjord pr.dato	Rekneskap hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.12	Rev. årsbudsjett	Forventet årsresultat	Forbruk i %
	Sum totalt	0	-18 804	6 580	25 385	0	-7 523	-7 523	249,94
	Utgifter	0	217 513	234 212	16 699	0	631 503	631 503	34,44
	Løn inkl. sosiale utgifter	0	142 280	146 026	3 745	0	393 973	393 973	36,11
	Kjøp av varer og tenester	0	57 345	59 415	2 070	0	151 180	151 180	37,93
	Overføringar og andre utgifter	0	17 888	28 772	10 884	0	86 351	86 351	20,72
	Inntekter	0	-236 318	-227 632	8 686	0	-639 027	-639 027	36,98
	Salsinntekter	0	-26 129	-29 180	-3 051	0	-78 954	-78 954	33,09
	Refusjon sjukeløn	0	-6 556	-933	5 623	0	-2 800	-2 800	234,14
	Andre refusjonar og tilskot	0	-203 632	-197 519	6 114	0	-557 273	-557 273	36,54
	I alt	**0**	**-18 804**	**6 580**	**25 385**	**0**	**-7 523**	**-7 523**	**249,94**

Folkevalde

Det kan sjå ut som kan verte eit meir meirforbruk på mellom kr 100.000-200.000 på postane abonnement aviser og fagtidsskrift, annonser og reklame og kontigentar på dette ansvaret i 2016. Ein må bli meir selektiv i kven ein vel å støtte når det gjeld anonnser og reklame.

Administrativ leiing

Rapporten viser at ein ligg i rute i forhold til eit mindreforbruk på ca 1,0 mill kr i år på dette ansvaret.

Servicetorget

Servicetorget har eit positivt avvik. Ein har ikkje nytta ressursar til kurs og opplæring. Prognose ut året, mindreforbruk med 3 % om ikkje noko ekstraordinært skulle skje

Fellessekretariatet

Ei feilføring på 194.000 kr er ikkje retta opp. Det er ikkje noko som skulle tilseie eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2016.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga vil få reduserte lønskostnadar i 2016 pga vakansar i delar av året, men samstundes har avdelinga større overtidskostnadar samt at godtgjeringa for rekneskapsføringa til Dragsundbygg IKS har falle bort etter at dette vart ein del av den ordinære kommunale drifta. Vi satsar på at vi får balanse i drifta ved årsslutt - kanskje med eit lite mindreforbruk som endeleg resultat.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Det er eit tilsynelatande meirforbruk både i høve 1262 Hovudtillitsvalde og 1265 Fellespost.
I høve 1262 skuldast differansen periodisering og manglande innbetalt refusjon frå avdelingane og arbeidstakarorganisasjon. Refusjonskrav for fyrste halvår er sendt.
I høve 1265 skuldast differansen feil periodisering.
Prognosa for 2016 er at Personal- og organisasjonsavdelinga med sine ansvar vil gå i ballanse.

Informasjonsteknologi

Slik det ser ut p.t. er det ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i år.
Det har vore litt usikkerheit rundt kostnaden for Microsoftlisensar då det var ein estimert sum som vart lagt inn i budsjettet for 2016. No er ny lisensavtale på plass og faktisk kostnad stemmer godt med estimert pris. Med andre ord er det ikkje venta avvik knytt til denne anskaffinga.

Overføringar

Dette ansvarsområdet er prega av RDA midlar. Omlag 34,5 mill kr skulle vært avsett til fonds slik at netto utgift på dette området var 5,6 mill kr. Dette er omlag 1,6 mill høgare enn periodisert budsjett. Ein del av avviket skuldast nok at det ved ein glipp ikkje vart avsett pengar til bl.a. krisemottak i 2016 budsjettet. Dette utgjer omlag 0,5 mill kr for 2016.
Ein voner at ein kan få litt reduserte kostnadar på eit par andre områder, men akkurat no ser ikkje dette så lyst ut. Likevel vonar vi at vi til slutt får balanse mellom rekneskap of budsjett i 2016.

Barnehagar

Det positive avviket skuldast at refusjon sjukepengar er større enn bruk av vikar. Det skuldast og at det ikkje er utbetalt refusjonar til private barnehagar i høve lønnskostnader til barn med behov for ekstra ressursar. Dette blir utbetalt etter krav 2 gongar per år. Kommunen vil og få krav frå kommunene Volda, Ulstein og Hareid for barn busett i Herøy som har barnehageplass i desse kommunene. For heile året kan det beløpet bli ca. 1,3 mill
Slik rekneskapen ser ut no og det ikkje skjer noko uforutsett, vil barnehageavdelinga kunne halde budsjettramma si.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Netto forbruk 33%, mot 36% pr. april 2015 Utgifter 34%, mot 35% pr. april 2015 Inntekter 41%, mot 34 % pr. april 2015
Utgifter: Lønnutgifter omtrent på budsjett. Kjøp av varer og tenester 2,7 mill under budsjett. Dette vil endre seg i august, med dei store innkjøpa i samband med nytt skuleår. Det er elles fakturert lite på skuleskyss (minus 1 mill jfr. budsjett) etter at fylket innførte ny ordning frå januar.
Inntekter: Det gir prosentvis stort utslag at vi pr.no har fått to store eingongstilskot som omfattar lønn for heile 2016; 1,2 mill til styrking av lærartettleiken på 1.-4. trinn, samt 600' til utviklingsrettleiar i Sjustjerna (vertskommune Herøy). Elles forventar vi som vanleg mykje tilskot rundt sommarferien, sidan det meste er halvårlege utbetalingar.
Prognose: Det er alltid vanskeleg å seie noko om prognose for skuleavdelinga før vi ser oppstarten av eit nytt skuleår. Vi skal ha 10 lærarar på vidareutdanning, i stor grad finansiert av nasjonale vikarmidlar, men også med noko eigne midlar - alt etter kor mange samlingar det vert lagt opp til i studiet. Vi har ein auke i spesialundervisninga for neste skuleår, dvs. tal på timar/elevar. Konsekvensen av dette ser vi når rektorane er ferdig med å legge planar og organisere undervisninga. Konklusjon: Vi planlegg å kunne gi ei forsvarleg

undervisning i tråd med tildelt budsjett, og har i tillegg som mål å greie innsparingskravet for avdelinga på 1,5 mill. Om vi greier dette, vil vi kunne seie sikrare i september, etter oppstarten av nytt skuleår.

Barn, familie og helse

Per 1. tertial er det for området eit lite mindreforbruk. Det er likevel vanskeleg å ha ei forventning om at dette vil vare framover året. Bakgrunnen for dette er at det er fortsatt eit stort behov for innleige av vikarar på legesida og det forventes å fortsette utover året. Kommunen fekk asylmottak for einslege mindreårige i starten av dette året. Utgifter til dette er ikkje hensynteke i budsjettet og det er noko uklårt om tilskota kommunen får i den smanhengen vil vere tilstrekkeleg til å dekkje utgiftene på området. På inntektsida er det ikkje hensynteke betaling i samband med interkommunal legevakt. Prognosa for året vil etter dette vere at budsjette vil gå i balanse (Helsedelen av avdelinga)
Barneverntenesta har per 1. tertial eit mindreforbruk i høve til budsjettet. Det er likevel vanskeleg å ha ei forventning om at dette vil vare ved for heile året. Barneverntenesta arbeidar med store og omfattande saker som kan føre til store utgifter i løpet av året. Innan barneverntenesta har vi den siste tida sett ei dreining av forbruket til eit større forbruk på tenester i familieni forhold til tiltak utafor familien. Dette er ei ønskja dreining såvel frå tenesta som frå sentrale føringar. Arbeidet dei engasjerte miljøterapeutene gjer i familiane bidrar i stor grad til denne dreininga. Tilskotet kommunen har fått frå fylkesmannen til barneverntenesta har såleis vist seg å fungere godt.

Pleie og omsorgsavdelinga

Behover i pleie- og omsorg er alltid svingande, og naturleg avgang og nye behov går hand i hand. PO vart skilt ut som eiga avdeling i 2009. Då var det samla talet på årsverk 145,7. I årsrapport 2015 var det meldt inn 142,98. Dette viser ei effektivisering av tenestene, samstundes som ein har takla utfordringane med samhandlingsreforma. Dette må ein ha med seg når ein skal vurdere endra behov framover.
Forbruket pr. dato tilsvarer forbruksprosent for same periode i 2015. Vi ligg dermed godt an, og sjølv med ekstra utfordringar i heimetenestene er det på det noverande tidspunktet ikkje grunnlag for å melde om meirforbruk I 2016. Tek atterhald om at det er meldt behov frå hausten som må vurderast nermare når omfanget er kjent.

Bu- og habiliteringsavdelinga

24620201	Den Norske Bank (NO 001 072192.1)	-65 000 000,00	-85 000 000,00
24631401	SWEDBANK - OBLIGASJONSLÅN (4 ÅR)	-90 000 000,00	-90 000 000,00
24631404	10675812 - SWEDBANK - OBL.LÅN	-65 000 000,00	-65 000 000,00
24631800	NORDEA MARKETS	-	-54 130 000,00
25100000	BIBLIOTEK - NYNORSKE LESEFRØ	-18 733,58	-35 742,40
25100220	BUNDE FOND ETTERUTDANNING SKULE	-328 640,03	-328 640,03
25100221	BERGSØY SKULE - SKULEBIBLIOTEKUTV.MIDLAR	-130 676,10	-130 676,10
25100222	Skjønnsmidlar - meir læring for fleire	-405 958,97	-155 958,97
25100223	DEN NATURLEGE SKULESEKKEN - YTRE HERØY UNGD.SKULE	-60 000,00	-60 000,00
25100227	BUNDE FOND - SJUSTJERNA SKULE - REGIONSAMARBEID	-214 236,25	-44 123,49
25100228	BUNDE FOND - UNGDOMSTRINNSATSINGA	-270 806,43	-270 806,43
25100229	BUNDE FOND TILSK.VIDAREUTDANNING PPT	-150 000,00	-75 000,00
25100230	BUNDE FOND NÆTTVERKSMIDLAR FRAMANDSPRÅK YHS	-34 530,00	-34 530,00
25100269	BUNDE FOND AKUTTHJELP HELSE OG OMSORGSTENESTE	-2 281 756,92	-2 281 756,92
25100270	KOMPASS - BARNEHAGEASS. BUNDE FOND	-8 000,00	-8 000,00
25100271	KOMPETANSEOPPBYGGING BARNEHAGE	-55 376,00	-55 376,00
25100272	BUNDE DRIFTSFOND KOMPETANSEHEVING BARNEHAGAR	-101 192,00	-101 192,00
25100273	BUNDE DRIFTSFOND BARNEHAGE - SJUSTJERNA KOMPETANSE	-254 400,00	-4 400,00
25100276	ØYREM.TILSK.FUNKSJ.HEMMA BARN I BARNEHA	-1 624 137,00	-1 624 137,00
25100289	BUNDE FOND MYRSNIPA BARNEH. TILRETTELEGGINGSTILSK.	-4 535,00	-4 535,00
25100290	BUNDE FOND ARB.TRENINGSMIDLER LEIKANGER BARNEHAGE	-6 178,93	-6 178,93
25100301	BUNDE FOND BARNEVERN - STYRKING STILLING	-338 209,00	-204 073,00
25100321	BUNDE FOND HELSE, PSYKOSOSIAL OPPF.TERRORANGREPA 2	-163 261,87	-191 961,27
25100322	BUNDE FOND FOREBYGG.HELSETJ.HELSESTASJON FRÅ HELSE	-61 830,00	-61 830,00
25100323	BUNDE FOND PROSJEKT SJØLVHJELP - HELSEAVD.	-22 965,00	-22 965,00
25100324	STATSTILSKOT PSYKIATRI	-179 902,70	-179 902,70
25100325	KOMPETANSEPROSJEKTET GERIATRI	-521 215,44	-903 139,51
25100326	BUNDE FOND STATSTILSKOT KOMM.PSYKOLOG	-105 000,00	-105 000,00
25100327	BUNDE FOND STATSTILSK.REKRUTERING FASTLEGER	-529 000,00	-300 000,00
25100335	AVSETJ.STYRINGSGR.FØREB.ARB.BARN OG UNGE	-135 871,97	-133 600,76
25100351	STATSTILSKOT ETABLERING, BUSTAD/STARTLÅN	-250 000,00	-200 000,00
25100352	TAPSFOND VEDR. STARTLÅN (ETABLERING)	-100 000,00	-100 000,00
25100353	STATSTILSKOT TILPASSING, BUSTAD/STARTLÅN	-50 000,00	-
25100370	INTERKOMMUNAL REKRUTERING PLEIE OG OMSORG	-10 561,90	-10 561,90
25100372	TILRETTELEGG.TILSK.OPPLÆRINGSKONT.MYRVÅG SJUKEHEIM	-126 828,00	-126 828,00
25100374	TILSKOT ARBEIDSPRAKSIS MYRVÅG SJUKEH.AVD.	-36 779,36	-35 687,46
25100375	STATSTILSK.OPPL/ETTERUTD/VIDAREUT.PO	-531 496,71	-499 103,21

25100376	OPPLÆRING/KOMPETANSE, SOS./HELSE	-97 855,00	-97 855,00
25100377	STATSTILSK.METODEUTV.BOLIGS.BUNDE FOND	-204 250,59	-200 836,38
25100378	TILRETTELEGGINGSTILSKOT KJØKKEN HERØY SJUKEHEIM	-26 828,00	-26 828,00
25100379	ARBEIDSTRENINGSTILSKOT FRÅ NAV TIL RAUD AVD.	-12 180,00	-12 180,00
25100380	TILSK.LÆRLINGAR TIL PLEIE OG OMSORG (HELSEARB.FAG)	-33 874,00	-50 000,00
25100409	KULTUR - DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN	-91 786,00	-75 000,00
25100410	Bunde dr.fond, Kulturminne	-100 000,00	-100 000,00
25100411	BUNDE FOND FRIVILLEGPLAN - KULTUR	-15 000,00	-15 000,00
25100419	MAT OG PRAT - FRIVILLIGHETSSENTRALEN	-13 000,00	-13 000,00
25100422	GAVER FRIVILLIGHETSSENTRALEN	-6 470,00	-6 470,00
25100424	BUNDE FOND, RDA-MIDL.TIL DANSEGALLA	-25 078,00	-25 078,00
25100439	NÆRINGSFONDET	-574 984,81	-497 581,92
25100474	VILTFONDET, BUNDE DRIFTSFOND	-92 698,36	-85 692,98
25100521	NATURSTI FRIL.OMR.HERØY	-3 970,00	-3 970,00
25100522	HERØY TI PÅ TOPP	-39 269,25	-50 097,53
25100523	TILSKOT NATURSTI RUNDE	-80 632,30	-80 632,30
25100524	REG.BRANNVERNTILSK TIL FOND	-132 983,67	-132 983,67
25101002	LIKESTILLINGSANALYSE HERØY	-35 025,80	-35 025,80
25101290	MOPEDOPPLÆRING	-38 034,15	-38 034,15
25101630	KLOAKK - BUNDE DRIFTSFOND	-2 163 046,81	-1 985 460,56
25101635	BUNDE FOND SLAMAVSKILLARAR	-693 600,41	-
25101640	RENOVASJON - BUNDE DRIFTSFOND	-428 408,29	-421 247,09
25101645	BUNDE FOND BRUKARBET. FEIING	-346 358,34	-434 437,30
25101647	TILTAKSPAKKEN EIGEDOMSAVD.	-143 954,27	-143 954,27
25101680	REINHALD, TILRETTELEGGING TEAMORGANISERING	-90 000,00	-90 000,00
25110380	BUNDE FOND NAV - ØYREMERKA TILSKOT	-240 000,00	-240 000,00
25110381	BUNDE FOND NAV - KVALIFISERINGSPROGRAMMET	-53 947,35	-53 947,35
25110382	BUNDE DRIFTSFOND NAV KOMPETANSEMIDD.RUS	-16 833,00	-16 833,00
25199000	BUNDE DRIFTSFOND RDA-MIDL.BADELAND	-15 959,69	-15 599,05
25199001	BUNDE DRIFTSFOND RDA-MIDL.	-4 423 829,93	-10 117 961,81
25199010	BUNDE DRIFTSFOND HØYKOM - BREIBAND	-	-44 500,00
25199012	BULYSTPROSJEKTET, BUNDE TILSKOT	-	-148 133,28
25199220	BUNDE FOND VOX-MIDLAR SKULE	-41 650,00	-41 650,00
25199221	BUNDE FOND, LAKSAN - LÆRLINGETILSKOT	-44 415,00	-44 415,00
25199261	BUNDE FOND KULTURSEKKEN	-98 243,00	-98 243,00
25200210	GAVE MYRSNIPA BARNEHAGE	-20 555,00	-20 555,00
25200300	ANNE OG PETTER NERLANDS L.	-40 129,96	-39 459,16
25200308	BUNDE FOND, GAVEKONTO GUL AVDELING	-5 983,60	-5 983,60
25200310	GAVER ARBEIDSSTOVA HERØY SJUKEHEIM	-4 109,09	-4 109,09
25200312	GAVER GRØNN AVD. HERØY SJUKEHEIM	-166 784,25	-161 916,53
25200314	GAVER RAUD AVD. HERØY SJUKEHEIM	-187 846,71	-96 120,03
25200316	GAVER DEMENT/BLÅ AVD. HERØY SJUKEHEIM	-46 144,62	-64 373,70
25200318	GAVER KJØKKEN HERØY SJUKEHEIM	-113 429,68	-76 025,20
25200319	GAVER TRIVSEL HERØY SJUKEHEIM	-99 989,75	-79 343,59
25200320	GAVER TIL PLEIE OG OMSORGS-AVD.	-80 556,17	-70 556,17

25200321	GAVER OPO - DISTRIKT 1	-9 727,32	-9 727,32
25200322	GAVER OPO - DISTRIKT 2	-6 601,98	-6 601,98
25200324	GÅVEKONTO VEDLIKEHALD HAGE HERØY SJUKEHEIM	-6 325,00	-12 400,00
25200350	GAVER KREFTOMSORG I HERØY	-10 051,80	-
25200360	HERØY BARNEHEIMSFOND	-93 882,94	-92 313,61
25200370	GAVE HEIMESJUKEPLEIEN (EV)	-319 852,96	-314 506,36
25200372	GAVE HERØY KVILEHEIM (EV)	-378 935,57	-372 601,35
25200374	GAVE / ARV MYRVÅG SJUKEHEIM	-171 405,45	-230 252,27
25200375	Gåvekonto Myrv.sjukeheim avd. A	-62 374,90	-28 432,40
25200381	GÅVE REMØY CP/EGGESB.HVPU.	-861,00	-861,00
25200553	EIN GANG EI ISHAVSBYGD, GAVE	-8 106,25	-8 106,25
25200575	ORGEL YTRE HERØY KYRKJE	-6 560,20	-6 560,20
25200591	KYRKJEGARD MYKLEBUST DMV	-44 972,52	-44 972,52
25300000	UBUNDE KAPITALFOND	-1 341 687,18	-1 199 687,18
25300010	UBUNDE KAPITALFOND - TOMTEFOND	-6 333 418,25	-1 941 716,25
25400311	UB KAP.FOND HELSESENTER EGGESB	-56 941,00	-56 941,00
25400440	UB-KAP.FOND BUSTAD/SENTRUMTILT	-1 615 485,09	-1 615 485,09
25505750	BU-KAP.FOND TILLB.HERØY KYRKJE	-	-101 089,00
25509200	BUNDE KAPITALFOND LÅNEAVDRAG	-2 078 092,57	-2 078 092,57
25509300	BUNDE KAPITALFOND FLYKTN.BUST. FRØYSTAD	-62 235,71	-62 235,71
25509550	BUNDE KAPITALFOND HEID TURLYSLØYPE	-211 014,21	-7 154,06
25509551	BUNDE KAPITALFOND MUSIKKBRAKKE	-13 727,68	-13 727,68
25509552	BUNDE KAPITALFOND UTSTYR/INSTRUMENT MUSIKKBRAKKA	-36 795,20	-34 795,20
25509553	BUNDE KAP.FOND SANDHANDBALLBANA V/KULTURHUSET	-86 494,75	-86 494,75
25509554	BUNDE KAPITALFOND TENNISFLATA VED KULTURHUSET	-	-10 000,00
25509555	BUNDE KAPITALFOND KRYSSINGSPUNKT VED MOLTU SKULE	-	-100 000,00
25600100	DISPOSISJONSFOND	-5 958 316,48	-8 984 913,48
25655900	DISPOSISJONSFOND FLYKTNINGER	-1 423 629,75	-1 423 629,75
25670001	DRIFTSFOND VEGLYS	-233 491,11	-233 491,11
25810000	ENDRING AV REKNESKAPSPRINSIPP	-8 453 844,46	-8 453 844,46
25900990	REKNESKAPSMESSIG UNDERSKOT	-	934 821,00
25950590	REKNESKAPSMESSIG OVERSKOT	-7 272 551,02	-
25990200	KAPITALKONTO FAST EIGENDOM	-843 287 115,03	-769 393 831,49
25990300	KAPITALKTO.UTSTYR,MASK,TRANSP.	-44 437 771,60	-30 846 453,05
25990400	KAPITALKONTO AKSJER OG ANDELER	-85 983 562,60	-84 639 754,60
25990500	KAPITALKONTO UTLÅN	-50 886 389,08	-50 132 109,04
25990600	KAPITALKONTO INNLÅN	697 047 141,50	658 081 571,87
25990800	PENSJONSFORPLIKTELSER KLP	683 397 143,00	625 127 315,00
25990801	PENSJONSMIDLAR KLP	-559 869 720,00	-507 490 587,00
25990802	ARB.GJ.AVG. NTO. PENSJONSFORPL.KLP	17 417 366,64	16 586 778,65
25990810	PENSJONSFORPLIKTELSER SPK	126 659 921,00	142 064 162,00
25990811	PENSJONSMIDLAR SPK	-106 352 191,00	-103 029 811,00
25990812	ARB.GJ.AVG. NTO. PENSJONSFORPL. SPK	2 863 389,00	5 503 843,49
29100000	UNYTTA LÅNEMIDDEL	79 927 273,50	-4 971 967,87

29599000	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 7/29 HERØY	28 000,00	28 000,00
29599001	REF.KRAV. UBEBYGD TOMT 8/36,HERØY	15 000,00	15 000,00
29599002	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 8/43 HERØY	25 000,00	25 000,00
29999010	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 7/29 HER	-28 000,00	-28 000,00
29999011	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 8/36 HER	-15 000,00	-15 000,00
29999012	REF.KRAV UBEBYGD TOMT 8/43 HER	-25 000,00	-25 000,00
29999101	FORVALTNINGSLÅN	-14 416 941,00	-6 599 800,00
29999145	SAMLEKTO.UNYTTA LÅNEM.VEDR.INVEST.PROSJ.	-65 510 332,50	11 571 767,87

REVISJONSMELDING FOR 2015

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Kommunestyret i Herøy

REVISJONSUTTALE 2015

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Herøy kommune, som viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 7.272.551,- og fordelt til driftsområda kr 495.082.123,- .
Årsrekneskapen, er samansett av balanse pr 31.desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret som er avslutta pr denne dato, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den skal gi ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det muleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå nødvendig tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av at årsrekneskapen gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Revisjonen omfattar også ein vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ein vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for konklusjon om årsrekneskapen.

Balanse og note til årsrekneskapen i høve pensjonskostnad viser eit premieavvik på 26,8 mill. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnadar og inga reell fordring for kommunen.

KONKLUSJON:

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Herøy kommune pr 31. desember 2015, og av resultatet for rekneskapsåret som var avslutta pr. denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Uttale om andre forhold

Budsjett:

Basert på revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at regulert budsjett i årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er rimleg i samsvar med regulert budsjett på dei fleste ansvarsområder, men fleire har vesentleg mindreforbruk.

Årsmelding:

Basert på revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og inneheld informasjon i samsvar med lov og forskrift. Økonomisk informasjon på detaljnivå er ikkje vurderte.

Registrering og dokumentasjon:

Basert på revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjon ISAE 3000 (*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*), meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik 20. mai 2016

Bodill Skeide

reg. revisor

Kopi: Kontrollutval

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

U T S K R I F T

frå

M Ø T E B O K

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	14/16	212	30 05 2016

SAK 14/16 KOMMUNEREKNESKAPEN M/ÅRSMELDING 2015

Vedlegg:
- Revisjonsrapport datert 20.05.2016
- Kommunerekneskapen 2015
- Årsrapport 2015

Saksopplysningar

Det vert vist til vedlagde dokument: Revisjonsuttale/revisjonsmelding, rekneskap og årsrapport for 2015.

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 7.272.551 og fordelt til driftsområda kr 495.082.123.

Revisjonsrapport
Revisjonsrapporten/revisjonsmeldinga er eit viktig dokument for kontrollutvalet i samband med uttalen til reknekapen

Uttale om årsrekneskapen
Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen:
- Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- Nødvendig intern kontroll for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon korkje av misleghald eller feil

Revisor sine oppgåver og plikter:
- Skal seie si meining om årsrekneskapen på grunnlag av revisjonen som er gjennomført.

- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk i Noreg, i dette International Standards on Auditing, som bl.a. krev at ho lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisor sine oppgåver og plikter* i revisjonsuttalen

Revisor sin konklusjon:

- Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommune pr. 31.12.2015. Resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Revisor sin uttale om andre tilhøve:

Budsjettet:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.
- Disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett på dei fleste ansvarsområder, men fleire har vesentleg mindreforbruk.

Årsmelding:

- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

Registrering av dokumentasjon:

- Leiinga har oppfylt plikta si å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Annan informasjon

Rekneskapen

Viser til innhald side 1 og 2, som gir greitt oversyn over innhaldet i rekneskapen og såleis lett å finne fram.

Rekneskapen inneheld dei obligatoriske vedlegga (rekneskapsskjema, balanse og økonomisk oversikt over drift og investering samt notane.

I rekneskapsskjema 1B vil ein finne avvik regulert budsjett i høve til rekneskap (revisjonsmeldinga om vesentleg mindreforbruk). Sjå også sidene 46, 47 og 48 Oversikt over samla driftsinntekter og samla driftsutgifter på dei ulike områd slik dei er oppsett i budsjettvedtaket 2015.

Notane 1 til 26 gir også nyttig informasjon og rekneskapen lettare å forstå.

Årsrapporten

(Årsrapporten inneheld ikkje sidetal eller innhaldsliste – si innhalde vert lista opp nedanfor)

Rådmannen sine kommentarar først i årsmeldinga.

Økonomi

Analyse av nøkkeltal, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (gule ark – 21 sider)

Organisasjon og medarbeidarar
Servicetorget
Stab og støtteavdelingane
Økonomiavdelinga
Persona- og organisasjonsavdelinga
IKT
Barnehage
Skuleavdelinga
Barne- familie og helseavdelinga
Pleie og omsorgsavdelinga
Bu- og habiliteringsavdelinga
Kulturavdelinga
Utviklingsavdelinga
Anleggs- og driftsavdelinga

Vi har ingen spesiell merknad til det som kjem fram i årsmeldinga.

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale for 2015 datert 20. mai 2016.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Herøy kommune for rekneskapsåret 2015, som viser eit mindreforbruk på kr 7.272.551, fordelt til driftsområda kr 495.082.123, og består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter og balanse pr 31.12.2015 med notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar, kan **godkjennast.**

Rett utskrift
Åram, 31. mai 2016

Sigrid Aa. Torbjørnson
Konsulent

Utskrift til: **Kommunestyret** - Saka skal fylgje rekneskapssaka frå rådmannen via formannskapet til kommunestyret

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/656
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
129/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

DISPONERING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MINDREFORBRUKET I DRIFTSREKNESKAPEN FOR 2015

Tilråding:

Det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2015, kr 7.272.551,02, vert nytta til å styrke kommunen sine disposisjonsfond.

Konto 15400/9017/880 Avsett til disposisjonsfond – opp NOK 7.272.551,02

Særutskrift:
- Økonomiavdelinga her, for oppfølging
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon
- Vest Kontroll
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Herøy kommune fekk i 2015 eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskott) i driftsrekneskapen på kr 7.272.551,02

Dei ulike avdelingane si drift går fram av denne oppstillinga:

Ansvarsområde		Rekneskap 2015	Reg budsjett 2015	Avvik i kroner	Avvik i %
Folkevalde	Brutto utgift	4.592.103	4.149.748	-442.355	
	Brutto inntekt	-446.424	-118.658	327.766	
	Netto driftsutgifter	4.145.679	4.031.090	-114.589	-2,84
	Avvik	Meirforbruk på kr 114.589,-			
Adm. Leiing	Brutto utgift	6.771.161	6.778.402	7.241	
	Brutto inntekt	-2.656.454	-2-660-351	-3.897	
	Netto driftsutgifter	4.114.707	4.118.051	3.344	0,08
	Avvik	Mindreforbruk på kr 3.344,-			
Servicetorget	Brutto utgift	3.723.558	4.225.735	502.177	
	Brutto inntekt	-997.898	-902.332	95.566	
	Netto driftsutgifter	2.725.660	3.323.403	597.743	17,98
	Avvik	Mindreforbruk på kr 597.743,-			
Dokumentsenter og pol.sekretariat	Brutto utgift	2.444.701	2.406.792	-37.909	
	Brutto inntekt	-234.980	-196.527	38.453	
	Netto driftsutgifter	2.209.721	2.210.265	544	0,02
	Avvik	Mindreforbruk på kr 544,-			
Økonomiavdelinga	Brutto utgift	5.813.135	6.423.087	609.952	
	Brutto inntekt	-787.470	-767.803	19.667	
	Netto driftsutgifter	5.025.665	5.655.284	629.619	11,13
	Avvik	Mindreforbruk på kr 629.619,-			
Personal- og organisasjonsavd.	Brutto utgift	10.007.473	10.307.118	299.645	
	Brutto inntekt	-2.261.670	-2.245.774	15.896	
	Netto driftsutgifter	7.745.803	8.061.344	315.541	3,91
	Avvik	Mindreforbruk på kr 315.541,-			
IKT – Informasjonsteknologi	Brutto utgift	6.076.268	6.012.986	-63.282	
	Brutto inntekt	-890.686	-816.908	73.778	
	Netto driftsutgifter	5.185.582	5.196.078	10.496	0,20
	Avvik	Mindreforbruk på kr 10.496,-			
Andre overføringar	Brutto utgift	54.106.645	48.118.371	-5.988.274	
	Brutto inntekt	-45.724.625	-38.891.835	6.832.790	
	Netto driftsutgifter	8.382.020	9.226.536	844.516	9,15
	Avvik	Mindreforbruk på kr 844.516,-			
Barnehageavdelinga	Brutto utgift	69.510.732	69.611.366	100.634	
	Brutto inntekt	-5.685.341	-5.383.494	301.847	

	Netto driftsutgifter	63.825.391	64.227.872	402.481	0,62
	Avvik	Mindreforbruk på kr 402.481,-			
Skuleavdelinga	Brutto utgift	127.395.316	128.862.742	1.467.426	
	Brutto inntekt	-20.687.467	-20.050.472	636.995	
	Netto driftsutgifter	106.707.849	108.812.270	2.104.421	1,93
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.104.421,-			
Avd for Barn, Familie og Helse	Brutto utgift	53.082.318	49.456.454	-3.625.864	
	Brutto inntekt	-15.015.170	-11.261.152	3.754.018	
	Netto driftsutgifter	38.067.148	38.195.302	128.154	0,33
	Avvik	Mindreforbruk på kr 128.154,-			
Pleie- og omsorgsavdelinga	Brutto utgift	126.886.484	131.446.211	4.559.727	
	Brutto inntekt	-27.129.769	-25.798.223	1.331.546	
	Netto driftsutgifter	99.756.715	105.647.988	5.891.723	5,57
	Avvik	Mindreforbruk på kr 5.891.723,-			
Bu- og habiliteringsavdelinga	Brutto utgift	50.992.310	54.016.488	3.024.178	
	Brutto inntekt	-16.036.946	-16.149.924	-112.978	
	Netto driftsutgifter	34.955.364	37.866.564	2.911.200	7,68
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.911.200,-			
NAV Herøy (Sosial/flyktning)	Brutto utgift	18.733.238	15.546.549	-3.186.689	
	Brutto inntekt	-10.902.228	-5.953.468	4.948.760	
	Netto driftsutgifter	7.831.010	9.593.081	1.762.071	18,36
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.762.071,-			
Kulturavdelinga	Brutto utgift	20.949.358	18.027.576	-2.921.782	
	Brutto inntekt	-12.222.162	-9.505.744	2.716.418	
	Netto driftsutgifter	8.727.196	8.521.832	-205.364	-2,40
	Avvik	Meirforbruk på kr 205.364,-			
Utviklingsavdelinga	Brutto utgift	9.912.956	9.229.504	-683.452	
	Brutto inntekt	-6.142.274	-3.437.226	2.705.248	
	Netto driftsutgifter	3.770.482	5.792.278	2.021.793	34,90
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.021.793,-			
Anleggs- og drifsavdelinga	Brutto utgift	39.855.347	40.386.946	531.599	
	Brutto inntekt	-23.161.388	-24.426.258	-1.264.870	
	Netto driftsutgifter	16.693.959	15.960.688	-733.271	-4,61
	Avvik	Meirforbruk på kr 733.271,-			
Eigedomsavdelinga	Brutto utgift	41.124.514	34.147.162	-6.977.352	
	Brutto inntekt	-23.804.280	-16.871.541	6.932.740	
	Netto driftsutgifter	17.320.234	17.275.622	-44.612	-0,25
	Avvik	Meirforbruk på kr 44.612,-			
Samhandlingsreforma	Brutto utgift	165.983	294.432	128.449	
	Brutto inntekt	-1.068.758	-294.432	774.326	
	Netto driftsutgifter	-902.775	0	-902.775	
	Avvik	Mindreforbruk på kr 902.775,-			
SUM	Brutto utgift	652.143.600	639.447.669	-12.695.931	
	Brutto inntekt	-215.856.190	-185.732.121	30.124.069	
	Netto driftsutgifter	436.287.409	453.715.548	17.428.138	3,84

Totalt mindreforbruk i avd på kr 17.428.138,-

Tilsvarande meirforbruk har ein hatt på område 90 (skatt, rammetilskott, finans etc). For å forklare dette kan ein bruke ei slik oversikt (summane er avrunda):

Skatt/ramme/finans	17 428 143
Fordelt slik:	
Statleg rentekompensasjon	480 000
Rentekostnadar	1 370 000
Renteinntekter	-690 000
Aktiv forvaltning	4 680 000
Skatt og rammetilskott	-4 200 000
Avskrivingar	-300 000
Pensjonsavvik, amortisering osb	1 700 000
Netto andre postar bl.a.	
generellt krav til innsparing	7 115 000
Sum	10 155 000
Overskott	**7 273 143**

(positivt forteikn betyr her meirutgifter/mindreinntekter enn budsjettert, medan negativt forteikn betyr mindreutgifter/meirinntekter enn budsjettert)

Som ein ser av den øvste tabellen er det stor skilnad områda i mellom. Nokre har hatt mindreforbruk medan andre har hatt meirforbruk. Totalt er mindreforbruket i høve til regulert budsjett på nær 17,4 mill kr (tilsvarande tal i 2014 var 9,7 mill kr). Det må ein seie er godt levert. Sjølv om ein her må ta med eit innsparingskrav på 8,75 mill kr som vart budsjettert på område 90.

Kommunen sine ulike driftsfond har minka også i 2015. Disposisjonsfonda minka med om lag 3,03 mill kr medan dei bundne driftsfonda har minka med om lag 4,2 mill kr. Reduksjonen i bundne fond skuldast at ein har betalt ut meir i RDA midlar dette året enn det ein fekk tilført. Dersom formannskapet følger tilrådinga i denne saka vert kommunen sine disposisjonfond auka med om lag 7,27 mill kr til om lag kr 14,89 mill kr.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen sitt framlegg er altså at heile mindreforbruket i 2015 vert nytta til å styrke kommunens disposisjonsfond. Eit disposisjonsfond kan i prinsippet nyttast til kva som helst men i dagens usikre økonomiske situasjon vil det vere viktig å fortsette den nøkterne drifta i kommunen.

Fosnavåg, 20.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/45 210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
130/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

TERTIALRAPPORT DRIFT PER 01.05.2016.

Tilråding:

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

Vedlegg:

- Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe

Saksopplysningar:

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.05.2016.

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

> *"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Vurdering og konklusjon:

I denne rapporteringa er det laga ein eigen rapport for plan og prosjekt og ein rapport for drift (vedtak og teneste). Dette er gjort for å imøtekome innspel om at tidlegare rapportar har vore for omfattande og vanskeleg tilgjengelege.

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane.

Fosnavåg, 01.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

IKT-avdelinga

IKT-leiar Guro Gausemel

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

1.1. Flytting av ePhorte til driftssenteret på Hareid

1.2. Oppstart av pilotprosjekt for iPad som læringsverktøy i grunnskulen. Oppsett av AirWatch (mobile device management) for utrulling av over 100 nettbrett.

1.3. Etablering av kommunal eining på NAV sine kontor (flyktningtenesta, bustad, rus)

1.4. Oppgradering og flytting av Oppad (skuleadministrativt system) til driftssenteret

1.5. Fornying av datanettverk på rådhuset. Tilrettelegging for 10 GB nettverk mellom kommunale lokasjonar. Opprusting av nettet for framtidige datamengder.

2. VEDTAK

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

DATO	AVVIKSTITTEL	AVVIKS -ID	Status
07.01.2016	Ikkje slukka og stengt av etter endt dag	1500	Lukka
21.01.2016	Telefon ute av drift - Myklebusttunet	1514	Lukka
10.05.2016	Ingen svar ingen fråværsmarkering i Trio	1598	Lukka
16.03.2016	Samhandling IKT- Printerfeil Raud avdeling	1552	Lukka

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

- Nytt supportsystem IKT-avdelinga – Fellesprosjekt med dei andre IKT-avdelingane i sjustjerna. Det vert sett opp eit supportsystem som vert felles for alle dei sju kommunane
- Overgang til mobilt sentralbord – Trio skal fasast ut. Vi går over på same sentralbordløysing som 5 av dei andre kommunane i sjustjerna, mobilt sentralbord frå Telenor.
- Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset
- Ny brannmur/virusbeskyttelse - Checkpoint er kjøpt inn og skal settast i drift vår/sommar 2016. Inneheld antivirus, antibot, threat emulation og sandbox

1/2014
Servicetorget Tertialrapportering

Servicetorgleiar /Wenche Moltu

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Ein person er ute i permisjon og ei stilling er halde vakant. Det har vore redusert opningstid ved rådhuset.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ny kriseplan /eredsjkapsplan er ikkje ferdig.

3. TENESTERAPPORTERING

Deet er meldt avvik til ulike avdelingar på ting ein meiner ikkje fungerer i organisasjonen.

Utviklingsarbeid

Redusert opningstid har vore til stor hjelp. Tida utanfor opningstida har vore nytta til oppdatering, intern opplæring frå andre avdelingar og sakshandsaming.

PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

a) Fagdag
Personal- og organisasjonsavdelinga gjennomførte fagdag i februar, der avdelinga jobba særskilt med konflikt og konflikthandtering.

b) Nedetid Agresso
På grunn av oppdatering frå Agresso til M5 har systemet vore nede i periodar.

c) Omorganisering
Sjølv om avdelinga ikkje har ein sjølvstendig rolle i arbeidet med omorganiseringa, vert avdelinga trekt inn i arbeidet på ulike plan, t.d. i samband med Kontaktmøte, rådgjeving og informasjon ut i avdelingane/organisasjonen.

2. VEDTAKSRAPPORT

Inkje å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Inkje å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Inkje å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

a) Arbeidsgruppe – tidsregistreringssystem
Rådmannen gav personal- og organisasjonsleiar i oppdrag å leie ei partsamansett arbeidsgruppe som fekk som mandat å utforme førespurnad og krav spesifikasjon, og innhente tilbod frå andre tidsregistreringstilbydarar. Førespurnad vart sendt ut

februar 2016. Gruppa har vurdert dei innkomne tilboda, og konkludert med at det er føremålstenleg å skifte system. Rådmannen har sagt seg samd i arbeidsgruppa si tilråding. Gruppa arbeider no vidare med aktuell leverandør av tidsregistreringsystem.

b) Oppretting av partsamansett arbeidsgruppe – krav om stilling etter Arbeidsmiljølova
Som fylgje av endringar Arbeidsmiljølova om krav om stilling og auka stilling erfarer organisasjonen at det ikkje ligg føre gode nok rutinar for handtering av krav, ansvar og saksgang. Rådmannen gav personal- og organisasjonsleiar i oppdrag å leie arbeidsgruppe som skal gjere greie for og utforme føremålstenelege rutinar. Etter møte i gruppa har personal- og organisasjonsleiar byrja på ei rutine som gruppa skal drøfte vidare. Arbeidet er ikkje ferdigstilt enno.

c) Overordna HMT-plan
Personal- og organisasjonsavdelinga har i samarbeid med HVO og eigedomsavdeling arbeidd med ny overordna HMT-plan og andre HMT-dokument. Ny HMT-plan får ein heilt ny utforming og annan oppbygnad og struktur, og vil vere i form av ei HMT-handbok. Vi har sett til ulike kommunar ved utarbeiding av vår nye HMT-handbok, t.d. Bergen kommune og Hadsel kommune.

d) Kvalitetsarbeid
Personal- og organisasjonsavdelinga arbeider kontinuerleg med kvalitetsarbeid, slik ajourhald og oppdatering i høve lov, regelverk og avtaler. Herøy kommune nyttar Compilo (Kvalitetslosen) som verkty i samband med kvalitetsarbeid og oppfylging.

e) Agresso-oppdatering – økonomi og lønssystem
Avdelinga er aktivt deltakande i arbeidsgrupper i samband med oppdatering frå Agresso til M5.

f) HMT-opplæring
Avdelinga har vore aktiv med å etablere og bidra til gjennomføring av HMT-opplæring for verneombod, tillitsvalde og leiarar i vår. Opplæringa er eit samarbeid mellom kommunane i Sjustjerna, og initiert av personal- og organisasjonsavdelinga i Herøy kommune. Ein ser at kommuneorganisasjonane har kompetanse internt til å drive eige HMT-kurs. På særskilte fagområde, slik som yrkeshygienikar har ein leigd inn kompetanse. Ved å arrangere kurset sjølv har ein fagleg fridom til å rette innhaldet særskilt inn mot kommunesektoren, ein får synt fram intern kompetanse på ein god måte og ikkje minst er det økonomisk.

g) Refusjonskrav og Agresso
Personal- og organisasjonsavdelinga har teke i bruk «refusjonsmodulen» i Agresso. Denne modulen har innehaldt ein feil slik at avdelinga ikkje har kunne nytta han.

Dette har medarbeidar hjå avdelinga retta på. Avdelinga får no påminningar og sikrar betre oppfølging av refusjonskrav til NAV. Det er utarbeid ei kort rutine, som er sendt til alle kommunane Sjustjerna.

h) Lønsforhandlingar, tilsetting og prøvetid.
Personal- og organisasjonsavdelinga har kome med presisering om frå kva tidspunkt (tiltredelse) ein ny-tilsette har rett til å ta del i lønsforhandlingar. Dette er sendt ut til leiarane i rådmannen si leiargruppe. Likeeins har avdelinga laga prosedyre i høve klargjering ved bruk av prøvetid, sjå Compilo.

4. SJUKEFRÅVÆR OG REFUSJONAR

Innleiing

Frå og med 01.01.15 har sjukefråveret i Herøy kommune vorte rapportert tertialvist, der Personal- og organisasjonsavdelinga også sender ut status for sjukefråvær for den enkelte avdeling kvar månad. Dette har avdelinga bl.a. gjort for å lette arbeidet og for å minne leiarane på status for sjukefråværet i si avdeling.

Tabell 1 nedanfor viser sjukefråvær 2. og 3. tertial 2015 og tertial 2016.

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune. 2. tertial og 3.tertial 2015, og 1. tertial 2016 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	2. tertial	K	L	3. tertial	K	L	1. tertial	K	L
Personal og org. inkl. HTV, HVO	4,52	1,4	3,12	5,32	1,03	8,21	6,57	3,01	3,56
Økonomi (>10)	15,14	0,79	14,35	9,87	1,45	8,41	10,48	1,36	9,13
Fellessekr. (<5)	0	0	0	0	0	0	4,74	2,77	1,98
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	11,57	0	11,57	0,39	0,39	0	5,76	5,76	0
Servicetorget (<10)	0,88	0,88	0	14,25	3,14	11,11	0,71	0,71	0
Utviklingsavd. (<10)	2,07	0,84	1,23	5,44	3,53	1,91	5,61	2,33	3,27
Barnehageavd. (<40)	8,35	2,93	5,41	12,32	3,46	8,86	10,3	2,54	7,77
Grunnskuleavd. (<250)	5,38	0,87	4,51	5,32	1,5	3,82	1,1	2,32	4,79
Anl. og drift (<15)	4,89	0,42	4,47	0,8	0,8	0	1,12	1,12	0
Brannvern (<30)	0,28	0,13	0,15	1,23	0,95	0,28	2,23	1,9	0,32
Helse (<40)	6,61	0,74	5,86	2,55	0,67	1,87	5,03	1,34	3,68
Pleie og omsorg (<300)	8,87	1,98	6,89	7,04	2,14	4,9	8,76	2,43	6,33
Bu og hab. (<75)	8,02	2,28	5,74	7,94	3,11	4,84	10,01	2,44	7,57
Barnevern (<10)	8,08	0,74	7,34	5,28	2,45	2,82	9,85	3,22	6,63
Kultur (>10)	3,43	2,68	0,75	5,69	1,95	3,73	7,08	2,36	4,72
Eigedom (<40)	8,96	2,32	6,64	22,29	3,21	16,38	16,92	2,84	14,08
NAV kommune (10)	17,4	2,77	14,69	13,64	2,27	11,37	18,17	5,03	13,14
Totalt fråvær	7,25	1,55	5,7	7,52	2,04	5,48	8,61	2,4	6,2

Tabell 2 nedanfor viser sjukefråværet 1. tertial 2015 og 2016.


Avdeling	1. tertial 2015	K	L	1. tertial 2016	K	L
Personal og org. inkl. HTV, HVO	8,69	1,31	7,37	6,57	3,01	3,56
Økonomi (>10)	5,71	3,21	2,51	10,48	1,36	9,13
Fellessekr. (<5)	0	0	0	4,74	2,77	1,98
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56	5,76	5,76	0
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0	0,71	0,71	0
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26	5,61	2,33	3,27
Barnehageavd. (<40)	13,63	3,06	10,57	10,3	2,54	7,77
Grunnskuleavd. (<250)	7,32	2,44	5,27	1,1	2,32	4,79
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36	1,12	1,12	0
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0	2,23	1,9	0,32
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02	5,03	1,34	3,68
Pleie og omsorg (<300)	12,08	2,45	9,63	8,76	2,43	6,33
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07	10,01	2,44	7,57
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45	9,85	3,22	6,63
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67	7,08	2,36	4,72
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56	16,92	2,84	14,08
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26	18,17	5,03	13,14
Totalt fråvær	10,53	2,41	8,12	8,61	2,4	6,2

Saksopplysningar

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråvær i 1. tertial 2016 på 8,61%. Det er 0,15% lågare en for same perioden i 2014, sjå tabellen nedanfor. Dette er det lågaste sjukefråværet som er registrert i 1. tertial sidan Personal- og organisasjonsavdelinga tok til å registrere fråvær i Agresso i 2009.

Dersom vi samanliknar samla sjukefråvær 1. tertial 2016 med 2015 tala ser vi at skilnaden i positiv retning er nær 2,0%. Dette må vi kunne seie er svært bra, sjølv om Herøy kommune sitt mål for sjukefråvær er 7,5%.

Vi veit at sjukefråværet varierer gjennom året, og statistisk sett er første tertial den perioden gjennom året med høgst sjukefråvær. Dette kjem også fram av tabell 1, der vi ser sjukefråveret for dei tre siste tertiala.



Vurdering og konklusjon:

Vi kan også for 1. tertial 2016 konstatere at sjukefråværet varierer sterkt mellom dei ulike avdelingane og arbeidsplassane i Herøy kommune. Det er viktig å merke at avdelingar med få tilsette vil få eit større prosentvis utslag enn avdelingar med mange tilsette.

Dersom vi samanliknar sjukefråværet i dei ulike avdelingane 3. tertial 2015 og 1. tertial 2016, kan vi sjå at vi mellom anna har hatt ein god nedgang i sjukefråværet i Eigedomsavdelinga med heile 5,37% frå 22,29% til 16,92%. Vi ser elles ein nedgang i barnehageavdelinga.

Av dei små avdelingane ser vi at servicetorget har hatt ein markant nedgang frå 14,25% til 0,71%, og der ser vi også at få tilsette gir sterkt utslag på statistikken.

Vi ser ein auke i sjukefråværet i Bu- og habiliteringsavdelinga og Pleie- og omsorgsavdelinga, som begge har mange tilsette. I desse avdelingane kan vi også sjå at sjukefråværet varierer ein del frå den eine arbeidsplassen til den andre.

Nav kommune har ein oppgang i sjukefråværet på om lag 4,5%, men vi ser at ein vesentleg del av auken er korttidsfråvær. Om vi ser på korttidsfråværet generelt, kan vi sjå at der er ein auke i fleire avdelingar. Dette kan nok skuldast sesongbaserte sjukdomar, som er vanlege denne tida på året.


Sjukefråværet er som tidlegare peika på svært variert, noko som også speglar det varierte arbeidet som vert utført i Herøy kommune. Nokre avdelingar ber preg av tyngre fysisk arbeid og arbeidsoppgåver som gir seg utslag i slitasje over tid.

Herøy kommune er IA-bedrift og arbeider kontinuerlig med førebygging og oppfølging av sine tilsette, og der i målretta arbeid med sjukefråvær. Arbeidsgjevar jobbar aktivt med å komme tidleg inn i sjukemeldingsforløpet til den tilsette. Dette arbeidet vert òg følgd opp

av IA-utvalet og AMU.

Med utgangspunkt i tala for 1. tertial 2016, syner dei at det blir jobba godt med å førebyggje og følgje opp medarbeidarar ute i organisasjonen.

Sjukepengerefusjonar 1. tertial
Oversynet syner genererte sjukepengekrav per månad (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per månad.



Oppdatert per. 02.05.16


Vi gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande, då krava vert refundert etterskotsvis. Dette kjem tydeleg fram om ein t.d. samanliknar genererte krav i februar med motteken refusjonar i april.

Samla sjukepengekrav og motteken refusjonar i 1. tertial 2016;

Sjukepengar	Kroner	Differanse
Totalt genererte krav	kr 4 490 337,-	
Totalt motteke refusjon	kr 4 263 513,-	kr - 226 824,-

Herøy kommuen har utestående vel kr. 200 000,- i sjukepengerefusjonar frå NAV. I snitt har Herøy kommune motteke kr. 1 065 878,- per månad i 2016.

Foreldrepengerefusjonar 3. tertial
Oversynet syner genererte foreldrepengekrav per månad (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per månad.



Oppdatert per 02.05.16

Vi gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande, då krava vert refundert etterskotsvis. Som ein ser av søylene for foreldrepengar, samanlikna med sjukepengar, er det meir samanfallande mellom krav og refusjon når det gjeld foreldrepengar. Dette skuldast at når ein fyrst har sett fram krav om refusjon av foreldrepengar vil det normalt vere få og små endringar i løpet heile foreldrepengeperioden.

Samla foreldrepengekrav og motteken refusjonar i 1. tertial 2016;

Foreldrepengar	**Kroner**	**Differanse**
Totalt genererte krav	kr 1 609 717,-	
Totalt motteke refusjon	kr 1 629 072,-	kr 19 355,-

Herøy kommune har motteke kring kr. 20 000,- meir i inneverande tertial enn det som ein har sett fram krav om. I snitt har Herøy kommune motteke kr. 407 268,- per månad i 2016.

Refusjonar 1. tertial 2016

Motteken refusjonar	**Kroner**
Totalt 1. tertial	kr 5 892 585,-
Snitt per månad	kr 1 473 146,-

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Fosnavåg 18. mai 2016

Økonomiavdelinga

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Ein person i avdelinga har sagt opp si stilling i avdelinga og vi har fått tilsett ein ny person som starter her 01.10.2016.

2. VEDTAKSRAPPORT

Dragsundbygg IKS. Overtaking av selskapet. Sak ferdig handsama. Held no på å føre dette bygget inn i kommunen sitt rekneskap.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er ikkje sett i verk utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Anna

Vår utfordring i 1 tertial er knytt til personellressursen. Vi har hatt ein person ute i ei arbeidskrevjande periode noko som har resultert i stort arbeidspress og mange ekstra arbeidstimar for fleire i avdelinga. Ei anna utfordring er at mange har måtta overført fleire feriedagar frå 2015 til 2016 og i ein særs travel kvardag syner det seg vanskeleg å få brukt desse dagane innan 1. mai. Totalt har vi hatt 1,4 årsverk mindre i drift i 1 tertial enn vi hadde i tilsvarande periode i 2015 (5,9 årsverk i 2016 mot 7,3 årsverk i tilsvarande periode 2015).

PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge

1. VIKTIGE HENDINGAR 1. TERTIAL

Avdelinga har ingen store hendingar dette tertialet, men mindre hendingar som kan vere verdt å merke seg er:

- Det vart gjennomført ein felles fagdag for alle avdelingane i januar med tema førebygging og fysisk aktivitet hos eldre. I etterkant har avdelingane sett i verk konkrete tiltak for å auke aktiviteten hos den enkelte.
- Grøn avdeling har endra turnusen til lange vakter på dag og kveld utanom helg. Dette har ført til ein person mindre på vakt, men har positiv effekt i høve deltidsproblematikken og meir tid til dokumentasjon. Ordninga skal evaluerast etter ei prøveperiode
- Generelt auka fokus på aktivitet. «Eldrebølgen» er framleis eit svært positivt tiltak der frivillige er drivkrafta bak trivelige aktivitetar, ute eller inne, - alt etter veret. Seniordans har også vore ein positiv bidragsytar i så måte.
- Det skjer ei oppgåvevriding frå sjukehus til kommunar som fører til at folk i alle aldrar, også med alvorlege diagnosar skal få tilbod om heimetenester. Dette gir nye utfordringar til kommunane, både når det gjeld kompetanse og økonomi. Sjukehuset krev også at kommunen stiller med sine fagfolk for å dekke vakter på sjukehuset når pasientar er innlagt der. Det er usemje om betalingsordning, og dette er sett på dagsorden i Overordna Samhandlingsutval. Herøy er midt i ei slik problemstilling no, og avdelingsleiar og personalet gjer ein fantastisk jobb for å gi gode tenester.
- Leiarane ved grøn, raud og gul avdeling rapporterer alle om fordelen ved god legedekning no ved at der er lege på huset 3 dg pr veke. Han kan også kontaktast utanom desse tidene. Dette har gitt eit godt fagleg løft og er med å skape tryggleik både blant pasientar og tilsette. Frå 1 juni har dei ikkje oversikt over sjukeheimslege-tilgangen. Dette skaper frustrasjon og bekymring for dårligare tenester til pasientane.
- Pleie- og omsorgsleiar skal over i ny jobb, og det er spenning i avdelinga rundt eventuelt ny leiar og ny organisering.

2. VEDTAKSRAPPORT

K-sak 56/16 OPPRETTING AV BEMANNINGSTEAM I PLEIE- OG OMSORG, MED PRØVEPROSJEKT PÅ MYRVÅG OMSORGSSENTER

1. Det vert oppretta 2.0 stillingsheimlar i bemanningsteamet ved Myrvåg omsorgssenter. Prosjektet har ein prøveperiode på 6 månader, med muligheit for vidareføring av tiltaket i permanent drift. Tilsetting skjer etter gjeldande lov og avtaleverk. Prosentvis fordeling mellom fagheimlar vil til ei kvar tid variere med tilgjengelig kompetanse.

2. Stillingane vert finansierte med inntekter frå refusjon sjukeløn

3. Prosjektet skal evaluerast og politisk handsamast etter 6 månader.

På grunn av ferieavviklinga vert prosjektet ikkje starta opp før til hausten

3. TENESTERAPPORTERING

Presset på sjukeheimsplassar haldt seg oppe dei tre første månadane av 2016. I april månad har vi litt ledig kapasitet igjen, godt fordelt mellom somatiske sengeplassar og skjerma. I perioden for tertialrapporten har avdelinga eit belegg på 97,4%. Mange av korttidsopphalda i første tertial skyldast fall heime, med påfølgjande brot og treningsopphald. Vi har fått signal om behov for meir fysioterapiressurs i avdelingane.

Avdelingsleiar ved Myrvåg A melder om at bruken av øyeblikkeleg hjelp sengeplassane er nytta meir etter nyttår.

Administrasjonen har redusert kapasitet på grunn av svangerskapspermisjon/pappapermisjon og sjukmeldingar, men det har stort sett gått bra. Vi har prøvd å halde oss innan rammene til forvaltningslova, men nokre saker har blitt liggande litt lenge på vent. Vi har mange ledd i sakshandsaminga vår, og det krev at dei fleste er på plass for god flyt i saksgangen.

Klager

Vi har fått nokre klager på auke i timepris for heimehjelp. Og vi hatt ei klagesak vedrørande langtidsplass, der kommunen fekk medhald hos med Fylkesmannen.

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Compilo frå 1.1.16 – 30.04.16:

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	17	6	11	0
Organisasjon	20	10	9	1
Teneste/brukar	34	6	26	2

Talet på avvik er relativt stabilt. Vi har hatt avvik som tema i leiargruppa, og på ein del avdelingar. Stikkord kvifor og korleis melde avvik. Også korleis bruke statistikken til kvalitetsforbetring.

Av avvika med høg alvorsgrad er det to som går på dokumentasjon og eit på medikament. Ingen av dei førte til skade for pasient.

Avvik frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Mattilsynet gjennomførte den 15.03.16 revisjon på Herøy helse- og omsorgssenter. Konklusjon: «*Ved dette tilsynet har ikkje Mattilsynet funne noko som vil leie til påpeiking av plikt eller varsel om vedtak, men merknader i rapporten må takast til følgje.*»

Merknaden gjekk på behov for raskare nedkjøling av eigenprodusert mat. Det er planlagt innkjøp av ei blåsekjøle i år, og eigedomsleiar har vore på synfaring for å starte prosessen med bygningsmessig tilpassing av lokala. Elles var ikkje plan for prøvetaking til mikrologiske analyser i samsvar med eigne rutinar då dette vert utført x 2 pr år, medan kontrollplanen viser x 1 pr år. Dette vert korrigert.

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Tilpasning til helsenett
Det pågår framleis eit utviklingsarbeid med den elektroniske kommunikasjonen innad i helsenettet.

Prosjekt vikarbank
Prosjektet er under arbeid med midlar frå fylkesmannen til frikjøp av prosjektleiar i 20% stilling fram til sommaren 2016.

Prosjekt aktivitetsvenn
Prosjektet pågår. Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, vart Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket, plukka ut til å vere med på dette prosjektet.

Omlegging av drift for heimeteneste distrikt 1 og 2, og gul avdeling
Som følge av nybygget er det sett i verk eit arbeid der ein vil omorganisere drifta ved dei nemnde avdelingane. Dette skal vere ferdigstilt til innflytting i nybygget over nyttår 2017.

Eit år med fokus på førebygging og akitivtet hos eldre
Etter fagdagen i januar har alle avdelingane valt ut sine tiltak som dei skal arbeide spesielt med dette året. Tiltaka vert samla i leiargruppa og ein skal evaluere effekten av desse etter eit år.

Ragnhild Velsvik Berge

BU- OG HABIILITERINGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

1. VIKTIGE HENDINGAR FYRSTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Oppstart arbeidemiljøkartlegging på Nestunet den 8.april.

2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 01.01.2016- 30.04.2016:

Ingen vedtak

3. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) frå 01.01.16 – 30.04.16: 14 avvik

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad	Status
Helse, miljø og tryggleik	2	0	0	2	2/2: Lukka
Organisasjon	0	0	0	0	0/0: Lukka
Teneste/brukar	12	1	8	3	11/12: Lukka

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Det var meldt tilsyn frå Fylkesmannen i forhold til enkeltbrukar og HOTL kap 9, tvang og makt. Tilsynet vart avlyst av Fylkesmannen på grunn av sjukdom.

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Arbeid med «Herøy ressurssenter»:
Bu- og habiliteringsavdelinga har samarbeidd med Eigedomsavdelinga med ferdigstilling av byggeprogram til Herøy ressurssenter.

Arbeid med utvikling av «kompetanseteam»:
Bu- og habiliteringsavdelinga har ikkje prioritert dette prosjektet. Førebels lagt på is.

Arbeid med omorganiseringsprosessen:
Bu- og habiliteringsavdelinga er ein aktiv medspelar i arbeidet med vurdering av framtidig organisasjonsstruktur.

Barn,- familie- og helseavdelinga

Leiar for Barn-, familie og helseavdelinga
Inger Marie Tofthagen

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Hending

Frå 1.1.2016 vart NAV ein del av avdelinga. NAV-leiaren slutta i stillinga i feburar for å gå over i stilling i ein anna kommune. Det har vore ein prosess for å rekruttere ny leiar samstundes som ein har organisert tidlegere NAV i ein minimumsdel samt ein seksjon som omfattar tenestene flyktning, bustadsosialt og rus. Arbeidet har tatt noko tid, dette mellom anna pga. krav til ombygging av lokala pga. endringa og oppkobling av kommunalt dataforbinding. Dette er i desse dagar i orden og vi ser at det er ein stor fordel å koble fagområda tettare saman mellom anna ved deltaking i felles leiarmøter.

Hending

I første tertial vart to av dei mest erfarne seksjonsleiarane (seksjonsleiar for psykisk helse og barnevern) pensjonistar. Det har lykkast oss å få rekruttert gode etterfølgjarar i desse stillingane og arbeidet i seksjonane held fram på ein god måte. Båe seksjonane har utfordringar, psykisk helse ved at det stadig vert fleire som er behov for hjelp med til dels alvorlege diagnosar. Det er og melde mange saker innan barnevern som kan få alvorlege utfall. Elles er det her gledeleg at det i stadig fleire tilfelle vert set inn hjelp tidleg og at ein på denne måten kan unngå ei negativ utvikling for det einskilde barn.

Hending

Det har vore utlyst tre fastlegeheimler, to ved Herøy legesenter og ein ved Myrvåg legesenter. Det har lykkast å tilsette i to av desse, ein ved Herøy legesenter og ved Myrvåg legesenter. I Myrvåg vart det rekruttert frå Herøy legesenter. Legane vil tiltre i løpet av sommaren/hausten. Det er positivt at vi har fått rekruttert desse legane, men det vil fortsatt vere utfordringar med omsyn til ledige heimler. Vi har no ein vikar ved Herøy legesenter som vil fortsett utover hausten og det er positivt. Etter at kommunestyret vedtok den strategiske rekrutteringsplan for fastleger har ein eit håp om at det frametter skal vere lettare å rekruttere og behalde legar. Forhandlingane om like avtale r ved dei to sentra er innleia.

2. VEDTAKSRAPPORT

Kommunestyret vedtok i sak 45/16 strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2016-2018.

Saka er følgt opp ved at det er innleia forhandlinar med fastlegane ved dei to sentra med hensikt å kome fram til ei lik avtale ved dei to legekontora. Fagleg utvikling vert også prioritert.

3. TENESTERAPPORTERING

Det er meldt 3 avvik i Compilo siste tertial. Eit gjeld manglande oppfølging av rutinar ved bruk av ø- hjelp plassane. Rutinane er innskjerpa og avvike er lukka. Dei to andre avvika gjeld manglande registrering av fråvær og manglande oppfølging av henvending til sakshandsamar. Avvika er grepe fatt i og lukka.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Tverrfagleg arbeid
Saman med dei øvrige avdelingane som arbeider med tverrfagleg tilnærming for barn og unge har avdelinga arbeidet med å reorganiser og vitalisere organiseringa av arbeidet. Faggruppa har arbeid fram eit forslag til ny tiltaksplan for det vidare arbeidet.

Mottak av asylsøkjarar
Avdelinga har arbeidet aktivt med mottak av asylantar i første tertial i 2016. Dette har vore til dels eit nybrotsarbeid for avdelinga og slik sett måtte utviklast over tid. Mottaket for einslege mindreårige vil verte meir permanent og arbeidet på dette området vil fortsette vidare.

Barnehageavdelinga

Laila Kvalsund Solhaug

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Hending

Kommunen mottok ingen klage på vedtak om kommunalt tilskot til private barnehagar for 2016.

Herøy kommune har ennå ikkje fått svar på klaga frå PBL som vart sendt inn til avgjerdsle hos fylkesmannen. Klaga handla om vedtak kommunalt tilskot til private barnehagar etter avslutta 2014 rekneskap.

Hending

Barnehageopptaket 2016 er gjennomført. Kommunen har ikkje mottatt klage på opptaket. Det er framleis ledige plassar i nokre av barnehagane.

Hending

Kommunen har sendt ut varsel om dokumenttilsyn til kommunale barnehagar. Vi skal for første gong prøve ut dokumenttilsyn i staden for stadleg tilsyn.

2.VEDTAK

Ingenting å rapportere.

3.TENESTE

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

Dato	Avvik	Alvorsgrad
16.02.2016	Reinhald	Låg
Framdrift	Lukka	

4. UTVIKLINGSARBEID

Etter at Dubprosjektet (dei utfordrande barna) leda av PPT i tre barnehagar og ein skule, har to barnehagar bestemt seg for å halde fram med fortsettelen «Være saman» i regi av læringsmiljøsenteret i Stavanger. Kommunen og barnehagane arrangerte difor eit kurs for tilsette i alle barnehagane 6. april med innhald om det å vere autoritative varme vaksne i møte med barn. Barnehagane arrangerte også ei foreldresamling med svært godt oppmøte med same forelesarar om dette temaet på Thon hotell kvelden 5. april. Samlingar som har fått gode tilbakemeldingar i ettertid. Representantar frå alle barnehagane deltok og på ein introduksjonsdag om språkløyper i Ålesund 3. mai. Det var opplæring i å bruke ein nettressurs som vil gi barnehagane lett tilgong til å jobbe systematisk med språkstimulering og språkopplæring. Barnehageavdelinga har fått tilbakemelding om at alle barnehagane komande barnehageår skal jobbe enten med «Være saman» eller systemet i «Språkløyper». Dette er i samsvar med satsingsområda i Lokal rammeplan for barnehagane i Herøy 2016 – 2020.

5. PÅLEGG FRÅ OFFENTLEGE TILSYNSORGAN

Ingen registrerte pålegg.

SKULEAVDELINGA

Sølvi Lillebø Remøy

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

1.1 Oppstart av pilotprosjekt for I'Pad som læringsverktøy i grunnskulen, pilotering på 8.trinn YHU og 5.trinn Einedalen. Opplæring av tilsette og elevar.

1.2 Etablering av asylmottak for 60 einslege mindreårige asylsøkjarar, der dei fleste har rett til opplæring.

1.3 Opplæring av tilsette i PPT og skulekontor, med formål å etablere beredskapsteam mot mobbing.

1.4 Tilsetjing av lærarar til grunnskulen, lærarar til norsk-/grunnskuleopplæring for asylsøkjarar, rådgivar og leiar for PPT, leiarar til grunnskule. God kompetanse i teamet som er på plass til nytt skuleår.

1.5 Implementering av ny og utvida versjon av elektronisk skuleadministrativt program, for betre planlegging og oversikt for leiarar og lærarar, og no også med tilgang for foreldre.

2. VEDTAK

K-sak 61/16: Tilstandsrapport for grunnskulen 2015.
Rapporten vart teken til vitande

3. TENESTE

Ingen klager på enkeltvedtak.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingen registrerte pålegg.

Utviklingsarbeid

1.1 Evaluering av gjeldande utviklingsmål og resultat i alle avdelingar. Analyse som grunnlag for revisjon av Strategi for skuleutvikling «Herøyskulen - ein los i leia». Ferdigstilling sommaren 2016, med klar retning for utviklingsarbeid nesten skuleår.

1.2 Utvikling av «EMA-skulen» for einslege mindreårige asylsøkjarar, som har rett til grunnskuleopplæring og/eller norskopplæring. Ei ny avdeling med 50-60 elevar i alderen 15-18 år. Nybrottsarbeid.

Fosnavåg, 19.mai 2016
Skuleleiaren

KULTURAVDELINGA

Kulturleiar Eileen Gjerde

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Folkebiblioteket

1. Prosjektet Nynorske lesefrø i samarbeid med Nynorsksenteret avslutta i mars. Alle 9 barnehagane i kommunen har hatt fokus på nynorsk språkstimulering. Biblioteket sitt bidrag og som vi vil halde fram med er esestunder kvar 14. dag og organisering av bokdepot til barnehagane.
2. Ansvar for årets regionmøte for bibliotektilsette på Søre Sunnmøre. 18 deltakarar med tema m.a. om økonomiske støtteordningar for utvikling av biblioteka som møteplassar og debattarena.
3. Utprøving av eit konsept for «Språkkafe for innvandrarar» som vil ha språktrening i ei sosial ramme. Frivillige herøyveringar som medhjelparar. Evaluering av prosjektet i juni.
4. Tilsetting av vikar for medarbeidar som går ut i svangerskapspermisjon til sommaren

Frivilligsentralen

1. Internasjonal julefest arrangert i Herøy kyrkje 4.jan. Bergsøy blandakor og asylantar frå Christineborg bidrog med program. Fullsett kyrkje.
2. Etter avstemming frå befolkninga i Herøy, vart frivilligprisen 2015 delt ut til Heida vel for dugnadsinnsatsen i bygginga av turløypa på Heid. Totalt 10 kandidatar vart nominerte til prisen.
3. I vintersesongen byter aktivitørane, LHL, pensjonistforeningane og frivilligsentralen på innandørs trimøkter på omsorgssentrera. Etter påske startar vekentlege utandørs trim med "eldrebølgen" på begge sjukeheimane. Frivilligsentralen og pensjonistforeningane mobiliserer frivillige til turane.
4. Tjukkasgjengen har gått tur to dagar pr. veke i vinter. Arbeidsgruppa har fordelt turmåla på ti på topp mellom seg, og har ansvar for kvar sine turar både mht opprop og skrytebileter på Facebook. Målsettinga er at flest mulig får muligheit til å gjennomføre "ti på topp", og kome i gang med meir regelmessig aktivitet.
5. Fosnavågrevyen har i april gjennomført revyforestilling på konserthuset, Frivilligsentralen var med i oppstarten av revygruppa, dagleg leiar er sekretær for styret i organisasjonen som vart stifta i oktober 2015.
6. Gjennoført to informasjonsmøter om narkotika (sjå neste bolk for meir informasjon).

Barne og ungdomsarbeid

1. UKM-lokalmønstring 5.-6. februar. Årleg arrangement for å fremme ung kultur. Alle mellom 10 til 20 år kan melde seg på. Ein fagjury vel ut kven av ungdommane som skal representere Herøy kommune på fylkesmønstringa. Fylket bestemmer kven som går vidare til UKM-Festivalen (som består av utøvarar frå heile Noreg).
2. «Bry deg, sei nei til narkotika» 18.-19.april. Haldningsskapande arbeid for ungdom og foreldre. Eit samarbeid mellom: YHU, Stokksund skule, FAU, MOT, politi og natteramnar.
3. MOT program med alle 8.-9.-og 10.klassingar. Fokus på å gjere ungdommane robuste nok til at dei kan ta eigne val. UMM (ungdom med MOT) opplæring. Vi som er MOT-informatørar lærer opp utvalgte 9.klassingar besøker alle 7.klassingane i Herøy for å bidra til lettare overgangen til ungdomsskulen. Kveldssamling mellom ungdom og foreldre. Dette er ei MOT-samling for 9.klassingar med foreldre der vi set fokus på aktuelle ting som skjer i konfirmasjonsalderen og i lokalmiljøet. Samanliknar korleis det var før opp mot korleis er det no.

Kulturkontoret

1. Organisasjonsutviklingsarbeid (heile kommunen)
2. Leiarutviklingsprogram (alle leiarar med personalansvar i avdelinga)
3. Deltaking i arbeidsgruppe for ny fagplan til folkebiblioteka i Møre og Romsdal i regi av fylkesbiblioteket.
4. Sekretær for eigarstyret ved Herøy kystmuseum og Herøy gard.
5. Søknadsskriving for rehabilitering av sunnmørsjekta «Anna Olava»
6. Oppstartsmøter for mogleg etablering av jektenaust og formidlingsbygg til sunnmørsjekta i samarbeid med Stiftinga Sunnmøre Museum.
7. Sekretær for styret og medspelar for gjennomføring av Herøyspelet.
8. Arbeidsmøter med representantar for andre historiske spel i fylket for auka fokus på arrangementa sin medverknad ift. reiseliv, kollektivtrafikk og generering av arbeidsplassar for kunstnarar. Gjennomført fyrste møte med fylkeskultursjefen for drøfting av auka samarbeid om ressursar og prosjektsøknader.
9. Reparasjonar og opprydding langs Heid turløype etter orkanen «Tor».
10. Byggeprogram for fleirbrukshall Einedalen.
11. Etablering av gode system og rutiner for drift av konserthus og kino i samarbeid med arrangementsleiar
12. Oppfølging av regional delplan for kulturminne.

Konserthus og kino

1. Konserthuset har dei første fire månadane avvikla totalt 26 arrangement med totalt 4.525 besøkande.

2. Kinoen har hatt 434 framsyningar og eit besøk på 8.980. Det er auke på 3% i høve til same periode i 2015.
3. Deltaking på Norsk turnénettverk for dans og scenekunst i Göteborg saman med Stine Eliassen frå kulturskulen og Hanne Brakstad frå Fylkeskommunen. Der fekk vi m.a. møte Cirkus Cirkör og oppleve den nye framsyninga LIMITS som kjem til Fosnavåg neste år. Ein nyttig presentasjon som blir viktig i planlegginga av framsyningane våren 2017.
4. Deltaking på fagsamling til Norsk Kulturhusnettverk i det nye kulturhuset Kimen i Stjørdal.
5. Oppstart av forhandlingar med hotellet om revisjon av samarbeidsavtalen

Kulturhus og idrettshall

1. Faste arbeidsplanmøter med tilsynsvaktene som del av prosess for å tilpasse aktivitetane på kulturhuset etter at ny kino og konserthus opna
2. Byggeprogram og anna arbeid knytt til planar for rehabilitering, ombygging og bruksendring i samarbeid med eigedomsavdelinga

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå:

Komiteen for næring, kultur og idrett - 25.04.2016

19/16	Svar på høyring - Forslag til planprogram for "Regional delplan for musea i Møre og Romsdal"
Vedtak	Komiteen for næring, kultur og idrett tek planprogram for «Regional delplan for musea i Møre og Romsdal» til vitande og har ikkje innspel til planprogrammet.
Status	Høyringssvar sendt fylkeskommunen.
Framdrift	Avslutta.

Kommunestyret - 28.04.2016

62/16	**LEIGESATSAR HERØY KULTURHUS OG HERØYHALLEN 2016**
Vedtak	Leigesatsane for Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016 vert vedteke slik framlagt
Status	

Framdrift	Dei nye leigesatsane trer i kraft omgåande.

Kommunestyret - 28.04.2016

63/16	**FOSNAVÅG KINO - AUKE STILLINGSHEIMEL**
Vedtak	1. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %. 2. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.
Status	
Framdrift	Utlysing og tilsetjing i nye stillingar blir gjort i samarbeid med personalavdelinga

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik til anna avdeling:
Ingenting å rapportere.

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) siste tertial:
Ingenting å rapportere.

Avvik frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid
Ingenting å rapportere ut over det som er nemnt over.

Utviklingsavdelinga

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Rapporten gjeld for utviklingsavdelinga og anlegg og driftsavdelinga siste periode.

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Plan

Avdelinga har redusert kapasitet pga. oppseiingar. Nye planleggarar er på plass 1 juli og 1 september.

Det har vore arbeidd med mange saker og fleire av sakene ligg i dag ute til høyring. Følgjande planar er avslutta i siste periode med vedtak i kommunestyret eller formannskapet: *Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 Frøystad og kommunedelplan for bustadpolitikk*, *Reguleringsendring Lanternen Marina*


Desse planane er avslutta då dei ikkje lenger er aktuelle: Reguleringsendring Jensholmen båtlag, Detaljregulering Kleivaneset.

Avdelinga har 50 planoppgåver på lista si pr.dato, av desse er 17 private planar.

Fullstendig rapport ligg ved som vedlegg.

Byggesak

Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar. Det er til tider høgt arbeidstrykk på dei tilsette. I første tertial er det kome inn 114 saker (206 i same periode i fjor) og det er handsama 102 saker (166 i same periode i fjor).



Oppmåling

I første tertial er det gjennomført 17 oppmålingsforretningar, 6 bustadtomter, 3 næringstomter, 2 nausttomter og 6 anna formål. Ein har 01.05.2016 heile 19 oppmålingsforretningar på vent, 4 av dei er utsett av rekvirent, eldste vedtaksdato utanom dei 4 er 10.11.2014.

Fullstendig rapport ligg ved som vedlegg.

Eigedom

Utviklingsavdelinga har teke over sal og kjøp av ubebygd eigedom frå eigedomsavdelinga. Det vert arbeidd systematisk og godt saman med servicetorget

Fullstendig rapport ligg ved som vedlegg.

Anlegg

Rapportering av utbyggingsprosjekter er og lagt om i samband med denne tertialrapporteringa. Av oversikta viser det seg at ein har 53 oppgåver totalt. Det som vert prioritert i starten av 2016 er å avslutte eldre saker og foreta økonomisk avslutning på prosjekt.

Fullstendig rapport ligg ved som vedlegg.

Brann

Vert rapportert direkte av brannsjef.

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret tilbake til mars 2015:

SAKSNUMMER	**Bypark, Huldalskrysset og trafikkforhold Djupedalen**
Vedtak	K SAK 33/15 – 26.03.2015
Status	Ikkje arbeid med i siste periode
Framdrift	Vert å vurdere i samband med byutviklingsprosjektet der ein ser samla på byrom, parkering og mobilitet for Fosnavåg.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Ingenting særskilt å rapportere.

Utviklingsarbeid

- Byutviklingsprosjektet er vidareført til fase 2. Vil ha merksemd utover året.
- Mudring av Fosnavåg hamn vil ha særskild merksemd utover året
- Næringsarbeidet til kommunen er lagt om og avdelinga har ansvar for dette no. Arbeidet vil ha særskild merksemd utover året
- Omorganiseringsprosessen går vidare og vil krevje ressursar.

Grunnkjøp - saker til behandling

Saksnummer	Sakstittel	Eigedom	Status	Ansvar	Type erverv/sak	Kjøp/Sal	Faktura	Kommentar	Ferdigstilt
2015_151	Peter Frøystad	60/206,220	AKTIV MIDDELS	Jarl Martin	Anna areal bustad	Makebyte	Faktura er ikkje sendt	Venter på oppmåling	NEI
G201601	Oddmund Kvalsvik	34/	AKTIV MIDDELS	Jarl Martin	Anna areal næring	Sal	Skal ikkje fakturerast	Skjøte klar for signatur. Må gjere utbetaling.	NEI
2015_158	Avskjeringsgrøft Moltufjellet	60/9,16	AKTIV MIDDELS	Jarl Martin	Grunnavtalar	Anna	Skal ikkje fakturerast	Venter på signerte avtale 1 av 2	NEI
G201604	Moltustranda Båtforening	62/	AKTIV STOR	Jarl Martin	Anna areal	Sal	Faktura er ikkje sendt	Sak godkjent i kstyre, oppmåling neste	NEI
G201605	Olga Eggesbø m.fl	38/	AKTIV STOR	Jarl Martin	Næringstomt	Kjøp	Skal ikkje fakturerast	Tilbod er sendt til grunneigar med frist	NEI
G201607	Ole Jonny Vattøy	25/19	AKTIV STOR	Jarl Martin	Anna areal	Anna	Skal ikkje fakturerast	Avtale ok, tinglysing neste	NEI
	Johann Moltu	19/12	AKTIV LITE	Jarl Martin	Anna areal	Anna	Skal ikkje fakturerast	Ligg til oppmåling pt.	NEI
	Fosnavåg sentrum		AKTIV STOR	Jarl Martin	Anna areal næring	Kjøp		Gjennomførast i 2016, fleire grunnkjøp i samband med deponi	NEI

5122/332 Vegvedlikehald

Avvik	1. Dårleg dekke og bereevne på mange av dei kommunale vegane. 2. Generelt mangelfull grøfting/drenering langs vegane 3. Behov for reasfaltering inkl. nødvendige forsterkningar 4. Ressursmangel gjer at vedlikehaldet er begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.	**Alvorleg/Moderat**
Status	Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande.	
Framdrift	Uviss. Avhengig av ressursar.	

5125/ 380 Idrett

Avvik	Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald	**Moderat**
Status	Anlegga er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.	
Framdrift	Uviss. Avhengig av ressursar.	

5126/335 Sentrum og grøntanlegg

Avvik	Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald	**Moderat/Alvorleg**
Status	Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.	
Framdrift	Uviss. Avhengig av ressursar.	

5123/330 Hamn

Avvik	1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle 2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført 3. Manglar ved straumforsyningsanlegg, fenderverk m.m.	**Alvorleg/Moderat**
Status	Sak om innføring av hamneavgifter er under arbeid.	
Framdrift	Uviss. Avhengig av ressursar.	

5131/353,350 Avlaup

Avvik	Har ikkje teknisk vakt.	**Alvorleg**
Status	Ulike løysingar for teknisk vakt vert vurdert. Ein kan ikkje pårekne at dei tilsette stiller opp til alle døgnets tider. Enkelte vert for mykje belasta utanom normalarbeidstid.	
Framdrift	Målset oppretting av teknisk vakt snarast mogleg i 2016.	

5121/332 Veg- og gatelys

Avvik	Det går for lang tid å få gjort utført nødvendig drifts- og vedlikehaldsarbeid på veglysnettet.	**Moderat**
Status	Manglande kapasitet hos Mørenett AS og i Utviklingsavdelinga til å få utført reparasjon og oppfølging av feil og manglar på veglysnettet. Mørenett AS er einaste leverandør av slike tenester.	
Framdrift	Etter kapasitet på avdelinga og hos Mørenett AS.	

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Arbeidstilsynet:

	Tilrettelegging/etablering av skiten og rein sone(garderobe) ved kommuneverkstaden	
Status	Pålegg frå Arbeidstilsynet om manglande tilrettelegging av skiten og rein sone (garderobe) ved uteseksjonen til Anleggs- og driftsavdelinga. Ikkje mogleg å få til i dagens lokale.	
Framdrift	Nye lokale må byggast.	


OPPMÅLING

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Rapportdato: 30.05.2016
Ansvarleg: Agita Freimane

Status	I første tertial er det gjennomført 17 oppmålingsforretningar, 6 bustadtomter, 3 næringstomter, 2 nausttomter og 6 anna formål. Ein har 01.05.2016 heile 19 oppmålingsforretningar på vent, 4 av dei er utsett av rekvirent, eldste vedtaksdato utanom dei 4 er 10.11.2014.
Framdrift	Avdelinga har fått ny landmålar og i mai kjem tilbake medarbeidar frå permisjonen. Då blir avdelinga fulldekt med 3 persjonar. Ein kan forvent kortare ventetid på oppmåling.

AKTIVITET:



EIGEDOMSAVDELINGA

Eigedomsleiar Robert Myklebust

1. VIKTIGE HENDINGAR I FYRSTE TERTIAL 2016

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar fyrste tertial:

Industrivegen 19
Dragsundbygg IKS vart avvikla som interkommunalt selskap og Herøy kommune overtok eigarskapen til Industrivegen 19. Eigedomsavdelinga forvaltar eigarskapen til bygget, som pt. er utleigd til Kystlab Prebio AS og Mattilsynet.

Arbeidstilsynet
Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved Eigedomsavdelinga si driftsbase ved Sjukeheimsvegen 10 og gitt pålegg om å utbetre arbeidsforholda då avvika knytt til fuktskader, garderobeforhold og kjemikaliehandtering ikkje vurderast som forsvarlege. Eigedomsavdelinga har på bakgrunn av desse pålegga annonsert etter ledige lokale for innleige som kan stette dei krav Arbeidstilsynet stiller.

Byggeprogram
Eigedomsavdelinga ferdigstilte byggeprogram for totalt 5 byggeprosjekt og oversendte desse til politisk handsaming, som førebuing til budsjettprosessen hausten 2017.

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtak i kommunestyret og formannskapet i fyrste tertial. For saker knytt til byggeprosjekt, sjå tertialrapport byggeprosjekt.

K-sak 44/16	**Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019**
Vedtak	1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 å eigengodkjenne *Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019,* sist revidert 24.2.2016. 2. Herøy kommune ber om at planen vert supplert med berekningstal for sannsynleg busetting av flyktningar dei næraste åra og planar for bustadbehov i den samanheng.
Status	Arbeidet med handlingsplanen er påbygynt. Målsetting var å fremme sak om

	strategi for vidare utbygging fyrste halvår, men arbeidet er forseinka grunna stor saksmengde og uforutsette arbeidsoppgåver med høg prioritet.
Framdrift	Eigedomsavdeling arbeidar for å kunne fremme sak til politisk behandling i september, som grunnlag for budsjettarbeidet hausten 2017.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Kvalitetslosen er ikkje fullt ut implementert blant dei tilsette i eigedomsavdelinga. Dette skuldast fyrst og fremst at ikkje alle tilsette har datatilgang i det daglege arbeidet. Vi har sett i gang eit prosjekt med nettbrett, særleg inn mot reinhaldstilsette, for å utbetre dette.

Av dei avvik som er meldt inn i systemet, er hovuddelen knytta til arbeidsoppgåver som ikkje er gjennomført innan fristen. Dette skuldast sterkt arbeidspress og for få tilsette.

Avvik frå offentlege tilsyn

Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsyn

Arbeidstilsynet – tilsyn med kommunens bygg Sjukeheimsvegen 10	
Pålegg	Arbeidstilsynet har i brev av 12.04.2016 gitt slike pålegg knytt til fysisk arbeidsmiljø: 1. Inneklima og fuktskader 2. Inneklima og luftkvalitet 3. Arbeidsplasser og arbeidslokaler 4. HMS-arbeid – kartlegging og risikovurdering 5. Kjemisk helsefare
Status	Pålegg 1, 2, 3 og 5 er knytt til fysisk arbeidsmiljø. Eigedomsavdelinga vurderer det ikkje som forsvarleg i kost/nytte-samanheng å søke pålegga lukka gjennom tiltak i eksisterande bygg. Avdelinga har difor annonsert etter ledige lokale som stettar dei krav Arbeidstilsynet stiller i sin rapport. Pålegg 4 er knytt til HMS-arbeidet og inneber at avdelinga må revidere sin plan for helse, miljø og sikkerheit, herunder også revidere risikoanalyse og handlingsplan for sitt ansvarsområde. Dette siste avvikspunktet er svært arbeidskrevjande.
Framdrift	Tilsvar må ferdigstillast innan 01.06.2016.

Utviklingsarbeid

Ingen nye utviklingsprosjekt iverksett fyrste tertial.

Vedlikehaldsplan 2016

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016, herunder også vedlikehaldsplanen for 2016:

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	3 500 000,-	-	-	-
Revidert budsjett 2016	**3 405 000,-**	**Merknad**	Rammetrekk kr. 95 000,-	

Administrasjonsbygg	Aktivitet
Herøy rådhus	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Merknad Sjå prosjekt 70021 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	

Interne serviceeiningar	Aktivitet
Fosnavåg brannstasjon / verkstad	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Fosnavåg driftsbase	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Merknad Sjå prosjekt 61604 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	

Førskulelokale	Aktivitet	Status
Leikanger grendahus	Maling av gjerde v/ rullestolrampe.	Utført.
Bergslia barnehage	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	
Moltu barnehage	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	
Myrsnipa barnehage	Maling av trekledning.	Arbeidet er bestilt.
	Utskifting vindu og dører.	Arbeidet er bestilt.

Merknad
Sjå prosjekt 70022 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.

Skulelokale	Aktivitet	Status
Nerlandsøy skule	Solskjerming.	Arbeidet er bestilt.
	Barnehagebygget Maling av trekledning, herunder delvis etterisolering og delvis ny trekledning og nye vindu.	Utført.
	Oppussing gang. Vart ein del ombygging og flytting av utstyr. Skulen blei veldig fornøygd.	Utført.
Bergsøy skule Borga	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	
Bergsøy skule Blåhaugen	Maling av betongelement og bærekonstruksjonar.	Arbeidet er bestilt.
	Fuging av betongelement.	Arbeidet er bestilt.
Einedalen skule	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Moltu skule	Reparasjon fasade på gymsalen.	Under planlegging.
	Solskjerming.	Arbeidet er bestilt.
	Maling av trekledning- og betongvegger.	Arbeidet er bestilt.
Stokksund skule	Dele av mediatek.	Arbeidet er bestilt.
	Flytte delevegg klasserom.	Arbeidet er bestilt.
	Etablering av ny reinhaldssentral.	Under planlegging.
Leikanger skule	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Ytre Herøy ungdomskule	Brannsikring av utvendig skur.	Arbeidet er bestilt.
	Maling av betongkonstruksjonar.	Arbeidet er bestilt.

Merknad
Sjå prosjekt 61603, 70016 og 70022 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.

Aktiviseringstenester	Aktivitet	Status
Frivillegsentralen	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Solheim dagsenter	Vedlikehald av fasade til garasjen	Arbeidet er bestilt.
Herøy aktivitetssenter	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Vaksenopplæringa	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Merknad Sjå prosjekt 60106 for meir informasjon informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Helsebygg	Aktivitet
Myrvåg legevaktsentral	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Myrvåg legesenter	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Myrvåg helsestasjon	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Herøy helsesenter	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
Merknad Lokala i Myrvåg er innleigde. Ansvaret for vedlikehald er difor redusert samanlikna med eigne lokale.	

Institusjonsbygg	Aktivitet	Status
Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Maling av betongkonstruksjonar *	Utgår.
Herøy omsorgssenter - gul	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Herøy omsorgssenter - blå	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Myrvåg omsorgssenter	Utskifting av vindu.	Arbeidet er bestilt.
	Ombygging av personaltoalett til lagerrom.	Utført.
Merknad Sjå prosjekt 51408 og prosjekt 70020 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Utleigebustadar	Aktivitet	Status
Igesundvegen 21	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Kvithaugsmyra 4	Maling av trekledning.	Pågår.
Myrvågtoppen 33-59	Maling av trekledning.	Arbeidet er bestilt.
Rabbegjerdet 3	Maling av trekledning.	Arbeidet er bestilt.
Sjukeheimsvegen 06	Utskifting av verandadører og vindu.	Pågår.
	Maling av trekledning.	Pågår.
	Skifte golvbelegg i fellesareal.	Utført.
	Reparasjon av skade etter taklekkasje.	Utført.
Sjukeheimsvegen 11	Maling av utebod og rekkverk.	Pågår.
Sjukeheimsvegen 13	Maling av utebod og rekkverk.	Pågår.
Sjukeheimsvegen 14	Maling av trekledning og bærekonstruksjonar.	Arbeidet er bestilt.
Solbergvegen 2-4	Maling av trekledning.	Utført.
Tjørvågvegen 274-276	Vedlikehald av elektrisk installasjon.	Utført.
Trolldalsvegen 16-18	Maling av trekledning.	Arbeidet er bestilt.
Trolldalsvegen 20-22	Maling av trekledning.	Arbeidet er bestilt.
Øvre Myklebust 1	Maling av trekledning.	Arbeidet er bestilt.
Merknad Sjå også kommunedelplan for bustadpolitikk, strategi for kommunalt butilbod.		

Aktivitetstilbod	Aktivitet
Herøy produksjon	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *
Merknad Sjå prosjekt 61504 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	

Kulturbygg	Aktivitet	Status
Leikanger grendahus	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *	-
Herøy kulturhus og idrettshall	Reparasjon rustsprenging i fasaden *	Arbeidet er bestilt
Fosnavåg konserthus og kino	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.	-
Merknad Sjå prosjekt 70022 og prosjekt 60106 for meir informasjon om investeringstiltak.		

Tilrettelegging for næringsliv	Aktivitet
Nedre Dragsund 2	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak *
Merknad Sjå prosjekt 70023 for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.	

* * *

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/45 210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
131/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

TERTIALRAPPORT PLAN OG PROSJEKT PER 01.05.2016

Tilråding:

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

Vedlegg:

- Tertialrapport for plan og prosjekt.

Saksopplysningar:

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.05.2016.

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

> *"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Vurdering og konklusjon:

I denne rapporteringa er det laga ein eigen rapport for plan og prosjekt og ein rapport for drift (vedtak og teneste). Dette er gjort for å imøtekome innspel om at tidlegare rapportar har vore for omfattande og vanskeleg tilgjengelege.

Fosnavåg, 01.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Planoppgåver

Planid	Plannamn	Type plan	Planoppgåve	Kommunal/Privat	Planleggar	Pol.prioritet	Antatt ferdig	Status	Kommentar
201245	Kommunedelplan Herøy kommune - avlaup	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV STOR	Planen er utlagt til offentleg ettersyn.
201405	Reguleringsendring Koparstad, Havutsikten AS	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)	-	AKTIV LITE	Lite framdrift, ligg på konsulent
201303	Rusmiddelpolitisk handlingsplan			Kommunal	Ole Magne	2 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV LITE	Planarbeid skal startast i 2016.
201604	Kommunedelplan for Herøy - strategisk næringsplan	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV STOR	Planen er under utarbeiding.
201402	Kommunedelplan for Herøy - idrett fysisk og friluft	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Planarbeid er ikkje starta opp.
	Kommunedelplan for Herøy - vassforsyning	Kommunedelplan		Kommunal	Jon Rune	1 prioritet(kommunal)		AKTIV MIDDELS	
	Frivilligplan for Herøy			Kommunal	Ole Magne	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Planarbeid er ikkje starta opp.
	Planstrategi for Herøy	Anna plan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV LITE	Planarbeid er ikkje starta opp.
	Kommunereform	Anna plan	Anna planarbeid	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV STOR	Arbeidsoppgåver kjem frå rådmann og ordførar fortløpande.
	Kommunedelplan for Herøy - trafikktrygging	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ikkje fordelt	1 prioritet(kommunal)		AKTIV MIDDELS	
	Interkommunalt planarbeid - Kystsone	Anna plan	Ny plan	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Det er gjort vedtak om oppstart og nedsetting av arb. gruppe.
201265	Reguleringsplan for Kvalsund hamn	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	
201267	FV 654 Flusundkrysset - kryss mot Kvithaugsmyra	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	
	FV 18 Leine - Remøvholmen	Detaljregulering	Reguleringsendring	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	
201411	Reguleringsplan Herøy gard	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV LITE	Planarbeid varsla igongsett. Utarbeiding av plan står for tur.
201305	Reguleringsendring Frøystad skule Gnr 20 Bnr 27 m.fl	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV STOR	Planen har ligge ute til off.ettersyn. Avklaring av motsegner.
201516	Regulering av deponi Fosnavåg	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)	2017	AKTIV STOR	Varsel om oppstart av planarbeid og planarbeide til off. ettersyn medio jan 2016
201602	Regulering ytre del Fosnavåg, byutvikling	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)	?	AKTIV STOR	Her skal alle planleggarar bidra, Berit er kun koordinator
	Myklebust, utviding av bustadfelt	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Står på lista, men er ikkje prioritert i gjeldande økonomiplan
	Industriområde Myrvåg	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Står på lista, men er ikkje prioritert i gjeldande økonomiplan
	Parkeringsplass lysløype Leikong	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ole Magne	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Planarbeid er ikkje starta opp.
201309	Detaljregulering planfri kryssing Koppen	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV MIDDELS	Må omarbeide plan etter motsegn
201260	Detaljregulering gang og sykkelveg Nykrem-Djupvik	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	
201254	Detaljregulering gang og sykkelveg Frøystad-Torvik	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	
201312	Detaljregulering gang og sykkelveg Moltu	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)		AKTIV STOR	Klagesak ferdig førebudd til politisk handsaming i januar
	Detaljregulering gangveg Osen, Leikong	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	
	Nerlandsøybrua, tilleggsregulering veg	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Planarbeid er ikkje oppstarta
	Nerlandsøybrua	Detaljregulering	Ny plan	Regional	Aleksander	1 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Planarbeid er ikkje oppstarta
201601	Masseuttak stein	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)	2017	AKTIV STOR	Planlegge masseuttak til deponi og bru
	Detaljreguleringsplan for næringsområde	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Grunnkjøp må på plass først
201514	Detaljregulering Indre Moltumyr	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)		AKTIV STOR	Planarbeider er oppstarta og under arbeid med konsulent
201502	Reguleringsendring Eggesbøjorda sør	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)		AKTIV MIDDELS	Konsulent arbeider med ferdigstilling av planforslag mtp utlegging til offentleg ettersyn
201504	Detalregulering Stokksund B33	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)	2016	AKTIV STOR	Merknadshandsaming etter offentleg ettersyn
201506	Detaljregulering for gnr 19 Bnr 85 m.fl Røyra	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)	?	AKTIV LITE	Tiltakshavar arbeider med finansiering i høve til registrering av kulturminne.
201505	Detaljregulering Teigebogen/Teigeneset	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)		AKTIV LITE	Lite framdrift, ligg på konsulent.
	Detaljregulering Gjertnesmarka	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)		AKTIV STOR	Planarbeider er oppstarta og under arbeid med konsulent
201511	Detalregulering Flusund brygge gnr 27 bnr 2	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)		AKTIV STOR	Planarbeider er oppstarta og under arbeid med konsulent
201410	Detaljregulering for Teigane gnr 5 bnr 1 m.fl	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)		AKTIV LITE	Lite framdrift, ligg på konsulent.
201508	Detaljregulering for B5 Teige	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)		AKTIV LITE	Saka vert ikkje handsama grunna manglande betaling av oppstartsgebyr
201512	Reguleringsendring Leine gnr 26 bnr 24	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)		AKTIV LITE	Lite framdrift, ligg på konsulent
201515	Detaljregulering for Håvika gnr 53 bnr 5	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)		AKTIV MIDDELS	Planarbeider er oppstarta og under arbeid med konsulent
200604	Reguleringsendring for Røyra gnr 19 bnr 3	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)	?	AKTIV LITE	
201517	Reguleringsendring for Indre Bergsøy gnr 29 bnr 12	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)	2016	AKTIV STOR	
201510	Reguleringsendring Aspevika hytteområde	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)		AKTIV STOR	Planarbeider er oppstarta og under arbeid med konsulent
201513	Detaljregulering for Kvalsvik hamn gnr 7 bnr 37	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)		AKTIV STOR	Planarbeider er oppstarta og under arbeid med konsulent
	Regulering Indre hamn, næringsareal	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal		2 prioritet(kommunal)		AKTIV LITE	Oppdrag frå kommunestyret i deponisaka
	Detaljregulering for gnr 30 bnr 9 på Elsebø	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)	2017	AKTIV MIDDELS	Har hatt informasjonsmøte med tiltakshavar. Ikkje formelt oppstartsmøte
201257	Reguleringsendring Frøystadskaret	Detaljregulering	Reguleringsendring	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)	2016	AKTIV STOR	Avgrensa høyring. Frist for innspel er sett til 13.5.2016.

Oversikt anleggsprosjekt

Prosjektnr	Prosjektbeskrivelse	Ansvarleg	Type prosjekt	Status	Fase
-	Kvalsund/Teige	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV LITE	
-	Vågsholmen	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV MIDDELS	
51922	Veg 7 - Bergslia	JON RUNE	ANLEGG VEG	AKTIV LITE	
51200	Leikanger skule. 7-ar bane.	LENE	ANLEGG IDRETT	AKTIV LITE	
51004	Havila stadion	LENE	ANLEGG IDRETT	AKTIV LITE	
51205	Leikanger skule, parkering/snuplass	ELDAR	ANLEGG VEG	AKTIV STOR	Planleggingsfase
P201601	Bru til Herøy gard	JON RUNE	ANLEGG VEG	AKTIV LITE	
51925	Silanlegg Grønhaug	LENE	ANLEGG AVLØP	AKTIV LITE	
51304	Kai v /Strandteigen	LENE	ANLEGG HAMN	AKTIV LITE	
51361	Almenning, ledningsanlegg	LENE	ANLEGG AVLØP	AKTIV LITE	
51119	Vikane, rassikring	JON RUNE	ANLEGG ANDRE	AKTIV LITE	
51350	Vegarm Campus-Myklebust	JON RUNE	ANLEGG VEG	AKTIV STOR	
51151	Mjølstadneset- myrdeponi	JON RUNE	ANLEGG ANDRE	AKTIV STOR	
51150	Mjølstadneset- næringsareal	LENE	ANLEGG NÆRINGSAREAL	AKTIV STOR	
P201603	Nørvåg, veg og fortau	LENE	ANLEGG VEG	AKTIV LITE	
51411	Bustadfelt, dreneringstiltak	FRED	ANLEGG ANDRE	AKTIV LITE	
P201604	Vike/Toftedal	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV STOR	Planleggingsfase
P201605	Vågsholmen, pumpeledning	JON RUNE	ANLEGG AVLØP	AKTIV LITE	
51210	Myrabakken bustadfelt	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV STOR	Planleggingsfase
P201606	Moltu, avskjerande grøft	JULIA	ANLEGG ANDRE	AKTIV MIDDELS	
P201607	Dragsund, nytt næringsområde	ELDAR	ANLEGG NÆRINGSAREAL	AKTIV LITE	
P201608	Dragsund, utviding bustadfelt	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV LITE	
P201609	Ny Bergsøy skule	ELDAR	ANLEGG ANDRE	AKTIV LITE	
50009	Frøystadskaret - planfri kryssing	ELDAR	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	AKTIV STOR	
51916	Bustadfelt, infrastruktur	LENE	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV LITE	
50151	Skarabakken- oppgradering	ELDAR	ANLEGG VEG	AKTIV STOR	
P201610	Vågsholmen, ny bru	JON RUNE	ANLEGG VEG	AKTIV LITE	
P201611	Eggesbønes- nytt industriareal	LENE	ANLEGG NÆRINGSAREAL	NESTE ØK_PERIODE	
P201612	Moltu, ny veg (Nygjerdevegen)	LENE	ANLEGG VEG	NESTE ØK_PERIODE	
P201613	Eggesbønes- ny vegarm	LENE	ANLEGG VEG	NESTE ØK_PERIODE	
P201614	Bergshaugen	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV LITE	
P201615	Myklebustvatnet vest	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV LITE	

Tertialrapport 2016/1

Byggeprosjekt

PROSJEKTID 51408 - FLEIRBRUKSHALL

Saksnummer: 2015/1640

Einedalen skule

PROSJEKTLEDER Robert Myklebust

PROSJEKTBESKRIVELSE
Bygging av fleirbrukshall ved Einedalen skule.

Prosjektet er ikkje oppfinansiert. Kommunestyret har kun gjort vedtak om utarbeiding av byggeprogram. Byggeprogrammet beskriv overordna føringar og funksjons- og arealkrav for prosjektet og legg grunnlaget for eit eventuelt etterfylgjande finansieringsvedtak.

Sist oppnådde milepæl 2016-05-04
Utarbeiding av byggeprogram: Rådmannen godkjenner byggeprogram og saksframstilling for prosjektet.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-22
Godkjenning av byggeprogram: Godkjenning av byggeprogram i kommunestyret etter forutgåande handsaming i formannskap og politiske komitear.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	0
Faktiske	0
Sum	**0**

PROSJEKTID 51412 - OMSORGSBUSTADAR OG BASE FOR HEIMETENESTA

Saksnummer:

Sjukeheimsvegen 5 E

PROSJEKTLEDER Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVELSE
Sjukeheimsvegen 5 E er eit nybygg som skal huse inntil 16 omsorgsbustadar i bukollektiv i tillegg til base for heimetenesta.

Bygget skal oppførast med forbindelse til Herøy omsorgssenter - Blå avdeling og skal erstatte dagens institusjonstilbod ved Herøy omsorgssenter - gul avdeling.

Bygget er delfinansiert gjennom investeringstilskot frå Husbanken og skal ferdigstillast innan 31.12.2016, jf. krav frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Sist oppnådde milepæl 2015-09-01
Byggestart: Ansvarleg utførande startar byggearbeidet i samsvar med løyve til tiltak.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-10
Tett bygg: Vindu og dører satt inn; ein kan sette på byggtørkar.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	40 300 000
Faktiske	15 369 907
Sum	**24 930 093**

PROSJEKTID 60106 - MINDRE OMBYGGING OG OPPGRADERING

Saksnummer:

Herøy kulturhus og idrettshall

PROSJEKTLEDER Rolf-Henning Skrede Hide

PROSJEKTBESKRIVELSE
Mindre oppgraderingstiltak for å lukke avvik etter branntilsyn, auke funksjonaliteten for brukarane av bygget og sikkerheita ved bygget generelt.

Aktivitetar:
1. Utskifting av ytterdørene i bygget
2. Installering av automatisk skalsikring
3. Installering av automatisk låssystem innvendig
4. Etablering av ny dør til lager i Herøyhallen

Brannteknisk tilstandsrapport og plan for skallsikringsystem er bestilt, men ikkje iverksett pr. d.d.
Det er innsett ei ny dør i Herøyhallen for å sikre tilgang til eit ekstra lager.
Det er iverksett opparbeiding av eit reinhaldsrom i tilknyting til Herøyhallen.
Det er tetta igjen ein garasjeport i stollager festal for å betre funksjonen til lageret.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-30
Brannteknisk tilstandsrapport: Utarbeiding av brannteknisk tilstandsrapport og plan for skallsikring og soneinndeling av bygget.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	2 900 000
Faktiske	45 996
Sum	**2 854 004**

PROSJEKTID 61504 - HERøY RESSURSSENTER

Saksnummer: 2016/202

PROSJEKTLEDER Robert Myklebust

PROSJEKTBESKRIVELSE
Samlokalisering av dagtilboda ved Herøy aktivitetssenter, Vaksenopplæringa og Herøy produksjon i eit nytt felles dagtilbod.

Prosjektet er ikkje oppfinansiert. Kommunestyret har kun gjort vedtak om utarbeiding av byggeprogram. Byggeprogrammet beskriv overordna føringar og funksjons- og arealkrav for prosjektet og legg grunnlaget for eit eventuelt etterfylgjande finansieringsvedtak.

Sist oppnådde milepæl 2016-05-04
Utarbeiding av byggeprogram: Rådmannen godkjenner byggeprogram og saksframlegg for prosjektet.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-22
Godkjenning av byggeprogram : Godkjenning av byggeprogram i kommunestyret etter forutgåande handsaming i formannskap og politiske komitear.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	460 000
Faktiske	0
Sum	**460 000**

PROSJEKTID 61508 - REHABILITERING, OMBYGGING OG TILBYGGING

Saksnummer: 2016/647

Herøy kulturhus og idrettshall

PROSJEKTLEDER Robert Myklebust

PROSJEKTBESKRIVELSE
Rehabilitering av Herøy kulturhus og idrettshall.

Prosjektet er ikkje oppfinansiert. Kommunestyret har kun gjort vedtak om utarbeiding av byggeprogram. Byggeprogrammet beskriv overordna føringar og funksjons- og arealkrav for prosjektet og legg grunnlaget for eit eventuelt etterfylgjande finansieringsvedtak.

Sist oppnådde milepæl 2016-05-04
Utarbeiding av byggeprogram: Rådmannen godkjenner byggeprogram og saksframstilling for prosjektet.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-22
Godkjenning av byggeprogram: Godkjenning av byggeprogram i kommunestyret etter forutgåande handsaming i formannskap og politiske komitear.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	0
Faktiske	0
Sum	**0**

PROSJEKTID 61510 - MINDRE OMBYGGING OG OPPGRADERING

Saksnummer:

Nedre Dragsund 2

PROSJEKTLEDER Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVELSE
Ombygging av delar av bygget til ny brannstasjon for Herøy brannvern, herunder brannseksjonering av omsyn til vidare næringsutleige samt naudsynt oppgradering av fasadene i bygget.

Sist oppnådde milepæl 2014-12-31
Godkjenning av byggeprogram: Kommunestyret godkjenner byggeprogramet som grunnlag for etterfylgjande prosjektering og gjennomføring.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-09-22
Godkjenning av forprosjekt: Kommunestyret godkjenner forprosjektet som grunnlag for etterfylgjande finansiering og gjennomføring.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	455 989
Faktiske	0
Sum	**455 989**

PROSJEKTID 61601 - MINDRE OMBYGGING OG OPPGRADERING

Saksnummer:

Herøy omsorgssenter - blå avdeling

PROSJEKTLEDER Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVELSE
Mindre ombygging av eine pasientfløya av omsyn til brukarane.

Prosjektet inneber at det vert etablert ny kjøkkenkrok i avd D, sperring av innvendige dører mot øvrige avdelingar etablering av eit overbygd uteareal.

Sist oppnådde milepæl 2016-05-23
Byggestart: Ansvarleg utførande startar byggearbeidet i samsvar med løyve til tiltak.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-30
Overlevering til byggherre: Overlevering av prosjektet frå ansvarleg utførande til Herøy kommune som byggherre.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	200 000
Faktiske	0
Sum	**200 000**

PROSJEKTID 61603 - NY BARNESKULE På BERGSøY

Saksnummer:

PROSJEKTLEDER Robert Myklebust

PROSJEKTBESKRIVELSE
Den nye skulen skal erstatte dagens Bergsøy skule Borga og etablerast i området mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule.

Prosjektet er ikkje oppfinansiert. Kommunestyret har kun gjort vedtak om utarbeiding av byggeprogram. Byggeprogrammet beskriv overordna føringar og funksjons- og arealkrav for prosjektet og legg grunnlaget for eit eventuelt etterfylgjande finansieringsvedtak.

Sist oppnådde milepæl 2016-05-04
Utarbeiding av byggeprogram: Rådmannen godkjenner byggeprogram og saksframstilling til politisk handsaming.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-22
Godkjenning av byggeprogram: Godkjenning av byggeprogram i kommunestyret etter forutgåande handsaming i formannskap og politiske komitear.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	0
Faktiske	0
Sum	**0**

PROSJEKTID 61604 - NY HOVUDBRANNSTASJON OG DRIFTSBASE

Saksnummer: 2016/646

PROSJEKTLEDER Robert Myklebust

PROSJEKTBESKRIVELSE
Ny hovudbrannstasjon for Herøy brannvern og ny driftsbase for utviklingsavdelinga, eigedomsavdelinga og eventuelt IKT-avdelinga.

Prosjektet er ikkje oppfinansiert. Kommunestyret har kun gjort vedtak om utarbeiding av byggeprogram. Byggeprogrammet beskriv overordna føringar og funksjons- og arealkrav for prosjektet og legg grunnlaget for eit eventuelt etterfylgjande finansieringsvedtak.

Sist oppnådde milepæl 2016-05-04
Utarbeiding av byggeprogram: Rådmannen godkjenner byggeprogram og saksframstilling til politisk handsaming.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-22
Godkjenning av byggeprogram : Godkjenning av byggeprogram i kommunestyret etter forutgåande handsaming i formannskap og politiske komitear.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	0
Faktiske	0
Sum	**0**

PROSJEKTID 70016 - MINDRE OMBYGGING OG OPPGRADERING

Saksnummer:

Bergsøy skule Borga

PROSJEKTLEDER Rolf-Henning Skrede Hide

PROSJEKTBESKRIVELSE
Mindre oppgraderingstiltak i påvente av nytt skulebygg.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-08
Anbodsutlysing: Invitasjon til aktuelle tilbydarar.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	1 000 000
Faktiske	5 000
Sum	**995 000**

PROSJEKTID 70021 - MINDRE OMBYGGING OG OPPGRADERING

Saksnummer:

Herøy rådhus

PROSJEKTLEDER Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVELSE
Prosjektet omhandlar planlegging av mindre oppgraderingstiltak av Herøy rådhus for å lukke avvik etter branntilsyn og offentleg heiskontroll samt ferdigstille parkeringsområdet mot tilgrensande private grunneigarar.

Sist oppnådde milepæl 2016-04-07
Byggestart: Ansvarleg utførande startar opp byggearbeidet i samsvar med løyve til tiltak.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-06-07
Overlevering til byggherre: Overlevering av prosjektet frå ansvarleg utførande til Herøy kommune som byggherre.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	1 150 000
Faktiske	411 636
Sum	**738 364**

PROSJEKTID 70022 - TILBYGG OG REHABILITERING

Saksnummer: 2015/1304

Leikanger skule

PROSJEKTLEDER Rolf-Henning Skrede Hide

PROSJEKTBESKRIVELSE
Tilbygg for å stette arealkrava grunna auka elevmengde ved skulen samt betre brukarfunksjonaliteten for Leikanger grendahus og Gurskøy idrettslag. Prosjektet omfattar også oppgradering av skulebyggets tak, ytterveggar og vindu, utskifting av ventilasjonsaggregat samt etablering av rømingsvegar frå klasserom.

Betongveggar u-etg. er ferdig og hulldekke lagt. Bygget er straks klart for montering av bæresystem hovudetasje.
Rehabilitering eks. skulebygg tek til i skuleferien.

Sist oppnådde milepæl 2016-04-18
Oppstart hovudentreprise: Ansvarleg utførande startar opp byggearbeidet i samsvar med løyve til tiltak.

Neste milepæl er planlagt fullført 2016-09-26
Overlevering til byggherre: Overlevering av prosjektet frå ansvarleg utførande til Herøy kommune som byggherre.

Kostnadssammenligning

Kostnader	
Estimerte	16 290 000
Faktiske	2 825 311
Sum	**13 464 689**

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/784 004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
132/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

ÅRSRAPPORT 2015.

Tilråding:

Årsrapport 2015 vert godkjend.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:
- Årsrapport 2015.


Saksopplysningar:
I sak 14/16 for kontrollutvalet låg det føre slik uttale frå revisor:

«Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.»

Vurdering og konklusjon:
Eg kjem med framlegg om at årsrapporten 2015 vert godkjend.

Fosnavåg, 02.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



ÅRSRAPPORT 2015

Rådmannen sine kommentarar

Kommunelova § 48, pkt 5 om årsrapport:

«5. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»

Om kontroll

Kommunen har rutiner for rapportering til formannskap og kommunestyre på økonomi, tenester og prosjekt. Tenesteavvik vert rapportert løpande i kvalitetssystemet Compilo. Ansvar og mynde er fastlagt i delegasjonsreglementet.

Om etisk standard

Etiske prinsipp for Herøy kommune vart vedtekne i K-sak 16/09.

Om likestilling og diskriminering

I årsrapporten er det gjort greie for tilstanden når det gjeld likestilling og diskriminering. I tillegg kan nemnast at kommunen i 2013 og 2014 var med i eit nasjonalt program om likestillingslova og diskrimineringslovene med særleg fokus på helsestasjon, barnehage og lønspolitikk.

Om økonomisk stilling og resultat

I årsrapporten er det gjort greie for kommunen si økonomiske stilling og resultat.

- Kommunen sin lånegjeld pr 31.12.15 er om lag 777 mill kr.
- Rekneskapsmessig mindreforbruk er 7,273 mill. kr.
- Netto driftsresultat (eks RDA) er 5,4 mill kr lavare enn staten si målsetting om 2 %.
- Drifta av kommunen hadde ei reell innsparing på 17,4 mill kr.
- Lavare renteinntekter, negativ avkastning i aksje- og obligasjonsmaknaden og pensjonsavviket gjorde at mindreforbruket vart redusert.

- Dersom mindreforbruket vert brukt til å styrke disposisjonsfonda, vil dei auke til i overkant av 14,8 mill kr.

Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå. KOSTRA- analysene viser drifta av dei ulike tenesteområda samanlikna med samanliknbare kommunar og nabokommunane.

Leiarane for dei ulike driftseiningane har gjort greie for nøkkelinformasjon om mål og resultat for dei ulike tenesteområda.

Det er grunn til å gje ros til medarbeidarane i kommunen som alle har gitt sitt bidrag til at kommunen kom ut med eit positivt resultat i 2015. Kommunen er heilt avhengig av at det gode arbeidet med å yte forsvarlege tenester innanfor stramme økonomiske rammer held fram i 2016. Næringslivet i kommunen slit og arbeidssituasjonen er usikker for mange. Kommunen står i fare for å få svekka skatteinngang som i neste omgang kan få konsekvensar for tenestetilbodet.

Fosnavåg 11.05.16.

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

ØKONOMI

Mål:

1. *Det skal ikkje vere avvik mellom budsjett og rekneskap for dei einskilde ansvarsområda i budsjettet. Dersom det oppstår situasjonar der avvik ikkje kan unngåast skal dette rapporterast etter gjeldande prosedyrar.*
2. *Netto driftsresultat skal vere positivt med 3% når ein ikkje tek omsyn ti RDA midlane.*

Rekneskapsprinsipp
Herøy kommune fører rekneskapen sin etter dei kommunale rekneskapsprinsippa nedfelt i Kommunelova § 48 og rekneskapsføreskriftene § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og tilseier at tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og resultat for året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån med meir, samt korleis desse er finansiert.

Kommunen sin driftsrekneskap syner årlege avskrivingar som er årlege kostnader som følgje av forbruk av driftsmidlar. Avskrivingane har betydning for kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir utnulla slik at netto driftsresultat ikkje er påverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med årets avdrag som er den utgifta som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Grunnen til at avskrivingane blir vist i rekneskapen er blant anna at dei som tek avgjerder (adm. leiarar og politikarar) og dei som brukar rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den i høve til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter.

For 2015 har ein endra prinsippa for berekning av avdrag. Tidlegare nytta vi ein såkalla forenkla modell. I 2015 har vi rekna ut avdrag basert på vekting av levetida på eigendelane til kommunen. For 2015 har denne endringa ført til ein mindrekostnad på om lag 4,1 mill kr.

RDA midlane blir overført Herøy kommune kvart år utan at dei inngår i kommunen si drift. Innbetalingar og utbetalingar av RDA midlar påvirkar imidlertid kommunen sitt brutto og netto driftsresultat. I år med meir innbetalingar enn utbetalingar blir netto driftsresultat betre enn utan desse innbetalingane og i år med meir utbetalingar enn innbetalingar vert brutto og netto driftsresultatet påvirka negativt. Det er tilfelle for år 2014 då Herøy kommune nok er ei av dei kommunane i landet med svakast resultat på desse indikatorane.

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det tyder at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette tyder at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett sum.

Rammevilkår/resultat
Herøy kommune kan for 2015 vise til eit betydeleg betra brutto- og netto driftsresultat sett i høve til 2013 og 2014. Netto driftsresultat er positivt med vel 1,1 mill kr. Dersom ein held RDA midlane utanfor ville netto driftsresultat blitt på om lag 6,8 mill kr. Staten sitt mål er at netto driftsresultat skal utgjere 2% av driftsinntektene. For 2015 utgjorde netto driftsresultatet om lag 0,17% av driftsinntektene (held ein RDA midlane utanfor er talet 1,12%). Netto driftsresultat er med det 1,83% eller omlag 11,2 mill kr lavare enn målsetjinga (0,88% eller 5,4 mill kr eks RDA). RDA midlar vert inntektsført og utgiftsført (tilskott) i kommunen sitt rekneskap, men er ikkje midlar som kan nyttast til kommunale føremål.

Alle tal i 1.000 kr

År	2011	2012	2013	2014	2015
Brutto driftsres	(30.127)	(11.644)	45.877	43.405	2 179
Netto driftsres	(27.289)	(15.410)	35.245	43.265	(1.133)

Som ein ser av tabellen over hadde kommunen positive brutto- og netto driftsresultat fram til og med 2012. Dei to siste åra har kommunen sine tal vore negative på dette området – mykje grunn RDA midlane (eks RDA hadde tala for 2015 vore positive med hhv 3,86 og 6,83 mill kr).

I rekneskapen per 31.12.2015 utgjer kommunen sine disposisjonsfond om lag 7,6 mill kroner. Sett i høve til 31.12.2014 er dette ein reduksjon på om lag 3,0 mill kr. Dersom ein brukar mindreforbruket i 2015 til å styrke disposisjonsfonda aukar desse til i overkant av 14,8 mill kr.

Herøy kommune har dei siste åra hatt bra samsvar mellom budsjett og rekneskap for det som gjeld drifta. Det syner at kommunen har gode budsjettprosessar med involvering frå avdelingar, administrasjon og politikarar. Likevel har kommunen eit forbetringspotensiale når det gjeld å få avsett/brukt ulike bundne og ubundne driftsfond.

Når det gjeld kommunen sitt rekneskapsmessige resultat varierer det mykje frå år til år. Faktorar som har spelt ei avgjerande rolle her dei siste åra (både positive og negative) er momskompensasjon investeringar, finansavkastninga, svingande skatteinntekter og frå 2010 også RDA midlar (sjå ovanfor). Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå, men investeringane har vore store og det gjer at gjeldsbyrda stadig aukar. Auka finanskostnadar vil føre til at drifta må reduserast på einskilde områder.

Hovudtalsanalyse


Den kommunale rekneskapen er delt i tre:

1. *Driftsrekneskapen*
2. *Investeringsrekneskapen/Finansrekneskapen*
3. *Balansen*

Driftsinntekter

- *Skatteinntekter (formues- og inntektsskatt)*
- *Rammetilskott frå staten*
- *Andre statstilskott (også øyremerka)*
- *Andre driftsinntekter som bl.a. vert inntektsført direkte på avdelingane som t.d. refusjonar, brukarbetalingar osb*

Fordelinga (i %) inkludert finansinntektene kan ein setje opp slik:



(Her har vi utelatt utbetaling av RDA midlar frå kolonna Andre Statlege Overføringar med hhv 38,04 mill kr i 2015 og 41,58 mill kr i 2014)

Skatt er den største inntektsposten. I 2015 utgjorde denne inntekta nær 38,4 % av dei samla kommunale driftsinntektene inkludert RDA midlar men eks finans. I 2014 utgjorde dei om lag 36,4% av inntektene. Herøy kommune sine skatteinntekter auka i 2015 etter to år med reduksjonar i denne viktige inntektsposten. Samla driftsinntekter i 2015 (eksklusiv interne overføringar /inntekter, finansieringsinntekter og fordelte inntekter/utgifter) var om lag 646,2 mill kroner. Dette er ein auke på om lag 12,2 mill kr sett i høve til 2014.

Skatteinntekter

Skatteoppkrevjaren i Herøy fekk i 2015 kommuale skatteinntekter på om lag 248,5 mill kr. Dett er ein auke i høve til 2014 på om lag 17,3 mill kr.

Skatteinntektene i Herøy kommune var (i mill kroner) slik:

	Rekneskap 2015	Justert Budsjett 2013
Inntekt	248,46	245,50
% av landsgjennomsnittet per innbyggar	105,2	
Inntekteutjamning (netto) i mill kr	-10,20	

Herøy kommune sine skatteinntekter (forskotspliktige) er vanskelege å budsjettere. Frå 2011 til 2012 hadde kommunen ein skattevekst på formidable 13,1%, medan ein frå 2012 til 2013 hadde ein reduksjon på om lag 1,5% og frå 2013 til 2014 var reduksjonen på 3,14% og deretter ein auke frå 2014 til 2015 på 7,5%. Herøy hadde i 2015 skatteinntekter på 105,2 103,6% av landsgjennomsnittet medan det i 2014 var på 103,6%. Går vi tilbake til 2012 var skatteinntektene heile 115,7% av landsgjennomsnittet.


Driftsutgifter

Herøy kommune sine driftsutgifter (eksklusive interne overføringar) består av:

- Lønn- og sosiale utgifter

- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjonen
- Andre utgifter som t.d. tilskott, overføringar, bidrag
- Finans (renter, avdrag, kurstap etc)

Fordelinga (i %) inkl avskrivingar og finanskostnadane kan ein setje opp slik:



(Også i denne oversikta har ein utelatt utbetalingar av RDA midlar får kolonna Overføringar. Dei utgjorde 44,08 mill kri 2015 og 75,71 mill kr i 2014).

Driftsutgiftene (eks interne overføringar, finansieringsutgifter og utbetalte RDA midlar) auka med beskjedne 0,3 mill kr frå 2014 til 2015. Løn- og sosiale kostnadar viste den største veksten med med om lag 10,7 mill kroner (2,87%) frå 2014 til 2015. Overføringskostnadane (eks RDA midlar) synte ein reduksjon på 16,3 mill kr.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde om lag 66,0% av totale driftsutgifter (eks interne overføringar, finansieringsutgifter og utbetalte RDA-midlar) for 2014, medan tilsvarande tal for 2014, 2013, 2012, 2011, 2010 og 2009 var hhv 63,3% - 64,2%, 64,3% - 64,3% - 66,2% og 66,4%. Frå 2014 til 2015 auka lønsrelaterte kostnadar mykje sett i høve til andre driftsutgifter. Det kan tyde på at avdelingane var flinke til å kutte andre driftsutgifter i 2015. Tendensen dei siste åra har vore at dei samla lønskostnadar sin del av dei samla utgiftene vart redusert litt kvart år.

Investerings-/Finansrekneskapen
I investeringsrekneskapen fører ein kjøp med ein verdi som er høgare enn kr 100.000,- og som har ei levetid på minimum 3 år. Vidare skal ein her føre inntekter ein berre får ein gong og utgifter av spesiell karakter.

Balansen

Balansen syner eigedelar som likvidar, fordringar, anleggsmidlar og korleis desse er finansiert. Finansieringa i balansen vert delt i 3 – kortsiktig gjeld, langsiktig gjeld og eigenkapital.

Nøkkeltal	**2015**	**2014**	**2013**
Sum driftsinntekter	-646.270	-633.992	-605.860
Sum driftsutgifter	648.432	677.257	654.437
Brutto driftsresultat	2.161	43.265	48.577
Finansinntekter	-9.461	-10.978	-23.773
Finansutgifter	39.269	40.589	37.975
Motpost avskrivingar	-33.120	-29.471	-27.534
Netto driftsresultat	-1.150	43.405	35.245
Bruk av avsetnader	-12.736	-47.278	-62.007
Avsetnader	6.614	4.807	21.373
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-7.273	935	-5.389
Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	-0,33	-6,82	-8,01
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	0,17	-6,84	-5,81

Netto driftsresultatet i 2015 vart positivt med omlag 1,15 mill kr. Dette vart nær 2,46 mill kr betre enn justert budsjett. I driftsrekneskapen brukte vi i overkant av 5,1 mill kroner av disposisjonsfonda medan vi brukte i overkant av 7,7 mill kr av dei bundne fonda. Vi avsette totat 6,6 mill kroner i driftsrekneskapen for 2015. Desse vart nytta til avsetjing til bundne fond med nær 3,7 mill kr, til avsetjing til disposisjonsfond med om lag 2,0 mill kr og for å dekke opp den rekneskapsmessige meirforbruken i 2014 (0,9 mill kr), slik at det rekneskapsmessige mindreforbruket i 2015 vart om lag 7,27 mill kr.

Brutto driftsresultat i 2015 vart negativt med 2,17 mill kr. I 2014 vart det negativt med om lag 43,8 mill kroner, I 2013 var brutto driftsresultat negativt med 48,6 mill kroner medan det i 2012 var positivt med om lag 11,6 mill kr. Sidan 2003 er det berre 2006 og 2009, 2010 og 2011 og 2012 som har gitt eit positivt brutto driftsresultat.

RDA-midlar (Regional distriksutviklingsmidlar) som kommunen har fått via Møre og Romsdal Fylke påverka rekneskapen vår også i 2015. I 2015 fekk vi overført omlag 38,04 mill kr. Totalt vart det utbetalt 44,08 mill kr i RDA tilskott i 2015 noko som gjorde at dei bundne fonda vart redusert med om lag 6,0 mill kr.

Kommunen må gjennomføre pliktige avsetnader og bruk av eksterne midlar som til dømes næringsfond, øyremerka statstilskott (bundne fond) og liknande.

Resultatet etter desse transaksjonane vert kalla rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk. I 2015 fekk vi eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 7,273 mill kroner. Det gir oss slike tal:

	2015	**2014**
Netto driftsresultat (i 1.000 kr)	-1.150	43.405
Pluss		
Bruk av tidlegare års mindreforbruk		-5.389
Bruk av disposisjonsfond	- 5.035	-3.755
Bruk av bundne fond	-7.701	-38.134
Sum bruk av avsetnader	**-12.736**	**-47.278**
Minus		

Overført til investeringsrekneskapen		
Avsett til tidlegare års meirforbruk	935	
Avsetnader til disposisjonsfond	2.008	
Avsetnader til bundne fond	3.671	4.807
Sum avsetnader	**6.614**	**4.807**
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-7.273	
Rekneskapsmessig meirforbruk		935

Det rekneskapsmessige resultatet har ein tendens til å svinge mykje frå år til år i Herøy. I 2015 vart skatteinntektene og rammetilskotet (samla) høgare enn regulert budsjettert (om lag 4,2 mill kroner). I tillegg hadde avdelingane samla ei innsparing på om lag 7,7 mill kr (Avdelingane hadde ei reell innsparing på 17,4 mill kr men her har ein ikkje tatt omsyn til den sendtralt budsjetterte innsparing i vakante stillingar på 8,75 mill kr) . Det var lavare renteinntekter, negativ avkastning i aksje- og obligasjonsmarknaden og, pensjonsaviket som gjorde at ikkje mindreforbruket vart høgare enn det det vart.

Arbeidskapital

Dette er differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Ved utgangen av 2015 hadde kommunen ein arbeidskapital på 232,5 mill kr. Korrigerer vi for premieavviket (pensjon) er den på om lag 205,7 mill kr. Dette er ein auke i høve til 2014 på om lag 78,3 mill kr (korrigert for premieavvik/pensjon). Auken skuldast i hovudsak auka bankinnskot (59,5 mill kr), og redusert bruk av kassekreditt (20,3 mill kr).

Likviditet

Kommunen sin likviditet betra seg i 2015 sett i høve til 2014. Per 31.12.2015 hadde kommunen om lag 156,9 mill kr plassert i bankinnskott, aksjar notert på Oslo Børs, sertifikatinnskott og obligasjonar. Dette er ein auke i høve til 2014 på om lag 60,1 mill kroner.

- Likviditetsgrad 1 måler tilhøvet mellom omlaupsmidlar (eks premieavvik) og kortsiktig gjeld. Det vil seie at den måler kommunen si evne til å dekke sine betalingsplikter etter kvart som dei forfell. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2 og i Herøy kommune var den på 2,04 per 31.12.2015, medan tala for 2014, 2013, 2012, 2011, 2010, 2009, 2008, 2007, 2006 og 2005 var på hhv 1,09 - 2,56 - 2,94 - 2,31 - 1,25 - 1,09 - 1,93 - 2,88 - 3,06 og 3,07.
- Likviditetsgrad 3 seier noko om tilhøvet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide midlane i dette tilfellet er reine bankinnskott. Likviditetsgrad 3 bør vere på minst 0,33 for å vere tilfredsstillande, og i Herøy kommune synte nøkkeltalet 0,92. I 2014 var det på 0,25, i 2013 var den på 1,01 og I 2012 var den 1,47. Normalt sett at bankinnskota små per 31.12.

Både likviditetsgrad 1 og 3 syner ei betring i 2015 sett i høve til føregåande år. I 2015 var likviditeten god og vi hadde ikkje behov for trekkretten vi hadde i Danske Bank AS. I 2014 hadde kommunen stram likviditet noko som blant anna resulterte i sal av obligasjonar samt bruk av trekkretten i delar av året.

Finanspostar i driftsrekneskapen

I følgje rekneskapen var netto finanskostnadane i 2015 på omlag 29,8 mill kr. I 2014, 2013, 2012 og 2011 var den på hhv 29,6 mill kr, 14,2 mill kr, 21,6 mill kr og 28,9 mill kr. Det syner at finansinntektene og finanskostnadane kan endre seg mykje i løpet av kort tid. Grunnen til dette finn ein i det vesentlege i dei plasseringane kommunen har i aksje- og obligasjonsmarknaden. I 2015 hadde vi eit netto tap på 1,2 mill kr. I 2014 var gevinsten på beskjedne 0,65 mill kr medan den i 2013 var på heile 8,1 mill kr.

Rentenivået har synt ein fallande tendens i fleire år. Det har ført til at rentekostnadane har vore nærast uendra trass i ei auka lånegjeld. Avdragskostnadane vart redusert litt frå 2014 til 2015. Grunnen til dette er ein annan måte å berekne minsteavdragsprinsippet på. Hadde

vi brukt same metode for dette i 2015 som i 2014 hadde avdragskostnadane blitt om lag 4,5 mill høgare enn det som er ført i rekneskapen per 31.12.2015. sank utover i 2014. Utviklinga på Oslo børs var positiv, medan våre aksjeplasseringar gav eit rekneskapsmessig tap i 2015.

Tal i mill. kroner

	Rekneskap 2015	***2014***	***2013***
Renteinntekter/utbytte	*9,5*	*11,0*	*23,2*
Av dette:			
Aksjeutbytte Tussa AS	*2,8*	*3,6*	*9,5*
Kursvinst/utbytte andre aksjar	*2,7*	*4,2*	*9,4*
Andre renteinntekter	*4,0*	*3,1*	*4,9*

Herøy kommune si lånegjeld aukar stadig. Dei totale rentekostnadane har imidlertid ikkje auka tilsvarande gjeldsveksten. Dette skuldast eit lavt rentenivå og at kommunen i samarbeid med Bergen Capital Management har vore aktive i marknaden og fått gode rentevilkår med bankar og finansinstitusjonar. Når det gjeld **reine** rentekostnadar var desse i 2015 på 14,7 mill kr. I 2014 utgjorde dei 14,9 mill kr. I 2013, 2012, 2011, 2010 og 2009 var dei på hhv 16,5 mill kr, 18,4 mill kr, 17,3 mill kr, 16,2 mill kr og 17,7 mill kr. Vi har aldri hatt så stor gjeld og heller ikkje hatt så lave faktiske rentekostnadar på nær 10 år.

Dei totale finanskostnadane kan ein sette opp i ein slik tabell:

Tal i mill. kroner.

	Rekneskap 2015	**Rekneskap 2014**	**Rekneskap 2013**
Renteutgifter/verdireduksjon på aksjar	18,4	18,2	17,7
Avdragsutgifter	20,8	22,1	20,3

Langsiktig gjeld og pensjon

Kommunane er pålagde å føre pensjonane etter liknande reglar som det bedrifter som følgjer rekneskapslova gjer. Dette fører til at kommunane må skaffe til veie ei aktuarberekning ved årsskiftet der det etter nærare fastsette reglar vert berekna kva som er kommunen si utgift dersom drifta skulle opphøyre per 31.12. Dette stiller ein opp mot midlane ein finn i fonda (hjå oss KLP og SPK). Tala syner ei teoretisk over- eller underdekning i ordningane.

Ingen av ordningane syner dekning i og med at AFP krava (forpliktingane) ikkje kan **forsikrast, men i det teoretiske tilfellet vil dei vere eit krav. Litt grovt kan ein seie at** forskjellen mellom berekna krav (forplikting) og pensjonsmidlar syner noverdien av AFP krava (forpliktningane).

Fordeling av brutto og netto driftsutgifter per sektor

Kommunestyret i Herøy gav gjennom budsjettvedtaket for 2014 ei brutto utgifts- og inntektsrame til i alt 19 ulike sektorar/avdelingar.

Oversikt over brutto og netto utgifter og inntekter fordelt på ansvarsområder slik det er oppsett i budsjettvedtaket					
Ansvarsområde		**Rekneskap 2015**	**Reg budsjett 2015**	**Avvik i kroner**	**Avvik i %**
Folkevalde	Brutto utgift	4 592 103	4 149 748	-442 355	
	Brutto inntekt	-446 424	-118 658	327 766	
	Netto driftsutgifter	4 145 679	4 031 090	-114 589	-2,84
	Avvik	**Meirforbruk på kr 114.589,-**			
Adm. Leiing	Brutto utgift	6 771 161	6 778 402	7 241	

	Brutto inntekt	-2 656 454	-2 660 351	-3 897	
	Netto driftsutgifter	4 114 707	4 118 051	3 344	0,08
	Avvik	Mindreforbruk på kr 3.344,-.			
Servicetorget	Brutto utgift	3 723 558	4 225 735	502 177	
	Brutto inntekt	-997 898	-902 332	95 566	
	Netto driftsutgifter	2 725 660	3 323 403	597 743	17,99
	Avvik	Mindreforbruk på kr 597.743,-			
Dok. senter og pol. Sekr.	Brutto utgift	2 444 701	2 406 792	-37 909	
	Brutto inntekt	-234 980	-196 527	38 453	
	Netto driftsutgifter	2 209 721	2 210 265	544	0,02
	Avvik	Mindreforbruk på kr 98.628,-			
Økonomiavdelinga	Brutto utgift	5 813 135	6 423 087	609 952	
	Brutto inntekt	-787 470	-767 803	19 667	
	Netto driftsutgifter	5 025 665	5 655 284	629 619	11,13
	Avvik	Mindreforbruk på kr 629.619,-			
Personal- og org. avd.	Brutto utgift	10 007 473	10 307 118	299 645	
	Brutto inntekt	-2 261 670	-2 245 774	15 896	
	Netto driftsutgifter	7 745 803	8 061 344	315 541	3,91
	Avvik	Mindreforbruk på kr 315.541,-			
IKT	Brutto utgift	6 076 268	6 012 986	-63 282	
	Brutto inntekt	-890 686	-816 908	73 778	
	Netto driftsutgifter	5 185 582	5 196 078	10 496	-0,20
	Avvik	**Meirforbruk på kr 10.496,-**			
Andre overføringar	Brutto utgift	54 106 645	48 118 371	-5 988 274	
	Brutto inntekt	-45 724 625	-38 891 835	6 832 790	
	Netto driftsutgifter	8 382 020	9 226 536	844 516	9,15
	Avvik	Mindreforbruk på kr 844.516,-			
Barnehageavdelinga	Brutto utgift	69 510 732	69 611 366	100 634	
	Brutto inntekt	-5 685 341	-5 383 494	301 847	
	Netto driftsutgifter	63 825 391	64 227 872	402 481	0,63
	Avvik	Mindreforbruk på kr 402.481,-			
Skuleavdelinga	Brutto utgift	127 395 316	128 862 742	1 467 426	
	Brutto inntekt	-20 687 467	-20 050 472	636 995	
	Netto driftsutgifter	106 707 849	108 812 270	2 104 421	1,93
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.104.421,-			
Avd for Barn, Fam. og Helse	Brutto utgift	53 082 318	49 456 454	-3 625 864	
	Brutto inntekt	-15 015 170	-11 261 152	3 754 018	
	Netto driftsutgifter	38 067 148	38 195 302	128 154	0,34
	Avvik	Mindreforbruk på kr 128.154,-			
Pleie- og omsorgsavd.	Brutto utgift	126 886 484	131 446 211	4 559 727	
	Brutto inntekt	-27 129 769	-25 798 223	1 331 546	
	Netto driftsutgifter	99 756 715	105 647 988	5 891 273	5,58
	Avvik	Mindreforbruk på kr 5.891.273,-			
Bu- og habiliteringsavd.	Brutto utgift	50 992 310	54 016 488	3 024 178	
	Brutto inntekt	-16 036 946	-16 149 924	-112 978	
	Netto driftsutgifter	34 955 364	37 866 564	2 911 200	7,69

	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.911.200,-			
NAV Herøy (Sosial/flyktning)	Brutto utgift	18 733 238	15 546 549	-3 186 689	
	Brutto inntekt	-10 902 228	-5 953 468	4 948 760	
	Netto driftsutgifter	7 831 010	9 593 081	1 762 071	18,37
	Avvik	Mindreforbruk på kr 1.762.071,-			
Kulturavdelinga	Brutto utgift	20 949 358	18 027 576	-2 921 782	
	Brutto inntekt	-12 222 162	-9 505 744	2 716 418	
	Netto driftsutgifter	8 727 196	8 521 832	-205 364	-2,41
	Avvik	**Meirforbruk på kr 205.364,-**			
Utviklingsavdelinga	Brutto utgift	9 912 956	9 229 504	-683 452	
	Brutto inntekt	-6 142 474	-3 437 226	2 705 248	
	Netto driftsutgifter	3 770 482	5 792 278	2 021 796	34,91
	Avvik	Mindreforbruk på kr 2.021.796,-			
Anleggs- og drifsavdelinga	Brutto utgift	39 855 347	40 386 946	531 599	
	Brutto inntekt	-23 161 388	-24 426 258	-1 264 870	
	Netto driftsutgifter	16 693 959	15 960 688	-733 271	-4,59
	Avvik	**Meirforbruk på kr 733.271,-**			
Eigedomsavdelinga	Brutto utgift	41 124 514	34 147 162	-6 977 352	
	Brutto inntekt	-23 804 280	-16 871 540	6 932 740	
	Netto driftsutgifter	17 320 234	17 275 622	-44 612	-0,26
	Avvik	**Meirforbruk på kr 44.612**			
Samhandlingsreforma	Brutto utgift	165 983	294 432	128 449	
	Brutto inntekt	-1 068 758	-294 432	774 326	
	Netto driftsutgifter	-902 775	0	902 775	0,00
	Avvik	Mindreforbruk på kr 902.775,-			
SUM	Brutto utgift	652 143 600	639 447 669	-12 695 931	
	Brutto inntekt	-215 856 190	-185 732 121	30 124 069	
	Netto driftsutgifter	436 287 410	453 715 548	17 428 138	3,84
	Avvik	Totalt mindreforbruk avdelingar: kr 17.428.138,-			
Skatt, ramme, finans, tilskott	Brutto utgift	kr 68 865 883	kr 36 034 774	kr -32 831 109	
	Brutto inntekt	kr -505 153 292	kr -489 750 325	kr 15 402 967	
	Netto inntekter	kr -436 287 409	kr -453 715 551	kr -17 428 142	-3,84
	Avvik	**Meirforbruk på kr 17.428.143,-**			

Dersom vi ser på brutto utgifter per sektor er Skuleavdelinga størst med 20,61% (opp 0,26% i høve til 2014). Deretter kjem Pleie og omsorgsavdelinga med 20,52% (ned 0,35% i høve til 2014) og Barnehageavdelinga med 11,25 % (uendra) Dei andre avdelingane er mindre og ligg på mellom 0,39% og 8,58% av samla brutto driftsutgifter eks RDA midlane.

Totalt var det 5 avdelingar som hadde meirforbruk i 2015 (6 i 2014), medan 14 (13 i 2014) avdelingar hadde eit mindreforbruk. Totalt mindreforbruk i høve budsjett var i overkant av 17,4 mill kr noko som seier at avdelingane samla sett har vore særs nøkterne i sin pengebruk. Tek ein omsyn til at ein sentralt hadde budsjettert med vakante stillingar (som ikkje har blitt delt ut på avdelingane) på 8,75 mill kr kan ein seie at samla mindreforbruk vart på nær 8,7 mill kr utover sentrale innsparingskrav.

Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway

Utvalgte nøkkeltall, kommuner - nivå 1, Ureviderte tall per 09.04.2016

Vis denne tabellen i statistikkbanken
Vis rettelogg

		1515 Herøy	Kostragruppe 08	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo	Landet
		2015	2015	2015	2015	2015
Finansielle nøkkeltall						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-0,1	2,3	2,6	2,3	2,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-0,3	2,5	2,1	2,7	2,8
Frie inntekter i kroner per innbygger	Kroner	50 661	48 131	50 302	49 762	50 618
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	249,0	216,9	216,3	212,2	204,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	16,6	17,6	16,2	17,7	15,0
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	Kroner	71 432	57 477	55 288	54 218	44 846
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	Kroner	123 474	125 996	132 810	130 734	132 369
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	Kroner	97 417	99 197	105 102	102 819	104 710
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	Kroner	2 514	2 265	2 357	2 382	2 348
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	Kroner	15 298	14 094	18 056	16 224	15 947
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	Kroner	2 428	3 084	2 333	3 220	3 601
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	Kroner	6 482	8 073	7 710	8 323	8 363
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	Kroner	4 458	3 778	4 344	4 197	3 934
Dekningsgrad						

		1515 Herøy	Kostragruppe 08	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo	Landet
		2015	2015	2015	2015	2015
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	Prosent	93,6	90,3	93,1	91,1	90,4
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	Prosent	6,2	8,2	8,6	7,9	7,9
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	13,7	9,7	11,2	10,5	10,4
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	8,0	8,7	8,1	9,0	9,0
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	Prosent	..	..	..	..	..
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	Prosent	100,0	94,0	92,1	94,4	94,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	Prosent	16,9	10,1	14,0	13,1	13,4
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	Prosent	2,5	3,9	2,9	3,9	4,0
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	Prosent	5,0	:	5,1	4,8	4,8
Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	Kilometer	12	38	38	51	46
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	Boliger	15	18	22	21	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	Årsverk	0,28	..	0,71	0,74	0,73
Produktivitet/enhetskostnader						
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	Kroner	160 450	173 797	173 927	176 965	177 935
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	Kroner	104 833	103 959	105 086	106 575	105 441
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	Personer	14,9	15,1	14,0	14,1	14,3
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	Kroner	163 343	248 215	254 668	237 179	236 225
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	Kroner	926 321	1 055 961	957 818	1 024 333	1 034 542
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	..	2 911	3 338	3 324	3 320
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	4 062	3 705	3 088	3 743	3 740
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	3 142	2 347	2 732	2 551	2 554
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	Dager	109	..	..	..	..
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	Dager	.	..	..	..	..
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	Kroner	135 446	125 282	100 174	124 462	130 672
Lovanvendelse						

		1515 Herøy	Kostragruppe 08	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo	Landet
		2015	2015	2015	2015	2015
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	Prosent	100	96	95	95	95
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	Prosent	..	..	..	..	..

Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway

Utvalgte nøkkeltall, kommuner - nivå 1, Ureviderte tall per 09.04.2016

Vis denne tabellen i statistikkbanken
Vis rettelogg

		1515 Herøy	1516 Ulstein	1517 Hareid	1519 Volda	1520 Ørsta
		2015	2015	2015	2015	2015
Finansielle nøkkeltall						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-0,1	3,1	2,0	3,3	4,0
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	-0,3	2,9	2,1	3,5	4,4
Frie inntekter i kroner per innbygger	Kroner	50 661	50 359	48 652	49 213	50 064
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	249,0	192,6	216,6	212,5	218,3
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	Prosent	16,6	13,0	-1,3	17,4	7,6
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	Kroner	71 432	51 416	59 791	78 625	56 935
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	Kroner	123 474	128 139	124 793	136 189	134 949
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	Kroner	97 417	107 154	105 240	107 463	96 542
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	Kroner	2 514	2 268	1 885	2 015	2 053
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	Kroner	15 298	12 265	14 332	17 110	18 064
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	Kroner	2 428	2 207	1 761	1 903	1 838
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	Kroner	6 482	8 723	8 209	7 889	7 744
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	Kroner	4 458	3 605	5 676	4 455	3 469

		1515 Herøy	1516 Ulstein	1517 Hareid	1519 Volda	1520 Ørsta
		2015	2015	2015	2015	2015
Dekningsgrad						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	Prosent	93,6	95,2	92,3	97,9	94,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	Prosent	6,2	6,5	9,3	8,1	6,0
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	13,7	12,9	11,2	11,3	12,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	Avtalte årsverk	8,0	7,6	8,4	7,2	8,3
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	Prosent	..	..	..	..	..
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	Prosent	100,0	100,0	96,0	100,0	90,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	Prosent	16,9	12,2	15,3	11,8	14,3
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	Prosent	2,5	3,9	3,3	2,9	2,4
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	Prosent	5,0	3,9	4,9	6,8	4,6
Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	Kilometer	12	17	23	4	22
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	Boliger	15	28	..	26	22
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	Årsverk	0,28	0,47	0,19	0,38	0,81
Produktivitet/enhetskostnader						
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	Kroner	160 450	201 134	179 561	173 551	178 742
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	Kroner	104 833	96 921	104 542	113 020	104 731
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	Personer	14,9	15,6	10,7	11,1	15,2
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	Kroner	163 343	192 342	178 512	243 682	210 519
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	Kroner	926 321	1 059 227	916 540	1 013 905	977 303
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	..	2 751	3 489	2 362	2 340
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	4 062	2 234	2 078	676	2 310
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	Kroner	3 142	3 141	3 142	1 800	1 800
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	Dager	109	150	250	194	116

		1515 Herøy	1516 Ulstein	1517 Hareid	1519 Volda	1520 Ørsta
		2015	2015	2015	2015	2015
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	Dager	-	14	147	..	..
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	Kroner	135 446	183 086	70 533	82 939	88 513
Lovanvendelse						
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	Prosent	100	..	100	60	100
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	Prosent	..	..	..	..	100

Analyse av nøkkeltal frå statistisk sentralbyrå



SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Innholdsfortegnelse

Analyse av nøkkeltal 1
frå statistisk sentralbyrå 1
SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS 1
Analyse av nøkkeltal frå Statistisk sentralbyrå 3
Kapittel 2 Kommunehelsetenesta: 4
2.1 KOSTRA 4
2.2 Rekneskapstal henta frå kommunane 5
2.2.1 Utgifter fordelt på funksjon. 5
2.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse 6
Kapittel 3 Administrasjon og styring: 9
3.1 KOSTRA 9
3.2 Rekneskapstal henta frå kommunane 9
3.2.1 Utgifter fordelt på funksjon. 9
3.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse 12
Kapittel 4 Sosialtenesta: 13
4.1 KOSTRA 13
4.2 Rekneskapstal henta frå kommunane 14
4.2.1 Utgifter fordelt på funksjon. 14
4.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse 15
Kapittel 5 Barnevernstenesta: 17
5.1 KOSTRA 17
5.2 Rekneskapstal henta frå kommunane 18
5.2.1 Utgifter fordelt på funksjon. 18
5.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse 20

Ulsteinvik 30.04.16

Alf Marius Grønnevik
Forvaltningsrevisor

Analyse av nøkkeltal frå Statistisk sentralbyrå

Herøy kommune, ved adm. ønskte ei analyse av fire utvalde nøkkeltal frå SSB. Bakgrunnen for dette var høge kostnadar på enkelte områder samanlikna med gjennomsnittet for land og fylke, samt nabokommunar på Søre Sunnmøre. Dette var kommunehelsetenesta, administrasjon og styring, sosialtenesta og barnevernstenesta. Dette passa inn i planane våra mht overordna analyse, og vert ein del av den.

I tabellen nedanfor ser vi på desse finansielle nøkkeltala ved samanlikning av kommunane på Søre Sunnmøre:

	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Sande	Vanylven
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	2514	2268	1885	2015	2053	3338	3031
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring i kr. Pr. innb.	4469	3665	5695	4455	3469	6963	5821
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innbyggjar 20-66 år	2428	2207	1761	1903	1838	1011	2541
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 0-17 år barnevernstenesta	6482	8723	8209	7889	7744	4230	11400

Tabellen viser at Sande og Vanylven har dei høgaste utgiftene pr innbyggar knytt til kommunehelseteneste med hhv 3338 kr og 3031 kr pr innbyggar. Hareid er den lågaste med 1885 kr. Dei andre andre kommunane varierer frå 2015 kr til 2514 kr pr innbyggar der Herøy er den som brukar mest av desse.

I høve administrasjon og styring har og Sande og Vanylven dei høgste utgiftene pr innbyggar,hhv 6963 kr og 5821 kr med Hareid «midt på treet» 5695 kr. Ørsta er den kommunen med lågaste adm. utgifter 3469 kr , Ulstein 3556 kr , og Volda og Herøy på same nivå 4455 kr pr innbyggar.

Netto driftsutgifter pr innbyggar 20-66 år til sosialtenesta viser at Sande kjem særs gunstig ut med berre 1011 kr pr innbyggar i denne aldersgruppa. Vanylven brukar mest med 2541 kr, og deretter Herøy med 2428 kr , og Ulstein med 2207 kr, Volda 1903 kr, Ørsta 1838 kr og Hareid «midt på treet» også her med 1761 pr innbyggar,.

Når det gjeld barnevernsutgifter viser tala at Vanylven brukar desidert mest med 11400 kr pr innbyggar 0-17 år. Deretter kjem Ulstein med 8723 kr , og med Hareid 8209 kr , Volda 7889 kr og Ørsta 7744 kr . Herøy har dei desidert lågaste utgiftene med 6482 kr, og her skal det

nemnast at Ulstein, Hareid ,Volda og Ørsta er knytt til det felles interkommunale barnevernet.


Kapittel 2 Kommunehelsetenesta:

2.1 KOSTRA

KOSTRA- tala i høve kommunehelseteneste er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 232 «Førebygging, skule- og helsestasjonsteneste», 233 «Førebyggande arbeid, helse og sosial» og 241 «Diagnose, behandling, rehabilitering». Tala omfattar driftsutgiftene inkludert avskrivingar, minus driftsinntektene. Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert og er henta frå kommunen sitt rekneskap. Formelen som har vore nytta av SSB går fram nedanfor:

Netto driftsutgifter pr innbygger i kroner til kommunehelsetjenesten, konsern = (Netto driftsutgifter, funksjonene 232, 233 og 241/folkemengd i alt) 1000*

Oversikta viser nedanfor viser utviklinga av driftsutgifter pr. innbyggjar for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en markant auke i netto driftsutgifter.



2.2 Rekneskapstal henta frå kommunane

2.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.

Ein har sett nærmare på rekneskapen til den einskilde kommune og gjort samanlikningar meda tala frå dei andre kommunane. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 232, 233 og 241 som vert rapportert under omgrepet kommunehelseteneste.

Ein har også samanlikna rekneskapstala med utgiftene som er rapportert i KOSTRA (statistisk sentralbyrå). Siste kolonne i tabellen under viser ein mindre differansar mellom rekneskapstala som ein har henta ut i forhold til kva som har vore rapportert i KOSTRA. Differansen kan skuldast feilrapportering , ikkje oppdatert rapportering i KOSTRA eller at det kan vere nytta litt forskjellig innbyggjartal.

	Innbyggjarar 2015	232 Forbygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste	Pr. innbyggjar	233 Annet forebyggende helsearbeid	Pr. innbyggjar	241 Diagnose, behandling, re-hablitering	Pr. innbyggjar	SUM (232+233+241)	SUM rekneskap pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarapportering
Herøy	8934	5 096 598	570	1 105 629	124	16 234 248	1 817	22 436 475	2 511	2 516	- 5
Ulstein	8292	6 183 332	746	1 311 648	158	11 378 153	1 372	18 873 133	2 276	2 268	8
Ørsta	10589	5 689 410	537	1 403 493	133	15 079 758	1 424	22 172 661	2 094	2 053	41
Volda	8977	4 672 596	521	1 773 486	198	13 730 644	1 530	20 176 726	2 248	2 268	- 20
Hareid	5065	2 660 406	525	1 319 247	260	5 736 230	1 133	9 715 883	1 918	1 885	33
Sande	2635	1 117 235	424	259 946	99	7 161 890	2 718	8 539 071	3 241	3 338	- 97
Vanylven	3258	1 638 502	503	363 465	112	8 015 548	2 460	10 017 515	3 075	3 031	44

232. Førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste:

På funksjon 232 skal all helsestasjonsteneste rapporterast, også helsestasjon for ungdom, og all skulehelseteneste (grunn- og vidaregåande skule). Dette omfatta bl.a. foreldreveiledningsgrupper, annen grupperetta helsestasjonsteneste, jordmorteneste og svangerskapskontroll samt barselomsorg.

Ein registrerte til dels store forskjellar mellom kommunane. Ulstein hadde dei høgaste utgiftene knytt til funksjonen med 746 kr pr. innbyggjar, totalt 6 183 332 kr. Sande hadde dei lågaste med 424 kr pr. innbyggjar, totalt 1 117 235 kr. Herøy brukar 570 kr pr. innbyggjar, totalt ca 5,1 millionar knytt til denne funksjonen. Dei andre kommunane brukar mellom 503 kr—537 kr pr innbyggar. Her kan ligge betydeleg innsparingspotensiale, spesielt for Ulstein.

233 Anna førebyggjande helsearbeid:

Denne funksjonen omfattar anna førebyggjande helsearbeid enn helsestasjons- og skulehelseteneste, bl.a. arbeid knytt til:

- Miljøretta helsevern, bedriftshelseteneste og anna førebyggande arbeid etter helse og omsorgsloven § 3-3 og folkehelseloven § 8.
- Programmer/kontroller (screening), teknisk/hygienisk personell, opplysning/kampanje.
- Helsestasjon for eldre.
- Helsestasjon for innvandrarar
- Frisklivssentral

Til dette arbeidet har Hareid dei høgste utgiftene med 260 ,- pr innbyggar , totalt 1,3 mill. Sande og Vanylven hadde dei lågaste utgiftene med hhv 99 pr innbyggjar,totalt 259 946kr og 112,- pr innbyggar, totalt 363 465 kr i Vanylven.
Dei fire største kommunane brukar følgjande ; Herøy 124 kr pr innbyggjar, totalt 1,1 mill, Ørsta 133,- pr innbyggar, totalt 1,4 mill, Ulstein 158,- pr innbyggar, totalt 1,3 mill og Volda 198,- kr pr. innbyggjar

241 Diagnose, behandling, rehabilitering
Til funksjon 241 skal utgifter til allmennmedisin førast. Dette gjeld:

- *Basistilskudd fastleger per kapitatilskudd*
- *Kommunale legekontor inkludert sykepleiere og annet personell på helsesenter/legekontor*
- *Legevakt*
- *Fengselshelsetjenesten*
- *Turnusleger (for eksempel tilskudd og utgifter til veiledning)*
- *Fysioterapi (med avtale og kommunalt ansatte i fysioterapipraksis)*
- *Ergoterapi*
- *Hjelpefunksjoner til fysioterapeuter og ergoterapeuter.*
- *Formidling av hjelpemidler (ekskl. arbeidsinnsats knyttet til vurdering/utplassering av hjelpemidler som utføres av personell knyttet til funksjonene 234, 253 eller 254)*
- *Tilskudd til Norsk Pasientskadeerstatning*

Det er på denne funksjonen ein finn dei største utgiftene knytt til kommunehelsetenesta. Hareid hadde dei desidert lågaste utgiftene pr. innbyggjar med 1133 kr pr. innbyggjar, totalt 5,7 mill. Sande og Vanylven hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar 2718 kr pr. innbyggjar i Sande (totalt 7,2 mill) og 2460 kr pr. innbyggjar i Vanylven (totalt 8,0 mill). Herøy hadde ei utgift på 1817 kr pr innbyggar, medan dei andre mellomstore kommunane brukte frå 1372 kr – 1530 kr pr innbyggar. Her kan ligge betydeleg innsparingspotensiale.

2.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse

På neste side har ein gått vidare inn på dei tre funksjonane 232 Førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste, 233 Anna førebyggjande helsearbeid og 241 Diagnose, behandling,

rehabilitering og sett på korleis kostnadane har fordelt seg på dei ulike kontoklassene. Ein har delt inn i 9 forskjellige kontoklasser :

- *0 Lønn inkl.sosiale utgifter,*
- *1 Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egenproduksjon,*
- *3 Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjon,*
- *4 Overføringer til andre,*
- *5 Finansieringsutgifter,*
- *6 Salsinntekter,*
- *7 Refusjonar,*
- *8 Overføringer til andre,*
- *9 Finansieringsinntekter.*

Oversikta på neste side viser korleis utgiftene og inntektene som resulterer i netto driftsutgifter er fordelt på dei ulike funksjonane. Det er ikkje gått vidare i analysa på kva som er årsaka til dei betydelege forskjellane som går fram av rekneskapsinformasjonen både med hensyn til lønsutgifter, kjøp av varer og tenester og salsinntekter/refusjonar.


	Funksjon	Kontoklasser	Herøy	Kostn. pr innbyggjar	Hareid	Kostn. pr innbyggjar	Ørsta	Kostn. pr innbyggjar	Ulstein	Kostn. pr innbyggjar	Volda	Kostn. pr innbyggjar	Sande	Kostn. pr innbyggjar	Vanylven	Kostn. pr innbyggjar
		Innbyggjarar 2015	8934		5065		10589		8292		8977		2635		3258	
0	232	Lønn inkl.sosiale utgifter	4257833	477	2245159	443	5283873	499	5915637	713	5382160	600	952337	361	1745750	536
1	232	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	396347	44	137777	27	814338	77	342799	41	518567	58	106859	41	69191	21
3	232	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	468452	52	293232	58	112641	11	1551181	187	88303	10	97432	37	0	0
4	232	Overføringer til andre	199204	22	29158	6	124594	12	59554	7	36341	4	12237	5	12286	4
5	232	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	222741	21	19410	2	256032	29	6280	2	0	0
6	232	Salsinntekter	-121872	-14	-9801	-2	-442951	-42	-8080	-1	-479615	-53	-30901	-12	-39416	-12
7	232	Refusjonar	-87204	-10	-35119	-7	-419825	-40	-1465960	-177	-1052409	-117	-12237	-5	-149310	-46
8	232	Overføringer til andre	-1663	0	0	0	-6000	-1	0	0	0	0	-14772	-6	0	0
9	232	Finansieringsinntekter	-14500	-2	0	0	0	0	-231209	-28	-76783	-9	0	0	0	0
	232	SUM	5096598	570	2660406	525	5689410	537	6183332	746	4672596	521	1117235	424	1638501	503
0	233	Lønn inkl.sosiale utgifter	1363500	153	1414891	279	439862	42	2173674	262	691803	77	383379	145	915687	281
1	233	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	270804	30	9126	2	333399	31	132339	16	145662	16	0	0	2226	1
3	233	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	185758	21	167214	33	749869	71	456883	55	778350	87	1604	1	0	0
4	233	Overføringer til andre	41137	5	20346	4	70701	7	15372	2	21801	2	0	0	291	0
5	233	Finansieringsutgifter	44907	5	0	0	0	0	0	0	500000	56	0	0	155000	48
6	233	Salsinntekter	-406568	-46	-199752	-39	0	0	-7588	-1	-44150	-5	-37	0	0	0
7	233	Refusjonar	-226617	-25	-92579	-18	-153345	-14	-605974	-73	-269711	-30	0	0	-694740	-213
8	233	Overføringer til andre	-155000	-17	0	0	0	0	-853057	-103	0	0	-125000	-47	-15000	-5
9	233	Finansieringsinntekter	-12292	-1	0	0	-36992	-3	0	0	-50269	-6	0	0	0	0
	233	SUM	1105629	124	1319247	260	1403493	133	1311648	158	1773486	198	259946	99	363464	112
0	241	Lønn inkl.sosiale utgifter	10047524	1125	1131463	223	5976653	564	994390	120	13661098	1522	3325201	1262	6167401	1893
1	241	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	6481160	725	54490	11	3640153	344	35339	4	3502220	390	1470402	558	2611348	802
3	241	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	10296037	1152	4937637	975	2789277	263	11161480	1346	8340798	929	3583607	1360	919697	282
4	241	Overføringer til andre	1126048	126	7896	2	4982501	471	3762	0	117324	13	338112	128	241819	74
5	241	Finansieringsutgifter	1688642	189	27389	5	440768	42	108585	13	55350	6	108217	41	179649	55
6	241	Salsinntekter	-9983417	-1117	-480	0	-616841	-58	0	0	-283714	-32	-141867	-54	-255583	-78
7	241	Refusjonar	-2111606	-236	-422165	-83	-2132753	-201	-925402	-112	-10860419	-1210	-1521784	-578	-1848617	-567
8	241	Overføringer fra andre	-610000	-68	0	0	0	0	0	0	-749671	-84	0	0	0	0
9	241	Finansieringsinntekter	-700140	-78	0	0	0	0	0	0	-52341	-6	0	0	-167	0
	241	SUM	16234248	1817	5736230	1133	15079758	1424	11378153	1372	13730645	1530	7161888	2718	8015547	2460

Kapittel 3 Administrasjon og styring:

3.1 KOSTRA

KOSTRA- tala i høve administrasjon og styring er basert på netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar og er knytt til funksjonane 100 politisk styring, 110 kontroll og revisjon, 120 administrasjon, 121 Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga, og 130 Administrasjonslokale. Innanfor funksjon 120 administrasjon inngår bla. administrativ leiing, fordeling av andel leiarstilling, stab/støttefunksjonar, fellesfunksjonar og fellesutgifter.

Oversikta viser nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter pr. innbyggjar for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-1H2015. I dei fleste tilfelle såg ein en auke i netto driftsutgifter. Spesielt Sande, Vanylven og Hareid har hatt ein markant auke i perioden.



3.2 Rekneskapstal henta frå kommunane

3.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala med kvarandre. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 100 «politisk styring», 110 «kontroll og revisjon», 120 «administrasjon», 121 «eigedomsforvaltning» og 130 «administrasjonslokale». Ein har også samanlikna tala med utgiftene som går fram i KOSTRA (statistisk sentralbyrå). Som siste kolonne i tabellen under viser, såg ein mindre differansar mellom rekneskapstala som ein har henta ut og kva som har

vore rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein på Hareid. Differansen kan skuldast feilrapportering eller forskjellig grunnlag i høve innbyggjarar.

	Innbyggjarar 2015	100 Politisk styring	Pr. innbyggjar	110 Kontroll og revisjon	Pr. innbyggjar	120 Administrasjon	Pr. innbyggjar	121 Eigedomsforvaltning	Pr. innbyggjar	130 Administrasjonslokaler	Pr. innbyggjar	SUM (100+110+120+121+130)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og
Herøy	8934	3 761 540	421	647 265	72	34 046 086	3 811	164 415	18	1 247 826	140	39 867 132	4 462	4 469	- 7
Ulstein	8292	3 314 244	400	664 201	80	25 192 676	3 038	260	0	1 138 177	137	30 309 558	3 655	3 655	0
Ørsta	10589	5 238 345	495	332 540	31	27 561 143	2 603	1 723 652	163	2 036 572	192	36 892 252	3 484	3 469	15
Volda	8977	3 100 714	345	617 466	69	30 588 273	3 407	1 687 792	188	3 839 456	428	39 833 701	4 437	4 455	- 18
Hareid	5065	1 995 627	394	601 692	119	24 714 263	4 879	40 815	8	2 486 785	491	29 839 182	5 891	5 695	196
Sande	2635	2 326 943	883	534 968	203	14 133 777	5 364	89 812	34	1 081 414	410	18 166 914	6 894	6 963	- 69
Vanylven	3258	2 250 672	691	497 876	153	14 745 375	4 526	541 503	166	674 003	207	18 709 429	5 743	5 821	- 78

100. Politisk styring:

Funksjon 100 gjeld godtgjersle til folkevalde, inkl. utgifter knytt til møteavvikling, representasjonsutgifter, befaring/høyringar mm. arrangert av folkevalde organ (utval/nemnder/komitear), partistøtte og utgifter til valavvikling.

Ein registrerte til dels store forskjellar mellom kommunane. Sande hadde dei høgaste utgiftene knytt til funksjonen pr innbyggjar med 883kr og Volda hadde dei lågaste med 345 kr pr innbyggjar . Herøy hadde 421 kr pr. innbyggjar (totalt ca 3,7 millionar) knytt til funksjonen. Vanylven hadde også høge utgifter med 691 kr pr. innbyggjar. Ørsta hadde 495kr pr. innbyggjar.

110. Kontroll og revisjon:

Utgifter og inntekter knytt til kommunen sitt kontrollutval etter kommunelova § 77 og revisjon etter kommunelova § 78. Herunder møtegodtgjersle og andre utgifter knytt til møteavvikling i kontrollutvalet, utgifter knytt til kontrollutvalssekretariatet, og utgifter knytt til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Funksjonen omfattar ikkje administrative internkontrollsystem som er underlagt administrasjonssjefen

Ein registrerte om lag like store utgifter (ca mellom 500 000 - 665 000 kr) knytt til funksjonen i dei fleste kommunane for utanom Ørsta som hadde 332 540 kr dette utgjorde 31 kr pr innbyggjar. Dette må ha samanheng med at enten berre kontrollutvalstenesta eller revisjonstenesta er ført på funksjonen. Sande og Vanylven hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar med hhv 203 kr og 153 kr.

120 Administrasjon:

Funksjon 120 administrasjon omfattar ein stor del mindre funksjonar og kan delast inn slik:

(1) Administrativ leiing ,(2) Fordeling av andel leiarstillingar ,(3) Stab/støttefunksjoner, (4) Fellesfunksjoner, (5) Fellesutgifter.
Administrasjonsfunksjonen er naturlegvis den funksjonen ein såg dei største totale utgiftene ved alle kommunane i rapportering av administrasjon og styring.

Ein registrerte derimot store forskjellar mellom kommunen, der ein såg store innsparingsmoglegheiter for enkelte og spesielt dei minste kommunane. Sande, Hareid og Vanylven hadde hhv. 5364kr, 4879kr og 4526 kr pr innbyggjar. Herøy hadde ca 34 mill kr i totale utgifter som utgjorde 3 811 kr pr. innbyggjar. Dette er ca 9 mill høgare enn Ulstein (25,2 mill kr) som hadde 3038kr pr. innbyggjar. Ørsta hadde 2603kr pr. innbyggjar, og Volda 3407 kr pr. innbyggjar.

121 Eigedomsforvaltning:
Her vert det ført utgifter knytt til forvaltning av kommunen sine bygg og eigedom. Dette omfattar aktivitetar i eigedomsforvaltninga knytt til leiing og administrasjon, forsikringar av bygg og pålagte skatter og avgifter knytt til bygg, og som typisk er forbruksuavhengig av om bygget er i drift eller ikkje.

Den funksjonen ein såg dei lågaste utgiftene. Både Herøy Hareid , Sande og Ulstein hadde ubetydelege utgifter knytt til denne funksjonen. I Ørsta og Volda og Vanylven var det utgiftsført frå ca 160-190kr pr innbyggjar. Dette ugjorde ca 1,7 millionar kr i Ørsta og Volda og 674 003kr i Vanylven. Her kan det nemnast at Ulstein har skilt ut denne funksjonen i eit eige eigedomsselskap.

130 Administrasjonslokale:
På funksjon 130 skal utgifter til drift og vedlikehald av lokale (med tilhøyrande tekniske anlegg og utandørsanlegg) som vert nytta til oppgåver under funksjonane 100, 110, 120 og 121.

Dette omfattar lønn mv. til eige drifts-/vedlikehaldspersonell, innkjøp av materiell og utstyr til drift og vedlikehald, og kjøp av drifts-/vedlikehaldstenester (eksempelvis vaktmeistertenester, snørydding, reinhaldsavtaler, serviceavtaler på tekniske anlegg, avtaler om vakthold og tilsyn mv.) som er knytt til administrasjonslokale. Avskrivingar av egne bygg omfattas også. Som driftsaktivitetar reknast løpende drift, reinhald, vakthold, sikring, energi og vann, avløp og renovasjon.

Volda hadde dei høgaste utgiftene knytt til denne funksjonen (3 839 456 kr) som utgjorde 428 kr pr innbyggjar. Hareid hadde dei høgaste utgiftene pr. innbyggjar med 491 kr. Herøy og Ulstein hadde dei lågaste utgiftene med hhv 140 kr pr. innbyggjar og 137 kr pr. innbyggjar. Sande og Vanylven hadde hhv. 410 kr og 207 kr pr. innbyggjar

3.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse

Funksjon	Kontoklasser		Kostn. pr		Kostn. pr		Kostn. pr		Kostn. pr		Kostn. pr		Kostn. pr	
	Innbyggjar år 2015	Herøy	innbyggjar	Hareid	innbyggjar	Ørsta	innbyggjar	Ulstein	innbyggjar	Volda	innbyggjar	Sande	innbyggjar	Vanylven	innbyggjar
		8934		5065		10589		8292		8977		2635		3258	
0 100	Lønn inkl.sosiale utgifter	27939896	313	15836801	314	36888887	348	26042731	314	21401711	238	15387451	584	16095061	494
1 100	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm.egen	1159434	130	283413	57	1345104	127	626730	76	640867	71	820087	311	533173	164
3 100	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksj	11839	1	53034	10	19710	2	23852	3	0	0	5656	2	4580	1
4 100	Overføringer til andre	238969	27	98503	19	2452851	23	244999	30	155113	17	93131	35	132982	41
5 100	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	421491	4	5131	0	237358	26	17	0	27571	8
6 100	Salsinntekter	-15841	-2	-600	0	-21601	0	-41241	0	0	0	-3760	-1	-7201	0
7 100	Refusjonar	-194164	-22	-34408	-7	-886311	-8	-181999	-22	-72735	-8	-126335	-48	-57225	-18
8 100	Overføringer til andre	-238594	-27	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9 100	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	-120001	-1	0	0	0	0	0	0	0	0
	SUM	3761539	421	1995628	394	52393441	495	33142451		31007141	345	23269421		22499671	691
0 110	Lønn inkl.sosiale utgifter	1659	0	0	0	0	0	0	0	44001	0	1700	0	0	0
1 110	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm.egen	4400	0	1995	0	20001	0	15741	0	44001	0	1700	1	0	0
3 110	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksj	653390	73	620353	122	3305401	31	717880	87	710121	79	533262	202	497876	153
4 110	Overføringer til andre	0	0	0	0	0	0	3941	0	0	0	0	0	0	0
5 110	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
6 110	Salsinntekter	-12184	-1	0	0	0	0	-36253	-4	-97746	-11	0	0	0	0
7 110	Refusjonar	0	0	-20656	-4	0	0	-19394	-2	0	0	0	0	0	0
8 110	Overføringer til andre	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9 110	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
	SUM	647265	72	601692	119	3325401	31	664202	80	617486	69	534962	203	497876	153
0 120	Lønn inkl.sosiale utgifter	28455343	3185	21864323	4317	23230615	2194	19431415	2351	25166516	2803	10219470	3878	12373688	3982
1 120	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm.egen	10274022	1150	14256066	2815	8601370	812	7207032	869	6311765	703	2500772	949	3240014	994
3 120	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksj	2316457	259	3253683	642	6955231	66	2963153	357	2196148	245	1143003	434	987406	303
4 120	Overføringer til andre	1227925	137	2154417	426	1262484	119	1286681	155	1346036	150	479820	182	1142643	351
5 120	Finansieringsutgifter	2280542	256	1403793	277	1572014	148	543106	65	1901064	212	1326031	503	286926	88
6 120	Salsinntekter	-4380650	-490	-4330543	-855	-1594811	-151	-880248	-104	-1749061	-195	-178711	-68	-1080704	-332
7 120	Refusjonar	-4805163	-538	-13888987	-2742	-5792791	-547	-4782654	-577	-3722501	-415	-1356609	-515	-2801294	-860
8 120	Overføringer frå andre	-1176176	-132	510	0	-306045	-29	-200000	-24	-441711	-49	0	0	0	0
9 120	Finansieringsinntekter	-154208	-17	0	0	-111221	-11	-455869	-55	-419983	-47	0	0	-5736	-2
	SUM	34046086	3811	24714262	4879	27551143	2603	25192677	3038	30588274	3407	14133776	5364	14742943	4525
0 121	Lønn inkl.sosiale utgifter	0	0	56240	11	787590	74	0	0	1368317	155	393365	149	490972	151
1 121	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm.egen	0	0	95	0	935997	88	0	0	499741	56	-4053	-2	34593	11
3 121	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksj	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	4580	1
4 121	Overføringer til andre	0	0	0	0	19034	2	0	0	107872	12	0	0	52	0
5 121	Finansieringsutgifter	16415	18	0	0	0	0	0	0	115450	13	0	0	11358	3
6 121	Salsinntekter	0	0	0	0	0	0	260	0	-168472	-19	-300000	-114	0	0
7 121	Refusjonar	0	0	-15520	-3	-18969	-2	0	0	-255115	-28	0	0	-52	0
8 121	Overføringer frå andre	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9 121	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
	SUM	16415	18	40815	8	1723652	163	260	0	1687793	188	89812	34	541503	166
0 130	Lønn inkl.sosiale utgifter	363273	41	1029674	203	966847	91	0	0	968672	108	700249	266	3862	1
1 130	Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm.egen	886358	99	1691031	334	680558	64	188353	23	2145506	239	574853	218	641224	197
3 130	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksj	194	0	0	0	44718	4	1026225	124	0	0	0	0	14174	4
4 130	Overføringer til andre	155119	17	375386	74	181207	17	47236	6	253170	28	115388	44	216778	67
5 130	Finansieringsutgifter	0	0	249675	49	445733	42	0	0	1886738	210	238447	113	243203	75
6 130	Salsinntekter	-4000	0	-25390	-5	-96526	-9	0	0	-623394	-70	-313412	-119	-228461	-70
7 130	Refusjonar	-155119	-17	-833652	-165	-1859661	-18	-124238	-15	-790693	-88	-234111	-112	-216778	-67
8 130	Overføringer fra andre	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9 130	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
	SUM	1247825	140	2486784	491	2036572	192	1138178	137	3833456	428	1061414	410	674002	207

Oversikta på førre side viser korleis utgiftene og inntektene som resulterer i netto driftsutgifter er fordelt på dei ulike funksjonane. Det er ikkje gått vidare i analysa på kva som er årsaka til forskjellane som går fram av rekneskapsinformasjonen både med hensyn til lønsutgifter, kjøp av varer og tenester og salsinntekter/refusjonar. Då må det evt. bli eit forvaltningsprosjekt.


Kapittel 4 Sosialtenesta:

4.1 KOSTRA

KOSTRA- tala i høve sosialtenesta er basert på netto driftsutgifter til sosialtenesta *242 «Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid», 243» Tilbud til personer med rusproblemer» og 281 «Økonomisk sosialhjelp»*. Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert til SSB og er henta frå kommunen sitt rekneskap. Formelen som har vore nytta av SSB går fram nedanfor:

*Netto driftsutgifter i kroner per innbygger 20-66 år = (netto driftsutgifter / antall innbyggere 20-66 år pr. 31.12.) * 1000. Brøk multiplisert med 1000 gir tall i hele kroner.*

Oversikta nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter pr. innbyggjar for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en svak auke i netto driftsutgifter. Sande har i perioden hatt større svingingar i utgiftene men har dei to siste åra hatt stabilt låge utgifter. Vanylven hadde ei betydeleg auke i 2014-2015, men hadde veldig låge utgifter i perioden 2009-2013 (sjå tabell nedanfor).



4.2 Rekneskapstal henta frå kommunane

4.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala med kvarandre. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 242,243 og 281, og der utgiftene er fordelt pr innbyggjar i aldersgruppa 20-66 år. Ein har også samanlikna tala med utgiftene som går fram i KOSTRA (statistisk sentralbyrå). Som siste kolonnen i tabellen under viser, såg ein mindre differansar mellom rekneskapstala som ein har henta ut og kva som har vore rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein på Hareid og Volda. Differansen kan skuldast feilrapportering eller forskjellig grunnlag i høve innbyggjarar.

	Innbyggjarar 2015 20-66 år	242 Råd og veiledning..	Pr. innbyggjar	243 Tilbod til personar med rusproblem	Pr. innbyggjar	281 Økonomisk sosialhjelp	Pr. innbyggjar	SUM (242+243+281)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarapportering
Herøy	5307	5 782 994	1 090	2 201 520	415	5 024 368	947	13 008 882	2 451	2 428	23
Ulstein	5073	4 232 634	834	242	0	7 168 837	1 413	11 401 713	2 248	2 207	41
Ørsta	6233	6 047 217	970	1 066 001	171	4 830 943	775	11 944 161	1 916	1 883	33
Volda	5384	2 511 590	466	3 301 396	613	4 970 842	923	10 783 828	2 003	1 903	100
Hareid	3075	1 853 129	603	- 310 858	- 101	3 467 876	1 128	5 010 147	1 629	1 761	- 132
Sande	1573	696 774	443	-	-	829 782	528	1 526 556	970	1 011	- 41
Vanylven	1854	3 469 760	1 871	163 804	88	1 004 929	542	4 638 493	2 502	2 541	- 39

242 Råd og veiledning og sosialt forebyggende arbeid
Funksjonen inneheld utgifter knytt til sosialkontorteneste, informasjonstiltak, gjeldsrådgivning, heimekonsulent, flyktningkonsulent, koordinering av flyktning/busetting og – integrering, sosialt førebyggjande arbeid (som bevillingsfunksjon/skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelarbeid, krisesenter) og lønn tilsette i utekontakt.

Vanylven hadde dei høgaste utgiftene pr. innbyggjar med 1871 kr. Herøy og Ørsta hadde også høge kostnadane knytt til denne funksjonen med hhv ca 5,8 mill kr (1090 kr pr. innbyggjar) og 6 mill kr (970 kr pr. innbyggjar). Sande hadde dei lågaste pr. innbyggjar med 443 kr. Volda hadde 466 kr pr innbyggjar medan Hareid hadde 603 kr pr. innbyggjar.

243 Tilbod til personar med rusproblem
Funksjonen inneheld utgifter til tiltak for rusmiddelmisbrukarar som kan for eksempel vere:

- Institusjonsopphald,
- behandlingstiltak for rusmisbrukarar,
- ettervern

Ein såg store forskjellar i kommunane i kor store utgifter som var ført på denne funksjonen. I Ulstein og Sande var det tilnærma ingen utgifter, så eventuelle utgifter må ha vore ført på andre funksjonar. Volda hadde 3,3 millionar kroner som utgjorde 613 kr pr. innbyggjar. Herøy hadde dei nest høgaste utgiftene med 2,2 millionar kroner som utgjorde 415 kr pr. innbyggjar. Hareid, Ørsta og Vanylven hadde utgifter på mellom 88 – 171 kr pr. innbyggjar.

281 Økonomisk sosialhjelp

På denne funksjonen skal det førast utgifter knytt til lån og bidrag etter lov om sosiale tenester i NAV §§18 og 19. Alle utgifter som er heimla i§§ 18 og 19 er økonomisk sosialhjelp og skal førast på denne funksjonen.

Ulstein hadde dei høgaste utgiftene knytt til denne funksjonen med over 7,1 mill kr. Dette utgjer 1413 kr pr innbyggjar i aldersgruppa 20-66år. Hareid og Herøy hadde også høge utgifter pr innbyggjar med 1128 kr i Hareid og 947kr i Herøy. Sande og Vanylven hadde dei lågaste utgiftene pr. innbyggjar med hhv. 528 kr og 542 kr. Ørsta hadde 775 kr pr innbyggjar og Volda 923 kr. Det er ikkje vurdert om det er ulike satsar for utbetaling av økonomisk sosialhjelp, noko som kan vere årsak til dei store forskjellane.

4.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse

Det vert vist til oversikta på neste side som viser utgiftene knytt til sosialtenesta på hovudpostnivå.

Oversikta på neste side viser korleis utgiftene og inntektene som resulterer i netto driftsutgifter for sosialtenesta er fordelt på dei ulike funksjonane (242 råd og rettleiing , 243 tilbod til personar med rusproblem og 281 økonomisk sosialhjelp). Det er ikkje gått vidare i analysa inn på kva som er årsaka til forskjellane som går fram av rekneskapsinformasjonen både med hensyn til lønsutgifter, kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon, kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon, og salsinntekter/refusjonar og overføringar til andre.


	Funksjon	Kontoklasser	Herøy	Kostn. pr innbyggjar	Hareid	Kostn. pr innbyggjar	Ørsta	Kostn. pr innbyggjar	Ulstein	Kostn. pr innbyggjar	Volda	Kostn. pr innbyggjar	Sande	Kostn. pr innbyggjar	Vanylven	Kostn. pr innbyggjar
		Innbyggjarar 2015 20-66 år	5291		3041		6183		5014		5314		1573		1854	
0	242	Lønn inkl.sosiale utgifter	5415760	1024	1893624	623	7168127	1159	3626753	724	606240	114	151847	97	2457832	1326
1	242	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	672992	127	144234	47	840009	136	315828	63	7065646	1330	187803	119	1063014	573
3	242	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	1064560	201	207044	68	1046180	169	43391	9	3109752	585	378578	241	18320	10
4	242	Overføringer til andre	93556	18	29657	10	1191629	193	551623	110	23861	4	51096	32	362758	196
5	242	Finansieringsutgifter	0	0		0		0	60000	12	1475686	278	110	0	110284	59
6	242	Salsinntekter	-21483	-4	-36672	-12	-189385	-31	0	0	-140683	-26	-39328	-25	-60099	-32
7	242	Refusjonar	-797150	-151	-358257	-118	-3694343	-598	-358960	-72	-8280913	-1558	-31332	-20	-482350	-260
8	242	Overføringer til andre	-645240	-122	0	0	-315000	-51	0	0	-20000	-4	-2000	-1	0	0
9	242	Finansieringsinntekter	0	0	-26500	-9	0	0	-8000	-2	-538193	-101	0	0	0	0
		SUM	5782995	1093	1853130	609	6047217	978	4232635	844	3301396	621	696774	443	3469759	1871
0	243	Lønn inkl.sosiale utgifter	0	0	251309	83	1539927	249	0	0	4943515	930	0	0	222300	120
1	243	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	5118	1	47901	16	72816	12	242	0	236178	44	0	0	199	0
3	243	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	3376354	638	0	0	41616	7	0	0	0	0	0	0	0	0
4	243	Overføringer til andre	30	0	3343	1	12693	2	0	0	28756	5	0	0	0	0
5	243	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	510000	82	0	0	28625	5	0	0	0	0
6	243	Salsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	-41064	-8	0	0	0	0
7	243	Refusjonar	-30	0	-598393	-197	-1017351	-165	0	0	-2212705	-416	0	0	-58695	-32
8	243	Overføringer til andre	-1179952	-223	0	0		0	0	0	-5000	-1	0	0	0	0
9	243	Finansieringsinntekter	0	0	-15018	-5	-93699	-15	0	0	-466715	-88	0	0	0	0
		SUM	2201520	416	-310858	-102	1066002	172	242	0	2511591	473	0	0	163804	88
0	281	Lønn inkl.sosiale utgifter	0	0	10460	3	154955	25	0	0		0	359282	228	0	0
1	281	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	740	0	0	0	0	0	0	0	121852	23	294	0	5300	3
3	281	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	0	0	0	0	560889	91	0	0	0	0	0	0	0	0
4	281	Overføringer til andre	5077392	960	3602006	1184	4852350	785	7230204	1442	4982818	938	554523	353	1252637	676
5	281	Finansieringsutgifter	68678	13	47942	16	171594	28	99500	20	139774	26	0	0	102000	55
6	281	Salsinntekter	0	0	0	0	0	0		0	0	0	0	0	0	0
7	281	Refusjonar	-88991	-17	-192532	-63	-176677	-29	-128066	-26	-201449	-38	-80018	-51	-224521	-121
8	281	Overføringer fra andre	0	0	0	0		0		0		0	0	0	0	0
9	281	Finansieringsinntekter	-33450	-6	0	0	-16324	-3	-32800	-7	-72153	-14	-4300	-3	-130487	-70
		SUM	5024368	950	3467876	1140	5546787	897	7168838	1430	4970842	935	829781	528	1004929	542

Kapittel 5 Barnevernstenesta:

5.1 KOSTRA

KOSTRA- tala i høve barnevernstenesta er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 244 «Barnevernsteneste», 251 «Barneverntiltak i familien» og 252 Barneverntiltak utanfor heimen». Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert til SSB og tala i tabellane på neste side er henta frå kommunen sitt rekneskap.

Oversikta nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter pr. innbyggjar i alderen 0-17år for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en svak auke i netto driftsutgifter. Sande hadde dei lågaste utgiftene knytt til tenesta medan Vanylven hadde dei høgaste. Herøy hadde også relativt låge utgifter samanlikna med fylke og landsgjennomsnitt og kommunane på Søre Sunnmøre som inngår i den interkommunale barnevernstenesta (Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda).



5.2 Rekneskapstal henta frå kommunane

5.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 244 barnevernstenesta,251 barnevernstiltak i familien og 252 barnevernstilak utanfor heimen. Ein har også samanlikna tala med utgiftene som går fram i KOSTRA (statistisk sentralbyrå). Som siste kolonna i tabellen under viser, såg ein differansar mellom rekneskapstala og kva som har vore rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein på Hareid og i Vanylven. Det er uklart kva som skuldast den store differansen , men det kan ha samanheng med feilrapportering.

	Innbyggjarar 2015 0-17 år	244 Barneverns teneste	Pr. innbyggjar	251 Barneverntiltak i familien	Pr. innbyggjar	252 Barneverntiltak utanfor familien	Pr. innbyggjar	SUM (244+251+252)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarappor tering
Herøy	2021	4 525 762	2 239	3 430 216	1 697	5 151 367	2 549	13 107 345	6 486	6 482	4
Ulstein	2054	5 774 382	2 811	1 334 936	650	11 062 408	5 386	18 171 726	8 847	8 723	124
Ørsta	2390	5 733 745	2 399	1 798 131	752	10 544 459	4 412	18 076 335	7 563	7 744	- 181
Volda	1971	4 773 617	2 422	432 269	219	10 077 151	5 113	15 283 037	7 754	7 889	- 135
Hareid	1136	3 564 773	3 138	667 154	587	5 830 273	5 132	10 062 200	8 858	8 209	649
Sande	494	1 163 156	2 355	497 944	1 008	397 503	805	2 058 603	4 167	4 230	- 63
Vanylven	617	1 930 212	3 128	334 680	542	4 505 804	7 303	6 770 696	10 974	11 400	- 426

244 Barnevernsteneste

På funksjon 244 skal det gå fram kostnadar for drift av barnevernstenesta, dette gjeld bla sakshandsaming som vert gjennomført av tilsette eller personell som er engasjert i barnevernstenesta, barnevernsberedskap/barnevernsvakt, utgifter til sakkyndig bistand/advokat til utredning og saksbehandling, og utgifter til tolk. Dersom barnevernstenesta og andre tenester har felles kontor og stillingar skal utgiftene fordelast mellom dei aktuelle funksjonane.

Herøy kommune hadde ca 4,5 millionar direkte knytt opp i mot funksjon 244. Dette utgjorde 2 239 kr pr innbyggjar i alderen 0-17år, og kommunen hadde dei lågaste kostnadane pr innbyggjar samanlikna med kommunane i det interkommunale barnevernet. Ulstein og Ørsta hadde dei høgaste kostnadane med ca 5,7 mill kr. Som utgjorde 2811 kr pr. innbyggjar for Ulstein og 2399 kr pr. innbyggjar for Ørsta. Hareid og Vanylven hadde dei høgaste utgiftene i forhold til innbyggjarar der begge kommunane hadde i overkant av 3100kr på funksjon 244. Sande hadde også låge kostnadar på funksjonen med 2355kr pr. innbyggjar.

251 Barnevernstiltak i familien

På funksjon 251 skal det gå fram utgifter til tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet. Dette gjeld bla:

- Utgifter til hjelpetiltak for barn og familier
- Utgifter til plasser i sentre for foreldre og barn
- Tiltaksstillinger i barnevernstjenesten

Her hadde Herøy dei høgaste kostnadane både i kroner og pr innbyggjar i forhold til nabokommunane. Herøy hadde ca 3,4 mill kr knytt til funksjonen som utgjorde 1697 kr pr innbyggjar. Ørsta, Volda Hareid og Ulstein hadde utgifter på mellom 219-752 kr pr innbyggjar. I Sande såg ein ei utgift pr. innbyggjar på 1008 kr, i Vanylven var det 542 kr pr. innbyggjar. Det kan derfor sjå ut som at Herøy brukar mykje større ressursar knytt til tiltak i heimen, enn dei andre nabokommunane.

252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet

På funksjon 252 finn ein utgifter til tiltak når barnet har plasseringstiltak frå barnevernet. Dette gjeld bla:

- Utgifter til tiltak som fosterheim, akuttplassering, institusjon, bufellesskap.
- Utgifter til hjelpetiltak satt i verk i tillegg til plassering
- Tilsynsfører i fosterheim

Her såg ein motsatt trend i forhold til funksjon 251. Her hadde Herøy og Sande dei lågaste utgiftene samanlikna med nabokommunane. Herøy hadde ca 5,1 mill knytt til funksjonen som utgjorde 2549 kr pr. innbyggjar og Sande hadde ca 0,4 mill kr som utgjorde 805 kr pr. innbyggjar. Hareid, Ulstein, Ørsta og volda hadde alle ca 4400-5400 kr pr innbyggja. Vanylven hadde dei desidert høgaste kostnadane pr innbyggjar med 7 303 kr. Det er ikkje undersøkt årsaka til dei store forskjellane, om dette kan vere tunge enkeltsaker eller ein generell trend.

Det kan derfor sjå ut som at Herøy kommune er tungt inne på hjelpetiltak i heimen, medan Det interkommunale barnevernet i mykje større grad brukar ressursar på tiltak knytt til plassering av barnet. I Sande og Vanylven som har felles barnevern såg ein mest ressursar på tiltak i heimen i Sande, medan ein i Vanylven såg mykje meir ressursar knytt til plassering av barnet.

Rekneskapstal fordelt på funksjon og på kontoklasse går fram på neste side, og vert ikkje analysert nærmare her.

5.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse

	Funksjon	Kontoklasser	Herøy	Kostn. pr innbyggjar	Hareid	Kostn. pr innbyggjar	Ørsta	Kostn. pr innbyggjar	Ulstein	Kostn. pr innbyggjar	Volda	Kostn. pr innbyggjar	Sande	Kostn. pr innbyggjar	Vanylven	Kostn. pr innbyggjar
		Innbyggjartal 2015 20-66 år	2021		1136		2390		2054		1971		494		617	
0	244	Lønn inkl.sosiale utgifter	4562213	2257	268558	236	0	0	0	0	0	0	1447421	2930	2709853	4392
1	244	Kjøp av varer/og tjenester som inngår i komm.egen	725030	359	0	0	3112	1	47355	23	4771	2	115626	234	539606	875
3	244	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	0	0	0	0	5687420	2380	0	0	4768946	2420	6874	14	0	0
4	244	Overføringer til andre	97959	48	3289833	2896	778	0	5714049	2782	0	0	5182	10	83561	135
5	244	Finansieringsutgifter	134136	66	6868	6	0	0	14697	7	0	0	64	0	372	1
6	244	Salsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-360	-1
7	244	Refusjonar	-311547	-155	-486	0	42434	18	-1719	-1	0	0	-412011	-834	-1394621	-2260
8	244	Overføringer til andre	-680000	-336	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9	244	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-8200	-13
		SUM	4525761	2239	3564773	3138	5733744	2399	5774382	2811	4773617	2422	1163156	2355	1930211	3128
0	251	Lønn inkl.sosiale utgifter	1331536	659	0	0	0	0	618313	301	0	0	239762	485	401238	650
1	251	Kjøp av varer/og tjenester som inngår i komm.egen	388251	153	-3584	-3	0	0	54196	26	0	0	9843	20	75690	123
3	251	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	385192	191	0	0	1798131	752	0	0	432269	219	185488	375	-144229	-234
4	251	Overføringer til andre	1405495	695	669842	590	0	0	1174386	572	0	0	62660	127	2203	4
5	251	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	245	0	0	0
6	251	Salsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
7	251	Refusjonar	-362	0	896	1	0	0	-511960	-249	0	0	-55	0	-223	0
8	251	Overføringer til andre	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9	251	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
		SUM	3430212	1697	667154	587	1798131	752	1334935	650	432269	219	497943	1008	334679	542
0	252	Lønn inkl.sosiale utgifter	3346640	1656	0	0	2083	1	-746	0	0	0	395682	801	3004580	4870
1	252	Kjøp av varer/og tjenester som inngår i komm.egen	79457	39	0	0	6381	3	0	0	0	0	1821	4	244015	395
3	252	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	703553	348	0	0	24032839	10056	0	0	10075366	5112	0	0	1694886	2747
4	252	Overføringer til andre	178744	88	5917615	5209	71738	30	11063155	5386	0	0	43	0	13599	22
5	252	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	13	0
6	252	Salsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-4370	-7
7	252	Refusjonar	-765729	-379	-87341	-77	-9798015	-4100	0	0	1786	1	-43	0	-446921	-724
8	252	Overføringer fra andre	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
9	252	Finansieringsinntekter	0	0	0	0	-3770586	-1578	0	0	0	0	0	0	0	0
		SUM	3542665	1753	5830274	5132	10544460	4412	0	5386	10077152	5113	397503	805	4505802	7303

I tabellen nedanfor går det fram antal barn med hjelpetiltak og antal barn under omsorg i dei ulike kommunane. Tala er henta frå Fylkesmannen sine statistikkar. Vidare viser tabellen totale utgifter til barn med hjelpetiltak og totale utgifter til barn under omsorg pr.barn.

Kommune	Antal barn med hjelpetiltak gjennomsnitt 2015	Antal barn under omsorg gjennomsnitt 2015	Utgifter til hjelpetiltak (Funksjon 251) pr. barn med hjelpetiltak	Utgifter til omsorgsplassering (Funksjon 252) pr. barn under omsorg
Hareid	30	16	22 238	376 147
Herøy	71	10	48 656	542 249
Sande	18	2	27 664	198 752
Ulstein	52	15	25 921	737 494
Vanylven	17	7	19 687	643 686
Volda	85	11	5 086	916 105
Ørsta	70	15	25 688	702 964

Volda hadde dei lågaste utgiftene knytt til hjelpetiltak pr. barn (5 086kr) medan Herøy hadde dei høgaste med 48 656 kr. I forhold til utgifter knytt til omsorgsplassering hadde Volda dei høgaste utgiftene med 916 105 kr pr. barn, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med 198 752 kr pr. barn.

ORGANISASJON OG MEDARBEIDARAR

Mål

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Alle medarbeidarane skal utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Intern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons- og kommunikasjonsstrategi
- Effektiv og nyskapande når det gjeld tenesteproduksjon og internadministrasjon
- Sjukefråvere som følgje av arbeidsmiljø skal ikkje førekome.
- Auka nærvær i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %.

Personalpolitikk og opplæring

På det personalpolitiske området er det i løpet av året vore ein prosess med å utarbeide ny lønspolitikk. Ny lønspolitikken vart vedteken av Administrasjonsutvalet den 21. september 2015.

Vidare har avdelinga jobba med å få på plass eit overordna kompetanse- og informasjonsopplegg for leiararar og medarbeidarar. Dette tek utgangspunkt i intern organisering og ansvar, mål og strategidokument, rutinar og retningsliner innan ulike området, og vil vert presentert i eit eige hefte. Målsettinga er at kompetansehefte vert ferdigstilt i løpet av 2016, og at dette skal danne grunnlag for separate opplæringsbolkar i regi av personal- og organisasjonsavdeling eller andre som har ansvar på området.

Det er gjennomført fleire interne kurs og samlingar i 2015, slik som:

- Kurs i Kvalitetslosen for administratorar og superbrukarar
- Work shop forhandlingsmodulen
- Dialogmøte med rådmann og ordførar
- Samlingar for verneomboda
- Leiarutviklingsprogram
- VOX-opplæring i data og norsk

Det vart òg arrangert leiarsamling med gjennomgang av KOSTRA-analyse.

Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet for 2015 enda på 8,42 prosent. Dette er ein oppgang frå 2014 med 0,44%. Målet på 92,5 % nærvær er ikkje nådd for 2015, sjå tabell 1.

Av tertialmålingane ser vi at sjukefråværet 1. tertial, var det monaleg mykje høgare enn 2. og 3. tertial, sjå tabell 2 og 3.

Oversyn over utvikling sjukefråvær :


Tabell 1

Sjukefråvær	Korttid	Langtid	Totalt
2002	3,0	7,6	10,6
2003	3,0	6,9	9,9
2004	2,8	5,9	8,7
2005	3,4	5,7	9,1
2006	2,8	6,1	8,8
2007	2,0	7,3	9,7
2008	2,0	6,3	8,6
2009[1]	-	-	9,0
2010	1,7	8,0	9,7
2011	2,1	6,3	8,4
2012	1,9	6,4	8,3
2013	1,9	5,6	7,5
2014	1,85	6,13	7,98
2015	2	6,42	8,42

Tabell 2

Sjukefråvær i prosent - kvartalsvis 2009-2014				
År / Kvartal	**1.kvartal**	**2.kvartal**	**3.kvartal**	**4.kvartal**
2009[2]		9,8	8,1	9,5
2010	10,9	10	8,6	9,4
2011	10,1	8,7	6,5	8,1
2012	9,7	7,8	6,2	8,9
2013	9,7	8,6	5,2	5,64
2014	7,78	7,85	7,28	7,52
År / Tertial	**1.tertial**	**2.tertial**	**3.tertial**	**Totalt**
2015[3]	10,53	7,25	7,52	8,42
Mål 2015	7,5	7,5	7,5	7,5

Tabell 3



Sjukefråværstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

[1] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.
[2] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.
[3] Frå og med 2015 er det rapportert per tertial, slik at ein rapporterar like intervallar i tertailrapportar og til AMU.

Det vart ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2015. I 2015 er det gjennomført undersøkingar i regi av bedriftshelsetenesta hjå 5 avdelingar/einingar.

Resultata tyder på at kommunen som arbeidsgjevar for det meste leverer stabilt godt, og har i stor grad lukkast i arbeidet for at medarbeidarane skal trivast og vere motiverte. I større og komplekse organisasjonar må ein likevel rekne med utfordringar i einskilde avdelingar/einingar. Slik er det også i vår organisasjon. Undersøkingane som vert gjort i samarbeid med bedriftshelsetenesta er med på avdekkje og analysere eventuelle arbeidsmiljøutfordringar. Denne kunnskapen gjer organisasjonen betre i stand til å handtere og løyse desse utfordringane.

Inkluderande arbeidsliv (IA)
Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerlig IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet.

Delmål 1) Sjukefråvær:
Mål for verksemda.

- Nærværs prosent på 92,5 % for 2014
  - Med eit nærvær på 91,58% er målet ikkje nådd
  - Vi registrerar at sjukefråværet fyl dei historiske tala i organisasjonen
  - Vi ser at sjukefråværet 1. tertial var unormalt høgt, og var 1,05% høgare ein snittet det siste 9 åra. Dette har samla sett påverka resultatet for 2015
- Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30
  - Snittmålet er på 30 veker er ikkje nådd, sjå tabell 4
  - Det er ein signifikant auke i sjukefråværet får permisjon dei siste to åra
  - Grunnen til auken er usikker, men truleg skuldast dette ein kombinasjon av tilfeldige høve og type arbeid

Tabell 4

Gravide i arbeid			
Målepunkt i % og veker / År	**2013**	**2014**	**2015**
Ikkje sjukmeld før fødselspermisjon	7,1	30	0
Sjukmeld før veke 30	21,4	50	78,94
Sjukmeld etter veke 30	71,5	20	21,06
Snitt veker i arbeid (mål veke 30)	Veke 30	Veke 22	Veke 22

Delmål 2) Personar med redusert funksjonsevne:
Aktivitetsmål for verksemda:

- Dokumentering av tilretteleggingstiltak, at desse er vurdert, forsøkt eller gjennomført
  - Organisasjonen fylgjer opp NAV sine retningsliner for oppfølgingsplan, aktivitetskrav og dialogmøte
  - Gjennomføring av dialogmøte 1 er systematisert og organisasjonen har høve til å nytte fagkompetanse frå Personal- og organisasjonsavdelinga
  - Det er høve til å nytte bedriftshelsetenesta i einskildsaker
  - AMU har vedteke og etablert Arbeidsavklaringsutval (AAU), som er eit rådgjevande organ. Det skal medverke til å leggje til rette arbeidet slik at arbeidstakar, som er blitt hemma i sitt yrke på grunn av sjukdom eller skade, skal kunne fortsette i arbeid så langt som det er mogleg
- Ta imot 28 personar frå NAV (inkludert praksis / tiltaksplassar)
  - Vi har stilt plassane til disposisjon og teke imot etter førespurnad
  - Det er ikkje alle plassane som har blitt nytta og nokre plassar har blitt nytta fleire gongar

Delmål 3: Avgangsalder

Aktivitetsmål for verksemda, sjå tabell 5:

- Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år
  - I 2013 var 18 av dei tilsette var 62 år, 19 tilsette var 63 år og 15 var 64 år
  - Av desse var 13 personar fortsatt i arbeid det året dei fylte 65 år i 2015
  - I tillegg til dette hadde organisasjonen 10 personar som var 66 år ved utgangen av 2015
  - Det vil sei vi hadde 23 personar som var i arbeid mellom 65 og 66 år
- Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år
  - I 2013 var 13 var 65 år og 9 var 66 år
  - Av desse stod 2 personar i arbeid det året dei fylte 67 år i 2015
  - I tillegg til dette hadde organisasjonen 8 personar som var over 67 år ved utgangen av 2015
  - Det vil sei at vi hadde 10 personar som var i arbeid ved 67 år eller eldre

Trass aktiv seniorpolitikk og god senioravtale, har delen av seniorar som står til 65 og 67 år gått ned dei siste åra. Vi ligg noko under måltal som er sett for organisasjonen. Det er ikkje indikasjonar på særlege grunnar til dette internt i organisasjonen, og vi meiner difor at resultatet skuldast tilfeldige variasjonar eller eksterne høver. Vi ser at talet på 65-åringar i arbeid har gått ned, medan talet på 67-åringar eller eldra har stige sidan i fjor.

Tabell 5

Målepunkt i % / År	2009[4]	2010	2011	2012	2013	2014	2015
I arbeid ved 65 år	84,6	94,7	89,8	92,9	90,9	77,6	67,7
I arbeid ved 67 år	68,8	38,9	68,8	81,8	88,2	40,0	45,5

Likestilling

I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyr og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarpolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval.

I medarbeidarundersøkinga frå 2010, var der mellom anna er spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyrsle, religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast.

Herøy kommune har dei siste 3 åra tilsett personar frå mellom 15-20 ulike land.

Kjønnsbalanse

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid, sjølv om der er noko variasjonar frå år til år. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyrka, blant reinhaldarane og innan merkantile funksjonar. Det er mannleg dominans innan dei tradisjonelle faga i teknisk sektor og i brannvernet. Vi registrerer likevel at fleire menn enn tidlegare søkjer stillingar knytt til stab- og støttefunksjonar. Sjå meir i tabell 6 nedanfor.

[4] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

Tabell 6

	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009[5]	2008	Snitt
Talet på årsverk *	520	527,2	524	525	589	597	642	606	566,3
Talet på tilsette**	815	835	760	735	714	854	1225	845	847,9
Talet på kvinner**	678	679	624	582	575	685	956	671	681,3
% del kvinner	83,2	81,3	82,1	79,6	80,5	80,2	78,0	79,4	80,5
Talet på menn**	137	156	136	153	139	169	269	174	166.6
% del menn	16,8	18,7	17,9	20,4	19,5	19,8	22,0	20,6	19,5
Talet på kvinner i høgare stillingar	35	33	34	33	30	29	28	32	31,8
% del kvinner i høgare stillingar	63,64	66	70,8	66	63,8	61,7	60,9	60,4	64,2
Talet på menn i høgare stillingar	20	17	14	17	17	18	18	21	17,8
% del menn i høgare stillingar	36,36	34	29,2	34	36,2	38,3	39,1	39,6	35,8
Tal på tilsette i deltidsstillingar	562	584	516	487	464	622		507	539,2
Tal på kvinner i deltidsstillingar	499	511	456	419	411	537		446	472,2
% del kvinner i deltidsstillingar	88,8	87,5	88,4	86	88,5	86,3		88	87,6
Tal på menn i deltidsstillingar	63	73	59	68	53	85		61	66,8
% del menn i deltidsstillingar	11,2	12,5	11,6	14	11,4	13,7		12	12,4
Undervisningspersonell***	137	151	151	147	144	155	269	144	162,3
Turnuspersonell	299	290	275	253	260	278	607	228	311,3
Anna personell	379	394	334	335	310	421	349	234	344,5

* Årsverk pr. 31.12.2015
** Tilsette pr. 31.12.2015
*** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskulen

Når det gjeld menn i leiande stillingar har det tradisjonelt vore ei jamn prosentvis nedgang, men ein ser ei endring i dette samanlikna med 2013, 2014 og 2015, sjå tabell 7:

- Ved årets slutt i 2013 var det 14 leiarar i rådmannen si leiargruppe, av desse 5 menn og 9 kvinner
- Ved årets slutt i 2013 var det 33 mellomleiarane, av desse er 8 menn og 25 kvinner
- Ved årets slutt 2014 var det 14 leiarar i rådmannen si leiargruppe, 6 menn og 8 kvinner
- Ved årets slutt 2014 var det 36 mellomleiarane, av desse er 10 menn og 26 kvinner
- Ved årets slutt 2015 var det 12 leiarar i rådmannen si leiargruppe, 5 menn og 7 kvinner
- Ved årets slutt 2015 var det 36 mellomleiarane, av desse er 10 menn og 26 kvinner

Tabell 7

Utvikling i kjønnsballansen på leiarnivå i %	Kvinner 2013	Menn 2013	Kvinner 2014	Menn 2014	Kvinner 2015	Menn 2015
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	64,3%	35,7	57,1	42,9	57,1	42,9
Mellomleiarar	75,8%	24,2%	72,2	27,8	72,2	27,8

[5] Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

Likelønn

I mellomoppgjeret for 2015 ynskja partane å vidareførte det langsiktige arbeidet med likelønn. I tillegg hadde partane fokus på rekruttering, behalde kompetanse og at utdanning skal løne seg.

Vi ser at det er mindre lønsforskjell mellom mann og kvinne frå 2013 til 2015, frå i snitt 3,9% til 2,3%, sjå tabell 8. Dette skuldast nok både ein bevisst tilnærming til dette under lønsoppgjer, og tilfeldige omstende slik som t.d. at det ikkje vert betalt løn i stillinga som assisterande rådmann.

Det er ein særskilt positive trend i høve likelønn på fagarbeidarnivå, der skilnaden er endra med 2,8 frå 2013 til 2015 i favør kvinner. For undervisningspersonell er differansen mindre, men er skifta til å vere i disfavør menn. Også på toppleiarnivå har likestillingstrenden vore positiv dei siste åra.

Tabell 8

	2013			2014			2015[6]		
Gjennom-snittslønn	**M**	**K**	**Diff. i favør menn**	**M**	**K**	**Diff. i favør menn**	**M**	**K**	**Diff. i favør menn**
Rådmannen si leiargruppe	662 000	619 375	6,4	676 250	643 640	4,9	652 920	644 500	1,3
Mellom-leiarane	557 000	539 000	3,2	575 470	562 450	2,3	588 940	568 642	3,6
Fagarbeidar-stillingar	376 618	371 085	1,4	390 257	386 720	0,9	415 729	421 674	-1,4
Høgskule	461 447	417 692	9,4	478 462	421 687	11,9	470 420	436 141	7,9
Undervisning-personell	454 510	458 822	-0,9	481 342	479 320	0,4	485 083	485 484	-0,1
Utvikling samla sett i snitt			3,9			4,1			2,3

Arbeidstid

Tilsette som har ikkje ynskja deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ein ser at ynskje i høve stillingsstørrelse i noko grad er livsfaseorientert.

I organisasjonen vert det ført oversyn over kven som ynskjer å auka si fasta stilling. Kartlegginga vert basert på at den einskilde medarbeidar i lag med sin næraste leiar rapporterer til Personal- og organisasjonsavdelinga. Dette kan fører til nokon avvik og manglande informasjon.

Herøy kommune har vedteke mål om at alle tilsette innan 01.01.17 skal minimum ha ei stilling på 60%. Dette med unntak av reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvernet

Herøy kommune har dei siste år redusert «ikkje ynskja deltid» med heile 39%, eller frå 82 medarbeidarar i 2012 til 47 medarbeidar i 2015, sjå tabell 9.

[6] Tala i rådmannen si leiargruppe er utrekna utan løna til rådmannen, og utan løna til assisterande rådmann. Løna til assisterande rådmann er òg teke ut av høgskulegruppa sidan ein i 2015 ikkje har hatt assisterande rådmann.

Pr. utgangen av 2015 fordeler ikkje ynskja deltid seg slik:

Tabell 9

Ikkje ynskja deltid pr. avdeling	Menn 2012	Menn 2013	Menn 2014	Menn 2015	Kvinne 2012	Kvinner 2013	Kvinne 2014	Kvinner 2015
Skuleavdelinga lærarar	0	0	0	0	2	0	0	0
Skuleavdelinga assistentar	0	0	0	0	2	4	4	4
Eigedomsavdelinga, reinhald	0	0	0	0	3	1	1	5
Pleie og omsorgsavdelinga, sjukepleiarar	1	0	0	1	16	14	12	7
Pleie og omsorgsavdelinga, fagarbeidar	1	0	0	1	42	40	26	19
Bu og habiliteringsavdelinga	1	0	0	1	14	18	18	9
Administrasjon og andre avdelinga	0	0	0	0	0	1	1	3
Totalt	3	0	0	3	79	78	62	47

Foreldrefråvær

Statistikken viser prosent av dei tilsette fordelt på kjønn som er heime med sjukt born. Fråværet er rekna ut i frå tal på menn og kvinner som jobbar i organisasjonen. I høve tilsette menn og kvinner har kvinner tradisjonelt meir fråvær enn menn p.g.a. sjukt born. Det er ein positiv trend at kvinner og menn i større grad deler ansvaret ved sjukt born, sjå tabell 10 og 11.

Tabell 10

Kjønn / År	M 2014	K 2014	M 2015	K 2014
Fråvær i tal medarbeidarar p.g.a. sjuke born	114	21	122	27

Tabell 11

Kjønn / År	M 2011	K 2011	M 2012	K 2012	M 2013	K 2013	M 2014	K 2014	M 2015	K 2015
Fråvær i % p.g.a. sjuke born	12,9	23,5	9,1	23,0	13,2	17,8	13,5	16,8	18,0	19,7

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Hovudmålet for HMT- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggarane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) og hovudverneombod (HVO). I 2015 vart HVO-rolla auka frå 30% til 50% stilling. Dette for ytterlegar å styrke arbeidet med HMT i organisasjonen. Gjennom blant anna HMT-plan, handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, arbeidshelseundersøkingar, kurs og samlingar arbeider vi aktivt og systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp i avdelingane.

Herøy kommune har eit Arbeidsmiljøutval (AMU) som arbeider for eit fult ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU tek del i planlegging og oppfylginga av verne- og HMT-arbeidet i organisasjonen. AMU kan ha underutval, og i 2015 var Arbeidsavklaringsutvalet etablert, sjå det som er skriv om dette ovanfor.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMT-arbeid har Herøy kommune som målsetting å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane). Dette kjem blant anne til uttrykk ved at det er utarbeidd forslag til handlingsplan (2014-2015) og utarbeidd handlingsplan (2012-2015) for førebyggande arbeid rette mot born og unge. I 2014 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn etter Lov om fokehelsearbeid. Det vart ikkje funne avvik.

Tillitsvalde

Formålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

I Herøy møtes dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen ein gong i månaden i Kontaktutvalet. I tillegg er ein saman i arbeidsgrupper når ein skal revidere og utarbeide personalpolitiske tiltak og organisatoriske prosessar m.m.

I juni 2015 gjennomførte Kontaktutvalet eigenevaluering. Etter ei samla vurdering konkluderte Kontaktutvalet med at utvalet fungerer bra etter sitt føremål. Det vart vidare konkludert med at det ikkje var naudsynt å gjere store endringar. Likevel vart det gjort somme korrigeringar og presiseringar, t.d. for å auke deltaking på utvalsmøta.

I Herøy kommune er det tillitsvalte/kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. I organisasjonen er det 5 personar frå 4 arbeidstakarorganisasjonar som er kjøpt fri, heilt eller delvis, for å drive med tillitsvaldarbeid. Frikjøpet er berekna ut frå berekningsnøkkel jamfør Hovudavtalen.

Arbeidstakarorganisasjonar som har frikjøp er:

- Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Sjukepleiarforbundet og Delta

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvale, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalte meir bevisst enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvalt.

Ein har òg eit IA-utval der bedriftshelsetenesta, NAV Arbeidslivssenter og NAV Herøy, arbeidsgjevar og tilsette er representert. Hovudfokuset er å arbeide med tiltak og oppfylging av delmåla i IA-avtalen.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

Arbeidsgjevarpolitikk
Dokumentet «Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidararar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Seniorpolitikk
Målsetting for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA-avtale og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Vi har tru på at ein god, raus og samla arbeidsgjevarpolitikk legg til rette for og motiverer vår medarbeidarar til å stå lenger i arbeid.

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Fosnavåg 15.03.2016

Servicetorget

Tenester og oppgåver i avdelinga
Servicetorget er kommunen si service- og informasjonseining overfor publikum. Servicetorget skal avlaste driftseiningane og støttefunksjonane slik at dei kan arbeide meir "uforstyrra" med primæroppgåvene sine.

Servicetorget har mykje og det vert nytta mykje tid til oppdatering av datagrunnlag i ulike fagprogram for avdelingane.

Mål	**Måloppnåing**
Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.	Det er ikkje gjort målingar for kor mange henvendingar som vert løyst i servicetorget, men framleis er det fokus på skjerming av tilsette og god service gjennom høg kunnskap i servicetorget. Viktig her er kompetanse innafor kvart fagfelt samt å halde seg oppdatert på kven som gjer kva i dei ulike avdelingane.
Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune og ynskjer å leggje til rette for tverrfagleg samarbeid både i kommuneorganisasjonen og ut mot næringslivet, FoU og lag og organisasjonar.	Ein har samarbeidsavtale med avdelinga, men desse bør verte eit meir levande dokument. Ein ser også at tilsette elles i organisasjonen kan gjere seg meir kjent med desse. Det er eit godt samarbeid med avdelinga og ein deltek i ulike interkommunale samarbeidsfora.

Organisasjon:

Årsverk

	2009	**2010**	**2011**	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**
Talet på årsverk	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0	5,5
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	1	1	1	1	1	1	1
Fagressurs teneste	4	4	4	4	4	4	4,5

Servicetorget hadde 5,5 årsverk. Ein person slutta i mai og denne stillinga vart halde vakant.

Mål	Måloppnåing
Herøy kommune skal gjennom sine styringsprinsipp *samhandling, kommunikasjon, medverknad og nytenking* nå sine overordna målsettingar med å legge grunnlag for *trivsel, miljø, samhald og nyskaping* i kommuneorganisasjonen og samfunnet.	Servietorget har hjelpt dei andre avdelingane i den grad det har vore behov for det. Redusert bemanning har gjort at kapasiteten i servicetorget gikk ned og ein har derfor også måtte sei nei til utføring av ekstraarbeid. Dei tilsette er aktivt med i det daglege ved å

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov. Dei overordna målsetjingane som gjeld for organisasjonen og samfunnet skal følgjast opp.	kome med idear og løysingar for å auke effektiviteten– medbestemmelse Servicetorget har i større grad synleggjort manglar i organisasjonen ved å sende avviksmeldingar. Det vart ikkje halde temadag i 2015, men servicetorget hadde servicekonferanse for Møre og Romsdal. Andre avdelingar vart også invitert til å delta på denne.

Økonomi:

Mål	Måloppnåing
Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid. Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2015.	Ein har vore bevisst kommunen sin økonomiske situasjon og redusert aktiviteten til kurs, m.mRedusert forbruk til materiell. Ledig stilling i Servicetorget har vore vakant i 6 mnd.

Tal i heile tusen:

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Budsjett 2014
Brutto utgifter	3 723	4 226	3 538	3 805
Brutto inntekter	998	902	830	828
Netto driftsutgifter	2 725	3 323	2 707	2 978
Meir / mindreforbruk (-)	- 598		- 271	

Servicetorget har hatt positivt driftsresultat dei siste åra, også i 2015.

Teneste

Mål	Måloppnåing
Kommunestyret ber avdelingane om å tilpasse tenestenivået innanfor tilgjengelege ressursar sett i lys av dei forventningar innbyggarane har til kommunen. Tenestene skal utøvast med kvalitet og tilstrekkeleg kompetanse og sakshandsaminga skal vere i tråd med forvaltningslova.	Ein prøver å få publikum til å nytte elektroniske tenester – hjelp til sjølvhjelp. I tillegg er det fokus på å ha ei nettside der ein finn informasjon samt elektroniske skjema for dei fleste tenester. I den grad ein vert kjent med mangler på tenester overfor publikum melder servicetorget avvik på dette. Manglande leveranse overfor publikum gir kommunen eit dårleg omdøme.

	Det har ikkje vore klager på vedtak gjort i servicetorget.

Dei mest nytta tenestene i Servicetorget:

- spørsmål vedkomande byggesak og byggesaksbehandling
- spørsmål om kommunale avgifter
- råd/rettleiing i samband med søknader transporttenesta, følgekort/parkeringsbevis funksjonshemma, meldingssaker(byggesak) m.m.
- eigedomsopplysning
- generelle spørsmål vedkomande ulike tenester i organisasjonen
- spørsmål om vegvedlikehald og brøyting
- gatelys
- Annonsering

Viktige hendingar i 2015

Servicetorget hadde servicesamling for Møre og Romsdal i 2015. Fokus under samlinga var kommunesamanslåing og service i framtida.

Hovudutfordringar/prioriteringar 2016

- Fokus på servicehaldning i heile organisasjonen- nytte avviksmodul og forslagskassa med tanke på forbetring
- Elektroniske tenester og informasjon på nettsida for å auke effektiviteten
- Intern opplæring

Fosnavåg 19.03.2016

Wenche Moltu
Servicetorgleiar

Årsrapport 2015
Stab- og støtteavdelingane

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Tenester og oppgåver i avdelinga.
Dokumentsenter og politisk sekretariat skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab-og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevald og politiske utval.
Dokumentsenter og politisk sekretariat er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsende dokument og spørsmål om politiske vedtak.

Dokumentsenter og politisk sekretariat er sekretariat for politisk utval medrekna valstyret og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala.

Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert scanna, journalført og arkivert. Avdelinga har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala. Etter møte i dei politiske utvala, er det avdelinga si oppgåve å formidle vedtaket til partane. Avdelinga er systemansvarleg for ePhorte saksbehandlingssystem og har ansvar for opptak og redigering av webopptak i kommunestyremøta.

Tiltak og investeringar 2015	**Gjennomføring**
Avlevering til IKA Møre og Romsdal	54 hyllemeter avlevert
Gjennomføring av fylkesting og kommunestyrevalet 2015	Utført.

Organisasjon:
Årsverk

	2012	**2013**	**2014**
Talet på årsverk	2,5	2,5	2,5
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200			
Fagressurs teneste			

Fellessekretariatet har 2,5 årsverk fordelt på 3 personar med 100, 80 og 70% stillingsstorleik.

Økonomi:

Tall i hele tusen					
	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Brutto utgifter	2 444 701	2 243 865	2 555 500	2 464 900	2 377 527
Brutto inntekter	234 980	153 463	245 400	186 600	238 201
Netto driftsutgifter	2 209 720	2 090 402	2 310 100	2 278 200	2 139 326
Meir / mindreforbruk (-)	-545	- 97 461	10 100	33 200	60 675

Økonomiavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga.

I økonomiavdelinga ligg kommunen sin samla økonomifunksjon. Dette set store krav til avdelinga og dei tilsette sin kompetanse og kapasitet. Avdelinga har to hovudarbeidsområde:

- Skatt og innfordring
- Rekneskap, budsjett og finans

Mål	Måloppnåing
Avdelinga yt tenester i samsvar med lovverket	Ein har ikkje opplevd klager på sakshandsaminga i 2015
Brukarane er tilfredse med avdelinga sine tenester	Stort sett fått positive tilbakemeldingar på tenester og servicegrad både frå interne avdelingar og publikum. Vi fører totalt 10 rekneskap. Sett i høve til ressursane ein disponerer er det i meste laget og det går ut over servicenivået til andre avdelingar i kommunen..
Avdelinga skal drive i balanse	Avdelinga hadde eit mindreforbruk i 2015 på i overkant av 11,1%.

Organisasjon

Årsverk

	2013	2014	2015
Adm årsverk	8,3	8,3	7,3

Avdelinga har i utgangspunktet 7,3 årsverk fordelt på 9 tilsette. Frå sommaren 2015 vart 0,3 årsverk vakant. I tillegg har avdelinga hatt høgt sjukefråver i 2015.

Økonomi

(alle tal i heile tusen)

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Brutto utgifter	5.813	6.423	6.422	6.370	6.300
Brutto inntekter	(787)	(768)	(763)	(805)	(619)
Netto driftsutg.	5.026	5.655	5.659	5.565	5.682
Meir-/mindreforbruk (-)	(630)		(479)	(410)	(3)

Avviksanalyse:
Avdelinga hadde samla lønskostnadar som var om nær kr 480.000,- lavare enn regulert budsjett. Også dei andre driftsutgiftene vart lavare enn budsjettert, medan inntektene vart om lag som rekna med.

Viktige hendingar i 2015

- Skatteoppkrevjaren framleis kommunal
- Hadde skatteoppkrevjarfunksjonen for Hareid kommune delar av året

Hovudutfordringar/prioriteringar i 2016

- Få tilsett ein ny medarbeidar i avdelinga som får jobbe med interessante arbeidsoppgåver.
- Få ny versjon av Agresso (Milestone) opp slik at den fungerer 100%.
- Få vedtekne nye reglement knytta til finans og økonomi.
- Oppløyse Dragsundbygg IKS og betale ut dei øvrige eigarane

ÅRSRAPPORT 2015

AVDELING: **PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA**

MÅLSETTING
Herøy kommune ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. I K-sak 166/14: Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2019 vedtok Kommunestyre strategi for 4 programområder i økonomiplanperioden.

- Arbeidsmiljø
- Tenester
- Lokalsamfunn
- Økonomi

Nærværande rapport er ei evaluering og svar på dei mål, strategiar og tiltak som avdelinga har sett innanfor dei nemnde programområda, og som kjem fram av Personal- og organisasjonsavdelinga sin Årsplan for 2015.

Personal- og organisasjonsavdelinga sin oppgåver er definert slik:[1]

- Personal- og organisasjonsavdelinga har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane
- Den har ansvar for lønnsutbetaling, søknad om tenestepensjon frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) samt innkrevjing av refusjon sjukepengar
- Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen
- Ei viktig oppgåve er og å gi leiarane støtte og hjelp i personalfaglege spørsmål og i utøvinga av leiarane sitt personalansvar, samt å være kontaktledd mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Herøy kommune sin visjon: **Herøy - ei båtlengd føre…**

For oss i Personal- og organisasjonsavdelinga tyder visjonen det å vere:

- Ny-tenkjande
- Løysningsorientert
- Tilpassingsdyktige

[1] http://www.heroy.kommune.no/PersonOversikt.aspx?Pkid=51&Mid1=16

Økonomi

Hovudmål (strategi)	Taktikk/tiltak	Evaluering
1. Streng prioritering i drifta	1. Redusere bemanning med ytterlegare frå 5,1 aktive årsverk i 2014 til 5 aktive årsverk i løpet av 2015	✓ Gjennomført To medarbeidarar har gått av med pensjon, medan vi har tilsett ein medarbeidar.
2. Satse på tiltak som frigjev ressursar	2. Søke eksterne midlar (OU/NAV) i samband med kurs/opplæring	✓ Gjennomført Tilsegn på OU-midlar for leiarutviklingsprogram.
3. Byggje opp bufferfond	3. Kritisk og avgrensa kursverksemd	✓ Gjennomført Til dømes vart KS-advokatane sitt arbeidsrettsseminar ikkje prioritert. Interkommunalt personal- og økonomiseminar i Sjustjerna vart prioriter.
4. Ta ut synergiar gjennom samarbeid	4. Vurdering av og vedtak på totalt tal lærlingplassar	✓ Gjennomført Vedtak i Formannskapet på tak på maks 8 lærlingar for 2015.

Rekneskap og budsjett 2015

Tall i heile tusen							
	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Brutto utgifter	10 007	10 307	9 653	9351	8651	8374	9123
Brutto inntekter	2 262	2 246	2 541	2214	1597	1566	2394
Netto driftsutgifter	7 745	8 061	7 072	7137	7054	7308	6728
Meir / mindre-forbruk (-)	(316)		(1141)	(1263)	990	2072	(1574)

Organisasjon/arbeidsmiljø

Hovudmål (strategi)	Taktikk/tiltak	Evaluering
1. Utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling	1. a) Få på plass eit leiarutviklingsprogram	✓ Gjennomført Programmet vert avslutta våren 2016.
	b) Gjennomføre dialogmøte for leiarar, tillitsvalde og medarbeidarar med særskilt ansvar	✓ Gjennomført Dialogmøte med ordførar og rådmann på. Kulturhuset
	c) Lage opplæringsplattform (dokument) for leiarar og medarbeidarar, innanfor store delar av organisasjonen	× Delvis gjennomført Arbeidet er godt i gang, men ikkje avslutta. Målet er å ferdigstille dokumentet våren 2016.
2. Utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov	2. a) Etablere avdelingstavle og tavlemøte	× Delvis gjennomført Etablert leiartavle og eige møtelokal.
	b) Gjennomføre interne fagdagar i avdelinga	✓ Gjennomført Avdelinga har hatt 4 fagdagar i 2015.

	c) Intern opplæring	✓ Gjennomført Ny medarbeidar har fått opplæring innan løn- og refusjonsarbeid. Innført «studiedag» der medarbeidar kan drive sjølvstudie og fagleg oppdatering ein dag i månaden.

Årsverk

	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Talet på årsverk	5,00	5,10	5,30	4,70	4,45	4,25
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	5.00	5,10	5,30	4,70	4,45	4,25
Fagressurs teneste						

Avdelinga hadde heimel på til saman 5,30 stilling

- Frå 01.08.2013 hadde vi 5,10 aktive årsverk*
- Frå 01.07.2015 hadde vi 5,00 aktive årsverk

*Ny personal- og organisasjonsleiar byrja den 01.10.2014. I perioden juli, august, september hadde avdelinga fungerande personalleiar. I same periode hadde avdelinga 4,10 aktive årsverk.

Antal i 100 % ___5___
Antal i deltid over 50 % ___0___
Antal i deltid under 50 % ___0___

Tenester

Hovudmål (strategi)	Taktikk/tiltak	Evaluering
1. Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar	1. Synleggjere alternative tenestenivå i lys av tilgjengelege resursar	✓ Gjennomført I årsplan 2015 er det tydeleggjort ulik tenestenivå ved ulik bemanning i avdelinga. Det er laga ei risikoanalyse i høve tenestenivå i samband med Formannskapet si handsaming av utlysing av ny medarbeidar.
2. Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer	2. Fremje og gjennomføre kompetansehevande tiltak	✓ Gjennomført Interkommunal work shop i høve forhandlings-modulen i Agresso. Opplæring for superbrukarar på Compilo (Kvalitetslosen) Deltaking på ulike fagsamlingar og personal/økonomiseminar
3. Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova	3. Fremje og gjennomføre kvalitetshevande tiltak og utføre oppgåver i trå med lov og regeleverk	✓ Gjennomført Avdelinga har jobba mykje med å styrkje leiarar sin kompetanse innan personalfaglege spørsmål, slik som sjukefråværsoppfølging, ulike reglement og personalsaker. Dette ved

		råd- og rettleiing i einskildsaker, møteverksemd og opplæring ute i avdelingane. Rådgjeving i samband med omorganisering, t.d. samanslåing av Anlegg- og driftsavdeling og Utviklingsavdelinga Gjennomført lovpålagde møter, drøftingar og forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane i ulike fora og utval. Teke del i tilsyn og kommunal revisjon innan avdelinga sitt fag- og ansvarsområd.

Lokalsamfunn

Hovudmål (strategi)	Taktikk/tiltak	Evaluering
1. Leggje til rette for bustadbygging og næringsutvikling	1. Skape ein trygg og god arbeidsplass ved å; a) Aktivt HMS-arbeid	✓ Gjennomført a) Avdelinga har t.d. arbeidd tett saman med HVO med å få etablert VO-dagar, sikra nye VO og nye verneområd
	b) Organisasjonsutvikling	b) Avdelinga har teke del i ulike aktivitetar og tiltak i organisasjonen, t.d. i samband med omorganisering og personalfaglege prosessar i ulike avdelingar Avdelinga har vore pådrivar for å etablere Arbeidsavklaringsutval i organisasjonen. Utvalet vart vedteke hausten 2015 Arbeidd fram og vedteke ny lønspolitikk
	c) Kompetansebygging	c) Avdelinga har teke initiativ til og fasilitert ulike kurs og samlingar, slik som Agresso work shop og superbrukar-opplæring I tillegg har avdelinga hatt stort fokus på avdelingsintern kompetansebygging, sjå det som er skrive under tema Organisasjon/ arbeidsmiljø
2. Satse på kultur og oppleving	Arbeide med å profesjonalisere organisasjonen ved å; a) Syte for å overhalde lov og	✓ Gjennomført a) Etablert arbeidsgruppe som har

	avtaleverk	evaluert tidsregistreringssystemet, bl.a. for å sikre kontroll og kvalitet som føresett i lov og avtaleverk. Sjå elles det som er skrive under tema Tenester
	b) Jobbe med at organisasjonen nyttar tenesteveg	b) Avdelinga har jobba aktivt med at organisasjonen konsekvent nyttar tenesteveg, ved å presisere grensesnitt, etablere rutinar og synleggjere fullmakter og mynde
	c) Etablere eige HMS-kurs	c) Avdelinga har i Personalleiarforum initiert etablering og gjennomføring av HMS-kurs i regi av interne ressursar i Sjustjerna. Fyrste HMS-kurs vert halde i april-mai 2016
3. Omdømebygging	Avdelinga skal vere «ei båtlengd føre ved å; a) vere nytenkjande	✓ Gjennomført a) Etablert studiedag og fagdag i avdelinga Innført gruppeintervju i samband med rekruttering Haldt innlegg om gruppeintervju for Sjustjerna. Fleire kommunar har nytta metoden Etablering av Arbeidsavklarings-utval
	b) løysningsorientert	b) Teke i bruk Agresso forhandlingsmodul Aktivt deltakande i førekant og samband med oppgradering av Agresso til M5 Teke initiativ til HMS-opplæring i regis av Sjustjerna Leigd inn kompetanse til opplæring av ny medarbeider
	c) tilpassingsdyktige	c) Avdelinga har på ein god måte handtert kompetansetapet ein fekk, då to røynde medarbeidarar gjekk av med pensjon På same måte har avdelinga makta å handtere dei ekstra oppgåvene og arbeidsmeng som har kome som fylgje av reduksjon i stillingsprosent

Konkrete tiltak og aktivitetar som vart prioritert jf. årsplan 2015:

Tiltak/aktivitet	Status
Rekruttering og opplæring av eventuelt ny medarbeidar	✓
Evaluering av Senioravtalen	✓
Vedta ny lønspolitikk, evaluere lønsoppgjeret 2014 og etablere rutinar	✓
Evaluere Tidsbanken og vurdere å skifte leverandør av tidsregistreringstenester	✓
Bruk av Every sin forhandlingsmodul	✓
Gjennomføre lønsforhandlingar til hausten	✓
Etablere nye rutinar stipendordningar	×
Etablere AKAN-utval og rutinar	×
Etablere Arbeidsavklarings-utval (AA-utval) og klåre rutinar for ansvar	✓
Personalsaker	✓
Fylgje opp i høve A-ordninga og Every	✓
Evaluering av verneområda og gjennomføring av VO-dag	✓

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Fosnavåg 15.03.2015

ÅRSPLAN – MÅLKART 2015

AVDELING: IKT

IKT- avdelinga er ei støtteavdeling for drift og utvikling på den datatekniske sida. I tillegg til dagleg brukarstøtte og drift skal avdelinga klargjere nytt utstyr og arbeide målretta med nye utviklingsoppgåver og sørgje for at alle programma fungerer slik dei skal.

Økonomi

Tall i heile tusen							
	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Brutto utgifter	5185	5196	11987	11536	4016	3972	4374
Brutto inntekter	886	778	7163	6988	(499)	(474)	(630)
Netto driftsutgifter	4299		4824		3830	3498	3744
Meir / mindreforbruk (-)	(10)		(276)		(395)	(96)	63

Organisasjon

Årsverk

	2015	2014	2013	2012	2011
Talet på årsverk	3	3	3,1	3,59	2,79
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200			4	4	3
Fagressurs teneste					

Antal i 100 % 3 faste stillingar. Lærling i 100% frå juli

Tiltak og oppgåver

Prosjekt	Status
Migrering alle brukarar i AD til driftssenteret	Utført
Feide	Utført
Mobilt display Sjukeheimane	Utført
Overgong til mobil sentralbord	Utsett til 2016
Maskinrullering	Utført
Utfasing helsedomenet	Utført
Utfasing sosialdomenet	Utført
Nytt EPJ legar Eggesbønes, Myrvåg og legevakt	Utført
Gemini web og flytting av vasslagserver	Gemini flytta, flytting av vasslagsserver i 2016
Flytting av Velferd og Flyktning til DS	Utført
Flytting av Familia til DS	Utført
Utskifting av maskiner og flytting av Helsestasjonsprogram til DS	Utført
Heimekontorløysing for helsestasjon	Utført
Nytt supportsystem IKT-avdelinga	Fellesprosjekt SSIKT 2016
Nytt Inventarsystem IKT-avdelinga	Fellesprosjekt SSIKT 2016
Oppgradering Agresso	Fellesprosjekt SSIKT
Val 2015	Utført
Felles kartløysing sjustjerna?	Fellesprosjekt SSIKT
Oppgradering ePhorte?	Fellesprosjekt SSIKT 2016
Ta over drifta av Herøy kyrkje sine IT-løysingar	Utført

Barnehage

Tenester og oppgåver i avdelinga
Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har 4 kommunale og 5 private barnehagar. Tal årsverk i barnehageavdelinga/kommunale barnehagar er pr. desember 2015 30,6. Dette inkluderer barnehageleiar og til saman 2,7 årsverk ekstra ressurs til barn med særskilte behov.

Mål	**Måloppnåing**
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	Herøy hadde etter barnehageopptaket 2015 full barnehagedekning. Alle som søkte plass innan søknadsfristen for hovudopptaket og som hadde rett til plass , fekk tilbod om plass. Nokre barnehagar har gjennom året hatt litt ledig kapasitet.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Kommunen fekk ingen klager på barnehageopptaket i 2015. Det er ikkje gitt avvik til nokon av barnehagane det er ført tilsyn med etter barnehagelova i 2015. Kommunen fekk to klager på vedtak om kommunalt tilskot etter rekneskapsavslutninga for 2015. Desse vart sendt til fylkesmannen i Møre og Romsdal . Det er i skrivande stund ikkje kome svar eller vedtak frå fylkesmannen.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Det vart gjennomført felles brukarundersøking i kommunale og private barnehagar våren 2014. Gjennomsnittsresultatet vart 5,3. Dette er betre enn gjennomsnitt landet som er 5,1, og like bra resultat som brukarundersøkinga i barnehagane i Herøy gjennomførte i 2010. Det er ikkje gjennomført felles brukarundersøking i barnehagane i 2015. Det har ikkje kome klage frå foreldre på barnehagetenesta.

Planlagde tiltak og investeringar	Gjennomføring
Årsplanar som gjer greie for kva ein kan forvente av barnehagetilbodet	Gjennomført. Alle barnehagane har årsplanar som er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval, som gir informasjon om innhald og planar for året og som er i samsvar med barnehagelova, nasjonal og lokal rammeplan/andre lokale planar.
Gjennomføre samordna barnehageopptak.	Gjennomført.. Kommunen hadde i 2015 full barnehagedekning.
Tilsynsbesøk	Tilsyn av private barnehagar som starta på slutten av hausten 2014, vart fullført våren 2015. Det vart ikkje avdekt avvik etter barnehagelova ved nokon av barnehagane.
Samarbeid med andre avdelingar for å få til tidleg intervensjon i høve barn som treng tiltak for å få ei god utvikling.	Gjennomført. Det er etablert tverrfaglege team ved alle barnehagane. Dette gir barnehagane betre mulegheit til tidleg intervensjon.
Gjennomføre hovudettersyn ved uteleikeplassane i barnehagane.	Gjennomført i 2015.
Kontinuerleg god kommunikasjon og informasjon til brukarane i den enkelte barnehage og kommunen si internettside/lokalavisa.	Gjennomført. Informasjon i media kan bli betre.

Organisasjon:

	2012	2013	2014	2015
Talet på årsverk	29,90	30,53	30,8	30,6
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	0,8	0,8	0,8	0.8
Fagressurs teneste	29,10	29,73	30,00	29,8

Tal årsverk når det gjeld grunnbemanning i barnehagane er stabilt, bortsett frå auka bemanning pga utvida barnegruppe når det er aktuelt.Tal årsverk som gjeld ekstrapersonale til barn med særskilte behov varierer frå år til år. Kommunale barnehagar har 1,1 årsverk

med dispensasjon frå utdanningskravet per desember 2015. Private barnehagar har dispensasjon frå utdanningskravet for 2,4 årsverk.

Alle barnehagane har internkontrollsystem. Barnehagane har fast oppfølging av årlege planleggings- og utviklingssamtalar mellom leiar og tilsett. Det same mellom barnehageleiar og styrarane. Oppfølging av seniorane i avdelinga er inkludert i desse samtalane.

Barnehagane har gjennomført plan for kompetanseutvikling, m.a felles kurs for alle barnehagetilsette i Herøy om likestilling våren 2015 og felleskurs med nokre sjustjernakommuner hausten 2015 om vaksenrolla og korleis få til eit leikande og inkluderande miljø i barnehagen. I samarbeid med bulystprosjektet arrangerte vi to kurskveldar for barnehagane i Herøy og Ulstein med fokus på dei minoritetsspråklege barna. Tre barnehagar deltek saman med ein barneskule på kompetanseutviklingsprosjektet «Dei utfordrande barna» i regi av PPtenesta. Dette prosjektet vart avslutta i 2015. Barnehagane vil halde fram med vidareføring av temaet i 2016.
Fire assistentar i kommunale/ikkje kommunale barnehagar har gjennomført grunnkompetanseopplæring arrangert av barnehagenettverket i Sjustjerna. Vi oppfordrar assistentar til å ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget og samarbeider med Herøy Vidaregåande skule.

Økonomi:

Tall i hele tusen					
	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Brutto utgifter	69 511	69 611	63 200	64.197	63.069
Brutto inntekter	(5 685)	(5 383)		(4.779)	(6.741)
Netto driftsutgifter				59.419	56.328
Meir / mindreforbruk (-)	(302)		-1 523	(2.569)	(192)

Herøy kommune har saman med dei andre kommunene i Sjustjernanettverket engasjert Telemarksforsking for å kvalitetsikre utrekninga av kommunalt tilskot til ikkje kommunale barnehagar. Det vart i 2015 utbetalt kr. 47 581 000,- til private barnehagar i Herøy og Ulstein kommune. Herøy kommune fekk klage frå Private barnehagers Landsforbund på vegne av dei private barnehagane på vedtaket for 2015, men Private Barnehagers Landsforbund klaga ikkje på tilsvaret frå Herøy kommune så vedtaket om sats har blitt ståande. Kommunen fekk og klage på etteroppgjeret for 2014 frå same instans. Private barnehagers landsforbund klaga på at Herøy kommune gjorde fleire vedtak utan klage pga at kommunen oppdaga feilføringar i reknearket som resulterte i for mykje utbetaling til private barnehagar. I tillegg klaga Private barnehagers Landsforbund på vegne av Gnist barnehager Myklebust fordi kommunen gjorde nytt vedtak for hausten 2014 pga stor endring i aktivitet hausten 2014 i høve barnetalet som låg til grunn for utbetalinga. (barnetalet var lågare hausten 2014 enn våren 2014. Så mykje lågare at det tilsvarte ei småbarnsavdeling i ein kommunal barnehage sin målestokk og om det vart teke til følge ville det resultere i ca. kr. 900 000 mindre utbetaling av kommunalt tilskot) Kommunen held fast på sitt vedtak og saka ligg no hos fylkesmannen.

Ureviderte kostratal 2015

	Herøy	Kostragr 08	Møre og Romsdal	Landet /m Oslo
Netto driftutgifter per innbyggar 1-5 år,kroner i barnehager	123 474	126 005	133 386	131 808
Andel barn 1-5 år i barnehage	93,6 %	90,3 %	93,1 %	90,4%
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	160 450	174 021	176 897	181 520

Desse tala viser at Herøy har høgast prosental barn i barnehage med alle dei vi samanliknar oss med i tabellen. Herøy har lågast netto driftsutgifter og lågast korrigerte brutto driftsutgifter av kostragruppe 08, fylket og landet som heilheit. . Dette viser svært nøktern drift, og stadfestar at kommunale barnehagar no nærmar seg smertegrensa for forsvarleg drift ved pålegg om rammeinnsparingar.

Lokalsamfunn
Barnehagane har informert om nyhende og endringar i barnehageavdelinga på kommunen sine heimesider og i lokalavisa og har på denne måten vore med å gje kommunen eit godt omdøme.

Viktige hendingar i 2015

- Har full barnehagedekning
- Gjennomført kompetanseutvikling i samsvar med plan for kompetanseutvikling

Hovudutfordringar/prioriteringar 2016

- Oppretthalde god kvalitet med stor rammeinnsparing
- Tidleg oppdaging av barn som treng hjelp
- Pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning i samsvar med pedagognorma i Lov om barnehagar
- God tenesteyting på trass av høgt sjukefråver
- Gjennomføre kompetanseutvikling etter vedtatt plan
- Trygge uteområde i barnehagane

Skuleavdelinga, årsrapport 2015

Tenester og oppgåver i avdelinga
Skuleavdelinga omfattar grunnskulen, kulturskulen, pedagogisk- psykologisk tenestekontor, og Internasjonal skule.

Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve meistringar og utfordringar i skulen. Grunnskulen bygger på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande fellesskule.

Målet for dei vaksne på Internasjonal skule, er å hjelpe den enkelte til eit meir meiningsfylt liv i det norske samfunnet. Dei skal få tilstrekkeleg norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet til å styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.

Alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til barn og unge. Kulturskulen i Herøy er mellom dei største i fylket, med undervisning i fleire musikkuttrykk, dans og drama.

PPT skal hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal i tillegg vere eit sakkunnig organ.

Mål	**Måloppnåing**
Gjennom ulike innfallsvinklar arbeide for å styrke læringsmiljøet i skulane.	Brukarundersøkingar og kartleggingar, eksamensresultat og grunnskulepoeng er indikatorar som seier noko om måloppnåing. Alle skular kan vise til positiv utvikling. For dei konkrete indikatorane, vert det vist til Tilstandsrapport for grunnskulen 2015.
Arbeide med leiarutvikling og rektorrolla, for å skape eit godt og utviklande arbeidsmiljø, samt eit tydeleg leiarskap.	Det er gjennomført leiaropplæring både kommunalt og interkommunalt. Tilbakemeldingane er gode.
Vere pådrivar for tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge.	Evaluering av arbeidet har medført ny organisering, med endå meir målretta strategisk og operativ aktivitet.
Skuleavdelinga skal samla sett ha eit nærvær på 94%.	Målet er nådd, med eit samla sjukefråvær på 5,9%. Langtidsfråværet er 4,4.
Arbeide aktivt med omdømebygging på alle nivå i organisasjonen	Avdelingane legg stor vekt på service og tilgjengelegheit, respekt og samarbeid. Ein brukar media og internett aktivt til positiv informasjon. Tilbakemeldingar tyder på at avdelingane jamt over har eit godt omdøme.

Planlagde tiltak og investeringar	Gjennomføring
Utskifting av nødvendig inventar og utstyr på skular	Det er innkjøpt inventar og utstyr innanfor tildelt ramme. Endringane har gitt meirverdi, trivsel og godt omdøme.
Satsinga «Ungdomstrinn i utvikling»	Ungdomsskulane har i 2015 vore inne i denne nasjonale satsinga, med tema klasseleiing, lesing og rekning. Arbeidet med skulebasert utvikling held fram.
Satsinga «Meir læring for alle»	Alle barneskulane har i 2015 delteke i arbeidet, finansiert av skjønnsmidlar. Kompetansebygging gjennom faglege foredrag og nettverk. Arbeidet er godt i gang, og stadig nye mål vert sette.
Innføringsgruppe i norsk for språklege minoritetar i ungdomsskulen	Tiltaket vart utprøvd hausten'15. Det var så vellykka at det held fram vidare. Også elever på mellomtrinnet får vere med.
Vere best på IKT; med digital læring, skulefagleg administrasjonsprogram og FEIDE innført på alle nivå i grunnskulen.	Skulefagleg adm.program og FEIDE er implementert i heile grunnskulen. Ein har derimot ikkje kome så langt som planlagt med digital læring.

Nøkkeltal	2015	2014	2013	2012	2011
Barneskular	5	5	5	5	5
Kombinerte skular (1-10)	1	1	1	1	1
Ungdomsskular	1	1	1	1	1
Elevar barnetrinn	755	779	773	758	768
Elevar ungdomstrinn	309	312	324	339	352
Elevar i SFO	288	298	306	282	290
Elevplassar musikkundervisning	297	303	320	310	290
Elevplassar andre kulturuttrykk	290	379	332	317	295

I tillegg for 2015: Prosjekta "Korps i skulen", der barn får opplæring i messingblåseintrument og samspel, som ein del av musikkundervisninga. Dette er eit samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og lokale korps.

	11 - 12	12 - 13	13 - 14	14 - 15	15-16
Tal på elevar	1126	1094	1093	1074	1064
Årsverk undervisningspersonale	98,9	98,9	98	97,5	99
Tal på elevar pr.årsverk til undervisning	13	12,5	12,6	12,7	12,4
Årsverk assistentar i undervisning	18	15	15	13	12
Lærartettleik 1.-7.trinn	13,5	12,8	13	13,1	12,9
Lærartettleik 8.-10.trinn	15,7	15,7	15,3	15,8	14,9
Undervisningstimar totalt pr.elev	55	57	57	56	58

Nokre samanlikningar for 2015/16

	Herøy	Fylke	Nasjonalt
Tal på elevar pr.årsverk til undervisning	12,4	11,8	12,3
Tal på elevar pr.assistentårsverk	90	68	75
Lærartettleik 1.-7.trinn	12,9	12,9	13,4
Lærartettleik 8.-10.trinn	14,9	14	14,2
Undervisningstimar totalt pr.elev	58	60	58
Andel årstimar gitt av godkjent personale (prosent)	98,5	96,6	96,4

Ressursar

	Herøy	Fylke	Nasjonalt
Netto driftsutgifter grunnskulesektor, pr.innbyggar	12 519	13 295	12 703
Andel elevar med spesialundervisning, prosent	6,2	8,6	7,9
Brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning, skuleskyss, skulelokale – pr.elev	104 833	107 361	106 726

Tala viser at Herøy kommune har stor produktivitet og driv effektivt i grunnskulesektoren. Vi har lavare utgifter pr.elev enn fylke og land, og vi har større elevgrupper pr.lærar på ungdomstrinnet.

HMS

HMS skule inneber i hovudsak oppfølgjing i høve desse lovverka:

- Opplæringslova §9A; miljøet for elevane
- Arbeidsmiljølova; miljøet for tilsette
- Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar; bygg og inneklima

Skuleavdelinga sitt kvalitetssystem inneheld m.a. desse tiltaka når det gjeld HMS:

- Arbeidsmiljø/ HMS/ sjukefråvær er tema i samtalar mellom skulesjef og avdelingsleiarar jamnleg, og minimum to gongar pr.år
- Det same er tema i årlege medarbeidarsamtalar ute i avdelingane.
- Vernerundar, årleg
- Elevundersøkinga (årleg 7. og 10.trinn)
- Foreldreundersøkinga, kvart 3 år
- Prosedyrer og handtering av saker som gjeld §9a (psykososialt miljø) i Opplæringslova

- Systematiske foreldresamtalar ute i skulane (jfr. Opplæringslova)
- Systematiske elevsamtalar ute i skulane (jfr. Opplæringslova)
- Godkjenning av skular og barnehagar etter Forskrift om miljøretta helsevern.
- HMS-plan med risikovurdering i alle verksemder, med revisjon kvart 2. år
- Handlingsplan for handtering av mobbing (elevar)
- Handlingsplan for handtering av vald og trakassering (tilsette)

Kvalitetslosen vert nytta aktivt for å sikre gode rutiner og prosedyrer.

Økonomi:

Tall i hele tusen				
	Rekneskap 2015	**Rev.Budsjett 2015**	**Rekneskap 2014**	**Rev.Budsjett 2014**
Brutto utgifter	127.309	128.862	124.302	128.344
Brutto inntekter	20.593	20.050	19.994	19.047
Netto driftsutgifter	106.715	108.812	104.307	109.297
Meir / mindreforbruk (-)	(2.096)			(4.989)

Lokalsamfunn
Alle skulane i kommunen har eit positivt samarbeid med ressurspersonar, organisasjonar og bedrifter i lokalmiljøet. Det vert kvart år gjennomført gode samarbeidstiltak, med opne dører mellom skulen og samfunnet rundt.

Barn- familie og helseavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

Barn-, familie og helseavdelinga skal fremje innbyggarane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og søkje å førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte innan dei områda avdelinga har ansvar for. Barnevernet skal særleg sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår. Tenesta skal spreie opplysning om og auke interessa for kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel og helse.

Kommunen si barn-, familie og helseteneste omfattar fylgjande hovudområder:
1.Barneverntenesteste
2. Førebyggande eining
3. Legeteneste
4. Psykiatriske tenester
5. Rehabiliteringstenester

Mål	Måloppnåing
Tilpasse tenestenivået innanfor tilgjengelege ressursar sett i lys av dei forventningar innbyggarane har til kommunen.	Det er kome nokre klager på manglande stabilitet i legedekninga. Desse klagane er handsama fortløpande. Forventningane til eit stabilt fastlegekorps har ikkje vorte innfridd. Det har ikkje lykkast å få fastlegar i alle heimlar. Vakansar har vore løyst ved ein til dels utstrakt bruk av vikarar. Barneverntenesta skal undersøkje meldingar innan tidsfristen. Målet er delvis nådd. Utvida frist i nokre saker. Grunnskulane og vidaregåande skule har fast trefftid med helsesøster . Dei fleste x 1 i veka, men fortsatt er det 4 barneskular som har berre kvar 2.veke. Det viser seg at mange born, særlig jenter har behov for å treffe helsesøster på skulen. Mange har vanskar i kvardagen p.g.a. psykiske vanskar. Det å vere til stades i skulen på det jamne gjer at ein tidlegare kan bidra og vere ein ressurs både for tilsette og elevar. Det har vore ei auke i brukarar innan psykisk helsevern. Dette har vore handtert mellom anna ved at vi igjen har fått tilsett psykolog og ved større pågang på dagsenteret. Dei psykiatriske sjukepleiarane har og hatt eit utfordrande år. Samhandlingsreforma har mellom anna ført

	til eit auka press på rehabiliteringstenesta og det har til dels vore eit stort press på fysioterapitenesta. Ventetida har vorte lang og det har vore tatt sterke prioriteringar ved inntak. Kronikarane har i mange tilfelle fått eit mindre tilbod.
Tenestene utførast med kvalitet og tilstrekkeleg kompetanse	Avdelinga fekk tilsett psykolog igjen i løpet av sommaren. Etter dette har vi den kompetansen som er naudsynt. Avdelinga får få konkrete klager på tenestene. Ustabilitet på legesida har nok for nokre vore oppfatta som ein dårleg kvalitet. Kompetente leger har vore tilsett.
Sakshandsaminga skal vere i tråd med forvaltningslova.	Avdelinga har ikkje fått omgjort vedtak. Avdelinga har heller ikkje fått tilbakemeldingar om at forvaltningslova ikkje er fylgt.
Avklaring av omgrepet forsvarleg heit både generelt og konkret.	Avdelinga hadde omgrepet forsvarleg heit som hovudtema på vår fellessamling på vårparten. Gode diskusjonar og det vart og teke med tilbake til dei einskilde seksjonane for ytterlegare fordjuping. Konkrete saker og vurdert i samband med omgrepet. Det er og gjennomført rettleiing i enkeltsaker.
Vurdere om ein bør arbeide på ein annan måte.	Særleg innan området psykisk helse har ein sett at dette området til dels er nær slekta med rusområdet. Dette førte mellom anna til at avdelinga i løpet av 2015 arbeida saman med NAV for betre samarbeid. Dette førte til at NAV per 1.1.16 vart ein del av avdelinga.
Brukarundersøkingar og melding av avvik fokuserast.	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2015. I løpet av 2015 vart det meldt nokre avvik. Dette er likevel eit område som det fortsatt står ein del igjen før vi kan vere fornøgde.

Organisasjon

Planlagde tiltak og investeringar	**Gjennomføringar**
Gjennom styringsprinsipp samhandling, kommunikasjon, medverknad og nytenking nå sine overordna målsettingar med å legge grunnlag for trivsel, miljø, samhald og nyskaping i organisasjonen og samfunnet	Tiltak for å verte betre kjent og kjenne betre kva kompetanse den einskilde har er gjennomført. Dette er likevel fortsatt eit prioritert område i avdelinga.
Gode leiarar på alle nivå skal utviklast. Kompetanse skal utviklast med bakgrunn i organisasjonen sine behov.	Leiarane delteke i kommunen si leiaropplæring. Delteke aktivt i Mission Possible og i

	interkommunalt samarbeid innan dei fleste fagområda.
Stimulere kvarandre og tenkje i lag	Tema på Leiarmøter og også i konkrete saker. Stadig tilbakevendande tema som ein aldri kjem heilt i mål på.
Motiver til å tenkje enda meir tverrfagleg og prøve ut nye alternativ.	Gjennomgåande tema i mange samanhengar. Fokuserer og på tverrfagleg tenking i konkrete saker.
Prioritere felles seminar for alle som hører til avdelinga. Dette skaper fellesskap	Gjennomført to felles samlinger. Haustsamlinga vart og NAV invitert som ei førebuing på at dei vart ein del av avdelinga. Arbeidsglede er fortsatt eit tema på samlingar.

Nokre konkrete nøkkeltal og forhold:

Barnevern

Statistikken viser at barnevernet i løpet av 2015 har arbeidd med 95 barn. I 2014 95 barn. Barn som går ut av omsorg ved fylte 18 år, ynskjer å bli følgt opp med ettervernstiltak. Desse sakene blir prioritert. Barnevernet har tilsyn med 15 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommune. Dei barna kjem ikkje med på statistikken.

Fristar for barnevernsundersøkingar:
Første halvår 2015:0 fristoverskridingar
Andre halvår 2015: 0 fristoverskridinga
Antal barn med undersøkingstid over 3 mnd.: 4
Barnevernet har endeleg vedteke ei intern strukturendring for å auke kvaliteten på arbeidet ved å opprette team (undersøkingsteam, tiltaksteam, omsorgsteam). Oppgåvene blei meir oversiktlige.

Nøkkelinformasjon	**2015**	**2014**
Melding	53	67
Antall undersøkingar Avslutta undersøkingar	50 42	36 46
Barn under omsorg Barn på midlertidig tiltak (4-6,2). Beredskapsheim	8 0	9 0
Barn med hjelpetiltak i løpet av året	68	81
Barn i fosterheim	8	9
Barn i ungdomsheim Barn i barneverninstitusjon	1	1
Barn i ettervern (etter fylte 18 år)	10	9

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Aktuelt	2015	2014
Born fødde	92	102
Heimebesøk til nyfødde	88	72
Foreldreførebuande kurs	21	25 par
2 -årskonsultasjoner	81	Tilbod til 100% - Tilnærma 100% oppslutning
4 -årskonsultasjoner	98	Tilbod til 100% - Mellom 95 - 100% oppslutning
HFU konsultasjoner (ope 1dag/2t i veka)	113	78
Vaksinasjonsprogrammet	95% men SYSVAK melder om 85%	95-100%
Reisevaksiner	668	258

- HFU (Helsestasjon for ungdom) hadde også tilbod i Myrvåg i 2015. Trass god annonsering, vart dette tilbodet ikkje nytta slik ein håpa. Avslutta des 2015. På Eggesbønes som tidlegare. Ikkje den store trafikken, men jamt nytta året igjennom.
- Barselgrupper: God oppslutning ved 4 og 8 mnd. Samarbeid mellom helsesøster, fysioterapeut og tannpleier.
- Helsestasjon 0-5: Det statlege programmet vert fylgt.
- Helsesøstrene deltek i tverrfaglege team for alle skular og barnehagar.
- Vaksinasjonsprogrammet vert tilbode. Få reserverer seg. Har hatt utfordringar ifht registrering og sending til SYSVAK. Nokre etterregistreringar mangler. Truleg årsak til lavare dekning i statistikken. Det vert jobba for å rette opp desse tala.

Seksjon psykisk helse
Kommunepsykologen: hadde ca 70 pasientar til behandling frå han starta oppatt i stillinga 1.7.- 31.12.2015. Dette inneber klinisk behandling til 38 og støtte/rådgjeving til 32 pasientar. Han har hatt veiledning til psykisk helse, psykomotorisk fysioterapeut, PPT og barnevern. Han har samarbeidt med Ergoterapi tenesta og Flyktningetenesta, informasjon til legetenesta og hatt undervisning i smertegruppe hos fysioterpeut. Han deltek også i kriseteam. Alt dette har utgjort ca. 47 timar.

Solheim dagsenteret: 11 personar har vedtak om plass i dagsenteret, i tillegg kjem ungdomsdagen på fredag og personar som kjem innom på den opne dagen, i alt 28 ulike personar nyttar Solheim

Psykiatrisk individuell oppfølgingsteneste: 79 personar har i 2015 hatt vedtak om individuell oppfølging. 8 av desse har fått oppfølging av dagsenterpersonalet i 2015.

Arbeidssituasjonen har vore utfordrande i 2015, vi har fått ein god del nye brukarar med store behov.

Legetenesta:
Det har vore ein del vikarbruk som skaper diskontinuitet i legetenesta både for pasientane og skapar eit noko fragmentert kollegium.
Generasjonsskifte gjer at unge kollegar kjem inn og ein har måtte bruke meir ressursar på vegleiing.

Tilskotsordningar har gjeve rom for oppgradering av utstyr både på legekontora og på legevaktsamanheng.
Legetenesta er utvida med to nye fastlegeheimlar, rekruttering av legar til desse og andre vakante stillingar er utforande.
Øyeblikkeleg hjelp døgn-plassane er godt implementerte og bruken av plassane har teke seg opp gjennom 2014.

Seksjon Rehabilitering.
1. Det er satt igang eit arbeid med å lage ein plan for kvardagsrehabilitering med frist for framlegging av planen til 01.07.15. Der er seksjon rehabilitering inne med 2 av 4 representanter i komiteen.

2. Det er sterk auke i ventetid for fysikalsk behandling i Herøy kommune. Helseforetaket har lagt ned Nevrohjemmet i Ålesund, tatt vekk 9 rehab.plasser på Mork og redusert rehabilitering på Muritunet. I tillegg er det ein sterk auke i operasjoner av ortopedipasienter. Denne auken er vesentlig større i Møre og Romsdal enn resten av landet innan ein del diagnoser. Dette er hovedårsakene til den sterke auka i ventetid. Det er no opp mot 6 mnd ventetid ved begge institutta for det som ikkje vert rekna som akutt.

3. Ein av fysioterapeutane har tatt vidareutdanning innan barnefysioterapi og er no spesialist på barn.

4. Når det gjeld antal brukarar og hjelpemiddelformidling så er det omtrent uendra.

Årsverk

	2015	**2014**	**2013**	**2012**
Talet på årsverk	38,7	38;7	38,2	6+32,2
Adm. årsverk KOSTRA, funksjon 1200	1,2	1,2	1,7	1,7
Fagressurs teneste	33,46	33,46	32,96	6+26,96

Utvalde nøkkeltal frå KOSTRA.

Netto driftsutgifter per innbygger kommunehelsetenesta
Kommunen ligger her noko høgare enn dei kommunane vi vert samanlikna med. Dette kan mellom anna skuldast at kommunen har to legekontor og at legane har relativt låge pasientlistar. Ein utstrakt bruk av vikarar kan og ha påverka dette.

Netto driftsutgifter per innbyggar 0-17 år, barnevern
Kommunen ligg lågt på driftsutgifter innan barnevern. Dette kan mellom anna skuldast at kommunen har hatt eit særs stabilt personale og at vi har fått prosjektstilling frå fylkesmannen innan området. Det er likevel viktig å melde om at det har vore eit særs stort arbeidspress innan barnevern også i 2015.

Legeårsverk per 10 000 innbyggere kommunehelsetenesta
Kommunen ligger her noko høgare enn dei kommunane vi vert samanlikna med. Dette kan mellom anna skuldast at kommunen har to legekontor der legane har relativt låge lister.

Fysioterapitenestar per 10 000 innbyggere kommunehelsetenesta
Kommunen ligg her noko lågere enn dei kommunane vi vert samanlikna med. Dette har vore utfordrande og gjer at det til dels har vore lange ventelister. Samhandlingsreforma har ført til

at pasientar vert skrive raskare ut frå spesialisthelsetenesta uten at kommunen har fått bygd opp eit godt tilbod for alle gruppene som treng fysioterapi.

Antal barn med barnevernstiltak ift innbyggare 0-17 år
Her ligg kommunen om lag på same nivå som dei kommunane vi vert samanlikna med.

Lokalsamfunn

Barn-, familie og helseavdelinga har gjennom utøving av tenester bidratt til at kommunen fortsatt oppfattast som ein trygg og god kommune å bu og opphalde seg i.

Avdelinga er opptatt av å vere ein ope organisasjon som gir informasjon til innbyggjarane. I løpet av året starte vi med ein informasjonsbolk i Vestlandsnytt. Denne er og teke inn på våre heimesider. Her er det teke opp aktuell informasjon innan avdelinga sitt område.
Avdelinga er opptatt av at vi er kommunen i møte med den einskilde brukar.

Viktige hendingar i 2015

- Videreutvikla tenestene i organisasjonen, særleg med omsyn til tidleg intervensjon
- Vidare fokus på samhandlingsreforma innen dei ulike tenesteområda
- Vedteke at NAV vert ein del av avdelinga.

Hovudutfordringar/prioriteringar 2016

- Skape rom for kompetanseheving og utvikling i ei tid kor utfordringane i dei ulike tenestene er store. Behalde og rekruttere gode fagpersonar.
- Avdelinga må vere aktive med i prosessen ved omorganisering
- Integrere NAV i avdelinga samstundes som det pågår ei større organisasjonsendring.
- Fortsatt tverrfagleg satsing med fokus på tidleg intervensjon
- Aktiv deltaking i organisasjonen for å få til gode koordinerte tenester

Årsrapport for pleie- og omsorgsavdelinga 2015

Målsetting for tenester i avdelinga
Gjennom pleie- og omsorgstenesta skal kommunen

- sikre at alle som har behov for pleie- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendige og individuelt tilpassa tenester .
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretek kontinuiteten i tenesta
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren

Standard for heimehjelp, heimesjukepleie og institusjonsomsorg er fastsette i **tenesteerklæringar** som er vedtekne av kommunestyret

For å løyse oppgåvene vert det ytt fylgjande deltenester:

- heimesjukepleie
- sjukeheim
- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- avlastningstiltak
- dagtilbod
- støttekontakt
- omsorgsløn
- matombringing
- tryggleiksalarm
- personleg assistent
- hjelpemiddel

Planlagde tiltak og investeringar:

Ny omsorgsbustad med 16 husvære er under oppføring ved blå avdeling på Eggesbønes. 15 omsorgsbustadar med tilbod om heildøgns omsorgstenester vil erstatte dei ti sjukeheimsplassane ved gul avdeling. Her vert altså ein kapasitetsauke på fem plassar. Det gamle sjukeheimsbygget skal rivast. Husvære nr 16 vert bygt som eit forsterka tilbod og lagt under blå avdeling. Planlagt innflytting januar 2017.

Pr i dag har kommunen ikkje heildøgns omsorgsbustadar i sitt tenestetilbod, så nybygget representerer eit viktig nytt trinn i omsorgstrappa. Det representerer samstundes ei viss dreining frå institusjonsomsorga. Kommunen har historisk sett lege på den anbefalte norma med **25 % institusjonsdekning til dei over 80 år**, men siste åra har det vore aukande gap mellom måltalet og antal eldre. For Herøy vert 25 % dekning 116 sjukeheimsplassar. I 2015 er her ifølge SSB sin statistikk 465 eldre over 80 år. Kommunen sine 101 sjukeheimsplassar gir ei dekning på 21,7 %. Med den planlagde reduksjonen frå 2017 er ein nede på ei dekning på 19,6 %. Men ein har då fått eit tilbod i heimetenestene som ein ikkje har i dag.

Nøkkelinformasjon:

	2015	2014	2013	2012	2011
Tal på omsorgsbustader	68	68	68	68	68
Ressurskrevjande brukarar	0	0	0	0	0
Tal på sjukeheimsplassar	101	101	101	103	103
Kommunal øyeblikkelig hjelp døgn (KØHD)	2	2	2	0	0
Dagplassar institusjon	16	16	16	16	16
Matombringing	80	79	65	67	78
Nye brukarar av tryggleiksalarm	43	51	48	134	152
Mottakarar av omsorgsløn	15	20	21	12	7
Personleg assistent	3	0	1	2	1
Tal på vedtak	1474	1279	1215	1188	1311
Avslag	20	20	34	16	43
Klage på tenester	5	3	6	1	2

Det aukande talet på vedtak viser at her er stadig aukande pasientflyt, men også at vedtaka er kortare og i stadig endring. Kreftsjukepleie representerer ein del av auken. Når det gjeld tryggleikslarm revurderte vi denne tenesta kvart år, men frå 2013 viser tala berre nye vedtak dette året.

Tal på brukarar i heimesjukepleie og praktisk bistand:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Heimesjukepleie	191	243	305	322	314	313	321
Praktisk bistand	197	194	210	216	207	216	217
Sum	388	437	515	538	521	529	538

Tal på brukarar i institusjon:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Langtid	56	47	37	53	50	57	79
Korttid	60	57	54	90	87	82	84
Avlastning	0	2	0	3	2	0	2
Sum	116	106	91	146	139	139	165

Pasienttalet har auka, men har naturlege svingingar over tid. Kostra viser nøktern og effektiv drift. Tabell over årsverk viser at auken i oppgåver har vore løyst på andre måtar enn med personellauke. Viktige stikkord er koordinering, kompetanseutvikling og bruk av ny teknologi som E-link og mobil pleie og diverse velferdsteknologi. Sjølv om der vil vere enkeltsaker der kommune og brukar ikkje ser likt på tenestetildeling, opplever avdelinga alt i alt i å ha lukkast godt med måloppnåinga i 2015

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog

I 2014 vart det gjennomført brukarundersøking for pasientane i sjukeheim og heimeteneste. Tilbakemeldinga var gjennomgåande god og viser at dei aller fleste er

godt fornøgde med tenestene. Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2015, men avdelingane melder om gjennomgåande god dialog og tilbakemelding frå brukarane, og talet på klager er stabilt.

Årsverk:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Talet på årsverk	143,24	143,24	141,73	142,23	142,98	142,98
Adm årsverk	5,3	5,3	5,3	5,3	5,3	5,3
Fagressurs teneste	137,94	137,94	136,43	136,93	137,68	137,68

Der er inga endring frå 2014 til 2015. Administrative stillingar på stab/støtte er ført på pleie- og omsorg, men om lag 30 % av ressursen utfører arbeid for bu- og habiliteringsavdelinga.

Økonomi:

Tal i heile tusen	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015
Brutto utgifter	118 654	114 019	121 364	125 204	125 488	126 886
Brutto inntekter	25 326	19 019	19 636	25 727	19 840	27 006
Netto driftsutgifter	93 327	95 000	101 727	99 477	105 647	99 880
Meir/mindre forbruk	(1 672)			(2 000)		(5 767)

Sentrale faktorar:

- Sparte lønsutgifter. Dette har ein lukkast med på grunn av sterk fokus på sparing heile året. Det vert ikkje leigd inn vikar ved sjukdom når det kan unngåast, og ein sparer når der er ledige senger. Pasientbelegget er avgjerande for kor vidt vi greier å spare, og i 2015 gjekk det ut i positiv balanse
- Mindreforbruk på pensjon og arbeidsgivaravgift
- Framleis manko på budsjettmidlar til kjøp av varer og tenester. Dette er kjent frå tidlegare år. Det er fordelt på fleire postar, og mest manglar vi pengar til medisinske forbruksvarer, eigendel sjukehus og telefoni/lisensar. Desse postane er knytt til samhandlingsreforma og bruk av mobil pleie/gerica.

Lokalsamfunn

Avdelinga informerer om nyhende og endringar i tenestetilbodet på kommunen sine heimesider og i lokalavisa. Mange frivillige aktørar bidrar til ein meir meiningsfull kvardag for dei som bur på omsorgssentra. Eldrebølgen er framleis eit populært tiltak der frivillige møter opp på omsorgssentra og tilbyr pasientane å vere med ut på tur.

Viktige hendingar i 2015

- Kommunen tilsette kreftsjukepleiar/koordinator i 100 % stilling. Vi rekrutterte ein erfaren kreftsjukepleiar og både pasientar, pårørande og øvrig personale opplever dette som eit svært positivt og viktig tilskot til dei kommunale tenestene.
- To leiarstillingar og ei stilling for fagkoordinator var delvis vakante i vårhalvåret. Vakansen skyldast langtids sjukefråvær og permisjon. Grunna innsparingskrav vart det sett inn berre delvis vikar, men dette vart vanskelig for drifta og erfaringa er at så store avdelingar må ha kontinuitet i leiarfunksjonar.
- Ved Myrvåg omsorgssenter slutta den eine avdelingsleiaren i stillinga si 1.03.15 for å gå over til kommunalsjef-stilling i anna kommune. Der var tre søkjarar til stillinga. Ny leiar tok til i stillinga 1.08.15.
- Pleie- og omsorgstenestene og sjukehusa tok i bruk E-link som kommunikasjonsform ved overflytting av pasientar
- IKT driftsutfordringar har prega året. Dette både på grunn av mykje kvalitetssikringsarbeid med innføring av helsenett og E-link, og omlegging til felles server med fagprogram på Hareid. Der var tidvis manglande tilgang på internkontrollsystemet med tilhøyrande prosedyrar. Dette førte til manglande avviksrapportering og utsett behandling av avvik. Lokale IKT-personale var lite tilgjengelige for lokale problem på grunn av arbeid med samlokalisering til nytt driftssenter. Det er eit driftsproblem for avdelingane at kommunen har så lite tilgang på IKT-servicetenester. Mange vert hindra i arbeidet sitt på grunn av manglande tilgangar til program eller skrivarproblem og liknande.
- Det er for liten tilgang på fagfolk til å dekkje fråvær og vikariat, og kommunen måtte også dette året ta i bruk vikarbyrå. Dette vart prøvt ut i Myrvåg året før, men det vart også utvida til Herøy omsorgssenter i 2015
- Herøy er den første kommunen på Søre som har gjennomført utskifting frå analoge til digitale tryggleiksalarmar, Der er mange muligheiter i den nye teknologien, men det er framleis uklart kva linje kommunane skal legge seg på i bruken av dette.
- Det er ein milepæl at ein har kome i gang med bygging av nye omsorgsbustadar som erstatning for gul avdeling, og nye lokale for heimesjukepleien
- Etter eit grundig arbeid gjennom helse- og omsorgskomiteen gjorde kommunestyret i mai 2015 vedtak om framleis todelt omsorgssenterløysing, og avgjorde at Eggesbønes er framtidig lokaliseringsalternativ for nytt omsorgssenter
- Tidsklemme i heimetenestene hadde mykje fokus i 2014. Pasientflyten i pleie- og omsorgstenesta har auka merkbart etter innføring av samhandlingsreforma, og det har vore sterkt lokalt fokus på bruk av ny teknologi, evaluering av praksis og bruk av nye arbeidsmåtar. Det vart oppretta 100% fast vikarstilling frå 1/1-15, og dette var med på å dempe stress/press i heimesjukepleien i 2015. Arbeidstempoet framleis stort, men temaet tidsklemme har ikkje vore problematisert på same måte.
- Får å kunne nyttiggjere seg ny teknologi må ein ha moderne pasientvarslingsanlegg på omsorgssentra. Dette kom på plass dette året.
- I samarbeid med Fylkesmannen inviterte Landbruksdepartementet alle sjukeheimane i landet til å delta i ei konkurranse med ekstra fokus på matglede og ernæring. Det var stort at institusjonskjøkkenet i Herøy vann fylkeskonkurransen «Gylne måltidsøyeblikk»

- Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, vart Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket, plukka ut til å vere med på Prosjekt aktivitetsvenn

Hovudutfordringar 2016

- Pleie- og omsorgsavdelinga har dei siste åra tilbydd nye tenester og fått fleire brukarar utan å auke personalressursen. I tillegg er der krav om rammeinnsparingar. Tidleg på året har vi fått faglege utfordringar som kan føre til store ekstrakostnadar i løpet av året.
- Implementere og vidareføre helse- og omsorgsplanen, spesielt å kome i gang med kvardagsrehabilitering, som er tiltak som vil krevje ein ekstra økonomisk innsats i startfasen.
- Haldningsendring der vi vrir brukar – og tenestefokus mot tiltak som fremmer folkehelse og kvardagsrehabilitering – og ansvar for eiga helse
- Planlegging av drift for dei nye omsorgsbustadane som erstatning for gul avdeling. Førebu omgjering av sjukeheimsplassar til omsorgsbustad
- Sikre tilgang på kvalifisert personale. Må i nær framtid erstatte store grupper seniorar.
- Auka bruk av plassane for øyeblikkelig hjelp døgn
- Bidra til å bygge ein ny organisasjonsmodell
- Aukande press på sjukeheimsplassar i løpet av 2015

Kostra

Herøy kommune ligg under landssnittet, og relativt langt under fylkessnittet på netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenesta. Kommunen har fleire av sine innbyggarar på 80 + på institusjon enn snittet, men trass i det ligg vi godt under andre når det gjeld utgifter til mottakarar av både heimetenester og institusjonstenester.


Ragnhild Velsvik Berge

Pleie- og omsorgsleiar

VEDLEGG:

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten,

Indikatoren viser driftsutgiftene til pleie og omsorg inkludert avskrivninger etter at driftsinntektene som bla. inneholder øremerkede tilskudd og ev. andre direkte inntekter, er trukket fra. De resterende utgiftene må dekkes av de frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer fra staten mv. Indikatoren viser dermed også prioritering av kommunens frie inntekter



	1515 Herøy	Kostragr 08	Møre og Romsdal	Landet utan Oslo	Landet
Netto driftsutgifter pr innb i kr pleie- og omsorgstenesta	15 298	14 086	18 076	16 197	15 903
Andel plassar i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	100	94	92,1	94,4	94,8
Korrigerte br dr utg pr mottaker av hjemmetjenester	163 343	248 274	255 047	237 314	236 352
Korrigerte br dr utg pr mottaker av driftsutgifter, institusjon	926 321	1 059 827	985 383	1 040 127	1 057 404

Bu- og habiliteringsavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga
Gjennom bu- og habiliteringstenesta skal kommunen

- sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester.
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod.
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

For å løyse oppgåvene vert det ytt følgjande deltenester:

- individuell plan
- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- brukarstyrt personleg assistanse
- avlastningstiltak
- støttekontakt
- omsorgsløn
- vaksenopplæring
- dagtilbod/kommunal sysselsetting

Mål	Måloppnåing
Byggje opp eit samordna tenestetilbod retta inn mot målgruppa.	Vi manglar nytt fysisk bygg for å kunne ta ut den fulle effekten av eit samordna tilbod på dagtilbodsida.
Tenestene har tilfredstillande dekningsgrad.	Avdelinga hadde 3 ledige bustader per 31.12 som ikkje var tildelt. Den ny bustaden i «Toftestøvegen 11» i vart teken i bruk 22.juni 2015. Avdelinga har eit presserande behov for nytt bygg til dagtilbod. 1 omsorgsbustad samt avlastingshusværet for born vert nytta til dagtilbod i tillegg til Herøy produksjon. Per 31.12.15 er planleggingsmidlar for utbygging av tilbodet utsatt til 2017.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket.	Vi tildeler teneste etter kva som blir vurdert som nødvendig hjelp, etter helse og omsorgstenestelova og opplæring etter opplæringslova § 4A-2. Klager på vedtak som vert opprettheldt av avdelinga, vert sendt til overprøving hos fylkesmannen.

Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene.	Avdelinga har hatt 1 klage på enkeltvedtak om teneste i 2015. Kommunen sitt vedtak vart stadfesta av Fylkesmannen. Avdelinga har ikkje hatt brukarundersøking i 2015.

Planlagde investeringar og tiltak	**Gjennomføring**
Planlegging omsorgsbustad unge vaksne funksjonshemma.	Ferdigstilt og tatt i bruk 22.juni 2015.
Planlegging av dagtilbod/utbygging Herøy produksjon.	Byggeprogram skal ferdigstillast 2016. Planleggingsmidlar fastlagt i økonomiplan og budsjett frå 2017.

Nøkkelinformasjon	2015	2014	2013
Brukarar buteneste	26	22	23
Brukarar avlastningsinstitusjon	6	4	5
Tal på omsorgsbustader (bu-hab. avd sitt ansvar)	29	25	25
Mottakarar av omsorgsløn	7	7	8
Ressurskrevjande brukarar	10	9	9
Elevar vaksenopplæring	10	16	11
Tal på vedtak etter helse og omsorgstenestelova	200	190	198
Tal på vedtak etter opplæringslova	10	10	14
Avslag	4	12	10
Tal på klage	1	1	2

Brukarundersøking:
Avdelinga har køyrt ei brukarrepresentantundersøking oktober 2008, våren 2011 og våren 2014. (Kvart 3 år) Det vart ikkje gjennomført undersøking i 2015.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog
I samsvar med lov om pasientrettar har pasienten rett til medverknad og rett til informasjon som er tilpassa individuelle føresetnader. Møtepunktet mellom brukar/pårørande/hjelpeverje og den enkelte tenesteytar er den viktigaste arena for dette.

Organisasjon

Årsverk

	2011	2012	2013	2014	2015
Talet på årsverk	58,2	58,2	58,8	59,4	62,4
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Fagressurs teneste	57,2	57,2	57,8	58,4	61,4

*Auke i årsverk frå 2014 til 2015 på grunn av auka drift i ny bustad.

Tal på tilsette i 100% stilling	25
Tal på tilsette i meir enn 60% stilling *	27
Tal på tilsette i meir enn 50% stilling	14
Tal på tilsette i mindre enn 50% stilling **	33

*Jf. Kommunestyret sitt vedtak, med mål om tilsettingsforhold over 60% stilling.
Arbeid i andre avdelingar enn bu- og habilitering er ikkje teken høgde for.
** Av desse 33 er 23 knytt til små helgastillingar under 20% stilling.

HMS

Bu- og habiliteringsavdelinga har HMS-planar i alle ledd. Ingen tilsyn i 2015.


Økonomi

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Rekneskap 2013
Brutto utgifter	51.156	49.079	48.271	47.465	46.126
Brutto inntekter	16.037	11.213	(14.898)	(11.181)	(15.094)
Netto driftsutgifter	35.119	37.866	33.373	36.284	31.032
Meir / mindreforbruk (-)	(2.747)		(2.710)		(3.668)

*Mindreforbruk på grunn av vakansar, innstramming av vikarinnleige og meirinntekt statstilskot.

KOSTRA

Korrigerte brutto driftsutgifter per mottakar av heimetenester (i kroner), konsern



Bu- og habiliteringsavdelinga sit hovudvirke er knytt til levering av heimetenester. Statistikken viser at Herøy kommune samla sett har ei svært kostnadseffektiv drift.

Herøy kommune (gul linje)	Møre og Romsdal (rød linje)	Landet u/Oslo (grøn linje)
163 343,-	255 047,-	237 314,-

Lokalsamfunn

Avdelinga informerer om nyhende og tenestetilbodet på kommunen sine heimesider, og til dels i lokalavisa. Avdelinga er med i kommunale og interkommunale møtepunkt knytt til utvikling av tenestene i tråd med dei samfunnsmessige behov.

Viktige hendingar i 2015

- Ferdigstilling av Toftestøvegen 11.

Hovudutfordringar/prioriteringar 2016

- Omorganisering, omstilling, vakansar og evt. nedbemanning av organisasjonen.
- Press på auke i tenesteleveranse.
- Arbeide for å finne ei teneleg vikarløysing i avdelinga.
- Planlegge for framtidig dagtilbod/ressurssenter til det beste for Herøysamfunnet.
- Auka nærvær i avdelinga har kontinuerleg fokus.

Kulturavdelinga

Kulturavdelinga omfattar: Fosnavåg konserthus, Fosnavåg kino, Herøy Folkebibliotek, Herøy Frivilligsentral, Herøy kulturhus, Herøyhallen, ungdomsseksjonen og kulturkontoret.

Avdelinga skal fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk. Arbeidet skal koordinere statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd med personar, lag, organisasjonar og næringsliv, for utvikling av aktivitet, trivsel og utbygging av anlegg for kultur, idrett og friluftsliv.

Tal i heile tusen	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Budsjett 2014
Brutto utgifter	21 007 788	18 027 576	16 659	15 249
Brutto inntekter	-12 295 902	-9 505 744	8 869	7 230
Netto driftsutgifter	8 711 886	8 521 832	7 790	8 019
Meir/mindreforbruk (-)	-190 054		228	

Årsverk

	2015	2014	2013	2012	2011
Talet på årsverk - (faste og *midlertidige)	11,19	11,39	9,09	9,4 (8,6)	8,9 (8,1)
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200					
Fagressurs teneste	11,19	11,39	9,09	9,4 (8,6)	8,9 (8,1)

**4 ungdomar med midlertidig tilsetjing ved kinoen. Timetilsette ved fritidsklubben er ikkje medrekna*

Kulturavdelinga hadde i 2015 13 (13) fast tilsette.
I tillegg er det tilsett:
- 4 ungdomar (pluss 2 vikarar) som til saman utgjer 0,5 års engasjement knytt til kinoen
- 8 ungdomar (pluss 2 vikarar) som til saman utgjer 1 års engasjement knytt til fritidsklubben

Antal i 100 %	7
Antal i deltid over 50 %	5
Antal i deltid under 50 %	1

Målsetting

Hovudmål (strategi)	Taktikk/tiltak	Evaluering
På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/ spydspiss?	*Bidra til å utvikle Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino til å «Bli et senter for konsert, kino og kulturaktiviteter samt reiseliv og kurs/konferanser i regionen»*	Billettsalet ved konserthuset for 2015 syner ein auke på 75,6% frå 2014. Av dette utgjorde billettsalet ved kulturhuset 9,5%. Imidlertid er grunnlaget for dei to åra ulike, då konserthuset fyrst opna i oktober -14, og kulturhuset var den einaste arenaen før dette. Billettsalet ved kinoen auka med 98 % frå 2014 til 2015. Samanlikna med dei andre kulturhusa i regionen kan Herøy vise til best resultat. Mange besøkande kjem frå Ulstein, Hareid, Ørsta, Volda,

	Bidra i arbeidet med detaljregulering av øya Herøy med kringliggjande områder for å kunne leggje til rette for utvikling av eksisterande og nye kulturtilbod.	Ålesund m.fl., i tillegg til Herøy Fyrste del av arbeidet er starta opp i regi av utviklingsavdelinga. Kulturavdelinga si rolle har vore å bidra til at aktuelle moment vert belyst og at relevante aktørar på kulturfeltet gir innspel til arbeidet.
Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid og legge grunnlaget for eitt tverrfagleg samarbeid?	*Avdelinga sine etablerte og nye aktivitet skal fortsatt skje i samhandling med andre kommunale avdelingar og offentlige instansar, privat næringsliv og frivillige aktørar.*	Etablerte aktivitetar er vidareført og fleire nye aktivitetar er starta, bl.a: - Barnas Turlag saman med nye frivillige - Barneboktua på Herøy gard saman med Aasen-Tunet - Språkkafé på biblioteket saman med Bulyst og NAV - UKM fylkesmønstring saman med Møre og Romsdal Musikkråd og fylkeskommuna - Sommar- og jul på Herøy saman med kystmuseet

Økonomi

Hovudmål (strategi)	**Taktikk/tiltak**	**Evaluering**
1. Avdelinga misser ein 50 % ved utgangen av 2015. Som konsekvens av dette vil avdelinga gjennomgå og vurdere avvikling av oppgåver og/eller reduksjon i tenestenivå.	*Kunnskapsoverføring til nye ansvarlege vedr.:* - *Idrettsanlegg* - *Den kulturelle spaserstokken (DKS)* - *Den kulturelle skulesekken* - *Utarbeiding av kulturminneplan* - *Folkehelse*	- Idrettsanlegg. Opplæring gitt og overført kulturleiar. - DKS. Opplæring gitt og oppgåve overført til leiar frivilligsentral. - Skulesekken. Opplæring gitt og oppgåve overført til arrangementsleiar. - Kulturminneplan. Ikkje etablert grunna ressursmangel. Arbeidet overført til 2016. - Folkehelse. Gjennomført møte med rådmann, UTV og BFH for status. Arbeidet fortset i 2016.
2. Avdelinga vil vidareføre fokus på kulturhuset og idrettshallen som heilheit for å redusere kostnader	- *Flytte Frivilligsentralen til kulturhuset* - *Skalsikring og sonesikring for eit meir sjølvdrive hus* - *Redusere bruk av overtid*	- Overført 2016 grunna at det ikkje er etablert nye lokalar for IKT-avdelinga. - Overført til 2016 grunna at eigedomsavdelinga ikkje har

og auke inntektene, samt nytte ressursane betre.	- *Revidere og vedta nye leigesatsar*	hatt høve til å gjennomføre oppgåva. - Overtid redusert med kr. 90' frå 2014 til 2015. - Saka er ferdig vurdert frå kuturhusstyret og vil bli fremja for politisk behandlinga i byrjinga av 2016.
3. Avdelinga vil ha særleg fokus på kostnader og inntekter i konserthuset og kinoen med mål å finne best mogeleg driftsnivå både i lys av den kommunale økonomien og marknaden.	- *Etablering av rutiner basert på erfaring etter fyrste heile driftsår* - *Evaluere samarbeids-avtalen med Thon Hotel Fosnavåg*	- Det er gjennomført fleire møter med økonomiavdelinga samt revisor for etablering av ulike rutinar. Arbeidet vil fortsetje i 2016. - Tilsette ved konserthus/kino har faste møter med hotellet knytt til drift og utvikling av tilboda. I tillegg er det planlagt gjennomgang og vurdering av samarbeidsavtalen mellom partane i 2016.

Organisasjon

Hovudmål (strategi)	**Taktikk/tiltak**	**Evaluering**
1. Å vere bevisst kva som motiverer og korleis implementere desse i kvardagen er eit viktig grunnlag for god drift og utvikling. I tillegg til dei faste møta med leiarane vil vi auke tal samlingar for alle tilsette frå 2 til 4 årlege samlingar.	*Identifisere behov i leiarmøta og gjennomføre temadagar i samarbeid (alle tilsette i avdelinga)*	Det er gjennomført ein (1) temadag med intern og ekstern kommunikasjon som tema.
2. Legge til rette for dei opplæringsbehova den enkelte/seksjonane har for å bidra til at kommunen når sine mål.	*Identifisere behov gjennom leiarmøter (samla med leiarane i avdelinga)*	I samarbeid med Høgskulen i Volda og med tilskot frå Nasjonalbiblioteket har biblioteket starta eit prosjekt for opplæring av tilsette og gjennomføring av tre debattar som del av målsetjinga om utvikling av biblioteket som møteplass og debattarena.
3. Legge til rette for dei opplæringsbehova den enkelte medarbeidar har for å bidra til at seksjonen/avdelinga når sine mål.	*Identifisere behov gjennom statusmøter (enkeltvis med leiarane)*	Tilsette i alle seksjonane har delteke på aktuelle kurs og foredrag innan eige fagområde.

Tenester

Hovudmål (strategi)	Taktikk/tiltak	Evaluering
1. Når frivilligsentralen vert flytta til kulturhuset vil aktivitetane verte tilpassa iht. behov og for å nå fleire målgrupper.	*Skal målast på tal aktivitetar ved årsstart og årsslutt, samt ei vurdering av trivsel, kvalitet og behov ved kulturhuset og sentralen etter at denne vert flytta til nye lokalar.*	Overført 2016 grunna at frivilligsentralen ikkje kunne flyttast, då det ikkje er etablert nye lokalar for IKT-avdelinga som nyttar dei aktuelle lokala no.
2. Med utgangspunkt i vedtatt budsjett og etterspørsel i marknaden finne fram til rett ressursbelastning og god drift ved konserthus og kino.	*Prøve ut og måle bemanningsbehov gjennom driftsåret.*	Som konsekvens av erfaringane gjennom fyrste heile driftsår, vert det fremja sak til politisk behandling om auke av den faste stillingsheimlen i byrjinga av 2016.
3. Re-etablere og utvikle aktiviteten i fritids-klubben etter stenging i byggefasen.	- *Re-etablere aktiviteten* - *Rehabilitere lokala etter vasslekkasjar ifm. byggefasen til badet.* - *Flytte korpslaget og korps-øvingar til festsalen for å frigi heile lokalet til fritidsklubben sine eigne aktivitetar.* - *Male opp igjen lokala.*	- PU-klubben starta opp igjen etter påske 2015. Øvrige faste aktivitetar vert starta opp når lokala er ferdig rehabilitert og rydda. - Rehabilitering gjennomført (eigedomsavdelinga) oktober. - Flytting av korpsøvingar til festsalen fyrste halvdel av 2015. - Flytting av korpslager delvis gjennomført. Restflytting vert gjennomført i byrjinga av 2016. - Ungdomsrådet planlegg måling m.m. av klubben i byrjinga av 2016.

Lokalsamfunn

Hovudmål (strategi)	Taktikk/tiltak	Evaluering
1. Fortsette arbeidet med å å gjere Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino til å «Bli et senter for konsert og kulturaktiviteter samt reiseliv og kurs/konferanser i regionen» saman med Thon Hotell og andre samarbeidspartnarar.	- *Tilby befolkninga gode kulturarrangement med bredde, høg kunstnarleg kvalitet både i ulike sjangrar og for alle befolknings- og aldersgrupper* - *Tilby befolkninga eit godt kinotilbod med høg kvalitet og god bredde* - *Sørge for at alle tenester er godt omtalt på vår heimeside slik at vi kan vere med å fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og*	Det er gjennomført: - 75 arrangement med 16887 besøkande på konserthuset - 1201 framsyningar med 27845 besøkande på kinoen - tenestene er omtalt bl.a. på eiga webside, i fleire sosiale medier, lokale og regionale aviser (papir og nett), på eigen skjerm ved Sunnmørsbadet (frå okt.-15) og gjennom distribusjon av haustprogrammet til alle

	legge til rette for deltaking i kulturaktivitetar	husstandar i Herøy, ulstein, Hareid, Sande, ørsta og Volda.
2. Fremje Friluftslivets år 2015.	- *Informasjon om satsinga* - *Etablering av aktivitetar*	- Det er gitt informasjon om satsinga primært gjennom informasjonskanalane til frivilligsentralen - barnas Turlag er etablert i Herøy
3. Fortsette arbeidet med utvikling av Herøy kulturhus og Herøyhallen, i samarbeid med brukarar av huset og eigedomsavdelinga.	- *Legge til rette for å utvikle kulturhuset til å vere ein god stad å produsere kulturopplevingar* - *Vere synleg for publikum gjennom nettstaden og sosiale medier*	- Øvingslokalitetane til korpsa er betra ifm. flytting frå fritidsklubben til festsalen - Kulturhuset har eigen nettstad og Facebookkonto

Andre utfordringar i 2015:

- **Fremje sak til politisk behandling om organisering av drifta ved Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino.**
  Konserthuset og kinoen har lagt bak seg fyrste heile driftsår og vi har gjort oss erfaringar på dei fleste områder av drifta. I samarbeid med ulike samarbeidspartar vert rutinar etablert og vidareutvikla fortløpande for å møte drift- og utviklingsbehova. Gjennom erfaringsutveksling med drivarar av liknande hus lokalt og andre stader i landet prøver vi arbeide for ein best mogleg praksis. Med bakgrunn i ovannemnte vil det bli fremja politisk sak om organisering av drifta i 2016.

- **God og hensiktsmessig leiing og drift av kulturhuset og idrettshallen.**
  Kulturhuset og idrettshallen er svært mykje nytta, og ein vesentleg del av arealet er i bruk frå kl. 8 om morgonen til kl. 22 om kvelden, både til organisert og uorganisert aktivitet, møteplass og opphaldsstad.
  Det fyrste driftsåret ved konserthuset og kinoen har tatt mykje av fokuset i året som gjekk, og dette har medført at vi ikkje har kome så langt i den vidare utviklinga av kulturhuset og idrettshallen som vi hadde planlagt. Vi har også erfart at det har tatt tid å leggje til rette for interne og eksterne samarbeids-partar i eit hus med så mange brukarar som har eit stort hjerte for - og eit nært forhold til huset.
  Vi ser også fram til at det vert fatta vedtak om ny lokalisering av IKT-avdelinga slik at dei andre aktørane og aktivitetane kan finne sin plass og sin aktivitet ved huset. Det er i løpet av 2015 utarbeidd framlegg til rådmannen om ny organisering av huset. Iverksetjing av ny organisering vil skje i samband med eigedomsavdelinga si gjennomføring av skal- og sonesikring i 2016.

UTVIKLINGSAVDELINGA

Tenester og oppgåver i avdelinga

Planlegginga skal samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Gjennom planlegging skal det leggjast til rette for at arealbruk og utbygging vert til størst mogleg gagn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegginga skal det spesielt leggjast til rette for å sikre born gode oppvekstvilkår.

Tenester/arbeidsoppgåver

- Samfunnsplanlegging (Kommuneplan, kommunedelplanar, reg.planar m.v.)
- Byggesaksbehandling
- GIS/Oppmåling
- Vassforsyning
- Naturforvaltning og friluftsliv

Mål	**Måloppnåing**
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	I 2015 er talet på ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) innanfor eit akseptabelt nivå.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Fylkesmannen stadfesta 3 klagesaker i tråd med kommunen sine vedtak, av totalt 3 saker.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkjing i 2015. Det har ikkje vore særskilde avvik på behandlingstid i bygge- og delesaker.
Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) skal vere så lavt som råd.	I løpet av 2015 er det registrert inn 486 (572) nye saker medan det vart produsert 466 (506) vedtak. Å optimalisere saksbehandlinga har fortsatt fokus i avdelinga.
Saksbehandlingstida for oppmålings-forretningar skal vere kortare enn lands-gjennomsnittet og kurante saker skal ha ei maks. behandlingstid på 12 veker (frå behandla delesak til tinglyst matrikkelbrev).	I 2015 vart det utarbeidd/ferdigbehandla 111 (81) matrikkelbrev. Det har vore eit utfordrande år då avdelinga har hatt mindre bemanning enn normalt. Avdelinga arbeider likevel godt og systematisk. Ein har hatt streng prioritering av saker med bakgrunn i personalsituasjonen.

Planlagde tiltak og investeringar	Gjennomføring
Vidareføre arbeidet med gjennomgang, rydding og ajourføring av gards- og bruksnummerarkivet.	Prosjektet med å scanne heile gards og bruksnummerarkivet er på det næraste ferdig med endeleg sluttdato mars 2016.
Halde fokus også på øvrige relevante tiltak som kan innebere redusert saksbehandlings-tid og saksetterslep for dispensasjons-, dele- og byggesaker.	Avdelinga arbeider kontinuerleg med tiltak som kan effektivisere og kvalitetssikre saksbehandlinga.
Følgje opp serviceavtalen med servicetorget.	Ein held jamnleg kontakt med Servicetorget med sikte på oppfølgjing av avtalen mellom Utviklingsavdelinga og Servicetorget.
Meir aktiv bruk av lokalavis og internett.	Alle planar vert lagt på nettet i samband med off. ettersyn/høyringar. Også anna aktuelt stoff frå avdelinga vert tidvis presentert.
Fortsatt utvikling av kartsystema på internett.	Vedlikehald og vidareutvikling av kartbasane vert gjort fortløpande, men dette arbeidet har hatt mindre prioritet då ein har mangla personalressursar.
Vidareføre arbeidet med oppdatering av rutiner og samordne desse med andre avdelingar.	Det har i løpet av 2015 vore arbeidd særskilt med samordning mot andre avdelingar. Vidare har oppdatering og ajourføring av gjeldande rutiner i Kvalitetslosen hatt fokus.
Det skal gjevast førebels svar i samsvar med forvaltningslova og e-post skal følgjast opp i samsvar med interne retningsliner for e-post.	Bygge opp og halde ved like kommunens omdøme er ei prioritert sak i avdelinga. Dette har fokus også i 2015.
Vidareføring av systematisk statistikkføring og oppfølgjing av saksbehandlinga.	Statistikkføringa har gitt ein god oversikt over innkomne og behandla saker. Ordninga har i løpet av året vorte vidareutvikla som reiskap for eit målbevisst arbeid med reduksjon av tidlegare opparbeidd saksetterslep.
Følgje opp Kvalitetslosen innanfor aktuelle område i avdelinga.	Avdelinga jobber systematisk og målretta for å nytte Kvalitetslosen på ein best mogleg måte.
Talet på klager etter forvaltningslova skal registrerast.	Talet på klager vert registrert i tilknyting til avdelinga si statistikkføring. 3 (9) klager på forvaltningsvedtak vart avgjort i 2015 (reduksjon på 6 frå forrige år).

Det vert lagt vekt på å kvalitetssikre og effektivisere saksbehandlinga gjennom

vidareutvikling av rutiner og samordning innan avdelinga og på tvers av avdelingar. Avdelinga har eit særleg fokus på byggesaker, oppmåling og effektivisere planprosessane gjennom stram prioritering av planoppgåver.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog.

I tilknyting til dei vanlege høyringsrundane for plansaker med offentleg ettersyn har avdelinga alltid kontakt med grunneigarar/brukarar, der ein drøftar ulike problemstillingar med sikte på å finne optimale løysingar for dei som vert berørt av planen. For einskilde plansaker vert det også arrangert opne møte med sikte på å orientere om, drøfte og få innspel til den vidare saksbehandlinga.

Organisasjon:

Årsverk

	2015	**2014**	**2013**	**2012**	**2011**	**2010**	**2009**
Talet på årsverk	6,0	7,0	7,0	7,0	7,0	6,9	6,8
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Fagressurs teneste	5,6	6,6	6,6	6,6	6,6	6,4	6,1

Økonomi:

Utviklingsavdelinga

Tal i heile tusen

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Brutto utgifter	9913	8677	7836	7736
Brutto inntekter	(6142)	(2884)	(2725)	(2986)
Netto driftsutgifter	3770	5792	5112	4750
Meir / mindreforbruk (-)	(2022)		(1194)	(850)

Samla sett hadde utviklingsavdelinga eit positivt netto rekneskapsresultat på om lag 2 000 000 kroner..

Lokalsamfunn

Avdelinga har elles hatt eit svært aktivt år med mange store og små planoppgåver der 12 (7) planopgåver vart avslutta. Rulleringa av planprioriteringa vart elles behandla på vanleg måte.

Ei rekkje viktige planar som har vore under arbeid i 2015 vert vidareført i 2016. Ein nemner hovudplan for vassforsyning, strategisk næringsplan. I tillegg til desse planoppgåvene er det etablert prosjekt for Byutvikling for Fosnavåg, miljømudring Fosnavåg hamn og kryssing av Vaulane. Desse områda vil ha særskild merksemd framover.

Viktige hendingar i 2015

- Adresseprosjektet fullført
- God framdrift på planarbeidet
- Fase 1 i byutvikling Fosnavåg ferdigstilt
- God framdrift på grunnkjøp

Følgjande planoppgåver er i løpet av 2015 sluttbehandla og avslutta:

- Detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg på Moltu
- Områdeplan Fosnavåg hamn
- Detaljregulering for Eggesbøjorda - FKO område
- Detaljreguleringsplan for Huldal
- Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt
- Detaljreguleringsplan Myklebustvatnet vest II
- Detaljregulering for indre Herøy kyrkje-Stokksund
- Reguleringsendring Trolldalen
- Reguleringsendring sjukeheimsområdet
- Detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg til Sandvika
- Detaljreguleringsplan for Lanternen marina
- Detaljreguleringsplan for gnr. 37, bnr. 222 mfl. Eggesbø – slutthandsaming

Hovudutfordringar/prioriteringar 2016

- Etablere ei god og effektiv avdeling der samhaldet står i fokus
- Følgje opp planprioriteringa 2016
- Følgje opp anleggsprioritering 2016
- Sjå på tiltak som effektiviserer handsaming av bygge og delesaker
- Redusere ventetid på oppmåling til eit minimum.
- Starte opp kvalitetsprosjekt på matrikkel og eigedomskart
- Fullføre scanning av byggesaksarkiv
- Ei sterk satsing på GIS
- Vidareføre byutviklingsprosjektet for Fosnavåg, fase 2
- Følgje opp miljøprosjekt Fosnavåg hamn

- Optimalisere kjøp og sal av eigedomar
- Følgje opp kommunereformarbeidet
- Trafikktrygging
- Gå vidare med sak om vassforsyninga i kommunen
- Gå vidare med sak om hamneforvaltning

ÅRSRAPPORT 2015

ANLEGGS- OG DRIFTSAVDELINGA

Tenester og oppgåver i avdelinga

Avdelinga skal dekkje innbyggjarane/brukarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innanfor følgjande tenester, samt sikre avgifts- og gebyrpålagde tenester til rett pris:

- Idrett
- Sentrum og grøntanlegg
- Veg- og gatelys
- Vegvedlikehald
- Hamner
- Avløp
- Førebygging av brann og ulukker
- Brann og ulukkesberedskap
- Feiing

Avdelinga skal i tillegg gjennomføre anleggs- og byggeprosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggarane/brukarane gode og funksjonelle anlegg og bygg med eit minimum av framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vidare skal avdelinga sikre innbyggarane ein så god brann- og ulukkesberedskap som mogleg ut frå føresetnadene om å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø. Avdelinga skal elles drive førebyggande arbeid innan brann og ulukke for å førebygge mot skade på helse, liv, eigedom og miljø.

Mål	**Måloppnåing**
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad. Dette er eit kontinuerleg arbeid som ein stegvis innarbeider i den daglege drifta då omfanget av dei ulike tenestene er i endring.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Rutinene innan dei ulike tenestene har vorte gjennomgått og ein har fått ned ventetidene innan fleire av tenestene. Arbeidet med å betre rutinene vil måtte halde fram etter kvart som ein ser behovet for endringar.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Ein har ikkje registrert skriftlege klager etter forvaltningslova.

Planlagde driftstiltak og investeringar	**Gjennomføring**
Avdelinga skal ha fokus på framdrifta og avslutning av investeringsprosjekta etter kvart	Avdelinga har hatt fokus på framdrifta og avslutning av investeringsprosjekta ved gjennomføring av faste prioriterings- og framdriftsmøte.

som dei blir ferdigstilte/tekne i bruk.	
Trygge prosedyrar for anbods- og kontraktsoppfølging.	Kvalitetssikringsrutinene for innkjøp har vorte følgde.
Faste avdelingsmøte/samlingar med fokus på økonomi, framdrift, effektivisering og fråvær m.m.	Avdelingsmøter har vorte gjennomført.
Nærværsmålet for Anleggs- og driftsavdeliga og BRANN vert sett til 97%.	Nærværet har vore innafor målsettinga.
Tilsyn etter §13 i Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v.	Ein har ikkje nådd målsettinga om tilsyn i alle objekt i 2015.
Hamneavgifter	Sak om hamneavgifter m.m vart lagt fram for MTK den 28.04.2015 etter gjennomført off.ettersyn. MTK tok saka til vitande og ba om at saka vart lagt fram for realitetshandsaming så snart dei juridiske spørsmåla vart avklara. Ein kom ikkje så langt i 2015.
Innkjøp av mannskapsbil og tankbil til brannvernet	Gjennomført.

Utbyggingsavtalar	Utbyggingsavtalar med private har vorte oppfølgde i den grad det har vore naudsynt.
Ny bru til Herøy gard	Ikkje gjennomført.
Leikanger skule - parkering/snuplass	Planlegging utsett til 2016.
Prosjektere og bygge leidningsanlegg Moltu - avlaup	Ferdigstilt sommaren 2015.
Eggesbøvegen – avlaupsleidningar frå krysset med Grønhaugvegen til KIWI	Ferdigstilt hausten 2015.
Pumpeleidning frå Vågsholmen til Ytre Almenning – samarbeid Herøy Vasslag	Ikkje gjennomført. Avventar utbyggars framdrift på Vågsholmen.
Vassforsyning Bø-Arhaug – utgreiing alternativ. F-sak 101/14	Ikkje gjennomført.
Opparbeiding Allmenningen – samanbinding mellom Fosnavåg	Restopparbeiding utsett til 2016.

Brygge og hotellet m.m.	
Vegarm frå Myklebust til Campus	Ferdigstilt hausten 2015.
Myrabakken bustadfelt	Planlegging/bygging flytta til 2016.
Rassikring Vikane	Prosjektet stansa pga. uavklara ansvarsforhold og utfordringar med omsyn til val av sikringsmetodar. Avklaring utsett til 2016.
Veg over Kleppeåsen – oppgradering delstrekningar	Ferdigstilt hausten 2015.
Mjølstadneset ind. område – tilrettelegging myrdeponi	Gjennomført.
Mjølstadneset ind. område – delutbygging infrastruktur	Gjennomført.
Dreneringstiltak bustadområde – Remøy, Leinane og Sævik	Remøy gjennomført. Resten utsett til 2016.
Nørvågen – avlaupsanlegg	Utsett.

Gjennomføring av ein del planlagde driftstiltak og investeringar har vorte forseinka i forhold til oppsette målsetjingar. Årsakene til dette er samansette og skuldast m.a. manglande kapasitet i avdelinga, manglande finansiering, uføresette krav om regulering, forsinka levering av planar frå innleigde konsulentar og utfordringar knytt til grunnerverv m.m.

Organisasjon:

Årsverk

	2015	2014	2013	2012	2011
Talet på årsverk Anlegg og drift	12,8	12,8	12,0	12,0	10,3
Talet på årsverk Brann	3,0	3,0	3,0	3,0	2,5
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3
Fagressurs teneste	15,8	15,8	14,7	14,7	12,5

I Brannvernet sine tal er det også teke med samla stillingsheimel for 30 deltidsmannskap dvs. totalt omlag 0,6 stillingsheimel. I 2015 har 1 stilling stått vakant heile året medan 2 stillingar var vakante frå 1. august.

Tenestene

Rutinane er innskjerpa når det gjeld førebels svar. I dei tilfelle svar ikkje kan gjevast innafor fristen, vert det sendt ut mellombels svar. Rutinar og anna dokumentasjon vert lagt i Kvalitetslosen snarast råd.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog

Mykje av avdelinga sin dialog med brukarane vert styrt gjennom lov- og forskriftsverk. Avdelinga søkjer elles, der det er rom for skjøn, å tilpasse tenestene etter dei ønskje og behov som kjem fram frå brukarane.

Økonomi:

Tal i hele tusen

	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
Brutto utgifter	39 830	40 386	41 163	39 578	34 040
Brutto inntekter	(23 141)	(24 426)	(24 447)	(23 483)	(19 797)
Netto driftsutgifter	16 689	15 960	16 715	16 095	14 243
Meir / mindreforbruk (-)	729		(525)	984	1 058

Kommentar til 2015 rekneskapen:
Meirforbruket i 2015 skuldast svikt i forventa inntekter på Hamn pga. at innkreving av hamneavgifter ikkje vart innført. Vidare vart det eit meirforbruk på Idrett pga. at betaling til ulike lag/organisasjonar ikkje var tilstrekkeleg budsjettert. Tenestene elles enda om lag som budsjettert.

Lokalsamfunn

- Avdelinga har også i 2015 fokusert på internkontroll og kvalitetsforbetring av tenestene. Den positive utviklinga med nedgang i talet på klager har halde fram. Dette er svært gledeleg og ein ser det som eit klart teikn på at ein har fått betre kvalitet på tenestene. Ein del av årsaka til denne positive utviklinga har nok også samanheng med betre informasjon til brukarane.

I 2015 har ein også fokusert på samfunnstryggleik og beredskap i det daglege. Tilsyn i særskilde brannobjekt(§13 bygg) har vore prioritert.

Viktige hendingar i 2015

- Bygging av avskjerande avlaupsleidning Moltu med pumpestasjon, slamavskiljar og sjøføringsleidning
- Avlaupsanlegg Eggesbøvegen
- Bygging av veg frå Myklebust til Campus
- Delutbygging av vegar og tekniske anlegg på Mjølstadneset ind.område
- Ny brannbil til Fosnavåg stasjon
- Ny tankbil til Myrvåg stasjon
- Nødnett teke i bruk

Hovudutfordringar/prioriteringar 2016

- Anleggs- og driftsavdelinga vert frå 01.01.2016 slått saman med Utviklingsavdelinga. Sjå årsrapport for Utviklingsavdelinga.

Årsrapport 2015

Tenester og oppgåver i avdelinga

Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og vidare utvikling (FDVU) av kommunal bygningsmasse på vegne av kommunestyret som eigar.

Forvaltaransvaret

Forvaltaransvaret omfattar oppgåver som kjøp og sal av bebygd eigedom, inn- og utleige av formålsbygg og utleigebustadar, utarbeiding av forsikringsavtalar, oppfølging av forsikringssaker innanfor tingsområdet, fleire kommunedelplanar, økonomisk planlegging og styring samt personalansvar.

Driftsansvaret

Driftsansvaret omfattar alle oppgåver og rutiner som er naudsynte for at bygningar og tekniske installasjonar skal fungere som planlagt. Dette omfattar mellom anna styring av tekniske installasjonar, forsyning av vatn, energi, renovasjon og reinhald.

Vedlikehaldsansvaret

Vedlikehaldsansvaret omfattar planlegging og gjennomføring av bygningsmessige tiltak for å oppretthalde bygningar og tekniske installasjonar på eit fastsatt kvalitetsnivå.

Utviklingsansvaret

Utviklingsansvaret omfattar planlegging og gjennomføring av kommunale byggeprosjekt. Ansvaret vart overført til eigedomsavdelinga i 2015 frå anlegg- og driftsavdelinga som vart slått saman med utviklingsavdelinga.

Mål og måloppnåing

Økonomi

Rekneskapen for 2015 syner at avdelinga i 2016 må arbeide vidare for å redusere driftskostnadane samt styrke oppfølginga av kommunale investeringsprosjekt.

Organisasjon

Eigedomsavdelinga har i 2015 fortsatt arbeidet med å omorganisere reinhaldet ved kommunale bygg til ein meir robust, fleksibel og effektiv organisasjon. Arbeidet har gitt gode resultat og vert prioritert vidareført i 2016.

Tenester

Eigedomsavdelinga tok over ansvaret for kommunale byggeprosjekt etter at anlegg- og driftsavdelinga vart slått saman med utviklingsavdelinga. Eigedomsavdelinga har såleis hovudansvaret for kommuanale bygg frå A til Å.

Lokalsamfunn

Eigedomsavdelinga fekk politisk aksept for ei utbygging av Leikanger skule og grendahus, herunder rehabilitering av fasader og ventilasjonsaggregat for eksisterande skulebygg.

Organisasjon
Eigedomsavdelinga hadde i 2015 omlag 30 årsverk og 55 tilsette:

Årsverk	2015	2014	2013	2012
Sum årsverk	30,1	30,1	30,1	30,1
Adm. årsverk,	2	2	2	2
Fagressurs	28.1	28.1	28.1	28.1

Administrative årsverk omfattar eigedomsleiar og reinhaldsleiar.

Økonomi
Økonomiavdelinga bes om å bidra med endelege tal.

KOSTRA
KOSTRA 2015 syner at Herøy kommune har færre kommunale utleigebustadar pr. 1000 innbyggarar enn fylket elles. Det påpeikte også eigedomsavdelinga i sitt forslag til kommunedelplan for bustadpolitikk. Avdelinga vil i 2016 fremje ein strategi for vidare utbygging av butilbod.

HERØY KOMMUNE

Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2016/683
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
133/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

JUSTERING AV EIGARDEL - INTERKOMMUNALT ARKIV FOR MØRE OG ROMSDAL IKS

Tilråding:

Endring av eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS, organisasjonsnummer 982330459.

Herøy kommunestyre godkjenner endring av eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

§ 5 Innskotsplikt og eigardel
Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet.
Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

1502 Molde	6,156
1504 Ålesund	10,141
1505 Kristiansund	5,717
1511 Vanylven	1,483
1514 Sande	1,344
1515 Herøy	2,621
1516 Ulstein	2,513
1517 Hareid	1,868
1519 Volda	2,634
1520 Ørsta	2,960
1523 Ørskog	1,294
1524 Norddal	1,163
1525 Stranda	1,750
1526 Stordal	1,038
1528 Sykkylven	2,362
1529 Skodje	1,754
1531 Sula	2,617
1532 Giske	2,446
1534 Haram	2,666
1535 Vestnes	2,151
1539 Rauma	2,326
1543 Nesset	1,426
1545 Midsund	1,250
1546 Sandøy	1,087
1547 Aukra	1,535
1548 Fræna	2,769
1551 Eide	1,525
1554 Averøy	1,994
1557 Gjemnes	1,351
1560 Tingvoll	1,452
1563 Sunndal	2,260
1566 Surnadal	2,023
1567 Rindal	1,240
1571 Halsa	1,143
1573 Smøla	1,261
1576 Aure	1,538
1500 Møre og Romsdal fylkeskommune	17,142
Sum	100,00

Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.

Særutskrift:
IKA Møre og Romsdal IKS

Vedlegg:
Selskapsavtale Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS 2016

Saksopplysningar:
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) er eit interkommunalt selskap eigd av alle kommunane i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet blir styrt etter ein selskapsavtale som alle kommunestyre og fylkestinget har godkjent. §5 i selskapsavtalen slår fast at eigardelane i selskapet skal justerast kvart fjerde år ut frå folketalet.
Selskapsavtalen vart sist justert i 2012.

Representantskapet gjorde 14.04.2016 samrøystes vedtak om å oppdatere selskapsavtalen.
Selskapsavtalen, etter endringsvedtak, er lagt ved saman med avtaleteksten frå 2012. Det einaste i teksten som er endra er eigardelen. Denne paragrafen har også innverknad på §6: Ansvarsfordeling og § 8, fjerde ledd Røysterett i representantskapet. Den nye eigardelen er utrekna med utgangspunkt i folketalet pr. 01.01.2016 og eigarinnskotet/kontingenten kvar eigar betalar i 2016.

Den justerte selskapsavtalen må godkjennast av alle eigarane i vedtak i kommunestyret/fylkestinget.
Avgjerdsmynde i denne saka kan ikkje delegerast i følgje Lov om interkommunale selskap.
Alle eigarane må fatte likelydande vedtak, og vi legg difor ved framlegg til vedtak.

Fosnavåg, 01.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Selskapsavtale – Interkommunalt arkiv for

Møre og Romsdal IKS 2016-2020

SELSKAPSAVTALE FOR

INTERKOMMUNALT ARKIV FOR MØRE OG ROMSDAL IKS

§ 1 Namn

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKA) er ei interkommunal verksemd som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999. Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunar i Møre og Romsdal og interkommunale selskap kan vere deltakarar i selskapet.

Selskapets firma er "Interkommunale arkiv for Møre og Romsdal IKS".

Selskapet har følgjande deltakarar:

Namn	**Org. nr.**	**Namn**	**Org. nr**
Molde kommune	944 020 977	Vestnes kommune	939 901 965
Kristiansund kommune	945 281 871	Rauma kommune	864 980 902
Ålesund kommune	942 953 119	Nesset kommune	864 981 062
Vanylven kommune	964 281 871	Midsund kommune	964 981 159
Sande kommune	822 534 422	Sandøy kommune	964 981 248
Herøy kommune	964 978 840	Averøy kommune	962 378 064
Hareid kommune	964 979 278	Fræna kommune	845 241 112
Ulstein kommune	964 979 456	Eide kommune	945 685 263
Ørsta kommune	939 461 450	Gjemnes kommune	964 981 426
Ørskog kommune	864 978 932	Tingvoll kommune	964 981 515
Norddal kommune	939 396 268	Sunndal kommune	964 981 604
Stranda kommune	964 980 098	Surnadal kommune	964 981 892
Stordal kommune	964 980 276	Rindal kommune	940 138 051
Sykkylven kommune	964 980 365	Aure kommune	988 913 898
Skodje kommune	964 980 454	Halsa kommune	962 350 526
Sula kommune	964 980 543	Smøla kommune	945 012 986
Giske kommune	964 980 721	Møre og Romsdal fylkeskommune	944 183 779
Haram kommune	964 980 810		
Volda kommune	939 760 946		
Aukra kommune	964 981 337		

§ 2 Rettsleg status

Verksemda er eit eige rettssubjekt, og arbeidsgjeveransvaret ligg til styret.
Verksemda skal registrerast i Foretaksregisteret.

§ 3 Hovudkontor

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

§ 4 Føremål og ansvarsområde

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemene eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal vere depotinstitusjon for medlemmenes melde- og konsesjonspliktige arkiv i høve til Personopplysningslova.

Selskapet skal i samråd med medlemene arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemene, m.a. ved å bistå i utarbeiding av arkivplan og oppbygging av medlemenes arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og bistå med anna arkivarbeid for medlemene.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemens del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha eigne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemene, eller medlemene vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor arkivets hovudføremål.

Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom arkivets ordinære arbeidsoppgåver, blir det søkt finansiering mellom medlemer eller andre som spesielt ønskjer prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betaler for tenestene og det ikkje går ut over arkivets hovudoppgåver.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmande. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

§ 5 Innskotsplikt og eigardel

Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

1502 Molde	6,156
1504 Ålesund	10,141
1505 Kristiansund	5,717
1511 Vanylven	1,483
1514 Sande	1,344
1515 Herøy	2,621
1516 Ulstein	2,513
1517 Hareid	1,868
1519 Volda	2,634
1520 Ørsta	2,960
1523 Ørskog	1,294
1524 Norddal	1,163
1525 Stranda	1,750
1526 Stordal	1,038
1528 Sykkylven	2,362
1529 Skodje	1,754
1531 Sula	2,617
1532 Giske	2,446
1534 Haram	2,666
1535 Vestnes	2,151
1539 Rauma	2,326
1543 Nesset	1,426
1545 Midsund	1,250
1546 Sandøy	1,087
1547 Aukra	1,535
1548 Fræna	2,769
1551 Eide	1,525
1554 Averøy	1,994
1557 Gjemnes	1,351
1560 Tingvoll	1,452
1563 Sunndal	2,260
1566 Surnadal	2,023
1567 Rindal	1,240
1571 Halsa	1,143
1573 Smøla	1,261
1576 Aure	1,538
1500 Møre og Romsdal fylkeskommune	17,142
Sum	100,00

Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.

§ 6 Ansvarsfordeling

Dei enkelte deltakarane heftar med heile formuen si for sin aktuelle del av selskapets samla skyldnader.

§ 7 Selskapets organ

Selskapet skal ha følgjande tre organ:

- Representantskapet
- Styret
- Dagleg leiar

§ 8 Representantskapet

Det øvste organet for verksemda er representantskapet, der deltakarane oppnemner sine respektive representantar. Kvar deltakar skal ha 1 – ein - representant.

Valet gjeld for den kommunale valperioden.

Representantskapet konstituerar seg sjølv og vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Ved votering i representantskapet skal representantane si stemme telle ulikt og i høve til deltakaranes eigardel, jf. § 5.

Deltakarane har instruksjonsmynde overfor sine representantar i representantskapet, medan representantskapet har instruksjons- og omgjeringsmynde overfor styret.

§ 9 Representantskapets møter

Det skal innkallast til ordinært representantskapsmøte innan utgangen av april månad. Innkalling til ordinært representantskapsmøte skal skje skriftleg med minst fire vekers varsel, og skal innehalde ei saksliste. Med tilsvarande frist skal også dei einskilde deltakarane varslast.

Ordinært representantskapsmøte behandlar:

1. Årsmelding og rekneskap
2. Val til styret
3. Overordna mål og retningslinjer for drifta
4. Økonomiplan, budsjettføresetnader og -rammer
5. Rammer for låneopptak og tilskot frå deltakarane
6. Andre saker som er førebudd ved innkallinga

Representantskapets leiar kallar inn representantskapet. Leiaren skal sørgje for at det blir ført protokoll frå møta. Protokollen skal normalt lesast opp og underteiknast av representantskapets medlemer ved møtets avslutning.

Ekstraordinært representantskapsmøte til behandling av særskilt nemnde spørsmål skal innkallast skriftleg med to vekers varsel når to styremedlemer eller eitt/fleire representantskapsmedlemer ber om det eller om representantskapets leiar finn behov for det.

Styrets leiar og dagleg leiar har møteplikt i representantskapet, og alle styremedlemene og dagleg leiar har møte- og talerett.

Representantskapet er vedtaksfør når minst halvdelen av medlemene er til stades, og desse representerer minst to tredeler av stemmene.

§ 10 Budsjettbehandlinga

Representantskapet vedtek budsjettføresetnader og budsjettrammer for det påfølgjande kalenderår.

Styret førebur representantskapets behandling av budsjettføresetnader og budsjettrammer. Dersom styrets forslag går ut over tidlegare føresetnad eller har konsekvensar som går ut over rammene i deltakarane sin økonomiplan, skal representantskapet og deltakarane gjerast merksam på dette. Det same gjeld om styret må fremme forslag til endringar i vedtekne budsjettføresetnader for verksemda.

Styret vedtek detaljert budsjett innanfor budsjettføresetnader og budsjettrammer gjevne av representantskapet. Ferdigbehandla budsjett skal sendast deltakarane innan 1. juni. Styret syter også for utarbeiding av økonomiplan som viser utvikling av kostnader og konsekvensar for drifta i ein fireårsperiode. Denne skal godkjennast av representantskapet og sendast deltakarane som grunnlag for deltakarane sine økonomiplanar.

Budsjett som føreset tilskot frå deltakarane, er ikkje endeleg før deltakarane sine budsjett er behandla etter kommunelova § 45, for så vidt gjeld tilskotet.

Styret skal utarbeide slike rapportar som representantskapet fastset.

§ 11 Styret

Styret blir valt av representantskapet. Representantskapet vel ei valnemnd som førebur valet. Styret skal ha 5 medlemer. Styrets leiar, nestleiar, medlemer og varamedlemer skal veljast av representantskapet for fire år. Styremedlemene skal ha personlege varamedlemer.

Halvparten av styret vert vald annankvart år

Ein representant for statsarkivet skal ha møte- og talerett i styret.

Ein representant for dei tilsette har møte- og talerett i styret når styret behandlar saker som gjeld tilhøvet mellom selskapet som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf. reglane i kommunelova § 26 nr 1.

Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer av styret.

Spørsmål om fritak av styremedlem blir behandla av representantskapet. Ved endeleg uttreden eller varig forfall, skal det gjennomførast suppleringsval for attverande del av funksjonstida.

Styret sine oppgåver er å realisere dei forventningane, bedriftsfilosofien og hovudmåla som eigarane ved representantskapet har vedteke. Styret skal setje opp delmål, legge opp strategiar, skaffe fram det nødvendige materiale for representantskapet og utøve styring gjennom det enkelte driftsår.

Styret skal føre løpande tilsyn med verksemda og har ansvar for at pålagte oppgåver blir utført i samsvar med lov, forskrifter og eventuelle pålegg. Styret syter for at saker som skal behandlast i ordinært representantskapsmøte er forsvarleg utgreidd. Styret set i verk representantskapets vedtak. Styret kan berre ta opp lån eller påføre deltakarane skyldnader i den utstrekning det ligg føre særleg vedtak om dette i representantskapet.

Styret tilset personalet. Styret kan fastsetje at dagleg leiar blir tilsett på åremål. Styret kan delegere til dagleg leiar å tilsette vikarar for inntil 6 månader.

Styret har instruksjons- og omgjeringsmynde overfor dagleg leiar.

Styret representerer selskapet utad og teiknar detsselskapets firma. Styret kan gje styreleiar eller dagleg leiar rett til å teikne selskapets firma og kan fastsette at dei som har slik rett, må utøve den i fellesskap.

§ 12 Styret sine møte

Styremøta blir leia av styreleiar. Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telle likt. Ved stemmelikskap tel møteleiar si stemme dobbelt. Styret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemene er til stades, inkludert møtande varamedlemer. Styrets leiar syter for at det blir ført protokoll frå styremøta. Protokollen skal normalt lesast opp og underteiknast ved styremøtets slutt.

Kommunelova sine reglar i § 40 nr 3 om habilitet skal gjelde ved behandling av saker i styret og i representantskapet.

Dei tilsette sin representant har ikkje rett til å vere til stades ved behandlinga av saker som gjeld arbeidsgjevars førebuing til forhandlingar med arbeidstakarane, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidsgjevarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

§ 13 Dagleg leiar

Dagleg leiar administrerer verksemda og har ansvaret for at alle arbeidsoppgåvene blir utført i samsvar med gjeldande reglar.

Dagleg leiar er styrets sekretær og saksbehandlar. Vedkomande har tale- og forslagsrett i styrets møte, dersom ikkje styret i enkeltsaker vedtek at vedkomande ikkje skal kunne møte.

§ 14 Organisering av tilsynsfunksjonar

Dagleg leiar skal til ein kvar tid halde styret orientert om alle forhold av betyding for verksemda og om økonomi og personalforhold. Vedkomande skal rapportere til styret på ein slik måte og så ofte som situasjonen tilseier det og styret elles måtte bestemme. Styret skal syte for at representantskapet har nødvendig oversikt og i tide kan førebu nødvendige disposisjonar. Representantskapets møtebøker skal fortløpande sendast til deltakarane.

§ 15 Personvern og bruk av forvaltningslov/offentlegheitslov

Selskapet skal følgje slike rutinar og saksbehandlingsreglar som er vanlege til ivaretaking av personvernet til privatpersonar.

Reglane i forvaltningslova skal gjelde for selskapet på same måte som for organ oppretta i medhald av kommunelova. Reglane i kommunelova § 31 om opne eller lukka møte skal gjelde for møta i representantskapet.

§ 16 Økonomiforvaltning

Rekneskap skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp og budsjett skal følgje budsjettforskrifter for kommunale og fylkeskommunale budsjett; jf selskapsavtalen § 24.

Verksemda skal følgje eit økonomireglement vedteke av representantskapet.

§ 17 Låneopptak og garantitilsegn

Selskapet kan ta opp lån innanfor ei ramme på kr 2 000 000,- for selskapet sitt samla låneopptak. Selskapet kan berre ta opp lån til kapitalføremål og til konvertering av eldre gjeld. Det kan òg takast opp lån til likviditetsføremål, men slike lån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga.

Representantskapet vedtek nærare rammer for låneopptak til verksemda innanfor totalramma fastsett i selskapsavtalen.

Låneopptak skal godkjennast av departementet; jf. kommunelova § 50 nr. 1.

Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsetje sine eigendelar til trygd for andre sine økonomiske plikter. Verksemda kan ikkje sjølv låne ut pengar.

Dersom det blir kravd at dei deltakande kommunane/fylkeskommunen stiller garanti for låneopptak til verksemda, må vedtak om dette gjerast av dei respektive kommunestyra/-fylkestinget. Den enkelte deltakar

garanterer for sin del av lånet som tilsvarar eigardelen. Det er ein føresetnad at ev. garantitilsegn skjer i samsvar med reglane i kommunelova § 51 nr. 2.

§ 18 Arbeidsgjevartilknyting

Verksemda skal vere medlem av Kommunanes Sentralforbund.

§ 19 Arbeidsgjeveransvar

Styret har det formelle arbeidsgjevaransvaret for dei personane som til ein kvar tid er tilsette i verksemda. Styret har ansvaret for at arbeidstakarane sine rettar etter arbeidsmiljølova blir ivaretekne.

§ 20 Personalreglement

Representantskapet kan vedta eit eige personalreglement for dei tilsette i verksemda.

§ 21 Lokale lønnsforhandlingar

Styrets leiar eller dagleg leiar ivaretek selskapets interesser under lokale forhandlingar. Styret vedtek forhandlingsresultatet.

§ 22 Møtegodtgjersle m.v.

Godtgjersle for møte m.v. til leiar og medlemer av styret blir utbetalt etter reglement fastsett av representantskapet. Medlemene har rett til refusjon for tap i inntekt og utgiftsdekning tilsvarande reglane i kommunelova § 41.

§ 23 Klage

Klage på tilhøve som gjeld verksemda sine oppgåver, ytingar eller tenester som er utført av selskapet, skal rettast til selskapet sitt styre. Finn ein av deltakarane grunnlag for å forfølgje saka, skal selskapet få høve til å uttale seg og eventuelt rette det påklaga tilhøvet.

§ 24 Rekneskap og revisjon

Styret har plikt til å sjå til at det blir ført lovmessige rekneskap og at det blir utført revisjon av selskapet.

Rekneskap skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp og fastsetjast av representantskapet. Representantskapet vel revisor.

§ 25 Endring av selskapsavtalen

Selskapsavtalen må vedtakast av samtlege deltakarar. Kommunestyret/fylkestinget må sjølv vedta avtalen. For deltakarar som er interkommunale selskap må vedtaket gjerast av representantskapet.

Endringar i selskapsavtalen som gjeld dei punkta som lov om interkommunale selskap § 4 tredje ledd set som minimumsinnhald i ein selskapsavtale, kan berre skje ved at deltakarane gjer eit likelydande vedtak om dette.

Representantskapet godkjenner som prinsipp at alle resterande kommunar som i dag ikkje er medlemar av IKA kan takast inn i selskapet utan at det trengst eit likelydande vedtak i samtlege kommunestyre.

Andre endringar kan vedtakast av representantskapet med tilslutning frå minst to tredeler av dei avgjevne stemmene.

Framlegg til endringar av selskapsavtalen kan fremmast av styret, representantskapet eller ein/fleire av deltakarane.

Styret skal ha høve til å uttale seg om framlegg til endring av selskapsavtalen før desse blir fremma for behandling i representantskapet og hos deltakarane.

§ 26 Utelukking, uttreden og oppløysing

Dersom ein deltakar vesentleg mislegheld sine plikter i selskapsforholdet, kan dei øvrige deltakarane samrøystes vedta at vedkomande deltakar skal utelukkast frå selskapet etter reglane i lov om interkommunale selskap § 31.

Den enkelte deltakar kan med minimum 1 1/2 års skriftleg varsel einsidig seie opp deltakinga etter reglane i lov om interkommunale selskap § 30. Oppseiinga må vere kome inn til styret seinast 1. juli.

Framlegg til oppløysing av samarbeidet må vedtakast samrøystes av representantskapet. Vedtak om oppløysing må godkjennast av samtlege deltakarar og av departementet.

Fordeling av aktiva og passiva ved eventuell uttreden eller oppløysing skal skje etter reglane i lov om interkommunale selskap § 30.

Gjennomføring av avvikling skal skje etter reglane i lov om interkommunale selskap §§ 33-38 og ev. føresegner frå departementet.

Styret plikter å melde frå om avviklinga til Foretaksregisteret.

§ 27 Voldgift

Eventuell tvist om forståing av selskapsavtalen og om fordeling av utgifter eller i samband med det økonomiske oppgjeret etter oppløysing, skal avgjerast endeleg av ei voldgiftsnemnd på tre medlemer som blir oppnemnt av fylkesmannen, om ikkje anna ordning følgjer av lov eller forskrift. Tvisten skal først søkjast løyst gjennom forhandlingar mellom partane.

§ 28 Andre reglar

For område som ikkje er direkte regulert gjennom stiftelsesavtalen, gjeld den til ein kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap.

§ 29 Verknadstidspunkt

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå det tidspunkt den er vedteken og underskriven av samtlege deltakarar.

Deltakar	**Dato**	**Underskrift/stempel**
Molde kommune	……	……
Kristiansund kommune	.....	.....
Ålesund kommune	……	……
Vanylven kommune	.....	.....
Sande kommune	.....	.....
Herøy kommune	.....	.....
Ulstein kommune	.....	.....
Hareid kommune	……	……
Volda kommune	.....	.....
Ørsta kommune	.....	.....
Ørskog kommune	.....	.....

Norddal kommune	.....	.....
Stranda kommune	.....	.....
Stordal kommune	.....	.....
Sykkylven kommune	.....	.....
Skodje kommune	.....	.....
Sula kommune	.....	.....
Giske kommune	.....	.....
Haram kommune	.....	.....
Vestnes kommune	.....	.....
Rauma kommune	.....	.....
Nesset kommune	.....	.....
Midsund kommune	.....	.....
Sandøy kommune	.....	.....
Aukra kommune	.....	.....
Fræna kommune	……	……..

Eide kommune	……	……..
Averøy kommune	.....	.....
Gjemnes kommune	.....	.....
Tingvoll kommune	.....	.....
Sunndal kommune	.....	.....
Surnadal kommune	.....	.....
Rindal kommune	.....	.....
Aure kommune	.....	.....
Halsa kommune	.....	.....
Tustna kommune	.....	.....
Smøla kommune	.....	.....
Møre og Romsdal fylkeskommune	.....	.....

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JULZAH	Arkivsaknr: Arkiv:	2014/604 K54

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
134/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

OMLEGGING OG REPARASJON AV MYRABEKKEN PÅ MOLTUSTRANDA - AVLASTINGSKANAL MOT STOREELVA, REPARASJON MYRABEKKEN OG TILTAK I STOREELVA - VEDTAK AUKA DISTRIKTSDEL TIL NVE

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke 20% distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda. Kostnaden med tiltaket er 380.000 kroner eks. mva og vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

2. Ordfører får fullmakt til å underskrive oppdatert skjema for kommunevedtak på vegne av kommunen.

Særutskrift:

- Ivar Fivelstad, NVE Region Vest, Ødegårdsvegen 176, 6200 Stranda

Vedlegg:

1. Oversiktskart datert 03.05.2016.
2. Detaljplan utarbeidd av NVE Region Vest datert 25.03.2008.
3. Kopi av k-sak 128/09 om kommunal garanti for 20% distriktsdel.
4. Kopi av brev til NVE datert 09.12.2009 om kommunevedtak for innbetaling av 20% distriktsdel, samt kopi av skjema for kommunevedtak.
5. Kopi av grunnavtalar for eigedomane der avlastningskanalen skal byggast.
6. Oppdatert kostnadsoverslag og teikningar frå NVE datert 22.04.2016.
7. Revidert kostnadsoverslag datert 03.05.2016.
8. Oppdatert skjema for kommunevedtak.

Bakgrunn:

Herøy kommunestyre vedtok i k-sak 128/09 å stille kommunal garanti pålydande kr 225.000,- eks. mva for innbetaling av 20% distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda. Oppdatert plan og kostnadsoverslag gir ein kostnad på kr 1.916.000 eks. mva og 20% distriktsdel utgjer då kr 380.000 eks. mva. Denne saka gjeld ny handsaming av distriktsdel.

Saksopplysningar:

Generelt:

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltningsoppgåver innan førebygging av flaumskader og skredulykker. Dette inneber å yte hjelp til kommunar og samfunnet elles med kompetanse og ressursar til kartlegging, arealplanoppfølging, sikring, overvaking, varsling og beredskap.

Dersom grunneigarar eller andre ønskjer bistand må søknad sendast via kommunen, og kommunen må uttale seg til søknaden før den vert sendt til NVE.

NVE kan dekke inntil 80% av kostnadane ved eit tiltak. Kommunen er ansvarleg for å dekke dei resterande 20%, distriktsdelen. Dersom kommunen ønskjer at grunneigarane eller andre skal dekke distriktsdelen heilt eller delvis, er det kommunen som må ordne dette i form av frivillige avtalar eller pålegg. Naturskadeloven §24 gir kommunane heimel til å krevje utgifter til sikringstiltak refundert av dei som eig eller festar eigedom innanfor det området sikringstiltaket vernar.

Anten NVE tek på seg alt ansvar for planlegging og gjennomføring av eit tiltak eller berre yter bistand i form av tilskot til, vil kommunen måtte stå som formell tiltakshavar. Derfor må kommunen stå som formell byggherre etter byggherreforskrifta, og ha ansvar for at tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslova og andre lovverk. I tillegg er kommunen ansvarleg for informasjon til og oppfølging av berørte partar, og må ordne med rettigheiter til å anleggje sikringstiltak på aktuelle eigedomar.

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til oversiktskart, vedlegg 1.
Myrabekken har sitt utspring frå fleire mindre bekkar i den austlege delen av Moltudalen og er ein såkalla flaumbekk som renn gjennom bustadfeltet Myrane på Moltustranda. Den auka avrenninga i området saman med ulike fysiske inngrep i Moltudalen og ned mot bustadfeltet, som til dømes vegbygging og grøfting, har ført

til auka vassmengda i Myrabekken dei siste 15 åra. Dette har ført til at bekkeløpet har vorte for lite og vatn har difor fleire gongar trengt seg inn i kjellarar på bustadhus og runne inn over gardsplassar, hagar og vegar.

Oppsitjarane i området gav i 2007 uttrykk for at ein, på grunn av endringa i vassmengd, kjende seg utrygge på sikkerheita for hus og eigedomar og etterlyste tiltak/flaumsikring. NVE utarbeidde då eit plandokument med 3 alternative løysingar. Utarbeidd plandokument med alternativ 1-3 vart av Herøy kommune lagt ut på høyring i september 2008. Etter høyringa vart det gjort slikt vedtak i F-sak 88/09: «Herøy kommune vil be om at sikring av Myrabekken skjer ved utbygging etter alternativ 3 i plandokumentet frå NVE. I tillegg ber ein om at restvassføringa i bekken vert lagt i rør gjennom bustadområdet i 250 m lengde.» Vedtaket vart sendt til NVE via fylkesmannen. Kommunen sitt ønskje om å få lagt restvassføringa i rør vart ikkje teke til følgje av NVE. NVE har vidare utarbeidd ein detaljplan for omlegging og reparasjon av Myrabekken datert 25.03.2008 (vedlegg 2). Etter planen skal det byggast ein avlastningskanal i Moltudalen det meste av vatnet som i dag går i Myrabekken til Storeelva. I tillegg skal det gjerast mindre tiltak i Storeelva og Myrabekken.

I K-sak 128/09 (vedlegg 3) vedtok Herøy kommune og stille kommunal garanti pålydande kr 225.000 eks. mva for innbetaling av 20 % distriktsdel i høve omlegging og reparsjon av Myrabekken på Moltustranda. 09.12.2009 vart signert skjema for kommunevedtak for sikringsanlegg i vassdrag sendt til NVE, sjå vedlegg 4.

Etter at kommunen sendte signert kommunevedtak til NVE vart prosjektet satt på vent då det ikkje lukkast å kome opp i prioritet hjå NVE.

I 2010 kontakta fleire grunneigarar både Herøy kommune og NVE etter at elva hadde ført til skade på eigedomar, samt observasjon av rotter langs elveløpet. NVE opna då, i eit brev datert 23.04.2010, for å revurdere å legge delar av Myrabekken i røyr.

27.03.2014 fekk Herøy kommune eit nytt brev frå NVE der dei igjen skreiv at dei ikkje har lukkast å få tiltaket opp i prioritet, men ber Herøy kommune om å sørgje for at grunnavtalar for området i Moltudalen kjem på plass.

30.11.2015 og 11.02.2016 vart grunnavtalane, for eigedomane i Moltudalen der avlastningskanalen skal gå, signerte og returnert til Herøy kommune (vedlegg 5).

18.02.2016 tok NVE kontakt per. e-post og signaliserte oppstart allereie i mai d.å. Herøy kommune etterlyste då oppdatert kostnadsoverslag og detaljplan. Oppdatert kostnadsoverslag og teikningar av kanalen vart oversendt frå NVE 22.04.2016 og oppdatert plan gir då eit kostnadsoverslag på om lag kr 1.744.000 eks. mva. Dette er inkludert prisstigninga i perioden 2008-2016. Distriktsdelen etter dette utgjer kr. 349.000 eks. mva. Bakgrunnen for at traseen til avlastningskanalen er noko endra er nye installasjonar i samband med forsyningsleidning frå vassverket. Dette fører til noko meirarbeid med flytting av masser, då kanalen vert noko djupare mot Sætrevegen. Sjå vedlegg 6.

03.05.2016 tok NVE igjen kontakt per. e-post med revidert kostnadsoverslag med m.a. innlagt kostnad for skogrydding. Kostnadsoverslaget er no på kr 1.916.000 eks. mva og distriktsdelen utgjer då kr 380.000 eks. mva. Sjå vedlegg 7.

Ein har også fått oversendt oppdatert skjema for kommunevedtak (vedlegg 8) og følgjande vilkår i kommunevedtaket må ein merke seg:

- Kommunen pliktar seg til gå god for innbetaling av distriktsdelen etter fakturering frå NVE. Distriktsdelen skal dekkje 20% av faktiske utgifter ut frå NVE sitt rekneskap for anlegget, inkl. prisstigning i vente- og anleggstida. I følgje overslaget for kostnadane vil distriktsdelen bli ca. 380.000 kr eks mva. NVE kan krevje distriktsdelen betalt inn på førehand.
- Kommunen pliktar seg til å føre tilsyn med anlegget. Tilsynsansvaret og oppgåvene som dette inneberer følgjer av Forskrift av 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet.
- Kommunen pliktar seg til å vere tiltakshavar for tiltaket.
- Kommunen er ansvarleg for at tiltaket er avklart i høve reglane i plan- og bygningslova, og dei forskrifter og vedtak som er fatta med heimel i lova.
- Kommunen forpliktar seg til å inngå avtalar med aktuelle grunneigarar om tilkomst og bruk av naudsynt areal.
- Kommunen gjev NVE fullmakt til å underteikne dokument og avtaler for gjennomføring av tiltaket.

I saker som krev byggesaksbehandling og ansvarsrett vil NVE vere ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg kontrollerande for prosjektering og utføring. NVE vil stå for den praktiske tilrettelegginga med anbod, avtaler og kontraktar.

Vurdering og konklusjon:
Herøy kommune har ikkje hatt særleg store utfordringar med omsyn til flaum. Med dei auka nedbørsmengdene dei siste åra kan dette imidlertid verte eit aukande problem. Så vidt ein kjenner til har tidlegare gjennomførte flaumsikringstiltak i store trekk vore utført av grunneigarar og NVE utan at kommune har vore særleg involvert anna enn som plan- og bygningsmyndigheit.

Tiltaket tener fellesskapet og er viktig for å førebyggje mot skader på kommunal infrastruktur og private eigedomar.

På grunnlag av ovanståande og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at kommunen tek på seg å dekke distriktsandelen på 20% i samband med omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda, og at ordfører får fullmakt til å underskrive oppdatert skjema for kommunevedtak på vegne av kommunen.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Ingen.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Betra beredskap mot flaum.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Ny driftsoppgåve i form av tilsyn som følgjer av Forskrift av. 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet. Ein vurderer at kostnadane med tilsyn av avlastningskanalen vil gi liten økonomisk konsekvens for drift.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar


Sakshandsamar: Julia Zahl

Vedlegg 1

Kartdata for Herøy Kommune

Herøy intranett

Dato: 03.05.2016



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

© Kartverket


Vedlegg 2

Tiltak i vassdrag

Omlegging og reparasjon av Myrabekken

Detaljplan

Plandato:	25.03.2008 29 AUG. 2008	Saksnr.:	(200604250) /200700356 - 1
Revidert:		Vassdragsnr.:	096.4
Kommune:	**Herøy**	**NVE Region Vest**	
Fylke:	**Møre og Romsdal**	Postboks 53, 6801 FØRDE	
Inngrepsnr.:	**10405**	Tlf.: 57 83 36 50	Faks: 57 83 36 51



Tiltaksnr: 10405	Vassdragsnr: 096.4	Omtale: Omlegging og reparasjon av Myrabekken	
Sakshandsamar :	toh	Adm.einingRV	Sign
Ansvarleg:	inl	Adm.einingRV	Sign.
Saksnr: 200604250/ 200700356	Arkiv: 911-426	Kommune: Herøy	Fylke: Møre og Romsdal

Samandrag:

Myrabekken har sitt utspring frå oppkome og anna tilsig frå den austlige sida av Moltudalen. Bekken renn forbi anlegget til Herøy Vassverk BA på ca kote 150 før den i bratt terreng renn vidare ned gjennom det privat utbygde bustadområdet Myrane på Moltustranda.
Bekken har sitt utløp i Herøyfjorden.
Avrenninga har dei siste 6-7 åra vore tiltakande. Dette har ført til at bekkløpet har vorte for lite med den følgje at vatn har trengt seg inn i kjellarar på bustadhus og runne inn over gardsplassar, hagar og vegar.
Dei gamle førbygningane som hovudsakeleg er utført for hand, har etterkvart vorte undergravne og dels skada slik at bekken i dag står fram som uttrygg for fleire i bustadområdet sidan utrasing av sidekantar raskt kan tilstoppe løpet.
Det er vurdert 3 løysingar.
Den eine går ut på tosidig erosjonssikring og botnplastring av Myrabekken i om lag 250 m lengd.
Den andre er same strekning lagd i Ø1000 kulvertrøyr.
Den tredje er ein kombinasjonsløysing der ein over ei strekning på om lag 435 m i Moltudalen leider flaumvassforinga av bekken, < 1,0 m^3/sek., i ein ny kanal ut i Storelva.
Denne elva, vassdrag nr 096.42Z er hovudelva i same dalføret.
Noverande løp skal då berre ta i mot normalvassføring og utbetrast der dette er påkravd.
NVE ser ikkje på løysing nr 3 som noko dyrare prosjekt i høve til dei to hine.

Det må i samband med tilføring av ekstra vatn i Storelva gjerast noko reinsk og forsterking i botn og sidekantar frå innløpet til fylkesvegbrua og ned mot sjøen.


Vassdraget sin vernestatus:
Vassdraget er ikkje verna

Føremål med tiltaket:
Tiltaket skal verne busetnaden og infrastruktur på Myrane.

Nøkkeldata	
Plandato: 25.03.2008 **Revidert:**	**Kostnadsoverslag:** kr 1 125 000 inkl. mva
Lengde kanal : 435 m Lengde elv/bekk Ca 100 m	Type inngrep: Flaum- og erosjonssikring
Talet på parsellar: 3 stk Avlastingskanal Eksisterande løp Storelva	Elveside: Begge og botn
Sikringsklasse: M2	



Ulike private løysingar både frå eldre og nyare tid.



Same strekning som ovanfor, men sett mot nord

Koordinatfesting						
Punkt	**Sone**	**UTM - Ø**	**UTM - N**	**Kartblad N 50**	**Vassdragsnr.**	**Kommunenr.**
Øvre						
Midtre	33	14765.39	6941695.44		096.4/096.42Z	1515
Nedre						

Teikningar	
Type teikning:	**Teikningsnr :**
Oversiktskart	6263
Fototeikning	6264
Lengdeprofil 1:100/1:1000	6265
Omslagbilete : **Myrabekken**	

Registrering i databasen, Planer	
Utfylt dato:	Sign.
Kontrollert dato:	Sign.
Registrert dato:	Sign.

Innhald

1. Innleiing 7

1.1. Geografisk plassering 7

1.2. Bakgrunn for planen 9

2. Grunnlagsdata 11

2.1.1. Generelt om vassdraget og nedbørfeltet 11

2.1.2. Vasstands- og vassføringstilhøve 14

2.2. Spesielt om planområdet 15

2.2.1. Arealbruksplanar, tiltaksplanar 15

2.2.2. Innhenting av grunnlagsdata og dokumentasjon 15

2.2.3. Geologi og terreng 15

2.2.4. Naturtilhøve og arealbruk 15

3. Planomtale 15

3.1. Omfang av tiltak og verknader 15

3.2. Førebuande arbeid 16

3.3. Massetak / steinbrot 16

3.4. Tiltak, teknisk omtale 16

3.5. Avbøtande og biotopjusterande tiltak 17

3.6. Avsluttande arbeid 17

4. Verknader 17

4.1. Hydrauliske og hydrologiske tilhøve 17

4.2. Vasskvalitet 17

4.3. Flora, fauna 17

4.4. Landskap, kulturminne 17

1. Kostnadsoverslag 18

5. Gjennomføring 19


6. Oppfølging og vedlikehald 19

1. Innleiing

1.1. Geografisk plassering

Bekken som renn gjennom bustadfeltet Myrane har ikkje særskilt namn.
I denne planen er bekken, i forståing med grunneigarane gjeven namnet Myrabekken.
Myrabekken renn ut i Herøyfjorden på Moltustranda i Herøy kommune, Møre og Romsdal.

Storeelva, som er hovudelva i Moltudalen, renn ut i same fjord om lag 400 m lenger vest.





Myrabekken ovanfor riksvegen, sett motstraums. Løpet oppover gjennom bustadområdet har fleire skadar i botnen og steinmur. Dersom ein vel berre vanleg utbetring , må utbetringa hovudsakeleg gjerast for hand, men då vil løpet ikkje vere riktig dimensjonert for den auka avrenning som har skjedd sidan tusenårsskiftet.

1.2. Bakgrunn for planen

Våren 1991 kjøpte vi hus, bygd i 1976, på ca. eitt mål tomt på Moltustranda i Herøy Kommune.
Problemet vårt er at vi fleire gongar har fått kjellaren full av vatn. Elva som grensar til eigedommen vår har stor vassføring i perioder med mykje nedbør. Elva er lagd i rør gjennom den kommunale vegen sør for eigedomen vår, og kvart år har vatnet fløymt over på grunn av at røret gjennom vegen har ein altfor liten dimensjon for vassføringa i elva. I tillegg har røret vore tilstoppa av mykje grus og til dels stor stein o.l. Resultatet er at vatnet havnar på sørsida av huset vårt og trengjer inn i kjellaren.
Dette er eit stort problem for oss. For det første kan vi verken innreie eller lagre noko i kjellaren. For det andre er det svært rått og ubehageleg i huset,

også i første etasje, medan vatnet tørkar opp. Det tek som regel fleire månader før den verste lukta forsvinn. Dette forringar sjølvsagt mykje verdien på huset.
Siste 5-6 åra har problemet vore sterkt tiltakande med vatn i kjellaren opptil 3 gongar pr. år.
I tillegg riv elva med seg stein og jord langs elvebreidda, og "et" av eigedommen vår fleire plassar.
Vi har kontakta Herøy Kommune fleire gonger i håp om å få hjelp og støtte til å utbedre elvebreidda og sikre elva. Kommuna har kun vore behjelpelig med å reinse røret gjennom vegen. Vi har også kontakta forsikringsselskapet vårt, men dei dekker kun skade innvendig i kjellar.
Ber innstendig om at NVE ser på situasjonen, då dette er eit altfor stort løft for oss økonomisk.

Mvh
Marita og Sverre Leon Knotten

Som følgje av ovanståande brev har det vore møte og synfaringar med grunneigarar og kommunen sine folk både i bustadområdet og lenger opp i dalen.
Alle er samde om at avrenninga har auka og at dette no gjer situasjonen uttrygg.
Forutan kapasitetsproblem på einskilde kulvertane, har det dukka opp erosjonsskadar i botnen og med undergravne botnsteinar under dei loddrette handmura sideskråningane.
Svekkinga som no skjer gjer at faren for tilstopping er stor dersom dei gamle forbygningane rasar saman.
Dette vil føre til vasskadar på fleire eigedomar.



Typisk skade i Myrabekken

2. Grunnlagsdata


2.1.1. Generelt om vassdraget og nedbørfeltet

Myrabekken femnar om 2 små bekkar som kjem saman like nedstraums vasstanken til Herøy Vassverk BA på kote 150 o.h.. Bekken renn her vidare i bratt terreng nedover mot fjorden i om lag 750 m lengd..
Bekken er ein typisk flaumbekk som får vatn frå myr og oppkome i den austlige delen av Moltudalen. Det renn ein tilsvarande bekk med fleire forgreiningar i øvre del 100 m lenger aust ut i frå same nedslagsområde.



Myrabekken ved T5- kote 140 m.o.h.- sett medstraums like nedanfor parsellinje for avlastingskanal.

Storeelva, som er hovudelva for dalføret, har eit nedslagsfelt på 8.1 km^2, og elvelengd 7 km.
Elva renn parallelt med Myrabekken om lag 400 m lenger vest.
Nedslagsfeltet omfattar eit lite vatn samt myr- og fjellområde opp mot 500-600 m høgd.




Riksvegbrua sett medstraums. Noko tilpasning av botnen og botnforsterking.



Storelva nedstraums rv-brua. Ytterkurven forsterkast samt noko reinsk av lausmassar

Trase for avlastingskanal mot Storelva



Området Myrane/Moltumyrane var tidlegare myrområde, før folk for om lag 100 år sidan tok området i bruk.
Dei siste 6-7 åra har avrenninga vorte skarpare, dels som følgje av menneskeskapte endringar oppe i dalen, som til dømes vegar og grøfting, men også endringar i klima.
Løpsprofilet varierar frå naturleg utforming i øvre del til ei smal og førebygd renne med +/- 80 cm djupne og +/-70 cm breidde.
Stikkrennene gjennom vegar og private utkøyringar har ulike dimensjonar.

Dei gamle vertikale murane av stein og betong er somme stader undergrevne og dels skada.
Av nyare dato er det ført opp nye private sikringstiltak både av betong og leca-mur.

Ved det øvste bustadhuset, som er av nyare dato, er bekken i om lag 30 m lengd lagt i ein Ø 1200 betongkulvert. Grunneigar opplyser at det aldri har vore problem her utanom eit og anna rek som kan legge seg føre opninga.
Lenger ned i bustadområdet, om lag 250 m ovanfor utløpet i fjorden startar problema. Elvebotnen ligg her høgt nokre stader. Dette gjer at elva under større vassføring kombinert med masseoppbygging eller rek kan renne over elvebarden og inn over større areal med bustader og vegar.

Om lag midt på problemstrekninga kjem ein ned til eigedomen til Marita og Sverre Leon Knotten, sjå innleiing. Kommunen har her i 2007 lagt ned ein større kulvert. Dette har gjort at problema vedrørande vassinntrenging i huset for dette særskilde tilfellet er eliminert.

2.1.2 Vasstands- og vassføringstilhøve

Myrabekken renn gjennom fleire kulvertar av ulik storleik. 800 mm kulvert tek ikkje unna vatnet. Herøy kommune har i 2007 skifta ut den tidlegare kulverten med ein ny Ø1200 mm.

096.42Z Storelva har eit mindre vatn i øvre delen av sitt nedslagsområde.
Elva er å betrakte som ei flaumelv.

2.2 Spesielt om planområdet

2.2.1 Arealbruksplanar, tiltaksplanar

Herøy Vassverk BA har planar om å legge ny vassleidning. Etter dei teikningar og uttale som ligg føre, vil traseen ikkje røre ved denne planen utanom der vassleidninga kryssar den planlagde kanalen, området ved T5-T6.
Ein vil også treffe på eksisterande leidning ved vassverktanken.

2.2.2 *Innhenting av grunnlagsdata og dokumentasjon*

Biletmateriale er frå grunneigar, kartmateriale frå kommunen og vurderingar etter synfaring av området.

2.2.3 Geologi og terreng

Nedslagsfeltet ligg i eit nordvendt dalføre med myr og lyng og snaufjell med toppar omkring 500-600 m.Frå om lag kote 150 fell terrenget meir markant ned mot sjøen.

2.2.4 *Naturtilhøve og arealbruk*

Herøy Vassverk BA hentar vatn frå området. Det går ein seterveg forbi anlegget til vassverket med forgreiningar lenger oppe i dalen.
Busetnaden startar ved sjøen og endar om lag ved kote 90 o.h.

3 Planomtale

3.1 Omfang av tiltak og verknader

Dersom dei same vassmengdene framleis skal gå i "Myrabekken", og ein i tillegg har verknaden frå klimaendringane i tankane, bør utbetringsarbeidet gjerast på heile strekninga.
Ei lukka løysing med kulvert vil gje bebuarane mindre oversikt med tilstanden, til dømes kontroll ved innløp, lekkasjar og kan hende også born sin leik.
Ein open løysing som ein aller mest ønskjer seg, vil krevje større areal i allereie utbygd område.
Løpet må dessutan fullprofilplastrast/murast då det er stort fall, gjennomsnittleg 1:6
Kostnadane ved kvar av desse 2 løysingane ligg over ei løysing som inneber utgraving av ein avlastingskanal med punktvis utbetring av eksisterande løp i Myrabekken og Storelva.
Kostnadane ved framtidige vedlikehaldsarbeidar er også vurdert å verte rimelegare i forhold til val av eksisterande løp med open løysing.

Avlastingskanal med punktvis utbetring av noverande løp i Myrabekken og Storelva

Ved T1-T3 og T5 renn 3 grøver ned etter lia.
Løpa ved T3 og T5 dannar Myrabekken.
For å få ei fullgod sikring for busettinga nedstraums, vil ein føreslå å føre flaumvassføringa for desse 3 i ein open kanal mot Storelva, ei strekning på om lag 435 m.
Vassmengda i grøvene vil bli regulert gjennom stikkrenner med dimensjon 30 - 40 cm.
Stikkrennene som skal føre tilnærma normalvassføring til dei eksisterande løpa og vert tilknytt Ø 1000 inntakskummar med botn og galvanisert rist.
I det bratte nedløpet mot Storelva vil kanalen bli lagt i Ø1000 kulvertrøyr, lengd om lag 20-25m.

Traseen vil bli lagt på utmarksida like ovanfor bytet mellom innmark/utmark.
Massane blir plassert i terrenget langs etter traseen og planert ut for naturleg tilgroing utan at steinmuren og gjerdet mistar sin funksjon.
Kanalen vil redusere tilsiget av overflatevatn frå areala ovanfor. Om dette vil vere noko ulempe kan ein vanskeleg sjå føre seg.
Noko mindre utbetring av Myrabekken må gjerast. Dette vil vere mest arbeid utført for hand.

Ein har ikkje registrert særleg masseføring i bekkene på kote 140 m.o.h, men det vil bli lagt til rette for eit uttaksområde mellom T5 - T6.
Fyllinga frå setervegen fram til bassenget må difor vere køyrbar for traktor med hengar og med snuplass.
Det går ein lite nytta traktorveg i delar av den planlagde kanaltraseen allereie i dag.

Vassmengda som vert sleppt ut i Storelva vil venteleg ikkje føre til større endringar for denne.
Ein vil forsterke utløpet av kanalen samt gjere tiltak like oppstraums og nedstraums riksvegbrua gjennom botnseinking og plastring. Dette skal skje ved innløpet av gangbrua samt forsterking av ytterkurva på venstre breidd nedstraums brua i om lag 30 meters lengd.
Det vil også vere trong for forsterking på nokre punkt på begge sider vidare ned mot sjøen.

3.2 Førebuande arbeid

Det eksisterande leidningsnettet til vassverket må lokaliserast og tilpassast utgravinga av avlastingskanalen.

3.3 Massetak / steinbrot

Det er registrert steintak langs riksvegen om lag 6km aust for anleggsområdet.

3.4 Tiltak, teknisk omtale

Avlastingskanalen går ut på utgraving av ein 435 m kanal med minimum 1m djupne, 1m botnbreidde og sidekantar 1:2. Massane plasserast fortrinneleg på nedsida, høgre breidd og avrundast mot eksisterande terreng.
Kanaltraseen har følgjande fall:
T1 - T5; 1:10
T5 - T11; 1 : 211.
T11 -T12; 1:11,
T12 –T14; 1:17,
T14 –T15; 1:7
T15 - Storelva 1:4.

Særleg på dei siste 165 m fram til elva vil det vere trong for meir omfattande steinplastring.
Dersom ein vel open løysing heilt ut i Storelva vil ein totalt trenge om lag 1000 m3 stein til erosjonssikring. Mesteparten av dette må tilkøyrast då ein ikkje reknar med å finne nok i gravemassane.

Ved T5 kjem det inn ein bekk vinkelrett på kanaltraseen. Her må utløpet av grova justerast med eit løp som peikar meir medstraums kanalen. Sideskråninga i kanalen må

også forsterkast. Dette området er tenkt også å fungere som eit massebasseng.

Kanalen vil krysse setervegen. Her må det leggast ned ein kulvert med Ø 1000

Myrabekken har gjennom bustadområdet nokre skadar i botn og sideskråning. Då det i framtida framleis vil gå vatn i bekken, må skadane utbetrast.
Problemkulverten gjennom vegen ovanfor Marita og Leon Knotten skifta kommunen ut i 2007 som eit strakstiltak. Dette kunne ein ikkje vente med fram til utføring av denne planen.
Det er ikkje tenkt utskifting til større dimensjonar andre stader på denne strekninga.

3.5 Avbøtande og biotopjusterande tiltak

Tre og krattskog som må fjernast under gravearbeidet setjast attende i dei utplanerte områda dersom ein meinar dei vil overleve handsaminga. Torv og vekstjord i anleggsområdet leggast til sides under arbeidet og tilbakeførast under slutten av arbeidet.

3.6 Avsluttande arbeid

Spor etter anleggsmaskinar skal fjernast.

4 Verknader

4.1 Hydrauliske og hydrologiske tilhøve

Ein har undersøkt med Statens Vegvesen Region Midt v/ Ragnhild Relling angåande fylkesvegbrua si kapasitet. Dei ser ingen problem med den ekstra vassmengde dersom innløpet til brua vert reinska og botnen steinsett.
Det er også undersøkt på lokalt hald, mellom anna ved uttale frå Odd Thorseth som bur like ved brua: Han meiner at Storelva, før nybrua kom, ikkje har vore noko problem. Men han synte til at ytterkurven nedstraums på venstre breidd mot fiskeindustrianlegget måtte sikrast.

4.2 Vasskvalitet

Flaumløpet frå Myrabekken vil ende ut i Storelva om lag 1 km oppstraums utløpet i fjorden. Vasskvaliteten kan under anleggsarbeidet og dei fyrste flaumane bli noko forringa. Elles kan ein ikkje sjå at kvaliteten på vatnet i Storelva vil endre seg utanom den fyrste tida etter at arbeidet er gjort.

4.3 Flora, fauna

Vegetasjonen i området er små furu, einer og lyngplanter. Tilveksten i dei utplanerte områda vil vere naturleg. Tiltaket vil ikkje endre på tilhøva for fisk og fiske.

4.4 Landskap, kulturminne

Utgraving av kanalen vil ikkje gjere særleg endring i landskapet ettersom massane vert utplanert og det vert lagt til rette for naturleg attgroing.

Det er ingen kjente kulturminne i området

- Friluftsliv, rekreasjon
  Setervegen som er ein del nytta til tur og jakt kryssar inngrepsområdet.

1. Kostnadsoverslag

• Rigging -adm.- drift og nedrigging	RS	kr	60 000	
AVLASTINGSKANAL				
• Avtaking vekstjord og påføring 1305 m^3 a kr 35		kr	45 675	
• Graving av kanal 415m x 3 = 1245 m^3 a kr 45		kr	56 025	
• Graving 20m nedløp for kanal til Storelva – 260 m^3 a kr 55		kr	14 300	
• Erosjonssikring T1 – T11: 270m a 1 m^3 a kr 150		kr	40 500	
• Erosjonssikring T11 – T15: 140m a 5 m^3 a kr 350		kr	245 000	
• Ø1000 –kulvert i seterveg, L= 6m a kr 3800		kr	22 800	
• Arbeid med kulvert gjennom seterveg	RS	kr	3 200	
• Ø1000 – kulvertnedløp mot Storelva – 20 m a kr 3800		kr	76 000	
• Arbeid med kulvert og kostnad rist i kulvertnedløp	RS	kr	22 000	
• 3 stk Ø1000 inntakskum med botn og galv. rist a kr 8000		kr	24 000	
• Rør DVO Ø315 – 30 m a kr 460		kr	13 800	
• Arbeid med DVO-rør og kum		kr	9 000	
• Skogrydding	RS	kr	10 000	
• Miljøtiltak – tilbakelegging torv og busker	RS	kr	20 000	
		kr	662 300	**662 300**
REPARASJON MYRABEKKEN				
• Tilkomst-ulemper hager og gjerder	RS	kr	20 000	
• Graving	RS	kr	35 000	
• Steinarbeider	RS	kr	60 000	
		kr	115 000	**115 000**

TILTAK I STORELVA

Innløp bru

• Reinsk av løp og botnplastring	RS	kr	12 000	

Sikring venstre breidd nedstraums bru:

• Graving og planering 100 m^3 a kr 60		kr	6 000	

• Plastring 100m3 a kr 250		kr	25 000	
• Div. punktforsterking i Storelva	RS	kr	12 000	
		kr	55 000	**55 000**
			kr	**832 300**
• Ymse upårekna kostnader 8 %			**kr**	**66 584**

Sum eks. mva.	**kr 898 884**
+ 25% mva.	**kr 224 721**
Utrekna kostnad inkl. mva. (avrunda)	***kr 1 125 000***

Pris- og lønnsauke fram til utføring vil koma i tillegg.

5 Gjennomføring

Privatrettslege tilhøve knytt til eit eventuelt sikringstiltak som nemnt ovanfor, må løysast lokalt før tiltaket kan gjennomførast. Elles kan arbeidet gjerast uavhengig av årstid.


6 Oppfølging og vedlikehald


Ved at flaumvatnet er ført over til Storelva er det ikkje forventa særleg skadeutvekling i Myrabekken etter at denne no vert reparert. Men løpet har lite tverrsnitt så det skal lite til før rek og anna rask kan styre vatnet slik at det skjer ei utvasking eller at kulvertinnløp vert blokkert. Det er difor viktig at distriktet sjølve syter for tilstrekkeleg ettersyn og gjer mindre utbetringar som normalt sett vil skje med handemakt.

Tilsvarande ettersyn gjeld også i avlastingskanalen. Her må distriktet også syte for ei ordning med å fjerne dei lausmassar som kan vere til fare for avrenninga i kanalen.

Når det gjeld Storelva gjeld tilsynet frå utløpet av avlastingskanalen til sjøen med hovudvekt på dei nedre områda.

lem & Stenersen Tegnetekervek A.S Oslo




T10
250
T11
300
T12
T13
350
T14
400
Topp elvebrink
T15
140
139
138
137
136
135
134
133
132
131
130
129
128
127
moh
Fall 1:11
Fall 1:17
Fall 1:7
Eksisterande terreng
Planlagd botn
Tverrprofil kanal
H = 1.0m
1.0m
Type og utføring av erosjonshud vil variere alt etter fallforhold og grunnforhold.
Traseen vart oppmålt fram til elvebrinken.
Frå denne og ned til botnen av Storeelva er det rett fram ein høgdeskilnad på 8-9 m.
Utløpet av kanalen vert lagt i skråninga i retning motstraums elva i ei lengd på omlag 20m og fall 1:4
Denne strekkja må fullprofilplastrast eller leggast i kulvert.
Herøy
Møre og Romsdal
Arnesen TOH
Herøy kom.
07.02
2008
H 1 :100
L 1 : 1000
NVE
AVD RV
Anl. nr 10405 Omlegging og reparasjon av Myrabekken
Lengdeprofil - del 2
Avlastingskanal
NVE RV 6265
096.4

Vedlegg 3

HERØY KOMMUNE
Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2008/1052
		Arkiv:	K54

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
268/09	Formannskapet	10.11.2009
128/09	Kommunestyret	19.11.2009

OMLEGGING OG REPARASJON AV MYRABEKKEN PÅ MOLTUSTRANDA. GODKJENT PLAN MED TANKE PÅ GJENNOMFØRING OG STØNAD FRÅ NVE. SPØRSMÅL OM KOMMUNAL GARANTI FOR 20% DISTRIKTSDEL.

Tilråding:

1. Det vert stilt kommunal garanti pålydande kr 225.000,- for innbetaling av 20 % distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda. Kostnaden vert innarbeidd i budsjettet for 2010.

2. Ordførar får fullmakt til å underskrive skjema for kommunevedtak på vegne av kommunen.

3. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle om nødvendig arealtilgang i høve bygginga av den planlagde avlastningskanalen.

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiar Jon-Rune Våge orienterte.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 10.11.2009

1. Det vert stilt kommunal garanti pålydande kr 225.000,- for innbetaling av 20 % distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda. Kostnaden vert innarbeidd i budsjettet for 2010.

2. Ordførar får fullmakt til å underskrive skjema for kommunevedtak på vegne av kommunen.

3. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle om nødvendig arealtilgang i høve bygginga av den planlagde avlastningskanalen.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 19.11.2009

1. Det vert stilt kommunal garanti pålydande kr 225.000,- for innbetaling av 20 % distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda. Kostnaden vert innarbeidd i budsjettet for 2010.

2. Ordførar får fullmakt til å underskrive skjema for kommunevedtak på vegne av kommunen.

3. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle om nødvendig arealtilgang i høve bygginga av den planlagde avlastningskanalen.

Særutskrift: Anleggs- og driftsavdelinga, her

Vedlegg: Plandokument utarbeidd av NVE Region Vest
Kopi av brev frå NVE vedk. plangodkjenning datert 13.08.2009
Kopi av skjema "Kommunevedtak for sikringsanlegg i vassdrag"

Bakgrunn for saka:
Myrabekken er ein såkalla flaumbekk som renn gjennom bustadfeltet Myrane på Moltustranda. Over tid har ein fått ein viss auke i avrenninga i området. Den auka avrenninga saman med ulike fysiske inngrep i Moltudalen gjennom åra, som til dømes vegbygging og grøfting, har medverka til å endra vassføringa i bekken. Oppsitjarane i området gav i 2007 uttrykk for at ein på grunn av denne endringa kjende seg utrygge m.o.t. sikkerheita for hus og eigedomar og etterlyste tiltak/ flaumsikring. På denne bakgrunn utarbeidde NVE ein plan for utbetring og sikring av Myrabekken. Planen er no godkjent med tanke på gjennomføring med stønad frå NVE. Denne saka gjeld spørsmål om kommunal garanti for innbetaling av distriktsdelen som skal dekke 20% av NVE sine faktiske utgifter ved gjennomføring av tiltaket.

Saksopplysningar/ vurdering:
NVE la i utgangspunktet fram 3 ulike planforslag.

Alt. 1. Sikring/ rehabilitering av Myrabekken gjennom heile bustadfeltet utan avlastningskanal. Kostnadsoverslaget for dette alternativet var på kr 2.192.000,- inkl. mva.

Alt. 2. Same strekning som i alt. 1 lagt i kulvertrør med Ø 1000 mm.

Alt. 3. Ei kombinasjonsløysing med bygging av ein avlastningskanal i tillegg til punktvis utbetring av Myrabekken. Avlastningkanalen som er planlagt i utmarksområdet ovanfor bytet for innmark, har som oppgåve å leie flaumvatnet over til Storeelva. Dette planalternativet var kostnadsrekna til 1.125.000,- inkl. mva.

Utarbeidd plandokument med alt. 1 og 3 vart av Herøy kommune lagt ut til høyring i september 2008. Etter endt høyring vart det gjort slikt vedtak i F-sak 88/09:

"Herøy kommune vil be om at sikring av Myrabekken skjer ved utbygging etter alt. 3 i plandokumentet frå NVE. I tillegg ber ein om at restvassføringa i bekken vert lagt i rør gjennom bustadområdet i 250 m lengde"

Vedtaket vart oversendt til NVE via fylkesmannen. Kommunen sitt ønskje om å få lagt restvassføringa i bekken i rør, har NVE ikkje teke til følgje. Grunngjevinga er at ein ikkje ser dette som særleg nødvendig då vassmengda under flaumtilhøve neppe vil endre seg særleg mykje i bekken sidan alt flaumvatnet vil gå i avlastningkanalen. Om ein seinare ser at vassmengda likevel bør reduserast, vert det peika på at ein har høve til å gjere dette ved å redusere innløpet til eksisterande løp. Ei slik mindre endring vil ikkje ha betydning for kapasiteten i avlastningskanalen og Storeelva.

NVE går inn for og godkjenner alternativ 3 med bygging av avlastningskanal då denne løysinga har om lag halve kostnaden i høve til å ruste opp Myrabekken (jfr. vedlagt kopi av brev frå NVE). Dette alternativet vil også iflg. NVE gje den beste hydrauliske løysinga i området.

Vassdraget er ikkje verna mot kraftutbygging.

Det planlagde tiltaket med avlastningskanal ligg i eit område som i arealdelen av kommuneplanen er avsett som LNF- område (landbruks-, natur- og friluftsområde). Kommunen har ansvaret for å sjå til at tiltaket er i samsvar med reglane i plan- og bygningslova, og foreskrifter og vedtak med heimel i lova. Det vert ikkje gjort krav om konsesjon etter vassressurslova.

Plan 10405 Omlegging og reparasjon av Myrabekken er godkjent med tanke på gjennomføring med stønad frå NVE. Føgjande vilkår og føresetnader gjeld for NVE sin stønad til gjennomføring av planen:

1. Kommunen vedtek kommunal garanti i samsvar med vedlagde skjema for kommunalvedtak (jfr. vedlegg). Vedtaket skal returnerast NVE innan 31.12.2009 i uendra og underskrive stand. Kopi av møteprotokoll som stadfester underskrivaren sin rett til å forplikte kommunen, skal leggast ved kommunevedtaket.

2. Under føresetnad av tilstrekkelege løyvingar over statsbudsjettet sitt kap. 1820, post 22, vil NVE løyve midlar til gjennomføring av tiltaket etter at kommunevedtaket er returnert. NVE si løyving vil dekke 80% av kostnadene, etter kostnadsoverslaget berekna til kr 900.000,-

3. NVE kan endre planen eller gjere om vedtaket om stønad dersom situasjonen på staden blir endra, om tiltaket ikkje kan prioriterast innanfor dei midlane statsbudsjettet gir til slike tiltak, eller om andre tilhøve tilseier at tiltaket ikkje lenger er nødvendig eller samfunnsmessig ønskjeleg.

4. Herøy kommune må syte for arealtilgang for å kunne bygge planlagt avskjeringskanal.

Kommunen forpliktar seg gjennom kommunevedtaket til å stille som tiltakshavar i høve plan- og bygningslova. I saker som krev byggesakshandsaming og ansvarsrett vil NVE vere ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg kontrollerande for prosjektering og utføring. NVE vil stå for den praktiske tilrettelegginga med anbod, avtaler og kontrakter.

Som det går fram av brevet frå NVE med informasjon om kommunevedtak for sikringsanlegg i vassdrag, utgjer distriktsdelen 20% av berekna totalkostnad (jfr. vedlegg). NVE vil som opplyst gje eit tilskot på 80% som etter berekna kostnad tilsvarer kr 900.000,- Summen som Herøy kommune blir bedt om å gje kommunal garanti for vil såleis vere kr 225.000,-.

Kommunen kan i følgje NVE krevje at desse kostnadene blir dekte av lokale interesser, t.d. grunneigar. For å få avklara kva som ligg i dette har ein vore i kontakt med NVE. Det vert der opplyst at dette ikkje er heimla i lov eller forskriftsverk. Eit evt. krav frå kommunen til andre vil såleis måtte baserast på friviljuge avtalar. Dei som i første rekke vil ha nytte av den avskjerande grøfta vil i første rekke vere dei

som bur langs Myrabekken og grunneigarane som grøfta er planlagt over. Kommunen har også ei viss nytte av tiltaket då det vil førebygge mot skade på kommunale vegar som kryssar Myrabekken og annan infrastruktur. Slik rådmannen vurderer det vil det truleg vere vanskeleg å få til friviljuge avtalar med dei som bur langs Myrabekken. Skal tiltaket realiserast så vil det nok vere mest realistisk at kommunen dekkjer den lokale eigenandelen.

Tiltaket er viktig for å førebyggje mot skader både på private eigedommar og kommunal veg. Rådmannen er i tvil kor vidt dette tiltaket er viktigare enn andre tiltak i budsjettsamanheng, men ettersom det er så langt kome i planlegginga, at tiltaket er viktig førebygging mot skade og NVE tek ein så vesentleg kostnad, så har rådmannen foreslått tiltaket i sitt budsjettframlegg.

På grunnlag av ovanståande og etter ei samla vurdering vil rådmann såleis tilrå at det i høve den planlagde omlegginga og reparasjonen av Myrabekken vert stilt kommunal garanti til NVE pålydande kr 225.000,- som tilsvarar 20% av berekna totalkostnad.

Fosnavåg, 23.09.2009

Rune Sjurgard Jon Rune Våge

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

Vedlegg 4

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

200700356-18

NVE
Region Vest
Naustdalsvegen 1B
Postboks 53
6801 Førde

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2008/1052	K54		ANLD / JRG	09.12.2009

10405 OMLEGGING OG REPARASJON AV MYRABEKKEN - HERØY KOMMUNE I MØRE OG ROMSDAL. OVERSENDING AV SKJEMA FOR KOMMUNEVEDTAK FOR SIKRINGSANLEGG I VASSDRAG.

Vi viser til tidlegare korrespondanse i høve denne saka.

Herøy kommunestyre har i K-sak 128/09 vedteke å stille kommunal garanti pålydande kr 225.000,- for innbetaling av 20% distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda (jfr. kopi av saksprotokoll).

Skjema for kommunevedtak for sikringsanlegg i vassdrag følgjer vedlagt i underteikna stand (jfr. vedlegg).

Med helsing

Jon Rune Våge

Jan Reidar Gjerde

Vedlegg: Kopi av saksprotokoll K-sak 128/09
Skjema Kommunevedtak for sikringsanlegg i vassdrag -

Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE

Kommunevedtak for sikringsanlegg i vassdrag – nr. 10405 Omlegging og reparasjon av Nyrabekken

NVE har utarbeidd planen 10405 Omlegging og reparasjon av Myrabekken i Herøy kommune, Møre og Romsdal, datert 25.3.2008. For denne planen fattar Herøy kommune følgjande vedtak:

1. Kommunen pliktar seg til å gå god for innbetaling av distriktsdelen etter fakturering frå NVE. Distriktsdelen skal dekkje 20 % av faktiske utgifter ut frå NVE sitt rekneskap for anlegget, inkl. prisstigning i vente- og anleggstida. I følgje overslaget for kostnadene vil distriktsdelen bli kr 225 000,- inkl. mva. NVE kan krevje distriktsdelen betalt inn på førehand.

   Kommunen tek sjølv ansvaret om kommunen vil vidareføre innbetalingsplikta for distriktsdelen til andre.

2. Kommunen pliktar seg til å føre tilsyn med anlegget. Tilsynsansvaret og oppgåvene som dette inneberer følgjer av Forskrift av 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet.

3. Kommunen pliktar seg til å vere tiltakshavar ved gjennomføring av arbeidet. Om kommunen fører rolla som tiltakshavar vidare til grunneigar, grunneigarlag eller andre, er det eit tilhøve som kommunen sjølv har ansvaret for.

4. Kommunen er ansvarleg for at tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslova, og dei forskrifter og vedtak som er fatta med heimel i lova.

5. Kommunen gjev NVE fullmakt til å underteikne dokument og avtaler for gjennomføring av tiltaket.

Kommunen aksepterer at det blir gjort mindre endringar av tiltaket om dette er nødvendig eller ønskeleg. Underskrive kommunevedtak skal returnerast til NVE saman med kopi av møteprotokoll som stadfester kven som har fullmakt til å skrive under for kommunen.

Fosnavåg, 09.12.2009
Stad, dato

Signatur

HERØY + ORDFØRAREN I

250 700 356-18

Vedlegg 5

A21

LRV

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2015/1606 | Saksbeh:
- 3 DES. 2015

AVTALE

1. Eigar av gnr. 60, bnr. 09 I Herøy kommune gir med dette Herøy kommune rett til å etablere avskjeringsgrøft for overvatn over eigedomen i samsvar med innteikna løysing og trase slik som vist i vedlegg 1, datert 30.01.2008. Det kan verte mindre justeringar av traseen som følgje av anleggsarbeidet.

2. Avtalen omfattar også rett til å utføre naudsynt framtidig drift og vedlikehald av grøfta over eigedomen.

3. Dersom det under anleggsarbeidet vert gjort skade på jordbruksgrøfter, leidningar og liknande , så skal desse setjast i stand utan utgifter for grunneigaren.

4. Avtalen vert tinglyst av Herøy kommune på gnr. 60, bnr. 09

Stad/dato: Molde 30/11-2015

Eigar av gnr. 60 , bnr. 09
Personnr: 23052544033

Stad/dato:

Herøy kommune
Org.nr: 964978840

Vedlegg:

1 - Kartutsnitt med trase for avskjeringsgrøft, datert 30.01.2008.
2- Grøfteprofil, datert 31.01.2008.

AVTALE

1. Eigar av gnr. 60, bnr____ i I Herøy kommune gir med dette Herøy kommune rett til å etablere avskjeringsgrøft for overvatn over eigedomen i samsvar med innteikna løysing og trase slik som vist i vedlegg 1, datert 30.01.2008. Det kan verte mindre justeringar av traseen som følgje av anleggsarbeidet.

2. Avtalen omfattar også rett til å utføre naudsynt framtidig drift og vedlikehald av grøfta over eigedomen.

3. Dersom det under anleggsarbeidet vert gjort skade på jordbruksgrøfter, leidningar og liknande , så skal desse setjast i stand utan utgifter for grunneigaren.

4. Avtalen vert tinglyst av Herøy kommune på gnr. 60, bnr____

Stad/dato:
Moltustranda
11.02.2016

Moltustranda Grunneigarlag BA
Eigar av gnr. 60 , bnr___
Org.nr: 989 092 847

Roger Molthe Kjartan Molthe
Bergljot Molthe
Arnt Kåre Moltumyr

Stad/dato: Fosnavåg 17/2-2016

Herøy kommune
Org.nr: 964978840

Vedlegg:

1 - Kartutsnitt med trase for avskjeringsgrøft, datert 30.01.2008.
2- Grøfteprofil, datert 31.01.2008

Vedlegg 6

WV

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG



Vår dato: 22.04.2016
Vår ref.: 200700356-25
Arkiv: 411 / 096.4
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Saksbehandsamar:
Ivar Fivelstad

Oppdatert kostnadsoverslag og planteikning for Myrabekken

Plan for avskjeringskanal ved Myrabekken vart utarbeida av NVE i 2008. Herøy kommune gjorde vedtak om prosjektet i kommunevedtak av 09.12.2009 med distriktsdel på kr 225.000,-

Oppdatert plan gir eit kostnadsoverslag på om lag 1.750.000 eks.mva. Dette er inkludert prisstigninga i perioden 2008-2016. Distriktsdelen etter dette utgjer 350.000,-.

Bakgrunnen for at traseen er endra, er at der er kome nye installasjonar i samband med forsyningsleidning frå vassverket. Der avskjeringskanalen var planlagt, må traseen endrast noko og ga på nedsida av fordelingskummen. Dette fører til ein del meirarbeid med flytting av masser, då kanalen blir noko djupare bort over mot Sætrevegen. Kanalen har lite fall og derfor blir den noko djupare over ei strekning forbi Sætrevegen.

Vedlagt ligg reviderte teikningar og nytt kostnadsoverslag. Vi ber om stadfesting frå kommunen om godkjenning av endra kostnadsoverslag/distriktsdel.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ivar Fivelstad
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO


Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK


Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE


Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Moltubekken tverrprofil
Ark A3
M=1:250



Moltubekken lengdeprofil
Ark A3
M=1:1200


6911500
6911000
324500
Myrabekken
Heray
Møre og Romsdal
04.04.2018
Plantegning
901

Revidert kostnadsoverslag Myrabekken med avlastningskanal

inkludert Framrekna prisstigning 2008-2016 med 5% pr. år

Post	Tekst	Mengde	Enh.	Enh.pris	rev. Enh.pris	Sum	Påslag 48%	Revidert sum	Merknader
1.0	Rigg- adm-drift-nedrigging	1	RS	60 000	88 800	60 000	28 800	88 800	
2.1	Avtaking vekstjord	1305	m3	35	52	45 675	21 924	67 599	
2.2	Graving av kanal	4000	m3	45	67	180 000	86 400	266 400	auka gravemasser
2.3	Graving av 20meter nedløp for kanal til storeelva	260	m3	55	81	14 300	6 864	21 164	
2.4	Erosjonssikring T1-T11	270	m3	150	222	40 500	19 440	59 940	
2.5	Erosjonssikring T11-T15 140m a 5m3	700	m3	350	518	245 000	117 600	362 600	
3.1	Ø1000 kulvert i sætreveg L=6	10	m	3 800	5 624	38 000	18 240	56 240	auka lengde
3.2	Arbeid med kulvert	1	RS	3 200	4 736	3 200	1 536	4 736	
3.3	Ø1000 kulvertnedløp til Storelva	20	m	3 800	5 624	76 000	36 480		går ut
3.4	Arbeid med kulvert og kostnader rist i Kulvertnedløp	1	RS	22 000	32 560	22 000	10 560		går ut
3.3.1	Plastring av skråning mot Storelva	120	m2	800		96 000		96 000	ny post
3.5	Ø1000 inntakskum med botn og galv.rist	3	stk	8 000	11 840	24 000	11 520	35 520	
3.6	Overvassrlør dobbelv. Ø315	30	m	460	681	13 800	6 624	20 424	
3.7	Arbeid DVO-rør og kum	1	RS	9 000	13 320	9 000	4 320	13 320	
4.1	Skogrydding	1	RS	30 000	44 400	30 000	14 400	44 400	
4.2	Miljøtiltak tilbakelegging av torv og busker	1	RS	20 000	29 600	20 000	9 600	29 600	
Sum	Avlastningskanal					917 475	440 388	1 357 863	
Reparasjon Myrabekken									
1.0	tilkomst-ulemper hager og gjerder	1	RS	20 000	29 600	20 000	9 600	29 600	
2.1	Graving	1	RS	35 000	51 800	35 000	16 800	51 800	
2.2	Steinarbeider	1	RS	60 000	88 800	60 000	28 800	88 800	
Sum	Reparasjon Myrabekken					115 000	55 200	170 200	
Tiltak Storelva									
2.1	Reinsk av løp og botnplastring ved Innløp til bru	1	RS	12000	17 760	12 000	5 760	17 760	
2.2	graving og planenring nedstraums bru	100	m3	60	89	6 000	2 880	8 880	
2.3	Plastring	100	m3	250	370	25 000	12 000	37 000	
2.4	Filtermasse	30	m3	120		3 600	1 728	5 328	
2.4	punktforsterkning i Storelva	1	RS	12000	17 760	12 000	5 760	17 760	
Sum	Tiltak Storelva					58 600	28 128	86 728	
	Avlastingskanal							1 357 863	
	Reparasjon Myrabekken							170 200	
	Tiltak Storelva							86 728	
	Reserve 8%							129 183	
Totalkostnad Eks mva								***1 743 974***	
Distrikstandel 20%								348 795	

Revidert kostnadsoverslag Myrabekken med avlastningskanal

inkludert Framrekna prisstigning 2008-2016 med 5% pr. år

Post	Tekst	Mengde	Enh.	Enh.pris	rev. Enh.pris	Sum	Påslag 48%	Revidert sum	Merknader
1.0	Rigg- adm-drift-nedrigging	1	RS	60 000	*88 800*	60 000	28 800	88 800	
2.1	Avtaking vekstjord	1305	m3	35	*52*	45 675	21 924	67 599	
2.2	Graving av kanal	4000	m3	45	*67*	180 000	86 400	266 400	auka gravemasser
2.3	Graving av 20meter nedløp for kanal til storeelva	260	m3	55	*81*	14 300	6 864	21 164	
2.4	Erosjonssikring T1-T11	270	m3	150	*222*	40 500	19 440	59 940	
2.5	Erosjonssikring T11-T15 140m a 5m3	700	m3	350	*518*	245 000	117 600	362 600	
3.1	Ø1000 kulvert i sætreveg L=6	10	m	3 800	*5 624*	38 000	18 240	56 240	auka lengde
3.2	Arbeid med kulvert	1	RS	3 200	*4 736*	3 200	1 536	4 736	
3.3	Ø1000 kulvertnedløp til Storelva	20	m	3 800	*5 624*	76 000	36 480		
3.4	Arbeid med kulvert og kostnader rist i Kulvertnedløp	1	RS	22 000	*32 560*	22 000	10 560	32 560	
3.3.1	Plastring av skråning mot Storelva	120	m2	800		96 000		96 000	ny post
3.5	Ø1000 inntakskum med botn og galv.rist	3	stk	8 000	*11 840*	24 000	11 520	35 520	
3.6	Overvassrlør dobbelv. Ø315	30	m	460	*681*	13 800	6 624	20 424	
3.7	Arbeid DVO-rør og kum	1	RS	9 000	*13 320*	9 000	4 320	13 320	
4.1	Skogrydding	1	RS	30 000	*44 400*	30 000	14 400	180 000	
4.2	Miljøtiltak tilbakelegging av torv og busker	1	RS	20 000	*29 600*	20 000	9 600	29 600	
Sum	**Avlastningskanal**					**917 475**	**440 388**	**1 334 903**	
Reparasjon Myrabekken									
1.0	tilkomst-ulemper hager og gjerder	1	RS	20 000	*29 600*	20 000	9 600	29 600	
2.1	Graving	1	RS	35 000	*51 800*	35 000	16 800	51 800	
2.2	Steinarbeider	1	RS	60 000	*88 800*	60 000	28 800	88 800	
Sum	**Reparasjon Myrabekken**					**115 000**	**55 200**	**170 200**	
Tiltak Storelva									
2.1	Reinsk av løp og botnplastring ved Innløp til bru	1	RS	12000	*17 760*	12 000	5 760	17 760	
2.2	graving og planenring nedstraums bru	100	m3	60	*89*	6 000	2 880	8 880	
2.3	Plastring	100	m3	250	*370*	25 000	12 000	37 000	
2.3.1	Innkjøp murstein	100	m3	1500				150 000	
2.4	Filtermasse	30	m3	120		3 600	1 728	5 328	
2.4	punktforsterkning i Storelva	1	RS	12000	*17 760*	12 000	5 760	17 760	
Sum	**Tiltak Storelva**					**58 600**	**28 128**	**236 728**	
	Avlastingskanal							1 334 903	
	Reparasjon Myrabekken							170 200	
	Tiltak Storelva							236 728	
	Reserve 10%							174 183	
Totalkostnad Eks mva								***1 916 014***	
Distrikstandel 20%								**383 203**	

Vedlegg 7

Vedlegg 8

Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE

Kommunevedtak for sikringsanlegg mot flaum og skred – nr. 10405 Omlegging og reparasjon av Myrabekken

NVE har utarbeidd planen 10405 Omlegging og reparasjon av Myrabekken i Herøy kommune, datert datert 25.03.2008 og revidert 22.04.2016. For planen fattar Herøy kommune følgjande vedtak:

1. Kommunen forpliktar seg til å betale ein distriktsdel etter fakturering frå NVE. Distriktsdelen skal dekkje 20 % av faktiske utgifter ut frå NVE sitt rekneskap for anlegget, inkl. prisstigning i vente- og anleggstida. I følgje overslaget for kostnadene vil distriktsdelen bli ca. 380.000 kr. NVE kan krevje distriktsdelen betalt inn på førehand. Distriktsdelen vert handsama som avgiftspliktig omsetnad.

   Dersom kostnadsoverslaget aukar med meir enn 15 % før igangsetting av tiltaket vil kommunen få høve til å handsame vedtaket om distriktsandel på nytt førigangsettinga.

   Kommunen tek sjølv ansvaret om kommunen vil vidareføre innbetalingsplikta for distriktsdelen til grunneigarane som har nytte av tiltaket.

2. Kommunen forpliktar seg til å gjere eigarane av anlegget merksam på at dei har ansvaret for drifta av anlegget. Dette ansvaret inneber at eigaren må utføre og dekkje kostnader til nødvendig ettersyn, drift og eventuell skjøtsel av anlegget.

3. Kommunen pliktar seg til å føre tilsyn med anlegget. Tilsynsansvaret og oppgåvene som dette inneberer følgjer av Forskrift av 17. juni 2005 nr. 655 om kommunalt tilsyn med anlegg for sikring mot flom, erosjon og skred og anlegg for å betre vassdragsmiljøet.

4. Kommunen forpliktar seg til å vere tiltakshavar for tiltaket.

5. Kommunen er ansvarleg for at tiltaket er avklart i høve til reglane i plan- og bygningslova, og dei forskrifter, planføresegner og vedtak som er fatta med heimel i lova.

6. Kommunen forpliktar seg til å inngå avtalar med aktuelle grunneigarar om tilkomst og bruk av naudsynte areal. Kommunen forpliktar seg vidare til å skaffe opplysningar om vass- og avløpsrøyr, brønnar, kablar og andre private og offentlege anlegg som kan bli råka av tiltaket, og gi opplysningar om andre tilhøve som kan ha innverknad på gjennomføring av tiltaket.

7. Kommunen gjev NVE fullmakt til å underteikne dokument og avtalar for gjennomføring av tiltaket. Kommunen gjev og NVE fullmakt til å gjere mindre endringar av tiltaket om dette er naudsynt eller ønskjeleg av omsyn til miljø eller andre interesser,.

Kommunevedtaket skal signerast av ein kommunal representant som har fullmakt til å forplikte kommunen som omtala i punkta ovanfor, og returnerast til NVE.

....

Stad, dato Signatur

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr: Arkiv:	2015/1608 Q52

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
135/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

LADESTASJONAR FOR ELBIL - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 530 000 kr.
- Prosjektet vert tilført nye midlar, 370 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjekt 51916 "Leine-Trolldalen 2".

Særutskrift:

Økonomi, her

Vedlegg:

1. Finansieringsplan
2. Kart over ladepunkta (Sunnmørsbadet, Rådhuset, Myrvåg

Bakgrunn for saka
Føremålet med prosjektet er å etablere ladestasjonar for el-bil på sentrale lokasjonar i kommunen der folk ferdast.

Det er inngått avtale med Fortum AS som tilbyr Herøy kommune ladestasjonar for tre (3) lokasjonar - uten kostnad. Ein (1) hurtigladar (240 000 kr), resten vanlege dobbelstolpar (40 000 kr per stk).

Denne leveransen fordrar at det er betaling for lading, betinga støtte på 60 000 kr og at kommunen dekker kostnad for installasjon og nødvendig fundamentering/anleggsarbeid. I tillegg betinger ein inngåing av avtale med minimum 10 års varigheit om drift av ladestasjonar, for å "sponse" kommunen med denne investeringa.

Budsjettløyvinga frå 2014/2015 er 100 000 kr. Kommunen får også 60 000 kr i tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune når arbeidet er gjennomført. Etter planleggingsfasa viser det seg at tiltaket vert dyrare enn antatt. Mellom anna fordi anleggsbidraget til Mørenett AS vart fjerna i 2016. For å kunne gjennomføre prosjektet er det behov for å få tilført meir midlar.

Saksopplysningar/vurdering
Sakshandsamar har hatt tett dialog med Mørenett AS for å finne gunstige plasseringar for ladestasjonane. Dette fordi det har vore utfordringar med å få fram straum, spesielt i Fosnavåg sentrum. Dialogane har ført fram til at ein vil etablere ladestasjonar på følgjande stadar, alle på kommunal grunn (jf. vedlagde kart):

Stad	Type ladestasjon	Grunngjeving
Myrvåg (v/ helsesenteret)	1 stk dobbelstolpe	Handels- og industriområde med mykje trafikk. Nettstasjon i nærleiken med ledig kapasitet.
Sunnmørsbadet	1 stk hurtigladestasjon	Naturleg "folkemagnet". Nettstasjon med ledig kapasitet rett ved sida av ladestasjonen.
Fosnavåg sentrum (rådhuset)	2 stk dobbelstolpar	Sentralt, og det er nettstasjon rett ved sida av ladepunkta. Enklaste staden å få fram straum i sentrum, sjølv om eks. nettstasjon må oppgraderast.

Det blir vist til vedlagte finansieringsplan, som syner at det er høg kostnad knytt til å få fram straum til ladepunkta ved rådhuset, samanlikna med Myrvåg og Sunnmørsbadet. Dette fordi at kapasiteten til den eksisterande nettstasjonen bak rådhuset er sprengt, og treng relativt stor oppgradering for å kunne forsyne straum til ladepunkta. Dette kostar ca. 145 000 kr for kommunen. Kostnaden er høgare enn dette, men Mørenett AS betalar resten.

Sakshandsamar legg såleis fram to (2) alternativ til fullføring av prosjektet:

Alternativ A: Full utbygging. Alle ladestasjonane blir bygt. Total kostnad 530 000 kr. Behov for ekstra midlar er 370 000 kr.

Alternativ B: Delvis utbygging. Kommunen bygg ut ladestasjonar berre på Myrvåg og Sunnmørsbadet. Total kostnad 385 000 kr. Behov for ekstra midlar er 225 000 kr. Ladepunkt i sentrum v/ Rådhuset vert utsatt på ubestemt tid.

Konsekvensar

- Folkehelse (*kan bidra til positiv verknad for folkehelsa i eit vidt perspektiv, jf. punkt om miljø nedanfor)*
- *Miljø (positivt med tanke på ei grøn utvikling: mindre forureining, mindre utslepp og støy)*
- *Energi (vil medføre auka energibruk)*
- Beredskap *(ingen særskilde konsekvensar)*
- Drift *(ingen særskilde konsekvensar)*
- Økonomi *(negativ effekt i den forstand ein må omprioritere pengar frå eit anna prosjekt)*
- Administrasjon *(ingen særskilde konsekvensar)*
- Eventuelt andre konsekvensar *(ingen særskilde konsekvensar)*

Konklusjon

Sjølv om det er kort veg til Sunnmørsbadet, er det uheldig for ålmenta at ein ikkje har ladestasjonar tilgjengeleg også i sentrumsområdet. Ein må tenkje heilheitleg for å sikre eit miljøretta tiltak og syte for ei berekraftig utvikling. Det vil heilt klart også ha ein positiv effekt for byutviklinga ein ser føre seg i Fosnavåg.

Uansett om ein vel alternativ A eller B må prosjektet ha tilført meir pengar. Med bakgrunn i dette rår sakshandsamar til at ein bygg ut ladestasjonane samla (alternativ A). Dette blir å finansiere ved hjelp av allereie avsette midlar frå 2014/2015 og økonomisk støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det resterande beløpet, 370 000 kr, vert å omdisponere frå prosjektet 51916 “Leine-Trolldalen 2”. I dette byggjeprosjektet ligg dei ei generell løyving på 6,3 millionar, men det ligg eit stykke fram i tid før ein kan realisere planane.

Fosnavåg, 01.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen


Budsjett for ladestasjonar el-bil i Herøy kommune

Stipulerte kostnadar:		
1. Mørenett AS, 400V til hurtigladestasjon på Sunnmørsbadet	40 000	kr u/mva
2. Mørenett AS, 400V til 1 stk dobbelstolpe på Myrvåg	20 000	kr u/mva
3. Mørenett AS, 400V til 2 stk dobbelstolper på Rådhuset (oppgradere nettstasjon)	145 000	kr u/mva
4. Fortum AS, fundament og overbygg til hurtigladestasjon (inkl. montering av overbygg)	90 000	kr u/mva
5. Fortum AS, fordelingsskap/avganger hurtigladestasjon (inkl. montering)	50 000	kr u/mva
5. Fortum AS, fundament dobbelstolper	5 000	kr u/mva
6. Arbeid med nedsetting av fundament (Aurvoll og Furesund)	10 000	kr u/mva
7. Oppmerking elbil symbol på asfalt (Trafikkservice AS)	20 000	kr u/mva
DELSUM	**380 000**	
Pluss reservepost	30 000	
Pluss Fortum AS skal ha tilskotet frå fylkeskommunen	60 000	
Pluss løn prosjektleiar	60 000	
TOTALSUM	**530 000**	

Finansieringsplan

Budsjettløyving 2014/2015	100 000	kr u/mva
Tilskot Møre og Romsdal fylkeskommune	60 000	kr u/mva
Sum midlar	**160 000**	kr u/mva
Behov for ekstramidlar ved FULL UTBYGGING (alternativ A):	**370 000**	kr u/mva
Behov for ekstramidlar ved FULL UTBYGGING (alternativ B):	**225 000**	kr u/mva

* ekstramidlar vert å omdisponere frå byggjeprosjektet "Leine-Trolldalen 2"



Rev	Endring	Utført	Kontr	Godkj	Dato
C	05 Endret kantstein, terrassering, beplantning, adkomst, mur	APDL	KAFO	KAFO	13.05.2014
C	04 Oppdatering til arbeidstegning	JMAT	KAFO	KAFO	01.11.2013
B	03 Kystmyndighetsuttalelse	SA	OT	SA	13.11.2012
B	02 Kontraktstegning	SA	OT	SA	19.09.2012
B	01 Tilbudstegning	SA	OT	SA	27.05.2012
Status	Rev		Utført	Kontr	Godkj	Dato
			SA	OT	SA	11.05.12

Herøy varmtvassbasseng AS

Badeanlegg Fosnavåg

Overordnet utomhusplan

Målestokk 1:500

Format A1

Oppdragsleder Jan Ove Vinjevoll

Oppdragsnr 614880

SWECO Norge AS, Stovevikvegen 36, TLF.: 55 27 50 00, FAX.: 55 27 50 01

Disiplin LA

Tegningsnummer O001

Status C


Rev 05

0 10 20 30 40 50 meter

Rådhuset - ladepunkt for elbil

1:1500

31.05.2016




Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

Myrvåg - ladepunkt for elbil

1:5000

31.05.2016



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/92 L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
136/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

VIKE/TOFTEDAL - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 1 700 000 kr.
- Prosjektet vert tilført nye midlar, 950 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjekt 51916 "Leine-Trolldalen 2".

Særutskrift:

Vedlegg:

1. Finansieringsplan

Bakgrunn for saka
Bustadfeltet Vike-Toftedal blei i si tid opparbeidd av Fosnavåg Trevare Utbyggingsselskap AS, som gjekk konkurs før tekniske anlegg var ferdig opparbeidde. Kommunen har teke over saka/området i ettertid. Statusen no er at området framleis framstår som uferdig. Kommunen gjennomførte ei reguleringsendring i 2012, slik at plansituasjon samsvarar med faktisk bygd veg.

Føremålet med dette prosjektet er å ferdigstille den tekniske infrastrukturen i bustadfeltet Vike-Toftedal. Dette inkluderar fast dekke og veglys. Kommunen eig også fire (4) tomter, som ein vil selje snarast råd.

Budsjettløyvinga frå tidlegare år er 750 000 kr. Etter planleggingsfasa viser det seg at tiltaket vert dyrare enn tidlegare antatt. For å kunne gjennomføre prosjektet er det behov for å få tilført meir midlar.

Saksopplysningar/vurdering
Sakshandsamar har i planleggingsfasa lagt ressursar i å sjekke opp i kva som faktisk er bygd av tekniske installasjonar i bustadfeltet. Det viser seg at entreprenørarbeidet som må gjerast før asfaltering er meir omfattande enn det ein tidlegare såg føre seg. I tillegg spis asfalt og veglys opp mykje av dei tilgjengelege midlane. Finansieringsplanen, jf. vedlegg, viser at det er behov for 950 000 kr ekstra.

Entreprenørarbeidet er anslått til 875 000, eksl. matriell. Kostnadsramma er då innanfor villkåra satt for rammeavtalen for entreprenørtenester med Aurvoll og Furesund AS.

Det har gått mange år, og dei som bur i den ferdige delen av bustadfeltet har klaga på forholda og bede kommunen koste og gjennomføre restopparbeidinga. Får ein tilført meir midlar no, kan anleggsarbeidet startast opp rett etter fellesferien og ferdigstillast i år.

Alternativet er at ein ikkje ferdigstiller infrastrukturen. Byggjefeltet vil då framstå som uferdig, og kommunen vil ikkje få selt dei ledige tomtene.

Konsekvensar
- Folkehelse (*belysning og fast dekke vil betre forholda for nærområdet i høve universell utforming, tilgjenge, trafikksikkerheit og generell trivsel for bebuarane)*
- *Miljø (ingen særskilde konsekvensar)*
- *Energi (vil medføre noko auka energibruk – veglys (LED))*
- Beredskap *(ingen særskilde konsekvensar)*
- Drift *(vegarealet er kommunalt, og krev soleis vedlikehald)*
- Økonomi *(Negativt at ein må omprioritere pengar frå eit anna prosjekt. Det positive er at sal av dei ledige tomtene vil gi økonomisk inntekt.)*
- Administrasjon *(ingen særskilde konsekvensar)*
- Eventuelt andre konsekvensar *(ingen særskilde konsekvensar)*

Konklusjon
Ut i frå opplysningane ovanfor, og ei samla fagleg vurdering, er det klart at fordelane er større enn ulempene. Sakshandsamar rår soleis til at prosjektet vert tilført meir midlar, og at ein nyttar rammeavtalen med Aurvoll og Furesund AS på entreprenørarbeidet. Midlane som trengst for å fullføre anleggsarbeidet, 950 000 kr, vert å omdisponere frå prosjektet 51916 "Leine-Trolldalen 2". I dette byggjeprosjektet ligg dei ei generell løyving på 6,3 millionar, men det ligg eit stykke fram i tid før ein kan realisere planane.

Fosnavåg, 01.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen

BUDSJETT

Pristilbod:		
Mørenett - veglysanlegg (LED)	190 000	u/mva
NCC - asfaltering	240 000	u/mva
Aurvoll og Furesund AS (arbeid)	875 000	
Aurvoll og Furesund AS (matriell; vegbommar, rør/kummar)	75 000	u/mva
Delsum	**1 380 000**	u/mva
Utgifter hittil:		
Løn prosjektleiar januar-april	55 000	u/mva
Div utgifter rørspyling/suging, avdekking kummar	15 000	u/mva
Delsum	**70 000**	u/mva
Framtidige utgifter:		
Løn prosjektleiar	150 000	u/mva
Reservepost - uforutsette utgifter	100 000	u/mva
SUM	**250 000**	u/mva
TOTALSUM	**1 700 000**	u/mva

FINANSIERINGSPLAN

Budsjettløyving tidlegare år	750 000	u/mva
Behov for ekstramidlar	**950 000**	u/mva

HERØY KOMMUNE

Utvikling

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr: Arkiv:	2015/147 X53

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
137/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51600 - RASSIKRING I HULDALEN

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 342 132,08

2. Mindreforbruk på kr 21.573,58 vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

Særutskrift: Økonomi, her

Saksopplysningar:
Prosjektet er ferdigstilt, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

I K-sak 95/15 vart følgjande vedtatt:
Herøy kommunestyre har den 27.08.2015 gjort slikt vedtak i saka:
1. Herøy kommune tek på seg gjennomføring av sikringstiltak mot skred/steinsprang frå fjellet bak Huldal barnehage.

2. Det vert løyvd 370.000 kroner til gjennomføring av prosjektet.

3. Løyvinga vert finansiert med tilskot på 240.000 kroner frå NVE. Den resterande kostnaden på 130.000 kronert vert finansiert ved låneopptak.

4. Huldal barnehage SA får utbetalt 53.072 kroner som dei har betalt for konsulentrapport frå Norconsult AS.

Med bakgrunn i vedtaket vart det sett i gong ein konkurranse for arbeidet og Visinor as fekk tildelt kontrakt. Dei har iløpet av april 2016 utført arbeida i henhald til kontrakt.

I tråd med tilsegn frå NVE er rekneskapen sendt til revisor for godkjenning og revisorgodkjent rekneskap er sendt ved faktura til NVE. Barnehagen har fått utbetalt 53.072kr som vedtatt.

Finansiering:

Finansiering	
NVE (inntil)	240 000,00
K-sak 98/15	130 000,00
Sum	370 000,00

Rekneskap:

Totalt forbruk	kr 342 132,08
-støtte frå NVE*	kr 233 705,66
Kommunen sin andel	**kr 108 426,42**
Løyving	kr 130 000,00
-Kommunen sin andel	kr 108 536,42
Mindreforbruk	**kr 21.573,58**

**233.705,66 er 80%av det som er stønadsberettiga i henhald til tilsegnet.*

Vurdering og konklusjon:
Arbeida er utførte og faktura for utbetaling av støtte frå NVE er sendt. Prosjektet kan avsluttast og rådmann tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre ovanfor.

Konsekvensar for folkehelse:
Arbeida har trygga fjellsida ovanfor barnehagen.
Konsekvensar for drift:
Oppfølging av sikringstiltaka for framtida er ei kommunal oppgåve. Det er ikkje talfesta kostnadar for dette. Ein må pårekne gjennomgang av området iløpet av nokre år.

Fosnavåg, 27.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad Rådmann	Jarl Martin Møller Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

HERØY KOMMUNE

Utvikling

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/560 P24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
138/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

ØKONOMSIK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51304 - KAI VED STRANDTEIGEN

Tilråding:

1. Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjektnr. 51304 slik den ligg føre i saksutgreiinga.

1. Meirforbruk på kr. 391.195 vert å finansiere ved auka låneopptak

Særutskrift:
Økonomi, her

Vedlegg:

Bakgrunn:
Med bakgrunn i budsjettløyving og løyving i K-sak 39/14 vart det satt i gong opparbeiding av kai mellom ytre Allmenningskai og nytt hotell. Kaia er ferdigstilt og tatt i bruk, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

Saksopplysningar:
Ved bygging av nytt hotell m.m. var det behov for ny kai som også skal fungere som ein trase for utrykkingskjøretøy i framkant av bygget, samt gangpromenade. Denne delen er kommunal. Anbodsprosessen vart utført desember 2013-februar 2014 og Prosjektbygg AS vart kontraktspart. Arbeida vart utført vår/sommar 2014. Det var viktig at kaia var ferdigstilt til hotellet var ferdig då bruksløyve ville avhenge av at trase for utrykkingskjøretøy var på plass. Dette rakk vi.

Når arbeida var komne i gong vart det avdekt at det var djupare enn sjøkartgrunnlaget tilsa. Det gav overskriding i rekneskapen som har vore rapportert i tertialrapport. Sidan delar av kostnaden i prosjektet er belasta prosjekt 51361 – avlaupsanlegg Almenningen er overskridinga i prosjektet mindre enn tidlegare rapportert.

Arbeidet med toppdekke har vore gjenstand for reklamasjon og sluttutbetaling har avventa dette. No er reklamasjonen avgjort og rekneskapen kan avsluttast formelt.

Prosjektrekneskap:

Budsjett	3.884.000
Forbruk	4.275.195
Meirforbruk	391.195

Vurdering og konklusjon:
Kaia er ferdigstilt og tatt i bruk. Rådmann tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre ovanfor.

Konsekvensar for folkehelse:
Kaia som er bygd er ein del av gongforbindelsen mellom det nye hotellområdet og resten av sentrum.
Konsekvensar for beredskap:
Kaia som er bygd er naudsynt for at utrykkingskjøretøy skal kome til på kainivå ved hotell/konsertsal/simulatorsenter.
Konsekvensar for drift:
Kaia gir om lag 195 m2 med nytt kaiareal som vil trenge normal drift og vedlikehald som ma. reingjering av overflater og sjekk av sikringsutstyr. Kaia gir også ein god tilkomst for driftspersonalet til dei nye uteområda på kainivå ved hotellet

Fosnavåg, 30.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

HERØY KOMMUNE

Utvikling

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/559 M30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
139/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKTNR 51361 - AVLAUPSANLEGG ALMENNINGEN

Tilråding:

1. Herøy kommune godkjenner rekneskapen for prosjekt 51361 Avlaupsanlegg Almenningen med eit totalforbruk på kr 3.554.999.

2. Finansiering er over tidlegare løyvde midlar på kloakkrammeplanen

Særutskrift:
Økonomi, her

Vedlegg:
VA-plan Almenningen

Saksopplysningar:
I samband med nytt hotell/konserthus/simulatorsenter var det ein klar føresetnad at avlaup måtte framførast til eigedomen på kainivå. Avlaupsanlegg Almenningen er ferdig opparbeidd og tatt i bruk, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

Valt løysing og pumpestasjon
Løysinga vart å legge avlaupsrør frå og med hotellet si eigedomsgrense på kainivå til krysset ved Liedhjørnet. Det var særs viktig at avlaupsanlegget var i drift til hotellet skulle opne, dette rakk vi. Det førte imidlertid til at ein ikkje hadde nok tid å planlegge anna enn eit standard overbygg for pumpestasjon.

Pumpestasjonen er ein naudsynt installasjon for å pumpe avlaup frå kainivå til Vågsgata. Plasseringa er gjort etter berekningar av høgdene på eksisterande leidningar, samt tilpassing til reguleringsplan og siktlinjer. Overbygget er naudsynt for å utføre forsvarlig og effektivt vedlikehald, særskilt med fokus på HMS for driftsoperatørar.

Når det vart ført opp eit standard overbygg var tanken at det ved seinare oppgradering/tilstelling av området kan førast opp eit bygg som passar betre i bymiljø, og nytte det noverande på ein eldre stasjon som treng oppgradering. Dette arbeidet er ikkje gjort pga. kapasitetsmangel, samt at det no må sjåast i samanheng med Byutviklingsprosjektet. Sidan dette må takast i eige prosjekt, kan prosjekt 51361 avsluttast økonomisk.

Sjølv om det er utført på lite areal rommar prosjektet mykje:

- 300m avlaupsleidning (både fall og pumpeleidning)
- Komplett pumpestasjon
- Tilrettelegging for overvassleidning for framtid utnytting av arealet.
- Tilrettelegging for vidareføring av avlaup- og vassleidningar over til Vågsholmen.
- Sanering av tidlegare utslepp frå forretning og leiligheiter, samt feittskiljar frå Fosnavåg Brygge.
- Framtidig utbygging på «Strandteigen» vert og kople til på denne leidninga.

Arbeida vart utført sommaren/hausten 2014 og det har vore nytta fleire aktørar i prosjektet:

- Arbeid med grøft og nedsettinga av pumpestasjon er utført på rammeavtale med Aurvoll og Furesund as.
- Rørinnkjøp er gjort hjå Aurvoll og Furesund as etter gjennomført konkurranse.
- Pumpestasjon er levert av Xylem Water Solutions as etter gjennomført konkurranse.
- Asfalt er levert av Veidekke as på rammeavtale.
- Prosjektbygg as har vore kontraktspart for oppføring av kai, delar av kaiprosjektet er utført for å tene avlaupsanlegget: utskifting av dårlig/forureina masse og oppføring av mur bakkant kai.
- Herøy Vasslag har også delteke på delar av strekket. Dei skal også krysse over til Vågsholmen, samt at kommunen trengte vassforsyning til pumpestasjon/kaiareal.

Prosjektrekneskap

Forbruk 2014:	3.554.999 kr
Herav kostnadar frå prosjekt 51304	1.579.225 kr

I K-sak 39/14 angåande prosjekt 51304 kai, var det estimert at kostnad i kaiprosjektet som måtte førast på avlaupsprosjekt var 1.360.000kr. Hovudårsaka til at dette beløpet vart høgare er at massane bak kaia var dårlegare enn anteke, dei var forureina og inneheldt ma. tidlegare tank for drivstoff. Begge prosjekta har vore rapportert gjennom tertialrapport sidan dei var oppstarta. Økonomisk avslutning av kai er levert i eiga sak.

Vurdering og konklusjon:
Leidningsanlegget er ferdigstilt og tatt i bruk. Rådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent slik den ligg føre i denne saka.

Konsekvensar for folkehelse:
Anlegget har sanert tidlegare utslepp i hamna, dette er positivt for miljøet og dermed folkehelse.
Konsekvensar for drift:
Anlegget gir ca. 300m leidningsnett og ein pumpestasjon som må driftast og vedlikehaldast.

Fosnavåg, 03.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

34/6
851
34/121
34/125
114
850
34/446
34/550
34/6
34/86
127
H1
N
6916800
325750

Dato	Konstr./Tegnet	Godkjent	Målestokk	
07.04.2014				
Plantegning			Erstatning for:	Erstattet av:
			901	
Henvisning:		Beregning:		

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2015/487
		Arkiv:	37/

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
140/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51155 LEIDNINGSANLEGG EGGESBØNES.

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 3.616.174,-
2. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til klokkrammeplanprosjekt.

Særutskrift:
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:
Kartutsnitt over leidningstraseen.

BAKGRUNN FOR SAKA:
Saka gjeld økonomisk avslutning av leidningsanlegg Eggesbønes. Leidningsanlegget er ein del av Herøy kommune sin ”kloakkrammeplan”, no kommunedelplan for avløp. Det vart gjort vedtak om å bygge omsorgsbustadar og base for heimetenestene på nordvestre delen av sjukeheimsområdet på Eggesbønes. Der låg vass og kloakkleidningar over tomta, som måtte flyttast / leggast om før byggearbeida kunne starte. Prosjektet har vore rapportert til Herøy kommunestyre gjennom tertialrapportane på anleggsprosjekt sidan prosjektet vart oppstarta i mai 2015.

SAKSOPPLYSNINGAR:
Prosjektet omfattar bygging av nytt kommunalt avlaupsanlegg langs Eggesbøvegen. Det ferdige utbygde anlegget består av ferdig utbygd ca.500 meter med nye avlaupsleidningar. Denne utbygginga har lagt til rette for vidare separering av eksisterande kombileidning (kloakk og overvatn i same leidning), som går frå Mikkelhaugen til YX, samt klargjort for tilkopling av Herøy kommune sitt nybygg med omsorgsbustadar og base for heimetenestene på nordvestre delen av sjukeheimsområdet på Eggesbønes.

Det har vore eit prosjekt som har vore krevjande med omsyn til grunnspørsmål, samt arbeid på og langs / veg samt private eigedommar.

Prosjektet starta opp i 2015 og vert økonomisk avslutta i 2016.

Utførande grunnentreprenør har vore:
- Aurvoll og Furesund AS.

Underentreprenørar:
- NCC (Asfaltarbeid)
- AG- Plan (Konsulentarbeid)

Det er ikkje gjort eigne løyvingar til dette prosjektet, då løyvingane til prosjektet har vore gjennom løyvingane til kloakkrammeplanen.

Kostnadsforbruket for anlegget har vore slik:

Forbruk 2015	kr	3.572.478,-
Forbruk 2016	kr	43.695,-
Totalt Forbruk	**kr**	**3.616.173,-**

VURDERINGAR:
Leidningsanlegget er ferdigstilt og kan avsluttast økonomisk.

Konsekvensar for folkehelse:
Denne delutbygginga vil på sikt leie all kloakk frå Herøy kyrkje til YX direkte til pumpestasjonen i Grønhaugen og ikkje som no langs Myklebustvatnet og via pumpestasjonen ved HK- Verkstad. Utbygginga vil på sikt føre til kortare strekk med avlaupsleidningar, noko som m.a. vil redusere faren for forureining mot Myklebustvatnet.

Konsekvens for beredskap:
Ingen


Konsekvensar for drift:
Ca. 500 meter med nytt leidningsnett som skal driftast.

Fosnavåg, 27.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Fred Arnesen



EKSISTERANDE Leidningar/kummar, slukar	PLANLAGT Leidningar/kummar, slukar	GÅR UT/FJERNAST Leidningar/kummar, slukar	JUSTERAST Kummar	FORKLARING:
				V: VASSLEIDNING
				SP: SPILLVASSLEIDNING (SJØLVFALL)
				AF: FELLESLEIDNING, SP OG O
				PL-Sp: PUMPELEIDNING FOR SPILLVATN
				DVO: OVERVASSLEIDNING
				DVD: DRENSLEIDNING
				AKO dren
				T: TREKKERØR EL FOR VA-ANLEGG, I VA-GRØFT
	SF			SANDFANGKUM I GRØFT
	SL			SANDFANGKUM PÅ ASFALT
	SL			SANDFANGKUM MED KJEFTSLUK/GATESLUK
	OV			OVERVASSKUM
	SP			KUM SPILLVASSLEIDNING
	V			SV: VASSKUM, STENGEVENTIL
	HY			BRANNHYDRANT
				P: KLOAKKPUMPESTASJON
				EKS. KUM SOM SKAL HØGDEJUSTERAST
				FJERNVARMERØR, Leidning Leveranse
				FJERNVARMERØR, Leidning retur

Rev.	Revisjonen gjeld:	Sign.:	Dato:
Byggherre: Herøy kommune		Godkjent:	Dato:
		Sakshands.: K.G.Jengedal	
Prosjekterande: AG Plan og Arkitektur AS Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no		Sign.	Dato:
Prosjekt: Eggesbøvegen byggeplan	Prosjektnr.: 2232 VA-plan, oversikt	Teikn.:	23.3.2015
		Sakshands.:	
		Profil nr.	
		Arkiv ref.	
		Målestokk: 1:500 (A1)	
Kont.pers byggherre: Jon Rune Våge		Teikn. nr.: 2232-GH100	Rev.

HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/646 614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/16	Maritim og teknisk komite	24.05.2016
9/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
141/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

PROSJEKT 61604 - NY HOVUDBRANNSTASJON OG DRIFTSBASE - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.06.2016

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og driftsbase, utbyggingsalternativ 1.

2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Maritim og teknisk komite kom med slike samrøystes nye tillegg:
punkt 1:«utan IKT»

punkt 4 :«Kommunestyret ber rådmannen synleggjere om moglegheitene for trinnvis utbygging»

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 24.05.2016

4. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og driftsbase, utbyggingsalternativ 1 utan IKT.

5. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

6. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

7. Kommunestyret ber rådmannen synleggjere moglegheitene for trinnvis utbygging.

Tilråding:

8.
9. **Kommunestyret godkjenner byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og driftsbase, utbyggingsalternativ 1.**

10. **Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.**

11. **Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.**

Særutskrift:
Eigedomsavdelinga
Herøy brannvern
Utviklingsavdelinga
IKT-avdelinga
Økonomiavdelinga
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Hovudverneombodet

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 61604 – Ny hovudbrannstasjon og driftsbase – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 61604 – Ny hovudbrannstasjon og driftsbase.

Bakgrunn
Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

> *Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:*
>
> - *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
> - *Herøy ressurssenter*
> - *Nedre Dragsund 2*
> - *Bergsøy skule*
> - *Fosnavåg driftsbase*
> - *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og driftsbase fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram
Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 61604 – Ny hovudbrannstasjon og driftsbase
Byggeprogrammet for ny hovudbrannstasjon og driftsbase omhandlar nybygg for Herøy brann og redning samt utviklingsavdelinga sin uteseksjon, eigedomsavdelinga sin byggdriftsseksjon og IKT-avdelinga.

Byggeprogrammet byggjer på ei erkjenning av at dagens lokalitetar verken er funksjonelle eller i samsvar med grunnleggande krav til fysisk arbeidsmiljø. Lokalitetane manglar såleis garderobefunksjonar som tek vare på dei tilsette sitt

behov for eit skilje mellom rein og urein sone, noko Arbeidstilsynet har gitt eigedomsavdelinga pålegg om å utbetre for sitt ansvarsområde.

Likeins er det ikkje rom for forsvarleg lagring, noko som reduserer den tekniske levetida for verdifullt teknisk utstyr. Likeins har ein i byggeprogrammet teke utgangspunkt i at ulike ansvarsområde i større grad kan bruke fellesfunksjonar saman i staden for å vere spreidde utover ulike lokalitetar i kommunen.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med Herøy brann og redning (brannsjef og brannmeister), utviklingsavdelinga (utviklingsleiar og driftsleiar) og IKT-avdelinga samt verneomboda for eigedomsavdelinga sin byggdriftsseksjon, utviklingsavdelinga sin uteseksjon og verneombodet for Herøy brann og redning.

Byggeprogrammet er utarbeida i tre alternativ, der alle ligg innanfor området til kommunas eksisterande driftsbase og brannstasjon på Eggesbønes.

Utbyggingsalternativ 1
Utbyggingsalternativ 1 omhandlar bygging av ny hovudbrannstasjon og driftsbase for eigedomsavdelinga, utviklingsavdelinga og IKT-avdelinga. Som del av prosjektet skal det også etablerast fast landingsplass for ambulanse- og redningshelikopter.

Eigedomsavdelinga har lagt vesentleg vekt på å etablere garderobeforhold for dei tilsette med forsvarleg skilje mellom rein og urein sone. Likeins er lager- og garasjefunksjonar. Alternativet legg opp til utstrakt sambruk av fellesfunksjonar, til dømes pauserom og møterom.

Utbyggingsalternativ 2
Utbyggingsalternativ 2 omhandlar bygging av ny hovudbrannstasjon for Herøy brann og redning samt driftsbase for eigedomsavdelinga og utviklingsavdelinga.

Hovudforskjellen frå alternativ 1 er at fast landingsplass for helikopter og driftsfunksjonar for IKT-avdelinga ikkje lenger er med. Dette inneber at sambruken av fellesfunksjonar reduserast og at IKT-avdelinga må løyse sitt arealbehov annan stad.

Utbyggingsalternativ 3
Utbyggingsalternativ 3 omhandlar bygging av ny hovudbrannstasjon for Herøy brann og redning.

Hovudforskjellen frå alternativ 1 og 2 er at tidlegare fellesfunksjonar primært nyttast av Brann og redning medan eigedomsavdelinga, utviklingsavdelinga og IKT-avdelinga må løyse sitt arealbehov annan stad.

Vidare prosess
Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for dei ulike utbyggingsalternativa i byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for ny hovudbrannstasjon og driftsbase, utbyggingsalternativ 1.

Lokalitetane for samtlege avdelingar er prega av mellombelse løysingar utan forsvarlege funksjonar, særleg når det gjeld garderobeforhold. Desse manglane er særs alvorlege for brannvernet, mellom anna på grunn av den kreftrisiko som er knytt til deira ansvarsområde. Lokalitetane for uteseksjon og byggdrift er likeins prega av at kommunen over mange ikkje har teke arbeidsforholda for dei tilsette på alvor. Dette går på bekostning av både fysisk og psykososialt arbeidsmiljø i tillegg til at lokalitetane heller ikkje bidreg til å effektivisere arbeidet. Utbyggingsalternativ 1 inneber ein utstrakt sambruk av fellesfunksjonar, ein viktig føresetnad for kommunale byggeprosjekt, i tillegg til å løyse dei viktigaste bygningsmessige avvika ved dagens lokalisering.

Konsekvensar for folkehelse:
Ikkje vurdert.

Konsekvensar for beredskap:
Ikkje vurdert.

Konsekvensar for drift:
Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

HERØY KOMMUNE

HOVUDBRANNSTASJON & DRIFTSBASE

BYGGEPROGRAM

Godkjent av kommunestyret i K-sak xx/2016

1 INNLEIING

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar og arealramme for etterfylgjande utforming av planløysing og arkitektonisk uttrykk.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

2 BAKGRUNN

Utbyggingsalternativ 1
Prosjektet omhandlar bygging av ny hovudbrannstasjon for Herøy brann og redning samt driftsbase for eigedomsavdelinga, utviklingsavdelinga og IKT-avdelinga.


Som del av prosjektet skal det også etablerast fast landingsplass for ambulanse- og redningshelikopter.

Utbyggingsalternativ 2
Prosjektet omfattar bygging av ny hovudbrannstasjon for Herøy brann og redning samt driftsbase for eigedomsavdelinga og utviklingsavdelinga.

Utbyggingsalternativ 3
Prosjektet omfattar bygging av ny hovudbrannstasjon for Herøy brann og redning.

3 ORGANISERING

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:




INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen vedrørande prosjektet skal gå via prosjektleiar som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

4 GRUNNEIGEDOM

Byggeprosjektet skal byggast ut på kommunens eigedomar gnr. 38 bnr. 1 mm.:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Eigedomen er hovudsakleg ubebygd. Dagens hovudbrannstasjon er plassert i nordleg ytterkant av utbyggingsområdet. Resterande område vert nytta til utandørs lagring av kjøretøy og anna teknisk utstyr.

NABOLAG

Eigedomen grenser inntil privat bustadområde, kommunale utleigebustadar og Herøy helse- og omsorgssenter.


GRUNNFORHOLD

Eigedomen har tidllegare vore nytta som søppelfylling. Antatt avgrensninga av søppelfyllinga fyl av kartskisse i vedlegg 1 til byggeprogrammet. Byggherre tek atterhald om at avgrensning av søppelfylling er usikker. Grunnforhold er ikkje vurdert.

5 OVERORDNA FØRINGAR

ATKOMST

Atkomst til utbyggingseigedomen må sikrast både via eksisterande hovudtrasè Sjukeheimsvegen og via alternativ trasè under utgreiing:



Ovannemnde kart er kun meint som illustrasjon. Atkomst til utbyggingseigedomen må avklast gjennom regulering av utbyggingstomt og etterfylgjande prosjektering.

PARKERING

Behovet for parkering må søkast dekt gjennom bruk av den del av byggetomta som har antatt dårlegast grunnforhold.

Deler av parkeringsområdet skal reserverast uttrykningskøyring for brannvernet og for uttrykning knytt til landingsplass helikopter.

BEBYGGELSE

Bebyggelse skal plasserast utanfor antatt grense for tidlegare søppeldeponi.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Bebyggelsen og tilhøyrande uteareal skal framstå ryddig og gjennom avskjerming mot kringliggande bebyggelse bidra til at området totalt sett får ein visuell heilskap. Bebyggelse skal difor søkast nytta som visuell skjerming av utelagerfunksjonar mot kringliggande bustadområde.

GRENSESNITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Ingen særskilte merknader.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Prosjektet skal generelt tilstrebe arealeffektivitet, sambruk og fleksibilitet og i størst mogleg grad unngå døareal i form av korridorar, trapper mm.

6 FUNKSJONS- OG AREALKRAV

6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

6.2 ALTERNATIV 1: HOVUDBRANNSTASJON OG DRIFTSBASE

HERØY BRANN OG REDNING

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Garderobe herre	1	45	45	Garderobe for 30 personar. Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - herre.
Toalett - herre	2	2	4	I direkte tilknyting til garderobe - herre.
Garderobe dame	1	10	10	Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - dame.
Toalett - dame	1	2	2	I direkte tilknyting til fingarderobe - dame.
Vognhall	6	70	420	6 oppstillingsplasser à 5 x 14 m. Portopning 4,5 x 4,7 m. Min takhøgde 6 m. Vognhallen skal ha messanin i 5 meters djubde bak 4 av oppstillingsplassane. Langsgåande slukrenner i senter gulv under bil. Golvet må ha fall inn mot midten mot rist og sandfangkum. Det må vere tilgang til støyskjerma luftkompressor.
Vaskehall	1	70	70	1 oppstillingsplass à 5 x 14 m. Tilkomst til vognhall og sluse og vaskerom urein.
Sluse	1	6	6	Sluk i gulv, gulvrist, dusj og støvlevask.
Vaskerom urein	1	50	50	Vask av ytterbekledning, røykdykkermaske, meis og brannslange. Tilkomst frå vaskehall.

Tørkerom	1	15	15	Tilkomst frå vaskehall. Tørking av rein bekledning og utstyr.
Røykdykkerverkstad	1	30	30	Tilkomst frå vaskehall og vognhall.
Flaskefylling	1	10	10	Tilkomst frå vaskehall og vognhall. Krav til lydskjerming grunna bruk av luftkompressor (lydskjerma) for flaskefylling.
Sluse	1	3	3	Til fingarderobe.
Lager	1	20	20	
Kontor	2	10	20	For brannmeister og fagleiar førebygging.
SUM NTA	-	-	**705**	

UTVIKLINGSAVDELINGA

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal		Sum	MERKNAD
Garasje - stor	5	55	k	275	For traktor, lastebilar og varebilar. gravmaskin, løftebuk, Min. 6,0 takhøgde.
Garasje - liten	4	25	k	100	For pickup og arbeidsbil. Min. 3,5 m. takhøgde.
Rørlager	1	50	k	50	Veggmontert oppheng med overbygg.
Verkstad	1	200		200	Mekanisk verkstad
Strøsandlager	1	60	k	60	Tørt og frostfritt
Kontor	2	7,5		15	Driftsleiar og gartner
SUM NTA	-	-		**700**	

EIGEDOMSAVDELINGA

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal		Sum	MERKNAD
Arbeidsrom	1	15		15	6 arbeidsbenkar for PC-bruk.
Lager	1	150	k	150	Kaldtlager
Verkstad	1	120		120	Snekkerutstyr, fastmonterte maskiner

Lakkering/tørking/ lager	1	40		40	Lagring av forbruksmatriell og div. trematerialer.
Garasje - liten	10	28	k	280	For arbeidsbilar, lift og hengarar. Min. takhøgde 3.5 m.
Kontor	1	7,5		7,5	Fagleiar drift
SUM NTA	-	-		**613**	

IKT-AVDELINGA

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Verksted	1	22	22	Med arbeidsstasjon.
Lager	1	40	40	På bakkeplan. Ytterdør M11 med skotefelt
Kontor	3	7,5	22	
SUM NTA	-		**84**	

GARDEROBEFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Garderobe - rein herrer	1	40	40	
Toalett - herre	2	2	4	
Garderobe . rein kvinner	1	20	20	
Toalett - dame	1	2	2	
Sluse	1	6	6	Sluk i gulv, gulvrist, dusj og støvlevask.
Garderobe - urein herrer	1	40	40	For 20 personar. Direkte atkomst frå sluse.
Garderobe . urein kvinner	1	15	15	For 6 personar. Direkte atkomst frå sluse
Vaskerom	1	15	15	I nærleik til garderobane. Vaskemaskin. Tørketrommel. Utslagsvask. Også for brann.

SUM NTA	-		**142**	

ANDRE FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Toalett	5	2	10	Unisex. Eige rom.
Toalett - HC	1	6	6	Unisex.
Trimrom	1	60	60	Felles for alle avdelingane.
Kjøkken	1	15	15	Separat tilkomst frå alle møterom og kantina
Pauserom	1	50	50	For 30 personar. Felles spiserom.
Møterom	2	15	30	Plass til min 20 personar. Prosjektor og skjerm. skal kunne slåast saman med pauserom.
Kopirom	1	08	08	Printer, hyller, arbeidsbenk
Lager	1	10	10	
SUM NTA	-			

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	1	40	40	VVS, el., tele-automatsjon, straummålarar, IKT
Tavlerom	1	4	4	
Reservestraum og kompressor	1	30	30	På bakkeplan. Krav til særskilt støydemping. Kompressorverksted og kompressor-flaskefylling
Reinhaldssentral	1	30	30	På bakkeplan, tralleplass, reol, moppevm, vm til mopper, utslagsvasker
Bøttekott	1	4	4	
Lager	1	15	15	Maskiner og forbruksmateriell. Overbygd sone 40 m2 ved yttervegg for inn- og utlasting av varer.
Avfallsrom	1	15	15	Kjøling. Sluk. Atkomst frå utsida via port b=1,5m Pappresse bør vere tilgjengelig.

SUM NTA	-		**138**	

ATKOMST OG LOGISTIKK

Arealet for de funkjonane er tatt med i NTA-BTA-faktor.

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	1			
Prioritert inngang	1			For brannvernet under uttrykning. Krav til direkte atkomst Herøy brannvern - garderobe rein
Trapp / trapperom	1			
Heis / heisrom	1			
SUM NTA	-	-	-	-

UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplass	1	800	800	Ordinær parkering. 40 p-plasser à 20 m2.
Prioritert parkering	1	200	200	For brannmannskap under uttrykning. Minimum 10 plassar à 20 m2.
Utelager	1	250	250	For Utviklingsavdelinga. Asfaltert
Utelager	1	250	250	For Eigedomsavdelinga. Asfaltert.
Betongbås	5	150	750	For strøsand, rørsingel og asfalt.
Landingsplass for helikopter	1	700	700	Fast landingsplass for ambulansehelikopter. Krav til fast dekke på 22,8 meter i diameter. Landingsplassen skal vere på bakkenivå (ikkje elevert). Utenfor landingsplassområdet, må det være et sikkerheitsområde (hinderfritt), som gjør at totalt område på landingsplassen har en diameter på minimum 45,6 meter. Det faste dekket må tåle vekten av 16 tonn (vekt av det tyngste aktuelle redningshelikopteret, AW101).
Rubbhall	1	288	288	Rubbhall 12x24, tilpasses til plugg, strøapparrat

Øvingsområde	1	250	250	For Herøy brann & redning. Skarp øving.
SUM NTA	-		**3488**	**-**

6.2	ALTERNATIV 2: HOVUDBRANNSTASJON OG NEDSKALERT DRIFTSBASE

HERØY BRANN OG REDNING

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Garderobe herre	1	45	45	Garderobe for 30 personar. Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - herre.
Toalett - herre	2	2	4	I direkte tilknyting til garderobe - herre.
Garderobe dame	1	10	10	Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - dame.
Toalett - dame	1	2	2	I direkte tilknyting til fingarderobe - dame.
Vognhall	6	70	420	6 oppstillingsplasser à 5 x 14 m. Portopning 4,5 x 4,7 m. Min takhøgde 6 m. Vognhallen skal ha messanin i 5 meters djubde bak 4 av oppstillingsplassane. Langsgåande slukrenner i senter gulv under bil. Golvet må ha fall inn mot midten mot rist og sandfangkum. Det må vere tilgang til støyskjerma luftkompressor.
Vaskehall	1	70	70	1 oppstillingsplass à 5 x 14 m. Tilkomst til vognhall og sluse og vaskerom urein.
Sluse	1	6	6	Sluk i gulv, gulvrist, dusj og støvlevask.
Vaskerom urein	1	50	50	Vask av ytterbekledning, røykdykkermaske, meis og brannslange. Tilkomst frå vaskehall.
Tørkerom	1	15	15	Tilkomst frå vaskehall. Tørking av rein bekledning og utstyr.
Røykdykkerverkstad	1	30	30	Tilkomst frå vaskehall og vognhall.
Flaskefylling	1	10	10	Tilkomst frå vaskehall og vognhall. Krav til lydskjerming grunna bruk av luftkompressor (lydskjerma) for flaskefylling.

Sluse	1	3	3	Til fingarderobe.
Lager	1	20	20	
Kontor	2	10	20	For brannmeister og fagleiar førebygging.
SUM NTA	-	-	**705**	

UTVIKLINGSAVDELINGA

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal		Sum	MERKNAD
Garasje - stor	5	55	k	275	For traktor, lastebilar og varebilar. gravmaskin, løftebuk, Min. 6,0 takhøgde.
Garasje - liten	4	25	k	100	For pickup og arbeidsbil. Min. 3,5 m. takhøgde.
Rørlager	1	50	k	50	Veggmontert oppheng med overbygg.
Verkstad	1	200		200	Mekanisk verkstad
Strøsandlager	1	60	k	60	Tørt og frostfritt
Kontor	2	7,5		15	Driftsleiar og gartner
SUM NTA	-	-		**700**	

EIGEDOMSAVDELINGA

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal		Sum	MERKNAD
Arbeidsrom	1	15		15	6 arbeidsbenkar for PC-bruk.
Lager	1	150	k	150	Kaldtlager
Verkstad	1	120		120	Snekkerutstyr, fastmonterte maskiner
Lakkering/tørking/ lager	1	40		40	Lagring av forbruksmatriell og div. trematerialer.
Garasje - liten	10	28	k	280	For arbeidsbilar, lift og hengarar. Min. takhøgde 3.5 m.
Kontor	1	7,5		7,5	Fagleiar drift
SUM NTA	-	-		**613**	

GARDEROBEFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Garderobe - rein herrer	1	40	40	
Toalett - herre	2	2	4	
Garderobe . rein kvinner	1	20	20	
Toalett - dame	1	2	2	
Sluse	1	6	6	Sluk i gulv, gulvrist, dusj og støvlevask.
Garderobe - urein herrer	1	40	40	For 20 personar. Direkte atkomst frå sluse.
Garderobe . urein kvinner	1	15	15	For 6 personar. Direkte atkomst frå sluse
Vaskerom	1	15	15	I nærleik til garderobane. Vaskemaskin. Tørketrommel. Utslagsvask. Også for brann.
SUM NTA	-		**142**	

ANDRE FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Toalett	5	2	10	Unisex. Eige rom.
Toalett - HC	1	6	6	Unisex.
Trimrom	1	60	60	Felles for alle avdelingane.
Kjøkken	1	15	15	Separat tilkomst frå alle møterom og kantina
Pauserom	1	50	50	For 30 personar. Felles spiserom.
Møterom	2	15	30	Plass til min 20 personar. Prosjektor og skjerm. skal kunne slåast saman med pauserom.
Kopirom	1	08	08	Printer, hyller, arbeidsbenk
Lager	1	10	10	
SUM NTA	-			

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	1	40	40	VVS, el., tele-automatsjon, straummålarar, IKT
Tavlerom	1	4	4	
Reservestraum og kompressor	1	30	30	På bakkeplan. Krav til særskilt støydemping. Kompressorverksted og kompressor-flaskefylling
Reinhaldssentral	1	30	30	På bakkeplan, tralleplass, reol, moppevm, vm til mopper, utslagsvasker
Bøttekott	1	4	4	
Lager	1	15	15	Maskiner og forbruksmateriell. Overbygd sone 40 m2 ved yttervegg for inn- og utlasting av varer.
Avfallsrom	1	15	15	Kjøling. Sluk. Atkomst frå utsida via port b=1,5m Pappresse bør vere tilgjengelig.
SUM NTA	-		**138**	

ATKOMST OG LOGISTIKK

Arealet for de funkjonane er tatt med i NTA-BTA-faktor.

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	1			
Prioritert inngang	1			For brannvernet under uttrykning. Krav til direkte atkomst Herøy brannvern - garderobe rein
Trapp / trapperom	1			
Heis / heisrom	1			
SUM NTA	**-**	**-**	**-**	**-**

UTANDØRS

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplass	1	800	800	Ordinær parkering. 40 p-plasser à 20 m2.

Prioritert parkering	1	200	200	For brannmannskap under uttrykning. Minimum 10 plassar à 20 m2.
Utelager	1	250	250	For Utviklingsavdelinga. Asfaltert
Utelager	1	250	250	For Eigedomsavdelinga. Asfaltert.
Betongbås	5	150	750	For strøsand, rørsingel og asfalt.
Rubbhall	1	288	288	Rubbhall 12x24, tilpasses til plugg, strøapparrat
Øvingsområde	1	250	250	For Herøy brann & redning. Skarp øving.
SUM NTA	-		**3488**	**-**

6.2	ALTERNATIV 3: HOVUDBRANNSTASJON

HERØY BRANN OG REDNING

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Garderobe herre	1	45	45	Garderobe for 30 personar. Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - herre.
Toalett - herre	2	2	4	I direkte tilknyting til garderobe - herre.
Garderobe dame	1	10	10	Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - dame.
Toalett - dame	1	2	2	I direkte tilknyting til fingarderobe - dame.
Vognhall	6	70	420	6 oppstillingsplasser à 5 x 14 m. Portopning 4,5 x 4,7 m. Min takhøgde 6 m. Vognhallen skal ha messanin i 5 meters djubde bak 4 av oppstillingsplassane. Langsgåande slukrenner i senter gulv under bil. Golvet må ha fall inn mot midten mot rist og sandfangkum. Det må vere tilgang til støyskjerma luftkompressor.
Vaskehall	1	70	70	1 oppstillingsplass à 5 x 14 m. Tilkomst til vognhall og sluse og vaskerom urein.
Sluse	1	6	6	Sluk i gulv, gulvrist, dusj og støvlevask.
Vaskerom urein	1	50	50	Vask av ytterbekledning, røykdykkermaske, meis og brannslange. Tilkomst frå vaskehall.
Tørkerom	1	15	15	Tilkomst frå vaskehall. Tørking av rein bekledning og utstyr.
Røykdykkerverkstad	1	30	30	Tilkomst frå vaskehall og vognhall.
Flaskefylling	1	10	10	Tilkomst frå vaskehall og vognhall. Krav til lydskjerming grunna bruk av luftkompressor (lydskjerma) for flaskefylling.

Sluse	1	3	3	Til fingarderobe.
Lager	1	20	20	
Kontor	2	10	20	For brannmeister og fagleiar førebygging.
SUM NTA	-	-	**705**	

ANDRE FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Trimrom	1	40	40	Felles for alle avdelingane
Pause/møterom	1	40	40	Pauserom for brannvernet.
Kjøkken	1	15	15	Seperat adgang frå alle møterom og kantina
Kopirom	1	08	08	Printer, hyller, arbeidsbenk
SUM NTA	-			

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	1	40	40	VVS, el., tele-automatsjon, straummålarar, IKT
Tavlerom	1	1	1	
Reservestraum og kompressor	1	20	20	På bakkeplan. Krav til særskilt støydemping.
Reinhaldssentral	1	12	12	På bakkeplan, tralleplass, reol, moppevm, vm til mopper, utslagsvasker
Bøttekott	1	2	2	
Lager	1	15	15	Maskiner og forbruksmateriell. Overbygd sone 40m2 ved yttervegg for inn- og utlasting av varer.
Avfallsrom	1	10	10	Kjøling. Sluk. Atkomst frå utsida via port b=1,5m Pappresse bør vere tilgjengelig.
SUM NTA	-			

ATKOMST OG LOGISTIKK

Arealet for de funkjonane er tatt med i NTA-BTA-faktor.

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	1			
Prioritert inngang	1			For brannvernet under uttrykning. Krav til direkte atkomst Herøy brannvern - garderobe rein
Trapp / trapperom	1			
Heis / heisrom	1			
SUM NTA	-	-	-	-


UTANDØRS


Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplass	30	20	600	
Lager	1	250	250	For Herøy brann og redning asfaltert uteområde
SUM NTA	-		**850**	-

7 ESTIMERT AREALBEHOV

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):





UTBYGGINGSALTERNATIV	NTA	BTA
Utbyggingsalternativ 1 - Hovudbrannstasjon og driftsbase		
Utbyggingsalternativ 2 - Hovudbrannstasjon og nedskalert driftsbase		
Utbyggingsalternativ 2 - Hovudbrannstasjon		

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/647 614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/16	Eldrerådet	25.05.2016
24/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016
22/16	Komite for oppvekst	24.05.2016
10/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
142/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

PROSJEKT 61508 - HERØY KULTURHUS OG IDRETTSHALL - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.06.2016

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.

2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust og skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Komite for oppvekst - 24.05.2016

4. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.

5. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

6. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 23.05.2016

7. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.

8. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

9. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Eldrerådet kom med slikt nytt 4. punkt:
«Nytt omsorgs-/aktivitetssenter med tilhøyrande omsorgsbustadar må prioriterast før dette tiltaket»

Rådmannen si tilråding med tillegg av nytt punkt 4 vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Eldrerådet - 25.05.2016

10. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.

11. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

12. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

13. Nytt omsorgs-/aktivitetssenter med tilhøyrande omsorgsbustadar må prioriterast før dette tiltaket

Tilråding:

14. **Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.**

15. **Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.**

16. **Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.**

Særutskrift:
Eigedomsavdelinga
Kulturavdelinga
Skuleavdelinga
Økonomiavdelinga
Ungdomsrådet
Eldrerådet
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Hovudverneombodet

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 61508 – Herøy kulturhus og idrettshall – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 61508 – Herøy kulturhus og idrettshall.

Bakgrunn
Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

> *Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:*
>
> - *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
> - *Herøy ressurssenter*
> - *Nedre Dragsund 2*
> - *Bergsøy skule*
> - *Fosnavåg driftsbase*
> - *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram
Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 61508 - Herøy kulturhus og idrettshall
Byggeprogrammet for Herøy kulturhus og idrettshall omhandlar både rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, ombygging og tilbygg for nye brukarbehov.

Herøy kommune har fått eit nytt konserthus i sentrum som har utvikla seg til ei hovudbase for kommersiell kultur og kino i kommunen. Samstundes ligg Herøy kulturhus og idrettshall midt i eit kraftsentrum for idrett og kulturliv, oppvekst, utdanning og frivillegheit. Bygningsmassa har byrja å merke tidens tann samstundes som brukarane sitt behov endrar seg.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med kulturavdelinga og skuleavdelinga, herunder arrangementsleiar og leiarane for biblioteket, kulturskulen, frivillegsentral og verneombod for dei tilsette.

Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ:

Utbyggingsalternativ 1
Utbyggingsalternativ 1 omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder eit tilbygg for folkebibliotek og frivillegsentral og eit tilbygg for kulturskulen.

Tilbygg for folkebiblioteket byggjer på det forprosjekt som vart utarbeida i 2008 og 2010, i samband med utbygginga av Sunnmørsbadet Fosnavåg. Tilbygget føreslås difor etablert i området mellom hovudinngangen til Kulturhuset og hovudinngangen til Sunnmørsbadet for dermed å bidra til at desse to funksjonane vert bunde saman til eit nytt møtepunkt mellom ulike brukargrupper samstundes som bibliotekfunksjonen vert løfta opp og fram. Ideen er ikkje ny, men kulturavdelinga har meldt inn eit større arealbehov enn det tidlegare forprosjekt byggjer på. Dette skuldast dels at ein ynskjer Frivillegsentralen inn i tilbygget for biblioteket, men like mykje at krava og forventningane til kva eit bibliotek skal vere i framtida har endra seg.

Administrasjonen har ved utarbeidinga av byggeprogrammet vurdert alternative løysingar for framtidas kulturskule. Etter drøftingar har ein imidlertid konkludert med at kulturskulen fortsatt skal halde til ved kulturhuset og peikar i den samanheng særleg på det mangfald kulturhusområdet kan tilby for brukargrupper i ulik alder og med ulikt interessefelt og det potensial dette inneber for kulturskulen. Dei eksisterande lokala har derimot aldri samsvart med kulturskulens sin ambisjon og potensial. Kulturskulen peikar i den samanheng særleg på behovet for areal med stor takhøgde til dans og samspel. Utbyggingsalternativ 1 inneber såleis at der vert etablert eit tilbygg i forlenginga av dagens festssal og at eksisterande lokale for biblioteket vert bygt om til areal for visuell kunst, kostymeverkstad, foto & videoverkstad og lager.

Utbyggingsalternativ 2
Utbyggingsalternativ 2 omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder eit tilbygg for folkebibliotek og frivillegsentral.

Tilbygg for folkebiblioteket og frivillegsentral samsvarar med det tilbygg som er foreslått under utbyggingsalternativ 1 ovanfor. For kulturskulens del inneber utbyggingsalternativ 2 at kulturskulen – etter naudsynt ombygging - overtek eksisterande lokale for biblioteket. Eksisterande bygningskropp begrensar i samband med dette moglegheitene for ombygging i samsvar med kulturskulens krav.

Vidare prosess
Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for dei ulike utbyggingsalternativ i byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.

Herøy kulturhus og idrettshall kan og bør ha ein vesentleg funksjon for Herøy i framtida. Etableringa av Fosnavåg konserthus og kino endrar ikkje dette. Sentralt plassert midt i eit område for idrett og kultur, frivillegheit, utdanning og oppvekst har kommunen potensial til å vidareutvikle kulturhuset som senter for alle desse aktivitetane.

Biblioteket har ei vesentleg rolle i den samanheng, som eit moderne folkebibliotek samstundes som det er eit viktig møtepunkt for alle dei ulike brukarane av kulturhusområdet. Ei samlokalisering med Frivillegsentralen forsterkar dette.

Likeins har kulturhuset potensial som hovudarena for kulturell produksjon, men då bør arenaen vidareutviklast for å sikre kulturskulen eit framtidsretta rammeverk for si verksemd.

Saman med ovannemnde tilbygg er det naudsynt å rehabilitere eksisterande bygningsmasse for å sikre rammeverket for ei ny og aktiv bruksperiode.

Konsekvensar for folkehelse:
Ikkje vurdert.

Konsekvensar for beredskap:
Ikkje vurdert.

Konsekvensar for drift:
Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

HERØY KOMMUNE

HERØY KULTURHUS & IDRETTSHALL

Rehabilitering, ombygging og tilbygg

BYGGEPROGRAM

Godkjent av Kommunestyret i K-sak xx/16

1 INNLEIING

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

2 PROSJEKTFORMÅL


Herøy kulturhus og idrettshall vart bygt i perioda 1979/80 og huser i dag festsal med flyttbart amfi og fast scene, idrettshall med flyttbart amfi og garderober, bibliotek, kulturskule og lokale for ulike fritidsaktivitetar.

Utbyggingsalternativ 1
Prosjektet omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder tilbygg for bibliotek, frivillegsentral og kulturskule, ombygging av eksisterande bibliotekslokale til nye lokale for Kulturskulen, ombygging av tidlegare kafèareal til pauserom/kafe, etablering av manglande personalfunksjonar samt ombygging av tidlegare treningsareal til nye lokale for frivillege lag og organisasjonar.

Utbyggingsalternativ 2
Prosjektet omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder tilbygg for bibliotek og frivillegsentral, ombygging av eksisterande bibliotekslokale til nye lokale for kulturskulen, ombygging av tidlegare kafèarel til pauserom/kafè, etablering av manglande personalfunksjonar samt ombygging av tidlegare treningsareal til nye lokale for frivillege lag og organisasjonar.

3 ORGANISERING

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande og kommunen vedrørande prosjektet skal gå via prosjektleiar som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, tenesteytande avdeling, brukargrupper og andre interessegrupper.

4 GRUNNEIGEDOM

Herøy kulturhus og idrettshall ligg innanfor kommunens eigedomar gnr. 29 bnr. 214 mm:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Herøy kulturhus og idrettshall ligg innanfor eit større område bestående av barnehagar, barneskular, ungdomsskule, vidaregåande skule, Sunnmørsbadet Fosnavåg og privat bustadbebyggelse samt idrettsanlegg og aktivitetspark.

NABOLAG
Eigedomen grensar inntil eit naturreservat i sør og kommunale og private eigedomar elles.

GRUNNFORHOLD
Grunnforhold er ikkje vurdert.

5 OVERORDNA FØRINGAR

ATKOMST
Atkomsten til bygget etablerast via eksisterande vegtilkomst. Gjeldande skiltplan fyl som vedlegg til byggeprogrammet.

PARKERING
Opparbeida parkeringsplassar skal nyttast også i framtida, men det er i byggeprogrammet lagt opp til ei utviding av dette arealet i den nordlige delen av parkeringsområdet.

Delar av parkeringsområdet, ved aktivitetspark og fotballbaner, oppgraderast til park / uteområde for sambruk med aktivitetspark og fritidsaktivitetar.

BEBYGGELSE
Eksisterande bebyggelse skal vidareutviklast gjennom naudsynt rehabilitering, ombygging og tilbygging.

ARKITEKTONISK UTTRYKK
Byggherre ynskjer at området skal framstå med eit arkitektonisk heilskapleg uttrykk, men ynskjer alternative forslag frå prosjekterande til fasadeuttrykk både på eksisterande fasade og tilbygg.

GRENSESNITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS er næraste nabo til bygget og nytter seg av det kommunale uteområdet, herunder særleg parkeringsarealet, saman med andre sentrale brukarar av området, særleg handball- og fotballgrupper under Bergsøy idrettslag.

Bygningane fungerer uavhengig av kvarandre, men har eit felles grensesnitt i felles korridor mellom Herøyhallen og vestibyle Sunnmørsbadet. Brannkonsept for rehabilitering må ta omsyn til dette.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD
Ingen særskilte merknader.

6 FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

6.2 ALTERNATIV 1: REHABILITERING, TILBYGG BIBLIOTEK / KULTURSKULE

REHABILITERING AV EKSISTERANDE BYGNINGSMASSSE

Fylgjande rehabilitering skal gjennomførast for eksisterande bygningsmasse:

BYGNINGSDEL	MERKNAD
Yttertak	Det er behov for ei delvis rehabilitering av eksisterande tak, herunder utskifting av taktekking og einskilde taksluk.
Røykluker	Eksisterande røykluker i festsal skal oppgraderast til røykluker utan overlys.
Yttervegg	Bygget skal etterisolerast og kles med ny fasadekledning.
Vindu	Eksisterande vindu skal skiftast til nye vindu med integrert solskjerming. Eksisterande lysfelt i Herøyhallen kles igjen.
Himling	Innvendig himling skal skiftast ut.
Belysning	Innvendig belysning skiftast ut.
Innervegg	Innvendige overflater rehabiliterast.
Innerdører	Innerdører skiftast til branndører med oppkobling til brannsentral.
Gulvoverflate	Gulvoverflate rehabiliterast.
Toalett	Rehabilitering av publikumstoalett i underetasje.
Tribuneanlegg	Rehabilitering av tribuneanlegg i Herøyhallen.
Ventilasjonsanlegg	Rehabilitering av ventilasjonsaggregat for festsal og Herøyhall
El-tavler	Rehabilitering av hovudtavler og undertavler.
Varmestyring	Oppgradering av styring for gulvvarme
Kjøkken	Kjøkken i hovudetasje rehabiliterast.

TILBYGG BIBLIOTEK

Som del av prosjektet skal det byggast eit tilbygg for bibliotek i området mellom dagens hovudinngang til Kulturhuset og dagens hovudinngang til Sunnmørsbadet Fosnavåg. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Inngangsparti	1	50	**50**	Knutepunkt. Resepsjonsområde. Sjølvbetjening.
Avis/tidskrift/data	1	50	**50**	Sitegrupper
Vaksenavdeling	1	400	**400**	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv og stille sone. I tillegg til ordinær samling av bøker finn ein referanselitteratur og lokalsamlingar her. Etablering av kompaktmagasin for lagring, i staden for ordinære lager for lett tilgjengelegheit. Arealet må vere fleksibelt og er tenkt som det viktigaste området for ulike møteplassaktivitetar/scene med plass til 100 personar.
Barneavdeling	1	100	**100**	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, , i tillegg til boksamling. Bør plasserast nær knutepunktet, litt skjerma. Eksponeringsareal. Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Ungdomsavdeling	1	100	**100**	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, i tillegg til boksamling.Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Kontor og arbeidsrom	2	25	**50**	4 kontorplassar og arbeidsrom i nærleik til utlånsarealet.
SUM BRA	-	-	**750**	-

Særleg om Frivillegsentralen

Frivillegsentralen skal inngå i det nye biblioteksarealet. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Aktivitetsrom	1	100		
Kontor	1	20		To arbeidsstasjonar
Lager	1	30		
SUM BRA	-		**150**	-

TILBYGG KULTURSKULEN

Som del av prosjektet skal det byggast eit tilbygg for kulturskulen i forlengelsen av eksisterande festsal. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Dansesal	2	150	**300**	Krav til lydtett rom. Takhøgde 5 m.
Samspelrom 1	1	150	**150**	Krav til lydtett rom. Takhøgde 5 m.
Samspelrom 2	1	60	**60**	Krav til lydtett rom. Takhøgde 5 m.
Kontor rektor	1	12	**12**	
Merkantil	1	8	**8**	
Kopirom/note/cd	1	20	**20**	
Øvingsceller	8	15	**120**	Krav til lydtette rom. Takhøgde 3.5 m.
Lager 1 Kostyme	1	30	**30**	God lengde for oppheng av kostymer mm.
Lager 2 Drama	1	30	**30**	Til kulissar m.m
SUM BRA	-	-	**510**	-

REHABILITERING OG OMBYGGING FOR KULTURSKULEN

Tilbygg bibliotek inneber at eksisterande bibliotekslokale kan byggast om til nye lokale for kulturskulen. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Visuell kunst	1	100	**100**	Elevarbeid. God tørk.
Verkstad	1	100	**100**	Kostymer og kulisser
Verkstad	1	100	**100**	Foto og video
Lager	1	50	**50**	Musikkutstyr
Lager	1	100	**100**	Transportutstyr. Krav om port. Bakkeplan.
Lager	1	100	**100**	Drama, dans, kunst
SUM BRA	-		**550**	-

Eksisterande kulturskulelokale skal nyttast som garderobe og oppvarmingstad i samband med arrangement i festsalen.

ANDRE FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Pauserom	1	30	**30**	Felles for alle tilsette på kulturhuset.
Møterom	2	25	**50**	
Øvingsrom	1	50	**50**	
SUM BRA	-			-

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalgarderobe dame	1	25	**25**	
Personaltoalett dame	2	2	**4**	

Personalgarderobe herre	1	25	**25**	
Personaltoalett - herre	2	2	**4**	
SUM BRA	**-**		**58**	**-**

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	**MERKNAD**
Teknisk rom				
Tavlerom				
Reinhaldssentral				
Bøttekott				
Lager				
Avfallsrom	1	15	15	
SUM BRA	**-**		**15**	**-**

UTOMHUS

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	**MERKNAD**
Parkeringsplassar	70	20	1400	Nye parkeringsplassar
Parkering - HC	2	30	60	Nye parkeringsplassar nær hovudinngang
Aktivitetspark	1			Eksisterande parkeringsareal i området mellom Herøy kulturhus og idrettsområdet skal utviklast til eit bilfritt uteområde i tilknytting til eksisterande aktivitetspark.

6.2	ALTERNATIV 2: REHABILITERING OG TILBYGG BIBLIOTEK

REHABILITERING AV EKSISTERANDE BYGNINGSMASSSE

Fylgjande rehabilitering skal gjennomførast for eksisterande bygningsmasse:

BYGNINGSDEL	MERKNAD
Yttertak	Det er behov for ei delvis rehabilitering av eksisterande tak, herunder utskifting av taktekking og einskilde taksluk.
Røykluker	Eksisterande røykluker i festsal skal oppgraderast til røykluker utan overlys.
Yttervegg	Bygget skal etterisolerast og kles med ny fasadekledning.
Vindu	Eksisterande vindu skal skiftast til nye vindu med integrert solskjerming. Eksisterande lysfelt i Herøyhallen kles igjen.
Himling	Innvendig himling skal skiftast ut.
Belysning	Innvendig belysning skiftast ut.
Innervegg	Innvendige overflater rehabiliterast.
Innerdører	Innerdører skiftast til branndører med oppkobling til brannsentral.
Gulvoverflate	Gulvoverflate rehabiliterast.
Toalett	Rehabilitering av publikumstoalett i underetasje.
Tribuneanlegg	Rehabilitering av tribuneanlegg i Herøyhallen.
Ventilasjonsanlegg	Rehabilitering av ventilasjonsaggregat for festsal og Herøyhall
El-tavler	Rehabilitering av hovudtavler og undertavler.
Varmestyring	Oppgradering av styring for gulvvarme
Kjøkken	Kjøkken i hovudetasje rehabiliterast.

TILBYGG BIBLIOTEK

Som del av prosjektet skal det byggast eit tilbygg for bibliotek i området mellom dagens hovudinngang til Kulturhuset og dagens hovudinngang til Sunnmørsbadet Fosnavåg. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Inngangsparti	1	50	**50**	Knutepunkt. Resepsjonsområde. Sjølvbetjening.
Avis/tidskrift/data	1	50	**50**	Sitegrupper
Vaksenavdeling	1	400	**400**	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv og stille sone. I tillegg til ordinær samling av bøker finn ein referanselitteratur og lokalsamlingar her. Etablering av kompaktmagasin for lagring, i staden for ordinære lager for lett tilgjengelegheit. Arealet må vere fleksibelt og er tenkt som det viktigaste området for ulike møteplassaktivitetar/scene med plass til 100 personar.
Barneavdeling	1	100	**100**	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, , i tillegg til boksamling. Bør plasserast nær knutepunktet, litt skjerma. Eksponeringsareal. Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Ungdomsavdeling	1	100	**100**	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, i tillegg til boksamling.Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Kontor og arbeidsrom	2	25	**50**	4 kontorplassar og arbeidsrom i nærleik til utlånsarealet.
SUM BRA	-	-	**750**	-

Særleg om Frivillegsentralen

Frivillegsentralen skal inngå i det nye biblioteksarealet. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Aktivitetsrom	1	100		
Kontor	1	20		To arbeidsstasjonar
Lager	1	30		
SUM BRA	-		**150**	-

REHABILITERING OG OMBYGGING FOR KULTURSKULEN

Tilbygg bibliotek inneber at eksisterande bibliotekslokale kan byggast om til nye lokale for kulturskulen. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kontor rektor	1	12	**12**	
Merkantil	1	8	**8**	
Kopirom/arkiv	1	8	**8**	
Dansesal	2	150	**300**	Krav til lydtett rom.
Samspelrom 1	1	150	**150**	Krav til lydtett rom.
Samspelrom 2	1	60	**60**	Krav til lydtett rom.
Kopirom/note/cd	1	20	**20**	
Øvingsceller	8	15	**120**	Krav til lydtette rom.
Lager 1 Kostyme	1	20	**20**	Gjerne langt og smalt, 7x3
Lager 2 Drama	1	20	**20**	Til kulissar m.m.
Lager 3 Musikkutstyr	1	20	**20**	
SUM BRA	-		**738**	-

Eksisterande kulturskulelokale skal nyttast som garderobe og oppvarmingstad i samband med arrangement i festsalen.

ANDRE FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Pauserom	1	30	**30**	Felles for alle tilsette på kulturhuset.
Møterom	2	25	**50**	
Øvingsrom	1	50	**50**	
SUM BRA	-		**130**	-

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalgarderobe dame	1	25	**25**	
Personaltoalett dame	2	2	**4**	
Personalgarderobe herre	1	25	**25**	
Personaltoalett - herre	2	2	**4**	
SUM BRA	-		**58**	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom				
Tavlerom				
Reinhaldssentral				
Bøttekott				
Lager				
Avfallsrom	1	15	15	

SUM BRA	-			-


UTOMHUS


Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	**MERKNAD**
Parkeringsplassar	70			
Parkering - HC	5			
Aktivitetspark	1			Eksisterande parkeringsareal i området mellom Herøy kulturhus og idrettsområdet skal utviklast til eit bilfritt uteområde i tilknytting til eksisterande aktivitetspark.

7 ESTIMERT AREALBEHOV

Etimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):





UTBYGGINGSALTERNATIV	NTA	BTA
Tilbygg bibliotek og frivillegsentral		
Tilbygg kulturskule		
Rehabilitering og ombygging		

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr: Arkiv:	2015/1640 614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016
21/16	Komite for oppvekst	24.05.2016
8/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
143/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.06.2016

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.

2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust og skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Komite for oppvekst - 24.05.2016

4. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.

5. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

6. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 23.05.2016

7. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.

8. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.

9. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Tilråding:

10.
11. **Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.**

12. **Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.**

13. **Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.**

Særutskrift:
Eigedomsavdelinga
Skuleavdelinga
Kulturavdelinga
Bergsøy idrettslag – handballgruppa
Økonomiavdelinga

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Hovudverneombodet
Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukshall – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall.

Bakgrunn
Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

> *Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:*
>
> - *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
> - *Herøy ressurssenter*
> - *Nedre Dragsund 2*
> - *Bergsøy skule*
> - *Fosnavåg driftsbase*
> - *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram
Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfase, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall
b. Kanalanlegg kan opparbeidast stegvis, men slik at bustadtomter ferdigstilt for utbygging er sikra. I høve eksisterande vassvegar kan vassveg mot nord nyttast mellombels inntil regulert drenskanal er fullt utbygd. Utvida veggrøft kan nyttast som vassveg saman med eksisterande bekk til sjø.

c. Støyskjerm/voll langs fv654 og langs bustadområdet skal byggast samtidig som andre tekniske anlegg tilhøyrande det aktuelle byggeområdet som er utsett for støy ut over krava i T-1442. Vi viser her til eigen støyrapport som følgjer reguleringsplanen.

d. Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust (her langs Grøndalsvegen, Bondestokksund og Prestegardsmyrane).

Revideringar
Revidert 25.1.2016 etter vedtak i Formannskapet.
Sist revidert 9.5.2016 etter offentleg ettersyn.

Herøy kommune, xx/xx/2015

_____	_____
ordførar	rådmann

Møre og Romsdal fylkeskommune

fylkesrådmannen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/448	21.01.2016	11594/2016/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	24.02.2016

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Stokksund gbnr 58/1 m.fl. - fråsegn ved offentleg ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge

Solforhold

I forslag til detaljregulering er leikeareala f_BLK1,3 og 4 føreslått plassert nord/aust for byggeområda for konsentrerte bustader, BKS1, 2 og 3. Ei slik plassering vil kunne vere skuggefull og vi saknar derfor ei sol og skuggeanalyse som kan dokumentere om desse areala har tilstrekkeleg kvalitet. Dersom kvaliteten ikkje viser seg å vere tilfredstillande, må planforslaget bli endra.

Utforming og bredde

I tillegg til manglande utgreiing av sol og skugge er vi i tvil om enkelte av leikeareala har ei tilfredstillande utforming. Til dømes er leikeareala f_BLK1,3 og 4 utforma som relativt smale parsellar. Vi synes korridorkonseptet er spennande, men er i tvil om den delen av leikearealet, kor sjølve leikeaktivitet er meint å kunne føregå, vil vere brei nok. Ut i frå det vi kan sjå er føreslått bredde på leikeareal innanfor f_BLK1,3 og 4, ned mot minstemålet i retningslinene.

Rekkefølgjeføresegn

Når det gjeld etablering av leikeareala, så er det i rekkjefølgjeføresegna føreslått at nærleikplassane skal vere ferdigstilt seinast ved bueining nr. 5. Dette betyr at små barn med liten rekkevidde, vil måtte ferdast langt for å nå eit leikeareal. Vi meiner dette ikkje er akseptabelt og at kravet bør vere ved første eining og at ein bør legge opp til å gjennomføre dei ulike delane av feltet gruppevis.

Utomhusareal

Jf. plan og bygningslova § 28-7 (den ubebygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), skal uteareal for felles opphald og leik ute i det fri vere sikra på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Arealet skal vere «egna» som utomhus oppholdstad.

Mens lov og forskrift gir stiller krav i generelle vendingar, er utformingskrava omhandla meir konkret i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08. Til dømes:

Kapittel 1.:
«…Punkt 5.a Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare. Punkt 5b. I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene: er store nok og egner seg for lek og opphold, gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider, kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne…».

Kapittel 3.:
«…Punkt 5.a Arealer brattere en 1:3, eller smalere enn 10 meter, areal med ekvivalent støynivå over 55 dB(A), areal avsatt til kjørevei, parkering, fareområder og areal belagt med restriksjoner som hindrer barns frie lek, skal ikke regnes med…».

I føresegn § 8 h, er det sett krav om minst 20 m2 egna uteareal pr. privat bueining. Ut i frå storleiken vil 20 m2 ikkje kunne definerast som egna areal aleine, ettersom dette ikkje vil gi stor nok flate til å ha «egna» bredde. Vi forstår derfor betre at ein innanfor område med konsentrerte bustader, skal samle areal i minst 60 m2 store uteområde, noko som begynnar å likne på «egna» areal. For konsentrerte bustader vil det slikt sett vere ein kollektiv fordel.

For å oppnå same fordel «egna» areal, ved utbygging av frittståande bustader, kan ein vurdere ein høgare MUA enn 20 m2 pr. private bueining, noko som vil kunne medføre at ein unngår at for mykje areal vert dekt av bygg, garasjar og trafikkareal m.m.

Trafikktryggleik
Planforslaget er utarbeidd med fleire delområde som kvar har sitt leikeareal. Om lokaliseringa av leikeareala i forhold til ytterdør skal kunne vere akseptable, avheng dette av korleis dei enkelte planføremåla er organisert internt, med utomhusareal, gangareal, bygg, parkering og trafikkareal, m.m. I plankartet er det berre vist dei overordna interne vegane i feltet og i føresegna § 7, nemnt utarbeiding av situasjonsplan. Slik dei ulike planføremåla er vist i plankartet vil vi ikkje kunne vurdere planforslaget i forhold til trafikktryggleik. Ein illustrasjonsplan knyta opp til planforslaget eller sterkare føringar i føresegna for korleis arealdisponering kan føregå i forhold til trafikktryggleik, ville kunne løyst denne utfordringa.

Konklusjon
Vi har **motsegn** til planforslaget inntil leikeareala f_BLK1,3 og 4 er dokumentert å har tilstrekkeleg sol gjennom dagen, samt egna utforming i forhold til areal og bredde. Vi har og **motsegn** inntil rekkefølgjeføresegnene sikrar at nærleikplassane skal vere etablert ved første eining, for dei bustadgruppa desse skal tene.

Motsegna er heimla i plan og bygningslova § 28-7, teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholds-areal) og rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/ rundskriv T-2/08.

Vi rår elles til føljande:

- Vi rår til at ein vurderer å auke MUA m2, for frittliggande bustader, slik at ein kan oppnå tilstrekkeleg «egna» kvalitet på det private utomhusarealet.

- Vi rår til at arealdisponeringa innanfor byggeområda vert meir avklara, enten ved å knyte ein illustrasjonsplan opp mot plandokumenta, eller ved innarbeiding av sterkare føring i føresegna, korleis utbygging skal føregå i forhold til trafikktryggleik (ferdsel mellom ytterdør, utomhus og leikeareal).

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
04.03.2016
Dykkar dato
26.01.2016

Vår ref.
2015/1868/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Regnr. 2015/448 Saksbeh OMR
- 8 MARS 2016
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr
Kassasjon

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Stokksund gnr58 bnr1 m.fl
Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt
Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på deler av Prestegardsmyra i Stokksund, med nemninga B33 i gjeldande kommuneplan. Planområdet er på om lag 80 dekar.

Natur- og miljøvern
Med utgangspunkt i rapporten frå Miljøfaglig Utredning legg vi til grunn at det hekker måsar i store deler av influensområdet til reguleringsplanen. I følgje rapporten hekka det 150 par med sildemåse her i 2015. Dette er ein av dei største koloniane vi har i fylket. Ut ifrå kart over reguleringsplanen vurderer vi at delar av utbygginga vil gjere direkte fysiske inngrep i kjerneområdet for sildemåsekolonien og kjerneområdet for gråmåsekolonien. Dette gjeld areal innafor BFS3 og BKS5. Eigna hekkeområde for desse artane vil dermed reduserast. I tillegg vil utbygginga medføre auka forstyrring på grunn av auka menneskeleg aktivitet i hekkeområda. Sjølv om Prestgardsmyra har fått endra karakter som hekkeområde ved at den har blitt drenert og er i ein gjengroingsfase, samt at delar av myra allereie er bygd ned, meiner fylkesmannen at området framleis har ein viktig økologisk funksjon som hekkeområde, som må sjåast i samanheng med fuglefredingsområdet i Stokksund-Blikkvågane.

Med bakgrunn i dette rår Fylkesmannen til at dei to ytste tomtene innafor byggeområde BFS3, samt BKS5 blir fjerna frå planen. Vi rår til at desse områda blir regulert til natur- og friluftsområde som sikrar ein gradvis overgang og buffer til hekkeområda.

Barn og unge
Det er lagt inn areal for 9 leikeplassar i planen, noko som ser ut til å sikre at alle bustadane har tilgang både til nærleikeplass og kvartalleikeplass innan rimeleg avstand. Når det gjeld utforminga av nokre av nærleikeplassane, ser desse ut til å vere smale, jf. kravet om at areal smalare enn 10 meter ikkje skal reknast inn i leikearealet (Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet). Leikeplassar skal også ha gode sol- og vindtilhøve, og det er eit spørsmål om breidde og plassering gir gode nok areal for leik. Det må difor dokumenterast at utforming og solforhold for leikeplassane f_BLK1, 3

og 4 gjer at dei oppfyller krava. Inntil dokumentasjon på at areala innfrir krava leggast fram, fremjar vi motsegn mot planen.

Vidare rår vi til at føresegnene sikrar at nærleikeplassane er opparbeidde med minimum sandkasse, benk og *eit leikeapparat*.

Interne tilkomstvegar til bustadane er berre delvis skisserte i plankartet. Det bør gå fram av plankartet korleis dette skal løysast, slik at det er avklåra korleis trafikktryggleik er sikra.

Konklusjon
Vi rår til at dei to ytste tomtene innafor byggeområde BFS3, samt BKS5 blir fjerna frå planen. Vi rår til at desse områda blir regulert til natur- og friluftsområde som sikrar ein gradvis overgang og buffer til hekkeområda.

Vidare må det dokumenterast at leikeplassane f_BLK1, 3 og 4 blir gode nok til å oppfylle gjeldande krav. Inntil dette ligg føre, har vi motsegn mot planen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/448	20.04.2016	29125/2016/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	28.04.2016

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Stokksund gbnr 58/1 mfl. - avklaring av motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Innleiing

Vi har vurdert kommunens dokumentasjon og utgreiingar, jf. brev 19.04.2016, og finn å kunne trekke motsegna under visse føresetnader.

Vurdering av føreliggande dokumentasjon

Vi finn det litt vanskeleg å samanlikne bygningstypen i solanalysen med det som kan bli bygd av konsentrert småhusbusetnad, innanfor tilliggande BKS område. Det som vil vere viktig for leikeareala er korleis byggeområda BKS blir endeleg organisert.

Slik planforslaget no er utforma vil ein i prinsippet kunne bygge i BKS områda, slik at leikeareala blir liggande i skugge vesentlege delar av dagen. Særskilt gjeld dette for den mørke årstida, med låg sol. Vi ønskjer oss derfor at planforslaget gir meir konkrete føringar for korleis utbyggings/situasjonsplan skal kunne bli utforma.

Føresetnad for trekking av motsegn

Under føresetnad av at kommunen vurderer føringar som kan sikre at solforholda for leikeareala blir ivareteke gjennom utbyggings/situasjonsplan og byggesak, finn vi planforslaget å i tilstrekkeleg grad vere i samsvar med krava i Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging, rundskriv T-2/08.

Konklusjon

Under føresetnad av at kommunen vurderer føringar som kan sikre at solforholda for leikeareala vert ivareteke gjennom utbyggings/situasjonsplan og byggesak, trekk vi motsegna datert 24.02.2016.

Avklaringa er heimla i Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging, rundskriv T-2/08.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal


UTV

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
25.04.2016
Dykkar dato
20.04.2016

Vår ref.
2015/1868/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG



Trekking av motsegn
Herøy kommune - reguleringsplan Stokksund gnr58 bnr1 m.fl

Vi viser til brev av 19.04.2016 frå Herøy kommune. Brevet gjer greie for at planen er endra i samsvar med vår fråsegn som gjaldt sikring av ein buffer mot hekkeområda. I tillegg er det dokumentert at nærleikeplassane innfrir arealkrava.

Konklusjon
Fylkesmannen trekkjer med dette si motsegn av 04.03.2016, og reguleringsplanen kan eigengodkjennast for vår del.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

AG Plan og Arkitektur AS
Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •Rådgivande ingeniørers forening RIF

Ørsta 19.11.2015

Herøy kommune
Formannskapet
Rådhuset
6099 Fosnavåg

Framlegg til detaljplan for Stokksund gnr. 58 bnr. 1 mfl. Herøy kommune



Planområde

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt namn:	Stokksund gnr. 58 bnr. 1 mfl.
Dokumentet sitt namn:	Planomtale
Saksnr:	2230
Nasjonal arealplan-ID:	1515201504
Oppdragsgjevar:	Opplysningsvesenets Fond
Oppdragsgjevar sin representant:	Anne-Kari Drønen Mathiesen (OVF) Morten O. Kildahl (Terra Eiendomsutvikling AS)
AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar:	Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar)
Medarbeidar:	Eldar Hansen (GIS-ingeniør)

	19.11.2015	34		KG	KG	MOK
Rev.nr	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)		Utarbeida	Kontrollert	Godkjent

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr	Filnavn
2230	1	P:prosjekt/2230-Stokksund/Prosjektmappe/ Plandata/Tekstdokument/Planomtale.doc

1. Samandrag 6
2. Nøkkelopplysningar 7
3. Bakgrunn 8
3.1. Føremålet med planen 8
3.2. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold 8
3.3. Tidlegare vedtak i planen 8
3.4. Utbyggingsavtale 8
3.5. Krav om konsekvensutgreiing 8
4. Planprosessen 9
4.1. Medverknad, oppstart, ev. planprogram 9
5. Planstatus og rammevilkår 10
5.1. Overordna plan 10
5.2. Gjeldande reguleringsplanar 11
5.3. Temaplanar 12
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 12
6. Skildring av planområdet 14
6.1. Plassering 14
6.2. Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk 14
6.3. Området sin karakter 14
6.4. Landskap 14
6.5. Kulturminne og kulturmiljø 15
6.6. Naturverdiar 15
6.7. Rekreasjonsverdi, uteområde 15
6.8. Landbruk 15
6.9. Trafikkforhold 16
6.10. Born sine interesser 16
6.11. Sosial infrastruktur 16
6.12. Universelt tilgjenge 16
6.13. Teknisk infrastruktur 16
6.14. Grunnforhold 16
6.15. Støyforhold 16
6.16. Luftforureining 16
6.17. Risiko- og sårbarheit (ROS) 16
6.18. Næring 17
6.19. Analysar/utgreiingar 17

7. Skildring av planforslaget ... 17
7.1. Planlagt arealbruk ... 17
7.2. Reguleringsføremål ... 17
7.3. Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og beskriving av løysingane ... 18
7.4. Bustadar – plassering/utforming ... 22
7.4.1. Bustadar - høgde ... 22
7.4.2. Grad av utnytting ... 22
7.4.3. Tal arbeidsplassar, næringsareal ... 22
7.4.4. Tal bustadar, leilegheitsfordeling (nye) ... 22
7.5. Bustadmiljø ... 22
7.6. Parkering ... 22
7.7. Tilknyting til infrastruktur VA- og El anlegg ... 23
7.8. Trafikkløysing ... 23
7.8.1. Køyretilkomst ... 23
7.8.2. Utforming av vegar ... 23
7.8.3. Krav til samtidig opparbeiding, jf føresegnene §12 ... 23
7.8.4. Tilkomst vedlikehald avlaupsanlegg ... 24
7.8.5. Tilgjengelegheit for gåande/syklande ... 24
7.8.6. Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold ... 24
7.9. Planlagde offentlege anlegg ... 24
7.10. Miljøoppfølging ... 24
7.11. Universell utforming ... 24
7.12. Uteopphaldsareal ... 24
7.13. Estetikk ... 25
7.14. Energi ... 26
7.15. Landbruksfagleg vurdering ... 26
7.16. Kollektivtilbod ... 26
7.17. Kulturminnemiljø/kulturminne ... 26
7.18. Sosial infrastruktur ... 26
7.19. Plan for vatn/avlaup, tilknyting off. nett ... 27
7.20. Plan for avfallshenting/søppelsug ... 27
7.21. Avbøtande tiltak / løysingar ROS ... 27
7.22. Avbøtande tiltak/ løysingar Naturmangfaldlova ... 27
7.23. Rekkjefølgje - bestemmingar ... 28
8. Konsekvensutgreiing (KU) ... 28
8.1. Samandrag ... 28

8.2. Grunngjeving for ikkje KU ... 28
9. Verknadane/konsekvensane av planframlegget ... 28
9.1. Overordna planar ... 28
9.2. Landskap ... 29
9.3. Planområdet sin karakter ... 29
9.4. Byggeform og estetikk ... 29
9.5. Kulturminne/kulturmiljø, ev. verneverdi ... 29
9.6. Forholdet til krav i Naturmangfaldlova ... 29
9.7. Rekreasjonsinteresser ... 30
9.8. Uteområde ... 30
9.9. Trafikkforhold ... 30
9.10. Born sine interesser ... 30
9.11. Sosial infrastruktur ... 30
9.12. Universell tilgjengelegheit ... 31
9.13. Energibehov og energiforbruk ... 31
9.14. Risiko- og sårbarheit (ROS) ... 31
9.15. Jordressursar/landbruk ... 31
9.16. Teknisk infrastruktur ... 31
9.17. Økonomiske konsekvensar for kommunen ... 31
9.18. Konsekvensar for næring ... 31
9.19. Interessemotsetningar ... 31
9.20. Avveging av verknadar ... 31
10. Innkomne innspel ... 32
10.1. Merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering ... 32
10.2. Oppsummering – dei viktigaste innspela til planarbeidet ... 32
10.3. Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i planframlegget ... 32
11. Avsluttande kommentar ... 33

Vedlegg A:	A1: Vurdering av innspel/merknader
	A2: Innkomne skriv, referat frå medverknadsmøter
Vedlegg B:	Plankart (2230-100)
(teikningar)	Standard tverrprofil vegar (2230-101 og 102)
	Senterlinjeoversikt, illustrasjonsplan (2230-103)
	Lengdeprofil vegar (22301-104, 105, 106 og 107)
Vedlegg C:	C1: Rapport naturmangfald (utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS)
	C2: Sjekkliste naturmangfald
	C3: Sjekkliste ROS
	C4: Støyrapport (utarbeidd av Sinus AS)
Vedlegg D:	Planskisse VA-anlegg
Vedlegg E:	Utsendte dokument i samband med forvarsling
Vedlegg F:	Referat frå oppstartsmøte

1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på Stokksund.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3.

Området er i kommuneplanen sin arealdel definert som framtidig bustadområde B33 med plankrav. Vest for B33 ligg TJ18 som er definert som offentleg/privat tenesteyting.

Grunnen i bustadområdet er i privat eige (Opplysningsvesenets fond). Tiltakshavar finn at det er stort behov for bustadtomter i denne delen av kommunen. Krinsen Tjørvåg manglar tomter, og tiltakshavar ønskjer difor snarleg realisering av tomtefelt på eigedomen sin.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje kjem inn under regelverket med bakgrunn i nyleg vedteke kommuneplan (jf. KU-utgreiing der).

Spørsmålet om utbyggingsavtale vert å avklare i tilknyting til søknad om tiltak.

Tiltakshavar er Opplysningsvesenets Fond. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som utførande planleggar og fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet.

Føremål	Areal (daa)
Bygningar og anlegg	
Bustader – frittliggjande småhusbusetnad	36,0
Bustader – konsentrert småhusbusetnad	21,3
Avlaupsanlegg	0,1
Anna kommunalteknisk anlegg, drenskanal	5,4
Energianlegg	39 m^2
Leikeplass	12,2
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	8,7
Fortau	1,4
Gangsti	1,0
Annan veggrunn – teknisk anlegg	7,1
Annan veggrunn – grøntareal	0,9
Kollektivhaldeplass	2,5 m^2
Sum areal planframlegg	94,1
Stipulert tal bustadeiningar	90

2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Stokksund, Tjørvåg
Stad/adresse:	6070 Tjørvåg
Forslagstillar:	Opplysningsvesenets Fond
Eksisterande planstatus:	I kommuneplanen sin arealdel: Bustadbusetnad og offentleg/privat tenesteyting
Planområdet sitt areal i daa:	94,1
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Bustader (frittliggjande og konsentrerte småhus), leikeplass, vegar med tilhøyrande areal.
Aktuelle problemstillingar:	Utnytting, type bustadar, veg og kurvatur, støy, drenskanal.
Kunngjering, dato (avis):	24.3.2015
Varslingsdato berørte partar (brev):	19.3.2015
Frist for merknad:	5.5.2015
Medverknad utover varsling:	Ja, møter 1.10.2015 og 28.10.2015
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei

3. Bakgrunn

3.1. Føremålet med planen

Tiltakshavar finn at det er stort behov for bustadtomter i Tjørvåg. Krinsen manglar tomter og tiltakshavar ønskjer snarleg realisering av tomter på eigedomen sin. Tiltakshavar oppfattar eigedomen som attraktiv for bustadbygging, området ligg nær sjø og stettar dei målsettingane for bustadtilrettelegging som kommunen fremja i kommuneplanarbeidet.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på Stokksund.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. § 12-3.

3.2. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Opplysningsvesenets Fond (OVF). Representant for OVF var innleiingsvis Jan Fredrik Wasmuth. Anne-Kari Drønen Mathiesen har vore OVF sin sakshandsamar i sjølve planleggingsfasen. Morten O. Kildahl i Terra Eiendomsutvikling AS har vore prosjektleiar for OVF.

Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal som planleggar/fagansvarleg. Eldar Hansen har assistert KG i arbeidet.

3.3. Tidlegare vedtak i planen

Det er gjort vedtak om at planabeidet kan startast, jf. kapittel 4.1 i planomtalen.

3.4. Utbyggingsavtale

Kommuneplanen opnar for at det kan etablerast utbyggingsavtale, men det er ikkje eit krav. Tiltakshavar legg til grunn at feltet vert bygd ut i samsvar med kommunal standard og då slik at vegar og VA-anlegg kan takast over av kommunen. Spørsmålet om utbyggingsavtale vert å avklare før ev utbygging av feltet.

3.5. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at naudsynte KU-utgreiingar er gjort i tilknyting til nyleg vedteken kommuneplan, med unnateke av nokre særskilde moment som skulle utgreiast og skildrast nærmare i reguleringsplanen. Desse momenta og tilhøyrande rapportar går fram av planomtalen/som vedlegg.

4. Planprosessen

4.1. Medverknad, oppstart, ev. planprogram

Tiltakshavar har vore aktiv i prosessen som Herøy kommune har hatt med rullering av kommuneplanen sin arealdel for 2013-2025. Opplysningsvesenets Fond (OVF) leverte innspel 14.5.2012 med planskisse og planomtale for eit aktuelt bustadområde i Stokksund - Prestegardsmyrane. Kommunestyret kom innspelet langt på veg i møte slik kommuneplanen no er forma.

OVF har no gått vidare med neste steg, detaljregulering av arealet tilhøyrande prestegarden; området B33 med tilhøyrande tilkomstveg. Saka blei drøfta med utviklingsleiar Jarl Martin Møller i Herøy kommune som opplyste at søknad om oppstart av planarbeidet må leggjast fram for formannskapet for behandling før ein kan gå i gang med reguleringsarbeidet. Oppstartsmøte blei halde til 6.3.2015 før formannskapet hadde sitt neste møte.

AG Plan og Arkitektur AS sendte inn skriv til formannskapet i Herøy kommune i brev datert 23.2.2015 der det blei søkt om oppstart av planarbeidet. Formannskapet behandla saka i møte 17.3.2015 der det blei gjort følgjande vedtak:

> *«Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Stokksund».*

Det blei varsla oppstart av planarbeidet ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til berørte partar 24.3.2015, med frist for å kome med innspel sett til 5.5.2015. Det kom inn totalt 7 merknader/innspel, viser elles til kapittel 10 i planomtalen og vedlegg A1/A2 for nærmare vurdering.

Det vart halde medverknadsmøte på Stokksund skule 01.10.2015. Her var idrettslag, naboar, skulen v/ rektor og Indre Herøy Sokn v/ kyrkjekontoret invitert. Med bakgrunn i førebelse planskisser vart det orientert om planane så langt. Alle hovudprinsipp for planframlegget, slik det no ligg føre var då klare. Generelt var det stor oppslutnad om bustadfeltet. Det kom likevel inn synspunkt, særleg knytt til bil og busstrafikken som no er i tilknyting til levering og henting av skuleborna. Desse synspunkta er vurdert opp mot nyleg vedteken reguleringsplan for fv654 og i tilstøytande skuleområde.


Det vart vidare halde medverknadsmøte på Stokksund skule 28.10.2015. Her var Barnerepresentant, Leiar Eldrerådet, Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Norges handikapforbund, Møteleiar for ungdomsrådet, Storeneset Grannelag, Stokksund Grendalag, leiar i foreldreutvalet ved skulen og rektor på skulen invitert. Det vart orientert om planane og det kom fram synspunkt om lag som i førre møte: fokus på trafikksituasjonen i og i tilknyting skuleområdet. Rektor vil ta trafikkavviklinga opp med kommunen og avklare køyremønster og arealdisponeringa på skuleområdet. Dette er forhold som ligg utanfor vårt planområdet og som handsamast som eiga sak. Møteinnkalling og referat følgjer som vedlegg.

5. Planstatus og rammevilkår

5.1. Overordna plan

I kommuneplanen sin arealdel 2013-2025 er planområdet definert som bustadområde (B33) med plankrav. Vest for B33 ligg TJ18 som er definert som offentleg/privat tenesteyting.

Kommuneplankartet:



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel 2013-2025. Blå strek er plangrense nytta v/ forvarsling

Føresegnene til kommuneplanen, KU i kommuneplanen:

- *Støy langs fv654 må avklarast*
- *Leikeplassar:*
  - *Generelt krav: Minimum skal setjast av Leikeplass: 50 m^2 pr bueining.*
  - *Nærleikeplass: maks gangavstand 50 m. Min storleik 200 m^2. Maks 20 bueiningar pr leikeplass.*
  - *Kvartalsleikeplass: gangavstand maks 250 m. Min storleik 1500 m^2. Maks 50 bueiningar tilknytt kvar leikeplass.*
- *Grad av utnytting:*
  - *Einebustader/to-mannsbustader: BYA 30%*
  - *Konsentrerte småhus (kjede- og rekkehus) 40%*
- *Universell utforming:*
  - *det skal gjerast greie for korleis dette er ivareteke*
- *Estetikk:*

- *estetisk utforming, tilpassing til landskap og terreng.*


- *Energi:*
  - *plassering og utforming med omsyn til lokale klimatiske forhold*
- *Overvatn:*
  - *lokal infiltrasjon/fordrøyning*
  - *Opne løysingar om mogleg.*

5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Sjølve planområdet B33 og TJ18 er ikkje tidlegare regulert, men planområdet grensar til følgjande vedtekne planar:

- Trolldalen/Storneset, idnr 197601
- Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua, idnr 201286

Sjå kartutsnitta på denne og neste side.



Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua *Trolldalen/Storneset*



Nærmare utsnitt av reguleringsplanen Indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua

5.3. Temaplanar

Ingen som vi kjenner til som har direkte betydning for planområdet.

5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

RPR for samordna areal- og transportplanlegging

Utbygginga som er planlagt er i hovudsak i tråd med retningslinjene for å oppnå samordna areal og transportplanlegging. Retningslinjene går i hovudsak ut på å få ein mest mulig effektiv, trygg og miljøvennlig transport, slik at transportbehovet vert avgrensa. For den nye bustadbusetnaden i denne saka ser vi ikkje vesentlege konsekvensar i forhold til dette.

RPR for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga

Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som vil være aktuell i denne plansaka:

Følgjande skal visast spesiell merksemd:

a) Areal og anlegg som skal brukast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy og trafikkfare.

b) I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:

- *er store nok og eigner seg for leik og opphald*
- *gir moglegheit for ulike typar leik på ulike årstider*

- *kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom born, unge og vaksne*


Andre aktuelle:

- Plan- og bygningslova
- Lova om kulturminner
- Lova om forvaltning av naturens mangfald
- Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging (Miljøverndepartementet)
- T-1490 rettleiar reguleringsplan (Miljøverndepartementet)
- Kart- og planforskrifta

6. Skildring av planområdet

6.1. Plassering

Planområdet ligg i Herøy kommune, nærare bestemt på Stokksund i Tjørvåg. Frå Stokksund er det ca. 11 km til Fosnavåg sentrum, medan det er ca. 2,5 km til Tjørvåg. Til Ulsteinvik sentrum er det ca. 17 km.



Planområde

6.2. Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Det er ikkje eksisterande bustadhus innanfor planområdet, men planområdet grensar til bustadareal i nordvest og søraust.

Landarealet består i hovudsak av myr, i tillegg til open grunnlendt fastmark. Det er lite tre/skog i området, men det er innslag av vegetasjon her og der i form av buskvekstar.

6.3. Området sin karakter

Terrenget er i praksis nesten heilt flatt og framstår som eit «ope lende».

6.4. Landskap

Arealet er flatlendt og opa mark. Soltilhøva er gode. Klima-messig ligg området langs ein lengre fjord og vert påverka av dei vindtilhøva som går inn/ut fjorden. Frå vest vil den nye bygningsmassen ligge i le for vinden.



Planområdet m/ forvarsla plangrense – vist på ortofoto

6.5. Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne

I samband med oppstart av planarbeidet var Møre og Romsdal fylkeskommune på synfaring 9.4.2015. Det meste av arealet består av myr, og ut frå topografiske forhold blir funnpotensialet for automatisk freda kulturminne sett på som lågt. Fylkeskommunen har såleis ikkje stilt krav om arkeologisk registrering i denne saka.

Kulturmiljø

Det er ikkje registert freda eller verna bygg innanfor planområdet.

6.6. Naturverdiar

Når det gjeld naturverdiar viser vi til utgreiing utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS.

6.7. Rekreasjonsverdi, uteområde

Planområdet grensar ikkje til sjøareal, og ligg heller ikkje innanfor 100-metersbeltet. Planframlegget medfører såleis ikkje konsekvensar for rekreasjonsverdien til friluftsliv og ålmenn ferdsel langs sjø.

6.8. Landbruk

Søre Sunnmøre Landbrukskontor skriv i sin merknad at eit areal opp mot vegen på om lag 17 daa er dyrkbar jord. Arealet er omfatta av Jordlova § 9 – omdisponering av dyrka

og dyrkbar jord. Det vart forsøkt å dyrke opp arealet for om lag 25 år sidan. Resultatet synte at det hadde liten verdi som dyrkingsområde skriv landbrukskontoret.

Vi har tatt ein sjekk på gardskart på www.skogoglandskap.no. Gnr. 58 bnr. 1 har ikkje dyrka eller dyrkbar jord innanfor planområdet. Det er derimot vist 17 daa som potensielt dyrkbar jord.

6.9. Trafikkforhold

Området er knytt til fylkesveg 654 via vegane Prestemyrane, Grøndalsvegen og Prestegardsvegen. Fv654 har ein gjennomsnittleg døgntrafikk på ca. 3.600 ÅDT. Det er ikkje registrert trafikkulykker på fylkesvegen i nærleiken av planområdet. Det vert i medverknadsmøter vist til at trafikken rundt skulen er problematisk, ikkje ordna. Buss og foreldre køyrer på slik måte at det vert lite trygt å ferdast for borna. Parkering inne på skuleområdet er også problematisk. Vi viser til nyleg vedteken reguleringsplan, jf side 13, som har lagt grunnlaget for endra køyremønster.

6.10. Born sine interesser

Planområdet i seg sjølv har ikkje areal tilrettelagt for born og unge i dag. Planområdet grensar til skuleområdet si fotballbane.

6.11. Sosial infrastruktur

Området vil høyre til Stokksund barne/ungdomsskule. Både skulekapasitet og barnehagedekning er vurdert tilfredstillande i forhold til utbygginga. Det vert då lagt til grunn at «tomtesalet ikkje eksploderer», men tek sin naturlege del av bustadbygginga i kommunen – 10 til 15 bustadeiningar pr. år i starten og ca. 5 - 10 einingar årleg etter nokre år.

6.12. Universelt tilgjenge

Frå fylkesvegen har området i dag veg inn som har liten stigning/fall. Terreng messig ligg forholda til rette for å etablere eit byggefelt som er universelt tilgjengeleg.

6.13. Teknisk infrastruktur

Vi har motteke VA-kart frå Herøy kommune som syner at det er VA-leidningar i tilknyting til eksisterande bustadfelt i nordvest og søraust. Viser her til skisse over tenkt leidningsnett som følgjer planframlegget, jf vedlegg D.

6.14. Grunnforhold

Berggrunnen i området består av gneis i følgje NGU sitt N50 berggrunnskart. Når det gjeld lausmasser viser NGU sine kart at området består dels av torv/myr, bart fjell og tynn marin strandavsetning.

6.15. Støyforhold

Fylkesveg 654 har ei fartsgrense på 70 km/t og ein årsdøgntrafikk på 3610 køyrety i døgnet. Tungtrafikk utgjer 8 %. Det blir vist til eigen støyrapport utarbeidd av Sinus AS (vedlegg C).

6.16. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining i nemnande grad. Det ligg ikkje verksemder inntil eller i nabolaget til planområdet.

6.17. Risiko- og sårbarheit (ROS)

Det blir her vist til eige vedlegg, jf. fylkesmannen sitt standard skjema. Det vert i ROS skjemaet vist til at mengda myr må registrerast som del av teknisk prosjektering. Det er vidare vist til at radonmålar er sett ut i nabohus. Resultatet frå målinga vil ligge føre ved

kommunestyret si handsaming av planframlegget. Ev tiltak ut over TEK sine krav kan då ev innarbeidast i føresegnene.

6.18. Næring

Det er ikkje næringsverksemd i planområdet eller i nærområdet.

6.19. Analysar/utgreiingar

Det er utarbeidd støyrapport med framlegg til tiltak for å sikre at støytilhøva ikkje overstig krava i rettleiar T-1442. Rapporten er utarbeidd at Sinus AS, jf vedlegg C.

Det er utarbeidd ei miljøfaglig utredning av Miljøfagleg Utredning AS i samsvar med krav i kommuneplanen si KU-utgreiing og fylkesmannen sin merknad. Viser til vedlegg C.

7. Skildring av planforslaget

7.1. Planlagt arealbruk

Målet med planframlegget er å legge til rette for bustadbygging med tilhøyrande infrastruktur. Arealbruken i planen er difor knytt til bustadføremål og dei arealfunksjonane som høyrer til. Byggjearealet for bustader er delt mellom areal for frittliggjande bustader (BFS) og område for konsentrerte småhus (BKS). Leikeareal (BLK) er regulert som felles areal. Vegnettet, inkludert fortau og grøfteareal er regulert offentleg. Det er lagt vesentleg vekt på å etablere ein god «grønstruktur» med velfungerande leikeareal. I sum er det sett av areal til leik som overstig arealkravet i kommuneplanen si føresegn. Stokksund er ei «bygd» som har akseptabel reisetid til dei fleste sentra og arbeidsplasskonsentrasjonar i regionen. Stokksund har skule og eit flott idrettsanlegg. Som del av eit attraktivt tomtetilbod vert gode kvalitetar på fellesfunksjonar/leikeareal viktige. Areal til nærleikeplass er difor auka til ca 50 m^2 pr stipulert bustadeining. Det er elles viktig for feltet at det let seg bygge ut i byggetrinn. Dei ulike byggetrinna vil, slik planen er forma, kunne ha eit tilbod i ein 2-4 års periode.
Gjennom området går det i dag nokre mindre bekkar. Dette er bekkar som kjem frå stikkrenner gjennom fylkesvegen. Ved utbygging av det framtidige skulearealet (jf kommuneplanen) vil det vere hensiktsmessig å samle desse bekkane i ei felles grøft el. kanal.

7.2. Reguleringsføremål

Areala er delt i følgjande område.

Bustad-område	Storleik, daa	Arealbruk	Utnytting, BYA	Tal tomter/bustad-einingar
BFS	36,0	Frittliggjande småhus	Maks BYA= 30 %	39 tomter (26 for einebust.) (13 med muligheit for 2-manns bust.)
BKS	21,3	Konsentrerte småhus	Maks BYA= 40 %	38 bustadeiningar
Sum bustadareal	57,3			Stipulert tal bustad-einingar ca 90

Arealbruk	Storleik (daa)	Område
Avlaupsanlegg	0,1	Gjeld BAV
Anna kommunal-teknisk anlegg	5,4	Gjeld BKT, område for drenskanal
Energianlegg	39 m^2	Gjeld BE
Leikeplass	12,2	Gjeld BLK
Køyreveg	8,7	Gjeld SKV
Fortau	1,4	Gjeld SF
Gangsti	1,0	Gjeld gangsti ev gangveg langs støyvoll frå fv654 nedover bustadfeltet.
Annan veggrunn - tekniske anlegg	7,1	Gjeld sideareal til køyrevegane.
Annan veggrunn - grøntareal	0,9	Gjeld sideareal til køyrevegane.
Kollektivhaldeplass	2,5 m^2	Mindre areal tilpassa eks reguleringsplan
Samla areal plan	94,1	

7.3. Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og beskriving av løysingane

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhusbusetnad (BFS)

Eksisterande busetnad:
I nord/aust grensar planområdet til eksisterande frittståande busetnad – som i si tid vart frådelt frå prestegarden. Tomtene har vegrett på areal som høyrer til prestegarden. Her er veg bygd med heller lav standard. Ny veg er regulert inn slik at vegføremålet «anna trafikkareal» grensar til det frå delte tomtearealet.

Ny busetnad:
BFS-areala er vist med tomtedeling. Det er eit siktemål at deler av tomtene skal kunne byggast ut med to-mannsbustader. Slike tomter er gitt ekstra tomtedjupne og breidde. Dette for å få til god løysing på bustadtype, utomhusareal, garasjeløysing og tilkomst.
Av 41 tomter har 11 tomter breidd/djupne som vil gje god løysing for to-mannsbustader. Desse er fordelte i ulike byggerin.
I føresegnene er tomtebruken definert slik:

I område merka «BFS» kan tomt nyttast til inntil to (2) fullverdige bustadeiningar. Bustadeiningane skal då vere delt vertikalt. Tomt brukt til einebustad kan ev. også ha mindre utleigehusvære som sekundærhusvære, ev inntil to (2) stk. hyblar. Tomt nytta til to (2) fullverdige bustadeiningar kan ikkje ha sekundærbustad/hybel.

Siktemålet med ei vertikal deling av bustadeiningane er at flest mogleg av einingane skal kunne utformast med universell/tilgjengeleg standard.

Garasje/carport kan (inkl. utvendig bod) oppførast med grunnflate inntil 50 m^2 – i ei høgd.

Konsentrert småhusbusetnad (BKS)


I område merka "BKS1-BKS6" skal det byggjast konsentrerte småhus; rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar.

Avlaupsanlegg (BAV)


I planframlegget er det sett av eit eige areal (BAV) til avlaupsanlegg (pumpestasjon og slamavskiljar i tilknyting til naudoverløp). Som vedlegg til planframlegget følgjer eit prinsippskisse på korleis vass- og avløpsanlegget er tenkt løyst. Løysinga er kontrollert opp mot lengdeprofil og minimumsfall på dei enkelte leidningane.

Prinsipp/avløp: Avløpet leiast i leidning til pumpestasjon. Avløpet pumpast i leidning tilbake til gangvegen ved fv654 og derifrå i sjølvfallsleidning til eksisterande avløpsleidning i området Storenesvegen, så til eksisterande slamavskillaranlegg på Storeneset.

Prinsipp/overvatn:
Nedslagsfelt: I planframlegget er det lagt vekt på å sikre tilfredstillande handsaming av overvatnet i området. Nedslagsfeltet vest for feltet dekkjer eit område på ca 138 daa (13,8 ha). Innan planområdet vil ca. 54 daa (5,4 ha) avrenning mot kanalen.



Ca 13,8 ha nedslagsfelt



Ca 5,4 ha nedslagsfelt

Overvatnet frå stikkrennene samlast i open kanal austover retning bukta nord om Storeneset. Som mellombels løysing (inntil bygging på det nye skulearealet i kommuneplanen) kan utvida veggrøft langs veg o_SKV3 nyttast for å leie vatnet som i dag kjem frå nordleg stikkrenne og renn nordover til utløp i sjø nord om skulen i eksisterande bekk. Kanal i feltet byggast løpande samtidig med tekniske anlegg for aktuelle tomter.
For områda sør om veg o_SKV6 leiast overvatnet til kanalen. Dimensjon på kanal dimensjonerast i hht krav i TEK10. Nedslagsfeltet til stikkrennene er på ca. 13,4 ha. Intern tilførselsareal ca 5,4 ha med fall/leiing mot sør og ca. 2,8 ha med fall/leiing mot nord. I tillegg kjem det nye skuleområdet (ikkje utbygd) som også leier vatn mot nord. Arealet sett av til kanal vil gje plass til tilstrekkeleg tverrsnitt i 200-års flaumsituasjon. Areal sett av til «anna trafikkareal» langs vegen frå Grøndalvegen og langs idrettsanlegget vil gje plass til tilstrekkeleg grøftetverrsnitt i flaumsituasjon. Her bør då nyttast rekkverk.

For bustadområda nord om o_SKV6 leiast overvatnet i rør til krysset Grøndalsvegen/Prestegardsmyrane. Vidareførast i eksisterande bekk.
Avrenninga frå dei enkelte tomteareala kan forsinkast ved etablering av magasin i tank eller i terreng. Avrenning frå kanalen kan (i ekstremsituasjonen) senkast ved etablering av ein dam om lag midt på kanalen strekninga BKT2. Dammen etablerst slik at den ikkje utgjer ein sikkerheitsrisiko for bebuarane i området, jf. TEK10).

Arealbehovet til vist kanal er berekna ut frå forenkla rasjonell metode: Q nødv.=ØIA
(Berekningane er kunn overslag til bruk for arealdimensjoneringa):

Dimensjonerande gjentaksintervall, år	Dim nedbør i år (IVF-kurve Ålesund)	Avrennings-faktor	Nedslags felt, ha	Dimensjoner ande vassmengd kanal
a) Tilført stikkrenner gjennom fylkesvegen b) Tilført frå del av ubebygd nytt skuleområde Avrenningstid ca 30 minutt.				

200 år	q_s=65 l/s *ha	0,3	13,8+0,8=14,6	Q_{d200}=285 l/s
Dimensjon kanal vassførande, min fall		Botnbreidd =1,0 . Høgd 0,9 m. Sider 1:1,5 Min fall 0,5 %.		
Tilført frå byggearealet: Avrenningstid ca 10 minutt.				
200 år	qs=97,3 l/s *ha	0,5	5,4 Mot regulert kanal	Q_{d200} felt 200=262 l/s Q_{d200} stikkrenner +felt =530 l/s (utløp)
Dimensjon kanal vassførande, min fall		**Botnbreidd =1,0 - 2,0. Høgd 1,0 m. Sider 1:1,5 Min fall 0,5% medfører breidd i botn inntil 2 m.**		
Vidareføring frå kanal i eks bekk aust mot sjø:		***Botnbreidd ca 0,6 m, Høgd 0,7 m. Fall ca 6%. Kapasitet 630 l/s, OK.***		
Avrenning mot nord, mellombels				
Vidareføring eks bekk nordover i veggrøft (mellombels løysing): Vidareføring i eks bekk til sjø:		Vassmengd: Frå stikkrenne lengst nord (hovudstikkrenne) nedslagsfelt ca 12 ha. Del av ikkje utbygd skuleområde, ca. 1,6 ha. Sum ca. 13,6 ha el ca. 265 l/s. Vassføring frå del av bustadfelt: 2,8 ha. Vert ført i rør til utløp bekk. Vassføring 136 l/s. Sum vassføring i nedstaums bekk: ca. 400 l/s. Utviding av veggrøft: Botnbreidd 1,0 m Høgd 0,7 m. Fall ca 1,5%. Kapasitet 320 l/s, OK Utviding av eks bekk til sjø: Vassføring: frå nedslagsfelt, frå ikkje utbygd skuleområde, frå byggefelt: 400 l/s. Botnbreidd 0,6 m Høgd 0,6 m. Fall min ca 11%. Kapasitet 470 l/s, OK		

OVF er grunneigar for begge eksisterande bekkefar til sjø. Ev. utbetring av bekkefara legg vi til grunn kan gjerast utan at områda inngår i reguleringsplanen. Ved utbygging må nødvendige rettar for utbetring overførast til aktuell utbyggar.

Vassforsyning: Hovudleidning knytast til eksisterande vassleidning langs Grøndalsvegen, (ev. i sør). Internt i feltet etablerast «rundkøyring» for sikring av brannvatn.

Anna kommunalteknisk anlegg (BKT)

Gjennom området går bekkar som kjem frå stikkrenner gjennom fylkesvegen. Planen gjev grunnlag for å samle stikkrennene i eit løp mot sjøen. Særleg ved utbygginga av det nye skuleområdet vil det vere tenleg å få lagt om hovudbekken (største stikkrenna). Kanalen må byggast når for å ta omsyn til overvatn er det lagt til rette for ein drenskanal (BKT) gjennom feltet.
Kanalen sin kapasitet er vurdert og det er sett av tilstrekkeleg areal for bygging av eigna kanal både i høve praktiske forhold og i høve nødvendig kapasitet for nedbør i ekstrem situasjon, gjenntaksintervall 1/200 års nedbøren.

Energianlegg (BE)

Det er satt av areal til trafo/nettstasjon om lag midt i planområdet, merka BE. Dette med bakgrunn i innspel frå Mørenett som tilbakemelding på forvarslinga. Plasseringa og storleiken til området er fastsett som følgje av dialog mellom Mørenett og AG Plan og

Arkitektur. Plasseringa tek omsyn til eksisterande bekk og stasjonen ligg utanom byggeareal.

Leikeplass (BLK)
Det er sett av areal til 9 stk. felles leikeplassar innanfor planområdet. 7 av desse er nærleikeplassar og 2 er kvartalsleikeplassar. Mellom leikeplassane er det gjennomgåande gangareal.
I sum er det stipulert 80-100 bustadeiningar i området. Samla areal til nærleikeplass er ca. 50 m^2 pr bustadeining. Dette er vesentleg meir enn minstekravet i kommuneplanen. Det er lagt vekt på at leikeplassane skal auke standarden på bustadfeltet og gje grunnlag for eit godt bumiljø og ein god grønstruktur. Det er også lagt vekt på at grøntarealet skal nyttast/medverke til forseinking av overvassavrenninga. Alle viste areal er godt eigna til føremålet. Kvartalsleikeplassane er begge over kravet i kommuneplanen på 1,5 daa.

Sikringssone (PBL § 11.8 a.1, jf. § 12-6)
Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

7.4. Bustadar – plassering/utforming

7.4.1. Bustadar - høgde

BFS: Gesims og mønehøgde skal ikkje overstige plan- og bygningslova sine krav (gesims maks 8 meter og møne maks 9 m). Ark kan tillatast i inntil 40% av byggets lengde.

BKS: Gesims og mønehøgde skal ikkje overstige plan- og bygningslova sine krav (gesims maks 8 meter og møne maks 9 m).

7.4.2. Grad av utnytting

Maksimum tillaten BYA er sett til 30 % for BFS.
Maksimum tillaten BYA er sett til 40 % for BKS.

7.4.3. Tal arbeidsplassar, næringsareal

Planen omfattar ikkje arbeidsplassar eller har konsekvensar for arbeidsplassar.

7.4.4. Tal bustadar, leilegheitsfordeling (nye)

BFS: 39 tomter, 26 for berre einebustader og 13 stk. som ev kan nyttast til 2-mannsbustader.
BKS: 6 område for konsentrerte småhus, Passar til ca. 38 bustadeiningar.

7.5. Bustadmiljø

På bustadtomtene skal utomhus opphaldsareal (MUA), garasje/carport og bustadhus plasserast. Tomtene er av slik storleik at det i tillegg vert plass til hage og mindre boder. På situasjonsplan skal plassering av garasje/ biloppstillingsplassar og areal til MUA visast. Eit viktig bidrag for å skape gode bumiljø er storleiken på tilgrensande leikeareal.

7.6. Parkering

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eiga tomt eller fellesareal for fleire tomter for 1 bil per bueining pluss 0,5 bil per bueining til gjesteparkering. Dersom samla tal bustadeiningar overstig 10 vert kravet for gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med bueining nr. 11. For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil per bueining. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass per hybeleining utan krav til gjesteparkering.

7.7. Tilknyting til infrastruktur VA- og El anlegg

Det ligg hovudvassleidning både vest om fylkesvegen og nord om Grøndalsvegen. Spillvatn må løysast lokalt med eige anlegg (jf område BAV) som knytast til eksisterande slamavskillaranlegg på Storeneset. Overvatn handsamast lokalt med utløp til sjø via eksisterande vassvegar.
Til forsyning av planområdet med straum må byggast ny nettstasjon. Tilknyting i eksisterande anlegg i gang/-sykkelvegen eller i området ved skulen. Areal BE er sett av til nettstasjon. Fibernett byggast ut som El-nett. Vi viser elles til prinsippskisse for VA-anlegget, jf vedlegg D.

7.8. Trafikkløysing

7.8.1. Køyretilkomst

Byggefeltet vert å knyte seg til vegen Grøndalsvegen. Vegen skal gjevast høgre standard og vert knytt til Prestegardsvegen og endeleg til fylkesveg 654.Siste del inngår i nyleg vedteken reguleringsplan.

Det er i medverknadsmøte teke opp at det må vurderast alternative tilknytingar mellom bustadfeltet og fv654. Det vart foreslått å nytte anna avkøyrsle som Storenesvegen eller å knyte seg inn på noverande kryss inn til skulen (frå fv 654) og føre den langs fv654 tilbake til bustadfeltet (merknad frå AG…: medfører eit komplisert og arealkrevjande kryss, vanskeleg å få til grunna skulebygg og uteareal).

Kommunen har tidlegare teke opp tilknytinga av bustadfeltet til fv654 med statens vegvesen: Ikkje aktuelt med nye kryss på fv654 på strekninga. AG.. har også drøfta vegspørsmålet med vegvesenet og konklusjonen er at i planen til vegvesenet er det rydda opp i køyremønsteret ved at eine innkøyringa til skulen er stengd. Der er lagt inn busslomme mot fortauside/skuleside. Avstiging frå buss er sikra. Avstiging frå personbil må gjerast frå «bussrundkøyring» eller at foreldra køyrer inn på skuleområdet mot eks parkeringsplass. Internt på skulen sitt område er ikkje køyremønsteret planlagt som del av reguleringsplanen for fv654. Som følgje av vedteken reguleringsplan må køyremønsteret inne på skuleområdet endrast, gjennomkøyring er ikkje lenger mogleg (er bevisst endra i vedteken reguleringsplan). Tilkomst er frå Grøndalsvegen.

I høve «alternative vegtilkomstar for tilknyting av bustadfeltet til fv654» fastslår vegvesenet følgjande: Må konsentrere trafikken i eitt kryss og trafikksikre der – her «skulekrysset».

7.8.2. Utforming av vegar

Vegane sin standard er i tråd med Herøy kommune sin vegnormal «rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

7.8.3. Krav til samtidig opparbeiding, jf føresegnene §12

Opparbeiding av leikeplassar er i føresegnene fastsett i samsvar med kommuneplanen si føresegn. Nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når bustadeining nr 5 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk. Kvartalsleikeplassane skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk.

Kanalanlegg kan opparbeidast stegvis, men slik at bustadtomter ferdigstilt for utbygging er sikra.

Støyskjermen skal byggast samtidig som andre tekniske anlegg tilhøyrande det aktuelle byggeområdet.

Adkomstvegane o_SKV1 (del av og o_SKV2 (Grøndalsvegen) skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust.

7.8.4. Tilkomst vedlikehald avlaupsanlegg

Slamavskiljar er lagt inntil trafikkareal og vil såleis vere tilgjengeleg. Tilgrensande vegkryss må nyttast som snuplass.

7.8.5. Tilgjengelegheit for gåande/syklande

Langs fv654 er der gang-/sykkelveg. Sør i feltet er gangsti gitt tilknyting til gang-/sykkelvegen og denne stien er knytt til vegar i bustadfeltet. På del av bustadvegane er det fortau med breidd 3,25 meter. Fortauet kan nyttast av syklande så lenge det ikkje er til hinder for dei gåande.

7.8.6. Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold

Vegane i bustadfeltet og vegane til feltet er alle regulert som offentlege. Tilkomst til leikeareal er vist med «korridorar» som leikeareal. Alt regulert leikeareal er føresett felles og vil inngå som eigardel tilknytt bustadeigedom. Dette skal gå fram av skøyta.

7.9. Planlagde offentlege anlegg

Det er i planframlegget lagt til rette for offentlege areal som køyrevegar og fortau, anna trafikkareal (grøfter/snøopplag) tilhøyrande vegane og areal for kloakkreinseanlegg. Kanalen er regulert offentleg. Som følgje av ev. utbyggingsavtale vil kommunen overta tekniske anlegg. Dette vil då gjelde vegar med gatelys og drenering, VA-anlegg og kanal.

7.10. Miljøoppfølging

Tiltaka i planframlegget medfører ikkje inngrep i eller konsekvensar for viktige deler av naturmiljøet. Tiltaket medfører heller ikkje særskild ureining. Det er difor ikkje lagt til grunn at særskilde miljøtiltak skal gjennomførast som følgje av inngrep planen fører med seg.

7.11. Universell utforming

Kommuneplanen si føresegn peikar på at prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn i alle plansaker. I denne plansaka er det lagt til rette for bustader med universell utforming, men det vert ikkje stilt krav om universell utforming, jf. private bustader. Planområde har slik form at universell utforming let seg gjennomføre for alle bustadtomter, vegar, stiar og leikeplassar. Vegar med fortau har maks stigning/fall ca. 5% (Grøndalsvegen) og 1. bustadvegen inn i feltet har maks stigning/fall 3%. Dei enkelte bustadvegane utan fortau har stigning/fall innan ca. 5% med unnatak av ei kortare strekning av veg SKV8 som ved kryssinga av kanalen har ca. 6% på eine sida og i enden av veg SKV4 følgjer vegen eksisterande veg (ovanfor tilkomsten til leikeplassen).
I føresegna er fastsett at tilkomsten til og forminga av leikeplassar skal bygge på universell utforming.

7.12. Uteopphaldsareal

Ute opphaldsarealet er delt i tre (3) deler:

a) Minste opphaldsareal (20 m^2) på kvar einskild tomt, MUA. Innan område med konsentrert utbygging kan arealet samlast til ein eller fleire plassar på min. 60 m^2.

b) Nærleikeplass: maks gangavstand frå bustadeining er lik 50 meter. Arealet nyttast til ulike former for leik med utstyr minimum sandkasse, benk og noko fast dekke.

c) Kvartalsleikeplass: for inntil 50 bustadeiningar. Maks gangavstand 250 meter. Arealet nyttast til ballspel, aking, sykling mv.

Det er lett tilkomst til leikeareala. Leikeområda er ikkje utsette for støy.
Ingen eksisterande leikeområde vert berørt av planen. Forholdet til barn og unge er såleis vurdert og vi meiner behov og funksjonskrav er godt dekt/ivareteke i hht T-2/08. Vi viser elles til naboområda som har idrettsanlegg samt tilstøytande LNF-område mot sjøen som er lett tilgjengeleg. Bruken av deler av LNF-areala mot sjøen bør avgrensast i hekketida.


7.13. Estetikk

Landskap: Byggefeltet er del av ei flate som også inneheld skuleområdet (eksisterande og nytt), idrettsanlegget og ein del eksisterande bustadbusetnad. Landskapsrommet har ei fjellside i vest og tydelege kollar i aust. I nord/sør retning er landskapsrommet meir ope. Dei tydelege linjene elles kjem fram av fv654 sin langsgåande trase der den ligg ved foten av fjellsida i vest. Dei dominerande linjene i terrenget følgjer fylkesvegen og dei opne «kanalane» mellom kollane i aust. Adkomstvegen og den gjennomgåande grønkorridoren dannar opningar i nord/sørleg retning. Stikkvegane dannar opningar mot terrenget og sjøen i aust. Vegnettetog grønkorridorar følgjer hovudretningane i terrenget. Bekkefar i området er innarbeidd og nytta som del av grønstrukturen.




Hovudretningar: ⟷

Terreng: Terrenget innan bustadfeltet er flatt. Berre nokre små kollar finst. Området har mykje myrmark og det må påreknast masseutskifting i byggegrop. Der dei små kollane inngår i tomt må det leggast til grunn at kollande vert nytta til erstatning av myr.
Arealet gjev muligheit for gode tomteløysingar og ein velfungerande grønstruktur.



7.14. Energi

Der er ikkje vindstatistikk konkret for dette området, men nærmaste målestasjon, på Hareid, viser ei tydeleg sør/vestleg retning på vinden. I vårt planområde vil fjellet i vest danne le for byggefeltet. Slik bustadtomtene er plassert vil husrekkene i dra stor nytte av terrengformasjonane rundt.



7.15. Landbruksfagleg vurdering

Ikkje relevant i denne saka. Det blir vist til at arealbruken til planområdet er avklara gjennom revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

7.16. Kollektivtilbod

Nærmaste busshaldeplass ligg ved Stokksund skule.

7.17. Kulturminnemiljø/kulturminne

Det er ikkje sett fram krav om arkeologisk registrering.

7.18. Sosial infrastruktur

Skulekapasitet og barnehagedekning er vurdert som tilfredstillande, men vi viser til at rektor ved skulen er usikker på kapasiteten på skulen dersom utbygginga (etterspurnaden) får for stort omfang i starten.

7.19. Plan for vatn/avlaup, tilknyting off. nett

Det er i planframlegget sett av areal (BAV) til slamavskiljar/pumpestasjon. Som del av planframlegget er vist prinsippskisse for korleis VA-anlegget kan tenkjast bygd ut, jf vedlegg

7.20. Plan for avfallshenting/søppelsug

Det er ikkje lagt til rette for særskild ordning med returpunkt for søppel. Alle vegar har tilkomst for reinhaldsbil og det er lagt til grunn at henting av søppel vert utført langs vegane.

7.21. Avbøtande tiltak / løysingar ROS

Radon

Norges Geotekniske Undersøkelse (NGU) har klassifisert Herøy som ei kommune der farenivået er definert som moderat til lavt. Herøy kommune har målt radonkonsentrasjon i kommunale bygg. Dette gjeld skular, kommunale barnehagar og utleigebustadar. Målingane gjekk føre seg i tidsromet februar 2014 til april 2014. Måleresultata for skular og barnhagar viser i all hovudsak akseptable resultat. I enkelte bygg har ein registrert avvik, som skal følgjast opp gjennom ny måling.
Med bakgrunn i dette kan ein sei at Herøy er ei kommune der det generelt er lave radonverdiar..

Måleperioden for radonmålar er frå 1. okt. til 1. april. Vi har sett ut radonmålar 1.10.2015 i bustadhuset på gnr. 58 bnr. 62 som grensar til planområdet. To (2) stk. målarar vert nytta – i hovudetg. og i 2. etg. (ikkje kjellar). Resultatet vil liggje klart før kommunestyret si handsaming av plansaka.

Konklusjon:
Vi legg til grunn at sikring mot radongass vert gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk, både kva gjeld gassperre og drenering (utjamning) av gasstrykket under bustadane. Vi har ikkje teke inn særskilde tiltak som villkår i reguleringsplanen. Skulle pågåande målingar vise uønska radonmengder vert ev. tiltak å innarbeide i føresegnene før kommunestyret sitt vedtak av planen.

Støy

Viser her til eigen støyrapport utarbeidd av Sinus AS (vedlegg C). Tiltak er innarbeidd i hht støyvurderinga.

Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk.

Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. skjema C3.

7.22. Avbøtande tiltak/ løysingar Naturmangfaldlova

Når det gjeld naturmangfald viser vi til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS, vedlegg D. Det blir også vist til sjekkliste for naturmangfald i vedlegg C. I rapporten vert det vist til m.a. følgjande kompenserande tiltak:

a) Det bør ikkje leggast til rette for tilkomst til strandengområda
b) Sikre at den nordlegaste vika vert skjerma
c) Ferdselsforbod i hekketida
d) Forby kattehold ev bandtvang.

Det er i planframlegget teke omsyn til punkt a). Dette slik at vegar ikkje går ut i LNF-området, gangkorridorane (del av leikearealet) er avgrensa slik at desse i varetek berre

tilkomst til leikeareal. Den nordlegaste vika – punkt b) ligg i god avstand frå planområdet. Andre utlagde byggefelt grensar meir til området. Når det gjeld ferdselsforbod, jf c), vil alminnelege omsyn i hekketida vere avbøtande. Dette kan opplysast om med skilt ved inngangar til LNF-området. Når det gjeldtiltak opp mot kattehold finn vi det vanskeleg å rå til slike tiltak i plansamanheng, jf plan- og bygningslova si ramme.

7.23. Rekkjefølgje - bestemmingar

Leikeplassar:

Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når bustadeining nr 5 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk.
Kvartalsleikeplassane BLK2 og BLK7 skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk. Minste uteopphaldsareal (MUA) innanfor områda skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

Kanalanlegg:

Kanalanlegg kan opparbeidast stegvis, men slik at bustadtomter ferdigstilt for utbygging er sikra. I høve eksisterande vassvegar kan vassveg mot nord nyttast mellombels inntil regulert drenskanal er fullt utbygd. Utvida veggrøft kan nyttast som vassveg saman med eksisterande bekk til sjø.

Støyskjerm:

Støyskjerm/voll langs fv654 byggast for sikring av bustadbygging utsett for støy skal byggast samtidig som andre tekniske anlegg tilhøyrande det aktuelle byggeområdet.

Utbyggingsavtale inngår ikkje i rekkjefølgjekrava, men

før utbygging vert sett i verk skal tiltakshavar avklare med kommunen om feltet skal byggjast ut gjennom utbyggingsavtale. Slik avtale skal m.a. omfatte vegar, leidningsnett til vatn-, avløps- og overvassanlegg, slamavskiljar/pumpestasjon samt El- og teleforsyning.

8. Konsekvensutgreiing (KU)

8.1. Samandrag

Det er ikkje krav om KU for denne planen. Vi viser her til avklarande utgreiingar i samband med rulleringa av kommuneplanen.
Kommuneplanen peikar likevel på at støyforhold, tilkomst, teknisk infrastruktur, raudlisteartar og ev. kulturminne må avklarast.
Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje krav arkeologiske registringar. Dei andre momenta er innarbeidde i planomtalen, jf. pkt. 7.3, 7.7, 7.8, 7.22 mv.

8.2. Grunngjeving for ikkje KU

Arealbruken er avklara som del av kommuneplanarbeidet. Støy, tilkomst, teknisk infrastruktur, raudlisteartar (naturmangfald) og kulturminne er avklara i denne planomtalen.

9. Verknadane/konsekvensane av planframlegget

9.1. Overordna planar

Planframlegget byggjer på nyleg revidert kommuneplan. Det følgjer ikkje nemnande avvik frå denne planen.

9.2. Landskap

Hovudlinjene i kringliggande landskap og i planområdet er søkt teke opp i dei hovudlinjene som utbygginga medfører. Landskapet har hovudlinjer i nord/sør retning samt at fjellveggen/lia i vest vender seg vidare mellom kollar og søkk mot aust.
Hovudlinjene er ivaretekne med vegføringar og grønstrukturen. Landskapsrommet vil få nytt «golv» med den nye bygningsmassen, men det lokale særpreget er i vareteke.

9.3. Planområdet sin karakter

Planområdet består i dag av open mark med innslag av vegetasjon. I nord grensar byggefeltet til skule- og idrettsanlegg og eit mindre byggefelt. I aust grensar området til LNF-område. I søre grensar feltet til LNF-område som igjen grensar til eit byggefelt. I vest grensar feltet til fylkesveg 654. Planområdet sin karrakter er prega av eit flatt større myrlendt området med varierande innslag av vegetasjon. Den planlagde bygningsmassen vil innordne seg hovudlinjene i landskapet og eksisterande byggverk. Prioritering av omfattande leikeareal vil gje området ein open karakter.

9.4. Byggeform og estetikk

Den nye bygningsmassen vil ha høgder som vanlege bustadhus. Voluma vil variere med tal bustadeiningar på tomtene og dei konsentrerte areala. Dei vanlege bustadtomtene vil kunne ha opptil 2 fullverdige bustadeiningar. Tomtene er romslege og med eit flatt lende vil utnyttinga av tomte kunne bli god.

På det konsentrerte arealet kan det byggjast konsentrerte småhus, rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar. I tillegg til bustadhus kjem garasje/carport og utomhus bod.

Byggehøgd (møne- og gesimshøgde) skal vere innan plan- og bygningslova sine generelle rammer. I høve den konkrete utforminga vil vi vise til plan- og bygningslova sine generelle reglar samt at kommunen sin estetikkrettleiar vert lagt til grun for forming av bygningar og utomhusareal. Med det innslaget av grøntareal som ligg i planen vil planområdet framstå som eit ope område. Vi kan ikkje sjå negative konsekvensar av planen i høve byggeform og estetikk.

9.5. Kulturminne/kulturmiljø, ev. verneverdi

Det er ikkje sett fram krav om arkeologisk registrering. Fylkeskommunen gjer merksam på at dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Ingen kjende verknader, så langt.

9.6. Forholdet til krav i Naturmangfaldlova

I rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS heiter det i samandraget:

«Åtte rødlistede fuglearter, en rødlistet lavart, en rødlistet plante og en rødlistet pattedyrart er registrert i området. Av moser, ble ingen rødlistearter funnet.
Det ble ikke påvist viktige naturtyper, m en flere rødlistede fuglearter hekker innenfor planlagt utbyggingsområde. Selve utbyggingsområdet består av nedbørsmyr i sterk gjengroing, små innslag av mjukmattemyr og med oppstikkende berg i utkantene, samt mindre flekker med kystlynghei. Innenfor influensområdet er også mindre områder med gjengroende fattig fukthei til veldrenert hei, småskog og bergåser. Mot nordvest er et mindre område som brukes til sauebeite, her er noe kunstmark med små innslag av semi-naturlig eng. Potensialet for å finne flere verdier knyttet til viktige naturtyper og flora vurderes som lavt, men flere rødlistede fuglearter vil trolig kunne dukke opp om man

bruker mer tid til å søke etter slike. Kunnskapsnivået om naturtyper og rødlistearter vurderes nå som godt, der føre-var-prinsippet i liten grad behøver å anvendes.
Det er ikke registrert spesielle konflikter mellom påviste naturverdier og skisserte utbyggingsplaner når det gjelder plantelivet. Men for de fugleartene som hekker i eller i nærheten av utbyggingsområdet, vurderes tiltaket som negativt. Berørte naturtyper omfatter vanlige, utbredte miljøer der samlet belastning vurderes som lav. Tiltaket vil medføre mindre egnet hekkeareal, økt ferdsel og forstyrrelser for hekkende fugl i dette området. Et aktuelt kompenserende tiltak kan være å stimulere til økt ekstensivt husdyrbeite på gjenværende arealer og ferdselsforbud i hekketida».

Vi viser også til vedlegg i rapporten der Alf Ottar Folkestad viser til at området etter kvart har blitt mindre viktig. *«På 1970-talet hadde desse myrane ein definitiv verdi som hekkelokalitet for sjøfugl- og kystfugl-artar, men endringar og inngrep i området, saman med generell nedgang og markerte bestandsendringar for eit fleirtal av dei artane som tidlegare nytta området, har redusert den naturfaglege verdien og funksjonen av området radikalt».*

Konklusjonen vår er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5). Viser elles til kapittel 7.22. i planomtalen. Vi legg då også til grunn at folk generelt viser omsyn til fuglane i hekketida.

9.7. Rekreasjonsinteresser

Del av strandsona som ikkje inngår i byggeareal er ivareteke som LNF-areal (friluftsområde) i planframlegget.

9.8. Uteområde

Kravet til uteopphaldsareal vert dekt dels som MUA og dels som leikeplass. Planområdet er elles knytt til kringliggande sjø, strandområde og utmarksområder og gjev gode forhold for leik og fritidsutøving. Planen medfører ikkje nedbygging av areal som tidlegare er tilrettelagt eller nemnande brukt som opphaldsareal/leik eller som friluftsområde i dag.

9.9. Trafikkforhold

Trafikken på fylkesveg 654 er i dag på 3610 køyrety i døgnet. Dei nye husværa i planframlegget vil generere ca 400 -450 turar i døgnet (90x4,5). Så langt vi kan sjå vil ikkje denne auken vere vesentleg for trafikksituasjonen slik vegnettet sin standard er planlagt, jf kommunen sin standard for vegar.

9.10. Born sine interesser

Iht. T-2/08 vurderer vi planframlegget som tilfredstillande for born og unge, jf elles krava i kommuneplanen. Leikeareala avsett i planen er av større omfang enn kva kommuneplanen krev. Areala er funksjonelle.

9.11. Sosial infrastruktur

Det er frå rektor ved Stokksund skule peika på at dersom feltet får ei rask utbygging vil dette føre til kapasitetsproblem for skulen.
Det må påreknast ei større interesse for feltet i startfasen enn etter kvart. Meklarfirma, som har vurdert kva omsetnad av tomter som kan ventast, viser til at 5-10 tomter årleg bør kunne påreknast selt – basert på bustadbygginga/omsetning av bustader i kommunen. Konsekvensane for skulen vil elles henge saman med anna utbygging i nedslagsfeltet for skulen, ev flytting internt og eksternt.

9.12. Universell tilgjengelegheit

Bustadbygginga i feltet krev ikkje universell utforming i seg sjølv i hht TEK10. Prinsippa kring slik utforming vert likevel føresett lagt til grunn, jf føresegnene. Vi viser også til at terrenget i planområdet er slik at universell utforming let seg gjennomføre nærmast generelt – både for vegar, bustader og leikeareal.

9.13. Energibehov og energiforbruk

Tiltaka i planen vil medføre ein energibruk for 90 bustadeiningar lik ca 1.800.000 kW/h (90x20.000) i året (jf TEK10 sine grensekrav). Alternativ energi kan nyttast ved at fjernvarme vert teken frå sjøen. Det kan også tenkjast at leikeareala kan nyttast for å ta ut jordvarme.

9.14. Risiko- og sårbarheit (ROS)

Det er ikkje påvist vesentlege konsekvensar i høve ROS, jf. vedlagde sjekkliste.

9.15. Jordressursar/landbruk

Ikkje relevant.

9.16. Teknisk infrastruktur

Området kan knytast til eksisterande off. vassverk. Spillvatn pumpast til etablert reinseanlegg i området Løysing for handtering av spillvatn må handsamast førebels gjerast lokalt.

9.17. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planframlegget medfører økonomiske konsekvensar for kommunen. Tilkomstvegane i feltet er regulert offentleg. Dette gjeld også fortaua. Før utbygging vil det kunne bli søkt om godkjenning av utbyggingsavtale. Kommunalt overtek då alle veg, leidningsanlegg og VA-anlegg elles for vedlikehald. Dette vil i så fall medføre drift- og vedlikehaldskostnader.

9.18. Konsekvensar for næring

Ikkje relevant.

9.19. Interessemotsetningar

Det er ikkje kome fram vesentlege motsetnader knytt til planområdet.
I høve naturmangfaldet er det vist til at feltet vil kunne påverke dei nytta hekkeområda. Dei uberørte areala mot sjøen er framleis omfattande og vi vil tru fuglen tilpassar seg endra føresetnader. Vi viser elles til at areala mot sjøen også i dag vert nytta til turområde, at skulen nyttar deler av areala i undervisninga – og endeleg at det vert teke ålmenne omsyn i hekketida.
Vi vil også peike på at slik trafikkmønsteret no er på vegar inn til og inne på skuleområdet, så vert det vist til at det dels føregår uforsvarleg køyring. I planframlegget legg vi til grunn tilgrensande reguleringsplanar sine løysingar. Dei planlagde vegane i feltet og tilkomstvegane denne planen omfattar, følgjer den kommunale vegstandarden som er fastsett. I høve planframlegget og dei rekkjefølgjekrava som er vist til, vert vegnettet trafikktrygt – på vilkår av at folk held seg til trafikkreglane.

9.20. Avveging av verknadar

Jf pkt. 9.19

10. Innkomne innspel

Viser til vedlegg A1/A2 for nærmare vurderingar av dei ulike innspela.

10.1. Merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering

1) Mørenett AS	dat. 26.03.2015
2) Statens vegvesen	dat. 15.04.2015
3) Noregs vassdrags- og energidirektorat	dat. 20.04.2015
4) Møre og Romsdal fylkeskommune	dat. 29.04.2015
5) Fylkesmannen i Møre og Romsdal	dat. 29.04.2015
6) Per-Magne Lillenes, Andre Gjerde, Preben A. L. Hestad, Kristoffer Aksnes, Johan Ole Abeltun, Ole Johan Aksnes, Curt Åge Hauge, Ingar Baltzersen, Jarl Åge Vågsholm og Tjørvåg idrettslag	dat. 29.04.2015
7) Søre Sunnmøre Landbrukskontor	dat. 07.05.2015
8) Referat frå møte med idrettslag og naboar	møtedato 1.10.2015
9) Referat frå møte med særskilde grupper, grendelag, skulen	dat. 28.10.2015

10.2. Oppsummering – dei viktigaste innspela til planarbeidet

- Mørenett AS skriv at bustadområdet krev ein nettstasjon plassert om lag midt i feltet.
- Raudlisteartar i området må kartleggast. Det bør gjerast ei ny registrering av kva fuglar som hekkar i området, slik at ein får oppdatert kunnskap om naturverdiane. Kartlegginga må gjerast av fagkyndige, og arbeidet skal vere i tråd med DN-handbøkene.
- Ber om at det blir arrangert eit møte i mellom grunneigarane/naboane og AG Plan og Arkitektur AS. Dette er eit stort prosjekt og som vil medføre ein vesentlig auke av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterande hus. Her må ein i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løysingar.
- Trafikkmønsteret rund skulen i dag er problematisk. Å tilføre meir trafikk vil vere uforsvarleg. Alternativ vegtilkomst til feltet må vurderast.

10.3. Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i planframlegget

- Areal til nettstasjon er sett av i planen.
- Det er gjennomført registrering av raudlistartar i området, sameleis er hekkande fugl i området mv kartlagt – dette i samsvar med avklaringar i kommuneplanen og FM si omtale i innspelet, jf også innspelet frå Søre Sunnmøre landbrukskontor. Konklusjonane som følgjer av utgreiingane er i hovudsak tekne omsyn til i planframlegget.

- Det er halde møte med grunneigarar/naboar/særskilde grupper/grendelag/skulen vedkomande planarbeidet. Vi har avklara med vegvesenet at køyremønsteret som blir som følgje av ny reguleringsplan er OK. køyring inne på skuleområdet må /bør organiserast noko betre og slik at det vert vektlagt å få til ei trygg avstiging frå bil til fortau for skuleborna, jf. td. skisse i vedlegg A1. Alternativ tilkomst til bustadfeltet Prestegardsmyrane (B33) er ikkje aktuelt. Trafikkmengda som vert på adkomstvegane langs skulen og idrettsanlegget er innan den mengda som vegane er tenkte til. Kvar bilførar må ta ansvar for å køyre forsvarleg innan det fastsette køyremønsteret.

11. Avsluttande kommentar

Arbeidet med planen vart oppstarta med kunngjering 23.03.2015, brev til berørte partar datert 19.03.2015 og med frist for merknad 05.05.2015.
I kommuneplanen er arealet sett av til bustadfelt.
Kommunen har gjennom kommuneplanen sett av vesentlege areal for å sikre gode vilkår for skulen og tilhøyrande anlegg. Bustadfeltet støttar opp om elevgrunnlaget til skulen og vil sikre at Stokksundområdet framleis vert ei «levande bygd» - med alle dei kvalitetar som allereie finst i bygda og i bygdene kring.
Det ligg ikkje føre vesentlege merknader til sjølve planen. Det er reist spørsmål ved trafikksikkerheita kring og på skuleområdet. Kommunen vil ta tak i dette som ei eiga sak. Det ligg ikkje føre mange merknader i saka. Vi har hatt to (2) medverknadsmøter med orientering og god diskusjon, jf merknad 8 og 9 i vedlegg A2.


Kommuneplanen sine vilkår for bruken av arealet er i vareteke og vi har i planframlegget lagt større vekt på born sit leikemiljø enn kva minstekrava i kommuneplanen tilseier. Areala er godt eigna til føremålet og universell utforming kan gjennomførast som gjennomgåande prinsipp.

Så langt vi kan sjå samsvarer planframlegget med dei forventningar til arealbruken som går fram av kommuneplanen.

Utsnitt av plankart, sjå neste side:

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar, RIF rådgivar

Sakshandsamar og
fagansvarleg innan areal-, infrastruktur- og samferdselsanlegg



Utsnitt av plankart, nedskalert

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/962
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
146/16	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

GNR 38 BNR 1 - GRUNNERVERV AV INDUSTRIOMRÅDE

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre godkjenner grunnavtale med gnr 38 bnr 1.

2. Grunnkjøpa vert finansiert med midlar avsett til grunnkjøp i budsjett for 2016.

Særutskrift:

Olga Eggesbø

Vedlegg:
Vedlegg
1 Tilbod om kjøp av næringsareal - revidert etter møte 25 april 2016
2 Kart1
3 Kart2
4 Kart3
5 Svar på tilbod om sal av Eggesbømarka
6 Svar til kommunen 190516
7 Gnr 38 Bnr 1 - Grunnerverv av industriområde- signert avtale

Saksopplysningar:

Herøy kommune ønskjer å legge til rette for utviding av industriområde rundt Marine Harvest sitt anlegg på Eggesbønes.

For å møte framtidig arealbehov for utvikling av industriområdet og framtidige etableringar knytt til fiskerirelatert verksemder har utviklingsavdelinga vore i forhandlingar med grunneigarane av gnr. 38 bnr. 1 om erverv av naudsynt areal.

Det er gjennomført verditaksering av areala og utviklingsavdelinga har, gjennom forhandlingar med grunneigarane, kome til semje om eit avtaleutkast der kommunen tilbyr å erverve landareal og sjøgrunn frå bnr 1 til ein pris på 4 000 000 kr. Dette er akseptert av grunneigarane jfr. signert avtale som ligg vedlagt.

Ein legg vidare til grunn at ein framover vil arbeide fram ein reguleringsplan slik at ein sikrar at kommunen har gode sjøretta industriareal å tilby til aktuelle næringsaktørar.

Vurdering og konklusjon:

Utvikling av industriområdet rundt Marine Harvest er ei viktig sak for Herøy kommune. Med bakgrunn i avtale som er forhandla fram og verditaksering som er henta inn rår rådmannen til at kommunestyret godkjenner avtalane slik dei no ligg føre.

Fosnavåg, 27.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Mvh Olga Eggesbø

Sendt fra min iPad

Eggebømarka 38/1 v/Jakob Eggesbø m/fleire.

41429450 olgaegge@online.no. Breinesvegen 4 6092 Fosnavåg

18. mai 2016

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga v/Jarl Martin Møller

Tilbakemelding på tilbod om kjøp av areal.
Viser til fleire samtaler og tilbod av 06.05.16. Har vurdert tilbodet saman med eigarar og innhenta informasjon og råd frå advokat, Fylkesmannen og Statens kartverk. Vi har kome fram til at beregning av areal/verdivurdering av land- og sjøareal er lite regulert av lover/reglar, og derfor vert det i stor grad ei skjønsvurdering.

Ut frå ei samla vurdering har vi vorte samd om å ville selje arealet for 4 millionar med grunngjeving i:

> Sentral beliggenheit for vidareutvikling av industriområde. Særs stort areal som er lett å opparbeide i sjøen, og eigar er kjent med at kommunen har konkrete planar for området. Det ligg store verdiar i disposisjonsretten av sjøareal.
>
> Vi ynskjer ikkje å selge delar av friluftsområdet (C tidlegare kart), men gir kommunen løyve å bruke dette til forankringspunkt , og disposisjonsrett til sjøareal

Vi sett stor pris på at kommunen har tatt omsyn til vårt ønske om å gjere minst mulig inngrep i naturen ved å legge linja for industriområde inn til Eggesbøsteinane.

I samtalar med utviklingsavdelinga ved Jarl Martin Møller har vi også vorte samd om at dersom det ved seinare høve vert aktuelt å kjøpe meir areal, må vi ha veirett til friluftsområdet, og ei muligheit for omregulering til fritidsbustadar vere med i avtalen.

Mvh

Olga Eggesbø (for Jakob Eggesbø) , representant for eigarar

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr.
Saksbeh.
- 3 JUNI 2016
Ark.kode P
J.nr.
Dok.nr.
Kassasjon

AVTALE
Om
Grunnkjøp/innløysing av eigedom
mellom
Herøy kommune (kjøpar)
og eigar av gnr. **38**, bnr. **1** (seljar)

1. Seljar sel og overdreg deler av gnr 38 bnr 1 til kjøpar, slik eigedomen går fram av vedlagde kartutsnitt, datert 06.05.2016.

2. Kjøpesummen skal vere kr **4 000 000.**

3. Avtalen omfattar landareal, alle sjø og tilflotsrettar, rett til forankring av molo og oppfylling. Herøy kommune vil ha eigedomsrett til sjøareal aust for line som vist på kart dagsett 06.05.2016.

4. Seljar er kjend med at arealet skal nyttast til industriområde og vil ikkje motsette seg at området vert regulert, fylt ut og tatt i bruk til dette formålet .

5. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks avtalen er inngått. Det skal utbetalast 90 % av kjøpesummen ved avtale inngåelse og resterande 10 % av kjøpesummen når kjøpar mottek heftefritt skjøte.

6. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.

7. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer kostnadene ved dette.

8. Avtalen er ikkje gyldig før den er handsama og godkjent av kommunestyret i Herøy.

Fosnavåg 2/6 2016

Herøy kommune

Eigar av gnr.38 bnr.1

Heidi M. Eggesbø
Eigar av gnr.38 bnr.1

Eigar av gnr.38 bnr.1

Eigar av gnr.38 bnr.1

Eigar av gnr.38 bnr.1

Vedlegg:

1 – Kartutsnitt datert 06.05.2016

Referatsaker

Referatsaker

Postadresse:
Pb. 59
6099 Fosnavåg

Besøksadresse:
Igesundvegen 17
6090 Fosnavåg

Telefon: 70084690/ 99210020
Epost:frivillig@heroy.kommun.no
www.frivilligheroy.no

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
15 FEB. 2016
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr
Kassasjon

Notat til formannskapet

Status TV-aksjonen i Herøy

I f-sak 195/12 vart det vedteke at Frivilligsentralen skal vere fast TV-aksjonskomite i Herøy. Etter at Frivilligsentralen gjennomførte TV-aksjonen i 2011 såg ein fordelane med å ha ei vidare forankring av aksjonen i tillegg til ordførar/formannskap. Frivilligsentralen har no organisert Tv-Aksjonen 5 år på rad. Medan ein i åra frå 2006 og fram til 2011 var under landsgjennomsnittet i innsamla kroner pr innbyggjar har ein dei siste 5 åra vore over. Statistikken viser at vi har hatt gode bøsseresultat og mange gåver frå næringslivet. Vi har hatt full oppdekning av bøsseberar men slit med å få rodeansvarleg i enkelte kretser.

Ordføraren er aksjonleiar i kommunen, det organisatoriske ansvaret har leiar ved Frivilligsentralen hatt. Det inneber td å ha kontakt med leiinga av aksjonen på fylkesnivå, vere med på alle samlingar, organisere alt det praktiske med bøsser, roder, oppteljing. Mange av dei organisasjonane som har fått tildelt aksjonen har ikkje lokallag i Herøy og dette gjer at ein må gjere det meste av arbeidet utan støtte på grasrotnivå.

Rodekart er laga kun for Bergsøy, dette vart gjort av tidlegare rodeleiarar på Bergsøy. Fleire av dei andre krinsane etterlyser no dette og det bør ein få på plass snarast.

Sparebanken Møre er fast oppteljingsbank, dei seier seg nøgde med opplegget ein har hatt for TV-aksjonen dei tre siste åra. Alle bøssene vert levert inn att på frivilligsentralen , der vert dei opna og sortert før ein fraktar dei til banken for opptelling. I 2015 fekk ein td alle bøssene inn til avtalt tid kl 1730, alt var opptelt og innmeldt ca kl 20.

Vi har dei to siste åra hatt aktivitet/promotering av TV-aksjonen i Fosnavåg sentrum, dette er noko ein bør vurdere å fortsette med og utvikle vidare for å skape engasjement og interesse for saka. Kanskje vi kunne fått til dette i andre delar av kommunen også?

Oppmoding frå aksjonskomiteen til formannskapet:

Den største utfordringane desse åra har vore å få rodeleiarar i enkelte krinsar. Ein har også jobba ein del for å få nok bøssebererar til alle rodene. Vi har ein stor og trufast gjeng som går år etter år men vi treng stadig fornying. Frivilligsentralen tek gjerne på seg det organisatorisk ansvaret vidare men vi ber om at formannskapet vert meir engasjert i dette arbeidet.
Komiteen ber difor om at det vert peika ut ein fast kontaktperson frå kvar rode/krins, som enten er rodeleiar sjølv eller tek på seg ansvaret med å finne ein eigna rodeleiar i si krins. Desse bør etter vår meining veljast blant faste medlemmer og varamedlemmar i formannskapet , dette for å få ei god politisk forankring av TV-aksjonen. Vi som har vore med i aksjonskomiteen i mange år meiner dette vil lette organiseringa, føre til auka publisitet og kanskje endå betre innsamlingsresultat.
Fyljande roder ber vi om vert vald kontaktperson for: Kvalsund , Kvalsvik, Leine, Remøy, Runde, Bø/Sande, Moltustranda, Tjørvåg, Myrvåg, Leikong og Bergsøy med 2 personar.
Komiteen ønskjer også at skular og barnhagar får TV-aksjonen inn i årsplanane sine. Dette på bakgrunn av at TV-aksjonen er Noregs største dugnad, og vi meinar det er svært viktig at born og unge får lære om, og får eit

Postadresse:
Pb. 59
6099 Fosnavåg

Besøksadresse:
Igesundvegen 17
6090 Fosnavåg

Telefon: 70084690/ 99210020
Epost:frivillig@heroy.kommun.no
www.frivilligheroy.no

bevisst forhold til denne store dugnaden. Der er også kvart år ei forventning frå sentralt- og fylkesnivå om at skular og barnehagar deltek i dette.

Vi ber om tilbakemelding på dette snarast råd.

På vegne av aksjonskomiteen

Britt Paulsen

Olaug Andreassen

HERØY KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Møterom 1
Dato:	30.05.2016
Tid:	13.00 – 15.40

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Stian Elveseter	Nestleiar	
Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

Forfall:

Ove Kåre Remøy	Medlem	

Varamedlemer som møtte:

Gunnar Sævik		

Frå Vest kontroll møtte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
Sigrid Torbjørnson	Konsulent	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møtte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

Frå kommunen, politisk hald og administrasjonen møtte:

Andre som møtte:

Gerhard Furø **Oddbjørg Karen Remøy**

SAKLISTE:

Saksnr	Innhald
09/16	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
10/16	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
11/16	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016
12/16	BUDSJETTKONTROLL PER 31.03.2016
13/16	REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON
14/16	ÅRSREKNESKAP MED ÅRSMELDING 2015
15/16	PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON BARNEVERN
16/16	MELDINGAR

SAK 09/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Oddbjørg Karen Remøy.

SAK 10/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg
Møteprotokollen frå møtet den 29.02.2016.

Samrøystes vedtak
Møteprotokollen frå møtet den 29.02.2016 vart godkjent.

Innkalla vara kom til møtet.

SAK 11/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	**17.03 28.04**
Formannskapet	**08.03 05.04 19.04 10.05**
Maritim og teknisk komite	**15.03 26.04 24.05**
Arbeidsmiljøutvalet	**29.02 13.04**
Eldrerådet	**29.02 14.03 11.04 25.05**
Komite for næring, kultur og idrett	**14.03 25.04**
Komite for helse og omsorg	**10.03 21.04**
Komite for oppvekst	**02.03 30.03 27.04**
Plan og byggenemnd	**07.03**
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	**29.02 18.04**
Ungdomsrådet	-
Valnemnd	**29.02 28.04**
Valstyret	**08.03**
SSR IKS STYRE	Sendt til leiar
SSR IKS RE	Sendt til leiar

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 12/16 BUDSJETTKONTROLL PER 31.03.2016

Vedlegg
Formannskapssak 84/16.

Saksopplysningar
Viser til rådmannen sin budsjettkontroll per 31.03.2016, og saksutgreiinga i denne. Det er viktig at kontrollutvalet er orientert. Difor vert rapporten teken opp i utvalet som sak.

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet tek budsjettkontroll per 31.03.2016 til vitende.

SAK 13/16 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2015

Kontrollutvalet ynskte ein gjennomgang av revisjonsrapporten (B- dokumentet).
Møtet vart lukka i høve denne gjennomgangen, jf. kommunelova § 31, 5.lekk.

Vedlegg:
1. **Revisjonsrapport 2015** frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. **B**-dokument. (**Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk**) Sendt ut pr. post. Skal takast med i møtet for innsamling til makulering.

Saksopplysningar
Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen. og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»
Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:
«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.
I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren:
(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor, jf. RF §11
   Krava her er fylgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg, jf. RF §12
   Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisor si uavhengigheit, jf. RF §15
   Revisor har gitt skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisor si uavhengigheit og objektivitet, jf. RF §13 og §14.
   Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
   Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande.
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
   Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar, er gjennom erfaring med revisjonen og orienteringar i møte, samt kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund.
   I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg til denne saka, dokument om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for året 2015.
   Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn, og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira «på-sjå» ansvar ovanfor revisjonen.
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
   Det er inngått avtale mellom kontrollutvalet og revisjonen. Denne gjeld frå 01.01.2015.
7. Revisjonsstrategi.
   Revisor har utarbeida revisjonsstrategi for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 35/15.
8. Nummerert brev, jf. RF §4
   Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.
9. Mislegheiter, jf. RF §§ 3 og 4, KF §8
   Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter for året..
10. Revisjonsmeldinga, jf. RF §5
    Revisjonsmelding, datert 20.05.2016.
11. Revisor sin møteplikt og møterett, jf. RF §19, KF §19.
    Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt, jf. RF §20.
    Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Revisor ga ei oppsummering av revisjonsarbeidet for 2015, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet i høve dette.

Samrøystes vedtak:
Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2015.

SAK 14/16 KOMMUNEREKNESKAPEN M/ÅRSMELDING 2015

Vedlegg:
- Revisjonsrapport datert 20.05.2016
- Kommunerekneskapen 2015
- Årsrapport 2015

Saksopplysningar
Det vert vist til vedlagde dokument: Revisjonsuttale/revisjonsmelding, rekneskap og årsrapport for 2015.
Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 7.272.551 og fordelt til driftsområda kr 495.082.123.

Revisjonsrapport
Revisjonsrapporten/revisjonsmeldinga er eit viktig dokument for kontrollutvalet i samband med uttalen til reknekapen

Uttale om årsrekneskapen
Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen:
- Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- Nødvendig intern kontroll for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon korkje av misleghald eller feil

Revisor sine oppgåver og plikter:
- Skal seie si meining om årsrekneskapen på grunnlag av revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk i Noreg, i dette International Standards on Auditing, som bl.a. krev at ho lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisor sine oppgåver og plikter* i revisjonsuttalen

Revisor sin konklusjon:
- Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommune pr. 31.12.2015. Resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Revisor sin uttale om andre tilhøve:

Budsjettet:
- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.
- Disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett på dei fleste ansvarsområder, men fleire har vesentleg mindreforbruk.

Årsmelding:
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

Registrering av dokumentasjon:

- Leiinga har oppfylt plikta si å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Annan informasjon

Rekneskapen

Viser til innhald side 1 og 2, som gir greitt oversyn over innhaldet i rekneskapen og såleis lett å finne fram.
Rekneskapen inneheld dei obligatoriske vedlegga (rekneskapsskjema, balanse og økonomisk oversikt over drift og investering samt notane.

I rekneskapsskjema 1B vil ein finne avvik regulert budsjett i høve til rekneskap (revisjonsmeldinga om vesentleg mindreforbruk). Sjå også sidene 46, 47 og 48
Oversikt over samla driftsinntekter og samla driftsutgifter på dei ulike område slik dei er oppsett i budsjettvedtaket 2015.
Notane 1 til 26 gir også nyttig informasjon og rekneskapen lettare å forstå.

Årsrapporten

(Årsrapporten inneheld ikkje sidetal eller innhaldsliste – si innhalde vert lista opp nedanfor)

Rådmannen sine kommentarar først i årsmeldinga.
Økonomi
Analyse av nøkkeltal, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (gule ark – 21 sider)
Organisasjon og medarbeidarar
Servicetorget
Stab og støtteavdelingane
Økonomiavdelinga
Persona- og organisasjonsavdelinga
IKT
Barnehage
Skuleavdelinga
Barne- familie og helseavdelinga
Pleie og omsorgsavdelinga
Bu- og habiliteringsavdelinga
Kulturavdelinga
Utviklingsavdelinga
Anleggs- og driftsavdelinga

Vi har ingen spesiell merknad til det som kjem fram i årsmeldinga.

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale for 2015 datert 20. mai 2016.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Herøy kommune for rekneskapsåret 2015, som viser eit mindreforbruk på kr 7.272.551, fordelt til driftsområda kr 495.082.123, og består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter og balanse pr 31.12.2015 med notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar, kan **godkjennast.**

SAK 15/16 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON BARNEVERN

Vedlegg
Prosjektplan – barnevern, datert 10.05.2016.

Saksopplysningar
Kontrollutvalet gjorde i sak 24/15 vedtak om å utføre eit forvaltningsprosjekt for økonomisk rapportering. Forvaltningsrevisoren i Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har begynt planlegging for utføring av dette prosjektet. Det vil kome opp til behandling i løpet av 2016.

I dei vedtekne revisjonsplanane ligg det eit mindre prosjekt innan barnevern for utføring sommaren/hausten 2016. Dette skal utførast av rekneskapsrevisor, og prosjektet skal utførast i alle kommunene i Søre Sunnmøre IKS.
Sidan prosjektet er avgrensa, kan det difor vere aktuelt å utføre eit prosjekt innan barnevernområdet med eit anna utgangspunkt / andre revisjonskriterier, på eit seinare tidspunkt. Dette vil bli vurdert i samband med ny plan for forvaltningsrevisjon.

Viser til prosjektplanen for barnevernprosjektet som er utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet vedtok prosjektplan for forvaltningsprosjektet barnevern, datert 10.05.2016.

SAK 16/16 MELDINGAR

Vedlegg
1. Herøy kommunestyre 18.02.2016, sak 24/16 Saksprotokoll - Reglement for Herøy formannskap, Maritim og teknisk komité, Komité for næring, Kultur og idrett, Komité for helse og omsorg, Komité for oppvekst
2. Kommunal økonomi, februar 2016: «Leder: Javel, herr statsråd»
3. Kommunerevisoren, 2-2016: « Bevilgingskontroll og budsjettavvik»
4. Herøy kommunestyre 28.04.2016, sak 64/16, «Melding om vedtak – Årsmelding Kontrollutvalet 2015»

Samrøystes vedtak
1. Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.
2. Kontrollutvalet tek meldinga til orientering.
3. Kontrollutvalet tek meldinga til orientering.
4. Kontrollutvalet tek meldinga til orientering.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte
Rådmann til orientering
Ordførar til orientering

Fra: Geir S. Vik [mailto:geir.vik@VISITALESUND.COM]
Sendt: 1. juni 2016 18:08
Emne: Protokoll årsmøte 2015 Destinasjon Ålesund & Sunnmøre

Hei

Legger ved protokoll fra Årsmøtet 2015 i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre som ble avholdt 19. april 2016. Legger samtidig også ved både årsrapporten vår og strategiplanen. Begge dokument ble også presentert i årsmøtet.

Ønsker dere alle en flott sommer fremover!

Med vennlig hilsen/Best regards

Geir S. Vik
Reiselivssjef/Director of Tourism

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
Skateflukaia, 6002 Ålesund, Norway

Tel.dir: +47 70 16 34 34
Mobil: +47 48 19 74 37
geir.vik@visitAlesund.com
www.visitAlesund.com

Facebook: www.facebook.com/VisitAlesund
Twitter: www.twitter.com/VisitAlesund

ÅRSMØTE 2015 DESTINASJON ÅLESUND & SUNNMØRE
19. April 2016

PROTOKOLL

TILSTEDE I ÅRSMØTET

Kommuner:

Giske kommune v/Harry Valderhaug	Haram kommune v/Vebjørn Krogsæter
Hareid kommune v/Anders Riise	Sande kommune v/Dag Vaagen
Skodje kommune v/Dag Olav Tennfjord	Stordal kommune v/Eva Hole
Sula kommune v/Jim Arve Røssevoll	Sykkylven kommune v/Odd Jostein Drotninghaug
Ørsta kommune v/Svein Aam	Ålesund kommune v/Eva Vinje Aurdal

Næringsmedlemmer:

62 Nord v/Benthe Langeland	Atlanterhavsparken v/Tor Erik Standal
Devoldfabrikken v/Kristine Støversten	First Hotel Atlantica v/Cathrin Åkre
Fjellstua v/Helge Jan Farstad	Juvet Landskapshotell v/Knut Slinning
Nynorsk Kultursentrum v/Gaute Øvereng	Quality Hotel Ulstein v/Brynhild Ulstein
Rekkedal Gjestehus v/Bjarne Rekkedal	Scandic Parken Hotel v/Sven Erik Moe
Scandic Scandinavie Hotel v/Sven Erik Moe	Storfjord Hotel v/Benthe Langeland
Sunnmøre Museum v/Siw Solvang	Thon Hotel Fosnavåg v/Gunther Dahler
Thon Hotel Ålesund v/Jorunn Dyb	Ålesund Taxi v/John Breivik

Styret:

Arne Aambakk, Styreleder	Annika Brandal	Knut Slinning
Sven Erik Moe, Nestleder	Gunther Dahler	Siri Dahl
Eva Vinje Aurdal	Svein Rune Johannessen	

Administrasjon:

Geir S. Vik, Daglig leder	Tom Anker Skrede	Anita Nøring
Oddhild Breivik	Ann Elisabeth Haram	Grethe Loe
Bente Saxon		

Observatører:

Atlanterhavsparken v/Britt Giske Andersen	Rekkedal Gjestehus v/Margrethe Rekkedal

I 2015 så ha[illegible] vi arbeidd meir politisk enn før. To store saker i[illegible]st år har vore Sunnmøre soningssenter og Politireforma. Krevande saker som det har tatt lang tid å arbeide med.

Tidleg på året så vart alle kommunane enige om at Sunnmøre soningssenter skulle leggast til Skodje kommune, og Digernes[illegible]. Denne saka vart eit tydeleg bevis på at samarbeid gir resultat. Når ein var enige om tomt, så vart det fleire møter i Oslo med sentrale politikarar som Mørebenken og møte med justiskomiteen. Begge desse partane gjorde ein særs god jobb for oss, og dette langsiktige arbeidet førte fram. Mykje arbeid står att før vi er i mål, men vi er på god vei.

Politireformsaka tok også mykje tid. Her også viste det klart kva samarbeid kan føre til. Alle kommunane på Sunnmøre stod samla i saka. Det var mange tøffe tak, mykje møteverksemnd, men arbeidet førte fram, der Sunnmøre kom seirande ut.

Det som var spesielt godt å lese i den endel[illegible]e rapporten for avgjerdsla om at Ålesund s[illegible]le få politimeisteren, var at i vårt høyringsbr[illegible] vart det enda klarare for Politidirektoratet at Å[illegible]sund skulle velgast. Då må vi, regionrådet sama[illegible] med kommunane, ha gjort noko rett.

I 2015 h[illegible] styret arbeidd mykje med den nye strategien [illegible]elskapet. På kvart styremøte har vi drøfta[illegible]enne saka, dei tilsette har vore involvert og d[illegible] har vore orientert og drøfta i representantskapet. Så vi har hatt ei brei deltaking. Det som [illegible]iste seg var at det var stor enigheit om den n[illegible]e strategien i det store og heile. Både korleis vi skal arbeide og mykje om kva saker vi skal prioritere. Noko av det som kom tydelegast fram var at vi skal arbeide meir med politiske saker for regionen og drive meir lobbyverksemd, og på den måten vere med på å fremje sunnmørske interesser.

Sunnmøre regionråd [illegible] arbeidd med fleire prosjekt so[illegible] har gått over fleire år. Det er energieffektivisering med[illegible] klima- miljøprofil. Det ser ut for at dei fleste kommunane prioriterer dette viktige prosjektet.

Samhandlingsreforma er ei anna sak der ei arbeidsgruppe er aktive med å bidra for medlemskommunane i[illegible]nnafor samhandling i helsesektoren. Dette arbeidet er det viktig at regionrådet tar for våre medlemmar.

Vidare har vi to prosjekt som går på barnehage og skule. Det eine prosjektet går på oppvekst, medan det andre går på ungdomstrinnet i utvikling. Koordineringsarbeidet innafor barnehage og skule omfattar bl.a. etter- og vidareutdanning på alle nivå. Ungdomstrinnet (UIU) er eit satsingsområde frå sentralt hald.

Kommunereforma har vore den saka som har dominert arbeidet vårt. Det har vore ei svært aktiv møteverksemnd heile året der fleire alternativ har vore drøfta. Det har vore lagt ned eit imponerande arbeid frå rådmenn, ordførarar og andre i dei ulike kommunane. Det har bl.a. vist at her er mykje god kompetanse i sunnmørskommunane. Synest det kan nemnast at regionrådet har blitt vist stor tillit i dette arbeidet og vore svært sentrale i framdrifta. Noko av arbeidet har vore to samlingar som vi kalla Arena Sunnmøre for kommunestyrerepresentantar og formannskapsrepresentantar.

Kommunereforma vert det fortsatt arbeidd med gjennom forhandlingsmøter og kvar enkelt kommune skal gjere sine vedtak før sommerferien 2016.

I haust starta vi opp i samarbeid med Høgskulen på Lillehammer eit prosjekt som vi kalla Innovasjonsskulen. Det er ei satsing på vidareutdanning av kommunale leiarar, der kommunane sjølve får velge kven som skal vere med. Dette arbeidet er godt i gang, der deltakarane allereie har hatt ein fin studietur til København.

Det er også rett å nemne at alle våre tilsette viser stort engasjement og har stor arbeidskapasitet i sin arbeidskvardag.

Det er svært engasjerande for oss tilsette at dei fleste kommunane er med på prosjekta og på den måten bidrar til at arbeidet har flyt og nytteverdi.

Samarbeid har for oss vore eit nøkkelord/begrep i lang tid. Saman kan vi leie Sunnmøre inn i framtida. Det er vår visjon. Der vi skal vere samlande, synleg og utviklingsorientert.

Sunnmøre Regionråd ønsker å vere på dei store politiske sakene. Det har vi klart i 2015, og slik skal vi arbeide i framtida.

SUNNMØRE REGIONRÅD IKS

Sunnmøre Regionråd IKS er regional utviklingsaktør og samarbeidsorgan for 19 kommunar på Sunnmøre og i Romsdal med nærare 150 000 innbyggjarar.

Medlemskommunane er:

SYKKYLVEN
ULSTEIN
VANYVLEN
VESTNES
VOLDA
ØRSTA
ØRSKOG
ÅLESUND
GISKE
HARAM
HAREID
HERØY
NORDDAL
SANDØY
SKODJE
STORDAL
STRANDA
SULA

Selskapet sitt føremål går fram av selskapsavtalen § 3:

«Sunnmøre Regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionen samla og i deltakarkommunane. Selskapet skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Selskapet skal drive med regional strategiutvikling, vere ein regional utviklingsaktør og fremje saker som utviklar regionen.

Sunnmøre Regionråd skal vektlegge offentleg partnarskap og partnarskap mellom kommunar og næringslivet, vere ein arena for samhandling på Sunnmøre med vekt på regional utvikling, nærings- og kompetanseutvikling, regionale rammevilkår og samferdsel og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv, utdanning, helse og andre regionale og statlege styringsorgan.»

Jf. vedteken strategi for perioden 2012-2015 er regionrådet sine satsingsområder effektiv samhandling for dei kommunale tenestene, regional næringsutvikling og fremming av felles interesser overfor fylke og stat.

REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet er Sunnmøre Regionråd IKS sitt høgste organ, og består av ordførarane i deltakarkommunane (jf. selskapsavtalen § 6). Etter kommunestyrevalet i 2015 vart det endring av ordførar i 14 av dei 19 deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd.

Det vart halde 4 møter i representantskapet i 2015. Til saman vart 38 saker handsama på desse møta. Kommunereforma var eit gjennomgåande tema.

Mellom andre saker som var oppe i representantskapet var nytt fengsel på Sunnmøre, Ålesund som administrativt senter for nye Møre og Romsdal politidistrikt, samt ny strategi for Sunnmøre Regionråd for perioden 2016-2019.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok på 3 av møta.

STYRET

Styret i Sunnmøre Regionråd IKS vert valt av representantskapet og består av 7 medlemmar og 4 varamedlemmar.

Det vart halde 6 styremøter i 2015. Til saman vart det handsama 45 saker på desse møta. Som på representantskapsmøta var kommunereforma også her eit gjennomgåande tema. Mellom andre saker som var handsama i styret var nytt fengsel på Sunnmøre, funksjonsfordeling mellom sjukehusa i fylket, Ålesund som administrativt senter for nye Møre og Romsdal politidistrikt, samt ny strategi for Sunnmøre Regionråd for perioden 2016-2019.

På representantskapsmøtet 20.11.2015 vart det (som ein følgje av kommunestyrevalet 2015) valt tre nye styremedlemmar og to nye varamedlemmar. Styret vart etter dette som følgjer:



STYRELEIAR
Anders Riise (ordførar i Hareid kommune)



STYREMEDLEM
Jan Ove Tryggestad (ordførar Stranda kommune)



STYREMEDLEM
Lena Landsverk Sande (ordførar i Vanylven kommune)



STYREMEDLEM
Vebjørn Krogsæter (ordførar i Haram kommune)



STYREMEDLEM
Astrid Eidsvik (rådmann i Ålesund kommune)



STYREMEDLEM
Wenche Solheim (rådmann i Ørsta kommune)



STYREMEDLEM
Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune)

VARAMEDLEM: Eva Vinje Aurdal (ordførar i Ålesund kommune), Geir Inge Lien (ordførar i Vestnes kommune), Knut Erik Engh (ordførar i Ulstein kommune), Marit Elisabeth Larssen (rådmann i Giske kommune),Einar Vik Arset (rådmann i Ulstein kommune).

Styret var fram til 19.11.2015 som følgjer:

STYRELEIAR Anders Riise
(ordførar i Hareid
kommune)
NESTLEIAR Geir Ove Vegsund
(ordførar i
Sula kommune)

STYREMEDLEM
Arild Iversen
(ordførar i Volda kommune)
Eva Kristin Fjørtoft
(varaordførar i Sandøy kommune)
Synnøve Vasstrand Synnes
(rådmann i Ørskog kommune)
Astrid Eidsvik
(rådmann i Ålesund kommune)
Wenche Solheim
(rådmann i Ørsta kommune)

VARAMEDLEM
Bjørn Inge Ruset
(ordførar i Norddal kommune)
Geir Inge Lien
(ordførar i Vestnes kommune)
Jan Berset
(ordførar i Ulstein kommune)
Marit Elisabeth Larssen
(rådmann i Giske kommune)
Einar Vik Arset
(rådmann i Ulstein kommune)

RÅDMANNSGRUPPA

Det var 4 rådmannsmøter i Sunnmøre Regionråd i 2016. Som på representantskapsmøta og styremøta var kommunereforma eit gjennomgåande tema.

Mellom andre saker som vart handsama var nytt fengsel på Sunnmøre, Ålesund som administrativt senter for nye Møre og Romsdal politidistrikt, samt ny strategi for Sunnmøre Regionråd for perioden 2016-2019.

ADMINISTRASJONEN

Sunnmøre Regionråd IKS hadde pr. 31.12.2015 8 tilsette, av desse var 2 i fast stilling og 6 på prosjekt.

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Sperre Austnes
Kommunikasjonsrågivar Ingvild Liadal
Rådgivar kommunereforma Erlend Krumsvik
Rådgivar kommunereforma Per Ivar Lied
Prosjektleiar skule- og barnehageutvikling
Nils Magne Abelseth
Prosjektleiar ungdomstrinnsatsinga
Torunn Måseide
Prosjektleiar energiøkonomisering Einar Haram



INFORMASJONSARBEID

Sidan september 2015 har det blitt arbeidd tettare og tydelegare med kommunikasjons- og informasjonsarbeidet til Sunnmøre Regionråd.

Nokre av utfordringane ein såg var at samarbeidsprosjekta måtte framhevast meir, samt at nettsida måtte oppdaterast og verte meir brukarvennleg. Betre synlegheit vart målet for arbeidet som vart sett i gong. Via sosiale medier og nettside har vi valt å fokusere på eigeprodusert stoff.

Nyheitsbrevet vart avvikla denne perioden, men vi ser no på andre løysingar for å kunne starte opp att dette arbeidet.

På Facebook og gjennom nettsida har vi framheva samarbeidsprosjekta ved regelmessig oppdatering. Dette har bidrege til at regionrådet sitt arbeid har vore godt synleg utad og i media.

Ny nettside for Sunnmøre Regionråd har det vore arbeidd aktivt med. Her vil vi takke Ålesund kommune ved kommunikasjonsrådgivar digitale medier Anette Petersen og webutviklar Vegard Aarseth, som har ytt oss god hjelp. Den nye nettsida vart lansert 22. februar 2016.

Regionrådets facebookprofil har i dag 391 likarar.

SKULE- OG BARNEHAGE (1090)

Prosjekt Skule- og barnehage utvikling har som mål å:

- Skape ein sterk kunnskapsregion på Sunnmøre i skule og barnehage.
- Sikre kvalitets og kompetanseheving og fagleg og organisatorisk utvikling i skule og barnehage.

Året 2015 i Sunnmøre Regionråd Oppvekst: Det har vore totalt 6 nettverksmøte for kommunalsjefar, konsulentar, rådgjevarar og skule- og barnehageansvarlege på nordre Sunnmøre. I forkant av møta har arbeidsutvala tatt opp saker og satt agendaen. Arbeidsutvala både for barnehage- og skulesatsing i regionen har hatt fokus på behov i kommunane på nordre Sunnmøre.

Samarbeid: Oppvekst har eit nært samarbeid med Torunn Måseide, som vart tilsett som Utviklingsrettleiar for den nasjonale satsinga Ungdomssteg i Utvikling (UiU) 21. januar-2014, med formell tilsetting frå 1.april 2014.

Vi tek begge del i arbeidsutval- og nettverkmøta i regionen. Vi samarbeider om store prosjekt, kurs, konferansar og seminar i tillegg til andre satsingar frå fylkesmann og stat.

Nils Magne Abelseth, som er tilsett som pedagogisk koordinator, har primært ansvar for det interkommunale barnehage - og skuleeigarnettverket og saker som gjeld satsingar på barnehage og barnesteget. Han har også ansvar for samarbeidet mellom skule og næringsliv.

Arbeid i det interkommunale Barnehage nettverket: Det interkommunale Barnehagenettverket har hatt fokus på bruk av IKT i språkopplæringa i barnehage.

I tillegg har det vore satsa sterkt på å skolere personell utan godkjend utdanning og med lite erfaring. Det vart starta kurs i Kompetanseheving for assistentar med liten eller ingen erfaring i regi av Fagerlia vidaregåande med støtte frå fylkesmannen i 2015. Det har vore stor interesse for kursa.

Så langt har vi gjennomført 2 kurs og det tredje skal startast opp i september 2016.
Førskulelærarutdanning: Studentane ved den desentraliserte førskulelærarutdanninga i regi av høgskulen i Volda heldt fram dette året.

Satsing på IKT i barnehagen: Det vart, i samarbeid med skule, valt ei gruppe som skal arbeide med og sjå på kva muligheiter ein har til å bruke digitale verkty i barnehage og skule. Dei fekk eit mandat frå nettverka og skal rapportere tilbake om utviklinga.

Integrering og språkopplæring: Dette har vore eit fokusområde for det interkommunale barnehagenettverket og det er gjort eit stort arbeid for å dele kunnskap og kompetanse innan dette fagfeltet.

Styrarutdanning: Vi starta eit arbeid med å få oppretta Styrarutdanning for barnehageleiarar i Ålesund. Det er stor etterspørsel og interesse for dette i kommunane i regionen. Det ser ut til at det skal bli oppstart i 2016.

Arbeid i det interkommunale skulenettverket: Ungdomssteg i Utvikling (UiU): Dette er eit område Torunn Måseide er tilsett i. Det har vore eit nært samarbeid med Oppvekst om oppstartinga av dette prosjektet. Utdanningsdirektoratet si satsing på Ungdomssteget har ein strategi som er bygd på Stortingsmelding 22 : Motivasjon, Meistring og Mulegheiter. Det er ei nasjonal satsing med støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skriving. Satsinga har 3 sentrale virkemiddel: Skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Det vart laga ein strategi for satsinga lokalt hausten 2014.

Satsinga omfattar alle ungdomsskular og kombinertskular i regionen. Satsinga har fokus på utviklingsarbeid, profesjonsutvikling og kollektive prosessar i forhold til organisasjonsutvikling. Med fokus på meir praktisk, variert og relevant undervisning er målet å få ned fråfallet i den vidaregåande skulen. Arbeidet med å forankre satsinga i kommunar og skular har hatt fokus heile året 2015.

Vurdering for læring: Dette er ei stor nasjonal satsing med fokus på vurdering som fremmer læring gjennom heile grunnskuleløpet. Dei 4 prinsippa om mål for timen, kriterier for å nå måla, konstruktiv tilbakemelding og elevinvolvering har hatt fokus i denne satsinga og arbeid i interkommunale lærande nettverk er sentralt. Erfaringsdeling har gitt mange gode innspel til vidare arbeid på kvar av skulane som har deltatt i satsinga. Fylkesmannen gav midlar til vidareføring av denne satsinga i2015. Dette prosjektet omfattar såleis alle skular i region nordre Sunnmøre. Dette er eit område som går inn i det meste ein arbeider med innan Oppvekst.

Fagdagane-2015: Fagdagane i august-2015 hadde fokus på lesing, skriving og rekning i alle fag. Alle klassar ved skulane fekk same tilbod.

Det vart arrangert 6 ulike kurs, to i kvar gruppe der det vart skilt mellom barne- og ungdomssteget. Fokus på lesing, skriving og rekning i alle fag er viktig før oppstart av UiU. Målet er kompetanse og inspirasjon ved skulestart for lærarar i regionen, i forhold til behov som er meldt av skuleeigar. Godt oppmøte på dei fleste kursa og gode tilbakemeldingar frå deltakarar og kommunar.

Skule og næringsliv, realfag: Teknologi i praksis. Sunnmøre naturfaglærarforum vart stifta 28.oktober 2014 etter initiativ frå realfagslærar ved Blindheim Ungdomsskule. Det vart også arranger eit kurs i regi av NTNU Ocean Space Explorer med deltakarar frå heile Sunnmøre. I 2015 har dette tiltaket vore vidareført med nye samlingar. Dette er eit viktig ledd i å styrke realfaga i skulen.

Samarbeidet mellom Ungt Entreprenørskap og Sunnmøre Regionråd held fram og regionrådet har arrangert kurs i både Elevbedrift og Innovasjonscamp i løpet av 2015. Dei fleste kommunane på Sunnmøre har arrangert innovasjonscampfinalar ved eigne skular i 2015. Det vart bestemt at dei skulane som gjennomfører slike finalar skal inviterast til å vere med på ein regionfinale i Ålesund i juni 2016.

Fleire kommunar i regionen bruker Ung Entreprenørskap sine program både på barnesteget og ungdomssteget for å fremme samarbeidet mellom skule og næringsliv. I 2015 har Ålesund kommune lagt ned eit stort arbeid for å få på plass Ålesundsløypa som inneber eit systematisk arbeid med Ungt Entreprenørskap sine program på ulike årstrinn for alle grunnskular.

Sunnmøre Regionråd har eit godt samarbeid med maritim næring og ulike opplæringskontor i regionen.

Vi er aktivt med i møter rundt rådgjevartenesta både lokalt og på fylkesnivå. Målet er å bidra til å gi dei unge innsikt i lokalt næringsliv og dei muligheitene som finst.

KR-prosjektet: Sunnmøre Regionråd Oppvekst har på vegne av kommunane deltatt også i 2015 som ein av fleire aktørar i arbeidet med plan for kompetanse og rekruttering i Maritim næring. Arbeidet har resultert i ein plan for opplæring for å ta vare på behovet for rekruttering og kompetanse i næringa i framtida.

Møteplasser og nettverk: I alle satsingar Sunnmøre Regionråd oppvekst organiserer er det fokus på å skape møteplasser som gir rom for samarbeid på alle nivå. Det gjeld både skule og barnehage. Erfaringsutveksling og kunnskapsbygging på tvers av kommunegrenser er viktig og nødvendig i eit godt regionalt samarbeid.



UNGDOMSTRINNSATSINGA (1230)

Ungdomssteg i Utvikling er eit nasjonalt prosjekt over 4 år, frå 2013 til 2017. Målet for satsinga er å utvikle norsk skule som ein lærande organisasjon med fokus på meir læring på alle nivå.

Det er ei nasjonal satsing med støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skriving. Satsinga omfattar alle ungdomsskular og kombinertskular på Sunnmøre og Høgskulen i Volda er skulane sitt kompetansemiljø.

Regional utviklingsrettleiar frå 01.04.2014 er Torunn Måseide. Prosjektstillinga er 100% finansiert av statlege midlar i form av lønnsmidlar til Utviklingsrettleiar i full stilling. Målet for utviklingsrettleiar er å vere pådrivar for prosjektet regionalt og hjelpe skulane til å utvikle seg gjennom Skulebasert kompetanseutvikling. Hausten 2014 vart det utarbeidd ein strategi for å gi retning til satsinga Ungdomssteg i Utvikling.

I strategien er leiaropplæring og organisasjonsutvikling sentralt i tillegg til å fullføre prosjektet Vurdering for læring. Det har vore viktig å forankre og førebu samarbeidet med Høgskulen i Volda og gjere kjent nettressursar og nasjonale grunnlagsdokument.

I løpet av 2015 har det vore 3 store konferansar der leiing av skulen som organisasjon har vore tema. Den første samlinga gjekk over 2 dagar på Union hotell i Geiranger i mars 2015. Dei 2 andre store samlingane var i Ålesund og tema var leiarskap og organisasjonsutvikling.

Det Interkommunale skuleeigarnettverket, kommunalsjefar og skulefaglege rådgivarar på kommunenivå, har vore og er sentralt i denne satsinga. Det er viktig for Utviklingsrettleiar å ha ein god dialog med dei ansvarlege i kommunane i forhold til forankring, framdrift og innhald i prosjektet. Ungdomssteg i Utvikling har vore tema på alle nettverksmøte i 2015. Utviklingsrettleiar har også besøkt alle skular og kommunar for å forankre satsinga.
Vurdering for læring er eit av dei gjennomgåande satsingsområda i Ungdomssteg i utvikling. Vurdering for læring er ei stor nasjonal satsing med fokus på å arbeide for ei vurdering som fremmer læring gjennom heile grunnskuleløpet. Dette prosjektet omfattar alle skular i region nordre Sunnmøre. Skulane er fordelt på 2 pulje, pulje 4 og pulje 5. Målet er meir læring for kvar elev.

Å gjennomføre gode interkommunale nettverksmøter er viktig i vurdering for læring. Å møtast for å dele kunnskap og erfaring i lærande nettverk er sentralt. Dette har vore eit prioritert arbeid i dette prosjektet.
Det har i alt vore 8 nettverkssamlingar i Vurdering for læring i regi av utviklingsveileder i løpet av 2015, i tillegg til 4 nasjonale samlingar for ressurspersonar i satsinga. I tillegg var det ei stor konferanse over 2 dagar i Geiranger. Denne satsinga har gitt resultat rundt på skulane i form av erfaringsdeling mellom lærarar og meir fokus på kva som gir meir læring for kvar elev.
Oppsummering: Utviklingsarbeid i skulen handlar i stor grad om å ha visjon og mål for det daglege arbeidet, der læring har fokus. Ungdomssteg i Utvikling handlar om meir læring på alle nivå, i kommune, på lærarrom og i klasserom. Dette har vore eit mål for arbeidet i 2015.

ENERGIØKONOMISERING (1130)

OPPGAVE Regionrådet består av 19 kommunar og vi bistår mange kommunar som treng hjelp med å realisere vedtaka i sine energi og klimaplaner og ellers dei krav myndighetenes politikk no fører til med tanke på reduserte utslipp av CO2 og NOx.

Forventa resultat: Reduksjon av energiforbruket med minst 25 % i forhold til forbruket i 2009 , det vil seie 28 millioner kWh. Resultat 365 mill kr i akkumulert gevinst etter 25 år ved energipris på 0,8 kr/kWh. Utskifting av 12809 HQL veilysarmaturer med LED lys armaturer vil gi en akkumulert gevinst på 112 mill kr etter 25 år. Innføring av nye drivstoff i transportsektoren vil føre til auka aktivitet i det lokale næringslivet .

STATUS UTSKIFTING AV LED ARMATURER:

GISKE	STRANDA
HARAM	SULA
NORDDAL	SYKKYLVEN
SANDØY	VANYLVEN
SANDE	VESTNES
SKODJE	ØRSKOG
STORDAL	ÅLESUND

Vi arbeider med å få på plass kontrakt for Volda kommune. Ved utgangen av 2015 var det skift ut i alt 6892 HQL armaturer med nye LED armaturer. Den totale energireduksjonen for disse armaturene er ca 6.1 mill kWh . Imidlertid har ikkje kommunane betalt for meir enn 62 % av dette. Dermed blir energireduksjonen for kommunane ca 3,1 mill kWh. Hittil har kommunane fått et akkumulert økonomisk resultat på 10,2 mill kr . Inkludert i dett er utbetaling frå ENOVA med 2,74 millionar kr.

ENERGIMERKING Vi avslutta energimerking av ca 300000 m2 kommunal bygningsmasse i løpet av mars 2015.

ENERGIKARTLEGGING Vi har og avslutta energikartleggingsprosjektet for dei kommunane som var ferdig med energimerkinga.

ENERGIKONFERANSE Etter ønske fra eierne arrangerte vi ein energikonferanse i november . Energieffektivisering – Det grøne skiftet den 4.11.16 og Hydrogen konferanse den 5.11.16.

EPC KONTRAKTER Vi arbeider for å få i stand EPC- kontrakar(energispare kontraktar) for raskast mogleg å få realisere det spareponsialet som er kartlagt ved energimerking og energikartlegging.Den einaste kommuna som har satt i gang arbeidet etter EPC malen ved utgangen av 2015 , er Volda kommune.

TILSKOT FRÅ ENOVA Prosjektleiaren utarbeider stadig nye søknadar til Enova til investeringar i prosjektet og innan utgangen av 2015 hadde ENOVA gitt tilsagn om 27,3 mill kr. Forbildeprosjekt . I 2014 har vi arbeidd mykje saman med Kåre Beite og Rolf Arne Tennø i samband med det nye omsorgssenteret som Haram kommune skal bygge på Eidet på Vatne. Dette bygget som blir eit forbildeprosjekt er ein no i fullgang med å bygge. Her har Haram kommune verkeleg satt strenge krav til energibruk , nemleg 20 kWh/m2år eks. teknisk utstyr. Dette er veldig lavt og Haram kommune har fått løyvd 3,4 millionar kr frå Enova for å kunne realisere prosjektet som kjem til å ha eit avansert energisystem som består av varmepumpe, solcellepanel og solkollektorar på taket.

Reduksjon av CO2 og 2 graders målet. Alle kommunane i Sunnmøre Regionråd arbeider aktivt for å redusere CO2 utslippet gjennom å realisere vedtaka i Energi og klimaplanane. Dei er difor med på å gjære sitt til at verda kan nå to graders målet i 2020. Spesielt innan transportsektoren er der eit stort potensiale.

Hydrogen. Vi deltok på energimesse i Hannover i Tyskland i april og fekk der innblikk i potensialet for bruk av hydrogen i samferdselssektoren og som energilager for strøm produsert ved hjelp av fornybar energi (vindmøller, solcellepanel, småkraftverk). Som fylgje av dette arrangerte vi ein konferanse om hydrogen på Devoldfabrikken i Sula i november. Dette vart startskotet til ein opplysningskampanje (vi skal drive med haldningsskapande arbeid) som har resultert til at det skal arrangerast ein hydrogenkonferanse i Geiranger i mars 2016. For fyrste gang i historien køyrde ein bil basert på hydrogen som drivstoff, frå Langevåg til Gardermoen utan å fylle på veien .

GrÜndercamp Skodje. Vi deltok med ei oppgåve basert på å lage ei lokal togbane i Skodje / Valle som brukte hydrogen som drivstoff som ble produsert lokalt på ein fyllestasjon på Digernesskiftet. Elevane som hadde denne oppgåven gjorde ein kjempejobb og vant.

Økonomsk gevinst for energieffektiviseringsprosjektet: Med dei tiltaka vi har vore engasjert i og der ein har satt i gong energioppfølgingssystem sparer kommunane no pr år om lag 5,6 millionar kWh.



SAMHANDLINGSREFORMA (1160)

I samhandlingsgruppa møtast kommunalsjefar/einingsleiarar frå 18 kommunar. Gruppa vart etablert i 2011 i samband med samhandlingsreforma. Det var 5 møter i samhandlingsgruppa i regionrådet i 2015. 33 saker vart handsama.

Ei viktig oppgåve for gruppa er ivaretaking av kommunane sine interesser i samhandlinga med Helse Møre og Romsdal. Ved å samle den fremste helsefaglege og helseadministrative kompetansen som finst i kommunane i same gruppe, vert kommunane saman sterke.



Samhandlingsgruppa er operativ, og lager uttaler om viktige saker, initierer og deltek i prosjekt- og utgreiingsarbeid, og peikar ut representantar til partssamansette utval. Andre ressurspersonar i kommunane (fagspesialistar) vert trekt med etter behov.

Blant tema har vore handsama er revisjon av samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal (HMR) og kommunane, oppfølging av felles kompetanse og rekrutteringsplan mellom HMR og kommunane, drøfting av samhandlingsstrategien mellom HMR og kommunane og samarbeid om velferdsteknologiske løysingar (ALV-Møre og Romsdal)

KOMMUNEREFORM



I januar 2014 vedtok styret og representanskapet av regionrådet skulle ha ei offensiv rolle i arbeidet med kommunereforma. Arbeidet i 2015 har vore konsentrert om satsinga innanfor tre hovudområde; kunnskapsformidling, kunnskapsproduksjon og møteplassar/prosessarbeid.

Arbeidet har blitt godt forankra i alle eigarkommunane til Sunnmøre Regionråd gjennom fleire kommunereformprosjekt. Dei prosjekta som har knytt til seg koordinatorarbeid frå regionrådet er som fylgjer:

REGIONKOMMUNE SUNNMØRE

Ålesund, Sula, Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven, Hareid og Ulstein kommune. Vestnes vart også invitert med inn i arbeidet, men takka nei til dette. Initiativet til dette arbeidet vart gjort av Ålesund og Haram kommuner. Totalt 13 kommuner var tilknytt dette arbeidet gjennom året.

NY LANDKOMMUNE

Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog, Vestnes, Stordal og Norddal kommuner var med innleiingsvis inn i arbeidet, men Haram og Sandøy kommuner gjekk ut av prosjektet rett før sluttrapporten var klar.

Prosjektet starta med 7 kommunar, og vart vidareført med 5 mot slutten av året. Initiativet til dette kommunereformprosjektet vart gjort av Skodje og Ørskog kommuner.

INDRE STORFJORD

Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven kommuner. Det vart gjennomført ein workshop på Sæbø for desse kommunane. Initiativet for dette kom frå Sykkylven kommune.

YTRE SØRE SUNNMØRE

Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommuner. Dette prosjektet starta opp i desember 2015, og det vart gjennomført ein workshop etter mal frå arbeidet med Indre Storfjord. Prosjektet kom til etter initiativ frå Vanylven, Sande, Ulstein og Hareid kommuner.

VOLDA OG ØRSTA

Desse to kommunene var tidleg ute med prosessarbeidet knytt til kommunereforma, etter felles initiativ. Sunnmøre Regionråd kom med i arbeidet i etterkant av kommunevalet.
Arbeidet ut over kommunereformprosjekta har vore gjennomført som lokale utgreiingsaktivitetar i enkeltkommuner, deltaking på folkemøter og foredrag for kommunestyre og formannskap

Det har blitt gjennomført to studieturar til Danmark, for å hauste erfaringar frå kommunereforma der. Den fyrste studieturen markerte oppstarten for dei større kommunereformprosjekta, og erfaringane i etterkant har gitt gode ringvirkningar inn i utgreiingsarbeidet. Den andre studieturen kom til ad hoc i etterkant av kommunevalet. Då 14 av 19 kommunar skifta politisk toppleiing vart det stilt spørsmål med grunnlaget for kompetanseoverføring i kommunereformarbeidet. Denne studieturen hadde tilsvarande same effekt som den fyrste, og dei nye deltakarane i kommunereformarbeidet viste stor evne til å ta til deg relevant kunnskap i reformarbeidet.

Det har også blitt gjennomført to Arena Sunnmøre i 2015, der tema har vore kommunereforma. Det har vore henta inn fleire eksterne foredragshaldarar, både frå forskingsmiljø og departement, som har satt fokus på relevante tema i arbeidet med kommunereforma. Det kan særlig nemnast at kunnskapsformidlinga i dette fora har satt arbeidet rundt demokrati meir på dagsorden, der forskar Gro Sandkjær Hansen i NIBR har stått sentralt.


Ein repetisjon på innbyggarundersøkinga frå 2014 vart gjennomført hausten 2015. Hensikta var å sjå på utviklinga i holdninga til kommunereforma blant innbyggarane på Sunnmøre. Undersøkinga vart igjen gjennomført av Sentio Research Norge AS etter at dei gav det beste anbodet på prosjektet.

Innbyggarperspektivet har vore ein viktig bidragsytar i det politiske arbeidet med kommunereforma, og det har ofte blitt referert til denne kunnskapen.

Fylkesmannen har bevilga midlar til arbeidet med kommunereforma i Sunnmøre Regionråd, og det har gjennom året våre to heiltidstilsette som har jobba med arbeidet.

Anne Mette Liavaag, fram til november 2015.
Erlend Krumsvik, frå mars 2015
Per Ivar Lied, frå november 2015

Arbeidet med kommunereforma på Sunnmøre har skilt seg ut frå anna utgreiingsarbeid på nasjonalt plan. Sunnmøringane har tatt skeia i eiga hand, og gjort denne jobben sjølve. Dette har medført ein omfattande og relativt langvarig prosessarbeid, der ein har både generert kunnskap – men ikkje minst klart å skape felles forståing for utfordringane i kommunereforma. Tida som sentrale politikarar har nytta i lag har skapt eit felles utgangspunkt som ingen andre nasjonale prosjekt er i nærleiken av. Den interkommunale kompetansen har på kort tid blitt veldig god, og ved utgangen av 2015 har kommunereformprosessen i regi av Sunnmøre Regionråd gjort politikarane kompetente til å gå inn i forhandlingar om kommunereforma.



INNOVASJON

Sunnmøre regionråd har i samarbeid med Høyskolen i Lillehammer (HiL) eit skreddersydd studium for kommunane på Sunnmøre, basert på "Nasjonal Innovasjonsskole for kommunesektoren".

Studiet skal gi deltakarane kunnskap og ferdigheiter i korleis ein kan planlegge og gjennomføre eit innovasjonsprosjekt.

DELTAKARKOMMUNAR

ÅLESUND
SANDØY
ULSTEIN
VOLDA
SKODJE
HARAM
NORDDAL
ØRSTA
SULA

InnoKom Sunnmøre har fire fasar. I 2015 startet gjennomføringsfasen og studiestart.

GEIRANGER 15. - 17.09

45 studentar hadde første samling ved professor Rolf Rønning frå Høgskulen i Lillehammer og Susanne Ouff frå Høgskulen i Volda. Gjesteforelesarar var professor Eva Sørensen frå Universitetet i Roskilde og Lisbeth Iversen frå samarbeidsprosjektet Med hjerte for Arendal. Vidare viste EMobility frå Geiranger og Juvet Landskapshotell sine nyskapninger.

Alle gruppene presenterte sine case, som dei har fått mandat frå kommunane til å innovere. gjennomgått og tilbakemeldinger ble gitt. Casene jobbes med under hele studiet. Arbeidskrav utenom ble også gitt.

ÅLESUND 03. - 04.11

Andre samling var på Quality Hotell Waterfront hvor vi hadde Rønning og Ouff som holdt det faglige. Hilde Sætertrø fra NHO var gjesteforeleser om "Innovative anskaffelser", samt vi hadde besøk av Stokke og Momentium fra næring. og kulturlivet i Ålesund.

Arbeidskrav og case ble gjennomgått i en kreativ øvelse.

FOSNAVÅG 08.- 09.12

Tredje samling ble holdt på Thon Hotell Fosnavåg, med gjesteforelesere fra HiVolda, "Digital historiefortelling og visuell formidlig", av Ivar John Erdal og et innblikk i tjenesteinnovasjon av Per Skålén.

Arbeidskrav fra forrige samling ble gjennomgått. Deltakerne fikk i kreativ oppgave (nytt arbeidskrav) å reise ut til eldre som mottok hjemmetjeneste eller var på eldrebolig, dette for å bli kjent med arbeidet kommunen gjør og hva evt som kan etterarbeides for å møte de spesifikke behovene.

MISSION POSSIBLE

OPPDRAG Utvikle ei arbeidsform som styrker samhandlingskapabilitet på tvers av fag, nivå, organisasjonar og sektorar for å sikre tidleg, rett og koordinert hjelp til barn i risiko

AKTØRAR Kommunane på Sunnmøre, Sunnmøre regionråd, Helse Møre og Romsdal, Bufetat, Politiet

ORGANISASJONSFORM Nettverksorganisert – frå prosjekt til fast drift i 2015

FINANSIERING
Starten av 2015 var prega av at prosjektet ikkje hadde midlar til drift, men styringsnettverket vedtok likevel å halde fram drifta i påvente av svar frå kommunane om vidare deltaking. 17 kommunar ville vere med vidare, under føresetnad av overgang frå prosjekt til drift. Grunnfinansieringa er kr. 4,- pr innbyggar i kommunene som går til prosjektleiing (2 x 20% stilling). I tillegg søkjer ein støtte/ tilskot / ressursar via dei andre aktørane i Mission Possible: Bufetat, Helse Møre og Romsdal og Politiet – til fagdagar og andre kompetansehevande tiltak.

FAGDAG 2015
Tema for Geiranger-konferansen med 120 deltakarar i april 2015 var «Organisatorisk forpliktande samhandlingsmodell psykisk helse barn og unge», og deltema var bl.a : Heilskapleg innsats ift risikobarn/risikogrupper, Presentasjon av sjekklister helse, omsorg, læring, Systematisk arbeid med forebygging og tidleg intervensjon ift psykisk helse, Årsaker til fråfall i skulen og gode grep ift forebygging, Frå magefølelse til handling – systematisk og forpliktande samarbeid i initialfasen av ei straffesak for å avdekke vald og overgrep mot barn.

Som vanleg på fagdagane var engasjementet stort både i plenum og gruppearbeid.

Vel 200 deltakarar frå kommunane på Sunnmøre, Helseforetaket, Bufetat og Politiet var samla i 2 dagar Loen i november for å heve kompetansen innan traumebevisst omsorg. Samlinga var hovudsakleg finansiert av Bufetat, som også stilte med forelesarar.

For første gong i Mission Possible si historie fekk ikkje alle som ønska å vere med plass, og det vart oppretta venteliste. Forelesningane tok utgangspunkt i kursopplegget Handlekraft som er utvikla av Bufetat, og tilbakemeldingane i etterkant er særs gode mht både nytte og relevans. Traumeomsorg ser ut til å bli eit nytt delprosjekt i Mission Possible, og intensjonsavtalar om fagdagar i 2016 er inngått med forelesarar som er anerkjente både i Norge og internasjonalt

DELPROSJEKT
Arbeidet med utvikling av sjekklister ift Rutine for heilskapleg ivaretaking av fosterbarn inklusive nye rutiner for tilsyn har pågått heile året. I tillegg til barnevernledernettverket har arbeidsgruppa bestått av tilsette frå skule, ppt, barnehage, helse, og Bufetat. Dei nye rutinene ble introdusert på fagdagane i Loen, og det er planlagt eigen fagdag for oppstart implementering 14.04.2016.

Delprosjektgruppa la fram sitt forslag til Rutine ved mistanke om vald og overgrep på Geirangerkonferansen. Rutinen er no ferdig fram til avhør på barnehuset, og etter litt meir jobbing med lay-out blir den distribuert til kommunane via kontaktpersonane for implementering vår 2016.

Arbeidet blir deretter følgt opp med nytt delprosjekt som tek for seg utfordringane etter avhør i barnehuset, etter ønske frå fleire av aktørane.implementering vår 2016.

Det har også i 2015 vore arbeidd med Rutine for sikring av informasjon til tilsette om teieplikt vs opplysningsplikt, og den er også klar for

Pilotprosjektet Organisatorisk forpliktande samhandlingsmodell psykisk helse barn og unge har hatt fleire samlingar med stor deltaking både frå Haram kommune og helseforetaket. I tillegg har andre kommunar bidratt med innspel undervegs. Piloten er forventa sluttført første halvår 2016, og det blir planlagt eigen fagdag på modellen for heile Mission Possible haust 2016.

STYRING OG PROSESSAR

Styringsnettverket i Mission Possible gjekk i august inn for at det skulle opprettast nettverk av kontaktpersonar frå kommunane som kan betre kommunikasjon / medverknad/ forankring inn mot kvar kommune, og rådmennene følgte opp med å utnemne desse kontaktpersonane. Første møte med kontaktpersonar og referansenettverk vart avvikla i oktober 2015, og møtefrekvens framover blir ca kvar 6.veke. Ein har stor tru på at dette tiltaket skal lette implementering og gi yttarlegare positiv effekt av Mission Possible.

BESØK HOS AKTØRANE

Besøk hos aktørane i Mission Possible er ei prioritert oppgåve for prosjektleiarane, og i 2015 vart det gjennomført halvdagsmøter med 6 av aktørane i Mission Possible i 2015. Denne aktiviteten vil halde fram i 2016. Aktørane gir uttrykk for at Mission Possible har stor nyttever-di og at besøka frå prosjektleiinga er viktige. Det har undervegs i møta blitt fremma fleire problemstillingar som dei ser for seg burde vore løfta fram til løysing på tvers av fag, nivå og organisasjonar gjennom delprosjekt i Mission Possible, og fleire aktørar tek opp same utfordringane – noko som kan indikere at det er behov for å sjå på problemstillinga med ulike fagblikk og frå ulike organisasjonar / nivå.

AVSLUTNING

Sunnmøre Regionråd hadde i 2015 3 fast tilsette (2 f.o.m oktober 2015). I tillegg var det i alt 6 tilsette på tidsavgrensa prosjekt. Blant dei tilsette var det 6 menn og 3 kvinner. I styret var det 4 kvinner og 3 menn.

Selskapet driv ikkje med produksjon eller anna verksemd som forureinar det ytre miljøet.
Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråveret er tilnærma lik null.

I årsrekneskapen er føresetnaden om fortsatt drift av Sunnmøre Regionråd lagt til grunn, då det etter styret si oppfatning ikkje er forhold som tilseier noko anna.

Ålesund 8. april 2016

Anders Riise
Styreleiar

Vebjørn Krogsæter
Nestleiar

Lena Landsverk Sande
Styremedlem

Astrid Eidsvik
Styremedlem


Jan Ove Tryggestad
Styremedlem


Synnøve Vasstrand Synnes
Styremedlem


Wenche Solheim
Styremedlem











RESULTATREGNSKAP 2015

	2015	2014
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER		
Driftsinntekter		
Tilskudd kommuner (note 1)	5 827 641,00	4 909 101,00
Eksterne tilskudd (note 1)	4 500 945,00	2 385 728,00
Refusjon sykelønn/permisjon	-	0,00
Bruk av fond (note 4)	1 799 010,10	-85 685,62
Sum driftsinntekter	12 127 596,10	7 209 143,38
Driftskostnader		
Lønninger, folketrygd, pensjon (note 2)	6 005 891,69	4 489 643,95
Andre kostnader (note 3)	6 116 610,51	2 638 642,13
Sum driftskostnader	12 122 502,20	7 128 286,08
Driftsresultat	5 093,90	80 857,30
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Renteinntekter	107 263,07	99 585,00
Årsresultat	112 356,97	180 442,30

BALANSE PR. 31.12.15

	2015	2014
EIENDELER		
Anleggsmidler		
Egenkapitaltilskudd KLP	93 744,00	79 488,00
Omløpsmidler		
Fordringer:		
Merverdiavgift	508 903,00	668 610,46
Andre kortsiktige fordringer	350 000,00	1 015 000,00
Kundefordringer (note 5)	144 725,00	1 249 555,00
Sum fordringer	1 003 628,00	2 933 165,46
Bankinnskudd, kontanter og lignende:		
Bank (note 6)	1 900 633,48	1 214 266,62
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende	1 900 633,48	1 214 266,62
SUM EIENDELER	**2 998 005,48**	**4 226 920,08**
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital		
Opptjent egenkapital	1 561 833,62	1 381 391,32
Årets overskudd	112 356,97	180 442,30
Sum egenkapital	1 674 190,59	1 561 833,62
Bundne midler (note 4):	33 866,41	1 832 876,51
Kortsiktig gjeld:		
Offentlige avgifter	500 155,47	352 047,40
Annen kortsiktig gjeld (note 7)	789 793,01	480 162,55
Sum kortsiktig gjeld	1 289 948,48	832 209,95
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	**2 998 005,48**	**4 226 920,08**

NOTER TIL REGNSKAPET

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk.

Klassifisering og vurdering av balanseposter.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som foraller til betaling innen et år.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet

Note 1 - Driftsinntekter	**2015**	**2014**
Giske Kommune	395 865,00	311 539,00
Haram Kommune	443 099,00	517 896,00
Skodje Kommune	360 713,00	154 265,00
Sula Kommune	373 444,00	328 948,00
Ørskog Kommune	140 959,00	135 121,00
Ålesund Kommune	1 456 099,00	1 410 983,00
Vestnes Kommune	226 270,00	205 786,00
Sandøy Kommune	174 999,00	113 976,00
Stordal Kommune	88 404,00	106 755,00
Norddal Kommune	142 846,00	111 147,00
Stranda Kommune	218 247,00	203 740,00
Sykkylven Kommune	406 123,00	238 967,00
Vanylven Kommune	90 000,00	89 204,00
Herøy Kommune	193 936,00	167 589,00
Sande Kommune	79 825,00	95 038,00
Ulstein Kommune	310 758,00	165 148,00
Hareid Kommune	108 740,00	90 327,00
Volda Kommune	253 408,00	160 317,00
Ørsta Kommune	270 856,00	178 238,00
Andre inntekter	93 050,00	124 117,00
	5 827 641,00	4 909 101,00

Eksterne tilskudd kr. 4 500 945,- er ført på prosjektene.
Pengene er mottatt fra Fylkesmannen

Note 2 - Lønnskostnader	2015	2014
Lønn	4 850 533,53	3 528 595,13
Pensjonsutgifter, gruppeliv og yrkesskade	330 397,00	369 832,00
Arbeidsgiveravgift	745 056,16	550 206,82
Møtegodtgjørelse/honorar	74 966,00	40 000,00
Gaver til ansatte/annen personalkostnad	4 939,00	1 010,00
	6 005 891,69	4 489 643,95

Lønn til daglig leder utgjorde i 2015 kr 746 613,- og arbeidsgivers andel av pensjonspremien kr 47 167,-.

I revisjonshonorar er det betalt kr 18 000,- ekskl. mva. Honoraret gjelder fullt og helt revisjon.

Selskapet hadde 2 fast ansatte i 2015 under generell drift, i tillegg til 6 prosjektmedarbeidere.

Note 3 - Andre kostnader	2015	2014
Aviser, tidsskrifter	24 343,56	51 374,78
Reklame, annonse, trykksaker	38 977,75	30 916,90
Rekvisita, inventar, utyr	87 282,67	91 955,88
IT programvare/drift	62 271,99	17 435,59
Telefonutgifter, datakommunikasjon, porto	158 588,31	75 864,10
Reiseutgifter	603 651,53	265 286,40
Kontingenter	29 858,00	28 533,00
Andre kostnader	12 442,00	341 098,37
Kurs/Konferanse, bevertning	3 476 590,56	994 614,19
Regnskaps- og revisjonshonorar	64 250,00	55 000,00
Konsulenttjenester	1 167 026,82	313 262,71
Husleie	363 369,41	341 780,40
Gebyr/omkostninger	1 889,12	697,60
Leie maskiner, inventar etc	18 468,79	6 279,21
Forsikring	-	9 943,00
Tap på fordringer	7 600,00	14 600,00
	6 116 610,51	2 638 642,13

Note 4 - Prosjektmidler pr. 31.12.15	2015	2014
Prosjekt Pedagogisk koordinator (1090)	469 969,23	777 150,21
Prosjekt Energiøkonomisering (1130)	75 895,70	165 124,05
Prosjekt Samhandlingsreforma (1160)	94 268,08	123 087,29
Samfunnsutvikling (1170)	-707 438,19	213 217,65
Ungdomtrinnsatsing (1230)	159 538,52	554 297,31
Mission Possible (1240)	-58 366,93	
Sum bundne midler:	33 866,41	1 832 876,51

Note 5 - Kundefordringer	2015	2014
Diverse kortsiktige fordringer	144 725,00	1 249 555,00
	144 725,00	1 249 555,00

Note 6 - Bankinnskudd

I posten bankinnskudd er det inkludert bundne skattetrekksmidler med kr. 297 266,13

Note 7 - Kortsiktig gjeld

Annen kortsiktig gjeld består av avsatt ferielønn og leverandørgjeld.

	Regnskap 2015
Prosjekt: 1000 GENERELL DRIFT	
5000 Lønn	1.392.776,17
5090 Feriepenger	177.759,07
5210 Fri telefon, skattepliktig	10.164,82
5250 Personalforsikring ikke sk/aga	1.161,00
5252 Yrkesskadeforsikring skattepliktig	270,00
5254 Gruppelivsforsikring skattepliktig	1.716,28
5320 Personalforsikring gruppeliv	4.686,85
5400 Arbeidsgiveravgift	212.869,52
5405 Arbeidsgiveravg av påløpne feriep	25.064,66
5421 Pensjonskostnad arbeidsgiverandel	104.786,14
5920 Yrkesskade- ulykkesforsikring	763,66
6300 Leie lokaler	85.740,15
6310 Felleskostnader	10.399,03
6390 Andre kostnader lokaler	2.260,34
6400 Leie maskiner, inventar etc.	5.700,47
6500 Rekvisita, inventar, utstyr	13.818,88
6510 IT programvare	6.333,33
6530 Kontormaskiner	1.999,20
6600 Reparasjon og vedlikehold	130,40
6701 Revisjonshonorar	6.000,00
6705 Regnskapshonorar	5.781,25
6710 IT drift honorar	4.650,00
6720 Konsulenthonorar	28.941,97
6800 Kontorrekvisita	3.050,50
6820 Trykksaker	4.200,00
6840 Aviser, tidsskrifter	8.548,31
6860 Møte, servering, kurs	236.511,42
6890 Andre kontorkostnader	4.013,66
6900 Telefon, datakommunikasjon	36.300,16
6940 Porto	581,20
7100 Bilgodtgjørelse oppg.pl.	23.142,57
7130 Reisekostnad oppgavepliktig	4.544,00
7140 Reisekostnad ikke oppgavepliktig	63.209,37
7300 Reklame, annonse	11.117,75
7400 Kontigenter	8.770,95
7710 Styremøter, rep skap	14.056,00
7770 Bank- og kortgebyr	1.399,96
7798 Øreavrunding	-0,84
8154 Annen rentekostnad	419,90
Sum utgifter	**2.523.638,10**
3900 Annen driftsinntekt	-2.515.000,00
5290 Motkonto for gruppe 52	-13.312,10
8051 Renteinntekter bankinnskudd	-107.682,97
Sum inntekter	**-2.635.995,07**
Sum prosjekt: 1000 GENERELL DRIFT	**-112.356,97**
Prosjekt: 1090 SKOLE- OG BARNEHAGEUTVIKLING	
5000 Lønn	560.940,78
5090 Feriepenger	80.214,52
5210 Fri telefon, skattepliktig	4.392,00
5250 Personalforsikring ikke sk/aga	473,00
5252 Yrkesskadeforsikring skattepliktig	110,00
5254 Gruppelivsforsikring skattepliktig	744,00

	Regnskap 2015
5300 Honorar, utbetalt	15.000,00
5320 Personalforsikring gruppeliv	1.472,43
5400 Arbeidsgiveravgift	88.482,71
5405 Arbeidsgiveravg av påløpne feriep	11.310,22
5421 Pensjonskostnad arbeidsgiverandel	46.350,31
5920 Yrkesskade- ulykkesforsikring	381,83
6300 Leie lokaler	54.191,87
6310 Felleskostnader	7.640,41
6390 Andre kostnader lokaler	1.130,16
6400 Leie maskiner, inventar etc.	3.060,87
6500 Rekvisita, inventar, utstyr	5.500,68
6510 IT programvare	14.616,16
6530 Kontormaskiner	279,20
6701 Revisjonshonorar	3.000,00
6705 Regnskapshonorar	5.781,25
6720 Konsulenthonorar	57.914,58
6800 Kontorrekvisita	829,40
6840 Aviser, tidsskrifter	2.592,54
6860 Møte, servering, kurs	117.547,24
6890 Andre kontorkostnader	1.756,83
6900 Telefon, datakommunikasjon	13.335,66
7100 Bilgodtgjørelse oppg.pl.	7.121,70
7130 Reisekostnad oppgavepliktig	2.118,00
7140 Reisekostnad ikke oppgavepliktig	18.425,16
7400 Kontigenter	4.385,47
Sum utgifter	**1.131.098,98**
3400 Bruk av fond	-777.150,21
3500 Andre inntekter/refusjoner	-150.000,00
3900 Annen driftsinntekt	-668.199,00
5290 Motkonto for gruppe 52	-5.719,00
Sum inntekter	**-1.601.068,21**
Sum prosjekt: 1090 SKOLE- OG BARNEHAGEUTVIKLING	**-469.969,23**
Prosjekt: 1130 ENERGIØKONOMISERING	
5000 Lønn	577.750,00
5090 Feriepenger	82.618,24
5210 Fri telefon, skattepliktig	4.392,00
5250 Personalforsikring ikke sk/aga	516,00
5252 Yrkesskadeforsikring skattepliktig	120,00
5254 Gruppelivsforsikring skattepliktig	744,00
5320 Personalforsikring gruppeliv	1.472,43
5400 Arbeidsgiveravgift	88.068,57
5405 Arbeidsgiveravg av påløpne feriep	11.649,13
5421 Pensjonskostnad arbeidsgiverandel	41.594,21
5920 Yrkesskade- ulykkesforsikring	381,83
6300 Leie lokaler	48.129,63
6310 Felleskostnader	5.199,41
6390 Andre kostnader lokaler	1.130,16
